

# Frasar til besvær?

Studiar av norm og bruk i norsk fraseologi

---

Margunn Rauset

Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)  
Universitetet i Bergen  
2022

UNIVERSITETET I BERGEN



# Frasar til besvær?

Studiar av norm og bruk i norsk fraseologi

Margunn Rauset



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)  
ved Universitetet i Bergen

Disputasdato: 29.04.2022

© Copyright Margunn Rauset

Materialet i denne publikasjonen er omfattet av åndsverkslovens bestemmelser.

År: 2022

Tittel: Frasar til besvær?

Navn: Margunn Rauset

Trykk: Skipnes Kommunikasjon / Universitetet i Bergen

# **Frasar til besvær?**

**Studiar av norm og bruk i norsk fraseologi**

**av**

**Margunn Rauset**



Foto: Silje Drevdal

---

## Forord

Denne avhandlinga er skriven ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) ved Universitetet i Bergen, som har lagt til rette for at åra som stipendiat blei svært lærerike og fine. Rettleiarane mine valde eg frå øvste hylle, og Torodd Kinn (Universitetet i Bergen) og Lars S. Vikør (Universitetet i Oslo) har vore til uvurderleg hjelp. Takk for gode samtalar, alle gjennomlesingane, kloke innspel, mang ein latter, tilbakemeldingar i alle sjatteringar – og å ha trua når det butta imot.

Avhandlinga som her ligg føre, er ein revisjon av ein tidlegare versjon. Takk til komiteen som vurderte første versjon av manus, innlevert 17. april 2018, for tilbakemelding med nyttige innspel 18. juli 2018. Omarbeidinga har eg gjort ved sida av å vere prosjektleiar for Revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (jf. Revisjonsprosjektet 2020), og ei særleg takk går til kollegaane mine der for all støtte og humørfylte debattar. Etter at den store innhaldsrevisjonen av standardordbøkene starta hausten 2018, har somme frasar omtala i denne avhandlinga fått reviderte oppføringar i desse ordbøkene. For at det ikkje skal bli for vilkårleg kva for fraseoppføringar som er endra og ikkje, har eg valt å la fraseføringane i alle dei undersøkte ordbøkene stå som dei gjorde då eg skreiv den første versjonen i perioden 2013–2018.

Det var redaktørane i den nordiske nettordboka *Islex* som vekte interessa mi for fagfeltet leksikografi spesielt og fraseologi spesielt. Sidan eg først takka ja til eit halvårsvikariat i redaksjonen for den islandsk–norske delen ved UiB hausten 2007, har eg utarbeidd, forska på og skrive om ordbøker. Samtalane med kollegaane mine og andre flinke fagfolk har vore ein avgjerande inspirasjon for å gå vidare med å undersøkje forholdet mellom det som finst av normer og den autentiske bruken av faste frasar i norsk.

Ved LLE har eg vore knytt til forskargruppa i nordisk språkvitskap, der støttande kollegaer er rause med gode spørsmål og nyttige tilbakemeldingar. Blant mange gode folk har Edit Bugge, Karoline Haugsvær, Eldar Heide, Helene Hildremyr, Gyri S. Losnegaard, Gunn Inger Lyse, Marte Nordanger, Torjus Midtgarden, Else Berit Molde, Johan Myking, Randi Neteland, Helge Sandøy, Jens Eike Schnall og Ivar Utne

---

vore til hjelp i skriveprosessen og med høgttenking, litteraturtips, humørspreiing og ymse anna.

Takk også for at eg har fått leggje fram prosjektet mitt på fredagsseminaret til lingvistane ved LLE, og seminara eg fekk delta på i regi av INESS-prosjektet og NAOB-redaksjonen, var svært nyttige. Tidleg i perioden var det dessutan av verdi å vere med i ei lesegruppe i metafor-teori med deltakarar frå UiB og NHH. Takk òg til alle som har peika på relevant litteratur, stilt spørsmål og gjeve gode råd på MONS, kognitive sommar-seminar, dei nordiske konferansane for leksikografi og EURALEX. Forskarskulen i lingvistik og filologi, LingPhil, har arrangert sommarskular og kurs eg har vore med på, og den lokale forskarskulen, m.a. under leiing av Victoria Rosén, har vore ein viktig sosial og fagleg møteplass. Takk òg til nynorsknettverket i UH-Nett Vest, som arrangerte eit seminar i samband med utgjevinga av *Nye røyster i nynorskforskninga* (Eiksund og Fretland 2015). Dei konstruktive diskusjonane og fagfelle-vurderinga av ein artikkel eg fekk publisert i boka, kom på eit godt tidspunkt.

Ei stor takk går til tidlegare og noverande sekretær for Språkrådets fagråd for normering og språko-bserverasjon, Marit Hovdenak og Sturla Berg-Olsen for å kome med oppklarande innspel om den operative normeringa. Då synet mitt i visse språk-politiske spørsmål kan ha blitt påverka av det, bør det nemnast at eg sjølv har vore medlem av dette fagrådet sidan 2017. Marit språkvaska dessutan første versjon av avhandlinga, og eg er svært takknemleg for den store innsatsen ho la ned i det! Gjenståande og nye feil tek eg på mi kappe. Min gode ordlistekollega Aud Søyland skal ha takk for hjelp med store og små spørsmål, og ikkje minst for å sende meg autentiske døme på problematiske frasar.

Kari Grødum og resten av staben har i fleire rundar sytt for upåklagelege skriveforhold på Metochi, og takk til Samlaget for skriveopphald på Sambu i Roma. Men aller viktigast er det å ha ein stødig familie i ryggen, og den største takka går til Örn for å ha teke på seg oppgåva med å vere generell brukarstøtte i livet mitt – det set eg grenselaust pris på.

## Abstract

The dissertation deals with set phrases in the two written standards of Norwegian, viz. Bokmål and Nynorsk. Phraseology has not been a field of extensive research in Norwegian linguistics, and the present work deals with some of the fundamental aspects regarding norm, represented by dictionaries, and observable language use in the two varieties. The first half of the dissertation aims at establishing a background for the interpretation and explanation of phraseological differences in two written varieties of the same language.

The second part of the dissertation consists of two empirical studies. The first study has a broad perspective and aims to survey variation in the form of 54 phrases. Their treatment in four Norwegian dictionaries is compared to their use as documented in corpora of written Bokmål and Nynorsk. Due to the quite unique linguistic situation with two written varieties, both exhibiting considerable internal orthographical and morphological variation, phraseological variation in lexicon, orthography, morphology and syntax is widespread. Besides, one can observe a growing acceptance among many Norwegian language users, especially of Nynorsk, to exploit elements from their local dialects in their written texts – leading to even more phraseological variation.

The second empirical work is an in-depth study of variation, creative modification and divergent use of *kaste barnet ut med badevatnet* ('throw out the baby with the bathwater'). The study is based on 460 unique examples in Bokmål and 373 examples in Nynorsk excerpted from 10 different text corpora and other digital text collections. The phrase is open to substitution of almost all of its components and allows most kinds of syntactic transformatio without losing its meaning. The differences between Bokmål and Nynorsk in how the phrase is used have decreased through time, but the use of creative modification has increased in both varieties.

---

# Innhold

<b>FORORD .....</b>	<b>IV</b>
<b>ABSTRACT.....</b>	<b>VI</b>
<b>INNHALD.....</b>	<b>VII</b>
<b>LISTE OVER FIGURAR.....</b>	<b>XIII</b>
<b>LISTE OVER TABELLAR .....</b>	<b>XV</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>1</b>
1.1 HYPOTESE, PROBLEMSTILLINGAR, MÅL OG AVGRENSINGAR.....	1
1.2 KONTRASTIV UNDERSØKING AV FRASAR I TO SPRÅK ELLER JAMFØRING AV FRASEINVENTARET I TO MÅLFORMER? .....	5
1.3 BAKGRUNN .....	7
1.4 INVOLVERTE FAGFELT.....	11
1.4.1 Leksikografi.....	12
1.4.2 Fraseologi .....	16
1.4.3 Fraseografi.....	17
1.5 TEORETISK RAMMEVERK.....	19
1.5.1 Kognitiv lingvistikk og metafor-teori.....	19
1.5.2 Andre teoretiske tilnærmingar.....	25
1.6 GANGEN I AVHANDLINGA.....	27
<b>2. FRASEOLOGISK FORSKING .....</b>	<b>29</b>
2.1 TIDLEGARE STUDIAR AV NORSK OG NORDISK FRASEOLOGI .....	30
2.1.1 Norske einspråklege og kontrastive undersøkingar .....	30
2.1.2 Andre nordiske einspråklege og kontrastive undersøkingar .....	34
2.2 DEFINISJONAR OG AVKLARINGAR SOM GJELD FRASEOLOGIEN.....	37



2.2.1	<i>Kva forskar ein på når fraseologien er studieobjekt?</i> .....	37
2.2.2	<i>Einingar i fraseologien</i> .....	38
2.2.3	<i>Fleire omtalte nemningar</i> .....	42
2.2.4	<i>Oppsummering om fraseologien</i> .....	44
2.3	IDIOM OG IDIOMKLYNGJA .....	46
2.4	ORDSPRÅK OG ORDSPRÅKSKLYNGJA .....	50
2.5	LEKSIKOGRAMMATISK FIKSERING.....	52
2.6	VARIASJON.....	59
2.6.1	<i>Frekvens og variasjon</i> .....	60
2.6.2	<i>Komposisjonalitet og variasjon</i> .....	61
2.6.3	<i>Typar av figurativt innhald og variasjon</i> .....	67
2.6.4	<i>Alder på frasen og variasjon</i> .....	69
2.6.5	<i>Oppsummering</i> .....	70
2.7	SÆREIGEN NORSK VARIASJON .....	70
2.7.1	<i>Ortografisk variasjon</i> .....	72
2.7.2	<i>Morfologisk variasjon</i> .....	73
2.7.3	<i>Leksikalsk variasjon</i> .....	75
2.7.4	<i>Syntaktisk variasjon</i> .....	80
2.8	OPPSUMMERING .....	89
<b>3.</b>	<b>ORDBØKER OG KORPUS SOM KJELDEGRUNNLAG .....</b>	<b>91</b>
3.1	INNLEIING .....	91
3.2	ORDBØKER SOM KJELDER I FRASEUNDERSØKINGAR.....	91
3.2.1	<i>Nordiske undersøkingar om ordbøkføringar av frasar</i> .....	92
3.2.2	<i>Ordbøkene som er nytta i undersøkinga og drøftingar om ordbøker som kjelder til norm</i> .....	95

---

3.2.3	<i>Normering av det norske og særskilt nynorske ordtilfanget</i> .....	107
3.2.4	<i>Ordtilfanget i nynorske ordbøker</i> .....	110
3.2.5	<i>Til besvær som case</i> .....	115
3.3	KORPUS SOM KJELDER I FRASEUNDERSØKINGAR.....	122
3.3.1	<i>Korpusundersøkingar og metodiske avvegingar</i> .....	122
3.3.2	<i>Idealkorpus i fraseforskning</i> .....	128
3.3.3	<i>Korpusa brukte i denne avhandlinga</i> .....	130
3.4	KOMBINATORISK METODE.....	135
<b>4.</b>	<b>FRASEOLOGISKE STILIDEAL OG NORMFORSKJELLAR</b> .....	<b>140</b>
4.1	NORM OG NORMAL.....	142
4.2	FAKTORAR SOM PÅVERKAR DEI INTERNALISERTE NORMENE.....	147
4.2.1	<i>Uluk gjensidig påverknad mellom målformene</i> .....	147
4.2.2	<i>Purisme</i> .....	149
4.2.3	<i>Ulukke frasepreferansar?</i> .....	168
4.2.4	<i>Ulukke normagentar i bokmål og nynorsk</i> .....	188
4.3	OPPSUMMERING.....	195
<b>5.</b>	<b>NORM VERSUS BRUK I NORSK FRASEOLOGI</b> .....	<b>198</b>
	EI BREIDDEUNDERSØKING AV ORDBOKFØRINGAR OG REELL BRUK AV 54 FRASAR I BOKMÅL OG NYNORSK .....	198
5.1	INNLEIING.....	198
5.1.1	<i>Vegvisar</i> .....	201
5.1.2	<i>Utval av frasar til mi eiga frasesamling</i> .....	203
5.2	IDIOM MED <i>BEN</i> OG <i>BEIN</i> (OG <i>FOT</i> ).....	211
5.2.1	<i>Bokmålsførekomstar</i> .....	216
5.2.2	<i>Nynorskførekomstar</i> .....	218

5.2.3	<i>Oppsummering og vurdering</i> .....	220
5.3	DEN STYGGE A-EN .....	221
5.3.1	<i>Bokmålsførekomstar</i> .....	227
5.3.2	<i>Nynorskførekomstar</i> .....	229
5.3.3	<i>Oppsummering og vurdering</i> .....	232
5.4	FRASAR MED UNORMERTE FORMER I BOKMÅL.....	233
5.4.1	<i>Bokmålsførekomstar</i> .....	235
5.4.2	<i>Nynorskførekomstar av frasane</i> .....	239
5.4.3	<i>Oppsummering og vurdering</i> .....	242
5.5	SITATORD FRÅ NYNORSK I BOKMÅL .....	243
5.5.1	<i>Bokmålsførekomstar</i> .....	245
	<i>Oppsummering og vurdering</i> .....	252
5.6	SITATORD FRÅ BOKMÅL OG/ELLER DANSK I NYNORSK .....	253
5.6.1	<i>Nynorskførekomstar</i> .....	255
5.6.2	<i>Oppsummering og vurdering</i> .....	269
5.7	FRASAR MED ULIKE GENITIVSLØYSINGAR .....	270
5.7.1	<i>S-genitiv i maskulinum</i> .....	270
5.7.2	<i>S-genitiv ved nøyttum</i> .....	276
5.7.3	<i>S-genitiv i femininum</i> .....	284
5.8	OPPSUMMERING .....	294
<b>6.</b>	<b>«BLÅS I BABYEN – UT MED BADEVANNET!»</b> .....	<b>298</b>
	EI LEKSIKOGRAFISK OG KORPUSLINGVISTISK UNDERSØKING AV POTENSIALET FOR VARIASJON I EIN FAST FRASE .....	298
6.1	INNLEIING .....	299
6.2	METODE.....	302

---

6.2.1	<i>Materiale og metodiske avvegingar</i> .....	302
6.2.2	<i>Analysemodell</i> .....	306
6.3	FRASETYPE, KJENNETEIKN OG FORVENTA VARIASJON .....	311
6.4	DYNAMISK VARIASJON: FRASEN BRUKT SOM IDIOM OG ORDSPRÅK.....	317
6.4.1	<i>Bakgrunn og hypotesar</i> .....	317
6.4.2	<i>Dynamisk variasjon i materialet</i> .....	324
6.5	LEKSIKALSK VARIASJON I MØNSTERFRASEN.....	334
6.5.1	<i>Bakgrunn og hypotesar</i> .....	334
6.5.2	<i>Leksikalsk variasjon i materialet</i> .....	339
6.6	MORFOLOGISK VARIASJON I MØNSTERFRASEN .....	356
6.6.1	<i>Bakgrunn og hypotesar</i> .....	356
6.6.2	<i>Morfologisk variasjon i materialet</i> .....	358
6.7	SYNTAKTISK VARIASJON I MØNSTERFRASEN.....	363
6.7.1	<i>Bakgrunn og hypotesar</i> .....	363
6.7.2	<i>Syntaktisk variasjon i materialet</i> .....	365
6.8	KREATIV MODIFIKASJON.....	374
6.8.1	<i>Bakgrunn og hypotesar</i> .....	374
6.8.2	<i>Kreativ variasjon i materialet</i> .....	376
6.9	AVVIKANDE BRUK AV FRASEN .....	385
6.9.1	<i>Bakgrunn og hypotesar</i> .....	385
6.9.2	<i>Kontaminasjon og avvikande bruk i materialet</i> .....	387
6.9.3	<i>Ellipse</i> .....	394
6.9.4	<i>Barn og badevatn i poesi</i> .....	398
6.9.5	<i>Formuleringar som ikkje er førekomstar av frasen</i> .....	400

---

6.10	OPPSUMMERING .....	400
<b>7.</b>	<b>AVSLUTNING .....</b>	<b>407</b>
<b>8.</b>	<b>LITTERATUR.....</b>	<b>417</b>
	ORDBØKER .....	417
	KORPUSRESSURSAR OG ANDRE DIGITALE TEKSTSAMLINGAR.....	418
	ANNAN LITTERATUR.....	419
<b>VEDLEGG.....</b>		<b>435</b>
	VEDLEGG A: DET FØRSTE KJENDE BELEGGET AV FRASEN .....	435
	VEDLEGG B: FORKORTINGAR BRUKTE I REFERANSANE .....	437
	VEDLEGG C: KLASSIFISERINGSKRITERIUM I KAPITTEL 6 .....	439

## Liste over figurar

Figur 2.1 Clausén og Lylys faste frasar .....	41
Figur 2.2 Frasetypologien som ligg til grunn i denne avhandlinga .....	45
Figur 3.1 Skjermdump av bøyingsparadigmet til håpe frå NOB/Norsk ordbank.....	97
Figur 3.2 Skjermdump av fraseoppslag under lemmaet lykke i NAOB.....	102
Figur 4.1 Nynorsk skigard mot bokmålet, men også dialektene (Sandøy 1998, 64)..	164
Figur 4.2 Den norske normeringssirkelen (Sandøy 2003a, 266).....	189
Figur 5.1 Skjermdump av oppslaget hal i Stor norsk-engelsk ordbok på ordnett.no .	207
Figur 5.2 Prosentdelar -en ved 924 potensielle hokjønnsord, frå Dyvik (2018) .....	223
Figur 5.3 Dei ulike realiseringane av ikkje noko nytt under sola på tvers av korpus.	257
Figur 5.4 Dei ulike realiseringane av ta tyren ved horna på tvers av korpus .....	263
Figur 5.5 Variantar av havsens sand i ulike nynorskkorpus.....	277
Figur 5.6 Variantar av skils år og alder i nynorskkorpus.....	278
Figur 5.7 Variantar av skjells år og alder i bokmålskorpus.....	279
Figur 5.8 Variantar av kjøtslyst i nynorskkorpus .....	280
Figur 5.9 Variantar av livets rett i nynorskkorpus .....	282
Figur 5.10 Variantar av mørkrets fyrste i nynorskkorpus.....	282
Figur 5.11 Variantar av kjernen i saka i nynorskkorpus.....	287
Figur 5.12 Variantar av tidas tann i nynorskkorpus.....	288
Figur 5.13 Variantar av vere sin eigen lykkesmed i nynorskkorpus .....	289
Figur 5.14 Variantar av verdas løn i nynorskkorpus .....	291
Figur 5.15: Variantar av gatas parlament i nynorskkorpus.....	292
Figur 6.1 Tilordningar frå kjelde- til måldomenet ved handling .....	309
Figur 6.2 Tilordning ved passive og intransitive verb .....	309
Figur 6.3 Metaforisk analyse av førekomst (6:1) .....	310
Figur 6.4 Idiomklyngja .....	312
Figur 6.5 Tresnittillustrasjon hos Murner .....	314
Figur 6.6 Handlings-/hendingsleddet i mønsterfraseførekomstane i bokmål og nynorsk .....	339
Figur 6.7 Aktive transitive verb i begge målformer i mønsterfraseførekomstane.....	343

---

Figur 6.8 Passive transitive verb i begge målformer i mønsterfraseforekomstane.....	344
Figur 6.9 Intransitive verb i begge målformer i mønsterfraseforekomstane .....	345
Figur 6.10 Temaledet i mønsterfraseforekomstane i bokmål og nynorsk .....	347
Figur 6.11 Temaledet i mønsterfraseforekomstar i trettiårsbolkar i målformene samla .....	348
Figur 6.12 Temaledet i dei nyare mønsterfraseforekomstane i målformene samla..	349
Figur 6.13 Komitativledet i mønsterfraseforekomstane i bokmål og nynorsk .....	351
Figur 6.14 Komitativledet i mønsterfraseforekomstar i trettiårsbolkar i målformene samla .....	352
Figur 6.15 Temaledet og komitativledet fordelt på domene i det samla bokmåls materialet .....	362
Figur 6.16 Temaledet og komitativledet fordelt på domene i det samla nynorskmaterialet.....	363
Figur 6.17 Fordeling av forekomstane på frasetypar og alder i det samla materialet	376
Figur 6.18 Temaledet i bokmål og nynorsk i det samla datamaterialet.....	378
Figur 6.19 Domene i tema- og komitativledet i den kreative variasjonen i bokmål og nynorsk.....	379

## Liste over tabellar

Tabell 1.1 Relasjonen mellom involverte fagfelt.....	12
Tabell 1.2 Mannsåkers oppsummering av hendingsstruktursystemet .....	21
Tabell 2.1 Føringar i BOB, Bibelen 2011 (bm), NOB og Bibelen 2011 (nn) av Matt 26,41.....	72
Tabell 2.2 Genitivsformer i norsk etter Aasen ([1864] 1965: § 180 og 174) .....	82
Tabell 3.1 Alle førekomstane av til besvær i større nynorske korpus .....	118
Tabell 3.2 Dei første ti treffa på til bry på HaBiT <sub>NN</sub> .....	119
Tabell 3.3 Løpeord i tilgj. norske korpus i undersøkningsperioden 2015–2017 .....	130
Tabell 3.4 Søkjeorda og -strengane som gav treff på bokmål .....	137
Tabell 3.5 Søkjeorda og -strengane som gav treff på nynorsk .....	139
Tabell 5.1 34 frasar med ulike problemstillingar i bokmål.....	201
Tabell 5.2 20 frasar med ulike problemstillingar i nynorsk.....	202
Tabell 5.3 Idiom og ordspråk med komponent frå Islex.....	204
Tabell 5.4 Frasar frå Prikken over i-en .....	207
Tabell 5.5 Frasar med ikkje-nordisk opphav i Prikken over i-en fordelt på språk .....	208
Tabell 5.6 Idiom og ordspråk henta frå Ord og uttrykk på fire språk.....	210
Tabell 5.7 Fjelds (2015, 47) undersøking av ben/bein i idiomatiske frasar i LBK ....	213
Tabell 5.8 Oppføringar av idiom med bein/ben og fot i norske ordbøker.....	214
Tabell 5.9 Idiomatiske frasar med ben/bein i bokmålsdelen av HaBiT-korpuset .....	216
Tabell 5.10 Idiomatiske frasar med ben/bein i nynorsksdelen av HaBiT-korpuset ...	219
Tabell 5.11 Frasar med komponentar som kan bli realiserte med a-ending i bokmål	226
Tabell 5.12 Førekomstar i HaBiT <sub>BM</sub> av komponentar med ulike endingar i bokmål .	227
Tabell 5.13 Førekomstar i HaBiT <sub>NN</sub> av komponentar med ulike endingar i bokmål .	230
Tabell 5.14 Bruksfrekvens for fire ordspråk i bokmålskorpus og nynorskkorpus .....	232
Tabell 5.15 Samsvar mellom ordbokføringar og usus om a-realiseringar.....	232
Tabell 5.16 Ordbokføringar av bokmålsfrasar med unormerte former .....	234
Tabell 5.17 Frasar med unormerte former i bokmål i HaBiT <sub>BM</sub> .....	235
Tabell 5.18 Frasar med unormerte former i bokmål i HaBiT <sub>NN</sub> .....	239
Tabell 5.19 Usus og ordbokføringar av frasar med unormerte former.....	242



Tabell 5.20 Ordbokføringar med frasar med nynorske sitatord i bokmål .....	244
Tabell 5.21 Førekomstar i bokmåls-HaBiT av frasar med nynorske sitatord.....	245
Tabell 5.22 Ordbokføringar med frasar med bokmålske sitatord i nynorsk.....	254
Tabell 5.23 Ulike variantar av ikkje noko nytt under sola i fire nynorskkorpus .....	257
Tabell 5.24 Føreskomstar av ta tyren ved horna i fire nynorskkorpus .....	262
Tabell 5.25 Ulike variantar av tilbake i folden i tre nynorskkorpus.....	265
Tabell 5.26 Ulike variantar av brotne kar i tre nynorskkorpus.....	267
Tabell 5.27 Ulike variantar av eiter og galle i fire nynorskkorpus .....	268
Tabell 5.28 Føringar av frasar med s-genitiv ved maskulinum i norske ordbøker.....	270
Tabell 5.29 Førekomstar av frasar med s-genitiv ved maskulinum i nynorskkorpus.	271
Tabell 5.30 Førekomstar av bruke apostlanes hestar i ulike nynorskkorpus.....	273
Tabell 5.31 Førekomstar av bruke apostlenes hester i ulike bokmålskorpus .....	275
Tabell 5.32 Føringar av frasar med s-genitiv ved nøytrum i norske ordbøker.....	276
Tabell 5.33 Førekomstar av havsens sand i ulike nynorskkorpus .....	277
Tabell 5.34 Førekomstar av skils år og alder i ulike nynorskkorpus.....	278
Tabell 5.35 Førekomstar av skjells år og alder i ulike bokmålskorpus .....	278
Tabell 5.36 Førekomstar av kjøtets lyst i ulike nynorskkorpus.....	280
Tabell 5.37 Førekomstar av livets rett i ulike nynorskkorpus .....	281
Tabell 5.38 Førekomstar av mørkrets fyrste i ulike nynorskkorpus.....	282
Tabell 5.39 Førekomstar av frasar med s-genitiv ved nøytrumsord i bokmålskorpus	284
Tabell 5.40 Føringar av frasar med s-genitiv ved femininum i norske ordbøker.....	286
Tabell 5.41 Førekomstar av kjernen i saka i ulike nynorskkorpus .....	286
Tabell 5.42 Førekomstar av tidas tann i ulike nynorskkorpus.....	287
Tabell 5.43 Førekomstar av vere sin eigen lykkesmed i ulike nynorskkorpus.....	289
Tabell 5.44 Førekomstar av utakk er verdas løn i ulike nynorskkorpus.....	291
Tabell 5.45 Førekomstar av gatas parlamen i ulike nynorskkorpus .....	292
Tabell 5.46 Hankjønnsrealisering saman med s-genitiv ved potensielle hokjønnsord i bokmålskorpus .....	293
Tabell 6.1 Fordelinga av førekomstane etter kjelde og målform.....	304
Tabell 6.2 Førekomsten av frasen i absolutte tal og per million ord i korpus .....	305
Tabell 6.3 Handlingsleddet i norske ordbøker og frasesamlingar .....	320

---

Tabell 6.4 Tema-ledd brukt i frasen i norske ordbøker og frasesamlingar .....	322
Tabell 6.5 Komitativledd brukt i frasen i norske ordbøker og frasesamlingar .....	322
Tabell 6.6 Partikkelplassering i frasen i norske ordbøker og frasesamlingar .....	323
Tabell 6.7 Dei tre måtane mønsterfrasen kan byggjast ut til adhocordspråk på .....	324
Tabell 6.8 Fordeling av førekomstane mellom mønsterfrase, kreativ variasjon og avvikande bruk .....	326
Tabell 6.9 Realiseringa av dei ulike ordspråksformulara i materialet på bokmål og nynorsk .....	329
Tabell 6.10 Førekomstar av mønsterfrasen i ulike realiseringar i bokmål og nynorsk .....	330
Tabell 6.11 Mønsterfrasen med og utan variasjon før og etter 1990 i absolutte tal ...	334
Tabell 6.12 Handlings-/hendingsleddet i mønsterfraseførekomstane i bokmål og nynorsk .....	339
Tabell 6.13 Førekomstar i absolutte tal med kaste og slå i bokmål og nynorsk i ulike tidsbolkar .....	340
Tabell 6.14 Fordeling av alle dei intransitive verba på ulike kategoriar i målformene samla .....	346
Tabell 6.15 Tema-leddet i bokmål og nynorsk i mønsterfraseførekomstar i trettiårsbolkar .....	348
Tabell 6.16 Tema-leddet i dei nyare mønsterfraseførekomstane i målformene samla	350
Tabell 6.17 Komitativleddet i mønsterfraseførekomstar i bm og nn i trettiårsbolkar	352
Tabell 6.18 Retningsadverb i det samla materialet på bokmål og nynorsk .....	354
Tabell 6.19 Preposisjon i komitativleddet i det samla materialet på bokmål og nynorsk .....	355
Tabell 6.20 Handlings-/hendingsleddet i mønsterfrasen fordelt på tempus og modus i bm og nn .....	358
Tabell 6.21 Numerus og bestemming i tema-leddet i det samla materialet i bokmål og nynorsk .....	360
Tabell 6.22 Morfologisk variasjon i komitativleddet i mønsterfrasen i bokmål og nynorsk .....	361

---

Tabell 6.23 Morfologisk variasjon i komitativleddet i det samla materialet i bokmål og nynorsk.....	361
Tabell 6.24 Ulike syntaktiske transformasjonar i idiom (bygd på Fraser (1970)).....	364
Tabell 6.25 Partikkelplassering i mønsterfraseførekomstane i bokmål og nynorsk...	366
Tabell 6.26 Plassering av partikkelen i aktuelle mønsterfraseførekomstar delt i trettiårsbolkar i bokmål og nynorsk .....	366
Tabell 6.27 Partikkelplassering i ulike konstruksjonar i dei skandinaviske språka ...	367
Tabell 6.28 Dei ulike syntaktiske transformasjonane i datasettet til kaste barnet ut med badevatnet .....	373
Tabell 6.29 Fordeling av alle førekomstane på frasetypar og alder i absolutte og relative tal.....	377
Tabell 6.30 Temaledet i bokmål og nynorsk i det samla datamaterialet i absolutte og relative tal.....	378

# 1. INNLEIING

*Som ordbokland er ikkje Noreg av dei mest avanserte, men vi har også ein særleg innfløkt språksituasjon å dokumentera.*  
(Kultur- og kyrkjedepartementet 2009, 30)

## 1.1 Hypotese, problemstillingar, mål og avgrensingar

Dette ph.d.-prosjektet tek føre seg norm og bruk i norsk fraseologi. Det er ei undersøking av kva konvensjonar vi i bokmål og nynorsk har for korrekt språkbruk, det vi kan kalle *språklege normer*, samanhalde med den faktiske språkbruken slik han kan observerast i korpus. Studieobjektet er den norske fraseologien, her definert som

- 1) tilfanget av faste frasar i språket og prosessane som fører til danning av faste frasar
- 2) studiet av eller vitskapen om fraseologi (1)

Nemninga *faste frasar* blir her brukt i fraseologisk forstand, om fleirordsuttrykk med ei tyding som ein ikkje kan slutte seg til ut frå tydinga til enkeltkomponentane, t.d. *på hangande håret* ('berre så vidt'). Sagt på ein annan måte manglar dei full semantisk komposisjonaltet. For at ein frase skal kunne reknast som fast, må han vere institusjonalt, dvs. gjenkjend, akseptert og brukt som ei leksikalisert eining i språksamfunnet. Ein annan eigenskap ved dei faste frasane er at dei er relativt leksikalsk og grammatisk fikserte, og ofte har dei ein spesiell stilistisk funksjon.

Fraseundersøkingane i denne studien er avgrensa til ordbøker for dei to sjølvstendige varietetane av norsk, bokmål og nynorsk, og skriftlege belegg på autentisk bruk i begge; talemål og dialektal variasjon blir berre trekte inn der det er nødvendig for framstillinga. Den uoffisielle riksmålsnormalen er relevant i delar av avhandlinga, ikkje minst fordi forkjemparane hans har vore viktige språkpolitiske aktørar, men eg reknar han ikkje som ein varietet på linje med dei offisielle, men som ein subvarietet av bokmål.

**Hypotesen som ligg til grunn for denne avhandlinga, er at bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien på uttrykksida skil seg frå kvarandre både i norm og bruk.** Avgrensinga til å studere uttrykkssida av frasane inneber at det er variasjonen

---

og skilnadane i *form* (nærare bestemt i ortografi, morfologi, syntaks og leksikon) som blir granska, då det er å vente at forskjellane mellom to varietetar av det same språket gjev utslag på den ytre forma til frasane, ikkje innhaldssida (dvs. at forskjellane ikkje er semantiske). Hypotesen baserer eg på mangeårig erfaring som ordbokredaktør og resultatane i masteroppgåva mi, som tok føre seg synonymi på tvers av språk, såkalla *ekvivalens*, på frasenivå i *Islex*-ordboka (Rauset 2010a). Der er oppslagsorda islandske, og bokmål og nynorsk er berre to av fleire målspåk som ordartiklane blir omsette til. Som *Islex*-redaktør opplevde eg at det var større forskjell på målformene på frasenivå enn på ordnivå, og masteroppgåva utforskar bakgrunnen for at det ofte var krevjande å finne fraseekvivalentar som fungerte både på bokmål og nynorsk i utarbeidinga av ei islandsk–norsk ordbok. I ph.d.-arbeidet held eg fram kartlegginga av kvifor utvalet av og forma på fraser delvis er så lite overlappende i ordbøker for bokmål og nynorsk, og i kva grad dette stemmer overeins både med det som måtte vere av normer og stilideal i målformene og dagens faktiske språkbruk.

Hypotesen kan ein få bekrefte eller avkrefta m.a. ved empiriske undersøkingar av kor likt eller ulikt frasane blir behandla i ordbøker og brukte i skrivne tekstar. Denne avhandlinga inneheld to sjølvstendige undersøkingar i kapittel 5 og 6 som med ulike innfallsvinklar gjer nettopp det. Dessutan har det vore ei sterk drivkraft for meg å prøve å kome nærare nokre svar på kvifor bokmålsskrivande og nynorsksskrivande tek dei frasevala dei gjer, ikkje berre reint deskriptivt skildre kor store og kva typar forskjellar det er mellom frasebruken i dei to målformene. Difor inneheld avhandlinga òg eit kapittel som tek føre seg det viktige *kvifor*-spørsmålet (kap. 4). Kva kjem det av at ein delvis brukar ulike frasar og iallfall ulike former av frasar i bokmål og nynorsk? På grunnlag av hypotesen har prosjektet **to problemstillingar**:

- 1) Kvifor har to varietetar av det same språket delvis ulik fraseologi?
- 2) Kva karakteriserer forskjellane mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien i norm og bruk?

Skrivereglane i bokmål og nynorsk gjer at forskjellane mellom målformene i all hovudsak viser seg i korleis ord blir skrivne (ortografi) og bøygd (morfologi), men dei har òg ulike tradisjonar knytt til visse avgrensa lånordsgrupper med tysk og dansk

---

opphav. Både desse lånorda og andre fører til at ein òg kan observere ein del forskjellar i ordval (leksikalske forskjellar) mellom fraseinventaret i målformene. Tendensar til ulik ordstilling (syntaks) i bokmålsvariantar og nynorskvariantar av frasar kan ikkje forklarast ut frå dei offisielle normene Språkrådet forvaltar, så der må forklaringa på ulik frasebruk liggje i at brukarane av målformene gjennom opplæringa og på andre måtar har utvikla ulik språkkjensle for kva som er riktig og god frasebruk.

I denne avhandlinga er det samanlikninga av målformene som gjer at eg fokuserer på dei fire språkstrukturnivåa ortografi, morfologi, leksikon og syntaks. På eit område som fraseologien, som er så lite kartlagd på norsk, kunne ein valt ei rekkje andre tilnærmingar, men skal ein få fram den fraseologiske variasjonen som er mellom bokmål og nynorsk og internt i målformene, viser det seg nødvendig å gå så breitt ut. Mine eigne erfaringar og tidlegare undersøkingar, der vekta har lege på nynorsk, har gjort at eg har sett på leksikon og syntaks er dei mest relevante nivåa å sjå på, men så er det forhold i bokmålet som dessutan gjer det nødvendig å undersøkje ortografi og morfologi. At fraseologisk variasjon internt i dei to målformene knytter seg til ulike nivå i språkstrukturen, koplar eg i kapittel 4 til ulike former for purisme som har vore rådande i bokmål og nynorsk.

Det er med andre ord to perspektiv som på ulike måtar går igjen i heile avhandlinga, og som kan samanfattast som **to formål med arbeidet**:

- 1) Prosjektet skal kartlegge korleis eit utval av faste frasar er behandla i dei mest sentrale norske ordbøkene, og samanlikne ordbokføringane med den reelle språkbruken slik han kan observerast i korpus.
- 2) Prosjektet skal auke kunnskapen om fraseologiske forskjellar mellom bokmål og nynorsk og internt i målformene.<sup>1</sup>

Synkrone undersøkingar behandlar eit visst språksteg, medan diakrone undersøkingar tek føre seg historiske utviklings- eller endringsforløp (jf. Vikør 2006, 7). Denne jamførande undersøkinga av normer for og bruk av frasar i målformene bokmål og

---

<sup>1</sup> Seinare kjem eg til å omtale dette som variasjon i og mellom målformene.

---

nynorsk er synkron, då drøftingane ikkje er strukturert rundt nokon tidsakse. Tidsspennet avhandlinga dekkjer, er frå midten av 1800-talet og fram til i dag, då det om lag er så langt bak målformene strekkjer seg. Likevel er visse diakrone perspektiv med, særleg i kapittel 4, for å gjere greie for kvifor dei fraseologiske målformforskjellane er som dei er.

Avhandlinga består, i tillegg til kapitla om fraseologisk teori (2), materiale og metode (3) og moglege ulike stilideal i bokmål og nynorsk (4), av to empiriske undersøkingar: I breiddeundersøkinga i kapittel 5 undersøker eg eit utval på 54 frasar og korleis dei blir brukte med variasjonar i norske korpus samanlikna med ordbokføringar av dei same frasane, medan eg i djupneundersøkinga i kapittel 6 undersøker 460 bokmålsførekomstar og 373 nynorskførekomstar av *kaste barnet ut med badevatnet*. Datamaterialet i kapittel 5 er hovudsakleg frå dei seinare tiåra, men inneheld enkeltførekomstar som er eldre. Dei fleste førekomstane i materialet i kapittel 6 er frå 1900- og 2000-talet.

Sjølv om tilnærminga er ulik i dei to kapitla, er begge undersøkingar av korleis frasar opptrer med uttrykksvariasjon i digitale skriftspråkssamlingar. Der eg i kapittel 5 er varsam med å trekkje for bastante konklusjonar på grunn av at bokmål samla sett er så mykje betre dokumentert i korpus enn nynorsk, har eg i kapittel 6 valt meg ut ein enkeltfrase som eg har registrert varierer mykje og på ulike måtar og gått breiare ut i materialinnsamlinga enn dei tradisjonelle skriftspråkskorpusa. Då nynorskkorpusa gjennomgåande er mykje mindre enn bokmålskorpusa, er det ein svært arbeidskrevjande prosess å byggje opp eit materiale som er stort nok til at ein kan jamføre målformene og dra nokså trygge konklusjonar. Ei slik omfattande materialinnsamling kan ein gjere for ein enkeltfrase, men det er langt utanfor rammene av dette arbeidet å gjere det for alle 54 frasane som blir undersøkte i kapittel 5. Samstundes kan ein stille spørsmål ved kva innsikt ein kan slutte seg til om norsk fraseologi ut frå ein enkeltfrase; skal ein vurdere representativiteten til *kaste barnet ut med badevatnet*, må ein gjennomføre tilsvarande undersøkingar av andre faste frasar. Kapittel 5 bidreg med innsikter om mange fleire aspekt ved variasjonen i

den norske fraseologien, sjølv om materialet der ikkje på same måte er eigna for setje opp hypotesar og teste dei statistisk som materialet i kapittel 6.

I breiddeundersøkinga er det ortografisk, morfologisk, leksikalsk og syntaktisk variasjon i og mellom målformene som blir undersøkt, i tillegg til relasjonen mellom ordbokføringar og faktisk bruk. I djupneundersøkinga av *kaste barnet ut med badevatnet* er det ortografiske nivået ikkje særleg interessant, då den einaste frasekomponenten som inneheld valfridom i rettskrivinga, er *-vann/-vatn* i bokmål. Dermed er det morfologisk, leksikalsk og syntaktisk variasjon av den kanoniske forma av frasen (i dette arbeidet kalla *mønsterfrasen*) som i første runde blir undersøkt. I tillegg opnar materialet opp for å undersøkje både kreativ og avvikande bruk av frasen.

## 1.2 Kontrastiv undersøking av frasar i to språk eller jamføring av fraseinventaret i to målformer?

I den internasjonale standarden for representasjon av namn på språk, ISO 639, blir *Norwegian* (med språkkoden *nor*) kategorisert som *Macrolanguage* ('eit makrospråk') med *Norwegian Nynorsk* (*nno*) og *Norwegian Bokmål* (*nob*) som *Individual Languages* ('individuelle språk') (SIL u.å.-b). ISO-klassifiseringa legg til grunn at individuelle språk som korresponderer med eit felles makrospråk, er nærskyldte varietetar, sjølv om dei altså har fått denne sjølvstendige statusen. *Varietetar* er språkssystem som ligg så nær kvarandre reint språkleg at dei kan reknast inn under det same språket (Vikør 2007; 2017). Eit anna ISO-døme på makrospråk er serbokroatisk (*hbs*), medan fire distinkte varietetar av serbokroatisk – bosnisk (*bos*), kroatisk (*hrv*), serbisk (*srp*) og montenegrinsk (*cnr*) – er lista som individuelle språk. ISO 639 viser at det rundt om i verda er vanleg med klyngjer av nærskyldte språkvarietetar som kan bli rekna som eigne språk (m.a.o. individuelle språk), men der ein i visse brukskontekstar har behov for ein felles språkidentitet for dei (m.a.o. eit makrospråk): «[T]here must be some domain in which only a single language identity is recognized.» (SIL u.å.-a).



Slik eg ser det (sjå òg Rauset (under publisering) for ei grundigare drøfting av dette) samsvarer ISO-klassifiseringa av norsk med nemningar og tankegods i den første heilskaplege norske språklova, som trer i kraft ved årsskiftet 2021/2022, der bokmål og nynorsk blir omtala som to *skriftspråk*. Der blir det slått fast at «norsk har to offisielle skriftstandardar, bokmål og nynorsk» (Kulturdepartementet 2020, 84). Departementet legg altså opp til at *målform*-nemninga langt på veg skal erstattast med *skriftspråk*. Det er ingen ny term, tvert om er «skriftspråk» eit heilt vanleg ord for ei språkform som er normert til bruk i skrift, og som fungerer som felles skriftleg uttrykksmiddel i eit samfunn. Bokmål og nynorsk har alltid vore kalla «skriftspråk» eller «skriftmål», på same måten som engelsk, spansk og kinesisk når det er skriftfunksjonen deira ein fokuserer på. Departementet har (implisitt) laga ein ny definisjon til eit eksisterande ord for såleis å sette det inn i eit nytt omgrepssystem – truleg for å unngå å gå linja ut og kalle det berre «språk».

Norsk blir i språklova gjennomgåande omtalt som *fellespråket norsk*, forklart som eit *samfunnsberande språk*: «eit overordna fellesspråk som blir bruka til administrasjon og samfunnsdebatt i det moderne, fleirkulturelle samfunnet vårt, som held storsamfunnet saman og gjev det identitet» (86). Det blir òg understreka at «det å rekne bokmål og nynorsk som to separate skriftspråk ikkje står i vegen for å omtale norsk som eitt språk» (84). Det er all grunn til å rekne med at språklova blir mønsterdannande for korleis ein kjem til å omtale bokmål og nynorsk i framtida, i forskingslitteraturen kan ein få inntrykk av at det allereie har blitt vanlegare å kalle dei skriftspråk. I språklova blir det likevel lagt vekt på at ordet *målform* framleis kan brukast – og at det i visse samanhengar kan vere nødvendig når ein skal omtale tilhøvet mellom bokmål og nynorsk (sst.). I denne avhandlinga vel eg å halde meg til den etablerte nemninga *målform*, fordi eg undersøker ein språkhistorisk periode då ein såg på bokmål og nynorsk som nettopp det, jf. definisjonane i *Nynorskordboka*:

- Bokmål: «sidan 1929 nemning på den offisielle målforma i Noreg som har utvikla seg frå dansk og norsk-dansk [...] med drag frå norsk talemål»
- Nynorsk: «sidan 1929 nemning på den offisielle målforma i Noreg som har vakse fram av det skriftmålet Ivar Aasen skapte på grunnlag av norske målføre».

---

I målformnemninga ligg det at bokmål og nynorsk er varietetar eller skriftstandardar av språket norsk, dei er ikkje sjølvstendige språk: Bokmål og nynorsk fungerer i den same nasjonalstaten, uttrykkjer ikkje noka form for etniske eller nasjonale skiljelinjer, og byggjer begge på ei integrert norsk talemålskjensle (Omdal og Vikør 1996, 13).

Hadde eg i staden valt å kalle bokmål og nynorsk to *språk* utan eit fellesspråk/makrospråk, ville ein naturleg konsekvens ha vore å omtale eit arbeid som jamfører frasane i bokmål og nynorsk som ei *kontrastiv fraseundersøking*. Med eit kontrastivt perspektiv kan ein samanlikne det fraseologiske systemet i eitt språk med tilsvarende ekvivalentar i eit anna språk. Forsking på ulike språkpar som t.d. tysk–engelsk (Scholze-Stubenrecht 1995), tysk–dansk (Farø 2004a; 2006), islandske–norsk (Rauset 2010a), polsk–norsk (Kozak-Opsahl 2010) og russisk–dansk (Steen 2011) slår fast at frasar i to språk sjeldan er fullt ut ekvivalente, då ekvivalensomgrepet kan delast opp i mange aspekt som semantikk, ikonografi, pragmatikk, stilistikk, grammatikk o.s.v. – mens forskjellane mellom frasar på bokmål og nynorsk ligg i den formmessige overflata. Eg kjenner ikkje til døme på at faste frasar av typen eg undersøker, har ulike tydingar i bokmål og nynorsk – men formspørsmål gjer visse frasar meir eller mindre brukande på tvers av målform. Eg meiner at ekvivalensomgrepet rommar for mange aspekt til å vere eigna til å beskrive dei forskjellane som er mellom frasar på bokmål og nynorsk, og i staden for *ekvivalens* vel eg heller å nytte nemninga *parallelitet*, dvs. at frasane har same funksjon og parallel (men ikkje nødvendigvis identisk) form.

### 1.3 Bakgrunn

For språkbrukarane, og særleg for brukarar av den mindre nytta målforma nynorsk (i dette arbeidet forkorta nn.), som dagleg blir språkbada i fleirtalsmålforma bokmål (bm.), kan det vere vanskeleg å avgjere kva som er fellesstoff i bokmål og nynorsk, kva ein kan låne på tvers av målformene, og kva det eventuelt krev av tilpassingar. Og kva gjer bokmålsbrukarar når dei vil nytte ein fast frase dei opplever som typisk nynorsk – tilpassar dei han til bokmålsk skrivemåte, ordstilling, bøyning og ordval, eller brukar dei han i nynorskform, som eit stilistisk verkemiddel? For sjølv om dei

fleste frasane er fellesgods, lèt somme frasar seg ikkje utan vidare tillempe, då dei berre har fått fotfeste i den eine målforma. På den andre sida betyr ikkje det at ein fast frase er fellesgods, at forma må vere identisk: Har han same funksjon og parallell form i bokmål og nynorsk, kan det vere variasjonar på ulike nivå i språket, men dei er likevel parallelle: Når *Bokmålsordboka* (BOB) fører *forsvinne som dugg for sol(en)* der *Nynorskordboka* (NOB) har *kverve som dogg for sol*, er det udiskutabelt parallelle former, sjølv om det både er snakk om ortografiske (*dugg* vs. *dogg*), leksikalske (*forsvinne* vs. *kverve*) og potensielle morfologiske ulikskapar (ubestemt eller bestemt form av *sol*). I dette ligg det at det finst ein god del variasjon innebygd i den norske fraseologien fordi vi er vande med å måtte lempe på forma for å få dei faste frasane til å passe inn i dei to målformsystema.

Som gjort greie for i avsnitt 1.1 freistar eg i denne avhandlinga både å finne svar på kvifor bokmål og nynorsk delvis har ulikt fraseinventar, og kva som kjenneteiknar forskjellane i norm og bruk av frasar i dei to målformene. Gjennom desse to problemstillingane søkjer eg å belyse kor likt eller ulikt fraseinventaret er i målformene, og det er fleire faktorar som gjer dette utfordrande. For det første er begge målformene kjenneteikna av stor valfridom i formverket. På bokmål kan ein *brenne alle broer* eller *bruer* ('ta ei avgjerd som ikkje kan gjerast om att'), og på nynorsk kan ein velje mellom formene *skitentøy/skitnetøy/skittentøy* om ein skal skrive *offentleg skitten-tøyvask* ('oppgjer for open scene'), og ein slik valfridom finst i svært mange norske frasar. Dette fører til ein stor variasjon som gjer det vanskeleg å gje eit presist bilde av frasebruken i målformene kvar for seg, og dermed òg å måle forskjellane mellom bokmål og nynorsk.

For det andre varierer det frå språkbrukar til språkbrukar ut frå kunnskapsnivå, stilkjensle, puristiske ideal, kontekst osv. kva ein reknar som fraseologisk inventar til rådvelde i ei målform. Er det innanfor bokmålsnorma å skrive *se noe i hvitøyet/kvitøyet* ('erfare, innsjå eit (alvorleg og lagnadstungt) sakstilhøve'), sjølv om frasen ikkje står i *Bokmålsordboka* eller *Norsk Riksmålsordbok*? Frasar har ofte ei arkaisk eller særmerkt form, men kva gjer ein med frasar der syntaksen og morfologien direkte bryt med generelle reglar for god språkføring i ei målform? Kan ein på god

---

nynorsk skrive *glimre med sitt fråvæer* ('utmerkje seg ved å ikkje vere til stades'), eller må ein gå for standardsyntaks og dobbel bestemming og skrive *glimre med fråværet sitt*? Somme skribentar nyttar seg av heile den norske frasespråkpoten utan særleg omsyn til målformspesifikke trekk og reglar, medan andre er meir opptekne av at det dei skriv, skal ha ei form som dei kjenner seg trygge på er *korrekt*, i tydinga 'konvensjonelt akseptabel'. Denne ueinsarta praksisen når det gjeld å nytte seg av stoff som tradisjonelt er knytt til den andre målforma, gjer det endå vanskelegare å slå fast korleis frasebruken er på bokmål og nynorsk.

Noko av det som gjer fraseologien til ein særleg interessant innfallsport i ei norm og bruk-undersøking, er nettopp det at det i norsk samanheng ikkje finst klare retningslinjer for kva som er korrekt fraseologisk språkbruk. I ein del tilfelle er det vanskeleg både for språkbrukarane og ordbokredaktørar å vurdere om ein frase er å rekne som akseptabel i ei målform – og om frasen har ei form som er i tråd med den offisielle normeringa, er berre éi side av saka. I Noreg har Språkrådet fått fullmakt av Kulturdepartementet til å vedta skrivemåte og bøyning av nye ord og vedta endringar i skrivemåte og bøyning av ord som har offisiell form frå før.<sup>2</sup> Den offentlege norske normeringa regulerer med andre ord ortografi og morfologi, men ikkje korleis enkeltkomponentar kan eller ikkje kan setjast saman til frasar:

Norske språkreformer, eufemistisk kalt rettskrivningsreformer, konsentrerer seg om ortografi, fonologi slik den reflekteres i ortografien, bøyning og avledning. De sier lite eller intet, og kan også vanskelig si noe, om syntaks – hvordan ord og fraser kan og ikke kan sammenføres til større helheter – semantikk – hvilket betydningspotensial ord og fraser skal ha – eller stilistikk – hvilke stilplan ulike former tilhører, og hvilke former som stilistisk hører sammen. [...] For preskriptive normer er essensielt *formulert*, og kan derfor bare beskjeftige seg med det som både er uproblematisk beskrivbart og dessuten lett kan beskrives på en måte som er tilgjengelig for den alminnelige språkbruker. Beskrivelsen må referere til lett gjenkjennbare entiteter, og da kan man vanskelig bevege seg på et høyere abstraksjonsnivå enn ordformen. (Dyvik 1993, 172)

---

<sup>2</sup> Dessutan gjev Språkrådet rettleiing om tekniske skrivereglar og skal så langt det er tenleg, klargjere kva reglar som er obligatoriske for korrekt språk (§ 3 i Vedtekter for Språkrådet 2017). Meir gjennomgripande endringar i rettskrivinga må godkjennast av Kulturdepartementet, og det er departementet som har sett ned nemndene som har utarbeidd innstillingane til dei ulike rettskrivningsreformene som har vore.

Helge Dyvik brukar nok helst *frase* i syntaktisk tyding i denne konteksten, men det han skriv, gjeld like fullt for frasar i fraseologisk forstand.<sup>3</sup> Den enkelte språkbrukar må vurdere ut frå eiga stilkjensle, eventuelt med støtte i ordbøker og andre hjelpemiddel, kva frasar som er akseptable å bruke og korleis. Det er difor ikkje urimeleg å tru at redigeringspraksisen i ordbøkene blir ekstra avgjerande som normsetjande på dette feltet, med den konsekvensen at manglande fraseoppføringar blir tolka som eit signal om at ein bør unngå å bruke frasane (Rauset 2015, 190). For i tillegg til den normeringa som Språkrådet og ulike rettskrivingsreformnemnder står for, skjer noko av den språknormerande verksemda som ein del av arbeidet med å redigere ordbøker, og i slike tilfelle får også ordbokredaksjonane funksjon som autoritative normeringsinstansar (Kultur- og kyrkjedepartementet 2008, 169). Grunna den høge statusen ordbøker vanlegvis har blant allmenta, ber dei i seg ei stor normerande kraft, uansett kor objektivt språkbeskrivande dei er meinte å vere: «[N]år en språklig foreteelse tas inn i en ordbok uten reservasjoner, er den til en viss grad opphøyet til (uoffisiell) norm» (Bergenholtz et al. 1997, 18). For *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* sin del blir dette normative aspektet forsterka ved at Språkrådet omtalar dei som sine viktigaste verktøy for å gjere gjeldande rettskriving i bokmål og nynorsk tilgjengeleg og kjend for språkbrukarane (Språkrådet 2014a, 9). Statsorganet eig desse to ordbøkene saman med Universitetet i Bergen, og dei har difor ein unik posisjon som autoritativ normkjelde for norsk ortografi og morfologi.<sup>4</sup>

Det er med dette bakteppet eg brukar eksisterande ordbøker som normkjelder og tek utgangspunkt i at det som står der, er «prototypisk nynorsk» og «prototypisk bokmål». Eit utval av frasar derfrå utgjer ein fast målestokk eg ikkje finn om eg går ut frå språkbruken og folks stilkjensle slik ein til dømes kan studere dei i korpus eller på nett, særleg på grunn av dei to forholda med stor formvariasjon i begge målformer

<sup>3</sup> Ein syntaktisk frase er eit ord eller ei gruppe med ord som er bygd ut på ein slik måte at den nye gruppa har same funksjon i setninga som enkeltordet (Faarlund, Lie og Vannebo 1997, 31). I setninga *barna leikar kan barna* erstattast av eit lengre ledd som *dei yngste barna i familien*, og eit slikt ledd blir kalla ein (syntaktisk) frase, men slike er altså ikkje tema her.

<sup>4</sup> At Universitetet i Bergen står på eigarsida, er relativt nytt: «Standardordbøkene Bokmålsordboka (BOB) og Nynorskordboka (NOB) var i perioden 1974–2016 et samarbeidsprosjekt mellom Språkrådet (tidligere Norsk språkråd) og Universitetet i Oslo (UiO). Ordbøkene kom ut i førsteutgave i 1986, og hadde 30-årsjubileum i 2016. 16. juni 2016 overtok Universitetet i Bergen (UiB) for UiO som partner i samarbeidet, slik at det nå er UiB og Språkrådet som eier disse ressursene sammen» (Språkrådet 2017b, 1).

---

og ulik praksis språkbrukarane imellom med tanke på lån. Å bruke ordbøker er ei form for operasjonisering – ein måte å gjere målformene målbare på – og det opnar opp for at eg kan generalisere og peike på visse trekk ved fraseinventaret i prototypisk bokmål og prototypisk nynorsk. Dette gjev meg eit tydelegare bilde av ei (oppfatta) preskriptiv norm, som definerer korleis frasane skal skrivast, som eg kan måle bruken opp mot – vel vitande om alle dei problematiske sidene ved å bruke ordbøker som normkjelde, som blir tematisert i avsnitt 3.2.

## 1.4 Involverte fagfelt

Dette er det første doktorgradsarbeidet i Noreg innan feltet leksikografi, det same gjeld einspråkleg norsk fraseologi, og ingen har tidlegare kartlagt empirisk kor langt frå kvarandre målformene står på dette området – eller om dei mest sentrale norske ordbøkene speglar måten frasar blir brukte på i dag.

Etter sjølv å ha utarbeidd leksikografiske ressursar og forska på ordbøker i mange år, sit eg att med mange spørsmål om behandlinga av fraseologisk materiale i norske ordbøker og kor representative oppføringane er. Det har difor vore viktig for meg å ha med ordbokperspektivet på fraseundersøkingane i denne avhandlinga. I praksis vil det ikkje alltid vere så beinkløyvt å skilje dei involverte fagfelta (meta)leksikografi, fraseografi og fraseologi frå kvarandre eller avgjere kven som byggjer på kva. Tabell 1.1. byggjer på ei framstilling Lars Vikør ([2005] 2011, 182) har av relasjonen mellom *leksikologi* og *leksikografi*, og eg har lagt til den siste linja som gjer greie for kontrasten mellom *fraseologi* og *fraseografi*, for å gje ei innleiande oversikt.

Termene leksikologi og leksikografi blir ofte brukte om kvarandre utan nokon klar distinksjon. Vikør kontrasterer dei og definerer *leksikologi* som «vitskapen om det leksikalske nivået i språket – anten det gjeld studiet av enkeltord eller av heile ordforråd, semantiske felt og liknande, altså heilt udiskutabelt ein del av lingvistikken», medan *leksikografi* er produksjon av ordbøker (leksikografi 1) og vitskapen om ordbøker (leksikografi 2) (Vikør [2005] 2011, 183).

FENOMEN	STUDIUM	FRAMSTILLINGS-	PRODUKSJON AV	STUDIUM AV ELLER
FORSKINGS- OG BESKRIVINGS- OBJEKT	VITSKAP FAG	SJANGER	FRAMSTILLING METODIKK	VITSKAPEN OM TEKST- ELLER FRAMSTILLINGS- SJANGEREN
Leksikon	Leksikologi	Ordbok	Leksikografi (1)	Leksikografi (2)
Ordtilfang				Metaleksikografi
Vokabular				
Faste frasar	Fraseologi (2)	(Konstruksjons-)	Fraseografi (1)	Fraseografi (2)
Fraseologi (1)		ordbok		Metafraseografi

Tabell 1.1 Relasjonen mellom involverte fagfelt

Tilsvarande kan *fraseologi* brukast både om sjølve forskingsobjektet faste frasar (fraseologi 1) og studium av det (fraseologi 2), medan den mindre etablerte termen *fraseografi* handlar om behandlinga av frasar i ordbøker (fraseografi 1) og vitskapen om fraseologiske ordbøker (fraseografi 2).

Under tek eg føre meg disiplinane leksikografi, fraseologi og fraseografi etter tur.

### 1.4.1 Leksikografi

Leksikografien omfattar på den eine sida produksjon av ordbøker og på den andre sida vitskapen om ordbøker, gjerne kalla metaleksikografi. Produksjonen av ordbøker handlar om metodikk for å framstille og formidle leksikografiske data (som i vesen er språklege, men som står i eit forhold til verda), medan metaleksikografien undersøker tekstsjangeren ordbøker (Vikør [2005] 2011, 183). I *Nordisk leksikografisk ordbok* (NLO) blir metaleksikografi definert som leksikografars teoriar om og undersøking av ordbøker innan tre delområde: 1) brukarforsking/ordbokdidaktikk, 2) ordbokkritikk og 3) systematisk ordbokforsking (Bergenholtz et al. 1997, 14). Delar av denne avhandlinga høyrer til den systematiske ordbokforskinga (sjå t.d. del 3.2), i NLO definert som «utvikling av nye eller forbedrede teorier som eventuelt kan komme til praktisk nytte ved utarbeidingen av nye ordbøker. Hit hører også historiske undersøkelser i form av rekonstruksjon av de teoriene som har ligget til grunn for tidligere ordbøker» (15).

Desse definisjonane kan tyde på at forfattarane av NLO ikkje ser på leksikografien som er ein del av lingvistikken, men ein eigen teoretisk disiplin – og det er ikkje ukontroversielt. Leksikografien har eit identitetsproblem, og den vitskaplege statusen til disiplinen er framleis eit kontroversielt emne blant leksikografar (Vikør [2005] 2011, 181; Adamska-Sałaciak 2019, 1). Etter 1970-talet har det utvikla seg to ulike skular i synet på kva leksikografi er, der den tradisjonelle retninga ser på leksikografi som ein lingvistikkbasert disiplin, med utgangspunkt i Zgustas standardverk *Manual of Lexicography* (1971). Ein variant av dette ser vi t.d. hos John Sinclair (1984, 7), ein pioner innan både leksikografi og korpuslingvistik, som for nærare 40 år sidan slo fast at det ikkje låg an til å bli utvikla nokon leksikografisk teori. Han argumenterte difor for at disiplinen må støtte seg på dei teoretiske rammeverka til andre, og han plasserte leksikografien i skjæringspunktet mellom lingvistik, datalingvistik og informasjonsteknologi:

[Lexicography] is clearly an applied science or craft, rather than a pure one. That is to say, it relies for a theoretical framework on external disciplines. [...] There is, for example, no subject heading 'Lexicography theory' in my syllabus because I have nothing to put there; on the other hand there is substantial input from IT and LINGUISTICS because I believe that the relevant theory is to be found in these areas or via these areas. (Sinclair 1984, 6)

Mykje har skjedd sidan den gong, ikkje minst som resultat av samarbeid med dei nemnde fagfelta og i form av omfattande mengder metaleksikografiske arbeid. Akademiske samkomer, leksikografiske tidsskrift, auka vekt på metode både i diakrone og synkrone verk, nye tekniske løysingar og store tekstkorpus som kjeldegrunnlag har stadfesta posisjonen leksikografien har som vitskapleg disiplin (Hult 2017, 8f). Ken Farø slår fast at leksikografien sidan 1980-talet har vore i «voldsom utvikling, både teoretisk, metodisk og teknologisk» (2016, 305).

I seinare tid har det kome ei ny og ifølgje Fjeld (2017a, 198) «radikal retning», som ser på leksikografi som ein sjølvstendig vitskap og ikkje som ein del av lingvistikken. I nordisk samanheng er den viktigaste generelle leksikografiske teorien den såkalla *funksjonslæra* – ein teori om leksikografiske funksjonar – utvikla av Sven Tarp (2006; 2008), Henning Bergenholtz og resten av fagmiljøet ved Center for Leksikografi i Århus. I funksjonslæra står den potensielle ordbokbrukaren og behova



---

hens i sentrum – ordboka er berre ein reiskap. Alle leksikografiske val avheng ifølgje Århus-skulen av kva leksikografiske funksjonar ordbokverktøyet skal løyse for brukaren, kven denne er, og brukssituasjonen hen er i. Målet er at brukaren skal få tilfredsstilt informasjonsbehovet sitt så presist som mogeleg ved så få tastetrykk og så raskt som råd.

Frå eit vitenskapsteoretisk perspektiv avviser Arleta Adamska-Sałaciak (2019) i ein grundig oversiktsartikkel at funksjonslæra eller andre autonome leksikografiske teoriar utgjer nokon overgripande leksikografisk teori. Same konklusjon dreg m.a. dei leiande leksikografane Sue Atkins og Michel Rundell i *Oxford Guide to Practical Lexicography* (2008, 4) og nestoren Henri Béjoint i *The lexicography of English* (2010, 381): Dei har rett og slett ikkje tru på at det finst noko slikt som ein leksikografisk teori. Sjølv om desse høyrer til den lingvistikkorienterte retninga av leksikografien, legg dei likevel stor vekt på kor viktig det er å kjenne ordbokbrukaren. Béjoint trekkjer fram brukarundersøkingar som éin av tre faktorar (saman med bidraga frå lingvistikken til den leksikografiske beskrivinga av språk og bruken av datamaskiner i utarbeiding og bruk av ordbøker) som har forma engelske ordbøker i nyare tid. Blant nordiske forskingsbidrag som opnar for å sameine dei to retningane, er Ann-Kristin Hults doktorgradsavhandling om bruk og brukarar av nettordboka *Lexins svenska lexikon*, der ho kombinerer innsikter frå lingvistisk teori og perspektiv frå funksjonslæra (2017, 21).

Det ser ut til å vere nokså ukontroversielt å definere leksikologi og fraseologi som lingvistiske disiplinar. For *-grafi*-orda (leksikografi og fraseografi) er det meir tvitydig, og særleg når det gjeld metaleksikografien og metafraseografien, kan aarhusskulen ha eit poeng i at tilknytninga til lingvistikken ikkje like sterk. Kvar ein dreg grensa, handlar nok om kva ein meiner lingvistikk rommar, og eg vil tilordne «meta-xx-grafi»-omgrepa til ei grein av lingvistikken, nemleg tekstlingvistikken – som forskar på struktur og funksjonar i tekstar.

Der NLO (Bergenholtz et al. 1997, 14) og Hult (2017, 7) nyttar *metaleksikografi* og *teoretisk leksikografi* som synonym, vel eg i tråd med Adamska-Sałaciak å halde meg

til termen *metaleksikografi*. I denne avhandlinga ville ei målsetjing om å rekonstruere teoriane bak fraseføringane i ordbokkjeldene (jf. NLO-definisjonen av systematisk ordbokforskning ovanfor) vere å «gjenskape» noko som knappast har eksistert. Iallfall tyder ikkje brukarrettleiingane til *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka*, *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB) og *Norsk Ordbok* på at det har vore særleg klart definerte utvals- og redigeringspraksisar på dette området (sjå avsnitt 3.2.2).

Brukarperspektivet er viktig i alle leksikografiske undersøkingar, men dette prosjektet omfattar ikkje brukarundersøkingar av ordbøkene. Eg har valt ei anna tilnærming der eg ser på om fraseføringane og eventuelle fraseologiske lakunar i eit utval norske ordbøker er normative eller deskriptive, eller sagt på ein annan måte, om ordbøkene «vill beskriva ordförrådet sådant det *bör* vara eller sådant det faktisk *är*» (Malmgren 2000, 198) «Deskriptiv» i nemninga *deskriptive ordbøker* har å gjere med «lexikografens sätt att förhålla sig till det språkliga utgångsmaterialet och innebär att det skall råda överensstämmelse mellan detta material och ordbokens beskrivning av det», medan «normativ» er «lexikografens förhållande till ordboksanvändaren och dennes behov av vägledning, främst vid textproduktion» (Svensén 2004, 29).

*Normative ordbøker* tek sikte på å formidle til brukarane kva som er korrekt språkbruk. Normeringa kan vere open (ved at den normative intensjonen er gjort greie for) eller skjult (om ein ikkje gjer greie for hensikta og den språklege påverknaden) (Bergenholtz et al. 1997, 18). Det er nok ikkje fritt for at mange brukarar ser på ordbøker som ein fasit, sjølv om det prinsipielt er det språkbrukarane produserer av tankar, skrift og tale som utgjer eit språk, ikkje det leksikografar vel å føre inn i ordbøkene (jf. Vikør [2007] 2011, 10). Med den auka vitskapleggjeringa av disiplinen har det dominerande idealet i det leksikografiske fagmiljøet dreia mot å lage meir *deskriptive ordbøker* som speglar den reelle språkbruken og hjelper ordbokbrukarane å navigere i den. Dette er likevel ikkje eit enten-eller. Sven-Göran Malmgren slår fast at det verken finst reindyrka deskriptive eller normative ordbøker; det er meir snakk om ein gradsforskjell enn ein artsforskjell mellom desse ordboktypene. «Möjligen skulle man kunna säga, att en – främst – deskriptiv ordbok bör baseras på bruket (dvs. korpusen) under hänsynstagande till systemet, medan en –

främst – normativ ordbok bör baseras på systemet under hänsynstagande till bruket» (Malmgren 2000, 199).

I allmennordbøker som *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er formopplysingane (dvs. ortografi og morfologi knytt til lemmaet) prinsipielt normative, medan tydingar, kollokasjonar og faste frasar er prinsipielt deskriptive (Vikør 2020, 457). Men som NLO peikar på, hender det òg «(særlig av ideologiske grunner) at normeringen gjelder den betydning som skal legges i et ord eller en frase» (Bergenholtz et al. 1997, 18) – og eg vil meine at det òg gjeld for om frasen i det heile er teken med i ordboka, og kva form han får. Sjølv om leksikografar kan ha som målsetjing å lage deskriptive ressursar, er det likevel ei oppfatning i det norske språksamfunnet at ikkje alle frasar er brukande i begge målformer, og ordbøker og frasesamlingar har tradisjonelt vore det næraste den jamne språkbrukar kom «sikre» kjelder om kva frasar som er akseptable i ei målform.

### 1.4.2 Fraseologi

På side 1 definerte eg fraseologi på denne måten:

- 1) tilfanget av faste frasar i språket og prosessane som fører til danning av faste frasar
- 2) studiet av eller vitskapen om fraseologi (1)

Tydingane og tala deira korresponderer med framstillinga i tabell 1.1. Fraseologi i den første tydinga omfattar eit breitt spekter av meir eller mindre fikserte ordkombinasjonar. Denne avhandlinga er eit døme på tyding 2, då fraseologisk forskning og teori (i kapittel 2) utgjer det teoretiske bakteppet i avhandlinga.

Internasjonalt er dette eit fagfelt som har fått markant auka merksemd i dei seinare tiåra, og det er ikkje urimeleg å kople det mot større korpus og betre datalingvistiske analysereiskapar: «Perhaps the main reason for the rapid increase in interest in phraseology is the present-day use of text corpora as the principal data-source for language analysis» (Sinclair 2008, XVI). Mange av dei internasjonalt tonegejevande fraseologane er framandspråksfilologar (Farø 2004b, 51), og i to- eller fleirspråklege fraseologiske undersøkingar gjennomfører dei kontrastive analysar av fraserelasjonar, der målet er å skildre likskapar og forskjellar med tanke på ulike ekvivalensaspekt.

Fraseologisk forskning kan t.d. omfatte skildringa av semantiske og pragmatiske eigenskapar ved frasane, avdekking av høvesvis onomasiologiske og konseptuelle strukturar og skildringar av kontrastive relasjonar (Hallsteinsdóttir 2006, 172).

Somme fraseologiske undersøkingar har eit bruksorientert formål, der resultatata blir nytta i praktisk leksikografi ved å vidareutvikle teoretiske og metodiske prinsipp for frasebeskriving i ordbøker (jf. t.d. Farø 2000; Steen 2011), men eit bruksorientert formål er slett ikkje eit vilkår for fraseologisk forskning.

Emma Sköldberg (2004, 300) har drøfta spørsmålet om *normativ fraseologi* – om somme variantar av frasar som er å føretrekkje i eit språkkorrekteitersperspektiv. Dette spørsmålet er relevant for morsmålsbrukarar, men i endå større mon for dei som skal tileigne seg eit språk, då eit ikkje-medvite avvik frå standardforma til eit idiom mange gonger kan framstå som komisk. På den andre sida er det eit ope spørsmål om det finst ei form av frasane som er meir korrekt enn andre, og korleis skal ein eventuelt finne denne? Sköldberg meiner at normativ fraseologi har noko føre seg, og ho ser ingen teoretisk grunn til at faste frasar ikkje blir vigde merksemd i språkrøkta og debatten om rett språkbruk. I undersøkinga mi av fraseologisk variasjon i og mellom begge dei norske målformene både i norm (i ordbøker) og i bruk (i digitale skriftspråkssamlingar) er dette normative aspektet med, men ikkje knytt til eit andrespråksperspektiv, som ei heilt nødvendig avgrensing av tematikken.

### 1.4.3 Fraseografi

Kontrasten mellom fraseologi og fraseografi er langt på veg parallell med kontrasten mellom leksikologi og leksikografi, sjå tabell 1.1. I tråd med at eg der skilde mellom fraseografi (1) som produksjonen av eller framstillinga av objektet og fraseografi (2) som studiet av eller vitskapen om tekst- eller framstillingssjangeren, legg eg følgjande to tydingar i *fraseografi*-nemninga:

- 1) innsamling, bearbeiding og presentasjon av fraseologiske data
- 2) systematisk og kritisk analyse av beskrivinga av frasar i ordbøker

Fraseologisk forskning, fraseologi (2), blir rekna som ein nødvendig føresetnad for fraseografi (2) (jf. Steen 2011, 186). Med utgangspunkt i to- og fleirspråklege

---

ressursar hevdar Hallsteinsdóttir (2006, 173) at den teoretiske diskusjonen innan elektronisk fraseografi i stor grad ber preg av at forskingsfeltet er under utvikling, og at det manglar teoretisk forarbeid i fraseologien og leksikografien, t.d. i samband med ekvivalensproblematikk og kriterium for lemmautval.

For norsk sin del, der både fraseologien, leksikografien og fraseografien i stor grad manglar solide grunnlagsarbeid, vel eg i dette arbeidet å leggje vekt på fraseologien, men både fraseografi og (meta)leksikografi blir tematiserte. Dei empiriske undersøkingane her har ein fraseografisk innfallsvinkel gjennom å jamføre utvalde frasar i eit sett ordbøker. Hovudtyngda ligg likevel på dei fraseologiske undersøkingane av korleis frasane med variasjonar blir brukte i autentiske tekstar. Eg tek ikkje det neste steget med å gjere leksikografiske vurderingar av korleis frasane kunne eller burde vore førte i staden. Eit sentralt spørsmål er om ulike føringar i ordbøkene speglar kor like eller ulike målformene er: Korresponderer fraseføringane i dei utvalde ordbøkene med måten bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar faktisk skriv frasane på? Og står frasane språkbrukarane nyttar, i ordbøkene? Generelt veit vi at utvalet i ordbøker kan vere noko tilfeldig, t.d. er ikkje dette nivået av språket i det heile nemnt i den 36 siders lange redigeringshandboka til førsteutgåva av *Nynorskordboka* (NOB-redaksjonen 1983), og før korpusmetodane gjorde sitt inntog, baserte ein seg ofte på eldre ordbøker og samlingar. Ei skildring av forskjellen mellom norma i ordbøkene og den faktiske språkbruken er implisitt òg ei evaluering av ordbøkene. Kor godt står dei norske ordbøkene seg i møtet med eit deskriptivt ideal?

Frå andre språk veit vi at fraseføringar i ordbøkene i problematisk låg grad stemmer overeins med den faktiske språkbruken (sjå t.d. Clausén 1996; Sköldberg 2001; 2004, 298ff). I ei omfattande fraseografisk undersøking av bibelske idiom i russisk og dansk konkluderer Oxana Steen med at idiomopplysingane i ordbøkene sjeldan er baserte på tilstrekkelege mengder empiriske data. Ofte er idioma førte i ei arkaisk eller idiosynkratisk form som ikkje blir stadfesta som den vanlege i korpus, og ein relativt stor del av idioma i ordbokundersøkinga hennar er enten fullstendig forsvunne eller på veg ut av moderne språkbruk (Steen 2011, 45f). Det vil med andre

---

ord ikkje vere eit særeige norsk fenomen om det skulle vise seg at dei undersøkte ordbøkene i denne avhandlinga inneheld frasar og fraseformer som ikkje korresponderer fullt ut med moderne språkbruk i bokmål og nynorsk.

Håpet mitt er at denne einspråklege fraseologiske undersøkinga av parallelliten i frasar i to norske skriftspråksvarietetar kan få konsekvensar for korleis ein i framtida fører frasar i norske ordbøker – sjølv om eg ikkje føretek slike leksikografiske og fraseografiske vurderingar i denne avhandlinga.

## 1.5 Teoretisk rammeverk

### 1.5.1 Kognitiv lingvistikk og metafor teori

Den viktigaste teoretiske retninga i denne avhandlinga er den kognitive lingvistikken og då særleg den kognitive metafor teorien. Som nestoren John Sinclair peikar på, skil fraseologien ikkje skarpt mellom grammatikk og leksikon/semantikk (Sinclair 2008, XV), og det gjer heller ikkje den kognitive lingvistikken, som har vore ein premissleverandør for mykje av frase- og idiomforskinga i dei seinare år. Kognitiv metafor teori bidreg særleg med nemningar og perspektiv til metodebruken min i kapittel 6. Innanfor rammene av denne avhandlinga er det likevel verken relevant eller mogleg å gjere greie for den samla forskingsretninga kognitiv lingvistikk, eller få oversikt over alt skrive om *omgrepsmetafor teorien*, då metaforforskingfeltet tilsynelatande har auka eksponensielt dei seinare tiåra og litteraturen er tilsvarande omfattande (Mannsaker 2017, 45). Denne gjennomgangen avgrensar eg heller til å trekkje opp nokre innsikter som er relevante for idiom og andre faste frasar.

Eit sentralt spørsmål som ulike teoretiske retningar gjev ulike svar på, er i kva grad dei ulike komponentane i frasen kan seiast å bere ei sjølvstendig tyding. Har ein aldri høyrte uttrykket tidlegare, er det ikkje mogleg å føresjå at *sleppe katta ut av sekken* betyr ‘røpe noko som er hemmeleg’ ut frå allmenn språkkunnskap om komponentane *sleppe, katt, ut, av og sekk*. Ei innsikt frå den kognitive lingvistikken er at språkbrukarar som kjenner frasen, likevel kan kople dei ulike komponentane med dei korresponderane delane av tydinga, slik at ein assosierer *sleppe* med ‘røpe’, *katt* med

---

‘noko som er skjult’ og *sekken* med ‘hemmelegald’. Det er ikkje alltid tilfelle; i andre frasar er det ikkje mogleg å tillegge dei enkelte frasekomponentane biletleg tyding (illustrert med *ta rotta på* i avsnitt 6.2.2.).

Tradisjonelt, og særleg innanfor generativ grammatikk, har det vore hevda at dei enkelte delane av ein frase ikkje har ei eiga tyding, og at forholdet mellom form og tyding er arbitrært. Vidare har generativistane meint at idiom har ei biletleg tyding som er direkte fastsett i det mentale leksikonet på liknande vis som tydinga til enkeltord i ei ordbok (Gibbs og Nayak 1989, 101). Når generativistane saman med mange filosofar og psykologar har sett på frasar som stivna uttrykk, inneber det at språkbrukarane må lære *daude metaforar* og språkelement gjennom ei arbitrær samankopling mellom den enkelte frasen og ei overført tyding, utan at dei er medvitne om kvifor frasane betyr det dei gjer (Gibbs 2007, 697). Då tek ein utgangspunkt i at dei fleste idiom ein gong har vore aktive metaforar, men at dei etter kvart har blitt faste og konvensjonaliserte måtar å bruke språket på. Idiom står med ei slik forståing i opposisjon til eit levande og kreativt språk (Gibbs 1993, 57).

Den kognitive lingvistikken utvikla seg frå 1970-talet som ein reaksjon mot den generative grammatikken. Fenomen som metaforar og idiom, som i generativ lingvistikkk blir sett på som perifere, då dei vanskeleg lèt seg innlemme i logikkbaserte grammatiske system, blir i kognitiv lingvistikkk sett på som sentrale (Mannsaker 2017, 47). I omgrepsmetaforteorien (eng. *Conceptual Metaphor Theory*), først utvikla av George Lakoff og Mark Johnson (1980), utgjer metaforar ein grunnleggjande del av menneskeleg tenking og førestillingsevne. Først og fremst er dei ein måte å tenkje om noko på, og dei kan vere både konvensjonelle og nyskapingar (Lakoff 1986, 294). I den kognitive retninga er ein metafor ei strukturell kopling frå eitt domene (kjeldedomenet) til eit anna (måldomenet).<sup>5</sup> Via metaforiske koplingar nyttar vi oss av ein semantisk struktur som høyrer til eit spesifikt erfaringsfelt (kjeldedomenet) for

---

<sup>5</sup> Eit *domene* er eit omgrepsfelt som språkbrukarane oppfatar som samanhangande, og *kopling* er ei assosiasjonslinje som bind saman element i ulike domene, av somme kalla *tilordning* og på engelsk *mapping* (NORKOG og Språkrådet 2016).

å uttrykkje ei tyding som høyrer heime i eit anna erfaringsfelt (måldomenet). Helga Mannsåker utdjuvar bildespråket i nemningane:

Domenet som vert nytta til omgrepsleggjing, vert kalla **kjeldedomenet** (sidan dette er «kjelda» ein «ausar av» for å forstå det meir abstrakte/ukjende), domenet som vert omgrepsleggjort vha. kjeldedomenet, vert kalla **måldomenet**, sidan det er det som er «målet» metaforen «tek sikte på» å omgrepsleggjera. (Mannsåker 2017, 52f)

Metaforane hjelper oss å forstå komplekse og abstrakte saksforhold eller situasjonar gjennom dei sanselege erfaringane våre og måten vi opplever verda på, ved å samanlikne dei med konkrete handlingar eller gjenstandar (Lakoff og Johnson 1980; Kövecses 2010).

I kognitiv lingvistik er det vanleg å skrive namna på domena og omgrepsmetaforane med kapitel, og den vanlegaste formelen er A ER B, der A er måldomene og B er kjeldedomene, t.d. ABSTRAKTE HENDINGAR/TILSTANDAR ER KONKRETE HENDINGAR/TILSTANSENDRINGAR. Mannsåker (2010, 120) gjev oss døme på ein del sentale koplingar mellom mål- og kjeldedomene knytt til denne hendingsmetaforen:

MÅLDOMENE	KJELDEDOMENE
AKTIVITET	REISE
EKSTERNE HENDINGAR	STORE OBJEKT I RØRSLE
FRAMSTEG	REISERUTE/-TIDER
VANSKAR	HINDRINGAR
MIDDEL/METODE	STIG/VEG
MÅL	DESTINASJON/REISEMÅL
HANDLING	SJØLVGÅANDE RØRSLE
ÅRSAK	KRAFT
ENDRING	RØRSLE
TILSTAND	STAD/PASSERING

Tabell 1.2 Mannsåkers oppsummering av hendingsstruktursystemet

Omgrepsmetaforane i tabell 1.2 inngår som motivasjon for ei rekkje *metaforiske uttrykk*, som er dei språklege realiseringane av ein omgrepsmetafor. Dei er konvensjonelle i tydinga av å vere språklege uttrykk som har etablert seg med ei viss tyding i ein populasjon (jf. Nunberg, Sag og Wasow 1994, 492). Den bokstavlege tydinga (det som er sagt) til eit metaforisk uttrykk er tydinga som uttrykket har i kjeldedomenet, medan den biletlege tydinga (det som er meint) er tydinga som uttrykket har i måldomenet. Kwart av tydingselementa i den bokstavlege tydinga har



eit tilsvarende element i den biletlege tydinga, og det er ei rekkje koplingar frå kjeldedomenet til måldomenet. Metaforen VANSKAR ER HINDRINGAR i tabell 1.1 kan t.d. realiserast i metaforiske uttrykk som *vere ei tung kneik*, (*gå i motbakke* og *møte motstand*, illustrert i korpusbelegga (1:1–1:3) under. Døma inneheld òg gjengse omgrepsmetaforar som GOD ER LYS/DÅRLEG ER MØRK og LIVET ER EI REISE.

(1:1) For selv om utsiktene ser lyse ut fremover, er det ifølge industrien en **tung kneik** i høst og neste vår med slunkne ordrebøker flere steder. (Norsk aviskorpus, bokmål, 2002)

(1:2) Å kjempe for Mortens rett til å være Monica har vært en lang og spennende reise.

**Motbakkene** har vært mange og lange, forteller hun. (Norsk aviskorpus, bokmål, 2001)

(1:3) Ifølge avisa Firda **møtte** muslimane óg bastant **motstand** frå naboar, då dei prøvde å få eit lokale i eit forretningsbygg i Førde sentrum. (Norsk aviskorpus, nynorsk, 2007)

Frasane som er tema i denne avhandlinga, er i all hovudsak metaforiske uttrykk. Når denne gjennomgangen likevel tok utgangspunkt i omgrepsmetafor-teorien, handlar det om at dei fleste idiom er baserte på ein omgrepsmetafor:

[I]t is generally agreed that idioms, for the most part, are not frozen elements of a language and that they are usually arbitrary only from the point of view of their production, but not from the perspective of their understanding, because most of them are clearly motivated by underlying structures of knowledge. (Dobrovolskij 2006, 515)

Kognitivistane legg vekt på at idiomatiske frasar og ordspråk ikkje berre er språklege ornament som vi brukar for å pynte på språket vårt, men er ein del av språket som lettar kommunikasjonen, forankrar tekstleg samanheng og, ikkje minst, reflekterer dei grunnleggjande mønstera i måten vi menneske tenkjer på (Gibbs 2007, 697).

Det varierer altså i kva grad det er mogleg å analysere og kople idiom til varige metaforiske og metonymiske omgrepsstrukturar (Gibbs 2007, 697). Omgrepsstrukturane byggjer ifølgje Johnson (1987) og andre etter han på den erfaringa vi som menneske har med å ha ein kropp som interagerer med verda, der vi gjennom sansane våre i tidlege leveår dannar oss systematiske, undermedvitne omgrep. Desse første omgrepa som blir lagra, dannar grunnlag for resten av omgrepssystemet. Ein måte denne kroppsforankra erfaringa manifesterer seg på, er i form av *bildeskjema* av typen KONTAKT, BEHALDAR og BALANSE, strukturar som er generaliseringar over meir spesifikke mentale strukturar (Evans og Green 2006, 46). Koplingane mellom dei lingvistiske strukturane og omgrepsstrukturane gjer at idiom vanlegvis blir

---

oppfatta som lingvistiske teikn som iallfall delvis er transparente – og som dermed gjer at språkbrukarane forstår nokså godt kvifor idiom betyr det dei gjer (Dobrovolskij, Kühn og Norrick 2007, 789f), slik vi var inne på med *sleppe katta ut av sekken*. Men om det for den enkelte språkbrukaren er korrespondanse mellom den bokstavlege og figurative tydinga, avheng ikkje berre av støtta frå dei førnemnde *bildeskjema*, som språkbrukaren kan aktivere for å prosessere bokstavleg-figurative relasjonar, men dessutan av språkleg kunnskap, kulturell bakgrunn, konnotasjonar og stereotypiske assosiasjonar som bildesida av idiomet kan vekkje, konvensjonaliteten til det figurative uttrykket og analogi med andre figurative uttrykk (Kozak-Opsahl 2010, 41).

Innan fraseforskinga kan ein skilje mellom to retningar som brukar kognitive metodar: undersøkingar med psykologisk perspektiv og undersøkingar med lingvistisk perspektiv. Det psykologiske perspektivet, som har sitt opphav i kognitiv psykologi, er i all hovudsak ei empirisk tilnærming knytt til prosessering og forståing av idiom (Dobrovolskij, Kühn og Norrick 2007, 789). Psykolingvistiske forsøk har bidrege med mykje ny kunnskap om dei stort sett umedvitne prosessane som går føre seg når folk produserer og forstår konvensjonaliserte frasar, sjå t.d. Gibbs og Colston (2007) og Kozak-Opsahl (2010) for gode forskingsoversikter. Slike spørsmål er ikkje minst sentrale for dei som arbeider med bruk og forståing av frasar blant innlærarar av eit språk. Som ei nødvendig avgrensing av dette prosjektet kjem eg i svært låg grad inn på idiom i andrespråksinnlæring, forståing og tileigning av idiom og heile forskingsretninga med psykologisk perspektiv.

Denne avhandlinga byggjer dermed på det lingvistiske perspektivet, der det blir rekna som nødvendig å supplere dei kognitive metodane med reine lingvistiske metodar når ein forskar på frasar:

[The] linguistic perspective is regarded as an application of both cognitive and purely linguistic methods (such as semantic analysis, corpus queries, substitution tests) on a phraseological data whereby the cognitive heuristics are meant to extend the explanatory potential of traditional methods. (Dobrovolskij, Kühn og Norrick 2007, 789)

---

Korleis eg kombinerer perspektiva frå kognitiv lingvistikk med andre teoretiske tilnærningar kjem eg tilbake til i del 1.5.2. I valet av eit teoretisk rammeverk har det vore avgjerande at den kognitive lingvistikken i så stor grad opnar opp for å dra inn andre retningar og perspektiv, då dette rammeverket åleine ikkje kan gje svar på forskingsspørsmåla i avhandlinga.

Det avgjerande spørsmålet i fraseologisk teori er i kva grad den interne semantiske strukturen til eit idiom kan påverke korleis det oppfører seg pragmatisk, inkludert om det kan oppvise syntaktiske transformasjonar (Dobrovolskij, Kühn og Norrick 2007, 808). Kognitive lingvistar legg, som nemnt ovanfor, vekt på at idiom kan analyserast semantisk (også omtalt som at dei er *komposisjonelle*) dersom dei inneheld semantisk autonome komponentar med ei meir eller mindre sjølvstendig tyding i forhold til den samla tydinga, jf. avsnitt 2.6.2. Dobrovolskij nyttar det engelske uttrykket *to throw the baby out with the bath (water)* som døme på eit semantisk analyserbart idiom: «autonomous meanings can be ascribed to *baby* (meaning roughly ‘the good’), *throw out* (‘get rid of’) and *bath water* (‘a substance not needed anymore’)» (2007, 807). At språkbrukarar som kjenner idiomet, kan knyte komponentane til dei tilsvarande delane av tydinga, påverkar måten idiomet oppfører seg på pragmatisk, som ved modifikasjonar i dei leksikalske og grammatiske strukturane (sst.). Graden av semantisk analyserbarheit kan føreseie eller i det minste forklare typene av variasjonar eit idiom kan opptre med. Eigne observasjonar av variasjonar i den ytre forma til den norske varianten *kaste barnet ut med badevatnet*, i tillegg til den kognitive lingvistikkenes forskingsbidrag om at semantisk analyserbare idiom førekjem med leksikalsk og grammatisk modifikasjon, gjer at eg reknar frasen som eit svært veileigna eige forskingsobjekt i kapittel 6. Det at graden av semantisk analyserbarheit korrelerer med diskursiv fridom er det teoretiske bakteppet for at eg brukar ein semantisk analysemodell basert på kognitiv metafor-teori for å undersøkje uttrykksmessig variasjon.

Mange nyare fraseologiske studiar, også i nordisk samanheng, byggjer meir eller mindre eksplisitt på kognitiv lingvistikk, sjå t.d. Sköldberg (2004), Langlotz (2006), Horbowicz (2009), Kozak-Opsahl (2010), Rauset (2010a), Horinová (2013),

---

Prušková (2013) og Dziurewicz (2015). Det ser ut til å vere ein samanheng mellom dette teoretiske rammeverket og at idiom med ein kroppsdelskomponent går igjen som studieobjekt. Når den norske fraseologien generelt er så lite utforska som han er, og såpass mange delvis norske undersøkingar allereie har fokusert på kroppsidiom, har det vore eit poeng for meg å ikkje leggje for stor vekt på denne spesifikke idiomgruppa. I staden er fraseutvalet i denne avhandlinga basert på at dei skal kunne fortelje noko om ortografisk, morfologisk, leksikalsk og syntaktisk variasjon i og på tvers av målformene bokmål og nynorsk. Når det er sagt, er likevel frasar med ein kroppsdelskomponent ei av fleire grupper eg (med impulsar frå kognitiv lingvistikk) har valt å trekkje inn i frasesamlinga som ligg til grunn for kapittel 5.

Den kognitive lingvistikken er sterkt representert i utvalet av kjelder i teorikapittelet, særleg i delane om fraseologisk variasjon sett opp mot komposisjonaltitet og typar av figurativt innhald. Det er ikkje tilfeldig:

Perhaps the most important conclusion of the work on phraseology within the American psycholinguistic tradition is that fixed phrases, such as idioms and proverbs, may not be quite as fixed and noncompositional as many linguists and psychologists once thought, and to some small degree still do think. (Gibbs og Colston 2007, 819)

Dessutan bidreg kognitiv metafor-teori med eit omgrepsapparat og ein analysemodell som er avgjerande i kapittel 6. Det er nemleg først i arbeidet med *kaste barnet ut med badevatnet* at eg i detalj går inn på semantikk, og då treng eg eit semantisk omgrepsapparat til å kople variasjonen på.

### 1.5.2 Andre teoretiske tilnærmingar

Som gjort greie for ovanfor, meiner Dobrovolskij at den kognitive teorien utvidar det forklarande potensialet til andre lingvistiske metodar, men det er inga målsetjing i dette arbeidet å studere norsk fraseologi eksklusivt i eit kognitiv-teoretisk lys. Den kognitive metafor-teorien åleine kan ikkje gje svar på problemstillingane i dette prosjektet; norm og bruk-tilnærminga til den norske fraseologien krev eit breiare teoretisk og historisk fundament. Dessutan deler eg den leiande tsjekkiske leksikografen og fraseologen František Čermáks (2001, 2) syn på at ein må vere open for kva perspektiv ulike tradisjonar kan bidra med i møte med eins eige materiale.

---

Han meiner det er problematisk at ulike skular og retningar ikkje ser ut til å vere interesserte i kva andre kan bidra med av kunnskap om det felles studieobjektet idiom.

Leksikografien er ikkje eit teoritunget felt med eit sett av ferdigutvikla teoriar, men er av natur tverrdisiplinær og må trekkje vekslar på relaterte fagfelt (Adamska-Sałaciak 2019). Det ber også denne avhandlinga preg av, då forskingsspørsmåla krev ei brei tilnærming. Ved hjelp av litteratur om m.a. normering, fraseologi, språkhistorie, sosiolingvistik og ulike typar skrifter som tek føre seg god språkbruk i norsk, i tillegg til eigne empiriske undersøkingar, prøver eg å kome fram til innsikter om kva som spelar inn for at ein frase blir rekna som *institusjonalisert* i ei målform, dvs. om han blir gjenkjend, akseptert og brukt som ei leksikalisert eining i språksamfunnet (Fernando 1996, 3; Moon 1998, 7; Sköldberg 2004, 23). At eininga er leksikalisert betyr at ho har utvikla ei særtyding som ikkje lenger svarer til summen av ledda som inngår (Fjeld og Vikør 2008, 48) Avhandlinga har totalt sett ei slagside i favør av nynorsken. Det heng særleg saman med at purismen i nynorsken mot visse ord med dansk og tysk opphav skapar nokre ekstra utfordringar i normeringa, og dessutan med den nokså krevjande situasjonen som følgjer med å vere den minst brukte av to målformer. Det gjev seg ikkje minst utslag i vilkåra for å utvikle ei stø normkjensle.

Det er ei utfordring at det ikkje finst litteratur som gjer greie for fraseologisk variasjon i og mellom målformene, eller som ser på frasebruk i tråd med eller på tvers av normene i norsk. Eg må difor gå omvegen om litteratur om normer generelt og korleis dei blir utvikla, for seinare å sjå på korleis ulike normer i målformene gjev seg utslag i delvis ulik frasebruk. Den særeigne norske språksituasjonen med to målformer med stor indre variasjon gjer at eg legg større vekt på skriftspråklege normer og spenningsfeltet mellom norm og bruk enn det som har vore vanleg i nordiske fraseundersøkingar, enten dei er einspråklege eller dei har eit kontrastivt perspektiv, sjå litteraturgjennomgangen i kapittel 2. Det gjer at delar av avhandlinga, særleg undersøkinga i kapittel 4 om kvifor målformene delvis har ulikt fraseinventar, ikkje har same innretning som andre, meir reindyrka deskriptive frasestudier.

---

## 1.6 Gangen i avhandlinga

**Kapittel 2** er vigd fraseologien, og det blir innleia av ein gjennomgang av nyare nordiske fraseundersøkingar. Vidare kjem ein del med ulike definisjonar og typologi, og ein gjennomgang som viser at synet på fraseologisk fiksering og variasjon i stor grad har endra seg i den internasjonale litteraturen. Særleg vekt legg eg på samanhengane mellom variasjon og komposisjonalitet og mellom variasjon og figurativt innhald. Siste del av kapittelet handlar om den særnorske fraseologiske variasjonen innan ortografi, morfologi, leksikon og syntaks.

**Kapittel 3** handlar om materiale og metode brukte i breiddeundersøkinga i kapittel 5 og djupneundersøkinga i kapittel 6. I den første hovudbolken drøftar eg ordbøker som kjelder i fraseundersøkingar, og eg set opp ein typologi over ordbøkene som inngår i underøkingane og ser på korleis dei forhold seg til rettskrivingsnormene. Norske og særleg nynorske leksikografiske ressursar har i stor grad blitt utforma og brukte som normative reiskapar som skulle formidle kva som er brukande og ikkje, og eg ser nøyare på ordbøker som normkjelder. Den andre hovudbolken tek føre seg korpus som kjelde i fraseundersøkingar. Den gjer kortfatta greie for den korpuslingvistiske tradisjonen, og eg gjev eit oversyn over korpusa og tekstsamlingane som inngår i dei empiriske undersøkingane.

**Kapittel 4** søkjer å gje svar på kvifor bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien er to ulike storleikar, trass i at målformene er to realiseringar av det same språket. Det er ei samanstilling og drøfting av kjende fakta, men spesifikt retta mot det som kan ha konsekvensar for fraseologien i bokmål og nynorsk. Der normering og ordbøker i kapittel 3 handlar om fastsette normer, handlar kapittel 4 om utviklinga av dei internaliserte normene – i norsk fraseologisk samanheng kan ein seie at det er kjensla av om ein frase er brukande og ein del av det språklege reportoiret i ei målform. Kapittelet blir innleia av ei skildring av det ulike styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk og kva konsekvensar det har for dei som skriv på den minst brukte målforma. Den norske språkhistoria på 1800- og 1900-talet gjev svar på kvifor vi har to normalar med stor indre variasjon, og eg ser på ulike former for purisme og ulike

---

stilideal i bokmål og nynorsk for å prøve å finne svar på kvifor fraseinventaret delvis er så ulike i bokmålordbøker og nynorskordbøker – og truleg også i språkbruken ein kan observere i korpus. Kapittelet blir avslutta med ein del om ulike normagentar i bokmål og nynorsk, som med ulik styrke påverkar dei internaliserte normene til språkbrukarane i dei to målformene.

For å svare på kva som karakteriserer skilnadane mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien, går eg empirisk til verks. **Kapittel 5** er ei breiddeundersøking av norm (i ordbøker) og bruk (i korpus) i grupper av leksikalske fleirordseiningar i bokmål og nynorsk. Tematikane som blir tekne opp, er baserte på litteraturdelen av avhandlinga (kap. 2–4) og ei jamførande undersøking av fraseinnhaldet i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, og kapittelet blir ein slags test på om brukarane av dei to målformene brukar frasar i tråd med det ein kan vente ut frå språkhistoria, norm-situasjonen og puristiske ideal. Utgangspunktet mitt er at den mest interessante fraseologiske variasjonen i bokmål heng saman med ortografi og morfologi, medan mange av dei fraseologiske problemstillingane i nynorsk er knytte til leksikon og syntaks.

**Kapittel 6** er ein djupneanalyse av frasen *kaste barnet ut med badevatnet* basert på hypotetisk-deduktiv metode. Der ser eg på korleis frasen i bokmål og nynorsk opptrer med a) variasjon i mønsterfrasen (dynamisk, leksikalsk, morfologisk og syntaktisk variasjon), b) kreativ modifikasjon (med analysemodell basert på kognitiv metafor-teori) og c) avvikande bruk (med kontaminasjon, ellipse og bruk i poesi som døme).

**Kapittel 7** er eit avslutningskapittel der eg samanfattar teorikapittelet (kap. 2), den historiske og sosiolingvistiske oversikta i kapittel 4 og samanliknar funn i dei to undersøkingane i kapittel 5 og 6. Her ser eg òg på den praktiske og teoretiske verdien av avhandlinga og behov for vidare forskning.

---

## 2. Fraseologisk forskning

Dette teorikapittelet samanfattar viktige forskingsbidrag som eg meiner har relevans for norm og bruk-undersøkinga mi av eit utval av frasar på bokmål og nynorsk. Det tek føre seg arbeid som kartlegg norsk og nordisk fraseologi, ulike typar frasar og nemningar brukte om dei. Særleg vekt legg eg på undersøkingar og litteratur knytt til fraseologisk fiksering og variasjon generelt og særnorsk frasevariasjon knytt til målformene. Kapittelet består av fire delar.

Mengda litteratur, både med og utan leksikografisk vinkling, om fraseologi generelt og idiom spesielt er enorm, og det ligg langt utanfor rammene av dette prosjektet å skaffe seg oversikt over alle retningar og trendar. Med den klare vinklinga i dette arbeidet på spesifikt norske forhold meiner eg at mykje av den mest relevante litteraturen er å finne i den nordiske fraseforskinga. Innleiingsvis (del 2.1) kjem ein litteraturgjennomgang av ein del av dei mest sentrale norske og nordiske arbeida på feltet.

Fraseologien er eit villnis av termar. Verken dette arbeidet eller andre kjem til å kunne rydde opp i det, men alle fraseologiske undersøkingar må nødvendigvis gjere eit fraseologisk grunnarbeid for å avklare kva nemningar som skal brukast, og kva som blir lagt i dei i dei gjevne arbeida. Ein slik gjennomgang utgjer del 2 (2.2) av dette kapittelet.

For å seie noko om kva som utgjer forskjellen mellom fraseologien i dei to målformene, må ein studere den fraseologiske variasjonen som finst i og mellom dei. Difor handlar den tredje delen av dette kapittelet (2.3) om ein del sentrale verk som omhandlar fraseologisk fiksering og variasjon generelt. Her lener eg meg særleg tungt på forskingsresultat og innsikter frå den kognitive lingvistikken.

Den siste delen (2.4) handlar om dei fire områda som eg har definert som dei ein må undersøkje for å finne fram til den spesifikke målformvariasjonen i norske frasar: ortografi, morfologi, leksikon og syntaks i bokmål og nynorsk.



---

## 2.1 Tidlegare studiar av norsk og nordisk fraseologi

### 2.1.1 Norske einspråklege og kontrastive undersøkingar

Det er særleg to personar som har vore leiande i å beskrive dei norske frasane i ein leksikografisk kontekst: Ruth Vatvedt Fjeld og Lars S. Vikør. Saman gav dei ut innføringsboka *Ord og ordbøker* (Fjeld og Vikør 2008), der fraseologien kortfatta blir gjort greie for. Fjeld har dessutan publisert fleire artiklar der bokmålsfraseologien, inkludert kollokasjonar, er undersøkt (t.d. Fjeld 2009; 2015). For denne avhandlinga er det av særleg relevans at ho har skrive om og dokumentert korleis breidda av former i og delvis på sida av bokmålsnorma blir brukte, m.a. i frasar (Fjeld 2002; 2012; 2015). Vikør har skrive om behandling av fraseologien i *Norsk Ordbok* (Vikør 2008) og i einspråklege eittbandsordbøker på bokmål og nynorsk (Vikør 2009). Han har dessutan vore ein viktig premissleverandør til den norske normlitteraturen, m.a. med standardverket *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* (Vikør 2007).

Den norske fraseforskinga er av avgrensa omfang, sjølv om det dei siste ti åra har kome ein del interessante arbeid, der særleg idioma blir trekte fram som undersøkjingsobjekt blant dei faste frasane. Gyri Smørdal Losnegaard ved Universitetet i Bergen arbeider med eit datalingvistisk doktorgradsprosjekt om fleirordsuttrykk, med vekt på kategorisering og typologi. Gisle Andersen og Gunn Inger Lyse har utført korpusbaserte studiar av terminologi og fleirordsuttrykk basert på Norsk aviskorpus (NAK) (Andersen 2011; Lyse og Andersen 2012). Andersen (2020) har dessutan sett på norske einingar som har blitt rekna som fraselån frå engelsk, men der det like gjerne kan vere snakk om parallell utvikling i norsk og engelsk.

Av studentarbeid har Louise With (2007) gjort eit omfattande teoretisk studium av norske idiom, i kombinasjon med ei undersøking av bruken av idiom i avistekstar, i masteroppgåva *Idiomer under lupen. En teoretisk-empirisk studie av idiomatiske uttrykk i norsk*. Den avgrensa empiriske undersøkinga hennar av idiombruk i tre norske dagsaviser i éi veke viser at idiom er nokså sjeldan brukte i avistekst, men når dei blir brukte, er det ofte i variert form. Dessutan er ordleik på frasenivå eit ikkje sjeldsynt fenomen, særleg i avisoverskriftene. Andre masteroppgåver er Eszter

---

Horvatis (2005) datalingvistiske prosjekt *Automatisk gjenkjenning av norske kollokasjoner*, der eit idiom blir rekna som ein fast kollokasjon; Tone Rudi Olsen (2001) etterlyser i hovudfagsoppgåva *Leksikografisk behandling av frasar med overført betydning* ein meir konsekvent og einskapleg praksis når det gjeld korleis faste frasar blir handsama i ordbøker; ho brukar verbfrasar med overført tyding i *Bokmålsordboka* som materiale; Kathrine F. Finnøy (2012): «*Man kan ikke se gjennom fingrene uten UV-stråling*». *En kvantitativ forskningsstudie av idiomforståelsen hos ungdommer med norsk som morsmål* viser til at det har vore arbeidd lite med idiomforståing i norsk samanheng. Anne Goldens doktorgradsavhandling (2005) er eit viktig arbeid i den samanhengen: ei jamføring av metaforforståinga til tospråklege elevar og elevar med norsk som morsmål, basert på språket i lærebøker på ungdomstrinnet. Av mindre arbeid kan det nemnast at Elżbieta Dziurewicz (2015) har skrivne ein artikkel basert på ein korpusbasert analyse av utvalde norske idiom med *hjarte* som komponent.

I nyare tid har norske idiom i aukande grad blitt undersøkte i eit kontrastivt lys, som i Katarzyna Kozak-Opsahls (2010) doktorgradsavhandling *Polish idioms and their equivalents in Norwegian: A cross-linguistic analysis*. Sidan dette er det einaste ferdigstilte doktorgradsprosjektet eg kjenner til som til dels omhandlar norske idiom, går eg nokså grundig inn på funna. Med eit teoretisk rammeverk basert på kognitiv lingvistikk og kulturell lingvistikk ser Kozak-Opsahl på ulike grader av ekvivalens mellom polske idiom og deira norske motstykke, med særleg vekt på faktorar som bidreg til likskapar og forskjellar i leksikalsk struktur og bildespråk. Det viktigaste empiriske formålet med avhandlinga er å finne norske ekvivalentar til polske idiom, og dei sentrale teoretiske spørsmåla er ikkje berre kva ekvivalentar idioma har, men òg korleis dei er ekvivalente og kvifor. Materialet er delt inn tre hovudkategoriar: ei gruppe kroppsdelsidiom, ei gruppe med idiomkomponentar frå dyreverda og ei gruppe med kulturspesifikke idiom.

Dei undersøkte polske idioma som inneheld ein kroppsdelsmetafor og dei norske ekvivalentane deira viser eit vesentleg samanfall i *motivasjon* (det at det er ei kopling mellom den bokstavlege og figurative tydinga, som gjer at ei forståing av metaforen

eit idiom byggjer på, gjer tydinga til idiomet transparent (Kozak-Opsahl 2010, 41)), bildespråk og leksikalsk realisering. Dette funnet meiner Kozak-Opsahl stadfester at kroppsskjemaet knytt til metaforar (sjå del 1.5.1 for definisjon) og *metonymiar* (det at ein forstår eitt omgrep ved hjelp av eit anna omgrep frå det same domenet, i dette tilfellet at ein kroppsdel står for funksjonen til kroppsdelene) er positivt korrelert med sjansen for at det finst metaforiske uttrykk som utnyttar eit liknande bilde for den same tydinga i ulike språk (96). Arbeidet til Kozak-Opsahl støttar andre komparative idiomundersøkingar som finn at mange kroppsmetaforar er fellesstoff på tvers av språk, sjølv om dei ikkje nødvendigvis inneheld identiske kroppsdelar i kjeldedomenet. Eit slikt døme er *ha hjartet i halsen* ('vere svært spent eller redd'), som er ekvivalent med det engelske *have one's heart in one's mouth* (34ff og 138).

Generelt finn Kozak-Opsahl at dei fleste idiom, uavhengig av om kjeldedomentet inneheld kroppsdelar, dyr eller kulturelement, er *motiverbare*. Det vil seie at vi er i stand til å rekonstruere eller sjå føre oss ei mogleg kopling mellom det semantiske innhaldet og den leksikalske realiseringa, enten ved å spore ein underliggjande metafor eller trekkje inn utanomspråkleg kunnskap, t.d. om kulturen i språkmiljøet og om verda generelt (219). Eit funn som er relevant for kapittel 4 i avhandlinga mi, er at omgrepsdanninga bak idiom med kroppsdelskomponentar delvis er erfaringsbaserte, men at grad av ekvivalens ikkje berre heng saman med metaforiske strukturar og semantikk, men òg kulturelle forhold og språkspesifikke restriksjonar i konteksten idiom opptrer i (161). Dei kulturelle sidene ved kroppsdelsideoma utdjuvar ho slik:

[F]igurative language is influenced by the culture of its language speakers. The cultural scripts and stereotypes associated with body parts, the body language of the speech community or language-specific preferences in imagery of figurative expressions make for variants from language to language in body metaphors and idioms (Kozak-Opsahl 2010, 89).

Det er ein tendens til å snakke om idiom og dei faste frasane som språkspesifikke berarar av nasjonal kultur og historie, som ein slags språklege ornament. Ken Farø, som har arbeidd mykje med idiomkvivalens i språkparet tysk og dansk, hevdar at det ikkje finst kulturspesifikke idiom. Han meiner at mange fraseologar og leksikografar legg altfor stor vekt på bildespråket til idiom, og at ein må sjå på eit heilt spekter av andre ekvivalensaspekt (Farø 2004a, 89f). Farø har funne at idiom berre unntaksvis

---

blir brukte kreativt i skjønnlitteratur, og han meiner at vi difor først og fremst bør sjå på idioma som eit ordtilfangsfenomen ein tek i bruk fordi dei semantisk-pragmatisk passar i ein kontekst, ikkje nødvendigvis fordi dei potensielt har ei bildeskapande kraft, eller fordi dei er idiom. Mange av dei uttrykkjer med få ord eit komplekst semantisk forhold, og dermed fyller dei språk-økonomisk eit hòl i ordtilfanget. Dermed avviser han idiom som kulturberarar eller ei språkspesifikk visdomskjelde, som han meiner at det finst ein romantiserande tendens til å omtale dei som.

Kozak-Opsahl (2010, 215) har ei omvend tilnærming når ho skriv at ein kan seie at alle idiom er kulturspesifikke, då språk og kultur er så tett forbundne. Ho kallar fraseologien for skattkammeret til eit språk, som oppbevarer bilde av sosialt liv i tidlegare tider og historiske allusjonar, slik at dei reflekterer tankesett som på eit tidspunkt var gyldige i eit spesifikt språksamfunn. Mange idiom har teke vare på bilde av gamle skikkar og refererer til historiske hendingar og personar. Samfunn som deler kultur og historisk arv, kan ein difor vente har høg grad av samanfall av leksikalske komponentar i idiom-ekvivalentane. Eg meiner Kozak-Opsahl har eit fornuftig skilje mellom *kulturtilknytt idiom* om idiom som refererer til eller inkorporerer ulike aspekt ved kulturen i bilda, der eit *kulturspesifikt* idiom har ein spesiell representasjon av ein kultur som finst i eitt språksamfunn, men er fråverande i andre. *Kultur* blir i denne samanhengen forstått som summen av alle ideane om verda, inkludert oppdikta, mytologiske og andre idear, som er karakteristiske for eit samfunn (188). Om delvis ulik fraseologi i bokmål og nynorsk har eit kulturelt aspekt, blir tematisert i kap. 4.

Det har kome fleire kontrastive masteroppgåver om frasar i norsk og ulike slaviske språk, som Barbora Horinovás (2013) *Kroppsideomer i kulturhistorisk sammenheng. En sammenligning mellom norsk og tsjekkisk* og Jana Prušková (2013) *Kroppslige idiom i russisk, norsk og tsjekkisk: Med varmt hjerte og kaldt hode*. Det kan vere grunn til å dvelje litt ved korleis desse forskarane med ikkje-norsk bakgrunn skildrar den norske fraseforskinga med eit utanfråperspektiv. Kozak-Opsahl skriv: «In general, Norwegian linguistic and lexicographical research deals only marginally with idioms» (2010, 3); Paulina Horbowicz (2009, 179) går så langt som til å seie at

---

fraseologien er ein forsømt disiplin i norsk språkvitenskap, og ho meiner at det særleg er eit pedagogisk problem. Horinová (2013, 4) skriv at den tsjekkiske fraseologiske forskinga har ein lang tradisjon med František Čermák som leiande figur, medan den norske forskinga står i startgropa. Situasjonen blir stadfesta av Fjeld (2009, 103).

*Norsk* har i fraseologiske undersøkingar dessverre ein lei tendens til berre å bety bokmål, enten ein har eit einspråkleg norsk perspektiv (jf. Olsen 2001; Horvati 2005, With 2007; Finnøy 2012) eller studerer norsk fraseologi i eit kontrastivt lys. Grunngevinga kan vere at ein ønskjer å gå mest mogleg i djupna (Horvati 2005, 7), men på det jamne blir det ikkje problematisert i det heile. Faktisk kjenner eg ikkje til andre nyare arbeid enn mi eiga masteroppgåve (Rauset 2010a) som ser på den norske fraseologien i eit målformperspektiv, og den nynorske fraseologien er i svært liten grad forska på.

### **2.1.2 Andre nordiske einspråklege og kontrastive undersøkingar**

Frasetilfanget er i stor grad fellesstoff i Norden, og sidan fraseforskinga i nabolanda våre har kome eit godt stykke lenger enn i Noreg, er det gode grunnar til å trekkje inn studiar som har vore utførte der. Av einspråklege skandinaviske arbeid og komparative undersøkingar der eit skandinavisk språk er involvert, er det særskilt doktorgradsprosjekta til Emma Sköldberg og Oxana Steen som er relevante for prosjektet mitt, og som eg difor går meir detaljert inn på enn andre arbeid.

Sköldberg står bak fleire arbeid som er relevante for denne avhandlinga (Sköldberg 2001; 2006; Sköldberg et al. 2013), men særleg har avhandlinga *Korten på bordet* (2004) gjeve viktige impulsar. Der undersøker ho innhaldsmessig og uttrykksmessig variasjon i 36 idiom som blir innleia av eit verb med ulike typar komplement. Etter det eg kjenner til, er dette framleis den mest omfattande og systematiske nordiske fraseundersøkinga av semantiske faktorar, semantisk valens og semantiske roller. Analysane viser at litt under halvparten av dei undersøkte idiomane blir brukte med heller stor variasjon, medan litt over halvparten oppviser ein sterkt avgrensa semantisk variasjon i aviskorpuset som er nytta. Det er likevel inga skarp grense, men

---

eit kontinuum mellom idioma med stor, delvis og liten semantisk variasjon (2004, 164ff).

I andre halvdel av Sköldbergs undersøkning er det variasjon i den ytre forma til dei 36 idioma ho fokuserer på (199ff), og denne delen er særleg viktig for mi eiga avhandling. Dei undersøkte aspekta har tradisjonelt blitt trekte fram som trekk ved idiom der ein ikkje kan vente å finne mykje variasjon: numerus og bestemming, komparasjon av adjektiv og adverb, tempusbøying av verb, utskifting av leksikalske komponentar, innskotne og utelatne idiomkomponentar, ordstilling og konstruksjonstype. Idioma som Sköldberg undersøker, blir berre i avgrensa omfang varierte på uttrykkssida, og dei kan dermed seiast å vere relativt fikserte – om enn i ulik grad. Nokre idiom er sterkt fikserte, andre relativt fikserte og somme litt fikserte, og grensene mellom gruppene er ikkje skarpe (255ff). Dei minst fikserte uttrykka varierer på dei fleste punkt (260), og det råder eit visst implikasjonelt forhold mellom dei ulike formene for uttrykksvariasjon:

Om ett uttryck varieras beträffande numerus, varieras det i normala fall också vad gäller species (eller uppvisar åtminstone morfologisk variation som är kopplad till species). Om det varieras med hänsyn till species brukar det också kunna passiveras. De uttryck som passiveras brukar också drabbas av lexical variation. Och slutligen: om ett idiom uppvisar lexical variation kan det också som regel ha inskjutna bestämmningar i mitt material. (Sköldberg 2004, 258)

På den andre sida ser det ikkje ut til å vere nokon direkte samvariasjon mellom variasjon på innhaldssida og uttrykkssida til dei undersøkte idioma. Somme uttrykk som oppviser sterkt avgrensa semantisk variasjon, er også sterkt fikserte, men det finst òg semantisk svært einskaplege idiom som har låg grad av fiksering (294f).

Oxana Steen (2011) står bak avhandlinga *Idiomer af bibelsk oprindelse i moderne russisk og dansk avissprog. Kriterier for en videnskabelig, bilingval og produktionsorienteret idiomordbog*, ei fraseologisk undersøkning som òg har klar leksikografisk og fraseografisk relevans. Steen ser på i kva grad og korleis slike idiom i dansk og russisk liknar på og skil seg frå kvarandre i form, tyding og moderne bruk. Arbeidet blir innleia av ein teoretisk-metodisk del knytt til kontrastiv fraseologi. Relevant for avhandlinga mi er diskusjonen og bruken hennar av ein kombinatorisk

---

metode, der ho brukar både ordbokføringar og aviskorpus som empiriske kjelder til etablering av det idiomatiske kjeldegrunnlaget i dei to undersøkte språka. Omfattande kontekstdøme er den primære kjelda i undersøkinga, medan ordbøker er ei partiell kjelde som fungerer som utgangspunkt for etablering av ei oversikt over aktuelle idiom, som seinare blir verifisert eller falsifisert ved analysen av autentiske data (Steen 2011, 52ff).

I del 2, analysedelen, ser Steen på relasjonane mellom russiske og danske bibelidiom med omsyn til fem ulike ekvivalensaspekt: opphav, frekvens, uttrykks- og innhalds-sida, denotativt og til slutt konnotativt innhald. At Steen har eit dobbelt perspektiv der idiompara blir undersøkte både med tanke på det uttrykksmessige og innhaldsmessige planet, inneber at ho tek høgde for at sjølv minimale endringar i forma til eit idiom kan ha konsekvensar for overflate- og djupnesemantikken (121). Dette er eit viktig perspektiv i mi avhandling òg. Sjølv om eg definerer dei empiriske undersøkingane som variasjonsstudiar av ytre form, er det i djupneanalysen av *kaste barnet ut med badevatnet* ikkje mogleg å skilje formvariasjonen frå innhaldsvariasjon.

Del 3 i avhandlinga til Steen er den fraseografiske delen, som ho avgrensar til å bety den leksikografiske handsaminga av idiom (186). Det er ei kritisk undersøking av korleis danske og russiske idiomordbøker handsamar det idiomatiske stoffet sett i lys av funna av analysedelen. Steen kan peike på ei rekkje svake punkt ved idiom-beskrivinga i ordbøkene, og ho set sjølv opp ei rekkje kriterium for korleis stoffet bør handsamast i ei vitskapleg, produksjonsorientert bilingval ordbok.

Det finst sjølvstapt fleire nordiske forskarar og fagmiljø som arbeider med fraseologi, enn dei eg har trekt fram ovanfor. Fremst blant dei som har argumentert for ein generell leksikografisk teori er danske Henning Bergenholtz og Sven Tarp, som har formulert funksjonslæra, sjå t.d. Tarp (2006). I sentrum av denne teorien står optimalt brukarvennlege ordbokløyser som gjer at brukarane får tilfredsstilt behova sine så effektivt som råd, som eg var inne på i del 1.4.1. Ken Farø har publisert mange interessante arbeid om dansk fraseologi, ofte sett i lys av tysk, både i spesial-avhandlinga (Farø 2000), doktorgradsavhandlinga (Farø 2006) og artiklar (Farø 2003;

2004a; 2004b; Farø og Lorentzen 2009). I islandsk samanheng er Jón Hilmar Jónsson den leiande fraseologen både i praktisk og teoretisk forstand (sjå t.d. Jónsson 2005; 2009; Hannesdóttir, Jónsson og Tingsell 2010; Jónsson 2017). For fleire artiklar om ulike sider ved fraseologien i alle dei nordiske landa, sjå *Lexico-Nordica* 16 (Bergenholtz og Malmgren 2009) om ordsamband i nordiske ordbøker.

## 2.2 Definisjonar og avklaringar som gjeld fraseologien

### 2.2.1 Kva forskar ein på når fraseologien er studieobjekt?

Fraseologien er eit forskingsfelt i vekst, og tilnærmingane er mange:

Phraseology as a subdiscipline of the linguistic system is an expanding field of research and has attracted interest from many sides. Scholarly attention has been focused on the semantic and syntactic properties of phraseological units, on various approaches to their synchronic and diachronic description, on their pragmatic function in discourse, and, quite recently, on cultural peculiarities of idioms and phrases in the light of a cross-cultural and contrastive approach. (Gläser 1998, 125)

Alle som arbeider med fraseologi, må gjere eit terminologisk grunnarbeid, då ei og same nemning kan bli brukt om ulike referentar og same referent kan ha ulike nemningar i eit felt med lite konsensus om termene. Dei mange motstridande kategoriane og definisjonane av ulike typar frasar heng både saman med ytre faktorar, som ulike faglege utgangspunkt, og indre faktorar, som kompleksiteten i uttrykka. Ulike retningar vil prioritere ulike eigenskapar ved frasane når dei kategoriserer dei: Semantikarane vil primært vere opptekne av meininga, syntaktikarane av strukturane, sosiolingvistane av den reelle språkbruken, semiotikarane av symbolismen, psykolingvistane av prosesseringa o.s.v. (Moon 1998, 10). Kva nemning ein brukar, vil ofte uttrykkje kva eigenskap ved frasane ein legg vekt på: Kallar ein dei *faste frasar*, legg ein vekt på at dei ikkje kan varierast i særleg stor grad, medan termen *fleirordsuttrykk* understrekar at frasen består av meir enn ein konstituent (Corpas Pastor 1996, 19f; Sköldberg 2004, 19f).

Det terminologiske mangfaldet i fraseologien er både eit gode og ei utfordring: «This diversity is a source of richness, but it also hinders communication between linguists



and generally increases the impression of fuzziness in the field» (Granger og Meunier 2008, 28). Nokon einskapleg terminologi finst ikkje, og det kjem neppe nokosinne til å bli utarbeidd termar og definisjonar som er av ein slik art at alle kjem til å slutte seg til dei, på grunn av at ein legg vekt på ulike aspekt. Trenden innan både praktisk leksikografi og metaleksikografi er å ikkje basere seg på geografiske skilje eller ideologiske skular med stadig meir uklare grenser mellom seg, men å ta utgangspunkt i visse tilbakevendande spørsmål (Sköldberg 2004, 15). Målsetjinga med denne avhandlinga er ikkje å gje ei uttømmende framstilling av korleis ulike forskarar og retningar har brukt ulike termar, ei heller å kome fram til nye erkjenningar av kva idiom og faste frasar «eigentleg» er, men på forsvarleg vis kome fram til eigne definisjonar og avgrensingar som fungerer når eg skal undersøkje bruk versus normperspektivet i den norske fraseologien.

### 2.2.2 Einingar i fraseologien

Granger og Meunier (2008) peikar på at fraseologi i austeuropeisk tradisjon i hovudsak omfattar idiom og ordspråk, medan ein i vestleg tradisjon inkluderer eit mykje større spekter av uttrykk, slik vi t.d. ser det hos Andreas Langlotz: «Phraseology is the linguistic discipline that analyses phraseological, i.e. pre-established, constructions» (Langlotz 2006, 7). Alle desse pretablerte einingane har innanfor den angloamerikanske tradisjonen dessutan ein tendens til å bli omtala som *idiom* (i ei mykje vidare tyding enn i den austeuropeiske tradisjonen), jf. definisjonen til den kognitive lingvisten Zoltán Kövecses:

The class of linguistic expressions that we call idioms is a mixed bag. It involves metaphors (e.g., *spill the beans*), metonymies (e.g., *throw up one's hands*), pairs of words (e.g., *cats and dogs*), idioms with *it* (e.g., *live it up*), simile (e.g., *as easy as pie*), sayings (e.g., *a bird in the hand is worth two in the bush*), phrasal verbs (e.g., *come up*, as in "Christmas is coming up"), grammatical idioms (e.g., *let alone*), and others. (Kövecses 2010, 199)

I tysk er det er vanleg å rekne med at fraseologien i vid forstand har to eigenskapar (1–2), medan ein i snevrare forstand kan leggje til ein tredje:

- 1) **Polyleksikalitet** – frasen inneheld meir enn eitt ord.
- 2) **Fastheit** – vi kjenner frasen i akkurat denne kombinasjonen av ord, og i språksamfunnet blir han brukt som eit ord.

- 
- 3) **Idiomatisitet** – komponentane dannar ei eining som ikkje fullt ut kan forklarast av dei syntaktiske og semantiske regelmessigheitene i kombinasjonen. Undergruppa av frasar som fyller dette kriteriet, kallar vi idiom. (Burger 1998, 14f)

Etter det eg kan sjå, er det i nordisk litteratur vanlegare å bruke idiomomgrepet meir i tråd med den tyske tradisjonen, her representert ved Harald Burger, enn den vide angloamerikanske. Sidan det empiriske materialet mitt som skal representere norsk norm, er henta frå norske ordbøker, er målsetjinga i denne delen å få ei oversikt over kva som blir rekna som faste frasar, korleis dei blir avgrensa mot andre kategoriar, og kva som kjenneteiknar dei innanfor den leksikografiske tradisjonen. I hovudsak held eg meg til nordisk leksikografisk litteratur, då det er det nordiske perspektivet som har hatt sterkast innverknad på korleis idioma blir handsama i norske ordbøker.

I *Ord og ordbøker* reknar Fjeld og Vikør (2008, 110f) opp tre kategoriar i fraseologien: **leksikalske fleirordseiningar** (frasar som til saman har ei tyding som er forskjellig frå summen av dei enkelte orda i frasen, nærare bestemt idiom, ordspråk og bevinga ord: t.d. *lese nokon teksta* ('irettesetje nokon'), *ete kirsebær med dei store* ('innlate seg med sine overmenn')); **kollokasjonar** (hovudord (kalla *base*) + ord som basen gjerne trekkjer til seg (kalla *kollokator*) med ei tyding som har ein klar samanheng med tydinga av dei enkelte delane: t.d. *lese til eksamen*, *ete frukost*) og **konstruksjonar** (den lausaste typen ordsamband, som ofte førekjem på grunn av ein viss affinitet mellom orda på semantisk eller grammatisk grunnlag: *lese i ei bok*, *ete ei brødskiye*).<sup>6</sup> Inndelinga i *Ord og ordbøker* er i tråd med det kjende fraseologiske kontinuumet fri konstruksjon – kollokasjon – fast frase/idiom (jf. Barkema 1996b, 125), og nemninga *leksikalsk fleirordseining* byggjer på definisjonen av *flerordsenhet* i *Nordisk leksikografisk ordbok* (Bergenholtz et al. 1997, 118).

Idiom og dei andre leksikalske fleirordseiningane utgjer berre ein beskjeden del av den totale mengda frasar: Engelskspråklege undersøkingar basert på avistekstar og studentoppgåver viser at rundt 5 % er idiom, rundt 35 % er kollokasjonar, og dei resterande 60 % er frie konstruksjonar (Howarth 1998, 179, referert i Olsen 2001,

---

<sup>6</sup> Døma er henta frå Vikør (2008, 468).

15f). Svensén (2004, 206) skil mellom faste og ikkje-faste fleirordseiningar. Blant dei faste finn vi først og fremst idioma (altså det Fjeld og Vikør omtalar med hyperonymet *leksikalske fleirordseiningar*), og blant dei ikkje-faste skil han mellom frie kombinasjonar og kollokasjonar. Bergenholtz og Malmgren har ei litt annleis skildring av ordsamband i eit nordisk perspektiv:


I moderna nordiska ordböcker, både konstruktionsordböcker och allmänna ordböcker, skiljer man däremot ofta mellan fyra typer av ordförbindelser: idiom (inklusive ordspråk) eller "ogenomskinliga" uttryck (*kasta yxan i sjön* = ge upp), kollokationer eller fasta "genomskinliga" uttryck (*fatta beslut*), rutinformler eller "pragmatiska" uttryck (*ha det bra!*) och valensförbindelser (*ge någon något*). (Bergenholtz og Malmgren 2009, 1)

Fjeld og Vikør (2008, 111) avviser at valens er ein del av leksikologien eller fraseologien, men reknar det som ein del av syntaksen. Då valensen til eit ord er ein viktig eigenskap ved ordet, må han likevel skildrast i ein ordbokartikkel. Bibelen i nordisk leksikografi, *Handbok i lexicografi* av Bo Svensén, har denne inndelinga av dei faste ordsambanda (som i hovudsak svarer til dei leksikalske fleirordseiningane):

- 1) **idiom**: eit fast ordsamband med ei tyding ein ikkje kan lese ut av (eller ikkje er det same som summen av) tydinga til komponentane (t.d. *miste hovudet* og *krype til korset*) (Svensén 2004, 239)
- 2) **samanlikningsuttrykk**: ordsamband som inneheld ordet *som* ('liksom') (t.d. *som eit olja lyn* og *vere som hund og katt*)
- 3) **ordspråk**: heile setningar med generaliserande påstandar som har som funksjon å formidle vurderingar av eit allmenmenneskeleg slag (t.d. *morgonstund har gull i munn* og *lita tue kan velte stort lass*)
- 4) **rutineformlar**: einingar med spesiell kommunikativ funksjon i bestemte talesituasjonar (t.d. *no har eg aldri høyrte på maken!* og *god morgon!*) (Svensén 2004, 243f)

Måten dei leiande leksikografane Svensén, Bergenholtz, Malmgren, Fjeld og Vikør deler inn fleirordseiningane på, viser at det i nordisk samanheng er vanleg å rekne fraseologien som eit meir omfattande felt enn det som er undersøkingsobjektet i denne avhandlinga: dei leksikalske fleirordseiningane (det Bergenholtz og Malmgren omtalar med eit utvida idiomomgrep), men eg vel å bruke nemninga fraseologi om den snevrare gruppa (i tråd med at nemninga *frase* ofte blir brukt nokså snevert om faste ordsamband (jf. Bergenholtz et al. 1997, 124))

Tendensen til å rekne idiomkategorien som noko vidare enn berre idiom, ser vi hos fleire leksikografar: «Når man i ordbokssammenheng anvender sig av begreppet *idiom* åsyftas vanligen även andra typer av fasta ordförbindelser såsom liknelser, ordspråk och så vidare» (Hult 2010, 209). På tilsvarande vis skriv Fjeld i ein artikkel at ho byggjer på Svensén (2004, 206) sitt skilje mellom faste og ikkje-faste ordsamband, men at ho «kaller de faste forbindelsene idiom» (Fjeld 2009, 107). Ein modell utvikla til ei svensk konstruksjonsordbok tek høgde for denne språkbruken og sameinar fleire av perspektiva ovanfor (jf. Clausén 1993; Clausén og Lyly 1994; Lyly 1994; Clausén og Lyly 1995). Eg tykkjer modellen, som delvis er gjengjeven i figur 2.1, er til hjelp i å få oversyn over feltet og navigere i dei mange nemningane.



Figur 2.1 Clausén og Lylys faste frasar

Lyly (1994) legg vekt på at fellestrekket ved alle typar frasar er at dei er leksikalsk faste; det viser seg ved at det finst restriksjonar for kva ord som kan kombinerast med kvarandre. I tillegg til dei *faste frasane* i figur 2.1 inneheld Clausén og Lylys analysemodell for frasar eit nivå med *produktive frasar* av to typar: produktive syntaktiske konstruksjonar («syntaktiska mönster som anger vilka led som bör eller eventuellt kan fogas till ett uppslagsord») og opne kollokasjonar («syntaktiskt produktiva fraser där de ingående orden tenderar att uppträda tillsammans») (Clausén

---

og Lyly 1995, 24). Modellen fangar opp skiljet til Svensén mellom dei ikkje-faste og faste ordsambanda, og dei produktive frasane til Clausén og Lyly svarer direkte til kollokasjonane og konstruksjonane m.a. hos Fjeld og Vikør.

Dei faste frasane utgjer i denne analysemodellen ei stor og heterogen gruppe. Til felles har dei at dei er syntaktisk uforanderlege (med visse unntak) og semantisk ugjennomsiktige, og heile frasen dannar ein heilskap som refererer til noko anna enn det einskildorda antydar. Grensegangane mellom kategoriane er ikkje skarpe, og somme frasar representerer noko ein kan sjå som overgangsformer (Lyly 1994, 175). Det som gjer at eg tykkjer denne modellen er særleg avklarande, er at han reknar fleire faste frasar som del av ei større idiomklyngje (sv. *idiomkluster*), jf. observasjonane til Bergenholtz og Malmgren og Hult.

Idiomklyngja svarer til dei leksikalske fleirordseiningane hos Fjeld og Vikør, men set dei inn i ein større og meir nyansert kontekst. For å vise samanfallet mellom dei tidlegare nemnde nemningane og modellane og figur 2.1 kan ein seie at leksikalske fleirordseiningar svarer til *idiomklyngja*, som består av samanlikningsuttrykk (*liknelser*), idiom og ordspråk (*talesätt*; ordspråka er i Clausén og Lyly-modellen ein del av denne kategorien).

Rutineformlar/pragmatiske frasar/*samtalsfraser* er ein del av dei faste frasane, men som Clausén og Lyly ser eg ingen grunn å rekne dei inn blant frasane i den vidare idiomklyngja, sjølv om Svensén gjer det. Graden av komposisjonaltitet gjer rutineformlane til noko anna enn dei ikkje-komposisjonelle leksikalske fleirordseiningane, jamfør at Bergenholtz og Malmgren har dei som ein heilt eigen kategori. Det kan sjå ut til at det er fikseringsgraden og ikkje forskyving av tyding som har vore sentral for Svensén i oppstillinga hans.

### 2.2.3 Fleire omtalte nemningar

Det som i leksikografisk terminologi ofte blir kalla *leksikalske fleirordseiningar*, blir i allmennspråket gjerne kalla eit *fast uttrykk* (Fjeld og Vikør 2008, 114). I litteraturen elles finn vi eit vidt spekter av nemningar, og eg skal berre kort kome inn på nokre få

av dei her fordi dei blir brukte i litteraturen eg viser til. Sjølv brukar eg *fast frase* og ofte berre *frase* som synonym til *leksikalsk fleirordseining*, ikkje minst av pragmatiske omsyn, då det er kort og greitt. Som nemnt ovanfor kan ein òg finne støtte i litteraturen for ein slik bruk av *frase*-nemninga som synonym til eit fast ordsamband (Bergenholtz et al. 1997, 124). Felles for dei fleste definisjonar av faste frasar – eller *frasem*, som ofte blir brukt som eit hyperonym for alle typar «phrasal lexical items, figurative as well as nonfigurative» (Dobrovolskij 2006, 514) i tysk og austuropeisk tradisjon – er at dei er konvensjonaliserte fleirordseiningar i leksikon som viser ulike typar av formell og/eller semantisk irregularitet. Ekvivalentar til *fraseologisk eining* blir også brukte som overordna nemningar for leksikalske fleirordseiningar i ein del slaviske og tyske lingvistiske tradisjonar (Moon 1998, 5), og det kan vere ein av grunnane til at Kozak-Opsahl (2010) nyttar nemninga *phraseological units* i sin kontrastive studie av polske og norske idiom.

Ein av få som har skildra den moderne norske fraseologien, er den russiske leksikografen og leksikologen Valerij Berkov.<sup>7</sup> I *Norsk ordlære* (1997, 93f) brukar Berkov *idiom* som hyperonym, og dermed er idiom eit synonym til *fraseologisk eining* og *fraseologisme*:

Objektet for denne delen av leksikografien er fraseologiske enheter, eller idiomer, eller fraseologismer. Dette er enheter som i regelen består av to eller flere autosemantiske ord (ord med selvstendig betydning) og som karakteriseres ved fast sammensetning og en felles forskyvning i betydningen (dvs. ved at enhetens fellesbetydning ikke kan utledes fra de enkelte komponenters betydning). (Berkov 1997, 93)

Vidare deler han dei fraseologiske einingane inn i to grupper:

**1. Fraseologiske einingar av nominativ karakter:** Dette er syntaktisk ufullstendige biletlege uttrykk, dvs. idiom som uttrykkjer omgrep og er ekvivalente med eit setningsledd. Døme: *et levende leksikon*, *alle tiders* og *som sild i tønne*. Berkov kallar denne gruppa for ordtak. Basert på kriterium og døma Berkov gjer, ville denne gruppa i Svensén sin terminologi omfatte idiom og samanlikningsuttrykk, men i den

---

<sup>7</sup> Det er elles eit internasjonalt trekk at mange av dei tonegejvande fraseologane er framandspråksfilologar (Farø 2004b, 51).

grad ein skulle bruke ein fellesnemnar, hadde det truleg vore best å seie at denne gruppa omhandlar idiom i vid tyding, jf. idiomklyngja.


**2. Fraseologiske einingar av kommunikativ karakter:** Dette er syntaktisk fullstendige setningar med oppbyggjeleg meining, dvs. ordgrupper som gjev uttrykk for ei utsegn og er ekvivalente med ei heil setning. Døme: *en fugl i hånda er bedre enn ti på taket* og *Nu hvil deg borger, det er fortjent*. Berkov kallar dette ordspråk, og det meiner eg i hovudsak er korrekt, men det må peikast på at Berkov òg har plassert bevinga ord i denne gruppa (*Nu hvil deg borger* er frå eit dikt av Henrik Wergeland).

Todelinga til Berkov er fornuftig dersom ein ønskjer ei grovsortering av dei fraseologiske einingane, ein må berre sjå vekk frå at han kallar gruppe 1 for *ordtak*. Det er ei uheldig nemning som dei færreste utan vidare forstår då ho er i strid med norsk språkbruk. Sjølve todelinga til Berkov er derimot ein tradisjon som går tilbake til Ivar Aasen. I *Norske Ordsprog* (1856) skil Aasen mellom fullkomne og ufullkomne ordspråk. Dei fullkomne ordspråka er dei som gjev ei fullstendig meining uavhengig av konteksten dei blir brukte i, medan dei ufullkomne ordspråka (munnhell eller vedstev) er talemåtar som ikkje gjev full meining for seg sjølv, men treng å støtte seg til ein kontekst, t.d. *ha mange jern i elden*.

## 2.2.4 Oppsummering om fraseologien

Figur 2.2 oppsummerer aspekta eg legg vekt på ved fraseologien, og han foreinar perspektiv frå Clausén og Lyly (1995) og Berkov (1997). Modellen er prega av at studieobjekta i undersøkinga er det ein med ei todeling kan kalle *idiom* og *ordspråk* i vide tydingar, som saman svarer til dei *leksikalske frasane* hos Fjeld og Vikør (2008) og dei *faste fleirordseiningane* hos Svensén (2004).

Litteraturgjennomgangen har vist at det til dels har etablert seg ein praksis i nordisk leksikografisk tradisjon for å bruke idiomomgrepet vidare enn om dei reine idioma, men ikkje så vidt som i ein del andre språk. I arbeidet mitt omtalar eg dette som idiomklyngja. Når eg skriv idiom, meiner eg dei reine idioma, som ei snevrare einig.



Figur 2.2 Frasetylogien som ligg til grunn i denne avhandlinga

Samanlikningsuttrykk er syntaktisk og semantisk enklare enn idiom, meir komposisjonelle og føreseielege, medan reine idiom utgjer ei meir variert gruppe av ikkje-bokstavlege uttrykk med tanke på bildespråk og motivasjonen bak det semantiske innhaldet (Kozak-Opsahl 2010, 172f). Samanlikningsuttrykk har likevel så mykje til felles med idiom at det er naturleg å rekne dei som ein del av idiomklyngja.

Som døma hos Berkov illustrerte, er det i praksis òg vanskeleg å skilje ordspråka frå dei bevinga orda. Eg ser heller ikkje at det i alle tilfelle lèt seg gjere å klargjere om noko er eit ordspråk eller ein klisjé, og difor brukar eg idiomklyngja og ordspråksklyngja som to sekkestorleikar. I staden for å prøve å skilje skarpt mellom kategoriane er det eit poeng å vise at dei ofte overlappar. Som grupper har idioma og ordspråka til felles at dei, i større grad enn kollokasjonsklyngja, er ikkje-komposisjonelle, medan det som skil dei, er at ordspråksklyngja i større grad enn idiomklyngja er fullstendige setningar. Fiksering er eit grunnvilkår for begge: Frasar



---

er fleirordseiningar i leksikon, og som alle leksikalske einingar er dei relativt stabile i form og tyding (Dobrovolskij 2006, 514). Figur 2.2 illustrerer kva typar frasar som er tekne med i frasesamlinga mi som ligg til grunn for undersøkinga i kapittel 5: Der kan ein finne frasar som høyrer heime både i den raude idiomklyngja og den grøne ordspråksklyngja i figuren. Meir om det i del 5.1.2.

Kollokasjonsklyngja i figur 2.2 vil vere for upresis om det er den type frasar ein skal studere. Inndelinga i modellen er eit resultat av at eg ønskjer å gjere tydeleg kva typar frasar som fell utanfor denne studien, meir enn å ta mål av meg til å gje ein presis analyse av relasjonen mellom konstruksjonar og kollokasjonar. På same måte treng ein strammare definisjonar om ein berre skal studere éi undergruppe, t.d. reine idiom. Storleiken på gruppene i modellen seier sjølvstapt ingenting om kor mange frasar dei faktisk inneheld, då kollokasjonar og konstruksjonar utgjer rundt 95 % av alle frasar, som vist til ovanfor.

Vidare skal vi gå litt grundigare inn på dei to hovudkategoriane i denne avhandlinga: idiomklyngja i del 2.3 og ordspråksklyngja i del 2.4. I denne avhandlinga er det desse to klyngjene som utgjer den norske fraseologien (sjå definisjon i del 1.1).

## 2.3 Idiom og idiomklyngja

Barkema (1996b, 127) slår fast at i meir enn eit hundreår har majoriteten av lingvistar brukt termen *idiom* når dei refererer til eit leksikalisert uttrykk med idiosynkratisk tyding. Med andre ord har idioma ei særreiga tyding, då eininga har utvikla ei tyding som ikkje lenger svarer til summen av ledda som inngår.

Nemningane *idiom* eller *idiomatisk uttrykk* blir brukte om ei vending som er særreiga for eit språk, sjølv om slike i praksis ofte er fellesstoff på tvers av språkgrenser (Vannebo 2006, 8). Standarddefinisjonen kan uttrykkjast på fleire måtar, men det kokar generelt sett ned til to aspekt: a) idiom er uttrykk som består av minst to leksikalske einingar, og b) ein kan ikkje slutte seg til tydinga til frasen ut frå tydinga til enkeltkomponentane (dette blir omtala som at idioma er *ikkje-komposisjonelle*) (Barkema 1996b, 127). Vi kan sjå på nokre meir eller mindre heimlege døme på

definisjonar: Idiom opptretr langt på veg som sjølvstendige einingar i språket, uavhengig av dei orda dei består av, i motsetning til kollokasjonar, som er gjennomslittige (Fjeld og Vikør 2008, 224). Svensén peikar på dei same aspekta, men går litt djupare inn i kva han legg i dei:

Ett IDIOM brukar i allmänhet defineras som en fast ordförbindelse vars betydelse inte kan utläsas av (eller inte är lika med summan av) komponenternas betydelse. Idiomet uppfattas i regel också som en självständig lexikalisk enhet och inte som ett uttryck för en syntagmatisk egenskap hos något av de ingående orden. Det förekommer också att man anser ett idiom utgöra ett enda språkligt tecken, i motsats till exempelvis en kollokation, som består av två språkliga tecken. (Svensén 2004, 239)

Det at ein ser på idiomata som eit enkelt språkteikn, handlar om at komponentane har ei samla tyding, og at det oftast er heile frasen som blir modifisert i ein kontekst, ikkje enkeltkomponentane. Poenget blir utdjupa av Cruse (1986, 38): «[A]lthough idioms consist of more than one word, they display to some extent the sort of internal cohesion that we expect of single words. For instance, they typically resist interruption and re-ordering of parts». Neste idiomdefinisjon problematiserer dette ved å, heilt riktig, peike på at det varierer innanfor idiomkategorien i kva grad frasane er gjennomslittige og/eller fikserte, og kva syntaktisk rolle dei har, og det er dermed ein definisjon som beskriv den større idiomklyngja i figur 2.2 godt:

The term *idiom* may be defined as an institutionalized multiword construction, the meaning of which cannot be fully deduced from the meaning of its constituent words, and which may be regarded as a self-contained lexical item. [...] Beneath this broad definition are grouped a large number of different constructions that inhabit intersecting spectra of semantic opacity, compositional fixity, and syntactic function. (Ayto 2006, 518)

Ein annan grunn til at definisjonen til Ayto høver godt til å beskrive den norske idiomklyngja, er at han legg vekt på at frasen må vere *institusjonalisert*, m.a. at det må vere akseptert og i bruk mellom språkbrukarane av eit språk som ein måte det er mogleg å uttrykkje eit innhald på. Det er eit aspekt som i stor grad gjer seg gjeldande når ein skal studere kva frasar som er aksepterte i og på tvers av dei to norske målformene. Også fleire andre sentrale fraseforskarar har med institusjonalisering i idiomdefinisjonane sine. Til dømes er det eitt av tre hovudkriterium Rosamund Moon

(1998, 7ff) har for å avgjere om eit uttrykk skal reknast til «FEI» (*Fixed expressions and idioms*) i eit språk:

1. **institusjonalisering:** ein prosess som fører til at eit uttrykk eller ei formulering blir akseptert som ei leksikalsk eining i språket
2. **fiksering:** ordkombinasjonane må vere leksikogrammatisk faste (sjølv om det viser seg at ulike typar variasjon førekjem ganske ofte)
3. **ikkje-komposisjonaltet:** heile uttrykket har ei spesiell tyding som ikkje kan utleiast av tydinga til dei enkelte orda.

Moons kriterium gjeld fleire typar faste frasar i ein engelskspråkleg kontekst, og det kan vere opplysnande å sjå korleis Sköldberg i nordisk samanheng definerer eit prototypisk idiom:

Ett prototypiskt idiom är en institutionaliserad sammanställning av lexikaliska enheter och bildar som helhet en syntaktisk konstruktion, som utan att ha en huvudsakligen grammatisk eller textbindande funktion fungerar som en del av en mening eller sats, har relativt fixerad form samt en figurativ betydelse som inte är härledbar ur de ingående ordens betydelse. (Sköldberg 2004, 275)

I denne avhandlinga står ikkje funksjonen til idioma som eit sentralt punkt, men dei andre momenta i idiomdefinisjonen til Sköldberg er i tråd med mi eiga idiomforståing og dei andre definisjonane vi har sett på her. Når eg skal vurdere om ein frase er eit idiom, er kriteria at det er eit institusjonalt fleirordsuttrykk, det må vere eit setningsfragment (og ikkje ei fullstendig setning), forma er relativt fiksert, og tydinga er meir ikkje-komposisjonell enn i dei andre undersøkte frasane. Vi kjem tilbake til ei grundigare drøfting av idiomatisk fiksering i del 2.5 og idiomatisk variasjon i del 2.6. Basert på kriteria over, kan ein sjå at dei fleste frasane som er undersøkte i kapittel 5, er idiom, og slik eg ser det, utgjer idioma kjernen i fraseologien. Det speglar seg m.a. i at det ikkje er store avvik mellom desse kriteria og frasedefinisjonen i avsnitt 1.1. Så lenge eg som leksikograf har ønskt å undersøkje om føringane av frasar i norske ordbøker er i tråd med korleis frasane blir brukte av språkbrukarane, har det likevel vore viktigare for meg å ta utgangspunkt i nokre romslegare fraseklyngjer som femnar ulike typar frasar registrerte som faste uttrykk i ordbøkene, enn å snevert undersøkje idioma – trass i at trenden i mykje av den nyare fraseologiske forskinga har vore å fokuserere på idiom.

I idiomklyngja har eg teke med samanlikningsuttrykk som den andre hovudgruppa, ved sida av dei reine idioma. Ei anna nemning for samanlikningsuttrykka er *simile*. Det er ei samanlikning av éin ting med ein annan, oftast med *som* ('liksom'). Ein kan setje det opp som formelen «X som Y». Ofte er det som blir samanlikna (X) ein nokså fiksert del av frasen, som *full*, *gå* og *skarp* i samanlikningsuttrykka *full som ei alke* ('svært drukken (etter det vaggande ganglaget til alkefuglen)'), *gå som ei klokke* ('vere jamn og påliteleg') og *skarp som ein kniv* ('svært intelligent; heilt klar'). I andre samanlikningsuttrykk er X i mindre grad ein del frasen. Eit korpussøk på *som eit olja lyn* ('svært raskt') viser at X kan vere verb som *forsvinne*, *køyre*, *gå*, *kome*, *springe*, *fly* osv., ofte modifisert ved adjektiv som *kjapp*, *fort* og *rask*.

Samanlikningsuttrykka er setningsfragment og oftast meir komposisjonelle enn dei reine idioma. Moon (1998, 8) omtalar samanlikningsuttrykk 'similes', ordspråk 'proverbs' og faste vendingar 'sayings' som pragmatisk ikkje-komposisjonelle. I det legg ho at ordkombinasjonen kan dekodast komposisjonelt, men at eininga har ein spesiell diskursfunksjon. Ovanfor refererte eg Kozak-Opsahl (2010, 172f) som skriv at samanlikningsuttrykka er syntaktisk og semantisk enklare enn idiom. I materialet sitt har ho likevel samanlikningsuttrykk som grunna sitt rike bildespråk og sine komplekse tydingar hamnar blant dei ikkje-komposisjonelle og ikkje-bokstavlege uttrykka som ho kategoriserer som idiom. Dette stadfester at grensegangane er uklare, og at fraseklyngjer kan vere funksjonelle så lenge kategoriseringa ikkje er eit sjølvstendig poeng i ei undersøking. Eg meiner at døma eg gav ovanfor, illustrerer at det er ulikt kor ikkje-komposisjonelle eller sjølvforklarande samanlikningsuttrykka er (sjå òg Fjeld og Vikør 2008, 116). Som gruppe har eg plassert samanlikningsuttrykka nokså høgt oppe på komposisjonalitetsaksen i fig. 2.2.

Når eg har med *leksikaliserte frasar* som ein mellomkategori mellom kollokasjonsklyngja og idiomklyngja, handlar det om at ein god del kollokasjonar er mindre komposisjonelle enn ved første augekast. Eg ville ikkje rekna *god i senga*, *halde hus*, *kald krig* eller *stupe kråke* som idiom, men det er ikkje enkelt å analysere seg fram til kva dei tyder heller. Inspirert av Anward og Linell (1976) kallar eg slike kollokasjonar for leksikaliserte frasar, sjølv om dei brukar nemninga vidare enn eg.

## 2.4 Ordspråk og ordspråksklyngja

Eit ordspråk er ei fyndig og finslipt utsegn som har vore vanleg mellom folk, og som er lett å hugse (Almenningen 1999, 7). I den norske litteraturen blir same fenomen omtala som *ordtak*, *ordtøke*, *ordtam* og *ordstev*:

Det som særmerker *ordtøki* er nettupp at dei gjev lærdomen ei råkande, fyndig og klangfull form, so han vert lett å minnst; og denne formi som han hev krystallisera seg i, held seg då frå ætt til ætt. (Liestøl 1927, 33)

Det er vanleg å skilje mellom *bevinga ord*, som er seiemåtar og fyndord med kjend opphavsperson, ofte kjende forfattarar, politikarar og andre framståande kvinner og menn, og *ordspråka*, som ikkje kan koplast til ein enkeltperson.

Ordspråka rommar levereglar og livsvisdom. Sidan dei ofte har vandra frå land til land og er av ubestemmeleg alder, set dei gjerne ord på ei allmenn, menneskeleg erfaring:

[The main characteristic of proverbs] is that they convey some accumulated experience or generalized observation or that they give advice; they convey this meaning usually in a metaphorical way, and their situation in the text is usually that of a quotation. (Zgusta 1971, 152f)

Dei generaliserande påstandane har som funksjon at dei skal formidle visse vurderingar av allmennmenneskeleg karakter (Svensén 2004, 244). Dei moralske levereglane gjev uttrykk for visdom og livserfaringar som folk har gjort seg gjennom tidene, komprimert ned i ei knapp, presis og smidig form (Almenningen 1999, 9). I litteraturen blir dette omtala som *modaliteten* til ordspråka.

Olaf Almenningen gjer ei kopling mellom ordspråk og dialekter. Sjølv om det same ordspråket kan ha lokale variasjonar i ord og uttrykksmåte, legg han vekt på at det alltid er «ein ledig dialektvip over det» (1999, 7). Det er likevel vanleg å rekne forma til ordspråka som meir fiksert enn andre frasetypar; Bo Svensén reknar dei som grammatisk «nästan helt stelnade» (2004, 244), og det er ikkje uvanleg å sjå på dei som ein type formlar (Nesse 1998, 126).

Innhaldet i ordspråka er formidla i ei poetisk form, der rim og rytme spelar ei sentral rolle. Det er vanleg å rekne med at ordspråka utgjer ei fullstendig setning, jamfør den andre frasetypen til Berkov ovanfor, og det brukar eg i denne avhandlinga som eit viktig kjenneteikn når eg skal skilje idioma frå ordspråka. Modaliteten er eit anna, og for det tredje er ordspråka meir gjennomsiktige enn idioma. Sjå òg Farø (2003) for ein grundigare språkvitskapleg diskusjon av ordspråka. Den som truleg har gjort det mest omfattande arbeidet på ordspråk i Norden i nyare tid, er Andreas Widbäck (2015) om bruken av ordspråk i svensk dramadialog. Av nyare internasjonal forskning kan særleg *Introduction to Paremiology: A Comprehensive Guide to Proverb Studies*, redigert av Hrisztalina Hrisztova-Gotthardt og Melita Aleksa Varga (2015), trekkjast fram.

I figur 2.2 har eg plassert ordspråksliknande frasar mellom idiomklyngja og ordspråksklyngja. Ofte førekjem ordspråk i ei elliptisk, dvs. forkorta eller ufullstendig, form. I staden for fullforma *den som kjem først til mølla, får først male* ('den som kjem først fram, får noko først') er det mange korpusdøme på at språkbrukarane berre alluderer til ordtaket og brukar *først til mølla* som ei eining, som i dette bruksdømet frå *Nynorskordboka*: «det er berre 200 billetter, så her gjeld det å vere først til mølla». Dei ordspråksliknande frasane kjem vi tilbake til i kapittel 6, då (*ein skal ikkje*) *kaste barnet ut med badevatnet* høyrer til denne kategorien.

Plasseringa av klisjear i figur 2.2 er diskutabel. Reine idiom og samanlikningsuttrykk kan òg bli oppfatta som forslitne og sjølvsegde klisjear. T.d. oppgjev Fjeld og Vikør (2008, 117) *stolt som ein hane* som ein klisjé, samstundes som dei strekar under at nemninga er sterkt normativ og ofte upresist brukt for å markere at ein mislikar ei bestemt frase. Når eg har plassert kategorien i ordspråksklyngja, langt nede på komposisjonalitetsaksen og langt ute på aksen for dei fullstendige setningane, er det med tanke på meir slagordsprega einingar, som eg trur det er enklare å oppnå semje om er forslitne (jf. Atkins og Rundell (2008, 167) som har slagord, men ikkje klisjear, som ein frasetype). Loreal-reklamen *fordi du fortener det* har lenge vore brukt som ei sjølvstendig eining i norsk, mellom anna som tittel på ein CD, bøker og bilde og påskrift på koppar, så til dei grader at frasen er utbrukt.

## 2.5 Leksikogrammatisk fiksering

*Faste frasar* blir i denne avhandlinga brukt om frasetypene ein finn i idiomklyngja og ordspråksklyngja i figur 2.2, og i denne delen skal vi sjå på litteratur om fiksering og variasjon i faste frasar generelt og idiom spesielt. Dei ulike nemningane som blir brukte, speglar den manglande felles terminologien innanfor fraseologien.

*Fiksering* er ein sentral eigenskap ved dei faste uttrykka (Moon 1998, 120). Strässler (1982, 24) definerer fiksering som syntaktisk irregularitet. I det legg han at ein ikkje utan vidare kan skifte ut ord med andre ord (det er manglande paradigmatiske regularitet), og ein kan heller ikkje utan vidare gjere syntaktiske endringar (det er manglande syntagmatiske regularitet). Ei vanleg oppfatning har vore at om ein frase er *fiksert*, *frosen* eller *forsteina*, kan forma hans ikkje endrast på, dvs. at enkeltord i frasen ikkje kan erstattast med synonym, og ordstillinga blir sjeldan endra på:

[I]diomer har som et av sine kjennetegn at de er mindre føyelige enn mange andre elementer i språket, og i faglitteraturen hevdes det derfor at de kan forstås som mer eller mindre «forsteinede» deler av språket. Dette innebærer at de beholder sin form, og ofte også betydning og bruksmønster, over tid, selv om ordene de inneholder skulle forsvinne ut av språket eller begynne å bety andre ting. (Kjøll 2017, 58)

Idioma blir sett på som sluttpunktet i ein historisk prosess der ordkombinasjonar etablerer seg gjennom stadig gjenbruk, gjennomgår ei figurativ utviding og til slutt blir *forsteina* (Cowie 2008, 164). Det er ein lang tradisjon for å setje dette i samband med Saussure-dikotomien *langue/parole* (de Saussure [1916] 2011): «Every idiom is the result of a personal innovation at a particular point of time (*parole*). An idiom created in this way is then taken up by the community and becomes in time part of the common currency (*langue*)» (Fernando og Flavell 1981, 4). Og når idiomet har blitt ein del av leksikon, eller *langue*, har det konsekvensar for kor mykje ein kan endre på det. Ordkombinasjonen *få kalde føter* kan vere ein fri kombinasjon og eit idiom. Har vi med den frie kombinasjonen å gjere, er tydinga bokstavig, og ein kan fritt byte ut komponenten *føter* med t.d. *øyre* eller *fingerar*, men har vi med idiomet å gjere, har det overført tyding ('gå tilbake på noko ein tidlegare har bestemt seg for fordi ein har blitt usikker på følgjene'), og normalt kan ein ikkje byte ut

komponentane på tilsvarande måte; frasen er fiksert (Svensén 2004, 241). Den tyske nemninga er *Festigkeit*: «wir kennen den Phraseologismus in genau dieser Kombination von Wörtern, und er ist in der Sprachgemeinschaft – ähnlich wie ein Wort – gebräuchlich» (Burger 1998, 14). Ofte reflekterer ordbøker og idiomsamlingar synet på frasar som fikserte einingar ved at mange frasar berre er førte opp med éi form.

Mange har lagt stor vekt på dei idiomatiske restriksjonane, og argumenta har gått både på leksikalske og grammatiske aspekt: *Leksikalsk* har det vore hevda at eit fellestrekk ved leksikalisererte fleirordseiningar er at substitusjon ikkje er mogleg: Ein kan ikkje byte ut, trekkje frå eller leggje til enkeltord utan at tydinga går tapt (Zgusta (Zgusta 1971, 144f).<sup>8</sup> Ein kan ikkje *få kaka* eller *ta litt av kaka*, noko *tek kaka* om ein ønskjer å uttrykkje at noko overgår alt. Alan Cruse hevdar at idiom ikkje overlever substitusjon av nokon av dei inngåande konstituentane med synonym eller nærsynonym (Cruse 2000, 74). Vidare har det vore hevda at ein ikkje kan leggje til leksikalske bestemmingar til enkeltledda (Anward og Linell 1976, 87; Cruse 1986, 36), og argumentet er at så lenge frasane har tydingseigenskapar som heng saman med frasane som heilskap, kan ikkje dei einskilde komponentane modifierast fritt av leksikalske bestemmingar, sjølv om heile frasen fint kan det: «For instance, the typical function of an adjective is to restrict or modify in some way the meaning of the noun it modifies. But if the noun has no meaning, it is scarcely surprising that appending an adjective to it should be anomalous» (Cruse 2000, 74).

Når det gjeld *morfologien*, viser idioma klare restriksjonar når det gjeld å bøye konstituentane; Svensén (2004, 240) peikar på at ein sjeldan kan endre bestemming og numerus, men at tempusvariasjon er mogleg i dei fleste idiom. Adjektiv i frasar kan ikkje gradbøyast (Anward og Linell 1976, 87). *Syntaktisk* har ein lagt vekt på at frasar har sterke restriksjonar når det kjem til variasjon i ordstilling og konstruksjonstype (Anward og Linell 1976, 85; Bergenholtz et al. 1997, 118; Fjeld og Vikør 2008, 114). Ein kan ikkje seie *\*på fromme og lykke*, frasen er *på lykke og*

<sup>8</sup> At ein frase er leksikalisert, betyr at han har vore gjennom ein prosess som endar med at han blir ein institusjonalisert del av eit språk og utviklar si eiga spesialiserte tyding eller sin eigen funksjon (Moon 1998: 36).



---

*fromme* ('(gjere noko) på vona, på slump, som vågnad'). Det inneber ei oppfatning av at idiom t.d. ikkje tillèt syntaktiske transformasjonar som passivisering og topikalisering (Cruse 2000, 73). Det tradisjonelle synet har vore at dei enkelte komponentane ikkje kan bytast ut eller endrast på utan at idiomet fell frå kvarandre og blir til noko anna enn eit idiom (jf. Farø 2004b, 60). Ein meinte at brot mot den gjengse forma til eit idiom fører til at uttrykket blir tolka bokstavleg og ikkje idiomatisk – dersom ei slik tolking er rimeleg.

Det har vore ei gradvis endring i synet på idiomatisk fiksering, og i dag er det vanleg å leggje større vekt på at idioma viser større grad av både formell og semantisk fleksibilitet enn ein tradisjonelt har rekna med (Langlotz 2006, 10). Hovudinnsikta er at somme idiom kan ein variere, andre ikkje: «Att idiomet är en fast ordförbindelse borde i princip innebära att det är oföränderligt. Detta är dock i högsta grad en sanning med modifikation. Många idiom är visserligen frusna till formen, men det finns också många som är variabla» (Svensén 2004, 240). Fiksering er på linje med komposisjonaltet og metaforiseringsgrad ikkje ein kategorisk eigenskap, men eit gradsfenomen; den leksikogrammatisk variabiliteten i idiom «range[s] from the virtually unchangeable to those that allow restricted variation» (Fernando 1996, 11). Korpusundersøkingar i mange språk har nemleg vist at det finst visse idiomatiske mønster, preferansar og restriksjonar, på same tid som dei viser at variasjon er mykje vanlegare enn somme modellar legg til grunn (Moon 1998, 7).

La oss sjå på to engelskspråklege døme. I ei ofte referert undersøking gjort av Rosamund Moon viser det seg at rundt 40 % av dei 6776 undersøkte faste uttrykka har formvariasjonar i autentisk bruk i eit korpus med 18 millionar ord. Rundt 14 % har to eller fleire variasjonar i den kanoniske forma. Konklusjonen hennar er at variasjon er eit veldig vanleg fenomen, og ho viser til undersøkingar i svensk, dansk, italiensk og tsjekkisk som viser det same (Moon 1998, 121). Hank Barkema stod bak ein studie av 2174 leksikaliserte substantivfrasar med 50 000 førekomstar i eit korpus på 20 millionar ord. Han operasjonaliserer fleksibilitet som gjennomsnittet av variasjon per førekomst: «We define 'flexibility' as the number of morphosyntactic variations (additions, term selections, permutations, and interruptions) which the

---

tokens of a type together had in the corpus, divided by the number of tokens of this type» (Barkema 1996a, 71). Heile 76,5 % av frasane i denne undersøkinga var fleksible, dvs. hadde minst éin førekomst i variantform, og majoriteten av førekomstane var i grunnforma (63,3 5%). Konklusjonen han dreg av dette, er at dei fleste leksikaliserte frasane er fleksible, men at *graden* av fleksibilitet var heller låg. Majoriteten av frasane (63,4 %) hadde mellom 0 og 1 variasjon i gjennomsnitt.

I nyare idiomdefinisjonar er det ikkje uvanleg at fiksering ikkje er med som ein kjerneeigenskap ved idioma. Chitra Fernando slår fast at dei tre hyppigast nemnde trekka til idiom er *compositeness* (at idioma er fleirordsuttrykk), *institutionalization* (idiom er konvensjonaliserte uttrykk, og konvensjonaliseringa er sluttresultatet av eit opphavgleg ad hoc og nyskapande uttrykk) og *semantic opacity* (tydinga til eit idiom er ikkje summen av konstituentane som inngår. Med andre ord er idiom ofte ikkje-bokstavlege) (Fernando 1996, 3). Det samsvarer godt med idiomdefinisjonen til den erfarne leksikografen John Ayto, som eg òg viste til i avsnitt 2.3, der han definerer idiom som institusjonaliserte fleirordsuttrykk med ei tyding ein ikkje fullt ut kan slutte seg til ut frå orda som inngår, og som ein kan sjå på som ei sjølvstendig leksikalsk eining. Men han knyter det heile òg opp mot fiksering som eitt av fleire *potensielt* kryssande aspekt, saman med semantisk ugjennomsiktigheit og syntaktisk funksjon (Ayto 2006, 518).

Ayto skriv vidare at dei fleste idiom som fungerer som verb eller substantiv, kan opptre med bøyingsvariasjonar som er normale for ordklassa deira: Verb kan tempusbøyast, og substantiv kan stå i fleirtal. Likevel er det mange idiom med grammatiske restriksjonar, og dei er i varierende grad i stand til å bli forandra, få tillegg eller endre ordstilling. Det er berre dei mest fikserte idioma som ikkje tillèt passivering og andre standard transformasjonar, mens andre ikkje har slike syntaktiske restriksjonar (519). Eit sentralt poeng er at ulike idiom toler ulike mengder og typar av variasjon. Med andre ord peikar Ayto stort sett på dei same

trekka som mange andre forskarar som er refererte i denne delen om leksikogrammatisk fiksering, men i det eg meiner er ei meir moderert utgåve.<sup>9</sup>

Slike nye innsikter speglar seg i at det no er vanleg å skildre den faste forma til idiom og andre faste frasar som *relativ* (t.d. Burger 1998, 25; Sköldberg 2004, 25; Dobrovolskij 2006, 514; Kozak-Opsahl 2010, 1). Dermed er det ikkje uvanleg å støyte på formuleringar som denne: «[I]dioms must be fixed in their lexical structure (however, this does not exclude a certain variation)» (Dobrovolskij 2006, 515). Sköldberg (2004, 176) formulerer dette som *grunnregelen om fiksert grammatisk form*, og i det ligg det som eit vilkår at ikkje alle idiom følgjer regelen. Somme brukar nemninga *infleksibilitet* (Nunberg, Sag og Wasow 1994, 492) eller *invariants* (Fernando 1996, 39) for å skildre at idioma berre kan opptré i eit avgrensa tal syntaktiske konstruksjonar, og i same gate har vi Barkema (1996a, 70) som slår fast at det er typisk for leksikaliserte frasar at dei har *avgrensa fleksibilitet*. Andre igjen føretrekkjer nemninga *relativ syntaktisk og semantisk stabilitet* framfor *fiksering* (t.d. Gläser 1998, 125). Denne stabiliteten heng saman med at idioma stort sett kjem i ei *prefabrikkert form*: «Phrasemes are stable by definition: as soon as an expression has become conventionalized, it will be reproduced in discourse as a prefabricated unit of language» (Dobrovolskij 2006, 514). Vi memorerer idiom og andre frasar som heilskapar, og det gjer at fleire av komponentane, om ikkje alle, ikkje fritt kan bytast ut eller byggjast ut (sjå t.d. Cowie 2008, 163; Vulchanova, Vulchanov og Stankova 2011, 143).

Så langt har denne delen om leksikogrammatisk fiksering mest handla om dei ulike nemningane som er brukte, og at det har vore ei dreing frå å kalle frasane fikserte og identifisere restriksjonane til å sjå på fikseringa som relativ. Uavhengig av nemningane ser det ut til å vere konsensus om at det er noko gjentakande og etablert som gjer frasane til frasar, samstundes som det i stor grad varierer kor faste frasane

<sup>9</sup> Ayto skriv ut frå den angloamerikanske tradisjonen, der *idiom* blir brukt om det som i tysk og russisk tradisjon ofte blir kalla *frasesem*: ei sekkenemning for alle slags faste frasar. Ayto inkluderer både partikkelverb som *shut up* ('klappe igjen') og *put up with* ('finne seg i') og konstruksjonsidiom som *what is X doing Y?* (*What's that muddy boot doing on the table?*) blant idioma. Gjengs nordisk idiomforståing ligg tettare på den snevrare tyske og russiske, og dette kan til ei viss grad spele inn på kor mykje idiomatisk fleksibilitet ein kan rekne med.

er. Og det er takka vere den semantiske og formelle fikseringa at vi i det heile kan diskutere variasjon i fraseologiske einingar (Corpas Pastor 1996, 233; Sköldberg 2004, 175) – som er tema i del 2.6. I resten av denne delen skal vi sjå nærare på nokre konkrete forskingsprosjekt og kva dei seier om leksikogrammatisk fiksering.

Diakront er idiom ikkje meir fikserte enn andre element i leksikon verken når det gjeld dei inngåande komponentane eller semantisk (Ayto 2006, 519), og variasjon blir av somme rekna som ein leksikalsk eigenskap som er bygd inn i ein del idiom. Farø går så langt at han hevdar at idioma i større grad enn enkeltord er tilbøyelege til å forandre både form og innhald, særleg på grunn av tre innebygde trekk: *ikonografien* – det mentale bildet dei fleste menneske kan danne seg når dei høyrer eller les eit idiom, samstundes som dei forstår den konvensjonelle tydinga til idiomet, *referansesvakheita* – at idioma generelt er semantisk vage sidan dei er prefabrikkerte skjema med varierende innhald, og *polyleksikaliteten* – som gjev seg utslag i eigentleg variasjon (ved at ein kan skifte ut, leggje til og kutte ut enkeltord i frasen), bevisst modifikasjon og ubevisst kontaminasjon (Farø 2004b, 58ff).

Chitra Fernando (1996) løftar idiomstudiet ut av domenet til frasen og setninga og ser på funksjonen til idioma – kva formål dei tener – i ein kommunikasjonskontekst. Tilnærminga hennar er basert på Michael Hallidays *systemic functional linguistics* (SFL) når ho deler dei faste uttrykka inn i tre grupper etter kva språkleg funksjon dei har i kommunikative kontekstar. I prosjektet mitt er det mest relevant å sjå på dei såkalla *ideasjonelle idioma*, som er den gruppa hos Fernando som svarer til det vi ofte kallar dei *reine idioma* (eng. *pure idioms*). Dei ideasjonelle idioma bidreg til innhaldet i ein diskurs, i tillegg til at dei i større grad enn andre kan inngå i ordspel. Fernando legg vekt på skiljet mellom den konvensjonelle måten å bruke språket på og den innovative ad hoc-måten som kontinuerleg er med på å forandre og fornye språket. Ideasjonelle uttrykk representerer på den eine sida ein av dei mest konvensjonaliserte måtane å bruke språket vårt på; på den andre sida opnar dei for språkleg kreativitet på høgt plan: «Ideational idioms are conventionally used [...], but they also bring out homo ludens in the language-user, the urge to play on words in novel ways much more often than other types do, revitalizing both language and the

passing moment» (Fernando 1996, 243). Dei er informasjonspakkar som med ulik grad av kompleksitet fungerer som minikommentarar om verda og verdslege fenomen, men som ikkje er ein nødvendig del av vokabularet vårt, noko som gjer at dei blir særleg mykje brukte av folk som lever av å skrive: journalistar, skribentar, underhaldarar osv. Basert på dette kan vi altså forvente å finne mykje språkleik og kreativ bruk av idiom generelt, og då særleg blant profesjonelle skribentar.

Jan Anward og Per Linell har ei oppsummering om forskjellen på komponentane i fleirmorfemiske leksikalske einingar og syntaktiske (ny)konstruksjonar som er både oversiktleg og oppklarande:

<i>Syntaktisk nykonstruksjon</i>	<i>Lexikal enhet</i>
Varje enskild konstituent...	Varje enskild konstituent...
(a) kan potensielt ha sitt fulla (och 'bokstavliga') informationsvärde och kan användas på ett maximalt varierat sätt för att kommunicera olika meddelanden;	kan inte exploatera sin betydelse fullt ut och kan inte syntaktiskt varieras i någon större utsträckning;
(b) kan självständigt referera till någon specifik komponent (objekt, aspekt, relation etc.) i den situationella betydelsen;	kan inte ha egen referens;
(c) kan böjas fritt;	kan inte böjas fritt;
(d) kan fritt modifieras av lexikala bestämningar;	kan inte modifieras fritt;
(e) kan befrågas, negeras och affirmeras;	kan inte fritt befrågas, negeras och affirmeras;
(f) kan ofta stå på olika ställen i meningen (ordföljdsvariationer);	kan inte varieras med avseende på ordföljd och prosodi i någon större utsträckning;
(g) följer produktiva, regelbundna mönster i böjning etc.	kan utmärkas av morfologiska o.a. oregelbundenheter. (Anward og Linell 1976, 109)

Noko av det eg set pris på med denne framstillinga, er at ho ikkje set opp absolute kriterium for variasjon, men at det trass alt er restriksjonar ved dei leksikalske frasane som frie konstruksjonar ikkje har. I så måte kan framstillinga minne om nyare definisjonar der ein lister opp typiske kjenneteikn, og der frasane som har (nesten) alle eigenskapane, blir prototypiske medlemmar av kategorien, jf. t.d. Sköldbergs (2004, 25f) prototypiske idiom. Unntaket er det kategoriske punktet (b) om at konstituentane i frasen ikkje kan ha eigen referanse, det skal vi sjå i kap. 6 ikkje er

tilfellet for *kaste barnet ut med badevatnet*. Sjølv om vi veit at det er meir leksikalsk og grammatisk variasjon i mange frasar enn ein tidlegare rekna med, og denne modellen er laga før gamle sanningar blei utfordra av korpuslingvistikken, er desse restriksjonane med på å gjere faste frasar til det dei er – sjølv om også Anward og Linell (1976, 112f) trekkjer fram at den semantiske sida (samspelet mellom den strukturelle tydinga til ein frase og den situasjonelle tydinga i bruk) eigentleg er det viktigaste aspektet ved leksikaliseringa.

Grunnregelen for fraseologisk fiksering både er og har vore at frasar berre tillèt variasjon innan visse rammer (jf. t.d. Clausén 1993, 50). Nyare forskning har vist oss at språkbrukarane likevel har eit stort spelerom i korleis dei faktisk brukar frasane i ulike kontekstar: «However, most idioms can be manipulated or transformed in various ways according to the communicative needs of the language user» (Fernando 1996, 43). Mange idiom tillèt leksikalsk variasjon innanfor visse grenser. Det er m.a. naturleg å variere verbet, ofte med eit meir pregnant ord frå det same semantiske feltet. Ei utviding med adjektiv eller substantivisk samansetningsledd inneber ei meir markant endring av den prototypiske forma frasen har. Det gjer at idiomet blir tilpassa ein særskilt situasjon, og det inneber ei viss fortetting og konsentrasjon av uttrykksforma (Clausén 1996, 38). Oftast krevst det morsmålskompetanse for å vite når og i kva grad eit idiom kan manipulerast (Baker 2011, 67f). Kva som mogleggjer og hindrar både leksikalsk og grammatisk variasjon, er tema for del 2.6.

## 2.6 Variasjon

Det har vore skrive mykje om idiomatisk og anna fraseologisk variasjon i ulike språk, sjølv om vi altså ser at norsk er helst lite undersøkt. Det er ikkje intensjonen å gjere utfyllande greie for fenomenet her, men heller trekkje fram nokre aspekt ved variasjon som er relevante i undersøkinga av variasjon i og på tvers av målformene i kap. 5, i tillegg til å leggje det faglege grunnlaget for kap. 6 om variasjon i *kaste barnet ut med badevatnet*. Av fleire moglege tilnærmingar har eg valt å plukke ut fire aspekt som kan fremje eller hindre variasjon: frekvens (2.6.1), komposisjonaltitet (2.6.2), typar av figurativt innhald (2.6.3) og alder på frasen (2.6.4).

## 2.6.1 Frekvens og variasjon

Ulike forskarar har kome til ulike konklusjonar på spørsmålet om det er dei minst eller mest frekvente frasane som har mest variasjon. Fernando og Flavell hevdar at utbreidde idiom toler fleire variasjonar enn mindre utbreidde idiom:

The wider the currency of an idiom, the greater the degree of permissible variation by deletion, permutation or addition of elements. Such items in spite of distortion of their form are still recognisable and interpretable as particular idioms because a given sense is so firmly associated with a given syntactic construction in the language use of a specific speech community. (Fernando og Flavell 1981, 47)

Der Fernando og Flavell seier at høg frekvens tenderer til mykje variasjon, kjem m.a. Moon fram til eit anna resultat. Rett nok er det også hos henne særleg tydeleg at frasar med låg frekvens førekjem sjeldnare med variasjon enn uttrykk som er meir vanlege: Det finst formvariasjonar i 31 % av uttrykka med 1–4 førekomstar per million ord, medan det er variasjon i 50 % av teikna med over 100 førekomstar per million ord (Moon 1998, 121).

Det verkar logisk at ein som språkbrukar kan vri og vende meir på ein frase som er kjend i språksamfunnet, enn dei som er sjeldnast i bruk, og som ein ikkje kan føresetje er kjende. Men det er svært liten skilnad på frekvensen dersom vi ser vekk frå dei aller minst frekvente: Fleire frasar (55 %) opptre med variasjonar i Moons materiale dersom frasen har mellom 5 og 10 førekomstar per million ord enn dei som har over 100 førekomstar (der 50 % opptre med variasjon). Variasjonen aukar altså ikkje proporsjonalt med frekvensen – og såleis utfordrar Moon funna til Fernando og Flavell – og for så vidt František Čermák, som kjem til stikk motsett konklusjon av Fernando og Flavell, då han hevdar at «The higher the idiom's frequency is, the more the idiom is fixed (stable) and the less is the chance that there might be variations of it» (Čermák 1994, 16). Barkema (1996a, 81) finn derimot ingen relasjon mellom frekvens og fiksering i si undersøking, som blei presentert i del 2.5. Det ser med andre ord ikkje ut til at vi kan predikere noko om variasjon ut frå kor frekvent frasen er.

## 2.6.2 Komposisjonalitet og variasjon

*Komposisjonaliteten* til ein frase avheng av i kva grad den grunnleggjande tydinga til dei leksikalske einingane i frasen, i kombinasjon med den morfosyntaktiske strukturen, bidreg til tydinga (Barkema 1996a, 75f). I denne avhandlinga, så vel som i annan litteratur om frasar, blir det stadig vist til at ein ikkje-komposisjonell frase har ei tyding som det ikkje er mogleg å utleie frå tydinga til enkeltelementa; det er ingen strengt logisk veg frå enkeltkomponentane si bokstavlege tyding til den biletlege tydinga til heilskapen.

Sköldberg peikar på at termen *komposisjonalitet* blir brukt ulikt i litteraturen, og alt etter perspektiv kan idiom vere komposisjonelle eller ikkje-komposisjonelle. På den eine sida er idiom ikkje-komposisjonelle sidan tydinga deira ikkje fullt ut er eit kombinatorisk resultat av tydinga til dei leksikalske einingane som inngår i uttrykket saman med den syntaktiske strukturen dei inngår i. På den andre sida kan mange idiom bli oppfatta som iallfall delvis komposisjonelle ettersom den idiomatiske tydinga deira, når ho er kjend, delvis kan fordelast på dei ulike idiomkonstituentane (Sköldberg 2004, 262). Faktumet at ein uttrykksmessig modifikasjon av visse idiomkonstituentar påverkar ein spesifikk del av tydinga til idiomet, peikar i retning av at det finst ein samanheng mellom akkurat desse konstituentane og den aktuelle delen av tydinga – og at idiomet då er å sjå på som komposisjonelt (263).

Ikkje-komposisjonalitet blir typisk sett på som eit semantisk kriterium.<sup>10</sup> Meininga som oppstår ved ei ord-for-ord-tolking av idiom og andre faste frasar framkallar ikkje ei institusjonalisert, akseptert og heilskapleg tyding – metaforiske frasar er typiske døme på det (Moon 1998, 8). Institusjonaliserte ordkombinasjonar som ugrammatiske kollokasjonar, eller som inneheld leksikalske komponentar som berre blir brukte i den samanhengen (som både *hipp* og *happ* i frasen *hipp som happ*, som i det nettbaserte HaBiT-korpuset (som blir presentert i avsnitt 3.3.3) førekjem nesten tre gongar oftare

<sup>10</sup> Grammatisk struktur blir gjerne noko underkommunisert når ein snakkar om fraseologisk komposisjonalitet. Om komposisjonalitet er «summen av delane», skulle t.d. samansetningane *jernomn* ('omn laga av jern') og *omnjern* ('jern som blir smelta i omn'; 'jern brukt i omnkonstruksjon') bety det same, men den grammatiske strukturen/rekkefølga på komponentane og det at etterleddet er semantisk kjerne, gjer at så ikkje er tilfelle.



---

i den «ikkje-korrekte» forma *hips om haps*), kan òg bli rekna som ikkje-komposisjonelle.

Det er vanleg å rekne ikkje-komposisjonaltitet som ein kjerneeigenskap ved idioma ved sida av fikseringa, men korleis verkar desse to eigenskapane på kvarandre? Det tradisjonelle synet på idiom som ikkje-komposisjonelle skal venteleg kunne forklare kvifor mange idiom har ein tendens til å vere syntaktisk uproduktive eller frosne (Gibbs 2007, 707). Det er ikkje uvanleg å sjå på semantisk irregularitet som ein føresetnad for fiksering: «Idiomaticity [i.e. semantic irregularity] is the prerequisite for frozenness, for the fact that the meaning of an idiom is not deducible from its constituents entails certain barriers to structural changes» (Strässler 1982, 24). Vidare er det naturleg å undersøkje om det er ein samanheng mellom graden av komposisjonaltitet og fiksering. Svensén nemner «*kasta ut barnet med badvattnet*» ‘förlora något som är bra samtidigt som man gör sig av med något dåligt’ som døme på eit *heilidiom*, dvs. eit uttrykk der ingen av komponentane blir brukte i ikkje-idiomatisk tyding. *Halvidiom* som *love gull* og *grøne skogar* har ei tyding som delvis kan utleiast frå tydinga til delane ved at ein komponent, her verbet *love*, (i større eller mindre grad) beheld den normale tydinga si (Svensén 2004, 242). Heilidioma korresponderer med det mange kallar *reine idiom* (konvensjonaliserte, ikkje-bokstavlege fleirordsuttrykk (Fernando 1996, 35f), og halvidiom er eit anna ord for *semiidiom* (som har ein eller fleire bokstavlege komponentar, men minst ein med biletleg tyding (sst.)). Ayto hevdar at faste frasar som inneheld element som blir brukte med bokstavleg tyding, m.a.o. halvidiom, kan opptre med variasjon (Ayto 2006, 518). Ut frå det vi så langt har sett, kan vi rekne med at heilidioma i større grad enn halvidioma er fikserte. Korleis dette verkeleg er med heilidiomet *kaste barnet ut med badevatnet*, kjem vi tilbake til i kapittel 6 – teorien skulle altså tilseie at det i liten grad førekjem med variasjon.

Det er ulike tilnærmingar til korleis ein reknar med at idiom, i motsetning til bokstavleg språk, blir forstått (her oppsummert etter Gibbs 2007, 704): 1) den fastsette tydinga kan hentast fram frå leksikon etter at den bokstavlege tydinga har blitt avvist som ikkje-passande, 2) parallelt med prosesseringa av den bokstavlege

tydinga, 3) direkte, utan nokon analyse av den bokstavlege tydinga og 4) når det har vore betydelege nok innputt til å kjenne igjen ein konfigurasjon som eit idiom. Gibbs argumenterer med at eksperimentelle studiar viser at 3) og 4) best beskriv korleis idiom blir forstått. Fleire datalingvistiske modellar for naturleg språkprosessering reknar med eit spesielt frase-leksikon som inneheld idiomatiske frasar og andre formelfrasar som er ikkje-komposisjonelle, men som ein kan få rask tilgang til gjennom språkleg analyse.

Part of the problem with the traditional view of idioms stems from its inability to account for contemporary speakers' metaphorical schemes of thought. For this reason, the traditional view simply cannot explain why so many idioms make sense to speakers in having the figurative meanings they do. (Gibbs 2007, 705)

Særleg innanfor den generative retninga har ein hevda at delane av eit idiom ikkje har ei eiga tyding, og at forholdet mellom form og tyding er arbitrær, slik eg var inne på i del 1.5.1. Innanfor transformasjonsgrammatikken rekna ein med eit skilje mellom ein djupstruktur og ein overflatestruktur i den syntaktiske komponenten – som er den viktigaste komponenten i generativ grammatikk. Idiomatisk tolking er knytt til djupstrukturen ved hjelp av spesielle idiomreglar som koplpar frasemarkørar til idiomatisk tyding på ein ikkje-komposisjonell måte, og så avgjer eit sett med transformasjonsreglar korleis idioma kan overførast til dei ulike overflatestrukturane dei blir realiserte i faktisk språkbruk (Chomsky 1980; 1981).

I ein ofte referert artikkel frå 1970 set Bruce Fraser opp eit fikseringshierarki med sju ulike nivå av syntaktisk fiksering basert på kva typar transformasjonar uttrykk kan gjennomgå utan å miste den idiomatiske tydinga (Fraser 1970, 39). I den eine enden finn vi uttrykk som toler så godt som alle typar grammatiske transformasjonar utan å miste den figurative tydinga, og i den andre enden er idioma som ikkje toler dei minste endringar. I denne analysen kan idiom få ein markør som knyter dei til ei gruppe med idiom som følgjer dei same syntaktiske reglane. Som andre generativistar hevdar han at det ikkje finst nokon semantisk informasjon assosiert ved dei enkelte delane av idiomet, berre eit enkelt sett markørar assosierte med tydinga til heile frasen. Fraser hevdar at han ikkje har vore i stand til å finne tilfelle av bokstavleg

uforståelige idiom som tillèt noka form for syntaktiske transformasjonar, og eit viktig poeng hos Fraser er at ikkje-komposisjonaltet hindrar syntaktisk variasjon.

Det er konsensus om at det varierer i kva grad ein kan gjere om på idiomatiske uttrykk utan at det går ut over den biletlege tydinga. Eit argument mot dei syntaktiske tilnærmingane som m.a. Fraser står for, er at dei ikkje forklarar korleis folk lærer seg reglane for å vite kva transformasjonar og restriksjonar som gjeld (eller ikkje) for kva idiom. Språkbrukarar får ikkje eksplisitt opplæring i kva idiom og andre frasar som er syntaktisk produktive (og ikkje) (Gibbs 2007). Dersom ein aksepterer at delane i eit idiom er semantisk tomme, og at det berre er frasen som heilskap som er tydingsberande, inneber det dessutan at ein ser på kreativitet og fiksering som motsetningar (Cacciari 1993, 33). Cristina Cacciari gjer eit poeng ut av at idioma på same tid er holistiske og analyserbare; dei er ikkje-komposisjonelle, men samstundes gjeld det for dei fleste idiom at folk har ein sterk intuisjon om relasjonen mellom dei inngåande orda og den idiomatiske referenten (27). Vi skal vidare sjå på nokre studiar der det blir hevda at intuisjonen folk har om den syntaktiske omformingsevna, er påverka av i kva grad det er mogleg å analysere eller bryte opp desse figurative frasane.

Nunberg, Sag og Wasow hevdar at dei har ein semantisk basert modell som gjer greie for kvifor somme frasar er syntaktisk produktive, medan andre ikkje er det. Dei meiner at idioma ikkje bør sjåast på som individuelle tolkingsavvik, men heller som situasjonsbestemte metaforar. Idiomatisk tyding er ifølgje dei avleia frå den bokstavlege tydinga på ein konvensjonell, men ikkje fullstendig arbitrær, måte, og særleg interessant er idiomgruppa dei kallar «‘idiomatically combining expression’ (or ‘idiomatic combination’ for short)» (Nunberg, Sag og Wasow 1994, 496).

*Kombinatoriske idiom*, som blir hevda å vere den største idiomgruppa, er idiom der ein kan identifisere delar av den idiomatiske tydinga i enkeltkomponentane dei består av:

To say that an idiom is an idiomatically combining expression is to say that the conventional mapping from literal to idiomatic interpretation is homomorphic with respect to certain properties of the interpretations of the idiom’s components. (Nunberg, Sag og Wasow 1994, 504)

---

Ei mindre gruppe er dei *idiomatiske frasane*, som ikkje har ei tyding som kan fordelast på komponentane. Modellen med dei kombinatoriske idioma set ikkje som vilkår at ein språkbrukar skal kunne tippe seg fram til ei tyding om hen ikkje har møtt eit uttrykk før, men har ein forstått uttrykket ut frå ein kontekst, kan ein kjenne att komposisjonaliteten. Det som gjer at ein kan kople enkeltkomponentar til ei metaforisk tyding, er konvensjonar, forstått som bruksvilkåra til enkeltkomponentane i uttrykket, heller enn til frasen samla. Variasjon i form av modifikasjon, kvantifisering, topikalisering, ellipse og anaforisk og pronominal referanse reknar dei som solide bevis på at delar av mange idiom har identifiserbare tydingar som påverkar kvarandre semantisk (503). Har eit idiom komponentar med identifiserbar tyding, argumenterer Nunberg, Sag og Wasow for at det opnar opp for meir variasjon enn om idiomet er semantisk ikkje-nedbrytbart.

Slik eg les dei, går Gibbs og Nayak (1989) endå lenger i å avvise at idiom er ikkje-komposisjonelle. Dei argumenterer med at det faktum at mange idiom kan byggje på beståande omgrepsmetaforar, gjer at dei ikkje utan vidare kan seiast å vere frosne eller fikserte uttrykk med ei tyding som ikkje er transparent for nolevande språkbrukarar. Resultatet av seks eksperimentelle psykolingvistiske studiar indikerer at idiom med individuelle semantiske komponentar som bidreg til den samla figurative tydinga, blei vurderte som meir syntaktisk fleksible og produktive enn frasar som ikkje lét seg bryte ned (Gibbs og Nayak 1989, 100). Her blei amerikanske collegestudentar bedne om å rangere i kva grad einskildord i idiomet bidreg sjølvstendig til frasane si totale biletlege tolking. Resultata er i tråd med Nunberg, Sag og Wasow: Språkbrukarane såg dei fleste idiom, som *pop the question* ('fri') og *miss the boat* ('la sjansen gå frå seg'), som analyserbare eller moglege å bryte ned, mens dei vurderer andre idiom, som *kick the bucket* ('døy') og *shoot the breeze* ('småprate'), som umoglege å bryte ned semantisk. Ei tredje gruppe, som *carry a torch* ('vere ulykkeleg forelska') blir rekna som moglege å bryte ned, men på ein avvikande måte, fordi dei har eit anna (metaforisk) forhold mellom dei individuelle komponentane og dei idiomatiske referentane enn andre nedbrytbare idiom. Forholdet mellom komposisjonalitet og variasjon blir av Gibbs oppsummert slik:

---

[N]ormally decomposable idioms (e.g., *pop the question* ['fri']) were found to be much more syntactically productive than semantically nondecomposable idioms (e.g., *chew the fat* ['skravle i veg']). Abnormally decomposable idioms were not found to be syntactically productive because each part does not by itself refer to some component of the idiomatic referent, but only to some metaphorical relation between the individual part and the referent. (Gibbs 1993, 63, mine omsetjingar i skarpe klammer)

Det er mange faste frasar som har ei meining som ikkje kan seiast å vere bokstavleg (kanskje fordi opphavet heilt innlysande er metaforisk, eller fordi dei inneheld ord-former som ikkje lenger er i aktiv bruk i språket), men som likevel er rimeleg enkle å tolke (Ayto 2006, 518). Om eit idiom lét seg analysere, avheng ikkje av om den bokstavlege tolkinga av ordstrengen er grammatisk. Det som skal til for at eit idiom semantisk er å rekne som mogleg å bryte ned, er at delane må ha ei tyding, enten bokstavleg eller biletleig, som bidreg kvar for seg til den samla tydinga til frasen: «The analyzability of an idiom is really a matter of degree depending on the salience of its individual parts» (Gibbs 2007, 706). Når språkbrukarar vurderer eit idiom som mogleg å analysere eller bryte ned, er det fordi det er ei metaforisk kopling mellom komponentane og dei biletleige referentane. Vidare er det slik at somme delar av somme frasar er enklare å avkode enn andre, og på den måten er ikkje metaforisiteten jamt fordelt over heile frasen (Moon 1998, 201).

Sjølv om sentrale forskarar som Wasow, Sag og Nunberg og Gibbs og kollegaene hans hevdar at dei fleste idiom oppfører seg som dei kombinatoriske idioma og er semantisk analyserbare, er andre kognitivistar meir tilbakehaldne: «The question remains open whether the idioms are typically analysable or rather typically holistic, i.e. non-decomposable semantically. In order to answer this question, additional empirical data from a wide range of languages is needed» (Dobrovolskij, Kühn og Norrick 2007, 808). Fleire empiriske undersøkingar konkluderer med at komposisjonaltet og variasjonspotensial ikkje utan vidare korrelerer. Sköldberg fann i si undersøking av svenske idiom i avistekstar ikkje belegg for at graden av komposisjonaltet i dei undersøkte idioma var avgjerande for moglegheitene for å variere dei på uttrykkssida. Visse uttrykk opptre med variasjon utan at dei er særskilt komposisjonelle, så Sköldberg (2004, 267f) slår fast at komposisjonaltet ikkje kan vere eit absolutt krav for at eit uttrykk skal kunne ha uttrykksmessig variasjon. I den

tidlegare refererte undersøkinga til Barkema opererer han med fire ulike frasetypar basert på komposisjonaltet, jf. korleis Fraser (1970) også skildra fikseringa som ein graderbar storleik. Typologien til Barkema går frå dei *fullstendig komposisjonelle* frasane, der tydinga fullt og heilt er eit kombinatorisk resultat av dei inngåande orda og dei syntaktiske strukturane, via *pseudokomposisjonelle* og *delvis komposisjonelle frasar* til *ikkje-komposisjonelle/idiomatiske frasar*, som har ei tyding som ikkje er det kombinatoriske resultatet av tydinga til dei leksikalske einingane og dei syntaktiske strukturane. I undersøkinga til Barkema (1996a, 76) er dei ikkje-komposisjonelle frasane faktisk litt meir fleksible enn dei delvis komposisjonelle frasane, men den viktigaste konklusjonen er at det ikkje er signifikante skilnadar mellom dei fire kategoriane når det gjeld kor fleksible dei er.

Potensialet for syntaktiske transformasjonar og leksikalske modifikasjonar heng ifølgje Kozak-Opsahl (2010, 61f) ikkje berre saman med i kva grad idioma lèt seg bryte ned semantisk og strukturen til den kognitive modellen som ligg bak dei, men òg grammatikken og bruken av idiomet i det aktuelle språksamfunnet. Ein reknar med at kulturelle idiomkomponentar har ei autonom tyding. Det gjer dei kulturtilknytte idioma meir semantisk komposisjonelle og transparente for språkbrukarar med felles kulturell bakgrunn, men tilsvarande utilgjengelege for andre (189). Vinklinga ulike forskarar har på undersøkingane, er truleg ein sentral faktor i at dei kjem til så ulike konklusjonar om samanhengen mellom komposisjonaltet og idiomatisk variasjon. Det viktigaste poenget å ta med vidare er nok at komposisjonaltet ikkje er ein kategorisk eigenskap, snarare eit gradsfenomen. Det er grunnen til at eg i frasedefinisjonen i del 1.1 ikkje skriv at frasar er ikkje-komposisjonelle (slik mange andre fraseforskarar hevdar), men at frasar manglar full semantisk komposisjonaltet.

### **2.6.3 Typar av figurativt innhald og variasjon**

Sköldberg (2004, 292) fann i undersøkinga si at uttrykksvariasjonen i eit uttrykk heng saman med kva type figurativt innhald det aktuelle uttrykket har – om det inneheld ein metafor (av Sköldberg formulert som ein relasjon basert på likskap mellom

bokstavleg og idiomatisk tyding), metonymi (relasjon basert på nærleik i tid og rom) eller anna (ei restgruppe med anna figurativ tyding).<sup>11</sup> Metaforar er språkbruk der uttrykket refererer til noko anna enn det opphavleg blei brukt om, eller det som det «bokstavleg» tyder, for å antyde ein likskap eller lage ei kopling mellom to ting (Knowles og Moon 2006, 3). Metaforane er bokstavleg usanne, mens metonymiane er delvis sanne: «There is some observable, often physical, connection between the metonym and its meaning, whereas metaphors rely on comparisons of sorts» (9). I omgrepsmetaforteorien snakkar ein helst om domene, og i del 1.5.1 såg vi at ein *omgrepsmetafor* blir definert som «det at ein forstår eitt domene med utgangspunkt i eit anna ved å nytte koplingar mellom dei», medan *omgrepsmetonymi* er «det at ein forstår eitt omgrep ved hjelp av eit anna omgrep frå det same domenet» (NORKOG og Språkrådet 2016).

Idiomatisk kreativitet er basert på evne til å konstruere, strukturere, manipulere og fortolke konseptuelle figurative mønster (Langlotz 2006, 11). Langlotz reknar det som ei forutsetning for idiomatisk kreativitet at idiom i utgangspunktet blei skapte som ikkje-konvensjonelle metaforar eller metonymiar. Det inneber ei kreativ utviding av ei bokstavleg meining t.d. *gå den vegen høna sparkar* til å vere uttrykk for ein meir abstrakt prosess ('gå til atters').

Det viser seg òg at idiom som er klart metaforiske, i større grad enn dei metonymiske har ein tendens til å bli varierte. Uttrykksvariasjonen til eit idiom blir fremja dersom uttrykket som heilskap er metaforisk, og dess tydelegare likskapsrelasjonen er mellom den bokstavlege og idiomatiske tydinga til uttrykket, dess oftare blir det variert – sjølv om det ikkje er einstydinge med at språkbrukarane faktisk varierer uttrykket (Sköldberg 2004, 273). I Sköldbergs materiale er det ein tendens til korrelasjon mellom komposisjonalitet på den eine sida og metaforikk og metonymi på den andre: Uttrykka som viser teikn på komposisjonalitet har normalt eit metaforisk innhald. Uttrykka som kan betraktast som metonymiske eller mindre opplagt metaforiske viser ingen tydelege teikn på komposisjonalitet:

<sup>11</sup> Merk at ikkje alle idiom har figurativt innhald (Nunberg, Sag og Wasow 1994, 493); dei tydelegaste døma er slike som inneheld ord som utelukkande blir brukte i idiomatiske uttrykk: *hipp som happ*, *hulter til bulter*, *pø om pø*.

---

Man kan därför tänka sig att det i grund och botten är uttryckets grad av metaforik som är utslagsgivande för idiomens variation. Detta skulle i så fall utgöra ett alternativt synsätt till det som är kännetecknande för Nunberg et al. (1994) m.fl., som enbart kopplar den uttrycksmässiga variationen till uttryckens grad av kompositionalitet. (Sköldberg 2004, 294)

Sköldbergs funn er likevel i tråd med anna tidlegare forskning, t.d har Gibbs (1994, 280f) slege fast at likskap og nærleik mellom bokstavleg og idiomatisk tyding gjer idiom meir syntaktisk fleksible.

Vi kan oppsummere med at det heller ikkje er semje i spørsmålet om korleis ulike typar av figurativt innhald korrelerer med idiomatisk variasjon. Å gjere greie for omgrepsmetaforen er sentralt i kapittel 6, men utover det er ikkje grad av variasjon knytt til ulike typar av figurativt innhald noko eg undersøker i prosjektet mitt.

#### **2.6.4 Alder på frasen og variasjon**

Det har vore hevda at frasar som har eksistert i språket lenge, i liten grad lèt seg variere: Anne Cutler (1982, 318) undersøkte frasane Fraser i undersøkinga frå 1970 hadde plassert på ulike nivå av fiksering opp mot kor gamle oppføringar ho kunne finne av dei i *Oxford English Dictionary* frå 1933. Ho konkluderer med at det ikkje finst nokon perfekt korrelasjon mellom fiksering og alder, men at det er ein tendens til at dei meir fikserte uttrykka har eksistert lenger i språket enn dei mindre fikserte (1982: 318). Finnøy kjem med ei modifisering av dette i si undersøking av norske idiom:

Selv om idiommer med gamle opphav som regel er relativt syntaktisk fikserte, tåler de tillegg av ord fra ordklassen adverb («bruker stadig apostlenes hester», «bar alltid kappa på begge skuldrene»). Variasjoner utover dette skader den idiomatiske betydningen av disse to idiomene. (Finnøy 2012, 39)

Cutler (1982, 319) finn òg avgrensa støtte for hypotesen om at idiom som i stor grad er fikserte i dag, kan førekomme i mindre fikserte former i eldre tekstar. Frasar som har vore institusjonaliserte i norsk (og dansk-norsk) lenge, kan difor moglegvis oppvise mindre fleksibilitet og variasjon enn nyare frasar, men det er ikkje grunn til å tru at det gjev store utslag i undersøkingane i kap. 5 og 6.



---

To sentrale frasar i denne avhandlingen kan illustrere eit anna poeng. Samanliknar ein *til besvær* og *kaste barnet ut med badevatnet*, verkar det logisk at det er mindre rom for variasjon i ein kort frase enn i ein lengre. Det er rett og slett fleire komponentar ein kan variere i den siste. Det kan tenkjast at korte frasar er meir frekvente enn lange, men det er ikkje noko eg har sett vidare på verken i teorien eller i empirien.

### 2.6.5 Oppsummering

I denne delen om fraseologisk variasjon har vi sett på nordisk og internasjonal forskning om kva som fremjar eller hemjar variasjon. Eg har valt dei fire faktorane frekvens, komposisjonaltitet, typar av figurativt innhald og alder på frasen. Desse faktorane fortel oss mykje om idiom og andre faste frasar som fenomen, i tillegg til at eg meiner at dei kan vere relevante for mine eigne kvalitative undersøkingar av variasjon i og mellom fraseinventaret i bokmål og nynorsk. Forskingsresultata sprikjer, og det er ikkje enkelt å oppsummere eller føreseie med noka grad av visse kva frasar som ofte førekjem med variasjon, og kva frasar som er meir fikserte. Verken frekvens eller alder på frasen ser ut til å spele noka avgjerande rolle for variasjonsgrad. Det er mogleg at frasar som byggjer på metaforar, i større grad tillèt variasjon enn frasane som byggjer på metonymi eller andre typar figurativt innhald, men også her varierer forskingsresultata. Den faktoren eg har brukt mest plass på, er komposisjonaltitet, då dette er eit særleg kjenneteikn ved dei faste frasane og ein del av forskingsresultata har eit forklaringspotensial for variasjonen vi ser i *kaste barnet ut med badevatnet* i kapittel 6.

## 2.7 Særeigen norsk variasjon

Dette prosjektet kjem nok ikkje med revolusjonerande nye generelle innsikter om kva som kjenneteiknar frasane som er heilt fikserte, og kva som gjer at andre utviser stor leksikogrammatisk fleksibilitet, men håpet er at vi skal få eit klarare bilde av fraseologisk variasjon i og mellom dei to norske målformene. For at det til dels er ulike fraseologiske preferansar i bokmål og nynorsk, er heilt klart:

Flerordsenheter er faste og halvfaste fraser som har utviklet seg gjennom et språks historie og de er dermed språkspesifikke. De er forbindelser der det er en viss affinitet mellom ordene på semantisk, morfologisk eller syntaktisk grunnlag. Det er ikke bare på ordnivå denne affiniteten forekommer, språk kan ha visse morfologiske preferanser der flere er mulig. Reglene trenger ikke engang være forskjellige bare for forskjellige språk, det kan være egne restriksjoner for forskjellige varieteter innen et og samme språk, som mellom bokmål og nynorsk, eller mellom forskjellige stillag. (Fjeld 2009, 204)

Med **fraseologisk variasjon** meiner eg i spesifikt norsk samanheng at komponentane i ein frase kan bli realiserte med ulike skrivemåtar (ortografisk variasjon) eller ha fleire moglege bøyingsformer (morfologisk variasjon), dei kan realiserast med ulike nærsynonym, dvs. ord som har svært mykje til felles semantisk, men som ikkje er identiske i bruk (leksikalsk variasjon), eventuelt at ordstillinga kan vere ulik i to eller fleire førekomstar (syntaktisk variasjon). I denne avhandlinga omtalar eg desse fire aspekta med fellesnemningane *den eigentlege variasjonen* og *variasjon i mønsterfrasen* (den forma ein typisk finn i ordbøkene). Oftast rokkar ikkje den eigentlege variasjonen ved tydinga til frasen. I somme tilfelle er det òg relevant å kategorisere somme realiseringar som **fraseologisk modifikasjon**, dvs. at det er eit kreativt element involvert, som har som siktemål å skape ein særskild stilistisk effekt. Ofte handlar det om å kople frasen spesifikt saman med konteksten. Korpusdømet i (2:1) er ein aviskommentar om hotellsengar, der forfattaren spelar på bokmålsfrasen (*sove*) som *prinsessen på erten*, basert på eventyret av H.C.Andersen:

(2:1) Så du kan bli som et viljeløst bløtdyr i sengehavet, lykkelig, snorkende, med smørmyke sengeklær mot naken hud. Perfekt for å kollapse som en narkoleptisk prinsesse på anti-erten. (Norsk aviskorpus, bokmål, 2002)

Her blir *prinsessen* modifisert med adjektivet *narkoleptisk*, og *erten* skifta ut med *alerten*, som på toppen har ein vri med *anti-*. Prinsessa er med andre ord ikkje på *alerten*, og det er rimeleg når ho lir av narkolepsi (søvnanfall) – ulikt prinsessa i eventyret, som er få fin på det at ho ikkje får sove fordi det ligg ei ert under tallause madrasser. Fraseologisk modifikasjon er eit fenomen som blir grundig handsama i kapittel 6, og som eg difor ikkje går vidare inn på her.

I kapittel 5 skal vi sjå at både ordbokføringar og usus viser at potensialet for fraseologisk variasjon i og på tvers av dei norske målformene er svært stor. Dei leksikalske og syntaktiske forskjellane er gjerne dei mest iaugefallande, slik som dei leksikalske elementa *skrøpelig* og *veikt* i føringane i *Bokmålsordboka* (BOB) og *Nynorskordboka* (NOB) i tabell 2.2 (og *svak* i bibelomsetjinga), men fraseologisk variasjon i form av ortografi (*kjødet* vs. *kjøtet*) og morfologi (*ånden* vs. *ånda*) er på grunn av den særskilde norske språkhistoria meir omfattande. Resten av dette kapittelet tek føre seg kvifor vi både innanfor kvar målform og på tvers av dei kan rekne med å finne meir ortografisk, morfologisk, leksikalsk og syntaktisk fraseologisk variasjon i norsk enn det som er vanleg i dei fleste språk.

		Morfologi			Ortografi		Leksikon	
BM	BOB	<i>ånden</i>	<i>er</i>	<i>villig, men</i>	<i>kjødet</i>	<i>er</i>	<i>skrøpelig</i>	
	Bibelen	<i>ånden</i>	<i>er</i>	<i>villig, men</i>	<i>kroppen*</i>	<i>er</i>	<i>Svak</i>	
NN	NOB	<i>ånda</i>	<i>er</i>	<i>villig, men</i>	<i>kjøtet</i>	<i>er</i>	<i>Veikt</i>	
	Bibelen	<i>ånda</i>	<i>er</i>	<i>villig, men</i>	<i>kjøtet</i>	<i>er</i>	<i>Veikt</i>	

Tabell 2.1 Føringar i BOB, Bibelen 2011 (bm), NOB og Bibelen 2011 (nn) av Matt 26,41

\*Både *kroppen* og *svak* i den nyaste bokmålsomsetjinga av Bibelen er dessutan leksikalsk forskjellar frå føringa i Bokmålsordboka, som fører *kjødet* og *skrøpelig*.

### 2.7.1 Ortografisk variasjon

**Ortografiske skilje** er oftast berre resultat av ulike rettskrivingskonvensjonar i målformene. At ein i nynorsk må velje mellom formene *stå på tapeten* eller *tapetet* (‘vere aktuell, på dagsorden’) og at ein på bokmål kan følgje *den gylne middelvei* eller *middelveg* (‘måtehalden framgangsmåte’), er eit trekk ved norsk som gjer at vi òg i frasar kan vente stor variasjon, men det fortel oftast ikkje noko spesifikt om frasar. Det finst sjølvsagt unntak, som i tabell 2.2 over, der ortografien i den opphavleg danske forma *kjød* og nynorsk *kjøt* faktisk er interessant i eit fraseperspektiv, då dei ulike formene har ulike konnotasjonar og dermed kan bli brukte i ulike samanhengar. I bibelspråket har både *kjøt* og *kjød* blitt brukte metonymisk for heile kroppen, jf. den nyaste omsetjinga av Bibelen til bokmål, men *kjød* er blant ei gruppe former som André Bjerke hevdar signaliserer figurativ tyding. Det at ein har to sett med former,

dei opphavleg danske og dei særnorske, som blir brukte i ulike stilistiske samanhengar, framhevar han som noko av det som skapar nyanserikdom i riksmål:

Riksmålet opptar diftongvarianter med konkretiserende stileffekt: en *gråstein* er noe fast og stofflig, men *de vises sten* finner man ikke på landeveien. Riksmålet bruker dansk-norske og særnorske varianter for å sonde mellom figurlig og bokstavelig betydning: kjødets lyst, men kjøtt til middag! Slik er riksmålet i ferd med å bli det rikeste språk i Norden. (Bjerke [1961] 1964, 40)

I dag er desse dobbeltformene ein del av stilregisteret til heile bokmålet. Fjeld kallar det ein *semantisk splitt* når det er tydinga og konteksten som avgjer om ein vel ortografiske former som *fet* (monoftong brukt for konkret eller tradisjonell tyding) eller *feit* (tabu- eller slangform), *hode* (normalform) eller *hue* (nedsetjande dialektform) (Fjeld 2012; 2015).<sup>12</sup> Valfridomen mellom dei på papiret likestilte formene er ikkje reell, for distribusjonen av dei er tydingsavhengig, og Fjeld (2015, 37) argumenterer for at ordbøker ikkje berre burde gjere greie for kva som er tillate, men òg for kva som er stilistisk markert, eller som ein kan sjå tendensar til i usus.

## 2.7.2 Morfologisk variasjon

At det er ein morfologisk skilnad på t.d. BM *ånden* og NN *ånda* i tabell 4.1 er ikkje noko vi skal gå vidare inn på, det er berre slik at *ånd* i dagens rettskrivingar er normert til å vere maskulinum i bokmål og femininum i nynorsk. Denne typen variasjon på tvers av målformene er heller ikkje særleg interessant i fraseologisk samanheng. På grunn av den store særnorske valfridomen internt i målformene kan mange frasar både på bokmål og nynorsk realiserast med ulike bøyingsendingar, slik at det på bokmål formelt sett er like korrekt å skrive *å skvette vann på gåsa* som *å skvette vann på en/ei gås* og *å skvette vann på gåsen* (sjå avsnitt 5.4 for ulike ordbokføringar og autentisk bruk av den aktuelle frasen). På nynorsk er det ikkje same signaleffekten og stillagsmarkeringa om ein skriv *han brukte* eller *bruka kjeft i går* ('skjelte og smelte') som når ein bokmålsbrukar må velje mellom at *handelen kastet* eller *kasta av seg* ('gav fortene'), då *a*-endingar i særleg grad vekkjer

<sup>12</sup> Dei konkrete døma er Fjeld sine, og truleg kan desse ordformene ha ulike konnotasjonar for ulike språkbrukarar.

negative haldningar blant mange bokmålsskrivande (jf. Fjeld 2012, 77). Desse vil ikkje akseptere *a-en* verken i bestemt form eintal av hokjøn, i bestemt form fleirtal av inkjekjøn eller i preteritum eller partisipp av svake verb i *kaste*-klassa (78), bortsett frå i nokre enkeltord.

Heile del 5.3 handlar om «den stygge *a-en*», og der kjem eg tilbake til korleis språkvitarar skriv om fenomenet, men her innleiingsvis nøyer eg meg med å la forfattern André Bjerke (1918–1985) illustrere frå eit konservativt utterpunkt kva dette går i. For Bjerke var det ei viktig sak å kjempe mot det han opplevde som eit forsøk på å presse eit trekjønssystem inn i riksmålet: Riksmål har til liks med svensk og dansk eit tokjønssystem, og han hevda at styresmaktene med tilnæringsformene prøvde å tvinge nynorsken inn i riksmål (Bjerke [1960] 1968a, 37). Han peika på *a-en* som hovudårsaka til femti år med norsk språkstrid (i dag kan vi seie 100 år med språkstrid, for kampen mot *a-en* er slett ikkje slutt):

Her er vi ved selve anstøtsstenen i vår offisielle sprognormering. Bestrebelsen på å tvinge dialektnorske *a*-endelser inn i riksmålet via «rettskrivningsreformer» (1917, 1938, 1959) er den viktigste årsak til de siste femti års intense sprogstrid. Fordi det her dreier seg om et rent målpolitisk – landsmålpolitisk! – forsøk på å oppløse vårt sprogs struktur, grammatisk og stilistisk. (Bjerke 1966, 84)

Når den bestemte hokjønnsforma med artikkelen *-a* blir brukt i riksmål i særnorske ord for heimlege dyr og plantar, heimlege naturforhold og landsens liv og stell, t.d. i *kua*, *geita*, *kjetta*, *eika*, *kleiva*, *brua* og *leia*, omtalar Bjerke det som «lån fra dialekt», som eit stilistisk verkemiddel (Bjerke 1967, 109). Vidare kan hokjønnsbøying vere aktuell i riksmål når orda har ei nedsetjande tyding: *hurpa*, *jåla*, *kløna*, *skravlebøtta*, men i sakprosa, akademisk stil og i høgare litteratur blir det hevda at *a*-formene praktisk talt ikkje spelar noka rolle (Bjerke 1966, 87). Dette gjev eit ekstremt snevert rom for former med *-a*, som er både vanlege og umarkerte i talemåla til store grupper av bokmålsskrivande. I del 4.3.2 set eg slike nedvurderande haldningar til ulike former i eige språk inn i eit rammeverk av endoglossisk purisme. Det er ein type språkreinsing som er retta innover mot andre sosiale lag i eige språksamfun. Den endoglossiske purismen i bokmål, med klart opphav i riksmålsargumentasjon, har

---

vore svært verknadsfull, slik at ein generelt har kunna observere ei konsolidering av eit konservativt bokmål, jf. avsnitt 4.3.4.

### 2.7.3 Leksikalsk variasjon

Den utoverretta eller eksoglossiske purismen i nynorsk, sjå del 4.3.2, har særleg vore retta mot leksikalske lån frå tysk, dansk og i seinare tid bokmål – i tillegg til visse syntaktiske strukturar forbunde med dei same språka. Trass denne purismen gjer bokmålsdominansen i det norske språksamfunnet at det òg på frasenivå ikkje er sjeldan å møte bokmålske vendingar i nynorsktekstar. Ord og frasar som språkbrukarane tydeleg låner frå den andre målforma i norsk, blir i denne avhandlinga omtala som *sitatord*.

Den innoverretta eller endoglossiske purismen i bokmål gjer at ein kan rekne med at det har ulik effekt når ein i bokmål brukar tilfang frå nynorsk, versus når ein brukar former, ord og frasar frå bokmål i nynorsk. I avsnitt 3.2.4 gjer eg greie for normeringssituasjonen i nynorsk med utgangspunkt i ord som blir forbundne med bokmål, dansk og tysk, så i dette avsnittet fokuserer eg mest på litteratur om nynorskord i bokmål.

I faglitteraturen blir *sitatord* brukt om direkte importerte framande morfem, ofte ordoverføringar frå eitt språk til eit anna. Kjenneteikn på sitatorda er at dei ofte blir brukte med typografiske markeringar som hermeteikn i tillegg til framande stavings- eller bøyingsmønster (Chrystal 1988, 16). Sitatorda blir sett på som tilfeldige lån som ikkje har gått inn som ein integrert del av vokabularet. Stadiet som sitatord er det første i ein prosess som for ein del ord endar opp med full integrering og status som aksepterte lånord (Ljung 1988, 16). Når sitatorda har etablert seg, kan dei bli produktive på det nye språket:

Uttrykket *light* har vore produktivt for ulike varemerke, men interessant nok ikkje så mykje utanfor varemerke-domenet. (Unntaket er pragmatisk markerte samanhengar – helst munnlege – i form av sitatord som t.d. “nynorsk light” [bokmålsnært nynorsk], “fjelltur light” [om ein kort og enkel fjelltur], “Var Frans av Assisi en Jesus light?” [...]) (Brunstad 2001, 83)

Ein slik bruk har ofte eit humoristisk preg. Alf Hellevik nemner *studine* (‘kvinneleg student’) som er lånt inn frå dansk, det eldste belegget i Norsk Riksmålsordbok er frå 1936, og som lenge var i «det spøkefulle sitatord-stadiet» (Hellevik 1971, 38). I dag er ordet så utdatert at det kanskje kan bli brukt spøkefullt igjen. Hellevik gjer dessutan ei kopling mellom sitatordliknande tilfang og uheldig språkbruk, der somme ikkje skil mellom ulike språk og varietetar:

Nær opp til sitatord-kategorien ligg ei mengd meir eller mindre tilfeldige lånord som er så påfallande at dei delvis må tilskrivast den usikre språkkjensla og den sviaktande språklege sjølvhvedinga som eg før har vore inne på. Dels heng låna saman med ein sterk tendens hos dagens språkbrukarar til å ta det ordet som dekkjer tanken, enten det så høyrer til bokmål eller nynorsk eller dansk eller svensk eller engelsk osv. (Hellevik 1971, 43)

Sitatord treng ikkje å vere av utanlandsk opphav, men kan òg vere knytt til andre lag av eins eige språk. Når vi snakkar, brukar vi mange ord som vi ikkje reknar eller aksepterer som ein del av dialekta vår. Slike sitatord er stilistisk markerte ord, som nettopp på grunn av det ikkje-dialektale preget skal gje tilleggsassosiasjonar (Sandøy 1998, 67). I skrift gjev dette seg tilsvarande utslag på lån mellom bokmål og nynorsk.

Lån mellom målformene skjer ikkje i like stort omfang i begge retningar, og det viser òg igjen i ordbøkene. Det har vore peika på at dei etymologiske opplysningane i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er usystematiske og til tider reint villeiande (Berg-Olsen og Ims 2016, 277), men utan å gå inn på kvaliteten på føringane, tek eg utgangspunkt i at etymologifeltet i artiklane kan gje oss eit bilde av omfanget av lån mellom bokmål og nynorsk. Via eit fritekstsøk trekte eg ut lemmaa i *Bokmålsordboka* der *nynorsk* står oppført i etymologien og lemmaa i *Nynorskordboka* der *bokmål* står oppført i etymologien og lemmaa i NOB der *bokmål* er gjeve opp i etymologien. I *Bokmålsordboka* er 21 ord markerte med at dei har kome inn i bokmål frå nynorsk: *avrøysting*, *berrsynt*, *bustad*, *dansarring*, *eldhug*, *gangar*, *glup*, *hald*, *krisle/kritle*, *leikarring*, *lydar slått*, *mellombels*, *nøyd/nøgd*, *oreigne*, *samd*, *sjeldsynt*, *skuvseng*, *slom*, *stode*, *trugsmål* og *vonbroten*. Den endoglossiske purismen i bokmål gjer at ord og former som høyrer til folkemålet eller fell utanfor den veletablerte skriftspråkstradisjonen ofte blir vurderte negativt. Sjølv om ein må leggje til grunn at lemmaa over har blitt tekne inn i ordboka fordi dei har etablert seg i bokmål, kan ein

rekne med at mange av dei i vide kretsar blir rekna som reine nynorskord, som dermed fungerer som sitatord i praksis. Når leksikografane har meint at det er behov for å markere at ord har opphav i den andre målforma innan det same språket, må det vere noko med forma på leksetet som på ein eller annan måte blir rekna som avvikande. Slike kjenneteikn ved nynorskord i bokmål kjem vi tilbake til nedanfor.

I *Nynorskordboka* er det nesten åtte gongar så mange lemma, 167 ord, markerte med at dei har kome inn i nynorsk via eller frå bokmål. Av desse er 19 markerte med at dei har kome frå dansk via bokmål (t.d. *alminneleg, drøv, hist, kveg, sindig, skilsmisse, vekst, ynde og ørken*). 51 lemma i *Nynorskordboka* står markerte med at dei har kome inn i nynorsk frå bokmål (t.d. *anheng, anstendigheit, antrekk, avbilde, avdød, bebreide, bebruar, bitterheit, fedme, fornøyelse, lesbarheit, skjede, størrelse, uansett og vekst*). Anbehetelse-problematikk (som eigentleg er relatert til dansk og tysk opphav, og som eg gjer greie for i del 3.2.4) kjenneteiknar mange av desse. 97 lemma i *Nynorskordboka* er markerte med (låg)tysk opphav, men at dei har kome inn i nynorsk via bokmål: *angripe, avhengig, beklage, beskjed, bidrag, forhåpentleg, hurtig, innrømme, krets, spise-, tilføye, ærbødig og ømfintleg*.

Merk at det berre er ein liten brøkdell av dei 2740 artiklane i *Nynorskordboka* der ordet *lågtysk* førekjem, i all hovudsak i etymologifeltet, men av ukjende årsaker blir bokmål trekt fram som ein etymologisk mellomstasjon i desse 97 ordartiklane. Det er altså berre ved ord med tysk og dansk opphav at det er markert at lånet har kome via bokmål, ikkje anglisismar og lån frå t.d. romanske språk. Den eksoglossiske purismen i nynorsk gjer nok at mange nynorskbrukarar meiner at dei 167 leksema høyrer meir heime i bokmål enn i nynorsk, men sidan dette er ord vi møter stadig vekk både i bokmålstekstar og nynorsktekstar, er det liten grunn til å tru at dei er like stilistisk markerte som dei 21 leksema som har funne vegen inn i *Bokmålsordboka* frå nynorsk. Trass alt møter den gjengse nynorskbrukar mykje meir bokmål i kvardagen enn omvendt, så leksema er ikkje like iaugefallande – og mange brukar dei i tale.

Fjeld (2002) har undersøkt nynorskord i bokmålstekstar i Nyordsmaterialet (tilgjengeleg på <inger.uib.no>), ein base utvikla ved Universitetet i Oslo med sirka



300 000 setlar med ord og uttrykk samla inn frå aviser og tidsskrift frå heile Noreg mellom 1970 og 2000. Ord med taggen *nn* er bøyingar, ord og ordformer frå nynorsk og dialekter, som ikkje er oppførte i bokmålsordbøker:

De fleste nn-ordene skiller seg stilmessig så tydelig ut fra ordvalget for øvrig at de må betraktes som følge av en bevisst holdning til språk. Det kan være at nn-ordenes tilknytning til folkespråket gjør at de lett føles som mer treffende. Et ønske om å være frisk og nyskapende kommer også inn. (Fjeld 2002, 50)

Ein del fellesformer i bokmål og nynorsk har lite talemålsgrunnlag i austnorsk, og dei blir nok i stor grad oppfatta som nynorskord, t.d. *tidtrøyte*, *åtak* og *fagnad*. I materialet er det døme på at samansetningar har ei talemålsbasert fuge som vik av frå norma (som i *giddalaus*), og i hybride samansetningar er det ein del folkemålsformer som har gått inn som einaste moglege form med ei særskilt tyding: *saumfare* kan ikkje erstattast med *sømfare*, og på same måte kan ikkje *langdryg* erstattast av *langdrøy* eller *tåkeheimen* av *tåkehjemmet*. Orda blir òg tilpassa på ulike måtar, delvis ser ein at nynorskorda får bokmålsbøying (*saumfarte*, *kjenslen*, *sjåer*, *spelere*), og ofte er stavemåten meir ortofon enn både bokmåls- og nynorsknorma tillèt (*vonbråtne*). Fjeld meiner det siste kan tolkast som teikn på at nynorskforma nesten fullt ut er adaptert blant bokmålsbrukarane (47). Eit døme på normstridig ortofon stavemåte er «ståa» ('situasjonen, statusen'), der *ei/en stode* – *stodal/stoden* er blant orda som er oppført i *Bokmålsordboka* med nynorskopphav. Bokmålsdelen av HaBiT-korpuset gjev 1243 treff på den ikkje-normerte forma *ståa*, men berre 153 treff på den normerte forma *stoda*, og det einaste treffet på *stoden* er ein tasteheil.

Vellykka og berømte vendingar som blir gjentekne av andre, blir såkalla bevinga ord. Om opphavspersonen har eit nynorskært talemål, går nynorskforma gjerne igjen når bokmålsbrukarar siterer det. Sitering kan markerast med hermeteikn, men samstundes ser ein at hermeteikna òg blir brukte når sitatord fungerer meir som forsterkarar enn som sitat. Blant dei nynorske sitatorda i bokmål er det fleire frasar som har blitt kjende fordi dei har vore tittel på kjende radio- og fjernsynsprogram (*Fakta på laurdag*, *Med hjartet på rette staden*, *Dei faste postane*). Folkelege, men lågfrekvente ordkombinasjonar kan vere så innarbeidde og leksikalsk formørka at dei blir oppfatta som eitt ord eller ein fast frase, t.d. (*gåmåldans med*) *nogo attåt* – som òg var eit tv-

program (Fjeld 2002, 46). Ein annan bruk av nynorskord i bokmål ser vi når urbane klasser romantiserer over folkekulturen og markerer landsens kultur ved å bruke nn-ord, ofte for å gje eit positivt inntrykk (51), men omvendt kan ein del nn-former verke som markering av ironi:

Det er et negativt avstandsmarkerende virkemiddel. Ironisk distanse er et typisk trekk ved den moderne urbane kulturen, og svært mange nn-former har ironiserende funksjon, samtidig som nn-formene tar bort noe av brodden i ironien fordi formene er folkelige og ofte humoristiske. (Fjeld 2002, 54)

Boye Wangensteen meiner at journalistar brukar dialekt- og nynorskformer for å oppnå ein komisk eller viss stilistisk effekt: «Det er gjerne ord som blir oppfattet som sjeldne og «rare», og som blir brukt i språkstriden for å harselere med nynorsken, og som opptre i denne sammenhengen, særlig i aviser som regnes til riksmålsfløyen» (Wangensteen 1998, 184). Som døme nemner han *himeavla*, *åtgaum* og *skjenelause køyregreier*. Fjeld (2002, 52) hevdar at hovudfunksjonen ved folkelege nn-former er å understreke mangel på danning, for å markere ein person sin låge status eller intelligens. Men folkemålsformer kan òg brukast når ein treng ei meir ekspressiv kraft enn bokmålsnorma tillèt, og kanskje verkar dialektformene forsterkande fordi dei er meir ektefølte eller menneskelege. Den andre hovudfunksjonen er reint estetisk: Ein gammal klisjé er at nynorsk er eit vakkert språk som er særleg velegna i dikt, og det fører til at ein del brukar nn-formene eufemiserande på bokmål, men her kan balansen mot det ironiske vere hårfin. Typiske folkemålsformer som representerer eit stilistisk normbrot, kan ha ein forsterkande eller forskjønande funksjon. Seier ein noko som er litt tabu eller på kanten, kan det dempast med å bruke eit nn-ord (53f). Når språkbrukarane brukar overgangsformer mellom dei to målformene, meiner Fjeld at det tyder på at dei «ikke har et bevisst forhold til grensene mellom normert bokmål og nynorsk, men gjerne følger egen språklig intuisjon for å finne det treffende ordet» (55).

Wangensteen meiner at grunnen til at former som aldri har vore tillatne i bokmålsnormalen dukkar opp i skrift, delvis må vere at dei står så sterkt i talemålet at det fell meir naturleg å bruke dei enn dei normerte formene (t.d. preteritum av typen *spøy* og supinumsforma *driti*), og delvis at dei skrivande av stilistiske eller andre

grunnar kjenner behov for å bruke slike talemålsformer (Wangensteen 1998, 194).  
Han resonnerer etter mi meining klokt rundt problemstillinga:

I stedet for å utvide normalen får vi heller akseptere at det i mange situasjoner er naturlig og legitimt å bryte den. Vi bør ha et avslappet forhold til at folk skriver slik det er naturlig for dem, i alle fall så lenge det ikke hindrer budskapet i å nå fram til den målgruppa det er rettet mot. Det er også et spørsmål om hvor mye tid det er hensiktsmessig å bruke på at et skriftlig produkt skal være i samsvar med normalen i alle detaljer. Det oppstår ikke større kommunikasjonsmessige problemer om vi skriver *ei annonse – annonsa* [galt] enn at vi skriver *ei adresse – adressa*. Jeg tror heller ikke budskapet blir hindret om noen skriver *fiskarhøvdning, grendahus, vossarull, eitrande forbanna* eller *han brekte beinet*. En må huske på at svært mange av disse eksemplene på normbrudd er fra lokalaviser, der målgruppa i all hovedsak er lesere som er fortrolige med de avvikende formene. Kanskje en til og med letter kommunikasjonen i mange tilfeller ved å gå utenfor normalen.

Går en utenom normen av stilistiske hensyn, f.eks. i faste uttrykk, for å gi en beskrivende lokalkoloritt eller når en omtaler lokale forhold, er det ofte det eneste naturlige.  
(Wangensteen 1998, 196)

I avsnitt 5.6 og 5.7 kjem vi tilbake til bruken av sitatord i frasar i bokmål og nynorsk.

#### 2.7.4 Syntaktisk variasjon

Ulike tradisjonar i bokmål og nynorsk knytte til genitiv fører til ulik syntaks i ein del frasar. Bruken av *s*-genitiv har vore eit viktig skilje mellom målformene, og for mange nynorsktilhengjarar også ein kjepphest (Rauset 2010a, 40). I *Nynorskordboka* ser det ut til å vere ein samanheng mellom eit ønske om å unngå genitivsformer og fleire fraseologiske lakuner, og det er ikkje mogleg å finne faste frasar som *i kampens hete, stridens eple* eller *sakas kjerne* om ein slår opp der, jf. avsnitt 5.8. Ser ein på ulike rettleiingsskriv om god nynorsk målføring, er dei normative råda så kryssande og kompliserte at dei mest av alt er eigna til å forvirre, og mange kjenner seg usikre på kvar grensene går for kva genitivsformuleringar som blir rekna som akseptable.

Det finst mange døme på alderdommeleg bøyning og ordstilling som er bevarte i frasar (Anward og Linell 1976, 90). I den siste delen av dette kapittelet skal vi sjå nærare på to andre frasetrekk, som i norsk kan koplast til alderdommeleg ordstilling: enkel bestemming og førestilt possessiv. Spørsmålet om bestemming fell strengt teke ikkje under syntaks, men det er naturleg å handsame desse trekka under eitt. Enkel

bestemming og førestilt possessiv er språktrekk mange set i samanheng med dansk og konservativt bokmål. For nynorskbrukarar kan det vere krevjande å vurdere kva som er god frasebruk med tanke på ikkje-prototypisk og ikkje-munnleg syntaks i skrift.

#### 2.7.4.1 *Genitivsformuleringar, særleg i nynorsk*

*S*-genitiven er i høg grad eit skriftspråkleg trekk i norsk (Nesse 1998, 126). Han har tradisjonelt vore forbunden med dansk, tysk og i siste rekkje latin, og mange meiner han fører med seg substantivisk og tung målføring. Mange nynorskbrukarar har vore skeptiske og atterhaldne til å sleppe *s*-genitiven (som i *apostlanes hestar* ('føtene')) til i skrift, sjølv om bruken har auka i nyare tid (Almenningen 2006, 42). I dei norske dialektene uttrykkjer ein oftast eige-domstillhøve med preposisjon (*boka til presten*, *ordføraren i bygda*), garpegenitiv med *sin* (*kven si bok er dette? på andre sine vegner*), possessive determinativ (*jakka hans bestefar*, *målet hennar mor*), samanskriving (*ffjellets topp* > *ffjelltoppen*) og omskriving med heil setning (*kongens tale* > *talen som kongen held(t)*) (43f), men i visse tilfelle blir dei to mest brukte norske genitivsvariantane (*s*-genitiv og *sin*-genitiv) rekna som jamgode med omskrivingar i nynorsk skrift i dag.

På spørsmål om kva kriterium dei brukte når dei valde frasar til *Nynorskordboka* i samband med *s*-genitiv, kunne tidlegare redaktør Dagfinn Worren fortelje at dei heldt seg til hovudreglane etter Aasen (personleg kommunikasjon på MONS-konferansen 21.11.2013). Sidan verken *s*-genitiv eller faste frasar er tematiserte i redigeringshandboka (NOB-redaksjonen 1983), får vi starte med opphavet. I *Norsk Grammatik* skriv Aasen at genitiven er i bruk: 1) saman med preposisjonane *til* og *millom*: *til Manns*; *til Dags*; *til Tidar*; *millom Verka* ('mellom arbeidstidene') og 2) når «noget vedkommer eller tilhører Tingen, og som altsaa bruges, naar Ordet bliver sammenstillet med et Substantiv»: *ein Manns Alder*; *Mannsens Lukka*; *høyra Manna Maal* (Aasen [1864] 1965, § 316). Merk at genitivsformene Aasen skriv om, er bøyingsendingar i eit kasussystem:

	Mask.	Femin.	Neutr.	Fl.
<b>stærk Bøining</b>	<i>s, ar</i>	<i>ar</i>	<i>s</i>	<i>a (e)</i>
<b>svag Bøining</b>	<i>a (e)</i>	<i>o (e)</i>	<i>a</i>	<sup>13</sup>

Tabell 2.2 Genitivsformer i norsk etter Aasen ([1864] 1965: § 180 og 174)

Det er altså berre eintalsformer av hankjønns- og inkjekjønnsord med sterk bøying som tek *s* i genitiv, og som reglane over kan brukast ved. Genitiv i bestemt form blir berre brukt i visse talemåtar og til nokre få ord (t.d. *Dagsens, Heimsens, Aarsens*), og i fleirtal berre etter *til* (*til Fotanna, til Husanna*). *S*-genitiv i hokjønn og fleirtal, «som stundom forekomme», kallar Aasen for uekte genitivar (§ 180). Olav T. Beito oppsummerer at skuleregelen etter Aasen er at ein kan bruke *s*-genitiv ved mannsnamn, delvis òg ved kvinnenamn, men mest i faste ordelag. Det er «allstad dei ubundne genitivsformene på *-s* som er mest nytta, og i samsvar med opphavet har dei størst frekvens i hankjønn og inkjekjønn eintal» (Beito 1986, 195).

Særleg i eldre litteratur om nynorsk er skepsisen mot *s*-genitiven stor. Slik blei det argumentert i ei rettleiingsbok i norsk språkbruk:

I dansk er genitiven noko av det som fell mest i øyro. Og dei som hev vorte oppskula i dansk målføring, fyrr dei lærde heimemålet sitt vel, fær ofte ein hard strid å standa, fyrr dei vert den danske genitiven kvitt og finn heim til dei gode, greide vendingane i sitt eige mål. Men det er ein strid som svarar seg. Dei vil snart skyna at den framande genitiven hev hjelpt til å gjera både talen og tanken uklår. (Eskeland [1904] 1940, 44)

Juristen Nikolaus Gjelsvik var òg oppteken av at *s*-genitiv ofte fører til unorsk målføring, men der mange nynorskpuristar argumenterer mot lån og stildrag frå dansk og tysk, la han vekt på at det berre er ei vidareføring av latinsk stilnivå, ikkje problemet i seg sjølv: «Den keivelege etteraping etter latinen hev gjenge folk so i blodet at dei ikkje eingong kom på ein endefram ordleidingsmåte, um dei so sette seg til å tenkja etter både vel og lengje» (Gjelsvik 1938, 17). Gjelsvik hevdar at fordi ein på nynorsk brukar meir verbalkonstruksjonar enn substantivkonstruksjonar, fell mykje av genitivsbruken vekk utan at ein merkar det (30).

<sup>13</sup> I § 180 i *Norsk grammatikk* ([1864] 1965) er det ikkje gjeve opp fleirtalsform i svak bøying.

I nyare tid formulerer dei fleste seg i mindre fordømande ordelag. Alf Hellevik (1968, 202f) skreiv at sjølv om *s*-genitiv er lite brukt i talemålet, og tradisjonelt har vore mindre brukt i nynorsk enn bokmål, blir det òg i nynorsk ofte brukt genitiv på *-s*, og at genitiv i visse samband er vanleg. Fretland, Rommetveit, Sudmann og Vikør råder til å vurdere om bruk av eit uttrykk med *s*-genitiv fungerer greitt i samanhengen, eller om han gjev krunglete og oppstylta stil. Dei meiner det er like bra å skrive *Aasens ordbok* som *ordboka til Aasen*, og at det er når *s*-genitiven fører til tungt språk, at ein bør unngå han (Fretland et al. 1986, 87f). Særleg uheldig er *s*-genitiv brukt som bindemiddel i lange substantivuttrykk, og ein skal difor vere varsam med å kople genitiv saman med verbalsubstantiv (88). Tilrådinga jamt over er framleis at ein bør vere atterhaldne med bruken: «*S*-genitiv blir brukt i talemåla i Telemark og på Agder, men er elles ikkje så utbreidd i norske dialektar. Derfor blir han brukt varsamt i nynorsk» (Almenningen og Søyland 2012, 21). Også i bokmål er bruk av *s*-genitiv eller omskriving med preposisjon eit val som handlar om markeringa av stil og tone: «Genitiv gir ofte et stivere, mer høytidelig preg. Preposisjon virker muntligere og mer dagligdags» (Fjeld 2017b, 149).

*Sin*-genitiven, òg kalla *garpegenitiv* (t.d. «Lisa si jakke»), er på frammarsj både i skrift og tale over heile landet, sjølv om han tradisjonelt ikkje har vore rekna som god skriftleg norsk, verken i bokmål eller nynorsk. Dei tyske hanseatane på Bryggen i Bergen blei omtalte med skjellsordet *garpar* ('storskrytarar', jf. Torp (1988)), og det er dei som har fått skulda for å bringe denne genitivsforma inn i norsk, enten som omsetjingslån eller kanskje heller som eit resultat av språkkontakt mellom mellomlågtyisk og norsk (Nesse 1998, 121ff). Tradisjonelt har fenomenet vore knytt til Vestlandet og Nord-Noreg, men i seinare tid har det òg spreidd seg til Austlandet (Torp og Vikør 2014, 101). I nynorsk har ein i høgare grad enn i bokmål godteke *sin*-genitiven, då han har blitt rekna som eit betre alternativ enn den vanlege *s*-genitiven, som blir forbunde med stivt, litterært dansk, og i dag er han langt på veg akseptert i målforma. I all hovudsak uttrykkjer *sin*-genitiven reine eigedomsforhold (*Olav si avis, mor og far sine pengar*), eller han kan vere veileigna til å utheve noko. Det er likevel ikkje uvanleg at det blir åtvvara mot overdriven bruk:

---

Ein god regel er at *sin*-genitiven berre kan brukast ved personar og institusjonar, ikkje ved ting og abstrakte omgrep (altså ikkje *huset sine dører* og *naturen sine ressursar*, heller ikkje *husets dører* eller *naturens ressursar*, men: *dørene i huset* og *naturressursane*. (Fretland et al. 1986, 90)

Om dette er ein bruk av *sin*-genitiv som nynorskbrukarar har internalisert, gjer det at ein i liten grad kan vente å finne *sin*-genitiv i nynorskførekomstar av abstrakte og figurative frasar der det i bokmål blir brukt *s*-genitiv.

Også *s*-genitiven blir med ein tommelfingerregel brukt for å uttrykkje eigedomsforhold. Genitiven «merkjer av eigar og i vidare meining opphav eller den (det) som noko høyrer til eller saman med. [...] [D]et er ved ord for personar, særnamn og appellativ med funksjon som særnamn at vi i nyno. kan ha *s*-genitiv til vanleg» (Beito 1986, 196). Det at særnamn gjerne får *s*-genitiv, blir trekt fram av fleire (t.d. Språkrådet 2008, 21; Almenningen og Søyland 2012, 21; Hellevik, Rauset og Søyland 2012, 20). Eskeland meiner at genitiv berre kan brukast ved særnamn om dei endar på konsonant (difor *Garborgs skrifter*, men ikkje *Lies skrifter*), men at genitiv i særnamn ikkje høyrer heime i kvardagsspråket (Eskeland [1904] 1940, 41).

I det nynorske HaBiT-korpuset er det langt mellom konstruksjonane med særnamn + *s*-genitiv til konkrete substantiv. Søk på *\*s bil*, *\*s sykkel*, *\*s hest* og *\*s båt* gjev ikkje treff på førenamn, men nokre få resultat som *dagens bil*, *naboens båt* og i enkelttilfelle etternamn + genitiv + konkret. Praksisen med å bruke *sin*-genitiv når nokon eig noko, er derimot utbreidd. Konstruksjonane *sin sykkel*, *sitt hus*, *sin båt* osv. er høgfrekvente samanlikna med *s*-genitivsvariantane. Derimot viser søk på *\*s bok* og *\*s song* at det er vanleg å binde saman verk og etternamnet til kunstnaren med *s*-genitiv. HaBiT-korpuset viser oss at *s*-genitiv i moderne nynorsk sjeldan blir brukt saman med førenamn i kvardagsspråket, men signaliserer ein større avstand og kanskje noko meir høgverdig når han blir brukt saman med etternamn. Sjølv om bruken av *s*-genitiven er meir utbreidd i nynorsk no enn tidlegare, ser fenomenet framleis ut til å vere nokså stilistisk markert.

Mange peikar på det er lang tradisjon for å bruke *s*-genitiv ved substantiv i ubunden form (*kvinnens rett*; *eit barns* og *barns synsstad*, men ikkje *barnets* eller *barnas*

*synsstad*) (t.d. Språkrådet 2008; Almenningen og Søyland 2012, 21; Fridtun 2013, 46). I ei innføringsbok i nynorsk peikar Almenningen på at ved hankjønnsord kan *s*-genitiv òg brukast i bunden form, særleg i faste vendingar:

- [v]ed hankjønnsst substantiv i bunden form, særleg ved personnemningar og i meir eller mindre faste vendingar, som t.d. *statens lønnsregulativ, fiskarens levevilkår, naturens orden, kjærleikens stigar, kongens karar, i islams namn, dagens tekst, kunnskapens tre, nådens kraft, tankens stål* (Vinje) o.l. Ved hokjønns- og inkjekjønnsord plar vi helst skrive om med preposisjon eller finne andre utvegar, slik at vi seier *liljene på marka* istf. *markas liljer*. (Almenningen 2006, 43)

Bruken av *s*-genitiv har ein sterkare posisjon i litterært språk enn i talemål og normalprosa, men det ikkje er noko skarpt skilje (Næs 1972, 334). Nynorskforfattarar frå alle landsdelar brukar *s*-genitiv (særleg i ubestemt form eintal av hankjønn og inkjekjønn), mest i poetisk stil og i høgprosa, mindre i folkeleg stil (Beito 1986, 196). Dersom ein ønskjer å uttrykkje seg poetisk, meiner også Almenningen (2006, 43) at det er greitt å bruke *s*-genitiv til hokjønns- og inkjekjønnsord: *eventyrets poetiske glans*. Abstrakt i norsk er hovudsakleg hankjønn og inkjekjønn, som i teorien glir lettare inn i det nynorske genitivssystemet enn hokjønnsord, men i nynorsk corpus er det heller ikkje vanskeleg å finne førekomstar som *i globaliseringas namn, møte offentlegheitas blick* og *moderniseringas pris*. I litteraturen blir det likevel ofte trekt fram at hokjønnsord sjeldan tek genitiv. I *På godt norsk* står det at det først og fremst er hankjønn og inkjekjønn eintal som får *s*-genitiven hekta på seg i meir eller mindre faste uttrykk, namn og titlar; «i hokjønn og fleirtal er genitiv langt meir sjeldsynt» (Fretland et al. 1986, 88).

Også Ragnvald Iversen ([1929] 1946, 52) meinte at det var særleg viktig å bruke omskrivingar når ein har med hokjønnsord å gjere, for både i bokmål og nynorsk hadde ein vore vande med å rekne bruk av genitivsform ved hokjønnsord som feil. Det er ein tendens ein framleis kan observere i bokmål. I bokmålsdelen av HaBiT er fordelinga mellom formene *boka* versus *boken* 41 % (110 620 førekomstar) av *boka* og 58,4 % (155 025 førekomstar) av *boken*, men skiljet blir mykje større om ein legg til ein *s*-genitiv, då er fordelinga 28,3 % (2366 førekomstar) av *boka* og 71,7 % (6054 førekomstar) av *boken*.



I tillegg til å vere ordlisteredaktør og forfattar av bøker om nynorsk målføring er Aud Søyland ein erfaren og mykje brukt språkvaskar. Om dette arbeidet skriv ho: «Eg slepper gjennom ein *s*-genitiv no og då, men det kling oftast ikkje bra etter vokal eller etter bestemt form eintal av inkjekjønnsord, synest eg» (personleg kontakt med Aud Søyland via e-post 21.11.16). Dette byggjer ho på erfaringar frå då ho arbeidde i Språkrådet og med lærebøker som *Praktisk nynorsk for lærarstudentar* (Almenningen og Søyland 2012) og *Rett og godt* (Fretland og Søyland 2013). Som døme på frasar med hokjønnsord, eller *-s* etter vokal, nemner ho *ingen verdas ting, tidas tann og menneskeheitas vogge* som uheldige, og av den siste kategorien nemner ho *valets kvalar, femtitalets husmødrer, til alle døgnets tider og i ordets aller vidaste forstand* som frasar der ho har tilrådd omskriving. Sjølv om dette er anekdotisk bevisføring, illustrerer det at ein del kompetente nynorskbrukarar også i dag har ei internalisert norm der *s*-genitiven ikkje kan brukast fritt, sjølv ikkje i relativt fikserte frasar. Det fortel òg at dersom ein som nynorskskribent vel å bruke *s*-genitiv til hokjønnsord og inkjekjønnsord i tekst som skal publiserast, kan ein oppleve at frasane blir føreslegne fjerna i språkvasken. Det kan igjen få konsekvensar for frekvensen av slike frasar i skriftspråskorpus.

Den stivna genitivsforma *-sens* finn vi oftast i faste samband. Former som *havsens botn* og *heimsens frelsar* kan ein bruke i poetiske tekstar, men ikkje i vanleg prosa, hevdar Almenningen (2006, 42). Fenomenet er å finne i moderne tekstar i nynorske HaBiT i vendingar som «ein stakkars landsens gut som meg», «dødsens kjedeleg», «møte livsens oppgaver» og «såg ikkje dagsens ljøs», og mange av førekomstane er slett ikkje naturlege å karakterisere som høgprosa. Kanskje har dei heller snev av noko ironiserande. *Nynorskordboka* har eigne oppslag på eit knippe genitivsformer som endar på *-sens*, t.d. *dagsens, dødsens, folksens, gudsens, havsens* og *landsens*.

Det ser ut til at målformene har nærma seg kvarandre på genitivsområdet òg: På nynorsk er det aukande aksept både for *sin-* og *s*-genitiv, og på bokmål er det ein aukande tendens til å føretrekkje preposisjonsledd framføre genitivsuttrykk, i tillegg til å bruke *sin*-genitiv. I nynorsk har det lenge vore aksept for å bruke genitiv i faste frasar, poetisk stil og høgprosa. I faste frasar meiner somme at ein kan bruke *s*-genitiv

uavhengig av genus og bestemming, andre er meir tilbakehaldne med å leggje til ein *-s* til hokjønnsord og bestemt form av inkjekjønnsord også i frasar. Bruken av *sin-*genitiv ser ut til å fungere greitt i frie konstruksjonar som uttrykkjer at nokon eig noko, men ikkje i idiom og ordspråk. I avsnitt 5.8 kjem vi tilbake til korleis den faktiske bruken tek seg ut i eit utval frasar med hankjønns-, hokjønns- og inkjekjønnsord.

#### 2.7.4.2 Enkel eller dobbel bestemming

Dei bestemte formene av eit substantiv er danna av eit suffiks: *stolen*, *boka*, *lyset*, *leiarar* og *skeiene*. Når substantivet står i bestemt form og har eit demonstrativt eller possessivt determinativ knytt til seg, kallar vi substantivet *overbestemt* eller *dobbelt bestemt*. Determinativet kan vere eit påpeikande ord: *denne oppgåva*, *den dårlege lønna* og *dei gode minna*, eller eit etterstilt eigedomsord: *sonen min* og *kleda hennar* (Kulbrandstad og Kinn 2016, 199f). Dobbelt bestemt form har blitt kalla eit adelsmerke for norsk språk (Fretland et al. 1986, 94). I dansk finst ikkje konstruksjonar med dobbelt bestemt substantiv, men i riksmål blei dei dobbeltbestemte formene innførte i rettskrivingsreforma av 1907, som i stor grad bygde på prinsippa til Knud Knudsen. Då blei det tillate å skrive *det huset* for *det hus*. André Bjerke meinte at når ein har valfridom mellom ei dansk-norsk og ei særnorsk form eller vending, tenderer ordformer, formverk og syntaks i dansk-norsk mot ei figurleg, abstrakt eller «fjern» tyding, medan tilsvarende særnorske former og ordstilling har ei bokstavleg, konkret eller «nær» tyding. Som døme gjev han den dobbeltbestemte og dermed norske forma *det norske folket*, det er dei som lever i Noreg i dag, medan det dansk-norske *det norske folk* er eit allmenngrep. Rådet han gav, var:

Overalt hvor det gjelder tingen i sin almindelighet, almenbegrepet, bør man bruke enkeltbestemmelsen: «Den gode tone», «den høye stil», «den dramatiske diktning», «den enkeltbestemte form», – men «den enkeltbestemte formen De der bruker, er umulig». (Bjerke 1967, 89)

I moderne bokmål er dobbelt bestemt form hovudregelen, men i visse spesielle samanhengar, t.d. i faste frasar, må eller kan ein på bokmål la vere å gje substantivet bestemt form: *de brede lag*, *de skrå bredder*, *den bortkomne sønn* (Gundersen et al. 2001). Det er dessutan meir bruk av enkel bestemming til generisk referanse, som når

*de tusen hjem* blir brukt om ‘hjemmene til folk flest’ og *den hvite mann* om ‘europeere i ikke-europeiske land’ (Kulbrandstad og Kinn 2016, 201). Andre døme på meir eller mindre faste ordelag i bokmål er *det glade vanvidd*, *den store stillhet*, *det frie ord*, *den evige fred* osv. (Iversen [1929] 1946, 58). I tillegg har vi *proprium* som Den europeiske union, Det hvite hus og De britiske øyer, der tilrådinga på nynorsk er å skrive Den europeiske unionen, Det kvite huset og Dei britiske øyane.

Kulbrandstad og Kinn (2016, 200) skriv at der det først og fremst er stilistiske skilnader mellom enkel og dobbel bestemming i bokmål, er enkel bestemming lite brukt i nynorsk. Der blir ein rådd frå å bruke enkel bestemt form i vanleg prosa (jf. t.d. Almenningen og Søyland 2012, 17f). I nynorsk er enkel bestemming oftast å finne i høgtidleg og litterær stil (Fretland et al. 1986, 97), men også i ein del nynorske faste frasar er det vanleg, t.d. i *det offentlege rom*, *det faktum at*, *i den grad at* og *dei lekraste rettar*. Bruken av ubestemt form av substantivet heng også blant nynorskbrukarar saman med personleg smak og vane hos den som skriv, og trekket finst blant fleire av dei fremste av dei tidlege nynorskforfattarane. Duun skreiv: «Eg må snakke med ‘n Karl Albert i denne kveld», Garborg: «Dette store strålande tårn», «Desse arme jordiske ting» og «I det nasjonale atterfødings arbeid» og Uppdal: «Den frostblå himmel» og «Dei myrke kroppar luter seg» (Iversen [1929] 1946, 59).

#### 2.7.4.3 Framforstilt eller etterstilt possessiv

I dansk står possessivet alltid framfor substantivet det høyrer til (*mit hus*, ikkje *huset mit*), men i moderne norsk normalprosa er possessivet oftast etterstilt (*guten min*, *bikkja di*). Legg ein i norsk trykk på possessivet for å vise kontrasten til noko anna, blir det likevel ofte flytta fram, slik det gjerne skjer med komponentar ein ønskjer å leggje vekt på (*er dette ditt arbeid?* i *vårt land er dette utenkjeleg*).

I tillegg til at ein ofte bryt tilrådinga om etterstilt possessiv i faste frasar både i bokmål og nynorsk (*vere noko på sin hals*, *det tok si tid*, *dei gjorde si plikt*, *mine damer og herrar!*), skjer det same når possessivet står til eit abstrakt substantiv (*ha sine grunnar for noko*) og når substantivet har ein overført funksjon (*Rimfrosten*

*hadde sådd sine sølvstjerner over busk og bar. Skulle han åpne sitt hjerte for henne?*  
(Iversen [1929] 1946, 65).

## 2.8 Oppsummering

I denne avhandlinga brukar eg frasenemninga om ein fast frase som enten høyrer til i idiomklyngja eller i ordspråksklyngja (sjå figur 2.2). Basert på gjennomgangen i dette kapitlet har eg trekt ut følgjande kjenneteikn for ein fast frase, slik eg òg gjorde greie for i del 1.1. Ein fast frase:

- er eit fleirordsuttrykk
- manglar full semantisk komposisjonaltet, dvs. har ei tyding som ein ikkje kan slutte seg til ut frå tydinga til enkeltkomponentane
- må vere institusjonalisert, dvs. gjenkjend, akseptert og brukt som ei leksikalisert eining i språksamfunnet
- er relativt leksikalsk og grammatisk fiksert
- har ofte ein spesiell stilistisk funksjon

Det tradisjonelle synet på idiom og andre faste frasar er at dei er morfosyntaktisk fikserte, og at dei enkelte komponentane ikkje kan bytast ut eller endrast på utan at idiomet mistar den konvensjonelle tydinga. Nyare forskning har vist at frasane er meir semantisk og formelt fleksible enn det ein tidlegare rekna med, og hovudinnsikta er at somme frasar er heilt faste, medan andre toler mykje variasjon. Hadde ikkje den (relative) fraseologiske fikseringa vore der som eit grunnvilkår, hadde det heller ikkje gjeve meining å snakke om variasjon.

Mange har undersøkt kva faktorar som styrer fraseologisk variasjon. Lite tyder på at frekvens eller alder på frasen spelar noka stor rolle. Derimot har somme undersøkingar vist at typen av figurativitet ser ut til kunne predikere variasjon, men om metaforiske uttrykk som byggjer på omgrepsmetaforar, blir varierte i større omfang enn metonymiar og idiom med anna figurativt innhald, er ikkje eit aspekt ved variasjon som eg går nærare inn på i dette arbeidet. Spørsmålet om komposisjonaltet er komplekst, og forskingsresultata sprikjer, men eg meiner å sjå ein tendens til eit meir nyansert syn på frasar som ikkje-komposisjonelle. I ein del frasar er det nokså

klare koplingar mellom delar av tydinga og komponentar i frasen, og det kan leggje til rette for leksikogrammatisk variasjon.

At målformene har ulike ortografiske og morfologiske konvensjonar er éin ting, men at dei delvis også har ulike ideal innan leksikon og syntaks, gjer at vi kan vente mykje variasjon både i og på tvers av bokmål og nynorsk. Det var tema i siste del av dette kapitlet, og det dannar særleg grunnlag for den empiriske undersøkinga i kapittel 5.

---

## 3. Ordbøker og korpus som kjeldegrunnlag

### 3.1 Innleiing

Dette kapittelet tek føre seg det empiriske grunnlaget for undersøkingane mine og spørsmålet om representativitet. I dag set mange likskapsteikn mellom fraseundersøkingar og korpusstudiar, men eit breiare kjeldegrunnlag kan òg omfatte internett, andre databasar, spørjeundersøkingar osv. Korleis ein vel å avgrense kjelde-materialet, vil vere avgjerande for resultatet og kva slutningar ein kan drage. I kva grad ordbøker er eigna som ein del av det empiriske grunnlaget i fraseundersøkingar, er ein diskusjon for seg, som eg kjem inn på i del 3.2. Eg har valt å bruke ulike metodiske tilnærmingar i dei to empiriske undersøkingane: I breiddeundersøkinga i kapittel 5 testar eg kor langt ein kan kome i fraseologiske jamføringar mellom ordbokføringar og reine korpusundersøkingar i norsk i perioden 2017–2018, medan eg nyttar eit breiare empirisk kjeldegrunnlag i djupneundersøkinga i kapittel 6. Difor inneheld denne avhandlinga både dette kapittelet retta mot nokre generelle metodiske spørsmål knytt til ordbøker som normkjelder og korpus som kjelde til kunnskap om den faktiske språkbruken, og meir spesifikke metodiske utgreiingar i kapittel 5 og 6.

Felles for undersøkingane, sjølv om det er mest framtreande i breiddeundersøkinga, er at det metaleksikografiske perspektivet i avhandlinga gjer at eg nyttar ein kombinatorisk metode der empirien i ordbøker dannar utgangspunkt for variasjonsundersøkingar i usus. Dette kapittelet ser først på ordbøker som kjelder i fraseundersøkingar (3.2), sidan på korpusundersøkingar (3.3) og så på metoden som kombinerer ordbok- og ususundersøkingar (3.4).

### 3.2 Ordbøker som kjelder i fraseundersøkingar

Dette avsnittet blir innleia av ein gjennomgang av nokre nordiske undersøkingar om korleis frasar er behandla i eit utval av ordbøker (3.2.1). På ulike måtar peikar dei på problematiske sider ved å bruke ordbøker som kjelder til språkbruk – iallfall som den einaste empiriske kjelda. Vidare kjem ein del (3.2.2) om dei viktigaste ordbøkene i

norsk samanheng – og dermed som dei viktigaste normkjeldene i denne avhandlinga. Der fokuserer eg på korleis dei undersøkte ordbøkene forhold seg til rettskrivingsnormene, og om dei dermed er å rekne som normative eller deskriptive. Eit anna vesentleg poeng er å røkje etter om brukarrettleiingar og anna omtekst i ordbøkene kan fortelje noko om kva utvalskriterium dei har brukt for faste frasar, og kva ambisjonsnivå dei har hatt for å gjere greie for leksikogrammatisk variasjon. Den siste delen (3.2.3–3.2.5) tek føre seg kvifor nynorske ordbøker og ordlister er ekstra vanskelege i ein normdiskusjon: Nynorskressursane må ta nokre særlege normeringsomsyn som gjer at dei ikkje kan reknast som reint deskriptive, men tvert om både er intenderte og blir oppfatta som normative på ein måte som ikkje er tilfelle for ein del andre språk og leksikografiske ressursar nynorsk elles har mykje til felles med. Det gjeld først og fremst på ordnivå, men eg viser korleis det òg spelar inn på frasenivået.

### 3.2.1 Nordiske undersøkingar om ordbøkføringar av frasar

I fleire nordiske undersøkingar blir både ordbokbrukarar og forskarar åtvåra mot å feste for stor lit til fraseoppføringar i ordbøker både når det gjeld utval og form. Ken Farø peikar på ein innlysande grunn til at tospråklege ordbøker likevel tradisjonelt har vore brukte som tilstrekkelege kjelder til studiar av idiominventaret i eit språkpar:

Fordelen ved at anvende bilingvale ordbøger som grundlag for en kontrastiv undersøgelse er [...] indlysende, at tertium comparationis er givet på forhånd: en bilingval ordbog repræsenterer i sin idealform netop en systematisk syntese af to sprogs leksikalske inventarer under et kontrastivt perspektiv. Det er derfor forståeligt, ikke mindst af tidsgrunde, at mange lingvister [...] anvender bilingvale ordbøger som kilde til idiomkonfrontationer. (Farø 2000, 31)

Med ein slik metode ser ein på inventaret i eit språk som eit ahistorisk system som direkte kan samanliknast med idiomsystema i andre språk berre ved å analysere dei idiomatiske ekvivalensrelasjonane i ei ordbok, og det meiner Farø (sst.) ikkje held mål. Han grunngjev det med at idiom som fenomen ikkje opptre i eit abstrakt, språkleg vakuum, men i konkret, autentisk språk; mykje tyder på at idiom i høgare grad enn andre språklege kategoriar er utsette for språkforandring; og han peikar på at

---

tospråklege ordbøker ofte er idiosynkratiske, ikkje-empiriske artefaktar utan klart formulert og verifiserbart kjeldegrunnlag.

Om norske ordbøker skriv Fjeld at det kan sjå ut til å vere nokså vilkårleg kva fleirordseiningar som er tekne med, og om dei er førte opp som bruksdøme til eitt av orda i eininga eller trekte ut som eigne sublemma. Ho peikar òg på at det ikkje er lett å sjå systematikk i kva lemma dei er førte opp under eller forklarte med (Fjeld 2009, 105f). Konklusjonen hennar er at i handsaminga av norske fleirordseiningar har «tilfeldighetene [...] rådet, både i handordbøkene og i de større, dokumenterende enspråklige ordbøkene. Grunnen til det har vært manglende teori og metode for kartlegging og utvelgelse av mer eller mindre frie ordforbindelser og flerorsenheter (sic)» (107). Ein del av argumentasjonen til Fjeld baserer seg på hovudfagsoppgåva til Tone Rudi Olsen (2001) om leksikografisk handsaming av frasar med overført tyding. Olsen kritiserer der at dei undersøkte ordbøkene fokuserer meir på idiom enn kollokasjonar, trass i at idiom berre utgjør ein liten del av det leksikalske inventaret samanlikna med andre fleirordseiningar, i tillegg til å peike på manglande systematikk i føringsmåte og diasystematiske markeringar (Olsen 2001, 63ff).

I ei jamføring av dei trykte utgåvene av *Bokmålsordboka* (Wangensteen 2005), *Nynorskordboka* (Hovdenak et al. 2006), *Norsk ordbok med 1000 illustrasjoner* (Guttu 2005) og *Norsk ordbok (bokmål)* (Landfald og Paulsen 2006) slår Vikør fast at beskriving av fraseologien ikkje har vore sett på som den mest sentrale leksikografiske oppgåva i nokon av desse fire mellomstore ordbøkene:

Alle ordbøkene har, som ordbøker flest, hatt enkeltorda som utgangspunkt og fokus, og så har dei valt ut ordsamband og setningseksempel for å vise bruken av enkeltorda etter beste skjønn innanfor dei plassrammene dei hadde. Ei meir systematisk behandling av ordsambanda på lingvistisk grunnlag har det vore mindre rom for; leksikografane har prioritert det dei har meint at folk har hatt mest bruk for, og da brukt seg sjølve som kjelder i rolla som vanlege språkbrukarar, i nyare tid supplert med elektroniske tekstkorpus. (Vikør 2009, 242)

Vikør argumenterer vidare for at ein i presentasjonen av frasar i ordbøker bør skilje mellom eksplisitt og implisitt fraseologi. Eksplisitt fraseologi er frasar som blir presenterte som separate heilskapar (òg kalla *daude eksempel*), medan implisitt fraseologi er frasar som er innbakte i setningar (òg kalla *levande eksempel*, og i resten



---

av prosjektet mitt omtalt som *bruksdøme*). Med ei slik todeling kunne ein tenkje seg at eksplisitt presentasjon av frasar indikerer at frasane er faste, der setningseksempla representerer meir tilfeldige og lause ordsamband. På linje med Fjeld og Olsen slår Vikør fast at det ikkje ser ut til å vere noko systematisk skilje mellom når frasar står som bruksdøme (implisitt fraseologi) eller er skilde ut som sublemma (eksplisitt fraseologi): «[E]g kan ikkje sjå noko slikt mønster; det verkar meir som at årsaka er eit stilistisk ideal om variasjon i presentasjonsmåte» (Vikør 2009, 247). Konklusjonen hans om stoda i dei fire undersøkte norske allmennordbøkene er likevel noko mindre kritisk enn Fjelds: Han meiner at «tilfanget av ordsamband verkar ganske tilfredsstillande innanfor den storleiken ordbøkene no ein gong har. Plassering og presentasjonsmåte kan derimot verke litt tilfeldig» (252).

Oxana Steen gjer i avhandlinga si om idiom med bibelsk opphav i moderne dansk og russisk avisspråk eit stort og gjentakande poeng av at ein ikkje kan rekne med at ordbokføringar av idiom er i tråd med den samtidige og aktive språkbruken, men tvert om ofte er forelda, utilstrekkelege eller klart feilaktige (Steen 2011, 21). Det er berre analyse av autentiske døme som kan gje eit sikkert vitskapleg fundament i lingvistiske undersøkingar; idiomordbøker kan ikkje brukast som einaste kjelder til etablering og analyse av dei idiomatiske systema i eit språkpar då ordbøkene på grunn av mangel på tilstrekkeleg empirisk grunnlag og høg grad av introspektive element ikkje er pålitelege (71). Sjølv om Steen viser at både dei danske og dei russiske idiomordbøkene ho har nytta i undersøkinga, har fleire døme på at idiom er oppførte i arkaiske og idiosynkratiske former som ikkje blir stadfesta av søk i moderne korpus (45), kan ein likevel lure på om ho, tydeleg inspirert av Farø (2000, 31), ikkje har ei noko forelda førestilling om leksikografen som berre reproduserer andre ordbøker og baserer seg på eiga språkkjensle i staden for å gjere eigne korpusundersøkingar:

For mange idiomordbøger er kildegrunlaget typisk følgende – [...] de tidligere udgivelser + idiomangivelser fra andre ordbøger + belæg for idiombrug fra andre ordbøger (som regel fra skønlitterære tekster, hvor idiomet ofte anvendes i sin transformerede, okkasionelle variant) + forfatterens sproglige intuition, hvilket tilsammen giver et skævt og uhomogent billede af idiomets moderne form, betydning og brugsregler. (Steen 2011, 187)

---

To svenske undersøkingar tek føre seg diskrepansen mellom ordbokføringar og usus, og på mange måtar støttar dei opp om konklusjonane til Farø og Steen. Ulla Clausén utførte i samband med arbeidet med *Svenskt språkbruk* (2003) ei lita undersøking av idiom som i løpet av ei veke var nytta i leiarartiklar i *Dagens Nyheter*, Sveriges største dagsavis. I dette svært avgrensa materialet var heile 20 av 23 idiom brukte med variasjonar og utvidingar samanlikna med dei normaliserte ordbokformene, det eg i kapittel 6 kallar *mønsterfrasen*. Konklusjonen Clausén (1996, 38) dreg av det, er at dei som skriv leiarar, gjerne brukar idiom, men sjeldan i den forma vi er vande med å finne i ordbøkene.

Sköldberg (2001) gjorde i samband med doktorgradsarbeidet sitt ei undersøking av ordbokføring og bruk av 40 svenske idiom. Ho slår fast at det berre i rundt halvparten av tilfella er godt samsvar mellom form i ordbøker og korleis frasen blir brukt i tekst.

Denne kortfatta litteraturgjennomgangen om leksikografisk handsaming av faste frasar leiver ingen grunn til optimisme om at fraseologien er gjort grundig og systematisk greie for i norske ordbøker. Om det skulle vise seg å stemme, er det ei mager trøyst at det ikkje ser ut til å stå så mykje betre til i dei undersøkte ordbøkene i nabolanda våre heller. På den andre sida må det vere lov å håpe på at auka merksemd om problemstillingane på sikt fører til betring.

### **3.2.2 Ordbøkene som er nytta i undersøkinga og drøftingar om ordbøker som kjelder til norm**

I avsnitt 1.4.1 gjekk det fram at tilnærminga i dette prosjektet er å undersøkje om ordbøkene og fraseføringane i dei er normative eller deskriptive. Det er ikkje ein dikotomi, men snarare eit gradsfenomen, og til grunn for valet av ordbøker låg ein tanke om å velje to ordbøker som er primært deskriptive, og to som er primært normative – og i begge tilfelle éi for kvar målform. Utvalet gjev seg langt på veg sjølv. I Noreg har vi to store, historiske og langt på veg deskriptive ordbokverk: NAOB for bokmål og *Norsk Ordbok* for nynorsk. Dei mellomstore ordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er Språkrådet sine talerøyr ut til språkbrukarane om kva som er offisielle normer i dei to målformene, så i ei normundersøking er dei

---

eit opplagt val å ha med. I denne delen går eg kort gjennom kva ordbøker desse fire er, med særleg vekt på korleis dei forhold seg til norma i bokmål og nynorsk. I den grad det står noko i føreorda og omteksten om kva ambisjonar ordbøkene har for å dekkje fraser og fraseologisk variasjon, kjem eg inn på det mot slutten.

### 3.2.2.1 *Bokmålsordboka* (BOB) og *Nynorskordboka* (NOB)

I norsk samanheng er dei to definisjons- og rettskrivingsordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* dei viktigaste og mest brukte ordbøkene, noko som òg blir reflektert i fellesnemninga som stundom blir brukt om dei: *standardordbøkene* (sjå t.d. nettsida til Revisjonsprosjektet 2020). Dei ligg fritt tilgjengelege på nett, og i 2019 blei det utført 150 000 søk per døgn på nettsida <ordbok.uib.no> og i appen Ordbøkene (sst.).

Prosjektet *Norsk handordbok* omfatta begge verka som seinare fekk namna *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (jf. Kulbrandstad 1976). Prosjektet kom i stand etter innspel frå Vogtkomiteen (Kirke- og undervisningsdepartementet 1966), som eit tiltak for å få den betente norske språksituasjonen over på eit meir fruktbart spor, og redigeringa av førsteutgåvene gjekk føre seg i perioden 1974–1985 (Hovdenak 2014, 230f). Ei anna nemning som har vore brukt om *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, er *tvillingordbøker* (Worren 1998; Hovdenak 2013; Rauset 2019). Det kjem av at dei blei utarbeidde parallelt og under same tak ved Norsk leksikografisk institutt ved Universitetet i Oslo, i samarbeid med Norsk språkråd. Nynorskredaksjonen redigerte bokstavstrekket a–k og v først, og bokmålsredaksjonen tok strekka l–u og w–å, og så bytte dei og kunne såleis bygge på arbeidet til kvarandre (*Bokmålsordboka* 1986, V). Sjølv om førsteutgåva av *Bokmålsordboka* blei gjeven ut på Universitetsforlaget og *Nynorskordboka* på Samlaget, hadde dei same grafiske profil. Seinare gav Universitetsforlaget ut ei andre utgåve i 1993 og Kunnskapsforlaget den tredje og siste trykte utgåva av *Bokmålsordboka* i 2005, etter den siste rettskrivingsreforma i bokmål same år. Samlaget gav ut nye papirutgåver i 1993, 2001 og 2006, men det har ikkje kome noka trykt utgåve av *Nynorskordboka* etter den siste nynorskrettskrivinga i 2012. Standardordbøkene har heile vegen følgt kvarandre tett i utvikling og redigering, og sidan 1994 har dei lege side ved side på nett. Når ein slår opp eit ord i

nettversjonen, blir det søkt i begge ordbøkene, med mindre ein aktivt vel å berre få treff i den eine.

Eit viktig prinsipp i standardordbøkene er at dei skal gje fullstendig ortografisk og morfologisk informasjon om den offisielle norma, som inneheld stor valfridom i begge dei norske målformene, som vi kan sjå eit døme på i figur 3.1. Denne informasjonen har blitt lettare tilgjengeleg i dei digitale utgåvene av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* etter at det blei utforma ein fullformsgenerator som koplar ordbøkene saman med Norsk ordbank, ein database over ordtilfanget i bokmål og nynorsk med alle bøyingsformer. Ved å klikke på ei lenkje bak oppslagsorda får ein opp eit paradigmeskjema med fullformer og informasjon om det grammatiske systemet (Grønvik og Ore 2014, 146).

Bokmålsordboka Nynorskordboka

Bøying i samsvar med 2012-rettskrivinga:

håpe	Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum	Imperativ
v.	å håpa å håpe	håpar	håpa	har håpa	håp
v.	å håpa å håpe	håper	håpte	har håpt	håp
v.	å håpa å håpe	håpar	håpte	har håpt	håp

Oppslagsord Ordbokartikkel  
håpa håpe håpe v1, v2, v3 (låg vone (1)); ha håp (ci håpe det beste / hå, kjem / håpe på godt

Lenkjer i ordbøkene som genererer fulle bøyingsparadigme frå Norsk ordbank

håpe	Perfektum partisipp				Presens partisipp
	Hankjønn/hokjønn	Innkjønn	Bunden form	Fleirtal	
v.	håpa	håpa	håpa	håpa	håpande
v.	håpt	håpt	håpte	håpte	håpande
v.	håpt	håpt	håpte	håpte	håpande

2017

Figur 3.1 Skjermdump av bøyingsparadigmet til håpe frå NOB/Norsk ordbank

Valfridomen blir med denne relativt nye funksjonen løfta fram i ordbøkene, men samstundes er det gjort eit anna grep som skjuler valfridomen. I tidlegare utgåver av standardordbøkene måtte brukarane sjølve velje ortografisk form om det var fleire å velje mellom i faste frasar. Vi skal i kapittel 5 sjå på frasar som blir realiserte med dei valfrie bokmålsformene *ben* og *bein*. Tidlegare stod frasar oppførte med tilde, t.d. *ha b~ i nesen* ('en sterk vilje'), slik at det var opp til brukarane å bestemme om dei sette inn *bein* eller *ben*, men i dagens nettutgåver av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*

---

har ein valt å skrive frasane med fullformer, slik at det i *Bokmålsordboka* no berre står *ha bein i nesen*.

I standardordbøkene skal ein kunne slå opp og finne ut kva som er riktig og gale ut frå gjeldande rettskriving. Det er i det lyset eigaren Språkrådet omtalar desse ordbøkene som dei viktigaste normeringsreiskapane sine – ingen andre kanalar når ut til like mange språkbrukarar om kva som gjeld innan rettskriving og bøyingsverk, som *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (Språkrådet 2014a, 9). Rein normativisme har i mange leksikografiske miljø vore uglesett i generasjonar, særleg i vitskaplege ordbøker er det deskriptivisme som er idealet, men ein kjem likevel ikkje vekk frå at det var med eit normativt formål desse rettskrivingsordbøkene blei utforma, og ein av dei dåverande redaktørane omtalte så seint som i 2017 standardordbøkene framleis som *normative ordbøker* (Kjelsvik 2017, 151). På frasenivå forventar eg som leksikograf at synkrone ordbøker speglar den faktiske språkbruken, ikkje kva ein redaksjon meiner er god språkbruk – sjølv om eg er medviten om dei mange ordbokbrukarane som slår opp for å få ein «fasit»: det eine svaret som er korrekt i tråd med tradisjonen. Grepet med å ikkje vise fram ortografisk valfridom i frasar i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* kan vere med på å styre språkbruken i ei bestemt (normativ) retning, då ei form i den aktuelle frasen kan bli tolka som riktigare enn den eller dei som ikkje blir viste fram, og då blir det ekstra viktig at føringane er i tråd med det som måtte vere av klare mønster over tid i usus.

Det er viktig å kjenne til den felles bakgrunnen deira når eg brukar *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* som kjelder til norma i målformene. Når ein har to ordbøker som både delvis byggjer på kvarandre, er utarbeidde samtidig ved same institusjon og i stor grad følgjer same redaksjonelle retningslinjer, må ein kunne vente at det som er av ulikskapar i frasetilfanget i dei, kjem av at frasebruken er ulik i bokmål og nynorsk. Sagt på ein annan måte: Er det ei såkalla *fraseologisk lakune*, eit tomrom der ein frase manglar i den eine standardordboka, men står oppført i den andre, skulle ein i utgangspunktet tru at frasen berre er institusjonalisert i den eine målforma.

I redigeringshandboka til nynorskutgåva av *Norsk handordbok* står det ikkje noko om kva vurderingar redaksjonen gjorde med tanke på fraseutval, kva form frasane skulle ha, i kva grad ein skulle gjere greie for fraseologisk variasjon osv. (NOB-redaksjonen 1983). Felles for brukarretteiingane for alle utgåvene av begge standardordbøkene er at redaktørane har vore opptekne av å retteie brukarane om struktureringa og tolkinga av det som står i ordbøkene, ikkje av å vise korleis dei har valt det ut.<sup>14</sup> I brukarretteiinga til *Bokmålsordboka* (1986, XIII) står det eit lite avsnitt om faste uttrykk, men det seier ikkje anna enn at ein del av uttrykka er med under fleire oppslagsord, men med tilvisingar til der uttrykket er forklart – ingenting om utval eller andre prinsipp. Det einaste som står om frasar i *Nynorskordboka* (1986: XVII), er at bruksdøme som er eit ordlag eller ei vending, oftast har ei forklaring etter seg.

Det er verd å merke seg den ulike nemningsbruken: *Ordlag og vendingar* i *Nynorskordboka* peikar meir i retning av folkeleg, tradisjonelt frasetilfang enn det meir generiske *faste uttrykk* i *Bokmålsordboka*. Forskjellane i formuleringane i brukarretteiingane kan vere uttrykk for ulike prioriteringar med omsyn til kva *type* frasar redaksjonane tok med i tvillingordbøkene, og det kan tenkjast å forklare ein del lakuner. Til dømes er dei norske ordspråka *full vom gjev rak rygg* og *mot i barmen og makt i armen er godt følgje* med i *Nynorskordboka*, men dei står ikkje i artiklane til *vom* og *barm* i *Bokmålsordboka*. På den andre sida finn vi idiomet *nære en slange ved sin barm*, kjent i mange europeiske språk og med opphav i Æsops fabel om *Bonden og slangen* frå rundt 600 f.Kr., i artikkelen *barm* i *Bokmålsordboka*, men ikkje i *Nynorskordboka* (jf. Rauset 2015). Spørsmålet er om desse lakunane skuldast ulike redaksjonelle praksisar i ordbøkene, som ein kan tolke ut frå dei subtile forskjellane i nemningsbruk i brukarretteiingane, eller om dei kan tene som døme på frasar som berre har festa seg i éi av målformene – om ein altså brukar standardordbøkene som målestokk på kva som er allment akseptert som ein del av fraseinventaret i bokmål og nynorsk.

<sup>14</sup> Unntaket er at det i alle dei fire trykte utgåvene av *Nynorskordboka* blir gjort greie for at målføreord skulle vere med om dei i kjeldetilfanget var registrerte i bruk i minst tre fylke (to i Nord-Noreg), men det er ikkje relevant i denne samanhengen.

### 3.2.2.2 *Det Norske Akademis Ordbok (NAOB)*

*Det Norske Akademis Ordbok* er ei nyrevidert og modernisert utgåve av det vitskaplege ordbokverket *Norsk Riksmålsordbok* (NRO) (1937–1957, med to tilleggsband frå 1995). Arbeidet med NAOB starta i 1999, og den digitale ordboka blei lansert i januar 2018. Bak står Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. NAOB definerer seg som ei *diakron samtidsordbok*. I det ligg det at ho dekkjer språket i skjønnlitteratur og sakprosa frå byrjinga av 1800-talet og fram til i dag, og ho tek føre seg ordtilfanget i bokmål og riksmål med tydingar, nyord, idiom og uttrykk, ordbruk og kollokasjonar, stavemåte, ordklasse, bøying, uttale og etymologi (Nilstun 2016; NAOB 2018b; Nordbø 2018). Den digitale ordboka inneheldt i 2018 225 000 artiklar, 300 000 sitat, og har innhald til å fylle 12 bokband, om verket skulle bli trykt (NAOB 2018a). NAOB har i snitt 25 000 unike brukarar i døgnet (Riksmålsforbundet 2020).

Som ei modernisering av NRO og med Det Norske Akademi for Språk og Litteratur som premissleverandør er det ikkje overraskande at hovudtyngda i NAOB ligg på det konservative bokmålet:

NAOBs redaksjonsspråk er moderat bokmål. Departementets støtte forutsetter at ordbokens norm ligger innenfor offisielt bokmål. Etter bokmåletts siste utvidelse er det ytterst få ord som skiller riksmålet fra det moderate bokmålet, så ordbokens norm er så å si sammenfallende med riksmålsnormen. NAOB tar mål av seg til å formidle den rettskrivning som hovudtyngden av norskbrukere føler seg hjemme i når de uttrykker seg skriftlig i formelle sammenhenger. (Westberg 2015)

Dåverande hovudredaktør Tor Guttu omtala NAOB som ei beskrivande ordbok med moderat bokmål som redaksjonsspråk. Stort sett nøyer redaksjonen seg med å vise fram dei andre formene (enn dei moderate) i sitat, og Guttu hevdar at ein i ordbøker av NAOB sitt slag ikkje kan «prioritere oppstillingar av de mange offisielle rettskrivningsformene i samtidspråket. Spesielt gjelder dette i Norge» (Guttu 2018).

Ønskjer ein opplysingar om den fulle breidda i formverket i bokmål, må ein vende seg til rettskrivingsordbøker, argumenterer han.<sup>15</sup>

I praksis vil det seie at om ein slår opp eit ord som *saks*, som etter bokmålsnorma både kan vere grammatisk hokjønn og hankjønn (f/m), blir det i NAOB berre gjeve opp at ordet får bøyinga *-en* i bestemt form eintal. Den normerte varianten *saksa* blir ikkje gjord greie for i artikkelhovudet, sjølv om hokjønnsendinga *-a* i bunden form eintal tradisjonelt har vore vanleg i kvardagslege, konkrete substantiv som i bokmål kan vere både f og m. NAOB har fått ein del kritikk for å berre beskrive delar av bokmålsnorma i artikkelhovuda (Ims 2018; Opsahl 2018; Aa 2018). Til dels har redaksjonen i seinare tid imøtegått denne kritikken ved å leggje til *a*-ending til ein del substantiv som *bok* (f/m), der det i 2018 berre stod «en; bøker» (som skal lesast som at ordet tek den ubestemte artikkelen *en*, og at den bestemte eintalsforma *-en*, som i *boken*, følgjer av det), mens det i 2020 står «en; boken / boka, bøker». Framleis går det ikkje fram at den ubestemte artikkelen til dette ordet kan skrivast *ei* på bokmål. I tråd med konvensjonane i konservativt bokmål er verb i *kaste*-klassa ikkje oppførte med valfri *a*-bøying i preteritum og supinumformer.

Når det gjeld ortografi, fører eit søk på den normerte forma *bru* (f/m) i 2020 ein direkte til artikkelen til den konservative forma *bro*, som berre er oppgjeven med hankjønnsbøyinga *-en*; forma *brua* (som slett ikkje er ein lågfrekvent bokmålsvariant) er heilt fråverande i artikkelhovudet.<sup>16</sup> Andre normerte former som *innhogg* og *langsinna* har derimot fått eigne artiklar, men med markeringa *muntlig*. Artiklane peikar vidare til artiklane *innhugg* og *langsint*, der lemmaa blir leksikografisk behandla. Praksisen er identisk med dei de facto unormerte formene *trøkk* og

<sup>15</sup> I meldingsdelen av prop. 108 L (språklova) står det at «[o]rdbøker og ordbokverk som er bygde opp heilt eller delvis for offentlege midlar, bør gje opplysningar om kva som er offisiell rettskriving. Regjeringa ønskjer at *Norsk Ordbok* og *Det Norske Akademis ordbok* følgjer gjeldande offisiell rettskriving i oppslagsord, og at eventuell rettskrivingsvariasjon for grunnform og bøyde former blir vist med same status. Eventuelle former utanfor gjeldande offisiell rettskriving må markerast» (Kulturdepartementet 2020, 73). Skildringane i dette kapittelet av korleis NAOB og *Norsk Ordbok* forhold seg til norma, er basert på situasjonen i 2020, men dette kan endre seg i dei komande åra.

<sup>16</sup> Eit søk på alle dei normerte formene "broen|broa|bruen|brua" i bokmålsmaterialet i Korpuskel-Lex gjev 15674 treff (49,93 %) på *broen*, 14015 treff (44,64 %) på *brua*, 1505 (4,79 %) treff på *broa* og 199 (0,63 %) treff på *bruen*. Korpuskel-Lex er ein ressurs som blei spesialutvikla for Revisjonsprosjektet hausten 2018, og som tillèt søk på tvers av fleire korpus på ein gong, sjå Lyse (2020) og <<https://www.uib.no/lle/revisjonsprosjektet#arbeidsmetodar-i-revisjonsprosjektet>> for info.



*hjemmenfra*, som viser til *trykk* og *hjemmefra*. Rettskrivingsvarianten av drikken *jus* gjev berre treff på *juice*. Med andre ord er det ikkje ein intensjon i NAOB å gje informasjon om kva som er tillate i bokmål, men om kva former redaksjonen vurderer som gjengs i moderat bokmål. Som ein av dei tidlegare redaktørane formulerte det, kan ein sjå på formopplysingane i NAOB som eit forsøk på å definere formverket i moderat bokmål (Gundersen 2018). Praksisen i NAOB er ei klar innsnevring av bokmålsrettskrivinga, og i dette lyset er det ikkje uproblematisk at NAOB-redaksjonen sjølv beskriv ordboka som normativ, og dessutan formulerer seg på ein slik måte at ein kan bli villeia til å tru at Språkrådet normerer moderat bokmål:

Når det gjelder samtidsspråket, er ordboken dessuten normerende, for så vidt som *redaksjonsspråket* er moderat bokmål, slik dette er normert av Språkrådet (2005, med enkelte senere vedtak). I redaksjonsspråket inngår hovedopplagsordenes form og bøyning, språket i definisjonene og språket i redaksjonelle eksempler (de eksemplene på bruken av opplagsordet som ikke er litteratursitater). Moderat bokmål er den formen av bokmålet som ligger nærmest riksmålet, og som i ord- og bøyningsformer stort sett er identisk med riksmålsnormen. (NAOB 2018b)

Leiv Inge Aa (2018) har peika på at det ikkje er rart at den jamne ordbokbrukaren slit med å skilje mellom rettskrivings- og dokumentasjonsordbøker, når dokumentasjonsordbøker som NAOB delvis har ein normerande agenda.

NAOB er særleg kjenneteikna ved dei mange litterære sitata. Det er viktig å nemne at i desse blir mange av dei tillatne formene som blir skjulte i redaksjonsspråket i ordboka, viste fram. I kapittel 5 skal vi sjå at òg unormerte former (som *løkka* i sitatet i figur 3.2) blir brukte der. Norske talemålsformer som fell utanfor normalen, blir i slike sitat til dels markerte med diasystematiske markørar som *dialektalt*.

Diasystematiske markørar i ei ordbok inneber vanlegvis at ei leksikalsk eining på eit vis vik av frå hovudmengda av einingane i ordboka, og at bruken av dei er underkasta restriksjonar av eitt eller anna slag (Svensén 2001, 357).

#### UTTRYKK

##### lykken er bedre enn forstanden

tross dumhet og uten egen fortjeneste er man heldig nok til å greie en vanskelig situasjon

- DIALEKTALT *dengang var løkka bedre end forstanden* (Gabriel Scott: *Skipper Terkelsens levnetsløp* 175)

Figur 3.2 Skjermdump av fraseoppslag under lemmaet *lykke* i NAOB

NAOB skil altså ikkje mellom normerte former som ikkje blir rekna som moderate, og ikkje-normerte former, tvert om skjuler ordboka ein del normerte former som *bru* og *jus*, medan andre ikkje-normerte former får eigne artiklar. Ordboka viser gjennom dei litterære sitata fram ei større breidd av former enn ein kan få inntrykk av ut frå redaksjonsspråket, men med bruken av diasystematiske markørar blir det likevel formidla kva former som er allment brukande, og kva som er markert – frå ein språkkonservativ ståstad. Ei rekkje unormerte riksmålske og danske former blir ikkje kommenterte på tilsvarende måte som det NAOB-redaksjonen meiner er dialektale former: I artikkelen *vitenskap* har dei mange sitata og bruksdøma med den unormerte forma *videnskap* ikkje markørar.

I rettleiinga til NAOB nyttar redaksjonen nemningane *uttrykk*, *faste uttrykk* og *flerordsuttrykk* om oppslagsord som førekjem i eit karakteristisk, meir eller mindre fast samband med eitt eller fleire andre ord. Slike har ein eigen, liten artikkel i eit eige avsnitt med overskrifta «Uttrykk», under den tydinga av oppslagsordet der uttrykket høyrer heime. Det blir framheva at uttrykkskategorien i NAOB er nokså vid: «den rommer f.eks. både idiomar (faste vendinger) som **gå til verks**, **sette i verk**, **skride til verket** i betydning 1 av **verk**, talemåter, f.eks. **lysten driver verket**, og terminologi som **engelsk setter**, **engelsk syke**, **engelsk vals** under adjektivet **engelsk**» (NAOB 2018c). Med andre ord skriv redaksjonen ikkje noko om kriterium for fraseutval og ambisjonsnivå når det gjeld å gjere greie for fraseologisk variasjon. Noka redigeringshandbok for NAOB har ikkje vore tilgjengeleg for dette ph.d.-prosjektet, så kva som eventuelt står om utvalskriterium og handtering av fraseologisk variasjon der, er ukjent for meg.

### 3.2.2.3 Norsk Ordbok (NO)

Tolvbandsverket *Norsk Ordbok: Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet* gjer greie for norsk talemål og nynorsk skriftspråk. Det er det mest omfattande ordbokprosjektet i norsk historie: Forhistoria starta i 1911, oppstarten var rundt 1930, det første heftet kom ut i 1950, og det siste bandet kom i 2016. Bak stod Universitetet i Oslo og Det Norske Samlaget. Målet var å byggje vidare på dei to ordbøkene til Aasen (1850; 1873) og vise fram utviklinga av det norske folkemålet til

---

eit litteratur- og kulturspråk i bruk på alle område (Hellevik [1950] 1966, V; Vikør og Wetås 2016, 17f). Til saman dekkjer banda over 300 000 oppslagsord som skal gje ei fullstendig framstilling av orda i norske dialekter og i nynorsk skrift. Det er eit trekk ved mange ordbokprosjekt i unge statar at ein har lagt stor vekt på dialekter:

«Ordbokprosjekt har då i stor grad handla om å byggje ein identitet ved å studere fortida og med det markere avstand til andre nasjonar» (Grov 2016, 21).

Kombinasjonen av ei dialekt- og skriftspråksordbok er likevel sjeldan, og at *Norsk Ordbok* er det, heng saman med at nynorsk i utgangspunktet var ei skriftfesting av dei norske dialektene i ei einskapleg form (Vikør 1994a, 7).

I NO-prinsippa for ordutval er det lagt vekt på at det samla ordtilfanget i Aasens og Ross' ordbøker skal vere med, og ved alle oppslagsord er det opplyst om orda finst i desse ordbøkene (Hellevik [1950] 1966, VII). Særnamn skulle ikkje takast med, men alt anna av ordtilfangsvurderingar var skjønsspørsmål for redaktørane (Vikør [1995] 2011, 153). Hellevik skriv at redaksjonen var i tvil om i kva grad ein i NO skulle ta med framandord, men argumenterer mot at ein treng det fordi desse orda allereie var grundig behandla i *Norsk Riksmålsordbok*, og at det er «òg greitt at hovudarbeidet må leggjast på det heimlege ordfanget» (Hellevik [1950] 1966, VIII). Eit argument for å ta med eit utval av framandord og ein del lånord, særleg frå tysk og dansk, er at ein gjennom definisjonane kunne hjelpe lesaren til å finne fram til dei norske orda og vendingane (sst.). Vikør peikar på at *Norsk Ordbok* på denne måten «skal ha eit normativt aspekt, ikkje berre vere deskriptiv. Denne posisjonen må reknast som svært problematisk for eit vitskapleg ordboksverk» (Vikør [1995] 2011, 158).

Alle dei tolv banda av *Norsk Ordbok* er redigerte etter 1938-normalen, som var den gjeldande då det første heftet av band 1 kom ut, i 1950. Hovudformene i denne normalen er brukte i oppslagsord, redaksjonell tekst og normaliserte sitat. I nokre tilfelle er det gjeve opp former frå seinare rettskrivingar, ved sida av 1938-forma (Vikør 2018, 151). Praktiske og systematiske omsyn gjorde at redaksjonen i enkelte tilfelle dessutan nytta seg av avvikande oppslagsformer, og alt frå starten blei det difor slått fast at *Norsk Ordbok* ikkje kan brukast som ei rettskrivingsordbok (Hellevik [1950] 1966, VIII).

I prinsippet dekkjer ordboka heile den såkalla *nynorske perioden* av språkhistoria, dvs. frå 1525, men det er svært tynt med tilfang fram til 1800-talet. I praksis dekkjer difor *Norsk Ordbok* perioden 1840 og fram til i dag, med vekt på den første perioden:

Generelt må vi seia at ordboka legg størst vekt på å dokumentera den eldre fasen av utviklinga til det nynorske skriftmålet; ho inneheld relativt meir av sitat frå dei klassiske nynorskforfattarane (Aasen, Vinje, Garborg, Duun o.fl.) enn frå dei meir moderne. (Vikør 1994a, 8)

Denne praksisen endra seg nok delvis, ikkje minst som eit resultat av mykje nytt tilfang av skjønn- og saklitterær tekst i *Norsk Ordboks nynorskopus* (NON), men det at redaksjonen lente seg så sterkt på ordbøkene til Aasen og Ross, heldt seg til 1938-normalen i redaksjonsspråket og hadde ei slagside mot den eldre litteraturen, gjer at ordbokverket har eit noko alderdommeleg preg. Uttalevariasjon i dialektene er vigd mykje plass i artiklane, men den omfattande variasjonen i formverket i nynorsk skrift viser berre igjen i sitat, og er dermed verken systematisk eller utfyllande dokumentert i *Norsk Ordbok*.

*Norsk Ordbok* utvikla seg til å bli ei deskriptiv dokumentasjonsordbok, om enn i 1938-innpakking i redaksjonsspråket. Ordartiklane inneheld etymologiske opplysingar, målføreformer, tydingar og eksempel på bruk både frå talemåla og skriftlege kjelder, som ikkje alltid er innanfor nynorsknormalen. At ordboka blei til i løpet av ein periode på nærare 90 år, har påverka innhaldet. Tidlegare NO-redaktør Sturla Berg-Olsen uttalte i eit intervju at både synet på ordtilfang og språk har endra seg, og at det nasjonsbyggande fokuset i *Norsk Ordbok* nok har blitt mindre:

I dei fyrste banda var det til dømes ei forkorting ved somme oppslagsord som heitte «lbr», som stod for «lite brukande».<sup>17</sup> Det var nærast ein beskjed til lesaren om at ordet er i bruk, men ikkje burde ha vore det. Den forkortinga finst ikkje lenger, og no blir alle oppslag i større grad rekna som like gode. Ordboka har i det heile blitt meir deskriptiv og mindre normativ. (Gro 2016, 20)

---

<sup>17</sup> I *Inn i Norsk Ordbok* står det at *lbr* stod for 'lite brukt (og lite brukande)'. «Den vart nytta mest normativt om slikt som vart rekna som «dårleg nynorsk», men likevel vart tatt inn i ordboka. Seinare redaktorgenerasjonar la mest vekt på å beskrive språket utan å føye til eigne verdidommar, og markeringa «lbr» vart derfor avskaffa.» (Vikør 2018, 96)

Åse Wetås, som då var prosjektleiar for Norsk Ordbok 2014, sa i eit innspel til eit konferanseinnlegg eg heldt om frasar i ordbøker, at dei fraseologiske lakunene eg kunne påvise i *Norsk Ordbok* (eg snakka då spesifikt om faste frasar med *s*-genitiv, som ikkje står i NO) hadde kjerneord som tilhørde første del av alfabetstrekket – og dermed dei første, mest normative banda av ordbokverket (personleg kommunikasjon på MONS-konferansen 21.11.2013). Det er ein forklaringsmodell til ein del av lakunene i *Norsk Ordbok* som eg kjem tilbake til i kapittel 5.

I den digitale rettleiinga til *Norsk Ordbok* er frasar omtalte som *underoppslag*, *uttrykk*, *samband* og *vendingar*. Der går det fram at polyleksikalitet, frekvens og komposisjonalitet var tre av utvalskriteria for frasane som er med i *Norsk Ordbok*:

Underoppslag er uttrykk som er sette saman av fleire ord, og der oppslagsordet utgjer det sentrale ordet i uttrykket. Som oftast har slike uttrykk ei viss utbreiing i språket og ei tyding som er noko meir enn summen av tydingane til dei einskilde orda som utgjer uttrykket (leksikalisert tyding) (NO 2014, 5. Underoppslag).

Alle frasane er definerte med ei eller fleire tydingar som er kjeldefesta på same måte som lemmaa i ordboka. Til frasane er det ofte knytt sitat frå talemåla eller nynorsk litteratur, og i desse kjem det fram eit spekter av former innanfor og utanfor norma.

I brukarrettleiinga *Inn i Norsk Ordbok* (Vikør 2018, 116) skil ein mellom to hovudkategoriar av underoppslag: verbfrasar med partikkel og faste uttrykk eller idiom. *Idiom* blir definert som eit (meir eller mindre) fast ordsamband som har ei tyding som ein ikkje kan avleie av dei enkelte orda, og som difor må forklarast særskilt i ordboka. I *Norsk Ordbok* skjer det ofte «i underoppslag, gjerne innleidd med formelen «i samb» (dvs. «i ordsambandet») eller «i vend» («i vendinga»). «Vending» blir da oppfatta som eit fastare og meir etablert uttrykk enn «ordsamband»» (117). Vikør vedgår at det i praksis har vore vanskeleg å halde oppe eit klart skilje mellom desse omgrepa, òg fordi grenselinja mellom idiom og sjølvforklarande ordsamband er flytande, m.a. fordi mange samband både kan ha overførte og meir konkrete tydingar. Slike får ofte status som underoppslag der ein gjer greie for begge tydingane (118).

### 3.2.2.4 Oppsummering

Formata og ordboktypane gjer altså at dei fire ordbøkene som inngår som ein del av det empiriske materialet i avhandlinga, forhold seg til norsk rettskriving og den ibuande variasjonen i formverket i bokmål og nynorsk på ulike måtar. Av heilt ulike grunnar er det eit fellestrekk ved NAOB og *Norsk Ordbok* at verka berre viser fram delar av rettskrivinga for høvesvis bokmål og nynorsk i artikkelhovuda og den kanoniske forma av frasar. Gjennomgangen har vist at desse to prinsipielt deskriptive ordbøkene begge har klare normative trekk. I NAOB er det moderat bokmål og riksmål og i *Norsk Ordbok* 1938-normalen av nynorsk, men i begge blir stor variasjon både innanfor og utanfor norma viste fram gjennom sitat. For standardordbøkene er situasjonen omvendt. *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er prinsipielt normative, då det er Språkrådet som avgjer formverket (ortografien og morfologien). Her blir det dermed gjort greie for den fulle gjeldande norma i artikkelhovuda, men i den kanoniske forma og eventuelle redaksjonelle bruksdøme til frasane er det berre den føretrekte forma i redaksjonsspråket som blir brukt. Med omsyn til lemmautval, tydingar, bruksdøme og fraseutval er standardordbøkene langt på veg deskriptive.

Ut frå omteksten i ordbøkene, brukarretteiingar og tilgjengelege redigeringshandbøker er det ikkje godt å føreseie korleis ordbøkene handterer fraseologisk variasjon. Basert på gjennomgangen i del 3.2.1 kan vi vente at det ikkje har vore retta mykje merksemd mot frasane og eventuell variasjon i standardordbøkene, men både omfanget av ordbøkene og den prinsipielt deskriptive statusen til nasjonalordbokverka NAOB og *Norsk Ordbok* burde kunne borge for at dei i større grad løfter fram leksikogrammatisk variasjon i dei faste frasane.

### 3.2.3 Normering av det norske og særskilt nynorske ordtilfanget

I denne delen skal vi sjå på sider ved den norske normeringa som har konsekvensar for utval både av oppslagsord og enkelte frasar i begge målformer, men særskilt i nynorsk. Eg innleia denne avhandlinga med eit sitat frå kortversjonen av stortingsmeldinga *Mål og meining*: «Som ordbokland er ikkje Noreg av dei mest avanserte, men vi har også ein særleg innfløkt språksituasjon å dokumentera»

(Kultur- og kyrkjedepartementet 2009, 30). Skal ordbøker brukast i skuleverket, er det ikkje nok at leksikografane brukar vitskapelege metodar og følgjer bestep praksis for å dokumentere språket i bruk; historia og språkpolitiske omsyn gjer at den norske staten sitt fagorgan i språkspørsmål, Språkrådet, spelar ei aktiv rolle som godkjenner. Når eg går nokså djupt inn i denne tematikken her, i 3.2.4 og 3.2.5, er det fordi eg meiner det er avgjerande å kjenne til den offentlege styringa av ordtilfanget i standardordbøkene når ein brukar og vurderer dei same ordbøkene som normkjelder.

Ved offentlig normering av ortografi og morfologi førebur sekretariatet i Språkrådet sakene med språkvitskapelege utgreiingar, fagrådet for normering og språkbobservasjon drøftar sakene og fattar vedtak, og styret i Språkrådet godkjenner vedtaka (Språkrådet 2015b). Slik er det ikkje i saker som handlar om ordtilfanget, som det går fram av *ordtilfangsprinsippet* for bokmål i Språkrådets retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk frå 2015:<sup>18</sup>

Dette prinsippet er en begrensning på normeringens domene: Ordforrådet i bokmål normeres ikke offisielt. Den offisiell (sic) normen fastslår hvordan ord skal skrives og bøyes, men avgrensar ikke hvilke ord (leksemer) som tilhører språket; det er en leksikografisk oppgave å avgjøre hvilke ord som skal med i en ordbok. At ord ikke omtales i offisiell norm, betyr altså ikke at offisiell norm utelukker dem, bare at deres stavemåte og bøyning ikke er normert. (Språkrådet 2015a, 10f)

I dei same retningslinjene frå 2015 står det at ordtilfanget i seg sjølv ikkje er eit normeringsspørsmål i nynorsk, med mindre orda har eit dansk eller tysk opphav (Språkrådet 2015b, 13).<sup>19</sup> Bakgrunnen for dette er at det er nedfelt i vedtektene til Språkrådet (Kulturdepartementet 2017) at organet skal godkjenne ord med dansk og tysk opphav som blir tekne inn i nynorske ordlistar og ordbøker. Personleg meiner eg at dette er ei uheldig formulering som dekkjer over at den reelle utfordringa som leksikografar må handtere i nynorskressursane i dag, er at dei aktuelle orda blir oppfatta som bokmålske, ikkje at dei for hundreår sidan kom inn frå dansk eller tysk.

<sup>18</sup> Disse retningslinjene har blitt reviderte i seinare tid, og ei ny utgåve har vore ute på offentlig høyring i 2021, men sidan desse ikkje er endeleg godkjende, vel eg å forhalde meg til 2015-utgåva av normeringsretningslinjene.

<sup>19</sup> 40 % av orda i moderne norsk er importord, og 30 % er frå lågtysk eller nederlandsk (Sandøy 1998, 78), så det er ei viktig gruppe ord både i bokmål og nynorsk – der sistnemnde altså har teke inn færre enn bokmål.

I praksis har Språkrådet og forgjengarane hatt ein viktig posisjon i normeringa når organet i tråd med opplæringslova § 9-4 fjerde ledd har godkjent nynorske ordlister og ordbøker til skulebruk. Eit sitat frå 1980 seier noko om korleis dette tradisjonelt har fungert og blitt oppfatta:

Korleis blir så ordtilfanget normert reint praktisk? Det skjer gjennom dei offisielle skoleordlistene for nynorsk, som må godkjennas av Norsk språkråd. Det er altså Språkrådet som til sjuande og sist bestemmer kva for ord som skal tillatas eller stengas ute, og ordlistene gir beskjed om korleis situasjonen er til kvar tid. (Vikør [1980] 2011, 23)

Ifølgje 2015-retningslinjene skal sekretariatet ikkje ta stilling dersom leksikografar ønskjer å ta inn «nye» importord i ordbøker og ordlister, med mindre det er tvil om skrivemåte og bøyning, som er ei sak for Språkrådets fagråd for normering og språkobservasjon å normere. I ordtilfangssaker kan fagrådet slå fast kva form og bøyning ord skal ha, men at Språkrådet normerer ei form, er ikkje det same som at det tilrår henne (eventuelt i konkurranse med andre ord) i alle kontekstar, eller tilrår at ordet blir oppført i ordbøker og ordlister.

Formålet med 2015-retningslinjene ser klart ut til å vere at leksikografane skal få større rom til å gjere dei faglege vurderingane på eiga hand, men framleis pågår ein prinsipiell indre debatt om kva rolle Språkrådet skal ha i normeringsspørsmål:

Ordtilfanget i nynorsk, og spørsmålet om normering av det, har vore eit diskusjonsspørsmål ikkje minst i Norsk språkråd, med debatt og vedtak i fleire omgangar. St. meld. nr. 35 (2008–2009) *Mål og mening* har ei grundig framstilling av historikk og sentrale spørsmål i pkt. 9.2.2 «Ordtilfanget i nynorsk». Vedtektene for Språkrådet har med dette i § 3 Normering av bokmål og nynorsk: «Føresegnene i første og andre punktum gjeld tilsvarande for opptak av tyske og danske importord i nynorske ordlister og ordbøker, jf. andre ledd.» Ut frå denne formuleringa må ein kunne seie at ordtilfanget i nynorsk, særleg knytt til godkjenning av ordlister og ordbøker, er emne for normering. **Det er likevel slik at det er motførestillinger mot stoda slik ho er og var, med at Språkrådet formelt kan vedta at vanlege ord i nynorsk ikkje skal stå i ordlistene.** (Språkrådet 2016, 1, mi utheving)

Det er altså ein motvilje blant somme i Språkrådet mot å fatte vedtak som stengjer ord som er brukte i nynorsk, ute frå ordlistene. Når ein likevel i ein del saker endar opp med å gjere det, må det truleg sjåast i lys av at det er ein offentleg uttalt politikk at rettskrivinga i begge målformer skal halde seg stabil framover (Språkrådet 2015b, 12). Så lenge det står i vedtektene at Språkrådet skal godkjenne ord med dansk og



tysk opphav som kan førast opp i nynorske ordlister og ordbøker, må det bety at Språkrådet også i framtida kjem til å ha ei hand på rattet når det gjeld ordtilfanget.

Fram til nyleg har både dei som lagar og dei som godkjenner, i stor grad vore med på å bestemme kva ord som er med i ordlistene og ordbøkene. 2015-retningslinjene tydeleggjer ansvarsfordelinga mellom Språkrådet og leksikografane og gjer normeringsprosessen meir transparent, men det bør heller ikkje underkommuniseras at Språkrådet og forgjengarane faktisk har spela ei aktiv rolle fram til 2015 – og at ordbøker og ordlister er og i lang tid framover også kjem til å vere prega av det. I ein del tilfelle har dette også direkte konsekvensar for frasenivået, som vi kjem tilbake til.

### 3.2.4 Ordtilfanget i nynorske ordbøker

Etter gammalt er det mange fallgruver den jamne nynorskbrukaren kan gå i når hen skal velje ord, og kritikken kan kome både frå andre brukarar av målforma og utanfrå:

Du må ikkje halda deg til ordforrådet i fjellbygdene, då er du gamaldags. Du må ikkje nytta eit sjeldsynt ord kor godt det er, for då skynar me deg ikkje. Du må ikkje låna framande ord, for då syner du berre armodi i nynorsken. Du må ikkje laga nye ord, for då er ikkje målet ditt folkelegt lenger, men kunstigt og litterært. Frå andre sidor att kjem kravet um at me skal taka upp mange fleire framande ord. (Liestøl 1927, 47)

Vi har ei offentleg styring av ordtilfanget i målforma som er uhøyrtd i mange andre språk, og det trengst eit historisk tilbakeblikk for å forstå kvifor dette med ordtilfanget i nynorsk er så viktig – og vanskeleg. Den nasjonale eigenverdien av å ha eit «reint og heimleg mål» har alltid vore ei formande kraft i arbeidet med det nynorske ordtilfanget, og det har gjeve opphav til meiningsskilnad og strid (Venås 1987, 51). Dels handlar det om at nynorskbrukarane ikkje har vore einige om kva som er brukande nynorskord, og dels om at den normeringspolitiske situasjonen har vore uklar (Sandøy 1998, 50). Reglane som tidlegare låg til grunn for Norsk språkråds (1972–2005) godkjenning av ordbøker og ordlister, sa at det sentrale ordtilfanget i kvar av målformene måtte vere med, men elles stod redaktørane **til ei viss grad** fritt til å avgjere kva ord dei vil ha med (Hovdenak 1992, 56). Dermed har spørsmålet om kva ord som skal stå i dei nynorske ordlistene, vore eit stridstema:

kvar grensa mot bokmål skal gå, purisme retta mot danske og tyske låneord og ikkje minst korleis ein skal handtere dei såkalla *anbehetselse-orda* (ord med prefiksa *an-* og *be-* og suffiksa *-he(i)t* og *-else*, ordlagingsselement som særleg kjem frå munnleg lågtysk, og difor tradisjonelt har vore sett på som uønskte i nynorsk). Desse orda blir oppfatta som framandelement i nynorsk, og dermed blir det òg særleg symboltungt om ein tek dei med i nynorske leksikalske ressursar:

Dei to viktigaste førefesta er *an-* og *be-*. Kvar av desse lekkane er komne med i ordlistene med ein del ord, til dømes *begynne*, *besøkje*, *betale*, *anfall*, *angivar* o.l. Å godta somme ord av eit slag, men ikkje andre, er i seg sjølv eit problem, for det vil lett skapa ustøe og utryggleik hjå språkbrukaren og gjer det naudsynt å bruke ordlistene mykje. Slik er det i alle fall så lenge godtaking eller vraking ikkje kan merkjast ut ved faste formelle eller semantiske kjenneteikn. (Venås et al. 1983, 27)

Etter kvart som affiksa *an-*, *be-*, *-heit* og *-else* har blitt godtekne i stadig fleire ord, slår Vikør (2002, 8f) fast at dei ikkje lenger verkar så framande, og han meiner at *an-* og særleg *be-* har glide nokså godt inn i språket. Det gjer det svært krevjande for språkbrukarane å halde styr på kva som er i tråd med norma:

[Vi må] rekne med at *an-*, *be-* og *for-* er godkjente prefiks i nynorsk, sidan så mange av desse orda har fått plass i ordlistene, og enda ein god del fleire i språkbruken. Ingen kan i dag skilje mellom akseptable og uakseptable ord, sidan dette skiljet ikkje har grunnlag verken i naturleg språkkjensle eller formelle kjennemerke som kan læras. Dermed kan vi gå ut frå at stadig fleire av dei glir inn, inntil nynorsken på dette punktet tilsvavar omtrent det vanlege talemålet. Ei anna sak er at desse ordgruppene er avgrensa (om enn store); verken *be-*, *an-* eller *for-* har klåre tydingar eller grammatiske funksjonar som gjer at ein kan laga nye ord med dei. (Vikør [1980] 2011, 25)

Språkrådsnormeringa er kategorisk på den måten at ord som vi tradisjonelt kjenner frå bokmål, og som står i *Nynorskordboka*, er fullt ut godkjende og brukande på linje med det tradisjonelle tilfanget. På den andre sida er norma nokså uklart formidla når det stadig blir presisert at ikkje alt som er brukande, står i ordboka; ofte vil det opne for at språkbrukarane må nytte skjønn (Språkrådet 2014b, 11; Aa 2014, 26). Mot dette kan ein innvende at ingen ordbøker er ein komplett dokumentasjon av alt tilfang i eit språk, i norsk er det t.d. berre eit fåtal av alle tenkjelege samansetningar som finn vegen inn i ordbøkene, og all bruk av ordbøker krev kunnskap og skjønn. Det gjer det likevel komplisert for nynorskskrivande at ein nettopp har brukt ordlister og ordbøker

som normeringsreiskapar for å informere om at ein på nynorsk t.d. kan skrive *berøring* (fordi det ikkje finst eit dekkjande synonym), men der det er motivert at *\*berøre* ikkje står (der skal ein skrive *røre ved* eller ei anna laus samansetning), jamfør retningslinja: «Opptak av ord i ei ordklasse treng ikkje føre til at ein tek opp tilsvarande ordstamme i andre ordklasser» (Norsk språkråd 1999). I slike tilfelle er det jo nettopp meininga at brukarane **ikkje** skal bruke skjønne og resonnerer seg fram til kva som er brukande. Då er det ikkje så rart at mange gjennom tidene har oppfatta at det berre var tilfanget som hadde sloppe inn i ordlistene, som var «lov» å skrive, og at Helleviks *Nynorsk ordliste* utgjorde den «lekamleggjorde nynorskrettskrivinga» (jf. Lilleholt 1997, 658):

Det har skorta på store ordbøker som kunne gje opplysningar om ordtilfanget i moderne nynorsk. Den førande ordlista har vore Samlags-ordlista, som Alf Hellevik har stått for i ein mannsalder. Ordutvalet i den har vore rekna som temmeleg absolutte rammer for gode nynorske ord. [...] Spørsmålet om ordtilfanget i nynorsk har vore eit problem i skulen, der elevar og lærarar ofte har vore i tvil om dei og dei orda kunne brukast når dei «ikkje stod i Hellevik». (Hovdenak 1992, 56f)

I mangel av vedtekne retningslinjer for ordtilfanget hadde ordlisteredaktørane tidlegare stor fridom til å ta med det dei ville, og så var det opp til Norsk språkråd om dei ville godkjenne lista (Lilleholt 1997, 658). Normeringshistorisk var det difor viktig at Norsk språkråd i 1981 sette ned ei nemnd, leia av Kjell Venås, til å stake ut ein offisiell politikk for ordtilfanget i nynorsk. Resultatet blei ei varsam og kompromissprega opning for dei orda som medvite hadde vore haldne ute frå nynorsk, men samstundes gav Venås-nemnda signal som mange i ettertida har oppfatta som tvitydige (Vikør 2001, 431). Nemnda meinte at ein måtte prøve å klargjere kvifor ein skil mellom ord ved at somme ord med låneaffiks har blitt tekne inn i norma og andre vraka. Då må ein sjå på bruksfrekvens og kva slags bruk det er snakk om, ein må leggje vekt på kor vanleg ordet er i talemålet nynorsk skrift byggjer på, og kor bunden bruken av ordet er til bokmåls vendingar som ein ikkje ser nokon fordel av å dra inn i nynorsk (Venås et al. 1983, 27f). I Venås-tilrådinga står det at problemet med å bruke skjønne ikkje er til å unngå, ein kan verken godta eller vrake alle ord med problematiske affiks. Og dermed vil dei som lagar og godkjenner ordlister, «framleis måtte skilja mellom nyttige og turvande ord og dei som ein godt

kan greie seg forutan» (28). I ein slik kontekst spelar det inn om det finst gode nynorskord som kan ta opp konkurransen med bokmålsformene; ein treng ikkje ta inn *benytte* når *nytte* fyller same funksjon, og *begravelse* treng ikkje avløse *gravferd*.<sup>20</sup>

Det blei i forlenginga av Venås-tilrådinga vedteke ei ordning for godkjenning av nye ord i skuleordlistene. Der står det at om ein ordlisteredaktør ønskte å ha med omstridde ord, var det opp til fagnemnda i Norsk språkråd å vurdere dei, og kva ord som kunne takast med, blei kunngjort i årsmeldingane frå Språkrådet (Hovdenak 1992, 57). Det blei dessutan opna for ein meir liberal rettepraksis i skulen, slik at vanlege talemålsord med dansk og tysk rot ikkje skulle bli rekna som feil: Sjølv om ordtilfanget i normalnynorsk delvis er regulert ved at somme ord ikkje er tekne opp i ordlistene, skulle det ikkje «vurderast negativt om elevar brukar einskildord som ikkje er med i ordlistene, og som ikkje har tradisjonell hevd i nynorsk» (sjå m.a. Hellevik 1996, 30f).

Debatten om det nynorske ordtilfanget blussa opp igjen på 1990-talet, denne gongen utløynt av ein ordlisteforfattar som la fram ei lang liste over «forbodne ord» (dvs. bokmålsord) som han ville ha med (Vikør 2001, 431). Det enda med at nynorskseksjonen i Norsk språkråd i 1999 vedtok eit sett av retningslinjer for opptak av tyske og danske ord i nynorske ordbøker og ordlister. Utgangspunktet var Venås-tilrådinga, men ein gjekk no lenger i liberaliserande retning (Sandøy 1998, 65f; Norsk språkråd 1999). Argumenta var at det var behov for klarare retningslinjer for å kome vekk frå praksisen med meir eller mindre tilfeldig godkjenning av einskildord, ein såg at det var eit misforhold mellom den fastsette norma og den faktiske språkbruken, og ein ønskte å gjere noko for å fjerne oppfatninga av nynorsk som eit «forbodsspråk». Norma måtte kunne romme dei vanlegaste orda som er i bruk i norske dialekter og folkeleg norsk daglegspråk (Sandøy 1998, 70; Faarlund 1999). Samstundes var målet med dei avgrensande retningslinjene å prøve å ta vare på ein del av ordlagingsmåtane som har vore dyrka i nynorsktradisjonen. Det blei slett ikkje fritt fram for alle slags

<sup>20</sup> Sandøy (1998, 68f) reknar rett nok *begravelse* blant orda det ikkje er fruktbart å rekne som bokmålsord. Dei har vore i folkemålet lenge før vi fekk 'bokmålet', og lenge før folk flest i Noreg kunne lese (dansk). Slike importord har vi fått inn gjennom direkte kontakt mellom språkbrukarar og tyske handverkarar og kjøpmenn, nederlandske sjømenn og trelasthandlarar, danske embetsmenn og heimvende nordmenn som hadde vore ute og studert.

danske og tyske skriftspråksord, og summen av prinsippa er eit kompromiss mellom dei omsyna ein må ta i nynorsknormeringa (Sandøy 1998, 69).

På nettsidene til Språkrådet ligg det oversiktslister over ord som i ulike periodar har blitt godtekne til bruk i nynorske ordbøker og ordlister. Ønsker ein nynorskleksikograf som skal gje ut ein ressurs til skulebruk, å ta med andre ord med prefiks og suffiks som ein forbind med tysk eller dansk opphav, må hen framleis rådføre seg med Språkrådet først. Ordlistar og ordbøker er rettleiande, men i eit språk som har vore gjennom mange og omfattande reformer, vender mange seg til ordbøkene som ein slags fasit. Vanlege ord som er komne inn via bokmål frå dansk eller tysk, og som ikkje er å finne i nynorske ordlister og ordbøker, blir av mange framleis rekna som «forbodne», og i forlag og andre institusjonar som produserer tekst, er det ei ganske sterk uformell normering på grunnlag av tilfanget som er oppført i ordlistene (Vikør 2001, 428). Kulbrandstad, Veka og Øygarden (2012, V) meiner at ein konsekvens av at Norsk språkråd i 1999 opna døra på gløtt for dei danske og tyske importorda, men ikkje på vidt gap, er at elevane blei endå meir usikre på kvar grensene mellom ordtilfanget i bokmål og nynorsk går, og difor stadig må slå opp i ordlister for å finne svaret.

På si side reknar òg Språkrådet *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* blant dei viktigaste kanalane sine for språkrettleiing til dei norske språkbrukarane (Wetås 2017, 34): «Ordbøkene er det viktigste normeringsverktøyet vi har, og de er en forutsetning for at Språkrådet skal kunne utføre hovedoppgavet å forvalte de offisielle norske målformene» (Språkrådet 2014a, 9).<sup>21</sup> I eit slikt lys er det ikkje vanskeleg å forstå at mange tolkar manglande oppføringar av ord og frasar som signal om at ein bør unngå å bruke dei. «Vi må rekne med at handordboka vil få overlag stor vekt som normgjevar for nynorsk skriftmål i framtida», skreiv Venås-nemnda (1983, 40). Nemnda meinte at dersom elevar, lærarar, forfattarar og folk som arbeider i offentleg teneste og skal skrive nynorsk etter føresegnene i mållova, ikkje finn eit ord

<sup>21</sup> Venås-nemnda hevda at *Nynorskordboka* langt på veg vil fungere som kjelde og rettesnor for ordutvalet i mindre skuleordlister «og slik bør det òg vera dersom ein skal sikre ei viss styring av språkutviklinga også når det gjeld ordtilfanget» (1983, 40). Ein slik kontroll har Språkrådet også direkte gjennom godkjenningssordninga av ordlister.

i ei så stor bok som *Nynorskordboka*, vil dei utan vidare tenkje at ordet ikkje kan vere nynorsk (sst.). Uavhengig av kva normerende organ freistar å formidle, er det grunn til å tru at nynorskbrukarar i stor grad framleis forhold seg til *Nynorskordboka* og nynorske ordlister på denne måten. Mange unge med nynorsk som hovudmål har av ulike årsaker i mindre grad enn unge med bokmål som hovudmål internalisert den fastsette norma, og då blir det avgjerande kva leksikografane, delvis i samråd med Språkrådet, tek inn av ord og frasar i ordbøkene – eller eventuelt lét vere.

Når eg har gått etter måten langt inn i detaljar for korleis normeringa og godkjenning av leksikografiske ressursar føregår, er det for å gjere det klart at vi i norske ordbøker ikkje berre har det generelle problemet med at utvalet både på lemma- og frasenivå ikkje nødvendigvis speglar moderne språkbruk, slik dei omtalte undersøkingane i del 3.2.1 dokumenterte, men at særleg standardordbøkene uttalt fungerer som språkpolitiske reiskapar. Når eg har valt å trekkje inn ordbokføringar i fraseundersøkingane i denne avhandlinga, kan dette normative trekket ved standardordbøkene ha noko å seie for graden av representativitet.

### 3.2.5 *Til besvær som case*

Eg vil meine at rolla til Språkrådet gjer det vanskelegare å få tak på kven og kva det er som avgjer kva som er innanfor norma i nynorsk, samanlikna med bokmål. I dette avsnittet presenterer eg difor eit tenkt tilfelle for å konkretisere prosessen, vurderingane som ligg til grunn, og ansvarsforholda i ei mogleg utviding av nynorsknorma. Det er òg ein illustrasjon av korleis den statlege styringa av delar av det nynorske ordtilfanget spelar inn på frasenivået.

Tittelen på denne avhandlinga blir ganske sikkert ikkje rekna som «god nynorsk» av dei ivrigaste språkrøktarane. *Til besvær* ligg utanfor den fastsette norma i den forstand at *besvær* ikkje er å finne i noka nynorsk ordbok eller ordliste, ei heller på listene til Språkrådet over ord som kan takast inn i slike. I den store fornorskingslista *Med andre ord* (Rommetveit 2007, 107) er *besvær* markert som eit reint bokmålsord, og *til bry* er lagt fram som nynorskalternativ til frasen. Dette heng saman med at *besvær* kjem frå mellomlågtyisk og inneheld det problematiske prefikset *be-*. Dette

gjer at det ikkje er teke inn i nynorskrettskrivinga, sjølv om ein god del andre ord med dette prefikset er tekne inn i ordbøkene og blir rekna som akseptable, som det gjekk fram i del 3.2.4.

Kva argument kan då liggje til grunn for at *besvær* i dag skal liggje utanfor den fastsette nynorsknorma når så mange andre ord med same prefiks er innanfor? Jamfør prinsippet om at «[e]i rettskriving som er enkel å bruka, skal på den eine sida ta vare på spontan skriveskikk, bygd på innarbeidd praksis, på den andre sida vera så systematisk at språkbrukarar kan resonnera seg fram der ein støyter på noko ukjent» (Språkrådet 2015b, 12). I Norsk språkråds retningslinjer for opptak av danske og tyske importord i nynorske ordbøker og ordlister (1999) står det m.a. at ein skal vektleggje om ordet alt er vanleg i bruk i målforma (ved hjelp av korpus går det an å dokumentere at *til besvær* er brukt i nynorsktekstar, om enn med låg frekvens, sjå tabell 3.1); og ein skal ikkje ta opp synonym til etablerte nynorskord om dei ligg nær i bygnad og skrivemåte (noko *besvær* ikkje gjer). Ei relevant innvending er at den generelle bokmålsdominansen gjer at så godt som alle bokmålsord i større eller mindre grad finst i bruksnynorsken, og dermed vil mange òg ha funne vegen inn i ulike nynorsk korpus. Å vise til enkeltförekomst i korpus kan ikkje åleine vere avgjerande for om ordet blir normert (Språkrådet 2014b, 10).

Helge Sandøy undersøkte i 1993 korleis 16 dialektbrukarar frå ulike stader i Noreg oppfattar ord som er utelatne i nynorske ordbøker. Oppgåva var at dei skulle merkje av ved orda dei meinte var i *vanleg bruk* (forklart som ‘stilistisk normalord’: Det «skal oppfattast slik at du ikkje stussar på om ein bygdemann brukar ordet, og at du ikkje føler det som noka form for knot å bruke ordet» Sandøy (1998, 68). Ein av konklusjonane er at folk har ei kjensle av at ikkje alle ord er brukande, og det var eit overraskande stort samsvar mellom dei ulike dialektene i kva ord folk meinte var i vanleg bruk og ikkje. *Besvær* hamna i ein kategori med ord som *anstøyt*, *beretning*, *forelskelse* osv. som frå 11 til 16 informantar meinte **ikkje** var i vanleg bruk i dialekta. Med referanse til Venås-tilrådinga sitt talemålsprinsipp (som òg er nedfelt i dei nye normeringsprinsippa for nynorsk, og difor framleis er eit relevant argument), meiner Sandøy at alle orda i den gruppa trygt kan haldast utanfor nynorsknorma.

---

Sandøy problematiserer at undersøkinga på grunn av det låge talet på informantar og metoden har avgrensa verdi (69), og det hadde vore interessant å gjennomføre ei liknande undersøking, med eit større utval, for å sjå på om vurderingane held seg stabile, eller om bokmålspåverknaden på norske talemål no er av eit slikt omfang at nokon av orda blir vurderte annleis eit kvart hundreår etter.

For frasar der ord av dansk og tysk opphav inngår, er det altså opp til Språkrådet å vurdere om bruken er etablert nok og/eller om ordet strir mot andre normeringsprinsipp, før dei eventuelt kan takast inn i nynorske ordlister og ordbøker. Dei spesifikke retningslinjene frå 1999 om opptak av ord frå dansk og tysk i nynorske ordbøker og ordlister gjeld framleis, men dei må praktiserast i lys av retningslinjene av 2015, og særleg ordtilfangsprinsippet, der det står at «vanleg bruk over tid» skal speglast i ordutvalet i skuleordlister. Det er den faktiske bruken i nyare nynorsktekstar som må vere avgjerande for om ein tek opp slike ord i norma (Språkrådet 2016, 1).

La oss gjere eit tankeeksperiment: Som ordlisteredaktør ønskjer eg at *besvær* skal takast inn neste gong *Nynorsk ordliste* skal oppdaterast, og eg argumenterer med at det strir mot **enkelheitsprinsippet** i normeringsretningslinjene til Språkrådet (2015b) at det ordet ikkje skal vere greitt når *be*-prefikset er akseptert i så mange andre ord i nynorsk. Aasen og samtida hans tok inn ein del av *anbehetelse*-orda, særleg slike på *be-*; det var generasjonane etter han som var strengare (Sandøy 1998, 79), og Venås-tilrådinga førte til at mange fleire ord med *be*-prefiks har blitt tekne inn i ordbøker og ordlister i nyare tid. **Stabilitetsprinsippet** seier rett nok at rettskrivingane skal vere stabile, men det blir opna for at ein kan normere enkeltord om det gjer norma enklare. Som Sandøy har peika på, er nynorsken i dag eit levande bruksspråk med sterk skrifttradisjon, og målforma rasar ikkje saman om det kjem inn nokre nye ord i rettskrivinga (81). Dei tysk-danske affiksa er ikkje produktive, så det er uansett berre snakk om ein liten flik av ordtilfanget, sjølv om ein hadde teke inn rubbel og bit av orda som er aktuelle. **Sjølvtendeprensippet** seier at målformene skal normerast uavhengig av kvarandre. Det betyr at det ikkje er eit politisk mål at målformene skal nærme seg kvarandre, men sjølvstende er heller ikkje synonymt med større avstand.



Grunnen til at ein kan argumentere for at ordet *besvær* bør kome inn i nynorsk, er ikkje at det er etablert i bokmål, men at vi ikkje har eit fullgodt synonym til *til besvær* på nynorsk. Min påstand er nemleg at *til bry* ikkje dekkjer det besværet som somme av frasane i denne avhandlinga valdar meg, og eg skal vise med usus korleis det heng saman.

Eg søkte på strengen «til besvær» i dei nynorskkorpusa eg hadde tilgjengelege, og som blir grundigare presenterte i del 3.3.3. Tabell 3.1 viser dei førekomstane som er av *til besvær* i dei fire nynorskkorpusa, og tabell 3.2 viser, for jamføringa sin del, nokre førekomstar med *til bry*. I tabellane har eg har markert med raude kryss ved kontekstar der eg meiner den eine frasen neppe kunne blitt erstatta av den andre, og grøne hakar der eg meiner ein slik substitusjon er mogleg. Teiknet | markerer i tabellane utelate avsnitt i sitatet.

Korpus	Kjelde	venstrekontekst	Frase	til bry?	høgrekontekst
HaBiT <sub>NN</sub>	ec2-46-137-124-39.eu-west-1.compute.amazonaws.com	problem, og Ubisoft har gått ut med ei liste over forbetringar vi kan vente oss snarleg.   Kopisperre	til besvær	X	Dette er ikkje første gong Ubisoft har tulla med piratar.
NAK <sub>NN</sub>	BT 2006-12-05	alt slår feil, kan sambandet vera klar til bruk sju år seinare enn den mest optimistiske prognosen.   Lidl	til besvær	X	?   Den tyske matvarekjeden Lidl sin butikk i Bergen Vest kan hindre ei effektiv kollektiv-løysing mellom Bergen og Sotra
NAK <sub>NN</sub>	NL 2008-12-24	Prosjekt til glede, namn	til besvær	X	Tunnelprosjektet med arbeidstittelen Ryaforbindelsen nærmar seg realisering.
NAK <sub>NN</sub>	BT 2006-10-23	BT-redaktøren skriv med rette om "Basseng	til besvær	X	" på leiarplass i går. Høgskulen ser denne saka i samanheng med nybygget. Først tidlegare historie:
NON	DT 1998:3	dei vil finne det mindre spiseleg og rett ut meine det er ei eiendigheit som berre blir	til besvær	X	. Linene ovafor vil visst ingen
NON	Firda 2001	Traktorkjøp	til besvær	X	Ein rasande sunnfjording ville ha hjelp av Forbrukarrådet til å få omgjort kjøp av ein brukt traktor .
NON	SS 1994, 166	Ei søyle	til besvær	X	Ivar Teigum   Sjølv sagt var Dagsrevyen på plass og nokre aviser. I lokalavisene stod i tida etterpå ein handfull hyllingsdikt.
NON	Nationen 2005	Øyremerke	til besvær	X	Det kom eit brev i posten før jul: no vert me pålagde å merke små- fea våre med eit øyremerke i kvart øyre. Eg vert trist og frustrert.
NON	Nationen 2005	(NPK) Fordums heltar	til besvær	X	Publisert 16.12.2005 kl 07:37

Tabell 3.1 Alle førekomstane av *til besvær* i større nynorske korpus

Kjenneteikna ved førekomstane i tabell 3.1 er at frasen opptrer saman med referentar som ein ikkje heilt veit korleis ein skal handtere; noko(n) har skapt ein situasjon eller ei slags knipe som det ikkje finst ei opplagd løysing på korleis ein kan kome seg ut av. Det er òg påfallande at 8 av 9 førekomstar er brukte i overskrifter. I nynorskdelene av Norsk aviskorpus (NAK<sub>NN</sub>) er det tre førekomstar, dvs. ein frekvens på 0,19 per million ord, og i Nynorskkorpuset til Norsk Ordbok (NON) er det fem reelle nynorskførekomstar, det er 0,05 per million ord i korpuset. I nynorskdelene av Oslo-korpuset er det ingen treff på frasen, medan det i nynorskdelene av det nettbaserte HaBiT-korpuset (HaBiT<sub>NN</sub>) er eitt treff (frekvens på 0,02 per million). I bokmålsdelen HaBiT<sub>BM</sub> er det til samanlikning 0,4 førekomstar per million ord.

Tabell 3.2 er, til jamføring med tabell 3.1, førekomstar av *til bry* i nynorske HaBiT.

kjelde i HaBiT <sub>NN</sub>	Venstrekontekst	Frase	til be- svær?	Høgrekontekst
nynorskavissenter.no	og krumkaker, og det siste ho ville, var å vere	til bry	X	. «Ikke tenk på mej.», på pent stavangermål, var
valkyrje.blogspot.no	Eller skal me berre late som for å ikkje vere	til bry	X	? Burde me ikkje alle vere til bry om det er
geirlund.net	At forleggjarar og bokhandlarar samtidig legg ned brosjyren Årets bøker, som er den einaste publikasjonen som presenterer heile breidda i bokutgjevingane på ein plass, forsterkar berre inntrykket av ein meir einsretta og marknadsstyrt bransje.   Gåver	til bry	✓	Medan artiklane i Morgenbladet handla om den litterære smaken til bibliotekarane og om praksisen i biblioteka, kom ordskiftet om gåvene frå USA våren 2006 i større
motionocean-siv.blogspot.no	Mm, det er veldig lett å kjenne seg	til bry	X	når noken får seg kjærast, men eg trur det er
paaskeharen.blogspot.no	ikkje om nokon som er så redde for å vera andre	til bry	X	, som oss nordmenn. Men det gjeld mest dei vaksne
farminsittkjoeken.com	oss i godt humør lenge, sjølv om vi følte oss litt	til bry	X	. Og det var kanskje det vi var? Hadde
ja-nei.blogspot.no	verdt å lese. Eliminering av menneskeliv som er	til bry	X	, er diverre vanleg praksis i Noreg. Eg har lest
imagonem.org	Dei vert gjerne kalla plantar (dei formeirer seg med sporar) men fell i røynda utanfor alle livskongedøma på jorda. Dei sette sjølv igang det innfødte livet på jorda, lot evolusjonen gjera resten, åt det dei likte og utrydda det som var	til bry	?	.» KOMPASS - Kompetanseutvikling for
midtsiden.no	Med tre skrog er båten stiv og stabil, med éin motor er den både billig i drift og utan propellar på hjørna, noko som kan vera	til bry	X	når du jobbar oppunder oppdrettsanlegg,
lena-lille.blogspot.no	Det som plagar meg litt, og det som gjer meg ekstra betenkt no, er at ungdommane i dag har alle desse tekniske vidundermiddela til disposisjon. Desse tekniske hjelpemiddela, som for mange er meir	til bry	✓	en til nytte. Det som gjer meg betenkt er at dei er at dei har desse I TILLEGG til dei som vi kjende på da vi var 15.

Tabell 3.2 Dei første ti treffa på til bry på HaBiT<sub>NN</sub>

Som tidlegare nemnt har *Med andre ord* ført opp *til bry* som eit nynorsksynonym til *til besvær*, som er merkt som ein bokmålsfrase. *Til bry* er ein meir frekvent frase enn *til besvær* i begge målformene: I HaBiT<sub>BM</sub> er det 787 *til bry* versus 514 *til besvær*, og i HaBiT<sub>NN</sub> er det 33 *til bry* og 1 *til besvær*.

Korpusførekomstane viser at frasane ikkje fullt ut overlappar kvarandre:

Hovudtendensen i nynorsk er at menneske kan vere (redde for å vere) *til bry*, medan gjenstandar og meir abstrakte fenomen er *til besvær*.<sup>22</sup> Når ein kan byte ut *til bry* med *til besvær*, er sjølvstøtt ei subjektiv vurdering. Eg meiner det ikkje er naturleg å erstatte *til bry* med *til besvær* i kontekstar der det handlar om menneske som ikkje ønskjer å ta for mykje plass eller påføre andre arbeid eller bekymringar. Fleirtalet av førekomstane i tabell 3.2. handlar nettopp om menneske. Der det handlar om gåver og hjelpemiddel, seier språkkjensla mi at det vel så gjerne kunne stått *til besvær* der (om det var «lov»). Spørsmålsteiknet står ved ein førekomst som refererer til eit rollespel, der det er uklart kva *det* refererer til. Unntaket frå regelen om at det er animate referentar som er *til bry*, er motoren med propell på hjørna (nest siste førekomst). Han er så konkret at det hadde vore stilistisk pussig å bruke *til besvær* om han.

Der eg i figur 3.2 meiner at somme av *til bry*-førekomstane kunne vore erstatta med *til besvær*, gjeld det ikkje den andre vegen – eg tykkjer ikkje *til bry* er dekkjande i nokon av førekomstane i tabell 3.1. Burde det ikkje tilseie ei nødvendig utviding av norma? Om resten av redaksjonen skulle godta argumentasjonen min om å ta *besvær* inn i *Nynorsk ordliste*, kunne vi sendt manus – med *besvær* inkludert – til godkjenning. **Ordtilfangsprinsippet** seier at dette er eit ord Språkrådet skal uttale seg om før ordlista går i trykken. Når **bruksfrekvensen** er låg, **tradisjonsprinsippet** talar mot og ordet ikkje er etablert i **talemåla**, er eg likevel nokså sikker på at Språkrådet ville ha avvist det. Saka ville først gå til drøfting i fagråd 3, men fagrådet kan bestemme at sekretariatet skal behandle henne. Får sekretariatet operativt normeringsansvar, som tilfellet er når ein kan resonnerer seg fram til kva riktig norm

<sup>22</sup> Det ser ut til å vere annleis i bokmål, der *til besvær* kan brukast i begge tilfella: I NAK<sub>BM</sub> kan ein finne førekomstar som «Siden Hans Hellighet sier han ikke vil være til besvær for noen regjering» (AP 2009-03-23) og «Vi trenger leger som tør være til besvær» (AA 2013-09-07).

---

må vere ut frå normeringsprinsippa, blir fagrådet orientert om vedtaket i etterkant (Språkrådet 2018, 12). Eventuelt blir det full handsaming med saksførebuing av sekretariatet, vedtak i fagråd 3 og godkjenning av styret, som skissert i avsnitt 3.2.3.

Denne gjennomgangen av *til besvær* har handla om kva som regulerer dei fastsette normene – kva som skal til for at ord er ein del av den gjeldande rettskrivinga i ei målform eller ikkje. Langt meir komplisert er det å sjå på kva som påverkar dei internaliserte normene til brukarane av ei målform – kva som gjer at eit ord ifølgje magekjensla til den enkelte er akseptabelt eller ei. Med mindre ein er elev eller lærar, skriv lærebøker eller arbeider i offentleg forvaltning, kan ein skrive *besvær* og elles det ein måtte ønskje. Nynorskskribentar har til alle tider brukt ord som ikkje har stått i nynorske ordlister og ordbøker, men likevel er mange lojale mot tradisjonsorda, utan at det går an å slå fast om det er fordi dei rettar seg etter autoriserte rettskrivingsvedtak eller den nynorske skriftmålskjensla (Sandøy 1998, 81ff).

Venås-tilrådinga og 1999-retningslinjene, som var ei vidareutvikling av den, rangerte talemålgrunnlaget som det viktigaste, men usus veg tyngre enn talemålspriippet i 2015-retningslinjene (jf. «Det vesentlege grunnlaget for normering av nynorsk skriftspråk er språket slik det ser ut i nynorsk tekst, med særleg vekt på tekstar som blir vurderte som normdannande» (Språkrådet 2015b, 12)). Det viktigaste normgrunnlaget i dag er altså den skriftspråklege praksisen, og det er nytt i nynorsksamanheng. Bak ligg sjølv sagt den teknologiske utviklinga som har gjeve oss store skriftspråkskorpus som gjer det lettare enn nokon gong å danne seg eit bilde av både den notidige og den eldre bruken. Dessutan har tiåra gått, nynorsken er meir konsolidert, fleire generasjonar av nynorskskrivande har kome til osv. Men sjølv om ein kan dokumentere at ein frase er i bruk, gjer fleire av dei andre normeringsprinsippa at nålauget er trøngt for å ta opp fleire ord som valdar fraseologisk besvær, særleg om dei har tysk eller dansk opphav. Det er eit viktig metodisk poeng i samband med kapittel 5 at vi ikkje kan gå ut frå at det om ein frase er oppført eller manglar, særleg i *Nynorskordboka*, heng saman med om han er i bruk i skriftspråkssamfunnet. Det kan òg vere andre normeringsomsyn – eller stilistiske omsyn, som vi skal sjå på i kapittel 4 – som har vore avgjerande.

---

## 3.3 Korpus som kjelder i fraseundersøkingar

### 3.3.1 Korpusundersøkingar og metodiske avvegingar

Eit korpus er eit utsnitt av naturlege førekomstar av språklege ytringar som representerer ein populasjon som omfattar all språkleg produksjon innanfor eit visst bruksområde eller eit visst medium (Johansson 1998, 3; Andersen 2012). Sjølv om eit korpus kan bestå av både tekst, lyd og andre medium, nyttar eg i denne avhandlinga nemninga *korpus* om tekstkorpus, altså ei samling av tekstmateriale frå ein viss tekstkategori eller eit visst bruksområde. Korpusa sette saman av tekstar etter gjevne prinsipp og tilrettelagt for databehandling. Oftast inneheld korpus elektronisk materiale som er a) tilpassingar av materiale som allereie finst i elektronisk form, b) konverterte skanna tekstar og c) konvertert inntasta materiale (Sinclair 1991, 14). Ein av dei primære funksjonane til eit korpus er å identifisere kva som er sentralt og typisk i eit språk. Eit generelt referansekorpus er ei samling av høgst heterogent materiale som er samla frå eit vidt spekter av kjelder, slik at individualiteten i ei kjelde blir ubetydeleg, med mindre ein forskar isolerer ein spesifikk tekst (17), og denne representativiteten manglar i meir eller mindre tilfeldig samansette andre nettressursar, særleg ein søkjemotor som Google:

[I]nne korpuslingvistikken er det for lengst slått fast at bruken av Google for språklige dokumentasjonsformål er utilstrekkelig og innebærer en rekke svakheter. Resultatene av slike søk gir for lite brukskontekst, for få treff vises om gangen, visningsrekkefølgen er ikke manipulerbar og er dessuten styrt av kommersielle prinsipper, statistikken er upålitelig, og dessuten er populasjonen (materialets totale størrelse) ukjent. (Andersen 2013, 21)

Annoterte tekstkorpus er derimot samla inn og handsama etter metodar som gjer dei eigna til språkvitskaplege undersøkingar, og dei er tilrettelagde for at ein kan søkje i materialet på ulike og gjerne komplekse måtar. Korpusdataa kan brukast i deskriptive studiar og i meir teoretisk orienterte arbeid, og korpus blir nytta i eit vidt spekter av undersøkingar innan t.d. grammatikk, leksikon, diskursanalyse og språkleg variasjon. Studiane kan vere både synkrone og diakrone, så vel som kontrastive (Johansson 1998, 3). Systematiske undersøkingar i store tekstkorpus gjev oss ein kvalitet på resultatata som ikkje har vore tilgjengeleg tidlegare (Sinclair 1991, 4).

Korpuslingvistikken er ein relativt ny språkdisiplin, men bruken av tekstkorpus i fraseologiske undersøkingar har allereie i fleire tiår vore udiskutabel: «Collocation studies are now inevitably associated with corpus studies, since it is difficult and arguably pointless to study such things except through using large amounts of real data» (Moon 1997, 41). Ordbøker presenterer leksikon som ei rekkje oppslagsord og enkeltståande leksikalske einingar, men ord er arbitrære einingar, eit sett med bokstavar skilde frå andre av eit mellomrom eller skiljeteikn på kvar side, og tekst- og korpusstudiar har vist oss kor viktige og intrikate koplingane mellom orda er (40). I nyare fraseforskning er det vanleg å bruke korpuslingvistiske metodar både til å identifisere idiom, studere kontekstane dei opptre i, og analysere tydingane deira, verifisere den kanoniske forma og studere dei konnotative særtrekka deira (sjå t.d. Steen 2011, 20). Korpusbaserte studiar av idiomatiske uttrykk har gjerne som mål å gje ei fullstendig skildring av dei semantiske, syntaktiske og pragmatiske eigenskapane til dei enkelte idioma (With 2007, 95).

John Sinclair var frå 1960-talet ein av pionerane innan korpuslingvistikken. Mellom anna grunnla han COBUILD-prosjektet, som hadde som formål å lage korpusdrivne leksikalske ressursar for innlærarar av engelsk. At ein ressurs er **korpusdriven**, betyr at lingvistar har brukt avanserte statistiske metodar på store tekstkorpus for å finne dei mest framtreande, relevante og typiske mønstera i språket (Tognini-Bonelli 2001, 221). I ei korpusdriven ordbok er det berre empirien i eit tekstkorpus som styrer kva ord og former som er med (Ore 2017, 92), medan redaktørar i ei **korpusbasert** ordbok i tillegg til korpusundersøkingar kan ta fleire omsyn. Til dømes gjer den spesielle språksituasjonen i Noreg at ei ordbok som tek mål av seg til å presentere heile breidda i ei målform, ikkje kan vere reint korpusdriven, då dei offisielle normene inneheld både ortografiske og morfologiske former som langt frå kan seiast å vere prototypiske.

I det sentrale verket *Corpus – Concordance – Collocation* formulerer Sinclair to prinsipp som gjer greie for korleis meining oppstår i tekst. Ope val-prinsippet ser på ein tekst som eit resultat av svært mange samansette val. Teksten er eit knippe tomme felt som må fyllast ifrå eit leksikon som tilfredsstillar lokale avgrensingar. Kvar gong

---

ei eining (eit ord, ein frase eller ei setning) blir fullført, oppstår eit breitt spekter av val, der grammatikaliteten er den einaste restriksjonen (Sinclair 1991, 109). Ope val-prinsippet er den tradisjonelle måten å sjå og beskrive språk på, men Sinclair meiner det ikkje set omfattande nok avgrensingar på dei fortløpande vala. Ord opptrer ikkje tilfeldig i tekstar, og vi ville ikkje produsere normale tekstar om vi berre følgde ope val-prinsippet. Rett nok påverkar verda rundt oss språkorganiseringa og bidreg til mindre tilfeldighet: Ting som opptrer fysisk saman i verda eller høyrer til i same sfære, har ein sterkare tendens til å bli nemnde saman. Likevel er det mange måtar å formulere seg på og mange språklege val som har lite og ingenting med den ytre verda å gjere.

Motsetnaden som komplementerer og eksisterer side om side med ope val-prinsippet, er idiom-prinsippet: «The principle of idiom is that a language user has available to him or her a large number of semi-preconstructed phrases that constitute single choices, even though they might appear to be analysable into segments» (Sinclair 1991, 110). Kollokasjonar illustrerer idiomprinsippet: I mange tilfelle ser det ut til at ord kjem i par eller grupper, og desse følgjer ikkje nødvendigvis uavbrote etter kvarandre (115). Mange tekstdelar har eit potensial til å bli analyserte som eit resultat av opne val, og dikt kan stå som døme på ein sjanger som i større grad enn vanleg tek i bruk ope val-prinsippet, men påstanden i *Corpus – Concordance – Collocation* er at det meste i vanlege tekstar er mogleg å tolke ved hjelp av idiomprinsippet. Dessutan vekslar oftast tolkingsprosessen hyppig mellom dei to prinsippa (114).

Idiomprinsippet er med andre ord vel så viktig som grammatikk for å forklare korleis meining blir danna i tekst (112). Sinclair avviser ikkje språkmodellar som skil mellom grammatikk og leksikon, der det er grammatikken som leier til ei rekkje leksikalske val, men han meiner slike modellar (som han knyter til ope val-prinsippet) er sekundære (114): «Now it is manifest that the nature of text is not to follow clear-cut rules, but to enjoy great flexibility and innovation» (6).

Der syntaktikarane studerer reglar som legg grunnlaget for grammatisk velformulerte setningar, er «kollokasjonistane» i Sinclair-tradisjonen opptekne av dei sterke mønstera i korleis ord opptrer saman. Til ei viss grad kan ein sjå på dette som

---

regelstyrt og motivert, dvs. at mønstera reflekterer visse ubevisste eller bakanforliggende system eller analogiprosessar, sjølv om reglane er aldri så produktive og vanskelege å samanfatte (Moon 1997, 42). Eit døme på denne typen undersøkingar av eit norsk materiale er Lyse og Andersen (2012). Dei skil mellom fleirordsuttrykk som lingvistisk omgrep og kollokasjonar som statistisk omgrep. Dei undersøkte korleis ulike statistiske kollokasjonsmål plukkar ut ulike typar fleirordsuttrykk, t.d. vil enkelte kollokasjonsmål vere betre til å finne grammatiske fleirordsuttrykk (som preposisjonsfrasar), medan andre kollokasjonsmål er betre på å finne lågfrekvente fleirordsuttrykk og fagterminologi.

Dei empiriske undersøkingane mine er ikkje å rekne som kollokasjonsstudiar, der det primære er å undersøkje kva ord som har ein tendens til å opptre saman, men eg nyttar meg av korpuslingvistiske metodar for å undersøkje fraseologisk variasjon. Innan kognitiv lingvistik, som denne avhandlinga delvis byggjer på, opererer ein på linje med kollokasjonistane ikkje med klare grenser mellom grammatikk og leksikon, men ser på dei som eit kontinuum. Sinclair-tradisjonen og den store vekta eg legg på korpusundersøkingar, saman med perspektiva og analysemodellen som eg hentar frå kognitiv metafor-teori, meiner eg difor høver godt saman.

Utgangspunktet for kapittel 5 er at eg har samla eit utval av frasar frå ulike norske frasesamlingar og ordbøker (sjå meir i del 3.4 og 5.1.2), og så har eg brukt korpus til å undersøkje om det er samsvar mellom ordbokføringane av desse frasane og korleis dei faktisk blir brukte. Dette er ei eksplorativ undersøking av korleis eit utval frasar blir brukte med ortografisk, morfologisk, leksikalsk og syntaktisk variasjon i bokmål og nynorsk. Ho tek utgangspunkt i korpus med store tekstkvanta, og eg brukar teljing, men analysane er i liten grad kvantitativt baserte. Heller enn å ha som mål å kvantifisere avstanden mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien har målet vore å få overblikk over om dei fraseologiske ordboklakuene er der fordi frasane reelt sett ikkje blir brukte i bokmål eller nynorsk, og å studere fraseologisk variasjon i og på tvers av målformene.



---

I kontrastive fraseundersøkingar blir det rekna som formålstenleg å etablere éi analyseretning for at analysen skal bygge på eit så sikkert vitskapleg grunnlag som mogleg, så ein ikkje endar opp med tilfeldige betraktningar. Det vanlege er at forskarar vel førstespråket sitt som kjeldespråk i undersøkinga, og at einingar i dette blir samanlikna med tilsvarande einingar i eit målspråk som for lingvisten er eit framandspråk (Steen 2011, 22). Eit sentralt trekk ved kontrastive fraseundersøkingar er at dei må ta omsyn både til innhaldssida og uttrykkssida av frasane. Eg ser ikkje på jamføringane mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien i denne avhandlinga som ein kontrastiv studie av to språk, då eg reknar bokmål og nynorsk som to skriftfestingar av det same språket, jf. del 1.1. Eg vel å bruke både bokmål og nynorsk som utgangspunkt for dei frasane eg undersøker i kapittel 5, og eg studerer berre uttrykkssida av frasane og variasjonen i den. Det er ingen grunn til å rekne med fraseologisk variasjon på innhaldssida i eit intralingvalt frasepar.<sup>23</sup>

Analyseretninga i første del av korpusundersøkinga i kapittel 5 er bokmål–nynorsk, medan det i siste del er nynorsk–bokmål. Kapittelet kunne blitt meir metodisk einskapleg med ei unidireksjonell analyseretning, men samstundes hadde viktige aspekt gått tapt. Hadde eg valt å halde på det tydelege nynorskperspektivet med vekt på leksikon og syntaks som eg hadde i tidleg fase av avhandlingsarbeidet, hadde eg ikkje undersøkt fraseologisk variasjon som går på ortografi og morfologi, som viser seg å vere svært sentralt i bokmål. Ved å tillate to analyseretningar i kapittel 5 kan ein få undersøkt både den fraseologiske variasjonen som er prototypisk i bokmål, og den som er meir særprega for nynorskfrasane. I ei avhandling som nettopp søkjer å finne ut kva som særmerkjer bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien, meiner eg at fordelane med to analyseretningar er mykje større enn ulempene.

I breiddeundersøkinga styrer materialet metoden. Det empiriske grunnlaget i bokmålskorpusa er stort nok til at ein kan sjå visse fraseologiske tendensar og seie noko om kor godt oppføringane i ordbøkene stemmer overeins med fraseususen i dag.

---

<sup>23</sup> Sjølv om eg ikkje har undersøkt innhaldssida i den fraseologiske variasjonen systematisk, er det likevel ein vesentleg observasjon at eg i løpet av arbeidet med avhandlinga verken i ordbokføringane eller usus har støytt på eit einaste døme på at ein fast frase har vore lik på uttrykkssida, men ulik på innhaldssida i bokmål og nynorsk.

---

Nynorskmaterialiet er derimot så lite at ein må vere svært varsam med å dra konklusjonar (problemet med storleiken på nynorskkorpusa kjem eg tilbake til i del 3.3.3). Her kunne ein tenkje seg ulike løysingar for å gjere dei to delsetta meir eigna til samanlikning: Ein kunne supplere frå andre skriftlege kjelder enn skriftspråskorpus, trekkje inn talemålsmateriale eller bruke heilt andre tilnærmingar, som spørjeundersøkingar. Eg valde i staden å utforske kor langt ein når med å bruke dei eksisterande nynorskressursane, og eg avgrensa undersøkinga av «autentisk språkbruk» til den språkbruken eg kunne observere i dei tilgjengelege skriftspråskorpusa (vel vitande om at ei målform er noko anna og meir enn dei tekstane som finn vegen inn i korpus). Det avgrensa nynorskskilfanget i korpusa er trass alt det nynorskforskarar og nynorskleksikografar har å hjelpe seg med i kvardagen. Formålet med undersøkinga i kapittel 6 og metoden med hypotesetesting gjorde derimot at eg var nøydd til å supplere nynorskmaterialiet i korpus med nettsøk og andre elektroniske tekstsamlingar for å gjere det tilstrekkeleg stort til jamføring med bokmål. Dette representerer òg eit brot mot den «reine» korpuslingvistikken.

Det overgripande avhandlingsperspektivet med norm versus bruk lét seg vanskeleg kombinere med ei korpusundersøking av større grupper av frasar om målsetjinga var å få kvantitative resultat om kva prosentdel av frasane som er overlappande eller avvik på uttrykkssida. Hadde eg i kapittel 5 måtta kutte ned på talet undersøkte frasar fordi eg heller prioriterte å supplere kjeldematerialet, kunne det gjeve andre konsekvensar i spørsmålet om representativitet. Eg dreg to konsekvensar av dette. For det første vel eg ei meir utforskande tilnærming og let materialet styre korleis eg meiner det gjev best mening å behandle det, og det resulterer i ulik behandling av dei frasane eg undersøker med utgangspunkt i bokmålsproblematikk, og fraseundersøkingane som er motiverte av nynorskproblematikk. For det andre kompenserer eg for dei manglande talfestingane i kapittel 5 med å gå desto meir systematisk til verks i kapittel 6, der eg har lagt mykje arbeid ned i å samle eit empirisk materiale på bokmål og nynorsk som kan undersøkjast og talfestast i detalj.

### 3.3.2 Idealkorpus i fraseforsking

Heilt frå ein begynte med korpusundersøkingar, har det vore klart at ein treng store korpus; allereie tidleg på 1980-talet, då korpus på fleire millionar ord blei tilgjengelege, meinte Sinclair at det var tydeleg at ideen om korpus med finitt storleik var problematisk. Alle korpus utgjer ein så liten del av språket i bruk at statistikken berre i låg grad kan gje absolutte sluttresultat. Sjølv korpus i milliardstorleik gjev berre avgrensa informasjon om dei fleste av ei veldig lang liste med ord (Sinclair 1991, 9). Den einaste rettesnora Sinclair kan gje, er at eit korpus bør vere så stort som mogleg, og at det stadig bør bli større (18). Storleiken på korpusa er særleg avgjerande i korpusbaserte fraseundersøkingar, og dessutan må søkjeverktøya ein har tilgang til, vere effektive nok. Det er m.a. stor forskjell på kva ein relativt lettvent kan få undersøkt når ein brukar grammatisk annoterte korpus, samanlikna med korpusa som ikkje er det.

Kva som er tilstrekkeleg storleik, er det ulike meiningar om. Frasar har generelt låg frekvens samanlikna med monoleksem, og leksikografen og fraseologen Čermák (2001, 17) tilrår t.d. eit korpus på minimum 100 millionar ord i studiar av idiom og frasem. Sinclair talfestar ikkje nødvendig storleik, men slår fast at når ein studerer kollokasjonar og fraseologi, treng ein «huge amounts of text» for å få tak i dei gjentakande mønstra og redusere den framskotne posisjonen til dei flyktige (Sinclair 1991, 20). I kontrastive fraseundersøkingar hevdar Farø (2000, 33) at ein treng korpus på over ein milliard ord om målet er å studere frekvens, og erfaringane med denne avhandlinga gjer at eg tenderer mot å vere einig med Farø. I motsetnad til rundt tusenårsskiftet har mange språk, også blant dei med relativt få språkbrukarar – som norsk, i dag korpusressursar på godt over 1 milliard løpeord.

Ifølgje Stig Johansson (1998, 4) er dei to typane korpus som i hovudsak blir nytta i kontrastive undersøkingar, *omsetjingskorpus* med originaltekstar og omsetjingar av desse og *samanliknbare korpus*, som inneheld samanliknbare originale tekstar på to eller fleire språk. I fleire samanhengar kunne det vore nyttig å ha samla alle tekstane som er utgjevne både på bokmål og nynorsk i eit omsetjingskorpus, men etter det eg

---

kjenner til, finst det ikkje. Eit slikt norsk parallellkorpus kunne innehalde alle typar skrift som lovverket krev, t.d. må alle lærebøker som skal brukast i grunnskulen og vidaregåande opplæring gjevast ut på begge målformer, og styresmaktene må gje ut informasjon på begge målformer når dei skal nå ut til alle innbyggjarane i Noreg. På den andre sida er den språklege avstanden mellom bokmål og nynorsk så liten at publisert skjønn- og saklitteratur som ikkje fell under krava i mållova om dobbeltutgjeving, i praksis aldri blir omsett til den andre målforma enn den forfattaren skriv på. Dermed vil sjangerbreidda og omfanget av tekst i eit slikt hypotetisk norsk parallellkorpus bli altfor snevert til at det hadde blitt ein god reiskap til fraseforskning, jf. vurderingane ovanfor om at korpus snarare bør innehalde 1 milliard løpeord enn 1 million om ein skal bruke dei i fraseologiske undersøkingar. Eit norsk parallellkorpus er i dagens situasjon nesten utenkjeleg å få opp i den storleiken, men med utviklinga av omsetjingsrobotar frå bokmål til nynorsk som kan brukast på heilt andre sjangrar enn dei som er lovpålagde, er dette noko som kan endre seg i framtida. På den andre sida vil eit korpus som inneheld mykje maskinomsett tekst, i låg grad gje svar på anna enn kva dei som har utvikla omsetjingsprogramma, har lagt inn i dei – og tekstane fell utanfor det ein kan kalle reell eller naturleg språkbruk.

Ein meir farande veg når ein skal jamføre bokmål og nynorsk, er å basere seg på samanliknbare korpus. Slike må vere sette saman av originale tekstar etter standardiserte prinsipp for omfang, tidsperiode dei dekkjer, domene, sjanger, intendert publikum osv., for å utgjere samanliknbare representasjonar av dei aktuelle språka. Dei representerer naturleg språkbruk, ideelt sett frå mange domene, og burde borge for at ein kan drage sikre konklusjonar om likskapar og forskjellar mellom dei undersøkte språka (Johansson 1998, 5; Farø 2000, 33).

Eit korpus gjev aldri betre resultat enn materialet det inneheld: «The decisions that are taken about what is to be in the corpus, and how the selection is to be organized, control almost everything that happens subsequently. The results are only as good as the corpus» (Sinclair 1991, 13). Men sjølv om korpus kan vere utmerkte til dei føremåla dei er sette saman for, gjer det dei ikkje utan vidare eigna til samanlikning. Situasjonen er at det ikkje finst eitt korpus for bokmål og eitt korpus for nynorsk som

både systematisk er bygde opp rundt dei same utvalsprinsippa og er av same omfang, som kan danne eit solid vitskapleg samanlikningsgrunnlag for fraseologien i bokmål og nynorsk. Hovudårsaka til det er at det i Noreg blir produsert veldig mykje meir bokmålstekst enn nynorskktekst, og dei aller fleste bokmålskorpusa inneheld difor langt fleire løpeord enn nynorskkorpusa. Lyse (2020, 221) skriv at forholdstala i mange norske korpus og språkvitskaplege ressursar som inneheld begge målformer, er 90 % bokmål og 10 % nynorsk, men i mange tilfelle ser det endå dårlegare ut for nynorsken sin del, som vi skal sjå i avsnitt 3.3.3.

### 3.3.3 Korpusa brukte i denne avhandlinga

Det finst fleire ulike typar korpus, og i denne delen knyter eg saman korpusa eg har nytta og dei ulike kategoriane eg meiner dei høyrer til. Tabell 3.3 gjer greie for storleiken på dei fire bokmålskorpusa og dei fire nynorskkorpusa eg hadde tilgang til som grunnlagsmateriale for dei empiriske undersøkingane.

<i>BOKMÅLSKORPUS</i>		<i>NYNORSKKORPUS</i>	
<b>HaBi</b> <sub>BM</sub>	1 180 000 000	<b>HaBi</b> <sub>NN</sub>	55 000 000
<b>LBK</b>	100 000 000	<b>NAK</b> <sub>NN</sub>	16 070 002
<b>NAK</b> <sub>BM</sub>	1 517 106 226	<b>NON</b>	102 468 113
<b>noWaC</b>	700 000 000	<b>Oslo-korpus</b>	3 800 000
<b>SUM</b>	3 497 106 226	<b>SUM</b>	162 875 115

Tabell 3.3 Løpeord i tilgj. norske korpus i undersøkingsperioden 2015–2017

Eit **standardkorpus** skal vere representativt for eit språk som heilskap i ein periode eller område, slik t.d. British National Corpus er representativt for britisk-engelsk i siste del av 1900-talet. Det må vere sett saman av eit fast, rikt og balansert utval av materiale. Innhaldet i eit standardkorpus kan ikkje endre seg, for å sikre at fleire studiar i det same korpuset kan jamførast med kvarandre (De Smedt u.å.).

Leksikografisk bokmålskorpus (LBK) er eit standardkorpus, sett saman med tanke på leksikalsk utforsking av moderne bokmål. Tekstsamansetninga er basert på undersøkingar av kva typar tekst og kor mykje av dei ulike teksttypane ein gjennomsnittlesar kom borti då tekstinnsamlinga starta. LBK er eit lukka korpus

---

med ei tidavgrensing på 28 år, med tekstar skrivne i perioden 1985–2013. Korpuset er fritt tilgjengeleg for forskning gjennom innlogging med Feide eller eduGAIN på nettsidene til Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo. Det er lingvistisk annotert og søkbart i korpussøkjesystemet Glossa. Sjå meir om LBK i Fjeld, Nøklestad og Hagen (2020) og Knudsen og Fjeld (2013).

Eit anna standardkorpus er Oslo-korpuset av tagga norske tekstar, som i si tid var banebrytande. Det har eit variert utval tekstar som Tekstlaboratoriet hadde tilgjengelege per januar 1999, fordelt på dei tre kategoriane skjønnlitteratur, avis/vekeblad og sakprosa. Det var ikkje meint som eit representativt korpus; hovudmålet var å tilby (det som på den tid blei rekna som) ei stor tekstmengde til forskning. Bokmålsdelen inneheld 18,3 millionar ord. Korpuset ligg fritt tilgjengeleg for forskning gjennom innlogging med Feide eller eduGAIN på nettsidene til Tekstlaboratoriet. Korpuset er lingvistisk annotert og har eit grensesnitt mot CQP, Corpus Query Processor, som høyrer til IMS Corpus Workbench. Sjå meir om Oslo-korpuset i Johannessen og Nøklestad (2000).

Eit **monitorkorpus** endrar seg over tid, då det stadig får inn nytt materiale. Vanlegvis er slike meir spesialiserte enn standardkorpora. I norsk kontekst er Norsk aviskorpus eit godt døme. Det blir oppdatert kvar natt gjennom automatisk hausting av tekstar frå eit utval av norske nettaviser. Aviskorpuset inneheld ein bokmålsdel (NAK<sub>BM</sub>) og ein nynorsksdel (NAK<sub>NN</sub>). Dei hausta avisartiklene blir automatisk reinsa slik at det nærast er rein brødtekst som står igjen, og denne blir lagra saman med publiseringsdato og kjelde. Dette gjer det mogleg å spore ord og uttrykk over tid og samanlikne ulike aviser (De Smedt 2020, 60). Norsk aviskorpus er tilgjengeleg i to nettbaserte korpusverktøy: Den eine versjonen er fritt tilgjengeleg og søkbar gjennom eit grensesnitt basert på IMS Corpus Workbench og den andre i CLARINO gjennom grensesnittet Korpuskel, som krev pålogging med Feide eller eduGAIN. Sjå meir om aviskorpuset i Andersen og Hofland (2012).

Norsk Ordboks nynorskkorpus (NON) er eit anna døme på eit monitorkorpus. Som namnet tyder på, blei NON primært utforma som kjeldegrunnlag for arbeidet med

---

*Norsk Ordbok*, og generelt for diakron og synkron undersøkning av det nynorske ordtilfanget. Nynorskorpuset femner vidt i tid, sjanger og stil, men over 85 % av teksten er frå perioden 1975–2015, og 75 % er frå etter 2000. Korpuset består av mykje avistekst, særleg frå nyare tid, saklitteratur, barne- og ungdomslitteratur, klassisk nynorsk skjønnlitteratur 1860–1980 og nyare skjønnlitteratur. Dårlegast dekning er det for perioden 1920–1970 (Grønvik og Ore 2021). Nynorskorpuset er fritt tilgjengeleg og søkbart i Corpus Workbench/CQP via nettsida til Norsk Ordbok, og det ligg dessutan i CLARINO og grensesnittet Korpuskel, men der må ein logge seg på med Feide eller eduGAIN. Sjå meir om NON i Ridings og Grønvik (2012).

Det har blitt vanleg å rekne **webkorpuser** som ein eigen korpustype. Dei har til felles at dei samlar inn eller *haustar*, som det gjerne blir kalla, tekstar som ligg tilgjengeleg på internett. I avhandlinga nyttar eg HaBiT-korpuser og noWaC, og eg omtalar dei som nettkorpus. HaBiT står for Harvesting big text data for under-resourced languages, og i HaBiT-prosjektet blei det utvikla nettkorpus for norsk (bokmål og nynorsk), tsjekkisk og dei største språka i Etiopia: amharisk, tigrinja, oromo og somali. Dei norske HaBiT-korpuser er sette saman av nettpublikasjonar som i februar 2015 blei hausta ved hjelp av korpusreiskapen SpiderLing. Innhaldet er i stor grad bloggtekstar og andre tekstar som i mindre grad enn aviser, rapportar og skjønnlitteratur utgjeven på forlaga har vore gjennom ein redaksjonell prosess før publisering. Ein reknar med at det gjer tekstane mindre normerte og meir talemålsnære. Det nynorske HaBiT-korpuset er det første nettkorpuset av sitt slag. Korpuser er lingvistisk annoterte, og dei ligg heilt opne og gratis søkbare i SketchEngine, via nettsidene til Tekstlaboratoriet. Sjå meir om HaBiT-korpuser på sidene til Natural Language Processing Centre (2017) og Tekstlaboratoriet (2017).

Det første norske nettkorpuset var noWaC (Norwegian Web as Corpus). Det er bygd ved å gå automatisk gjennom dokument på .no-domenet på internett i perioden november 2009 til januar 2010, laste dei ned og bearbeide dei (inkludert å fjerne all tekst som ikkje var på bokmål). Eit vesentleg poeng med begge nettkorpuser er at dei ikkje er tidsavgrensa: Sjølv om dei gjev eit tidsbilde av norskspråkleg tekst på internett akkurat då dei blei hausta, er det ein god del spreiding i når tekstane blei

---

skrivne og kom på nett. noWaC er tilgjengeleg for alle, men krev pålogging med Feide eller eduGAIN på nettsidene til Tekstlaboratoriet. Les meir om noWaC i Guevara (2010)

Formålet med den første empiriske studien min (kapittel 5) er å undersøkje om fraseoppføringane i dei mest sentrale norske ordbøkene er i tråd med samtidsususen. Når ein er interessert i autentisk bruk av frasar i moderne norsk, høver det godt å bruke dei to nettkorpusa **HaBiT bokmål** og **HaBiT nynorsk**, som blei lanserte i september 2017. Det er fleire grunnar til at eg brukar akkurat HaBiT-korpusa som hovudkjelde i breiddeundersøkinga. For det første er korpusa samanliknbare på den måten at dei blei hausta samstundes. For det andre representerer desse korpusa betre enn andre dagens språkbruk, og for det tredje viser det seg at dei er treffsikkert utforma, slik at dei klassifiserer tekstar på bokmål og nynorsk stort sett riktig. For det fjerde tykkjer eg det er særleg interessant med tekstar som for det meste sannsynlegvis ikkje er språkvaska av profesjonelle, i låg grad er underlagde språklege redaksjonelle retningslinjer og hovudsakleg ikkje er utforma med språkteknologiske reiskapar som Tansa og Nyno, som gjer at eitt språkleg val skribenten føretek, styrer det neste. I visse andre korpus, t.d. Nynorskkorpuset, er det eit krav at tekstane skal vere korrekturlesne og publiserte (Grønvik og Ore 2021). Mange slike nettpublikasjonar som er breitt representerte i HaBiT-korpusa, blir i normeringssamanheng oftast ikkje rekna som relevante og normdannande (jf. t.d. Språkrådet 2015b; Helset 2017a, 42). Språkrådet skriv ikkje noko i normeringsretningslinjene sine om kva som skal reknast for normdannande tekstar i nynorsk, men dette står om bokmål:

Det vesentlige grunnlaget for normeringen av bokmål er språket slik det ser ut i bokmåls-tekster, med særlig vekt på tekster som vurderes som normdannende. **Avgrensningen av normdannende tekster skal blant annet ta hensyn til språklig kvalitet og antatt innflytelse på persepsjonen av operativ norm.** [...] Mye leste eldre tekster bør derfor også betraktes som en del av det normdannende tekstgrunnlaget for normeringsarbeidet, slik at tradisjonelle former som fremdeles er i bruk, i noen grad blir beholdt selv om de har lavere bruksfrekvens enn før. (Språkrådet 2015a, 10f, mi utheving)

Normeringsretningslinjene er eit steg i retning av ei føreseieleg og transparent normering, men det kan diskuteras om det er vitskapleg og demokratisk at Språkrådet (eller ein korpusutviklar, for den del) skal avgjere kva som er språkleg



---

kvalitet, og anta kva tekstar som er viktige for korleis den operative norma i bokmål blir oppfatta. Tek ein derimot på alvor at målformene ikkje er det som står i ordbøkene, men språket brukarane av målforma produserer (jf. Vikør [2007] 2011: 10), er ikkje dei såkalla normdannande tekstane, som er utforma og handsama for å vere i tråd med dei gjeldande normene, dei mest interessante å sjå på. Det er full semje om at både normeringa og moderne ordbokarbeid må vere drivne av korpusundersøkingar av språkbruken, men koplinga mellom usus og normdannande tekstar, som i norsk samanheng tradisjonelt har vore fremja av riksmålsrørsla, har mange problematiske aspekt. Det er difor eit viktig og sjølvstendig poeng for meg å bruke to korpus med nettpublikasjonar i denne språkbruksundersøkinga.

Når ein ser resultatata frå HaBiT-korpusa opp mot treff frå dei andre korpusa, som inneheld fleire tekstar som truleg blir rekna som normdannande, vil det òg vise seg i kva grad den «folkelege» språkbruken på nett er i tråd med dei offisielle normene eller ei. Ususprinsippet er berre eitt av mange normeringsprinsipp i bokmål og nynorsk, og det er ikkje eit mål i denne avhandlinga er slå fast korleis ordbøkene *burde* føre frasane på grunnlag av skriftspråksundersøkingar i notidige tekstar. Det eg kan seie noko om i kapittel 5, er om det er samsvar mellom ordbøkene og tekstar på nett. Hovudproblemet med å basere seg på HaBiT-korpusa er at bokmålsdelen, som vanleg, er så mykje større enn nynorskdelen. Som det går fram av tabell 3.5, inneheld HaBiT bokmål (HaBiT<sub>BM</sub>) 1,18 milliardar ord, medan HaBiT nynorsk (HaBiT<sub>NN</sub>) inneheld 55 millionar løpeord. Det siste er lite i fraseologisk samanheng, og for å få eit større empirisk grunnlag valde eg å supplere med dei andre fritt tilgjengelege nynorske korpusa på undersøkingstidspunktet: nynorskdelen av Norsk aviskorpus (NAK<sub>NN</sub>), Norsk Ordboks nynorskkorpus (NON) og nynorskdelen av Oslo-korpuset. Tilfanget i desse fire nynorskkorpusa utgjør berre 4,45 % av det samla korpusmaterialet eg har hatt tilgjengeleg for norsk. Det skapar ei heil rekkje metodologiske problem, m.a. at nynorskmaterialet i seg sjølv er for lite til at ein kan generalisere over funna – og at ein må vere svært tilbakehalden med å konkludere om målformforskjellar. Dessutan gjer søk i mange kjelder at ein får eit ekstra stort etterarbeid med å luke ut dubletter, slik det er omtalt i neste delkapittel.

### 3.4 Kombinatorisk metode

Som skildra i del 1.1 har denne avhandlinga to formål:

1. Prosjektet skal kartlegge korleis eit utval av faste frasar er behandla i dei mest sentrale norske ordbøkene, og samanlikne ordbokføringane med den reelle språkbruken slik han kan observerast i korpus.
2. Prosjektet skal auke kunnskapen om fraseologiske forskjellar mellom bokmål og nynorsk og internt i målformene.

Det gjer at eg har nytta meg av ei form for *metodetriangulering* eller *metodekombinasjon*. Generelt inneber det at ein tek i bruk ulike datasett frå forskjellige kjelder, tidspunkt, stader og personar, og eit ideal er at metodane skal vere så ulike som mogleg, t.d. intervju og observasjon. Tanken er at ein kan forstå eit forskingsemne betre om ein ser på det frå meir enn eitt perspektiv (Hult 2017, 75).

I denne avhandlinga betyr metodekombinasjon at eg brukar fleire kjelder til å etablere det fraseologiske kjeldegrunnlaget. I kapittel 5 nyttar eg fire kontrasterande informasjonskjelder: data frå ordbøker og frasesamlingar, data frå annan forskingslitteratur, introspeksjon og data frå korpus. I ein del tilfelle vil det vere misvisande å omtale ordbøker og data frå korpus som heilt uavhengige kjelder, då moderne ordbøker byggjer på korpus. Eg har prøvd å gjere dette mindre sirkulært med å gjere ordbokundersøkingane klart sekundære. Det er korpusa og dei mange autentiske frasebelegga frå tekstar på bokmål og nynorsk eg fann der, som utgjer den primære kjelda. Det gjer at undersøkinga klart er empirisk basert.

Det er grundig dokumentert at ordbøker ikkje er eigna som den einaste kjelda for å utforske fraseinventaret verken i eitt språk eller jamførande mellom fleire språk, jf. del 3.2. På linje med Steen (2011, 52) dreg eg den konklusjonen at eg difor nyttar ordbøker og frasesamlingar som sekundære kjelder. For å få eit mest mogleg balansert materiale valde eg å ikkje trekkje ut frasar frå dei ordbøkene eg skulle undersøkje, men andre kjelder som er utarbeidde på sjølvstendig grunnlag. I del 5.1.2 kjem eg nærare inn på korleis dei tre leksikografiske ressursane *Islex*, *Prikken over i-en* og *Ord og uttrykk på fire språk* dannar utgangspunktet for ei samling med 713 norske frasar. Vidare brukte eg *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* som

---

normkjelder til å finne den mest «normriktige» forma til desse på bokmål og nynorsk. Frasesamlinga frå dei tre sjølvstendige leksikografiske ressursane, i tillegg til oppføringane dei har fått i standardordbøkene, ligg på <https://dataverse.no/dataverse/uib>.

I den første delen av kapittelet jamfører eg dei fraselakunane eg fann i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* då eg slo opp det tilfeldige utvalet av frasar frå dei andre tre leksikografiske ressursane. Lakunane og ulike føringar la, saman med litteratur om bokmålsfrasar som er interessante i samband med variasjon (særleg Wangenstein 1998; Fjeld 2002; 2009; 2012), grunnlaget for at eg deretter valde 34 frasar som kan seie oss noko om nokre utvalde typar av variasjon i bokmål, med vekt på ortografi og morfologi. 20 frasar er valde ut fordi dei kan illustrere variasjon i nynorsk, med vekt på leksikon og syntaks. Med andre ord var *introspeksjon* og *annan forskingslitteratur* to andre sekundære kjelder i denne fasen: Eg brukte andre undersøkingar og min eigen intuisjon og kjennskap til normene for å velje ut dei 54 frasane eg rekna med kunne belyse dei utvalde problemstillingane i bokmål og nynorsk i kapittel 5. Desse 54 slo eg opp i *NAOB* og *Norsk Ordbok*, og føringane i dei, i tillegg til i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, er det eg jamfører med autentiske data i korpus.

I kapittel 6 har eg innleiingsvis med ulike ordbokføringar av *kaste barnet ut med badevatnet*, men her speler ordbokføringane ei mindre rolle enn i kapittel 5. I denne undersøkinga er det dei monolingvale korpusa som er gjort greie for i del 3.3.3 som primærkjelde (bortsett frå HaBiT-korpusa, som ikkje var ferdige på innsamlings-tidspunktet), medan andre digitale tekstsamlingar og internettsøk er i hovudsak tekne i bruk for å auke nynorskprosenten i materialet. Som det går fram av tabell 3.4, dreier det seg om Atekst, Bokhylla og nettsøk via Google. Atekst Retriever inneheld dei redaksjonelle arkiva til dei største og viktigaste mediebedriftene i Noreg, og artiklane er henta frå papirutgåvene av avisene. Bokhylla (nb.no) er den elektroniske avis- og boksamlinga til Nasjonalbiblioteket, og eg søkte i det samla materialet av bøker, aviser og tidsskrift.

Tabell 3.4 viser kva søkjeord og søkjestrengar eg brukte i bokmålssamlingane, og tabell 3.5 kva eg søkte på i nynorsksamlingane i innsamlingsperioden i oktober 2015–

oktober 2016. Saman med rettleiar Torodd Kinn, som var med på å utvikle nokre av søka i bokmålssamlingane, starta eg med eit søk på «barn "med badevannet"» på google.no. Ut frå dei treffa fekk vi ei oversikt over ulike verb som blei brukte i tillegg til *kaste*, som igjen danna grunnlag for å utvikle søk til bruk i korpus.

Korpus el. Nettstad	Søkjeord el. Søkjestreng	Merknad
Atekst	1. badevatnet 2. vaskevatnet	
Bokhylla (nb.no)	1. badevatnet 2. vaskevatnet	
google.no	1. barnet "med badevannet" 2. "vaskevatnet"	
Nynorskkorpuset til Norsk Ordbok (NON)	1. [lemma="forsvinne helle hive kaste renne ryke skylje sleppe slå tømme tømme" ][]{0,3} [(word="ut" ) ][]{0,3} [(word="med" ) ]	
Leksikografisk bokmålskorpus (LBK)	1. med + [lemma=vaskevann] 2. [kaste/slå/helle] grunnform + ut + substantiv  entall  bestemt + med + substantiv  entall  bestemt ELLER [kaste/slå/helle] grunnform + substantiv  entall  bestemt + ut + med + substantiv  entall  bestemt 3. med + vannet  slutten av ord 4. [lemma=badevann]	
Norsk aviskorpus bokmål (NAK <sub>BM</sub> )	1. badevannet 2. "barnet" []{0,4} ". *vannet" 3. barnet + ut + med 4. vaskevannet 5. forsvinne, helle, hive, kaste, renne, ryke, skylle, sleppe, slippe, slå, tømme []{0-3} ut []{0-3} med.	Meir presist var dette strengen i søk 5: "forsv.* hell.* hev* hiv* hev* kast.* rant ren.* ryk.* røk.* røyk skyl.* slapp slipp.* slo sluppet slå* tøm.*" []{0,3} "ut" []{0,3} "med"
noWaC:	1. [lemma="forsvinne helle hive kaste renne ryke skylle skylje slippe sleppe slå tømme" %c] []{0,3} [word="ut" %c] []{0,3} [word="med" %c]	

Tabell 3.4 Søkjeorda og -strengane som gav treff på bokmål

For å få fram mest mogleg av variasjonen var mange av søka relativt opne, og difor fekk vi mange gongar treff på same dømet gjennom ulike søk i same korpus – og på

ters av korpus og samlingar. Ein viktig del av kvalitetssikringsarbeidet har vore å fjerne dubletter i materialet.

Det må òg kommenterast at eg ikkje var på jakt etter bokmålsførekomstar då eg søkte på «badevatnet» og «vaskevatnet» i Atekst og NBs nettbibliotek (nb.no), men nokre eldre bokmålsbelegg på desse formene dukka opp i jakta på nynorskbelegg.

*Badevatnet* og *vaskevatnet* er normerte former i bokmål, men er heilt perifere i bruk i dag – iallfall i denne frasen. I perioden prega av offentleg styrt tilnærming mellom målformene i førre hundreåret ser dei derimot ut til å ha hatt ei viss utbreiing i bokmål.

Særleg tabell 3.4 illustrerer kor mykje opnare søk ein kan gjere i eit tilrettelagt korpus samanlikna dei avgrensa mogleghetene ein har i ein søkjemotor som Google eller digitale tekstsamlingar utan korpusgrensesnitt. Når det gjeld Atekst og Bokhylla, peikar Gisle Andersen på nokre faktorar som òg har vore med på å gjere datainnsamlinga til kapittel 6 svært tidkrevjande:

Problemet med disse ressursene per i dag er at de ikke fremstår som søkbare korpus, og man får frem ordforekomster i pdf-formatet, som er uegnet for videre bearbeiding av dataene og atskillig mindre nyttig enn den konkordansevisning som er vanlig i korpus. Arkivene gir i noen grad muligheter for begrensing iht. tekst/emnekategori, år, forfatter osv. men de mangler den mulighet for sofistikerte søk etter språklige kategorier som er vanlig i korpus, slik som å søke etter en lemmaform og dermed finne alle bøyningsformer av et ord, søkbegrensning etter ordklasse eller morfosyntaktiske trekk [...] (Andersen 2013, 22)

Trass desse innvendingane har eg likevel sett meg nøydd til å ta i bruk desse kjeldene i innsamlinga av nynorskmateriale, jf. tabell 3.3. Når ein arbeider parallelt med dei to målformene, er det påfallande kor mykje dårlegare utbygde korpusressursane totalt sett er for nynorsk; det er illustrerande at bokmålsdelen av Norsk aviskorpus, som hausten 2016 inneheldt over 1,5 milliardar ord, til slutt gav 265 førekomstar med ulik bruk av *kaste barnet ut med badevatnet*, medan nynorskdelen av det same korpuset, på 16 millionar ord, gav 10 førekomstar. Då verken Google, Atekst eller Bokhylla<sup>24</sup> i innsamlingsperioden tillét søk berre i den eine målforma, blei søka baserte på

<sup>24</sup> Bokhylla opnar for søk på målform i bøker, men ikkje i aviser og tidsskrift.

formene *badevatnet* og *vaskevatnet*, sidan dei i større grad enn andre ord gjer det mogleg å skilje nynorskførekomstar frå bokmål.

Korpus el. Nettstad	Søkjeord el. Søkjestreng	Merknad
Atekst	1. badevatn 2. badevatnet 3. vaskevatnet	
Bokhylla (nb.no)	1. badevatnet 2. vaskevatnet	
google.no	1. "badevatnet" 2. "vaskevatnet"	
Nynorskkorpuset til Norsk Ordbok (NON)	1. [lemma="forsvinne helle hive kaste renne ryke skylje sleppe slå tømme tømme" []{0,3} [(word="ut") []{0,3} [(word="med")]]	
Norsk aviskorpus nynorsk (NAK <sub>NN</sub> )	1. ".*barnet" []{0,4} ".*vatnet" 2. forsvinne, helle, hive, kaste, renne, ryke, skylje, sleppe, slå, tømme []{0-3} ut []{0-3} med.	Søk 1: Forsøk på å erstatte ".*barnet" med ".*ungen" og ".*babyen" gav ikkje treff, og søk på «badevatnet» og «vaskevatnet» gav ikkje andre treff enn dei fanga opp gjennom søk 1 og 2). Søk 2: Nynorskdelen av NAK er så liten at eg kunne søkje på berre den første bokstaven i verba utan å få altfor mange treff: "f.* h.* k.* r.* s.* t.*" []{0,3} "ut" []{0,3} "med"
noWaC:	1. [lemma="forsvinne helle hive kaste renne ryke skylle skylje slippe sleppe slå tømme"%c] []{0,3} [word="ut"%c] []{0,3} [word="med"%c] .	Forsøk på å endre e- til a- infinitiv førte til at korpuset berre gav treff på slå.
Oslo-korpuset NN	1. verb (maks 5 ord) ut (maks 5 ord) med 2. med (maks 3 ord) vatnet sisteled	

Tabell 3.5 Søkjeorda og -strengane som gav treff på nynorsk

Søka, slik dei er gjort greie for i tabell 3.4 og 3.5, resulterte i ei samling på 460 belegg på frasen i bokmål og 373 belegg i nynorsk. Desse ligg tilgjengelege på <https://dataverse.no/dataverse/uiib>.

---

## 4. Fraseologiske stilideal og normforskjellar

Føresetnaden i dette kapittelet at det er hald i hypotesen om at det *er* ein viss skilnad mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien, og at ordbøkene speglar denne. Vikør (2009, 248) hevdar at det er relativt store idiomatiske forskjellar mellom bokmål og nynorsk, og at det har å gjere med at dei har ulike stilistiske tradisjonar. Dette knyter han til at bokmål har opphav i dansk og tysk kansellispråk, medan nynorsk tradisjonelt har eit stilideal som favoriserer eit konkret og direkte tilgjengeleg språk, basert på ordlegginga i talemåla. Samstundes har vi i avsnitt 3.2.1 sett fleire døme på nordiske undersøkingar som slår fast at ordbøker slett ikkje alltid er i tråd med den moderne språkbruken, og det konkluderer Vikør med er tilfelle for norske ordbøker òg. Ordbøker både for bokmål og nynorsk baserer seg ofte på eldre stilnormer enn den faktiske språkbruken gjer, og Vikør meiner at ulike tradisjonar i ordlegging i bokmål og nynorsk kan ha gjort skilnaden mellom ordbøkene større enn skilnaden i språkbruk (Vikør 2009, 249).

Det er dette eg skal grave djupare i i dette kapittelet. Korleis har tradisjonane vore i bokmål og nynorsk, kva stilideal har vore rådande? Spørsmålet eg freistar å finne svar på, som òg er problemstilling nr. 1 i dette prosjektet, er kvifor to varietetar av det same språket delvis har ulik fraseologi. Kva er det som avgjer om ein frase blir oppfatta som god eller iallfall gangbar av brukarane av dei to målformene? Årsakene prøver eg å finne både i den historiske utviklinga og i ulike forhold ved samtida som handlar om normer og normutvikling. Institusjonalisering, om frasen blir gjenkjend, akseptert og brukt som ei leksikalisert eining i språksamfunnet, er eit kjernepunkt når ein skal vurdere akseptabiliteten til ein frase; målformene har i utgangspunktet ulikt normgrunnlag og delvis ulike stilideal, og det gjer at ulike frasar har ulik legitimitet og dermed i ulik grad har fått fotfeste i målformene. Ein frase *finst* i eit språk eller i ei målform i det nokon tek frasen i bruk i tale eller skrift. Noko heilt anna er om språksamfunnet aksepterer frasen som ein del av inventaret i språket, om det er semje om at ein kan uttrykkje eit meiningsinnhald på den spesifikke måten på eit språk. I forklaringa på kvifor det er slik, legg eg vekt på at ulike puristiske tendensar har gjort at ulike frasar i ulik grad har blitt tekne opp i målformene.

---

Den historiske utviklinga til bokmål og nynorsk er ulik, dei har kvar sin lange og rike litterære tradisjon, og det er heva over tvil at det knyter seg identitet og kjensler til målformene. Det ville likevel vere å dra det altfor langt å hevde at bokmål og nynorsk representerer to ulike norske kulturar, men det kan vere ulike trekk ved den norske kulturen som i ulik grad har blitt røkta i fraseologien i bokmål og nynorsk. Ein måte å formulere det på er at visse norske frasar har ei sterkare tilknytning til ei av målformene enn den andre, og at det kan forklare ein del fraseologiske lakuner. Det ser til dømes ut til at å ha vore ei positiv haldning i bokmål til dansk og felleseuropeisk frasetilfang. Frå nynorskhalde har ein vore opptekne av å løfte fram m.a. ordtakstradisjonen i dei norske målføra, og ein har medvite halde ute frasar med tydelege spor av dansk og tysk opphav (Rauset 2015, 189).

Trekkjer vi trådane tilbake til del 2.1.1, der skilnaden mellom *kulturspesifikke idiom* (idiom med ein spesiell representasjon av ein kultur som finst i eitt språksamfunn, men er fråverande i andre) og *kulturtilknytte idiom* (idiom som refererer til eller inkorporerer ulike aspekt ved kulturen i bilda) blei drøfta, meiner eg at det kan gje mening å snakke om at visse bokmålsfrasar og nynorskfrasar er kulturtilknytte. Om det ikkje finst ein spesifikk kultur i bokmål og ein annan i nynorsk, kan manglande overlapp i fraseinventaret ikkje forklarast med at visse frasar er kulturspesifikke for ei av målformene, men ein må finne andre forklaringar.

Kapittelet blir innleia av definisjonar av dei nærskyldte fenomena *norm* og *normal* og ein gjennomgang av ein del av den mest sentrale normlitteraturen i Noreg. Andre del av kapittelet handlar om visse trekk ved målformene som kan bidra til at dei internaliserte normene er litt ulike hos brukarane av bokmål og nynorsk. Der argumenterer eg for påstanden min om det er ulike former for purisme i bokmål og nynorsk. Denne delen handlar altså om kva ein har villa halde ute frå normene, medan neste del handlar om kva fraseideal som har vore dyrka fram, og om det har vore ulike frasepreferansar i dei to målformene. Til slutt kjem ein gjennomgang av ulike styrkeforhold mellom normagentane i dei to målformene og kva utslag det gjev for dei internaliserte normene til brukarar av bokmål og nynorsk.



## 4.1 Norm og normal

Kjell Ivar Vannebo (1980) var tidleg ute med å skildre skiljet mellom *fastsette* og *internaliserte* normer i språkvitskapen. Dei **fastsette normene** blir primært lærte inn gjennom formell undervisning og ikkje via umedvitne prosessar. I Noreg omhandlar dei fastsette normene i all hovudsak skrift. Dei blir formelt nedfelte i grammatikkar og ordbøker, og normalt blir dei vurderte i dimensjonen rett–feil (Innstilling 2011, 33). Vi har allereie vore innom dei i del 3.2.3–3.2.5, som handla om normering av ordtilfanget. Dei fastsette normene er eksplisitt formulerte av organ med kompetanse og autoritet som normkjelde. Her til lands må språkbrukarane i skuleverket og det offentlege rette seg etter dei fastsette normene, men for forfattarar, journalistar og andre som ønskjer å skrive korrekt, er gjeldande rettskriving berre eit tilbod eller ei rettesnor (Fretland og Søyland 2013, 18f).

I denne avhandlinga er det eit poeng at Språkrådet ikkje fastset normer for frasar, berre for ortografien og morfologien til enkeltkomponentane. Det er likevel grunn til å tru at fraseutvalet og føringa dei får i ordbøkene – kanskje særleg i standardordbøkene, som Språkrådet er deleigar av – for mange ordbokbrukarar framstår som ein del av den fastsette norma, i den forstand at den gjevne forma er rett, medan det som ikkje er teke med, er feil (Rauset 2015, 190).

Dei **internaliserte normene** har vi i oss, som ein del av personlegdomen vår, for kva som er det rette og gode. Umedvite styrer dei språkbruken vår, og ofte omtalar vi dei som *språkkjensle* (Julien 2017, 100). Ved å bli snakka til og høyre språket i bruk lærer vi dei og tek dei opp i oss frå vi er små. Dei internaliserte normene gjer m.a. at vi føretekk oss subjektivt funderte vurderingar av kva som er godt eller dårleg, fint eller stygt språk (Innstilling 2011, 33). Rettskrivingsnemnda for nynorsk drøfta i 2011-innstillinga korleis ei internalisert norm blir til:

I tillegg til å læra den offisielle norma blir språkbrukarane påverka av skriftbruken i samfunnet rundt seg. Som skuleelevar blir me retta av lærarar og oppfattar deira syn på kva former som bør brukast. Som vaksne les me aviser og ser kva slags språk som blir brukt der, og kanskje har arbeidsplassen ei husnorm. Som sosiale individ blir me påverka av normdanninga rundt oss, anten me vil eller ikkje – og me er med på å påverka

---

normdanninga. Me utviklar eit sett med *internaliserte normer* som fører til at me vel å bruka visse former framfor andre. Til dømes har mange skuleelevar late vera å bruka klammeformer som finst i dagens rettskriving, fordi dei har opplevd at ikkje alle som evaluerer tekstane deira, kjenner norma godt nok til å ha oversikt over valfridommen. Då er det dei internaliserte normene som står over den fastsette norma. (Innstilling 2011, 34)

Dei internaliserte normene omfattar alle nivå av språkbyggnaden. Det er snakk om ei form for (ubevisst) individualpsykologisk tilknytning til og aksept av eit rådande normsystem i eit samfunn eller i ei bestemt sosial gruppe. Fastsette normer kan gje seg utslag i konform åtferd og i bestemte vurderingar, men normalt vil det ikkje liggje føre ei like sterk emosjonell binding til ei fastsett norm som ei internalisert norm. Ei fastsett norm må korrespondere med ei internalisert språknorm for å fungere som norm og ikkje berre som påbod (Vannebo 1980, 5ff; Omdal og Vikør 1996, 14; Vikør 2007, 72ff).

Eg legg til grunn at målformene er å finne i dei internaliserte normene, ikkje i dei fastsette normalane, sjølv om ikkje alle er einige i det (jf. t.d. Papazian 1986, 18f). I eit slikt perspektiv er det den autentiske språkbruken som kan gje svar på korleis noko blir skriva innan ei målform, ikkje ordlistene og grammatikkar:

Nynorsken finst ikkje i ordlistene. Dei inneheld berre arbeidsteikningar, eller oppskrifter på line med matoppskrifter, om ein vil. Målforma nynorsk finst berre i hjernane til folk, i samspelet mellom dei i skrift og tale, og i tekstene som dette samspelet resulterer i. (Vikør [2007] 2011, 10)

Dette er eit viktig prinsipp i denne avhandlinga, for sjølv om det førekjem fraseologiske lån mellom målformene og ein tek i bruk ord eller former i frasane som er utanfor rettskrivingsnormalen, er frasen uansett produsert av ein brukar av ei målform. Når ein i ein nynorsk bloggtekst kan lese «Etter kvart vart kjøkkenet meir som eit pizzabakeri, der Rasmus og eg jobba i våre ansikts sved, bokstaveleg talt, det vart ikkje akkurat kaldare av at steikommen stod på» (<http://olaug.blogspot.no>) er det like fullt bruk av målforma nynorsk sjølv om det dansk-bokmålske *sved* ('sveitte') aldri har vore og neppe kjem til å bli eit normert ord i nynorsk.

Helge Dyvik har introdusert, og iallfall for bokmål sin del, fått eit visst gjennomslag for termen *operative normer*, som eit kompleks av sosialt forankra normer som styrer

korleis ytringar blir formulerte og avkoda. Dei operative normene ligg i språkmedvitet og språkbruken og definerer rett og gale utan å vere formulerte, som ei empirisk norm (Dyvik 1993, 171). Slik definerer han dei sjølv:

Språkets eksistens hviler på et system av *operative normer* for hvordan språklige uttrykk kan settes sammen og hva de kan bety – ‘operative’ i den forstand at de, uten å være formulert, muliggjør og regulerer den faktiske språkbruken. De operative normene er en tradert og stilltiende overenskomst språkbrukerne imellom, og de finnes så lenge det finnes språkbruk som reguleres av dem. (Dyvik 2009, 111)

Dyvik meiner at ein i moderne tekstmateriale kan sjå ein del samvariasjon mellom ulike formval, slik at ein kan snakke om ulike operative subnormer av bokmål, kalla konservativt, moderat og radikalt bokmål, med mellomformer. Argumentasjonen bak er at mange språkbrukarar har tilnærma samanfallande intuisjon om korleis val av ulike former heng saman i språkleg og stilistisk konsistente tekstar, og ein implikasjonsanalyse av valfrie former i avistekst viser at dei valfrie formene opptrer i normklyngjer (Dyvik 2012). Ruth Vatvedt Fjeld (2015, 37f) har peika på at det slett ikkje er overraskande, då dei fleste aviser nyttar seg av automatiske retteprogram (ofte leverte av språkfirmaet Tansa AS), der val av éi form automatisk «rettar» seinare valfrie former slik at alle følgjer same stilnormal, i tillegg til at dei fleste store avisene i Noreg har valt ei konservativ form av bokmål som husnorm.

Til ei viss grad kan ein seie at Vannebos analyse la grunnlaget for Dyviks operative normer:

[L]angt på vei kan vi si at norm [...] er brukt synonymt om en bestemt *språkvariant*. Men analyserer vi språkvarianten nærmere, oppdager vi som regel fort at den utgjør ikke noen enhetlig størrelse. Innenfor varianten finner vi en rekke språklige delvarianter som også i sin tur ofte omtales som normer. [...] I kanskje særlig høy grad har den språksosiologiske forskninga i seinere tid bidratt til å avdekke delnormer innenfor varianter som tidligere ble sett på som langt mer enhetlige størrelser. Dette vil bety at i mange tilfeller der en tidligere regna med én forholdsvis stabil norm, blir en i dag nødt til å regne med eksistensen av forskjellige – og til dels kryssende – normer. (Vannebo 1980, 19f)

Men der Vannebo og Vikør snakkar om dei internaliserte normene som den individuelle språkkjensla som språkbruken til den enkelte baserer seg på, er dei operative normene overindividuelle, ein einsarta språkbruk i ei gruppe, med normer

som blir lærte gjennom bruk av språket: «Begreper som ‘norm’ og ‘korrekthet’ har ingen mening hvis individet er forståelseshorizonten» (Dyvik 2009, 111). Dyvik (2003, 30) unngår nemninga *internaliserte normer* fordi han meiner ho er for individorientert, og at ho tilslører den overindividuelle karakteren til normene.

Dyvik har blitt kritisert for å prøve å «objektivisere» normene ved å hevde at dei eksisterer og nesten verkar som ei kraft i seg sjølv, og oppfatninga av at språklege normer er noko ein kan påvise eksistensen av på empirisk vis, har blitt kalla essensialistisk (Sandøy 2003a, 259f; Vikør 2007, 73). Vikør hevdar at eit slikt syn er meir ideologisk, knytt til ein tradisjonalistisk språkideologi, enn strengt fagleg, og meiner ein må skilje skarpt mellom norm og bruksspråk (jf. og Vikør 1986). På den andre sida meiner Vikør (2007, 73) at termen ‘internaliserte normer’ legg vekt på det dynamiske ved normene; dei blir traderte, (gjen)skapte og modifiserte i enkeltindividet, men innanfor eit felles, kollektivt normmønster. Sjå Helset (2017a; 2017b) for vidare drøftingar av forholdet mellom internaliserte og operative normer.

Sandøy (2004b, 6) åtvarar mot å sjå på *usus* og språklege normer som sjølvstendige skapningar som eksisterer uavhengig av sosialiseringsprosessar der vi har ulike roller og ulike sjansar til å utøve makt. Språkrådet (2015b, 10ff) skriv, som vi var inne på i 3.2.5, at *usus* i såkalla normdannande tekstar er det vesentlege grunnlaget for normeringa av målformene, men Sandøy (2003a, 270; 2004b) peikar på at *usus* i snevert utvalde tekstar fortel mest om korleis dei med hegemonisk makt ønskjer at vi skal skrive, og at språkvanane våre (= *usus*) er mellombelse produkt av påverknad som vi ikkje er medvitne om. Det er heller ikkje noko nytt fenomen at *usus* ikkje representerer den «folkelege» språkbruken:

Da Horats anbefalte «usus» som «arbitrium et jus et norma loquendi» (talens rettesnor, regel og norm), kan han neppe ha ment flertallets språkvaner, men snarere de ledende romerske aristokraters, særlig når de opptrådte offentlig som embetsutøvere. (Haugen 1969, 4)

I denne avhandlinga ser eg nokre fordelar med dikotomien internaliserte vs. fastsette normer, då internalisert norm rommar både det individuelle og kollektive aspektet og betre får fram at normene er eit resultat av ein prosess. Termbruken får nokre

---

praktiske implikasjonar. Slik eg tolkar Vikør og Sandøy på den eine sida og Dyvik på den andre, kan ein person som ser på normene som operative, spørje om ein frase *finst* i ei målform, og vedkommande kan meine at det er mogleg å finne svar på det ved å setje opp eit minstetal for frekvens i eit korpus og la det vere avgjerande for om ein frase er i bruk eller ikkje i ei målform. Tek ein derimot utgangspunkt i at målforma er å finne i dei internaliserte normene og at dei stadig blir til i ein prosess, må ein ta omsyn til fleire faktorar enn berre usus.

Ein *skriftnormal* er det samanhengande systemet av fastsette normer for ein språkvarietet. Omgrepet *normal* har ei snevrare og meir presis tyding enn *norm*, då normalen gjev ei oversikt over dei konkrete formene og reglane som er offentleg godkjende for ein bestemt varietet på eit bestemt tidspunkt. Ein normal treng ikkje vere offentleg i tydinga statleg, men han må ha ein autoritet bak seg som delar av samfunnet bøyer seg for ved at han fungerer som ei norm for dei (Omdal og Vikør 1996, 15f; Vikør 2007, 75f). *Bokmålsnormalen* og *nynorsknormalen* er to ulike skriftnormalar, med kvar sine sett av fastsette normer for kva som er rett å skrive. Dessutan finst det ulike normalar innanfor dei to målformene. Det kan vere ulike rettskrivingar, som 1917-rettskrivinga og læreboknormalen av 1959, som har vore gjeldande i ulike tidsepokar, eller det kan vere snakk om ulike normalar innanfor same målform samtidig. Sidan 1950-talet har det eksistert to skilde normalar innanfor bokmålet, den offisielle bokmålsnormalen og Riksmålsforbundets normal, som er fastlagde i kvar sine grammatikkar og ordbøker – sjølv om dei internaliserte språknormene til folk ikkje nødvendigvis har følgd grensene for desse normalane. Sjølv om det finst stor valfridom mellom tilnæringsformer og tradisjonelle former i begge målformene, hevdar Vikør at dei ikkje dannar ulike normalar, då språkbrukarane fritt kan kombinere formene og lage seg sine individuelle repertoar av former. Likevel kan ein sjå klare tendensar til at det dannar seg uoffisielle normalar baserte på formtypar som folk føler «høyrer saman» på grunnlag av dei internaliserte normene sine (Omdal og Vikør 1996, 16).

Både bokmål og nynorsk inneheld former som er innanfor og utanfor dagens normal, men formene har til felles at dei er eller har blitt brukte i varieteteten (jf. Vikør 1986a).

## 4.2 Faktorar som påverkar dei internaliserte normene

Dette er ikkje meint som ei utgreiing om alt som kan påverke ein persons internaliserte normer, men eg set søkjelys på fire faktorar som eg meiner kan resultere i at brukarane av bokmål og nynorsk kan ha litt ulik språkkjensle for kva som er akseptabelt på frasenivå, utan at det er styrt av klare, definerte reglar: 1) ulik gjensidig påverknad mellom bokmål og nynorsk, 2) ulik purisme i målformene, 3) potensielt ulike frasepreferansar, og 4) at ulike normagentar har ulik styrke i bokmål og nynorsk, og dermed i ulik grad har påverknadskraft på brukarane.

### 4.2.1 Ulik gjensidig påverknad mellom målformene

Det er ulike forhold ved det norske språksamfunnet og den norske språkhistoria som kan ha konsekvensar for korleis bokmålsbrukarane og nynorskbrukarane forhold seg til dei fastsette normene. Ei viktig tilnærming handlar om styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk, og konsekvensane det får for normkjensla til brukarane av det mindre brukte språket. Nynorsken har alltid vore mykje mindre brukt enn bokmål i skrift, og påverknaden frå bokmål er stor sidan målformene er såpass like (Lilleholt 1997, 657). Rundt 12 % av elevane i grunnskulen har nynorsk som hovudmål (Grunnskolens Informasjonssystem 2021). Ulike undersøkingar viser at 50–63 % av dei som startar grunnskulen som nynorskbrukarar, har skifta hovudmål før dei går ut av vidaregåande opplæring (Grepstad 2012, 11; Ressursgruppa 2013, 8; Proba 2014, 28). Dei aller fleste grunngjev dette med at bokmålsdominansen i samfunnet gjer at dei blir tryggare og flinkare i bokmål (Garthus 2012, 6; Øvrelid 2014, 86; Idsøe 2016, 93).

Det er særleg bokmåls- og dialektinterferens som valdar problem når nynorskelevar skriv nynorsk (Søyland 2001), og det er ei velkjend sak at dei fleste elevane med nynorsk som hovudmål i praksis meistrar bokmål like godt som nynorsk, eller betre (Myklebust 2015, 62; Eiksund 2017, 274ff). Både Wiggen (1992) og Rødningen (2000) fann i sine samanliknande studiar at det er ein sterkare tendens til rettskrivingsfeil utgjorde av normstridige talemålsinnslag hos nynorskelevar enn hos bokmålslevar. Fiskarstrand konkluderer med at nynorskelevane i studien hennar har

---

internalisert ein nynorsknormal som ligg nærare talemålet enn den kodifiserte normalen. Dessutan er elevane usikre på og usamde om kva for ord og former nynorsknormalen inneheld, og kva dei sjølve kan skrive: «Undersøkinga har vist at mangelen på overordna reglar for ordval og system i forhold til kva for ord og ordformer språkbrukarane kan nytte i nynorsk er eit problem for elevane i utvalet» (Fiskerstrand 2008, 118). Også det store NORM-prosjektet stadfestar at nynorsk-elevar gjer fleire feil i ortografi og morfologi i hovudmålet enn bokmålselevar, men at dei kompenserer på andre område, slik m.a. Eiksund (2017) rapporterer.

Mange unge med nynorsk som hovudmål brukar nynorsk berre på skulen, dei brukar bokmål om dei vil nå ut til eit breitt publikum på nett, men dialekt om dei kommuniserer med venner og familie (Kleggetveit 2013, 81; Juuhl 2014, 121 og 178; Proba 2014, 33; Eiksund 2015, 41; Stemshaug 2015, 38). Likevel ser svært mange elevar med nynorsk som hovudmål, både i randsonene og i kjerneområda, føre seg at dei både kjem til å skrive bokmål og nynorsk i framtida (Kleggetveit 2013, 84; Øvrelid 2014, 75f; Idsøe 2016, 76f). For mange nynorskbrukarar er både den andre målforma og dialektskriving tilgjengelege ressursar når dei skriv, medan det ikkje er tilfelle for mange bokmålsskrivande.

Når mange unge i SMS og på Snapchat, Instagram og Facebook vel vekk tradisjonell, normert skrift og i staden skriv tilnærma likt dialekta dei snakkar, omtalar Audhild Rotevatn (2015, 78) det som *snakkeskriving*, og ho slår fast at storbrukarane av snakkeskriving har nynorsk som hovudmål i skulen. Ottar Grepstad skriv at generelt skriv oslofolk minst dialekt, vestlendingar og nordlendingar mest, og han hevdar at Noreg nærmar seg eit samfunn med tre norske skriftspråk – to normerte og eit unormert med stor variasjon (Grepstad 2015, kap. 7).

Nynorskbrukarane har alltid i større mon enn bokmålsbrukarane brote med den fastsette norma med godt samvit, og dei opplever i lågare grad sosiale sanksjonar ved å gjere det (Venås 1987, 64; Walton 2015, 30). I tillegg til at nynorskelevar har ein noko lågare normkunnskap i hovudmålet sitt enn bokmålselevar, handlar det òg om at «vanlege nynorskbrukarar» ønskjer å setje eit personleg preg på skriftinga (Selback

2001). Det er rimeleg å tru at nynorskbrukarar har fleire normbrot i måten dei brukar frasar på enn bokmålsbrukarar – både fordi dei ikkje er sikre på kva som er innanfor norma, og fordi dei medvite ikkje bryr seg, men heller skriv talemålsbasert.

I frasesamanheng er det leksikalske nivået vel så interessant som ortografi og morfologi. Arne Torp (1994) har peika på kor kronglete det kan vere for nynorskbrukarar å ikkje få bruke somme *anbehetelse*-ord vi har fått frå dansk og tysk, og som vi kjenner frå bokmål, men måtte grave fram puristiske ord som ligg langt frå talemålet – eller endå verre, finne omskrivingar for «forbodne» ord. Han viser til lærarar som meiner at hovudproblemet med nynorsken ikkje er bøyingsformene, men ordpurismen, som meir enn noko anna får nynorsken til å framstå som eit kunstig språk. Denne purismen er tema i neste avsnitt.

#### 4.2.2 Purisme

Felles for alle dei nordiske språka er at vi har lånt inn ord frå fleire språk i ulike periodar og gjennom ulike domene: Frå latin og gresk fekk vi ord knytte til kyrkja og *internasjonalismar* (dvs. ord som er danna på greske og latinske ordstammar, og som har blitt tekne inn i mange språk i lett tilpassa form (Sandøy og Östman 2004, 9)), franske ord kom inn via kultur og diplomati, medan tyske ord i høg grad var kopla til handel (7). Ideen om nasjonalspråka utvikla seg først etter reformasjonen, skapt av eit politisk og sosialt behov for orden, samhald og stabilitet: Det vi oppfattar som finsk, svensk, dansk, norsk og islandsk, er konstruksjonar frå det stadiet i kulturhistoria då medlemmane av språksamfunna utvikla ei felles forståing av at dei hadde eit felles språk som skil seg frå andre (sst.). Denne utviklinga på 1600- og 1700-talet må sjåast i samanheng med språkstandardisering, som igjen var mogleggjord av trykkjekunsten; standardspråket blei individuert og skulle definere grensene for kven som var omfatta av ein kommunikasjonsfellesskap (Brunstad 2003b, 44f; Sandøy 2003b, 27). I kjølvatnet følgde eit ønske om å stengje ute ord og trekk frå andre språk for å halde sitt eige *purt* ('reint'). I motsetningsparet *reint* og *ureint* er det reine det som kjenneteiknar gruppa eller nasjonen ein språkbrukar høyrer til og identifiserer seg med (Venås 1997, 9). Det ureine er innslag frå andre, trugande språk eller



dialektale varietetar (Brunstad 1997, 17). Språk blir gjerne omtala som meir eller mindre puristiske, men purisme er ingen eigenskap ved eit språk, det er ein ideologi (Brunstad 2001, 1). Denne definisjonen er ei samanfatting av mange aspekt ved fenomenet:

Purism is the manifestation of a desire on the part of a speech community (or some section of it) to preserve a language from, or rid it of, putative foreign elements or other elements held to be undesirable (including those originating in dialects, sociolects and styles of the same language). It may be directed at all linguistic levels but primarily the lexicon. Above all, purism is an aspect of the codification, cultivation and planning of standard languages. (Thomas 1991, 12)

*Purisme* og *purist* får lett ei verdilading, og ofte blir orda brukte som ukvemsord (Venås 1997, 9). Alf Hellevik (1968, 138) nyanserer bildet ved å peike på at parallelt med den negative sida ved purismen som handlar om å utrydde ord, har purismen ei positiv side som fører til dyrking og odling av uttrykksevna i det heimlege språket. Viljen til språkrensing og dyrking av heimleg ordtilfang er ofte størst i nyreiste skriftmål, og purismen har gjort seg gjeldande i dei fleste språk, men med ulik styrke og til ulike tider. Vikør formidlar òg at det finst gangbare motiv for purisme:

Den puristiske lina er uttrykk for eit ønske om språkleg uavhengigheit, og står sterkt i unge språksamfunn som kanskje enno ikkje har oppnådd full sjølvkjensle (norsk, islandsk), men òg innanfor godt etablerte og tradisjonelle språk som føler seg truga eller pressa av ein «storebror» (fransk). Rasjonelle argument for ei slik line er bl.a. omsynet til at terminologien skal vere mest muleg gjennomsiiktig for vanlege borgarar av språksamfunnet, og omsynet til den systematiske samanhengen og konsekvensen i språket. (Vikør 2007, 122)

Samstundes er det vanleg at purismen minkar når eit språk får ei tryggare og meir konsolidert stilling (Vikør 2001, 425). Einar Haugen omtalar purismen i monaleg meir negative ordelag. Han peikar på at engelsk og fransk har henta mykje av fagterminologien sin frå dei klassiske språka, medan ein i islandsk, gresk, hebraisk og mange andre språk har lagt vekt på å danne heimlege ekvivalentar i staden for å tilpasse framande lånord:

Det hevdes ofte at slik purisme bevarer låntaker-språkets karakteristiske struktur. Men et sterkere motiv ligger trolig i den tilfredshet som uttrykkes gjennom «selvgjort er velgjort». Det er en sterkere hevdelse av identitet enn å ta opp fremmede lånord en gros. Som vi skal se, er dansk og dansk-norsk (riksmål) mer likt engelsk i denne henseende. Nynorsk

---

(landsmål) slo fra først inn på den samme puristiske linjen som islandsk, men har senere lagt om kursen mer og mer i retning av å akseptere lånord. (Haugen 1969, 19)

Spørsmålet er om Haugens analyse fortel heile historia om bokmål og nynorsk, eller om purismen har andre sider òg. Liestøl har peika på ein interessant skilnad i måten ein har omtala puristiske tendensar på i dei to målformene, som kanskje seier noko meir om korleis ein ser på fenomenet:

Ein kann *fornorska* riksmålet, men ein kann berre *reinska* landsmålet for det framande. Denne skilnaden i uttrykksmåte er ikkje laga til agitasjon; han hev skapt seg sjølv. Enn um han var uttrykk for at det frå nasjonal synsstad var ein grunnskilnad millom dei to måli? (Liestøl 1927, 51f)

Eg ønskjer nettopp å sjå nærare på om det er ulike typar purisme som er og har vore rådande i dei to målformene, og om det kan ha sett sitt preg på bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien som to delvis ulike storleikar. Ein selektiv purisme som rettar seg mot spesielle språk eller varietetar, men ikkje mot andre, fortel kva slags språk ein har behov for å setje grenser mot, kven ein opplever som trugande (Brunstad 1997, 17f). Basert på styrkeforholdet mellom bokmål og nynorsk, som eg var inne på i del 4.2.1, er det ikkje urimeleg å tru at det er ulikt i dei to. Kven og kva som avgjer kva ein skal akseptere av framande språktrekk, og kor kategoriske desse grensene skal vere, er eit tilbakevendande tema i purismedebattar (Brunstad 2001, 3), og det er i stor grad dei same spørsmåla som eg stiller i dette prosjektet.

Den globale engelskdominansen har ført til fornya interesse for purismen i nyare tid, og George Thomas' *Linguistic Purism* (1991) har gjeve viktige bidrag til å utvikle den tverrlingvistiske og teoretiske forståinga av fenomenet (Brunstad 2003a, 2; Sandøy 2009, 163). Ifølgje Thomas er all politikk som går ut på å sortere eller reinse vekk noko frå språkvariasjonen, å rekne som purisme, og i nordisk samanheng har eit slikt perspektiv m.a. sett preg på det store prosjektet *Moderne importord i språka i Norden* (MIN). Med ei språksosiologisk tilnærming såg gruppa med nordiske MIN-forskarar på purismen som uttrykk for noko meir generelt: Purismen sorterer mellom godt og dårleg eller mellom akseptabelt og uakseptabelt. Det ein tradisjonelt reknar som purisme, er dermed berre del av ein meir allmenn tendens i språkkulturen, som set verdjar på språklege element (personleg kommunikasjon med Helge Sandøy via e-

post 30.11.17). Basert på Thomas utvikla ein i MIN nemningane *eksoglossisk* og *endoglossisk* purisme (jf. t.d. Sandøy 2009, 163), og desse byggjer eg på i definisjonane i denne avhandlinga:

- **eksoglossisk (utoverretta) purisme:** det å halde språket reint for påverknad frå andre språk. Dette er det dei fleste forbind med purisme, og i litteraturen blir han ofte omtala som ein *nasjonal purisme* som har som mål å verne språket som eit nasjonalt symbol. Ofte er han retta mot språket til eit større og mektigare naboland som ein har blitt dominert av og påtvinga språket til. Relevante argument for denne typen purisme kan vere strukturelle skilnadar mellom eins eige og det dominerande språket, men i praksis er argumenta mest ikkje-språklege, dvs. kulturelle, nasjonale eller sosiale (Vikør 2007, 172).
- **endoglossisk (innoverretta) purisme:** det å halde eit standardspråk reint for påverknad frå dialekter og etnolekter, og å la standardspråket dominere på dei fleste område (Sandøy 2009, 153). Dette er ei form for purisme som i stor grad overlappar med det Vikør (2007, 172) kallar *sosial purisme*, det vil seie at han er retta mot folk frå visse sosiale grupper.

Endre Brunstad (2003a, 10) avviser med utgangspunkt i tradisjonelle oppfatningar av fenomenet og faren for å gjere purisme til ein brei ideologisk diskurs å inkludere motstand mot heimlege språkelement i purismeomgrepet. Eg ser derimot på dikotomien over som eit teoretisk bakteppe som er svært godt eigna for å drøfte den norske situasjonen. Både bokmål og nynorsk har hatt talspersonar med ein ideologi ein kan kople både til eksoglossisk og endoglossisk purisme, men, som vi skal sjå, med ulik argumentasjon. Dessutan deler eg Thomas' syn på at leksikalske fleirordseiningar på same måte som enkeltord kan bli utsette for purisme:

If set phrases like *point of view* or *take into consideration* – in contradistinction to collocations – are lexicalisations, i.e. they function in a sentence as if they were lexical items, then it is not surprising that they should come in for puristic opposition in much the same way that words do. Furthermore, since so much phraseology is freely borrowed from one language to another, the suspicion that a phrase is of foreign origin may be sufficient to bring down puristically motivated criticism upon it. (Thomas 1991, 65)

Så vidt eg veit, har ingen systematisk undersøkt korleis purismeideologiar har gjeve seg utslag i norske frasar. Dermed legg eg Thomas' framstilling til grunn når eg tek utgangspunkt i at purisme på ordnivå og i dei faste frasane djupast sett er det same. Gjennomgangen er difor ei skildring av eksoglossisk og endoglossisk purisme hovudsakleg på ordnivå i bokmål og nynorsk, og så vil den empiriske undersøkinga av frasar i ordbøker og bruk (kapittel 5) vise om overføringsverdien er reell.

#### 4.2.2.1 Purisme i bokmål

Blant dei som argumenterte for det danske og dansk-norske språket på 1800-talet, kan ein snakke om tre i hovudsak suksessive strategiar: Dei første ville halde på dansk, så opna ein varsamt for nokre norske ord og former i nokre sjangrar, og til slutt ønskte ein å basere skriftspråket på den danna daglegtalet, som hadde utvikla seg i møte med den danske embetsmannskulturen i Noreg før 1814. Vidare skal vi sjå på argument som har blitt brukte for å halde både framande og heimlege språkelement ute frå det som vi i dag kjenner som bokmål.

#### Eksoglossisk purisme i bokmål

Det var ikkje opplagt at nynorsk skulle bli den målforma som først og fremst blir knytt til purismeideologien. Knud Knudsen førte ein livslang eksoglossisk kamp mot framandorda (som òg omfattar det vi i dag ville kalla *lånord*, eller *importord* med ei fellesnemning) (Venås et al. 1983, 18). Hovudprosjektet i ordboka hans, *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning* (Knudsen 1881b), var å føre inn heilnorske avløysarord for dei danske. Ordboka er på nærare 1000 sider og inneheld ei heil mengd avløysarord, mange hadde han laga sjølv, men berre eit fåtal av dei, kanskje under ti, har blitt ståande (Sandøy 2004a, 130). Knudsen ville heller ha ord som *ordskifte* enn *debatt*, *hundreår* heller enn *sekel* og *bakstrev* heller enn *reaksjon*. Av desse er (nn) *hundreår*/(bm) *århundre* døme på at somme avløysarord har fortrent *lånorda* (Kulbrandstad og Kinn 2016, 121). Knudsen realiserte med den store fornrskingsordboka ein plan Aasen lenge hadde hatt i tankane (Venås et al. 1983, 18). I *Skolen og fremmedordene* kritiserte Knudsen (1881a) skulen for å forsømme den viktige oppgåva det er å lære elevane opp til å unngå unødvendige framandord, og i fleire samanhengar kritiserte han òg målfolka for at dei skreiv eit ureint mål (Venås et al. 1983, 18).

I kampen mot avløysarorda blei Knudsen helst ståande som ein litt sær avvikar i riksmålskretsar (Venås 1997, 14). André Bjerke (1966, 23f) kallar det eit bomskot i verksemda til Knudsen at han prøvde å utrydde framandorda og erstatte dei med heimelaga avløysarar – det var ein fiasko på linje med felttoget Knudsen la ut på mot dei «unorske» prefiksa *an-*, *be-* og *for-* og dei knirkete og dårlege norvagismane i

stilen hans. Bjerke var heller ikkje nådig mot dei som dreiv med eksoglossisk purisme i eiga samtid:

Som bekjent er det riksmålets *danske* innslag det drives nasjonal klappjakt på av dem som «har forma bokmålet». Selv når det dreier seg om ord som i høy grad er akklimatisert og levende i norsk skrift og tale, skal de utryddes – fordi de er danske, eller mistenkes for å være det. (Bjerke [1961] 1968, 158)

Den nasjonale, eksoglossiske purismen ser vi lite av i bokmålet i dag: «I Språkrådets normering av bokmålet i dag kan vi bare snakke om en meget moderat purisme, og den er retta særlig mot *engelske* fremmedord» (Papazian 1991, 91). I den offentlege diskursen er ein meir oppteken av kampen mot domenetap enn den faren «framande språk» måtte utgjere for korpus: Norsk fagspråk er i minimal bruk på enkelte område der engelsk har teke over, og det ønskjer ein frå offisielt hald å setje inn tiltak mot (Språkrådet 2017a). Dessutan har nyare forskning røska opp i inngrodde førestillingar om kven som er puristar og ikkje i Skandinavia: Det er ei utbreidd oppfatning i Norden at norsk er klart meir puristisk enn svensk og særleg dansk (Sandøy 2007, 128), men i MIN-prosjektet blei det på bakgrunn av studiar av importord i avisspråk overraskande slått fast at norsk er det *minst* puristiske skandinaviske språket (Sandøy 2009, 157). Det viser seg òg at det er i norsk og finsk ein ser den relativt største auken av importord frå 1975 til 2000, så sjølv om vi tilpassar orda meir i ortografi og uttale enn t.d. danskane, er det ikkje tvil om at det er ein god del meir engelsk i norsk i dag enn før 1975 (158).

### **Endoglossisk purisme i bokmål**

Det var ikkje berre i nasjonsbyggingstida det var teikn til endoglossisk purisme i norsk. Den lever i dag i beste velgåande blant bokmålsbrukarar som rettar han mot andre varietetar av eige språk: «[P]urisme er ikke et nynorskfenomen; når konservative former i bokmål dominerer over radikale (f.eks. lite bruk av hunkjønn og diftonger), reflekterer det purisme overfor dialektene og nynorsk» (Kulbrandstad og Kinn 2016, 121). Vikør kallar dette *sosial purisme* – retta mot språkelement frå visse sosiale grupper. I mange nasjonale standardspråk blir ord og uttrykk frå dialektene avviste «fordi dei er vulgære (eller kva ein no kallar det)» (Vikør 2007, 172), og i mange land kan ein seie at den sosiale purismen langt på veg er sjølvsagd.

Nemninga *vulgær* er i dag så framand som karakteristikk på språklege former at ho må kommenterast. I NAOB står denne forklaringa: «MEST FORELDET, OM SPRÅK, SPRÅKFORM som brukes av folk flest; folkelig | jf. vulgærlatin, vulgær-språk». To riksmålsmenn som brukte nemninga så seint som på 1960-talet, var cand.philol. Georges Abel (1910–1999) og forfattaren André Bjerke (1918–1985). Abel dreiv i ei årrekkje språkleg folkeopplysning basert på «hva som er skikk og bruk i de såkalte toneangivende og de kulturelt ledende kretser i vårt land» (Abel 1962, 11). I *Skikk og bruk i dagligtalen* skil han skarpt mellom kultivert uttrykksmåte og vulgær-språk, m.a. i artikkelen til *guly*: «'Golvet' virker vulgært – iallfall i toneangivende kretser – til tross for at det er den offisielle form når det brukes i konkret betydning. Formen 'golvet' er enda verre» (55). Bjerke blei i samtida skulda for å ville sementere det sosiale skiljet mellom *danna* og *vulgær*, men sjølv hevdar han at han forfektar det sosialdemokratiske synet at kulturverdiane må gjerast tilgjengelege for alle klasser i samfunnet. Han meinte at samnorskpolitikken gjorde dei språklege skilja større, og ved å ikkje gje store lag av folket opplæring i kulturspråket, gjer ein det til eit privilegium for «overklassa» (Bjerke [1960] 1968c, 124).

Skiljet mellom *danna* og vulgær tale er dermed ikkje eit sosialt, men eit kvalitativt skilje, hevdar Bjerke: «Vulgær-sproget er karakterisert ved sin mangel på form, ved sin tendens til oppløsning av den grammatiske og syntaktiske struktur, ved sin sleivete forenkling av ord, og sin munnslappe uttale» (125). Eit slikt forfall pregar særleg dei austlandske byformene – og heilt korrekt minner Bjerke lesarane om at Arne Garborg og fleire hadde åtvåra sterkt mot oppløysingstendensane i lågare austlandsmål, og Aasen hadde på si side åtvåra mot «forvanskede Dialekter», sjølv om dei var fleirtalsformer (126). Uansett kor edle motiv Bjerke måtte ha, er kritikken hans av landsmenns språkbruk eit utslag av endoglossisk purisme idet han legg slike negative verdivurderingar til grunn, og interessant nok søker han støtte frå nynorskald for ein slik praksis.

Fleire språkkonservative såg på folkemålsformene som ein trussel mot det gode riksmålet. Og bak folkemålsformene truga nynorsken, for dei viktigaste aktivistane

for sammorsken var frå første stund målmennene (Bjerke [1961] 1968, 162).<sup>25</sup> Særleg ille, sett frå språkkonservativt hald, var forsøket på å tvinge den dialektnorske *a*-endinga inn i riksmålet; den bokstaven blir trekt fram som den viktigaste årsaka til femti års intens språkstrid (Bjerke 1966, 84). Som vi kjem tilbake til i 5.3, skal det vise seg at striden om *a*-en framleis er aktuell, om ikkje så hard som han var. Bjerke hevdar at det berre er «kultursproget» som er eigna til meir enn å skildre livet heime i tunet – eller å rakke ned på folk: «Dialektene er ikke noe nasjonalsproglig samlingsgrunnlag, som man har villet innbilde oss. De samler ikke; de sprer! Derfor kan de ikke danne fundament for noen skriftsprogsnorm» (Bjerke 1966, 15). Riksmålsrørsla hadde si stordomstid på 1950- og 1960-talet, og vi har sett korleis enkeltmedlemmar av rørsla som Georges Abel og André Bjerke dreiv språkkrettleiing gjennom handbøker. Finn-Erik Vinje skreiv seg seinare inn i den same tradisjonen, og i nyare tid har Per Egil Hegge hatt den leiande posisjonen (Vikør 2007, 133).

Ikkje alle som har skrive om norsk stiltone på bokmål, har sjølv sagt vore like avvisande til dialektinnslag. Ragnvald Iversen skil i *Norsk stillære i grunndrag* mellom norsk på éi side og eldre kulturspråk med gammal og fast tradisjon på den andre: Dei sistnemnde aksepterer sjeldan provinsialismar, altså ord og vendingar som berre blir brukte i eit større eller mindre dialektområde, men det er annleis i Noreg:

Hos oss kan vi vel snau sett opp en så streng regel når det er tale om ordtilfanget. Men selvsagt må den som vil bruke et sjeldsynt dialektord sørge for at også folk flest kan skjønne det, enten ved å sette det inn i en slik sammenheng at det ikke kan mistydes, eller ved å bruke det i lag med et enstydig ord som er vanlig og velkjent. (Iversen [1929] 1946, 12)

I boka brukar forfattaren døme frå både bokmål og nynorsk til å illustrere poenga sine, og han knyter ikkje bruk av dialektord til målformene. Men så var han òg formann i komiteen bak 1938-reforma, og dermed kan han stå som representant for alt Bjerke var mot. Meir om Iversen kjem i bolken om fraseideal i bokmål.

---

<sup>25</sup> Bjerke ([1961] 1968, 162) refererer til at Arne Bergsgård, ein av dei seks i komiteen som skapte bokmålet av 1938, ikkje la skjul på at hensikta med sammorskpolitikken var å utslette den forhatte heimedansken, slik at nynorsken kunne bli det einaste riksmålet i landet.

I bokmål ser vi i nyare tid ei konsolidering rundt konservative former. Undersøkingar blant norsklærarar og studentar viser at dei manglar kjennskap til sentrale trekk ved det grammatiske systemet i bokmål, og at dei hyperkorrigerer tillatne radikale former til meir konservative (Omdal 1996, 169; 2003, 225f). I bruksundersøkingar i såkalla normdannande tekstar har dei konservative formene i bokmål blitt svært dominerande (jf. t.d. Ims 2007; Kola 2014). Det er ikkje slik at dei radikale formene er borte, men stigmaet ved å bruke dei er sterkt (Fjeld 2012; Kjelaas 2017). Denne moderne endoglossiske purismen i bokmål er i hovudsak retta mot ortografi og morfologi, og kva utslag han gjev på korleis bokmålsfrasar blir brukte i dag, er tema i kapittel 5.

#### 4.2.2.2 *Purisme i nynorsk*

Ivar Aasen (1813–1896) meinte at landsmålet skulle byggjast på heimleg overlevert norsk talemål, og han skriv at «Bonden har den Ære at være Sprogets Redningsmand; til hans Tale skulde man altsaa lytte» (Aasen [1836] 1996, 5) – sjølv om han innsåg at eit skriftspråk basert på korleis allmugen snakka, ville møte mange fordommar og kraftig motstand. Målreisingsprosjektet til Aasen var klart prega av eksoglossisk purisme, men vi skal dessutan sjå at nynorskpurismen i seinare tid òg er endoglossisk.

#### **Eksoglossisk purisme i nynorsk**

Grunnen til at den eksoglossiske purismeideologien er så sterk i nynorsk, ligg i historia: Dei lågtyske orda kom inn i store mengder gjennom språket til hanseatane i Bergen, som fullstendig dominerte den norske økonomien på 1300- og 1400-talet. Via bergensk kom dei lågtyske orda inn i norsk, og ein del kom gjennom dansk. Påverknaden var så djuptgåande at norsk fekk inn heilt nye ordlagingselement som prefiksa *an-*, *be-* og *for-* og delvis produktive suffiks som *-he(i)t* og *-else*, slik eg gjorde greie for i del 3.2.4. «Desse prefiksa og suffiksa er for målfolk blitt konkrete symbol på vanmaktstida åt den norske nasjonen, og er dermed høgst uvelkomne i norsk. Motviljen og nedvurderinga av dei har fått eit fortetta uttrykk i skjellsordet «anbehetelse»» (Vikør [1980] 2011, 23).

Dei nasjonale argumenta stod sterkt i den tidlege nynorskpurismen: Nynorsk blei til og vaks fram i motsetning og som eit alternativ til dansk-norsk, der desse lånorda var ein viktig del av det språkleg nedervde ordtilfanget (Venås et al. 1983, 22). Aasen



meinte at etter at Noreg var blitt fritt og sjølvstendig, «maa det være os magtpåliggende at bruke et selvstændigt og nationalt Sprog, eftersom dette er en Nations fornemste Kjendemerke» ([1836] 1996, 4). Eit sentralt mål for den vitskaplege produksjonen hans var å vise at dei norske dialektene med sine overflatiske forskjellar utgjorde eit sjølvstendig språk, men at dette norske språket skilde seg meir grunnleggjande frå nabospråka svensk og dansk (Hoel 1998, 52).<sup>26</sup> Brunstad (2003b, 58) knyter Aasen sin måte å vurdere tilhøvet mellom språk og nasjon på til den tyske nasjonalismetradisjonen der ein ser på språket som hjartet og sjela til eit folk. Aasen såg ein eigenverdi av å leite etter ord i den norske ords-katten heller enn å bruke framande, men han var ikkje like kategorisk avvisande til framandorda som Knudsen. Sandøy (2004a, 109) oppsummerer det slik at Aasen ikkje var særskilt interessert i framandorda, utover at han var oppteken av at dei ikkje måtte trengje vekk dei norske arveorda. I eigne skjønner og saklitterære stykke sette Aasen seg likevel føre å unngå alle framande ord og uttrykk, også internasjonalsmane. Han valde heller ord av norsk og norrøn rot, sjølv om dei var sjeldne, for å få fram at norsk var rikare enn mange rekna med (Aasen 1853, VI).

Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870) har fått æra for å ta opp ei mengd med nye ord, både eigenkomponerte og frå dialektene, i landsmålet. Venås (1985, 31) hevda at på det «tidlege landsmålssteget vende purismen seg like mykje mot romanske som mot germanske lånord. Vinje laga nok fleire avløyssarar for romanske enn for germanske lånord».

Arne Garborg (1851–1924), ifølgje Jahr den viktigaste enkeltpersonen i arbeidet med og for landsmålet på 1800-talet etter Aasen, var blant dei som hevda at det fanst to kulturar i Noreg. Den eine var framand, importert og unasjonalt – denne kolonistkulturen var det overklassa, først og fremst embetsmennene, som representerte. Den andre var heimleg og nasjonal, og denne var det bøndene og allmugen som stod for: «Å rette åtak mot språkhegemoniet til embetsmennene blei difor eit viktig politisk

<sup>26</sup> Rett nok ser vi at Aasen i nokre få tilfelle tok omsyn til dei skandinaviske nabospråka våre, m.a. til dansk ved at han skreiv *kjenna* og *Gjest* (i staden for *kenna* og *Gest*), og ved at han brukte fleirtalsformer av verb (Jahr 2015, 24), men det har ikkje sett stort preg på målforma.

verkemiddel for opposisjonen, og her stod Aasens landsmål fram som ei konkret sak opposisjonen kunne argumentere med og arbeide for» (Jahr 2015, 28).

I 1907 fatta Stortinget vedtak om sidemålsstil ved examen artium. Av omsyn til den høgare skulen blei det teke inn ei rekkje internasjonale kulturord i dei nynorske rettskrivingsordlistene, slike både Aasen og Knudsen hadde prøvd å unngå. Det same skjedde i tidsskrift som *Syn og Segn* (Venås et al. 1983, 19). I føreordet til *Nynorsk ordbok* skriv Matias Skard (1846–1927) at landsmålet måtte ha same retten som andre språk til «aa auka si eiga» av internasjonale kulturord (Skard 1912, VI), så med andre ord gjev han seg ut for å ha ei mindre puristisk haldning enn forgjengarane sine. På den andre sida blei dei no strengare med å ikkje bruke lågtyske lånord (Venås et al. 1983, 19). På linje med Aasen meinte Skard at det særleg var dei dansk-tyske orda ein måtte kjempe mot, for: «Dei opnar ikkje nokor dør lenger ut i kulturverdi enn til Danmark» (Skard 1912, VI).

Rettskrivingsreformene i 1917 og 1938 førte ikkje til store endringar i det nynorske ordtilfanget. Ordlistar og rettskrivingsordbøker heldt fram med å ta opp aktuelle internasjonale kulturord, medan dei som laga slike bøker, var endå meir varsame med tyske og danske lånord, særleg dei «øyremerkte» avleiingane på *an-*, *be-*, *-heit*, *-else* og andre av same slag» (Venås et al. 1983, 19f). Framleis tok somme i bruk nasjonale argument: Gustav Indrebø (1889–1942) var oppteken av å få fram at nynorsken var eit nasjonaldemokratisk prosjekt både i rettskriving, formverk, ordval, fraseologi og setningsbygnad. Dialektene og talemålet i heile Noreg skulle danne utgangspunkt for nynorsken (Indrebø 1932, 25). Indrebø hevdar problemet med germanismane ligg i at tysk og norsk er nærskylde språk, at «[d]ei tyske ordi og ordlagi, når dei slepp til, trengjer til side nasjonale ord og vendingar og set stengje for den rike oppkoma med målande og hendige ordlag or folkemålet» (26).

Gjennom eige virke med lærebøker og omsetjing av lovtekst, *Juridisk ordliste* (1929) og rettleiingsboka om norsk målføring *Von og veg* (1938) la professor i rettsvitenskap Nikolaus Gjelsvik (1866–1938) fundamentet for det moderne nynorske lovspråket, og arbeida hans har tent som føredøme på godt nynorsk fagspråk. Fagfeltet hans hadde

vore prega av ein tung kansellistil med mange stivna ord og uttrykk og snirklete syntaks, og det viktigaste for Gjelsvik var å vise korleis ein kunne uttrykkje seg enklare og betre (Gjelsvik 1938, 89; Hellevik 1970, 147). Gjelsvik skil seg ut blant nynorskpuristane ved at han ikkje meiner at dei tyske og danske orda er problemet. Tysken er berre problematisk ved at han fører vidare latinsk stil, og i *Von og veg* legg Gjelsvik stor vekt på at stilgrunnlaget både i bokmål og nynorsk burde vere norsk og ikkje latin. Måten å gjere dette på er ifølgje Gjelsvik å basere skriftspråket på dialektene: «Når so særleg nynorsken leitar fram og held seg til det beste i målføri, fær ein dessutan eit reint og eit rett mål, heimhøvelegt og tidhøvelegt, som det er hugnad i og vyrdnad med» (1938, 7).

I puristanes rekkjer finn ein stort sett glade amatørar, ifølgje George Thomas (1991, 101), og som Einar Haugen (1990, 51) har peika på, omtalar ikkje-lingvistar ofte brot på grammatikken med ord som elles høyrer heime i kritikk av moral: Dei er «dårlege», «stygge», «galne», «uriktige» og «vulgære». I *Von og veg* har Gjelsvik slike verdibaserte vurderingar av kva som er god språkføring og ikkje, men eigentleg har alle som agiterer for både eksoglossisk eller endoglossisk purisme det – det er berre påfallande eksplisitt uttalt hos Gjelsvik.

Også i seinare tid ser vi at purismen innanfor nynorsk har retta seg mot danske og særleg lågtyske importord og avleiingssuffiks; dei romanske og greske har stort sett fått vere i fred (Vikør 2007, 175). Etter at bokmål har fungert som eit «ekte» norsk språk i over 100 år, kling dei nasjonale argumenta sterkt disharmonisk (sjølv om det saktens er dei som framleis avviser bokmål på grunn av det danske opphavet). I seinare tid er den nynorske purismen framleis eksoglossisk, men ein har dreia argumenta frå det nasjonale mot at purismen tek vare på den karakteristiske språkleg-stilistiske strukturen til målforma (jf. Haugen 1969, 19). I Venås-tilrådinga var ein inne på at målreising og måldyrking hadde fleire sider ved seg enn berre å reinse ut framandt ordtilfang og ta i bruk meir heimlege ord og vendingar. Når ein har vurdert ordtilfanget, har ein i tillegg til å leggje vekt på om ord er lånte inn eller nedervde, sett på «kor godt eit ord høver i målet, dvs. om eit lånord har vorte vanleg og *kjennest heimsleg* for folk flest. Det siste er eit meir funksjonelt syn med hovudvekta på

språktilstanden i dag» (Venås et al. 1983, 16). Nynorsken skulle tuftast på seiemåten og ordlegginga i norsk folkemål, og då ville dei særmerkte tyske og danske lånorda lett kunne binde syntaks og stil til ein skriftleg tradisjon som ikkje var i samsvar med talemålet. Ei slik uheldig binding til tysk-dansk stil kunne førekomme sjølv om lånorda var og er mykje brukte i folkemålet og fleire av dei hadde vore ein naturleg del av ordtilfanget i hundreår (22f). Magne Rommetveit hevda at det også var dei funksjonelle omsyna som gjorde at Aasen ville lausrive norsk frå den danske stilen: «Ikkje av di stilen er dansk, men av di dansk kansellimål med rot i tysk og latin høver dårleg med enkelt norsk folkemål og gjer språket tungt og uklårt» (Rommetveit 1983, 45).

Utviklinga på 1960- og 1970-talet var prega av at ordtilfanget i ordlister og ordbøker sakte, men sikkert blei ajourført og utvida, på grunnlag av auka kjennskap til norske dialekter og nynorsk språkbruk. Samtidig blei det lagt vekt på å ikkje vrake gevinstane av 100 år med måldyrking. Unge språkbrukarar har ofte eit friare syn på ordtilfanget; dei vel ord etter nyansar i stil og innhald, utan å bry seg om etymologien til ordet. I mange samanhengar er det difor tvilsamt om det er ein gevinst å vrake danske og tyske lånord til fordel for meir eller mindre fjerne framandord i fag- og ekspertspråket (Venås et al. 1983, 22). Særleg på 1970-talet fekk dialekter og dialektbruk ein ny og auka status. Mange lånord er ein naturleg del av ordtilfanget i dialektene, og difor gjekk Venås-tilrådinga i 1983 inn for ei romsleg innstilling til lånord i skriftmålet (sst.).

Avløyarsstrevet til Knudsen ser ut til å ha sett meir varige spor i nynorsk enn i bokmål, og det er ikkje tvil om at den eksoglossiske purismen også har hatt uheldige konsekvensar for nynorsken: «Språkreisinga til Knud Knudsen hadde utan tvil mykje å seia for korleis førande språkfolk i ettertida stelte seg til dette spørsmålet, t.d. Moltke Moe og D. A. Seip. Ho kan vel og ha styrkt tendensen til overdriven purisme hjå somme målfolk» (Venås et al. 1983, 19). Den overdrivne nynorskpurismen blir utdjupa av Vikør, som skil mellom to typar målreinsing: Den første rettar seg mot **nye** lånord og framandord, generelt eller frå bestemte språk, og/eller går imot bestemte typar nydanningar i ordtilfang, setningsbygning, uttrykksmåtar o.l. Den andre typen «går ut på å reinse eit språk frå ordtypar og element som alt fins i språket,

og kanskje har vore der i mange generasjonar – ein forsinka hemn over språkhistoria» (Vikør [1980] 2011, 22). Denne siste typen hevdar Vikør er «særmerkt for nynorsk, og det er den som har utvikla seg til ei funksjonshemming for språket» (23).

### **Endoglossisk purisme i nynorsk**

Det er særleg eit tidleg sitat av Aasen som ofte blir trekt fram for å skildre normgrunnlaget hans: «Der er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt av vore Dialekter; nei, ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle» (Aasen [1836] 1996, 5). For nynorsken sin legitimitet som landsgyldig målform er det viktig å vise fram at Aasen ville bygge skriftspråket på grunnlag av studium av alle norske dialekter. Men også Aasen kan knytast til eit endoglossisk purismetankegods ved at han la stor vekt på særleg vestnorske dialekter, medan han ignorerte dei mest utbreidde formene frå dialekter i utgliding. Han var klar på at nasjonalspråket ikkje hadde blitt teke like godt vare på i alle dialekter, og dermed var nokre meir eigna å danne skriftspråket på enn andre:

Medens Tid og Omstændigheder ... gjorde den Kjøbenhavnske Dialekt herskende hos os, opbevaredes og dyrkedes dog vort Nationalsprog i Bondens Hytter i vore Dale og paa vore Strande; lad end være, at dette ikke er Tilfældet med alle Distrikter i lige grad. (Aasen [1836] 1996, 4).

Aasen fekk stipend frå Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim for å studere dialektene og samle tilfang til grammatikkar og ordbøker han seinare utforma. Det var stort sett stader i Sør-Noreg han besøkte, og han reiste utanom byane, for der var språket i altfor stor grad prega av dansk til at han ville ta omsyn til dei i landsmålet (Jahr 2015, 20ff). Somme tykkjer ein slik endoglossisk purisme ikkje er så problematisk: «Han støttet seg til de målfører som hadde bevart mest mulig av oldnorskens faste struktur og velklang. Han tok stilistiske hensyn, ikke statistiske» (Bjerke [1960] 1968b, 130). Ifølgje Bjerke gjorde det at nynorsken, på linje med riksmålet, kan kallast eit kulturberande språk i Noreg, med ei ibuande danning.

Landsmålet blei til fordi det skulle spegle norsk talemål, og det skulle gjere det lett å bruke (Venås et al. 1983, 23f). Men etter kvart som fleire og fleire tok nynorsk i bruk på stadig nye område, kjende mange nynorskbrukarar seg usikre på kva ord og ordlag


---

dei kunne bruke i målforma si. Dei to målformene ligg trass alt nær kvarandre, mange lånord fanst i dialektene frå gammalt, og mange bokmålsord var godt kjende overalt i Noreg. Det er eit grunnleggjande paradoks som går heilt tilbake til Aasen, at ein skal byggje på heimemålet samstundes som nynorsken skal haldast rein, for bygdemåla hadde teke opp i seg så mykje av tilfanget ein av nasjonale grunnar ikkje ville godta i skrift (Venås 1997, 11). Venås meiner at det ser ut til at Aasen ikkje i det heile hadde tenkt på at ein ved å gjere visse typar dialektord uønskte ved å halde dei ute frå skriftspråket, eigentleg gjekk mot tanken landsmålet bygde på (12). Då er det unngåeleg at purismen rettar seg innover, mot element ein ikkje aksepterer ved sitt eige. Det er ikkje mogleg å setje enkle merkelappar på Aasens purisme: «Aasens motstand mot eit meir talemålsnært nynorsk skriftspråk og mot dialektbruk i skolen lét seg òg vanskeleg forklare ut ifrå ein enkel «for-eller-mot-folket»-modell» (Vikør 1994b, 222).

Dilemmaet med å stengje ute frå skriftspråket slike ord som nynorskbrukarar har i talemålet, er i full mon framleis aktuelt. Ein argumenterer framleis med det talemålsnære preget som ein av fordelane til nynorsken, både pedagogisk og stilistisk, men sjølv om ein har liberalisert praksisen, er det framleis ordtilfang med tradisjon i talemåla ein på grunn av opphavet ikkje kan bruke i normert skrift. Nynorskfolk har sjølv sagt eit ønske om å bruke og møte målforma si i alle domene, men denne utestenginga av ord gjer det vanskelegare (jf. Venås et al. 1983, 23f).

Så kvifor held ein på med det då? Eg meiner svaret ligg i at trusselen mot nynorsk slett ikkje kjem frå dansk og tysk, men bokmål. Som vi var inne på i del 4.2.1, er det i dag bokmål som står for den sterkaste påverknaden på nynorsk, og mange unge nynorskbrukarar rapporterer at bokmål pregar både tale- og skriftspråket deira. Mange har eit ønske om å bevare den særskilde nynorske språk- og stiltradisjonen, som noko anna enn bokmål (Vikør 2001, 434). Sandøy (1998, 57) peikar på at nynorsktradisjonen har kombinert to synsmåtar eller ideologiar: den historisk-nasjonale og den at nynorsken er samnemnaren for dialektene. Lenge etter den andre verdskrigen dominerte den siste ideologien fullstendig, men i samband med debatten om ordtilfanget og retningslinjene for opptak av tysk-danske ord i nynorske ordlister og ordbøker, blei det sagt at det var viktig med «ein skigard mot bokmålet» (64).

Denne innfallsvinkelen flyttar fokuseringa frå likskap med dialektene til forskjell frå bokmålet. Figur 4.1 viser korleis ein slik skigard lagar ein allianse mellom bokmålet og dialekta på den eine sida og mot nynorsken som står aleine på hi sida.



Figur 4.1 Nynorsk skigard mot bokmålet, men også dialektene (Sandøy 1998, 64)

Sandøy (1998, 64) stiller rettmessig spørsmål ved om det er truverdig å argumentere med avstand til bokmålet når ein i arbeidet for nynorsk argumenterer for likskap med dialektane.

Magne Rommetveit (1918–2009) tok dissens mot Venås-tilrådinga. I merknaden sin argumenterte han mot å basere normeringa på talemål med det han reknar som uheldig bokmålspåverknad:

Det er [...] eit feilgrep om vi tuftar framtida til nynorsk skriftmål på eit konglomerat av naturleg talemål som er oppblanda med meir eller mindre dårleg bokmål. Vi må ta vare på innarbeidd nynorsk ordtilfang – som i dag må reknast for eit stort pluss dersom vi ønskjer ei jamn og harmonisk utvikling med røter i norsk kulturtradisjon. Og her er det ikkje spørsmål om å ta vare på stivna museumsspråk. Det gjeld levande uttrykksmiddel med kvalitetar som gjev ei klårare og tydelegare bodskapsformidling enn dei abstrakte substantivkonstruksjonane i bokmål. (Rommetveit 1983, 47f)

Ein meir folkeleg måte å formulere dette på er: «Vitsen med nynorsk må vel vera at det er eit tydeleg alternativt mål til bokmålet?» (Hegna 2017). Og skal nynorsken fungere som eit alternativ til bokmål, er det ikkje berre *anbehetelse*-orda ein har vilja halde ute. Også ord som ikkje tradisjonelt hadde kome inn i bygdemåla, men som knytte seg til dansk og norsk urban bokmålstale, har blitt aktivt motarbeidde. Nokre døme på slike er (med nynorske avløyssarar i parentes): *desto* (dess), *meget* (svært,

særs), *pике* (jente), *rederi* (reiarlag), *skjensel* (skam, vanære), *skjønn* (vakker, ven, fager), *stymper* (stakkar, tufs), *vever* (spedbygd, spinkel; livleg, kvikk) (Vikør 2001, 426). Dette må sjåast i lys av at nynorskrørsla hadde karakter av å vere ei bygdekulturell motrørsle mot det urbane (429). Der grupperingar innanfor bokmål set seg imot påverknad frå folkelege språkvarietetar, ser vi at den nynorske purismen delvis er sosialt motivert med motsett forteikn:

Ord som er typiske for urbant borgarskap og overklasse, vil ha ein tendens til å bli avvist fordi dei er ufolkelege. Dette var tradisjonelt tilfelle med ord som *spise, heslig, kun, kveg, deilig, dog, sådan* osv. Også denne purismen er svakare i nynorsk i dag, men ikkje heilt borte. (Vikør 2007, 172)

Den puristiske aversjonen mot slike ord er nokså svekt, og mange av orda har for lengst etablert seg i talemål over heile landet. Det går difor ikkje an å halde dei ute frå språket utan å pugge dei enkeltvis og slik få internalisert at dei er uakseptable. Når purismen rettar seg mot ord som er vanlege i daglegtalet til folk, skapar han språkkløfter i staden for å bryte dei ned (Vikør 2001, 426 og 429). Når det er sagt, er det likevel eit faktum at mange unngår i og for seg vanlege talemålsord i nynorsk skrift på grunn av ei stilkjensle som seier at visse ord er bokmålsord. Dei er *markerte* på same måte som engelske og svenske ord er markerte (434).

Dersom ein reindyrkar nynorsken med ideal om minst mogleg bokmålsinterferens, risikerer ein å hamne i den grøfta der nynorsken blir oppfatta som eit elitespråk som maktfolk, hipsterar og den kulturelle og intellektuelle eliten i Oslo (jf. t.d. Bae 2012) tek i bruk fordi han signaliserer danning, høgt utdanningsnivå og intellektuell makt:

[Nynorsken] har ei norm som er særskilt tilpassa behova åt ein velutdanna elite med tid og overskott til å leva seg inn i den forfina skriftradisjonen dette målet er ein berar av. For andre er nynorsken eit vanskeleg språk å lære, dvs. det som offisielt heiter «god nynorsk». (Vikør [1980] 2011, 21)

Slik jeg ser det, er dette nynorskens virkelige dilemma: Enten kan man åpne slusene og akseptere folkemål i by og bygd, med alt hva det innebærer av dansk-tysk styggedom – men da mister nynorsken sitt særpreg og blir en avart av bokmålet, bare marginalt forskjellig fra bokmålets radikale form. Eller også kan man stå fanevakt for de Aasen-klassiske idealer, og dermed blir nynorsken vakker, opphøyd og verdig – men et elitespråk, uhyre vanskelig å lære. (Vinje 2004, 4)



Etter at Vikør i 1980 skreiv artikkelen sitatet ovanfor er henta frå, har nynorsken rett nok teke opp i seg mykje tilfang som tidlegare blei stengt ute, og med 2012-reforma har ein stramma inn ein del i valfridommen i ortografi og morfologi, i håp om at det skal gjere normalen enklare å lære. Nynorsken står på mange område sterkare enn nokon gong, t.d. i litteraturen og i fleire mediehus (Fløgstad 2012; Wetås og Aa 2017, 290), men samstundes dukkar diskusjonen om nynorsk som eit elitespråk opp med jamne mellomrom, t.d. i Bergens Tidende (Leder 05.01.2007; 04.11.2007) og Morgenbladet (Gundersen 15.05.2013). For mange i dei nynorske kjerneområda er nok spørsmålet om nynorsk som elitespråk litt søkt, og Ottar Grepstad (dåverande leiar av Nynorsk kultursentrum) avviser heile fenomenet med å vise til at alle undersøkingar viser det sosioøkonomiske faktum at bokmålsfolk har høgast lønn og best økonomi (jf. Foseide 2015). På den andre sida er det vel heller ingen som hevdar at elite i denne samanhengen skal tolkast som dei med mest pengar eller politisk makt, her er det langt på veg snakk om kulturell kapital. Det er udelt positivt om målforma får auka status og at fleire dermed ønskjer å skrive nynorsk, men Vikør ([1980] 2011, 34) seier det så enkelt og brutalt som at nynorsken ikkje fortener å overleve om han først og fremst skal vere eit kulturelt nyttingsmiddel for ein elite.

Kva konsekvensar den eksoglossiske purismen i nynorsk, som hovudsakleg har vore retta mot ordtilfang og syntaks, har for frasebruken i nynorsk i dag, er tema i kap. 5.

#### 4.2.2.3 Oppsummering om purisme i bokmål og nynorsk

Knut Liestøl (1927, 51f) spurde seg om forskjellen i språkbruken der ein *fornorska* riksmålet, men *reinska* landsmålet, kunne vere uttrykk for ein grunnforskjell mellom målformene. Opphavsmannen til bokmålet, Knudsen, var ein reinspikka eksoglossisk purist som såg på verksemda med å finne norske avlørsarord som eit hovudgrep for å fornorske det danskprega skriftspråket i samtida. Men samstundes skulle normalen i dansk-norsk frå starten byggje på talemålet til dei danna klassene, og i bokmål og særleg riksmål har somme halde fram med ein endoglossisk purismeideologi som knyter somme norske ord og vendingar til vulgærspråk og dialekter, som dermed gjer dei ueigna for nasjonalspråket. Den viktigaste forma for purisme i nynorsk har vore eksoglossisk ved å avvise og fjerne somme ord og frasar fordi ein koplær opphavet

---

deira til noko utanlandsk og framandt. For nynorsken sin del ser vi òg klare tendensar til endoglossisk purisme. Sjølv om Aasen først og fremst var nasjonalt motivert, har fleire reagert på paradokset med at han ville reinse ut ord med hundreårlang tradisjon i talemåla, samstundes som parolen var at landsmålet skulle vere tufta på dei norske dialektene. Aasen vurderte heller ikkje alle norske talemål som like eigna til å basere skriftspråket på, og i det ligg det ei verdivurdering, som er kjernen i all purisme.

Særleg «bokmålsmannen» Knudsen, men i praksis også Aasen og dei andre i den første generasjonen av «nynorskbrukarar», følgde ei linje vi kan kalle *generell purisme* mot utanlandsk tilfang, som ikkje retta seg mot enkeltspråk: Alle lånord skulle erstattast med ord med norske røter. Denne linja blei blant nynorskbrukarar erstatta av ein *selektiv purisme*, retta mot danske og tyske lånord, i dei første tiåra av 1900-talet. Etter den andre verdskrigen har den generelle purismen i nynorsk vore bortimot død, medan den selektive blei verande sterk fram til moderne tid, utan at det hindra at danske og tyske ord kom inn i bruksspråket og normalen (Vikør 2001, 426). For dagens nynorskbrukarar utgjør sjølv sagt ikkje dansk og tysk nokon trussel, det er den andre norske målforma som kan bli så dominerande at ho kan fortrenge den minst brukte. I praksis er det dei same orda og vendingane frå tysk og dansk ein prøver å halde ute, men for dei fleste i dag framstår dei som markerte bokmålsord. Om ein reknar den nynorske purismen retta mot bokmål som eksoglossisk eller endoglossisk, avheng av om ein vel eit diakront eller synkront perspektiv.

Brunstad (2003a, 7) har peika på at dersom førestillinga om det reine språket får ein spesiell status i eit samfunn, og blir internalisert av språkbrukarane, kan ho bli operativ som normfenomen og spele ei rolle i normeringsprosessen. Utviklinga i det som gjerne blir omtala som *normdannande tekstar* (sjå definisjon avsnitt 3.3.3) i bokmål har i lang tid gått i motsett lei av det som lenge var den offentlege politiske målsetjinga om at dei norske målformene skulle nærme seg kvarandre. At konservative former dominerer i denne typar tekstar, har m.a. Dyvik (2018–2020) dokumentert i fleire undersøkingar av på bloggen Norgram-tall. Den i hovudsak endoglossiske purismen i bokmål (inkludert riksmål) har påverka bruken av målforma slik at usus i praksis er mykje snevrare i konservativ lei enn den offisielle norma. Den

mest verksame og «suksessfulle» purismen i norsk etter andre verdskrig har vore den endoglossiske purismen blant konservative bokmålsbrukarar retta mot folkemålsformene – den sterke posisjonen som det moderate bokmålet har i dag, er resultatet av den. Det speglar seg i at det er klare forventningar til korleis ein må skrive på bokmål om ein ikkje skal bli oppfatta som markert, og dermed kan risikere å få korreks:

Banda kring ordbruken i bokmål er også sterkare enn banda i nynorsk, for nynorsk har alltid hatt fleire lovbrytarar enn bokmål, og dei har fått lågare straff for den folkedomstolen som fastset kva tap av medborgarleg vørndnad som kan følgje med slike lovbrøt. (Venås 1987, 64)

Meir om dette og korleis ulike normagentar påverkar normeringsprosessen, er tema i del 4.2.4. Den i hovudsak eksoglossiske purismen i nynorsk har på si side både direkte vore styrande for dei som har utforma norma, og blitt internalisert blant nynorskbrukarane, slik at ho dermed også gjennom usus spelar ei rolle i normeringsprosessen. Vikør avsluttar artikkelen «Purisme på hell?» med ein spådom:

Også i framtida kjem nok utbreidde dansk-tyske lånord til å bli godtekne i stadig større grad, men kjensla av at det eksisterer særlege nynorske stilnormer som bør respekterast, vil nok også bestå, så ei full leksikalsk utjamning mellom bokmål og nynorsk vil vi ikkje få. (Vikør 2001, 435)

Det dannar ei bru over til neste tema, der eg ser nærare på slike stilnormer i bokmål og nynorsk. Det er som sagt skrive lite om faste frasar på norsk, så mykje av litteraturen eg viser til går ikkje spesifikt på slike, men kan likevel ha relevans for kva som styrer kva frasar som blir oppfatta som akseptable og gode. Det har blitt peika på at det i norsk samanheng er slåande korleis «tilrådingar om stil og om ordval og ordbruk går saman» (Venås 1987, 60), og mykje av tilfanget under handlar om ord.

### 4.2.3 Ulike frasepreferansar?

Det norske folket er av historiske årsaker språkkløyvd: «I saga um den bokheimen som nordmenn hev vore med å skapa, er det to hovudlinor: ei *norsk* og ei *norsk-dansk*. Den norske fører attende til den gamle norske bokheimen, den norskdanke til «fælleslitteraturen»» (Liestøl 1927, 31). Liestøl peika på at norsk-dansken har ein rik arv frå Danmark, og at det er ein kontinuitet mellom språket til Ludvig Holberg (1684–1754) og Johan Herman Wessel (1742–1785) og måten Knut Hamsun (1859–1952)

og Vilhelm Krag (1871–1933) skreiv på 150–200 år seinare. Sjølv om rikmålet på Liestøl si tid hadde blitt norskare, var den litterære tradisjonen ubrotten, og den eine forfattaren hadde bygd på den andre. Han meinte det var eit viktig argument at ein ikkje hadde råd til å gje opp den rike tradisjonen ein fekk nytte godt av etter å ha vore i eit så tett samband med Danmark, og han slo fast at den norsk-danske litteraturen på det tidspunktet framleis var den breiaste og rikaste. Det Liestøl kalla den norske linja, går frå forfatarane i samtida til Vinje og Aasen, via folkediktinga, som blomstra så seint som midt på 1800-talet, til den gammalnorske litteraturen, sogeforteljningane og diktinga. Der er det òg ein ubrotten samanheng, men ikkje like klar og sterk (32).

I den tette symbiosen nynorsk og bokmål har utvikla seg i, er det ikkje til å undrast over at det meste av frasestoffet er felles – trass i at målformene har ulikt opphav. Spørsmålet er om ulikt opphav, til dels ulike kulturhistorier og ulikt retta purisme i målformene kan forklare somme av forskjellane vi ser om vi samanliknar fraseinventaret i ordbøker. Fjeld slår iallfall fast at det er ulike restriksjonar og preferansar på frasenivå i bokmål og nynorsk:

Flerordsenheter er faste og halvfaste fraser som har utviklet seg gjennom et språks historie og de er dermed språkspesifikke. De er forbindelser der det er en viss affinitet mellom ordene på semantisk, morfologisk eller syntaktisk grunnlag. Det er ikke bare på ordnivå denne affiniteten forekommer, språk kan ha visse morfologiske preferanser der flere er mulig. Reglene trenger ikke engang være forskjellige for forskjellige språk, det kan være egne restriksjoner for forskjellige varieteter innen et og samme språk, som mellom bokmål og nynorsk, eller mellom ulike stillag. (Fjeld 2009, 104)

Kan stilideala i målformene gje seg utslag i at ein rett og slett har preferanse for ulike typar frasar? Dersom ein i nynorskleiren har vore mest oppteken av å løfte fram vendingane som er/var i bruk i dei norske talemåla, delvis med røter tilbake til det norrøne (slik Liestøl peikar på), er det rimeleg å tru at det frå bokmålshald har vore ei noko opnare innstilling til å ta inn frasestoff frå andre europeiske språk – jamfør Thomas' (1991, 65) resonnement om at purisme fungerer på same måte på ord og faste frasar. Spørsmålet om stil i målformene kunne i seg sjølv vore tema i heile denne avhandlinga. Dette delkapittelet er difor på ingen måte uttømmande, men meir eit forsøk på å danne seg eit inntrykk, basert på nokre tonegejevande personar i bokmål og nynorsk. Av plassomsyn går eg ikkje inn på teoretiske drøftingar av

stilistikken, men tek som ein føresetnad Olaf Øyslebøs definisjon av stil som ein sektor av språkbruken som «forutsetter en samlende enhetlighet bak valg av uttrykksmidler» (Øyslebø 1978, 20). Med den valfridomen som er i norsk, er det vanskeleg å sjå føre seg eit samla og einskapleg stilideal i målformene, og naturleg nok er det òg slikt som endrar seg over tid. Språkbruksanalysar av t.d. lesebøker i skulen kunne truleg sagt mykje om kva som blei vurdert som godt språk i målformene i ulike periodar, då ein kan rekne med at dei danna mønster for dei breie lag av folket, men i det store held eg meg til det nokre utvalde forfattarar eksplisitt skriv *om* språk.

#### 4.2.3.1 Bokmålske fraseideal

Idiomordbøkene til Vannebo (2006; 2009; 2011) viser at mykje av det bokmålske (som Vannebo kallar *norske*) frasetilfanget har parallelle former i nabospråka våre. Ved alle oppslag er det opplyst om det same uttrykket førekjem i dansk og svensk:

Ofte har vi samme uttrykk i alle de tre nordiske språka, men i mange tilfeller er det ulike uttrykk som er i bruk, og da gjerne slik at det er likhet mellom dansk og norsk, mens svensk skiller seg ut. Mens dansker og nordmenn kjøper «katta i sekken», kjøper svenskene «grisen i säcken», og mens det på norsk og dansk heter «få ut fingeren» eller «få fingeren ud», så sier svenskene «få tummen ur». Og mens uttrykket «hipp som happ» er vanlig både på norsk og dansk, bruker svenskene «hugget som stucket». For eldre uttrykk har samsvaret mellom dansk og norsk selvsagt sin naturlige forklaring i det mangeårige språklige og kulturelle fellesskapet mellom Danmark og Norge. (Vannebo 2006, 9)

Rett nok skriv Vannebo (2006, 10) at eit utvalskriterium i bøkene er at idioma har ei historie å fortelje om korleis uttrykk oppstår, og korleis dei spreier seg frå land til land, så det kan forsterke tendensen til at mange av bokmålsidioma han har med, har utanlandsk opphav. Eg meiner likevel at det ikkje er urimeleg å tru at det kan vere fleire idiom som byggjer på europeiske frasar i bokmålsordbøkene enn i nynorskordbøkene, sidan eitt av hovudargumenta for det som skulle utvikle seg til å bli bokmål, nettopp var eit ønske om å byggje på dansk som ein nervetråd til den europeiske (skrift)kulturen (Rauset 2015, 189). Nettopp slik argumenterte P.A. Munch (1810–1863) i «Norsk Sprogreforation», som var retta mot Henrik Wergeland si fornorsking av språket:

[Det maa] i Grunden [...] ansees heldigt for os, at vi saa bekvemt komme til at deeltage i en af Europas meest dannede Nationers Litteratur; at alt, hvad Danerne arbeide for sig, ogsaa kommer os tilgode at vi gjennem dem sættes i Forbindelse med de øvrige videnskabeligt dannede Nationer, hvilket vistnok – paa Grund af vort Lands afsides Beliggenhed – næppe, eller saare vanskeligt have været Tilfeldet, hvis vi stedse havde haft et eget Sprog.] (Munch [1832] 1970, 182)

På 1800-talet var det ulike syn på grad og tempo i fornorsking. Wergeland (1808–1845) tok frå 1830 i bruk ord, uttrykk og former frå norske talemål i eiga dikting, i tillegg til å lage nye ord sjølv. I den store artikkelen «Om norsk Sprogreformation» (Wergeland 1835) gjekk han inn for språkleg frigjering av den enkelte og nasjonen av nasjonale, stilistiske og demokratiske grunnar (Jahr 2015, 40). Dette vekte kraftige reaksjonar, og i 1830-åra blei det ein veldig debatt, som blei utgangspunkt for både Aasen og Knudsen sine arbeid (51). Johan Sebastian Welhaven (1807–73) prøvde derimot av estetiske og skriftradisjonelle årsaker i same periode å skrive så dansk som råd. Han skreiv om abstrakte emne som det var etablert ein stil for i dansk, og ikkje minst kunne han gjennom den reine dansken «markere avstand til den råskapen og mangelen på ånd, danning og kultur som han meinte fanst i det norske bondesamfunnet» (Brunstad 2001, 313).

Det var først med nasjonalromantikken på 1840-talet det kom eit språkleg gjennom-brot, og det var først og fremst takka vere Asbjørnsen og Moes *Norske Folke-Eventyr* (1841–1844) og Asbjørnsens *Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn* (1845, 1848). For første gong sidan sagatida finn ein i desse verka ein stil som hovudsakleg var norsk, sjølv om den ytre forma var dansk. Den nye språktonen i eventyra blei ikkje berre møtt med velvilje, og som Wergeland fekk Asbjørnsen og Moe motbør for å bruke ord frå norske dialekter og daglegtalet (Seip 1920, 47). Til dømes tykte søstera til Wergeland, Camilla Collett (1813–1895), at eventyra hadde fått ei altfor rå form hos Asbjørnsen og Moe. Ho valde difor å skrive ned eventyret «En Vandring og et Eventyr» (Collett 1844) i ei kultivert språkform som var tilpassa dei reinare ideala (Brunstad 2001, 313f).

Lingvisten og filologen Hjalmar Falk (1859–1928) skreiv fleire populærvitskapelege bøker «som drøftar ords etymologiske tyding og elles andre sider ved språket med ein

viss underhaldningsverdi» (Bull 2009a). Seinare blei han formann for komiteen som arbeidde fram rettskrivingsreforma av 1917. I forordet til *Sprogets visne blomster* (Falk 1895) set han prosjektet sitt i samanheng med språkreinsinga til Knud Knudsen. Falk peikar på at språket og talen inneheld «et overordentlig stort antal uheldige laan fra tysken, barbariske misdannelser som skjæmmer foredraget» (1895, Forord). Særleg i talemåtane er det mange uklare germanismar som snik seg inn i litteraturen, og dei ønskjer han å bidra til å peike på. I *Vanskapninger i det norske sprog* (1894) er Falk m.a. oppteken av at mange ord og vendingar blir overførte frå foreldre til barn utan dei har ei tydeleg oppfatning av opphav og tyding. Det kan føre til at meininga blir så dunkel at ein tek til å forandre på dei, og då kan «de snurrigste feiltagelser fremkomme, sproget kan komme til å spille tanken et puds» (1894, 13). Han åtvarar mot fiffig utforma talemåtar i politikk, religion osv. som er berekna på å imponere og dupere tanken, då er det viktig at ein legg vinn på å klargjere for seg sjølv kva saka eigentleg går ut på.

Falk er særleg oppteken av korleis biletlege uttrykk med tida kan bli dunkle, eller at bilda går tapt, og som døme gjev han *komme til kort, langt om længe, vandre heden og lægge vind på noget* (13f). Dessutan kan tankeløyse og falske koplingar føre til forkvaklingar som råkar både form og innhald (jf. *ugler i mosen*, som hos Peder Syv står oppført som *der er ulve i mosen* ‘ulvar i myra’), og som berre historiske og samanliknande undersøkingar kan gjere klare for oss. Spørsmålet han meiner ein då må stille seg, er om det trengst ei språkreinsing, og eventuelt i kva lei ei slik burde gå. Han åtvarar mot å utvise dei forvanska talemåtane frå språket berre fordi det har skjedd ei feilaktig overføring frå tysk: «Ti ordforraad er tankeforraad, og vort norsk-danske sprog vilde være temmelig fattigt på billeder, hvis det skulde være henvist til de hjemlige alene» (Falk 1895, 29f).

Som den etymologen han var, meinte han at at det måtte vere betre finne ut kvar bilda kjem frå og kva dei betyr. Sidan både det talte og skrivne språket «ellers ikke skyr etymologiserende nydannelser og restitutioner af ældre former», så meiner han at det kanskje ikkje ville vere så uhistorisk å gjenoppta dei opprinnelege og riktigare formene av talemåtane. I dei fleste tilfelle ville det bety at ein måtte føreta

---

nyomsetjingar frå tysk (Falk 1895, 30). Falk har mange interessante døme, m.a. på omdanningar skapt av behov for allitterasjon. Frasen *stå last og brast* heitte i eldre dansk *staa lest og brest*, der både *lest* og *brest* betydde ‘skade’ (jf. *lemleste* og *brist*). Etter at *lest* blei fortrennd av sideforma *last*, måtte *brest* bli til *brast*, ei form som aldri har eksistert utanfor frasen (38).

*Skandinavismen* var ei kulturrørsle som gjorde seg gjeldande i dei høgare samfunnslag i siste halvdel av 1800-talet. Røtene låg i nasjonalromantikken, men her var målet at «dei tre greinene på den nordiske fellesstammen [...] skulle finne og dyrke einskapen» (Sandøy 2004a, 109f). Her heime var dei fleste intellektuelle opptekne av å skape det nye Noreg etter frigjeringa i 1814, men etter 1860 fekk skandinavismen eit visst oppsving. Ikkje minst engasjerte saka forfattarar som Bjørnstjerne Bjørnson og Henrik Ibsen. Ibsen følgde frå 1870 den «nordiske» rettskrivinga som blei vedteken av forfattarar og språkmenn frå Danmark, Sverige og Noreg på eit møte i Stockholm i 1869. Bjørnson kjempa både mot dei som ikkje ville ha noka fornorsking, og mot landsmålmennene (Seip 1920, 53), og språkhistorisk blei han òg viktig, som den første leiaren av Riksmålsforbundet. Både for Ibsen og Bjørnson fekk det direkte økonomiske konsekvensar om ein fjerna seg språkleg frå det som fram til då hadde vore ein felles dansk-norsk bokmarknad (Sandøy 2004a, 110), så det var altså ikkje berre stilistiske, men òg økonomiske grunnar til at dei ville halde på banda til Danmark når det norske språket skulle utformast.

André Bjerke trekte fram skandinavismen og det nordiske rettskrivingsmøtet i Stockholm som viktige når han skal seie noko om kva riksmål egentleg er: «Grunntanken på dette møte var at norsk, svensk og dansk egentlig er dialekter av ett og samme nordiske sprog. Og at det er meningsløst å opprettholde nasjonale særeregheter – f.eks. når det gjelder ordenes skrivemåte, ortografien» (Bjerke [1960] 1968a, 35). Riksmålet var ifølgje Bjerke det nordiske språksentrumet, språket alle forstår, og difor var det ein katastrofe at den offentlege samnorskpolitikken fjerna riksmålet frå Nordens midte, skilde det ut og tok frå det den kulturmisjonen Bjerke meinte språket hadde i Skandinavia. Det som karakteriserer riksmålet, er «nemlig en



sprogutvikling på uttrykksrikdommens grunn, i pakt med den fellesnordiske tradisjon» (40f).

Argumentet var at riksmålet har eit stilistisk fortrinn i form av eit dobbeltsett av ordformer på grunn av det doble tilsiget frå dansk kulturspråk på den eine sida og på den andre sida norske dialekter og nynorsk, som fører til uttrykksvariasjon, stilvariantar og nemningsnyansering (39ff). Dette har gjort det mogleg å nyansere riksmålet på ein måte som ein ikkje kan verken i nynorsk eller i dansk og svensk: For han er det ein stor rikdom at ein skil mellom *en kold kvinne* og *en kald istapp*, *kjødets lyst* og *kjøtt til middag*, *de vises sten* og *gråstein*, *det tapte får* og *sauen på beite*, *ond hensikt* og *et vondt kne* (Bjerke [1961] 1964, 40) – på linje med at ein i engelsk skil mellom *deep* som konkret variant og *profound* i figurleg tale for fransk *profond*:

Dette trekk ved riksmålet (og det engelske sprog) er et symptom på vitalitet og rikdom. Riksmålet er like lite «rotnorsk» som engelsk er «rot-angelsaksisk»; det forsyner seg med glede fra norsk folkemål, men like gjerne fra dansk, svensk, amerikansk – og for den saks skyld kinesisk. Det strutter av sunn tyvaktighet. (Bjerke [1960] 1968b, 133)

Bjerke skuldar samnorskpolitikken for å ha som siktemål å avskaffe nyanseringsmoglegheitene. Han hevdar at stilistisk variasjon blir sett på som snobberi, at skiljet mellom høgtidsspråk og kvardagsspråk blir sett på som udemokratisk, og at framande innslag er unasjonale: «Denne politikk avskaffer alle sprogets helligdager, og utrydder alle gloser som ikke har arisk bestemor. Det er dét som er det *vulgære* ved den» (Bjerke [1960] 1968b, 133f).

Ifølgje Bjerke hadde riksmålet ved inngangen til 1900-talet gått gjennom ei djuptgripande, organisk fornorsking i ordtilfang, setningsbygning og stilstruktur. Det var ikkje takka vere vedtak i rettskrivingskomitear, men den levande riksmållitteraturen og forfattarar som Wergeland, Asbjørnsen og Moe, Bjørnson og Ibsen. Gjennom folkediktinga kom det inn særnorske landskapsord som *ås*, *hei*, *li* og *ur*. Dessutan kom ord for fauna, flora og annan natur, ord for arbeidsliv og heimlege forhold i by og bygd. Om setningsbygninga skriv han at den blei radikalt fornorska i tråd med landsgyldig talemål: «det stive, substantiviske kansellisprog fortrenses av en korthuggen norsk verbalstil» (Bjerke [1961] 1964, 31). For Bjerke er det eit viktig

poeng at denne fornorskingsprosessen i ordtilfang, syntaks og stil skjedde frå Wergelands-tida og fram mot 1907, utan noko offisielt mål om tilnærming til landsmålet. 1907-reforma fekk raskt brei oppslutning fordi ho berre var ei justering av skriftspråket opp mot *det landsgyldige talesproget* med sitt norske preg: «Riksmålet opptar altså ikke «samformer», men utvikler sine egne former, i konkurranse med landsmålet, former med gammel tradisjon i østnorsk talesprog» (34f).

André Bjerke var ikkje den aller mest sentrale figuren innanfor riksmålsrørsla, men fordi han i større grad enn andre skreiv om stilideal og også delvis tøtsjar inn på faste frasar, har han fått stå som ein representant for riksmålet og konservativ språkføring. Meir om synet hans på god språkføring kjem i 5.3 og 5.4. Ein som språkpolitisk stod på motsett side frå Bjerke, var Ragnvald Iversen (1882–1960), professor i norsk. Han var ikkje minst kjend for standardverket *Norrøn grammatikk*, verk om dialektologi og hemmelege språk, og for lærebøkene sine i stillære og praktisk norsk. Som formann i rettskrivingskomiteen av 1934 leia Iversen arbeidet med tilrådinga (1935) og tilleggs-tilrådinga (1936) som låg til grunn for 1938-rettskrivinga (Bull 2009b).

Iversen skriv i rettleingsboka *Norsk stillære i grunndrag* at god stil krev rett målføring, grei målføring og vakker målføring: «Rett, grei, vakker – det er den ideale språklige treklang» (Iversen [1929] 1946, 10). Ein må velje ord som svarer nøyaktig til det ein vil ha sagt, og då må ein m.a. passe seg for omsetjingslån og framandord ein ikkje kjenner ordentleg. Å skrive naturleg vil seie at ein vel stil etter emne, og det er samanhengen, miljøet og stilarten som avgjer om ein kallar ei gift kvinne for *gemalinne, frue, hustru, viv, kone, kjerring, betre halvdel* eller *gamla*:

Vi kan likså lite kalle kona til Per husmann for hans «gemalinne» som vi kan tale om «kjerringa» til keiser Augustus. I et dikt kan ridderen i borgsalen skilles fra «sin unge viv», men ikke fra sin «bedre halvdel». Vi kan ikke lenger syngre den gamle salmelinje om «Jesus, den deiligste pøde». Et dødsfall bør heller ikke kunngjøres slik: «Min kjære bror N. N. ruslet fra meg i går, 32 år gammel». (Iversen [1929] 1946, 43)

Brukar ein ord og uttrykk ein ikkje har kontroll på, kan ein kome til å skrive ufrivillig komiske setningar. Betre blir det ikkje om ein brukar biletlege uttrykk i kontekstar der det blir heilt feil: «Han har fjernet liktorner på flere av Europas kronede hoder»

og «Åtte dager etter skjenkte hun livet til et dødfødt guttebarn» (14). Ifølgje Iversen krev ein god stil vakker målføring. Han medgjev at det er vanskeleg å gje råd om den sida ved språket, men at ein må gripe fatt i ytre sider ved ord, først og fremst kravet om velklang (42). Det fullkomne uttrykk er det som klarast, kraftigast og mest levande gjev form til innhaldet (47). Ifølgje Iversen krev rytmen ofte ei viss ordstilling, og han hevdar at vi i norsk likar best den rytmen som er i trokeen. Det meiner han er grunnen til at vi har så mange ordelag med trokeisk rytme, som *flokk og følge, hus og hytte, liv og lære, munn og mæle, pott og panne, rask og rørig, støtt og stendig*. Wessel skreiv i diktet Smeden og Bageren om *for Smed at rette Bager* ('straffe feil person for eit brotsverk'), men Iversen brukar rytmeprinsippet til å forklare kvifor somme stokkar det om til «rette smed for baker» (66) – sjølv om det blir ei innhaldsmessig forvrenging.

Det er ikkje nok å skrive grammatisk rett, ein må også skrive greitt og lett: «Leseren skal kjøre som på «den slagne landevei», han skal ikke måtte brøyte seg fram i ulende» (32). I dag hadde ein lærebokforfattar kanskje kalla dette å ha mottakarmedvit. Ein skal ikkje berre ordleggje seg slik at ein ut frå samanhengen kan bli forstått, ein må skrive slik at ein ikkje kan bli misforstått (37). Det er elles påfallande å sjå kor samanfallande argumentasjonen til Iversen er med nynorskideala:

Videre er det, av psykologiske grunner, naturlig at ord med klar opphavs-tyding taler mer levende til oss enn ord som dette ikke er tilfellet med. Derfor er det bedre å bruke f. eks. «alltid» enn «bestandig»: vi skjønner straks at «alltid» er sammensatt av «all» og «tid»; men hva er «be» og «standig» for noe? Av den grunn vil da også norske ord for det meste være likere enn lånnord for det samme omgrepet; «ordliste» f. eks. er i alle måter bedre enn «vokabular» eller «glossar». (Iversen [1929] 1946, 35)

Alle språk har sine nasjonale særtrekk i ordlegging og stilføring, og noko Iversen er særleg oppteken av, er at lesarane må bli klare over dei nasjonale stilfaktorane som blei innførte med rettskrivingsreforma av 1938: «I mange tilfelle fører den med seg at stil og målføring i bm. må legges mer eller mindre om i norsk lei, dersom ikke hele stiltonen skal bli disharmonisk» (48). Også i forordet til boka *Rett - greitt - norsk* (Iversen 1939) går det fram at Iversen er inspirert av «stilgrunnlags-lina» til professor Gjelsvik. Der festar ein seg ikkje berre ved ytre målmerke som skrivemåte, lydformer

og bøyingsverk, men prøver å finne den indre norske måltonen. Nynorskpåverknaden kan ein òg sjå på vekta Iversen legg på talemålet, sjølv om han forankrar det i filosofen og filologen Nietzsche:

Grunnregelen for god stilføring kan uttrykkes i to ord: *Skriv naturlig!* Men den som vil skrive naturlig, må i de fleste tilfelle legge talemålet til grunn. Der finner vi oftest den stemmegaffelen vi skal ta tonen etter. Det er med god grunn Nietzsche krever at først skal vi ha klart for oss det muntlige uttrykket for en tanke før vi setter oss til å feste den på papiret. (Iversen 1939, 49)

På den andre sida er ikkje stilistikk mekanikk, og ein skal ikkje alltid skrive som ein snakkar, det kan falle kunstig og kjennast som hindring og tvang (49f). Iversen viser til nynorskfolk som åtvarar mot at t.d. bibelomsetjingar (jf. Garborg 1879, 138) og juridiske tekstar (jf. Gjelsvik 1929, 21) blir barnslege om ein legg for stor vekt på å vere folkeleg, enkel og kvardagsleg. I eit historisk perspektiv, heilt frå talespråket var einerådande, har det religiøse og juridiske språket høyrte til den offisielle stilen. Denne stilen har ei meir formfast og tradisjonsbunden målføring «brukt til helg og høgtid, i tempelet og på tinge» (Iversen [1929] 1946, 77). Det er noko anna den private stilen – ei naturleg, endefram, ofte noko ujamn eller til og med slurvete målføring brukt i dagleglivet, i arbeid og yrke så vel som i lag og lek.

I alle land viser det seg at skriftspråket er sterkt konservativt, og at det kan halde på målmerke i hundreår etter at dei forsvann ut av talespråket. Ofte vil skriftspråket vere meir omstendeleg og krevje ein sterkare samanheng, ei meir ordna og konsis uttrykksform enn ein har behov for i daglegtalen. Det medfører gjerne at ein i skrift har lengre periodar for å halde saman det som høyrer saman, ofte med meir skifte mellom ulike setningstypar (78ff). Mange av dei praktiske råda Iversen gjev om val av ord og setningsbygging, speglar samnorskideologien i 1938-reforma, som han sjølv hadde vore med og utforma. Dessutan legg Iversen stor vekt på at omsynet både til lesar og til emne må avgjere korleis ein ordlegg seg. Høgprosa, normalprosa og lågprosa stiller ulike krav, og norsk kan brukast i alle stillag.

### *Nynorske fraseideal*

Det er få kjelder ein kan vende seg til som har fungert normdannande og samlande i fraseologiske spørsmål i nynorsk, sjølv om fleire skriv meir eller mindre direkte om stilideal i nynorsken i ulike rettleingskrifter. Skal vi tru André Bjerke, finst det rett nok ikkje ein nynorsk stil; nynorsken er berre eit dårleg plagiat av riksmål. Han kan opplyse om at vi i Noreg har to offisielle språk, eit levande og eit døyande, og at nynorsken berre blir halden kunstig i live av staten:

Ja, vi har to *offisielt* likestilte sprog. Nynorsken mister daglig terreng i takt med industrialiseringen og «flukten fra landsbygda». Den gamle bygdekultur er i oppløsning; det gjenspeiles i landsmålet selv, som er blitt et dårlig riksmålsplagiat. Bortsett fra i lyrikk og skildring av bygdeliv og fortidsminner er nynorskens andel i vår moderne litteratur minimal. Den har ikke en eneste dagsavis, ikke et eneste ukeblad. Bare i skolen, i den offentlige administrasjon og på skjemaer lever den et imponerende skinnliv, dvs. hvor den er påbudt av Staten. Uten offentlig støtte – politisk og økonomisk – ville nynorskens dager forlengst ha vært talte. Statsstøtten er for dette sprog hva insulinsprøyten er for den sukkersyke. (Bjerke [1961] 1964, 40f)

Bjerke var ikkje åleine om denne oppfatninga og ein slik retorikk. Stilen og heile det nynorske språket har blitt framstilt som eit skralt byggverk. Eller som forfatternen og journalisten Rasmus Løland (1861–1907) sa det: Dei som var imot landsmålet, ville ikkje at det skulle bli noko anna enn eit mål for dei mest kvardagslege tinga. Så lenge det heldt seg rundt fjøs og låve, var det ufarleg, men våga det seg lenger, blei det straks stempla som «laga mål» eller papirmål (Løland [1907] 1942, 325).

Samanhengen med dei norske målføra var ein føresetnad for at nynorsk blei til, og den samanhengen har ein halde fast ved på alle språknivå i nynorsken sidan (Venås 1987, 51). Men å finne balansen mellom talespråk og bokspråk viste seg å ikkje vere så beinkløyvt. Bergens-målmennene som i 1868 organiserte seg i det første mållaget i landet, Vestmannalaget, ville med ein gong skape ein litterær stil, med det resultatet at målføringa blei dansk-tysk stil med norske ord: «Det slags mål – anten det er gammalt eller nytt – fiffar me ikkje upp med namnet «godt norsk». Det skal få heita papirmål som det er» (Løland [1907] 1942, 325). Landsmålet fjerna seg meir og meir frå ein slik stil, men samstundes var det ikkje lett for eit nydanna skriftspråk å vinne

nytt tematisk terreng: «Målet er lite upptamt og rekk ikkje alltid til, og ein må byggja varlegt og med smak på den breide grunnvollen, folkemålet» (sst.).

Aasmund Olavsson Vinje (1818–1870) stilte som krav at målføringa skulle vere naturleg og klar, noko som òg hang saman med dei realistiske straumdraga i litteraturen i samtida. I mangel av ein mange hundre år gammal litterær tradisjon fekk talemålet i tida avgjerande påverknadskraft, og det førte til at mange av landsmålsforfatarane var sterkt dialektprega, og at ein uvanleg stor del av bøkene var skrivne på dialekt (Liestøl 1927, 29). Somme skriv «papirmål», same kva språk dei brukar, men dei fleste tidlege landsmålsforfatarane heldt seg til dei levande målføra (79f).

Likevel la ein frå starten vekt på at talespråk og litterær stil ikkje er identisk. Arne Garborg (1851–1924) skreiv at det som gjeld for god bokstil, ikkje er god stil i talen, det ville høyrest pedantisk og stivt ut. Skriv ein ord for ord opp det ein ville sagt, ville det heller ikkje bli ein god bokstil. Garborg hevdar at mange i samtida trudde at ein naturleg nynorsk bokstil var det same som vanleg talestil, men han legg stor vekt på at bokstilen, sjølv i den mest realistiske diktinga, er ei idealisert utgåve av talestilen: «reinskad og sett Form paa»:

Folk vil i Bøkerne hava sitt eget Maal; men dei vil hava det i Sundagsbunad, – so vænt og so ægte, som Raad er til. Difyr vert det aa «skriva godt» alltid ein Kunst, som maa lærast, um Ein so skriv sitt eget Maal aldri so mykje. Ein kan læra å skriva sitt eget Maal finare, friare, betre, sannare, enn Ein kan læra å skriva nokot framandt Maal, men lærast maa det. Bokstilen hev sin eigen Sving, sitt eget Lag: det skal gjeva Talen, den sanne, naturlege Talen, utan Krokar og Kunster; men det skal gjeva Talen idealiserad: Talen i si beste, fagraste Form. Og denne Idealisering, denne Talens Adel, maa veksa, ettersom Emnet, Ein skriv um, er høgt elder høgtidslegt til – veksa, men likevæl aldri veksa ifraa det Naturlege og Sanne. (Garborg 1879, 137)

Dette poenget har blitt gjenteke og presisert gjennom målsoga: Knut Liestøl (1881–1951) peika på at det i hans tid hadde kome opp som eit krav at landsmålet alltid skulle halde seg til det breie kvardagsmålet, både i ord og vendingar, men ulike emne krev ulik målføring (Liestøl 1927, 29). Dei som er svært glade i folkemål, kan kome til å vanrøkte den skriftspråklege arven som gav nynorsken malm og merg, framheva Kjell Venås. Det gjer dei om dei brukar folkemålet i alle samanhengar, også der det hadde passa betre med noko anna (Venås 1987, 59).

I 1893 fekk landsmålet si skulerettskriving gjennom Nordahl Rolfsens lesebok, og i 1901 blei reglane fastare utforma med basis i ei svakt moderert utgåve av normalforma til Aasen (Seip 1920, 50f). Andreas Austlid (1851–1926) gav i perioden 1889–1906 ut fire lesebøker for born i folkeskulen med sjølvbiografiske tekstar, tilsende minneforteljingar og dikt og andre skjønnlitterære tekstar av ymse forfattarar. Desse lesebøkene hadde stor språkleg påverknad på generasjonar av unge nynorskbrukarar. Mange av tekstane hadde opphav i ei munnleg kulturverd, med folkelege minneforteljingar som Austlid kjende frå eigen bondebakgrunn (Nordstoga 2013, 3ff). Forteljingane spelar både på lag med nynorske stilideal om å byggje på det munnlege og andre pedagogiske og oppsedande ideal Austlid hadde. Han var del av eit grundtvigiansk-pedagogisk miljø, og hadde klare krav til kva ein god tekst skulle formidle til eleven: «lydnad mot foreldre, framheving av bygda og heimen, eit kristent og åndeleg syn på tilværet, skepsis til overdrivne fantasiforteljingar og eit transparent og mimetisk syn på litteratur» (2), dvs. at forteljingane skulle vere utan litterære og retoriske verkemiddel, slik at elevane oppfatta innhaldet som «verkeleg».

I *Salt fraa folkehøgskulen* (1926) skreiv Austlid om at dersom det forkludra norske folket skulle nå fram til «bløming og rak vokster, so *maatte tunga løysast*; – so var det berre denne eine maaten aa faa gjort det paa, at folket fekk att sitt eige maal i munn og i bok og fekk vyrndad for seg sjølve og for *fedra arv*» (Austlid 1926, 91). Han hevda at å utvikle morsmålet sitt er nøyaktig det same som å utvikle seg sjølv, for morsmålet er ryggmergen i eit sjølvstendig folk. På morsmålet kan ein vekse og nå fram til større klarsyn og kraft: «I eigen kultur i eigne klæde! Ikkje desse laante fillone fraa Danmark og Tyskland» (96). Kampen for målsaka, folkeleg kristen tru og nasjonsbygging var langt på veg same sak for Austlid, og det kunne vore interessant å gå nøyare inn på kva språklege spor grundtvigianarar rundt om på dei norske folkehøgskulane sette, utan at det er rom for det her.

Blant dei som arbeidde med landsmålet i tanke og gjerning, var det ei viktig oppgåve å skape nye uttrykksmåtar, både for faste uttrykk og for einskildord. Det måtte til om målet skulle bli ein ledig og høveleg reiskap til å formidle alle tankar og kjensler menneskesinnet kan romme. Liestøl formulerte det slik at eit «sterkare og rikare

kulturliv krev nye strengjer på den gamle harpa, det krev nye ord og nye vendingar» (Liestøl 1927, 30). Sjølv om det heile tida har vore påverknad frå den mest brukte målforma, har det både blitt skapt og teke i bruk ord og vendingar som etter kvart er så innarbeidde at dei blir oppfatta som den nynorske seiemåten, t.d. *seie seg lei for* i staden for *beklage*, *søknad* for *ansøking* og *løyving* for *bevilgning* (Venås 1997, 12). Ofte blei det ståk om nydanningane, men Løland peika på at dersom eit ord er dårleg, forsvinn det raskt av seg sjølv, men er det godt, lever det vidare. Slik måtte ein halde fram, sjølv om andre klagda aldri så mykje over at språket er konstruert. Eit bokspråk kan aldri berre halde seg til dei orda ein brukar heime til kvardags, eller til eventyrstilen: «Endemålet som aldri kjem oss or syne lyt vera: at norsk mål med tidi skal verta eit lett og lidugt og naturlegt reidskap for alt som menneskje tenkjer og hev å seia, – det liksom andre mål» (Løland [1907] 1942, 326).

Severin Eskeland meinte at alder ikkje kan vere det avgjerande når ein skal vurdere om ein skal bruke eit ordlag eller ikkje. Ein må heller spørje om det lever i norsk mål:

[D]ei som ordlegg seg best, brukar helst den gamle måten. Og lærer ein den, vil ein tidt røynta at det som frå gamalt hev rot i målet vårt, det sveiper seg finast og best um tankane, soleis som me tenkjer deim den dag i dag, og det er best ført til å bera bod frå hjarta til hjarta. (Eskeland [1904] 1940, 3)

Særleg viktig er det når det gjeld ordføringa og vendingane i språket. Enkeltord kan ein ta inn igjen i språket, eller byte ut med andre som er betre, men verre er det å gløyme ei heil vending, eller bruke henne feil: «For det skiplar og skjemmer målkjensla, og det er den som gjeld å arbeida fram» (Eskeland [1904] 1940, 4).

Nikolaus Gjelsvik blei den som verkeleg har sett spor etter seg med rettleingsboka om norsk målføring *Von og veg* (1938). Boka har eit slags motto: «Stemneleidi vår må vera: fint og lett mål, reint og rett mål» (Gjelsvik 1938, 76). Gjelsvik skriv at det ikkje er mogleg å setje opp reglar som gjer at folk kan lære norsk måltone, for alt rettar seg etter «målvitet og stilsansen», men han prøver seg likevel på nokre råd på vegen (80). For det første skal det ikkje meir til enn eit enkeltord på feil plass før måltonen blir forstyrra og det nødvendige samspelet mellom tanke og tale blir øydelagt. For det andre kan ein ikkje oppnå norsk måltone om ein brukar norske ord i



unorsk tyding. Begge delar gjeld òg for ordlag: Gjelsvik meiner at *men det er no likt til at pipa er åt og får ein annan ljod* er døme på dårleg språk, for det er eit ordlag som ikkje finst i norsk. Då bør ein heller seie *no kom det (eit) anna mål i bjølla* (81).

Det ein ifølgje Gjelsvik bør gjere, er å rette seg etter norsk folkemål når ein på ein grei og endefram måte skal setje ord på tanken. Nynorsk er mindre slite i skrift enn bokmålet, og det gjer at Gjelsvik meiner at det ofte passar godt å ta litt mindre sterkt i enn dei gjer på bokmål: *man kunde ikke undvære det for nogen pris* svarer best til det norske ordlaget *det var ikkje missande for mykje godt*, for «me må halda oss til ei målføring som er tenleg for oss eller lett og lagleg for vårt mål etter dei hjelperådene det hev, eller soleis som det er uppbygt og nedervt frå ætt til ætt» (84).

I folkemålet finst det ofte ordlag med bokstavrim og anna rim, og det hjelper på den norske måltonen om ein brukar dei, uavhengig av om bokmålet har ei tilsvarende vending eller ei (87). Der tyskarane seier *der Apfel fällt nicht weit vom Stamm*, og danskane har omsett det direkte til *æblet falder ikke langt fra stammen*, meiner Gjelsvik at det på norsk er best å seie *eplet fell ikkje langt frå apalen* – for då held ein på bokstavrimet som er så vanleg i ordspråk og vedstev. Regelen i all god omsetjing er at ein ikkje set om ordspråk og andre faste vendingar frå framande språk direkte, men brukar dei ordspråka og vendingane som finst i eins eige språk, og som folk i bygdene brukar – sjølv om formuleringa blir heilt annleis (85).

Gjelsvik viser til eit gammalt ordspråk som seier at *ein kan ikkje skreva lenger enn ein er kloven*, og at det gjeld for ordlegginga òg. Dersom ein strekkjer språket for langt i ei retning det ikkje ligg, går det ut over måltonen som blir «unorsk og keiveleg» (Gjelsvik 1938, 87). Og som døme på god norsk måltone set Gjelsvik opp desse korte og særmerkte vendingane som bokmålet manglar: *telje ført* ('meine at noko ikkje er så vanskeleg å gjennomføre at ein må la vere å prøve'), *no kjem du på ei merr å flå* ('no har du gjort det vanskeleg for deg sjølv'), *pengane kom på ein turvande stad* ('pengane kom til nokon som trong dei sårt') og *det er godt kva som skapast* ('det er godt når nokon endrar oppførsel til det betre'). At slike ordlag gjer

sitt til å skape norsk måltone, meiner Gjelsvik seier seg sjølv (88). Merk at dei tre siste døma er heile setningar, om lag som ordspråk.

Det er som bidragsytar til nynorsk fagspråk Gjelsvik først og fremst har vore mønsterdannande. Den norske sakprosaen *har* blitt ledigare og meir tilgjengeleg, men utan at det har gjort språket mindre klart og korrekt: Setningsbyggnaden er forenkla, og uttrykksmåten er mindre substantivisk enn i kansellistilen, meir verbal (Schanche 1979, 78). Nett slik Gjelsvik ønskte.

Det er vanskeleg å ikkje tenkje på dei ofte svært formanande orda til Gjelsvik når det i Venås-tilrådinga står at somme rettleiingsbøker har vore med på å gjere språk-  
kjensla til nynorskbrukarane ustø «med di dei sette velmeinte, men urealistiske krav til god norsk målføring. Når språktilhøva er slik, grip gjerne både lærar og elev til den utvegen å velja dei ordformene, orda og vendingane som ligg lengst frå det andre skriftmålet» (Venås et al. 1983, 19f). Det påfallande er at ein finn igjen det same ideologiske godset hjå Kjell Venås (1927–2018) som Gjelsvik representerte. Synspunkt som dei Venås uttrykkjer i sitatet under, kan langt på veg forklare kvifor mange nynorskbrukarar kjenner seg utrygge på å bruke faste frasar med uvanleg syntaks:

Det er også andre grammatisk-syntaktiske drag som gjerne går saman med bruk av «forbodne» ord. Det er eit lag til å bruke pronomenet *den* i staden for *han/ho* når det skal visast til substantiv etter genus. Vidare er eigeomspronomen meir enn i talemålsnær nynorsk sett føre substantivet i staden for etter. Alle desse særmerke høyrer til det som vi til vanleg reknar som skiljelinjer mellom dansk og norsk språkgrunnlag eller mellom bokmål og nynorsk. Dei høyrer ikkje til talemålet slik dei utestengde orda gjer. Den åndelege haldninga som opnar for å bruke slike drag i nynorsk, kan ikkje vera folkemålsvilje eller målførebakgrunn, men må først på meir vilje til å ta opp bokmålsdrag. (Venås 1987, 62)

I nynorske tekstar finn Venås ein del særmerkte skriftspråksformuleringar som han meiner kan seiast å vere klisjear. Dei viser ein generell påverknad frå bokmål, og er å finne i mang slags nynorsk. Venås meiner det er rimeleg at folk som ikkje held så sterkt på målforma elles, «heller ikkje la så mykje vinn på nynorsk ordlegging og seiemåte. Men det er eit nært samhøve mellom ekte folkemål og god nynorsk, så ynsket om å skrive etter folkemålet kan vera ei hjelp mot klisjéar» (Venås 1987, 62). Alf Hellevik (1968, 196) meinte òg at gode stilistar styrer unna klisjear som *slå ned*

*som ei bombe og sjøen låg blank som ein spegel*, dei prøver heller å finne samanlikningar og bilde som er nye og friske, og som sluttar seg tett til emnet og tanke- eller kjensleinnhaldet som teksten skal formidle. Ein kan ikkje sjå vekk frå at Venås legg noko anna i *klisjear* enn den typen faste frasar denne avhandlinga handlar om, men vurderinga hans av å bruke «bokmålsk» syntaks er klart negativ. Det kan henge saman med det Almenningen skriv om at det trass i store omveltingar i rettskriving og bøyning er heller liten avstand mellom eldre og yngre nynorsk når det gjeld målføring og stil – fordi nynorsken heile tida har hatt det same grunnlaget: det levande talemålet og dialektene (Almenningen 2006, 39). I Venås-tilrådinga står det at måldyrkinga som knyter seg til den nynorske skrifttradisjonen, har bore frukter, og at det også for framtida er heilt avgjerande at ein held fram og byggjer ut språkkjensla for lett, naturleg og heimleg ordlegging. Det er grunnlaget for god stil og tenleg bodskapsformidling (Venås et al. 1983, 23)

### **Posisjonen ordspråka har i nynorsk**

Eit påfallande trekk ved mange av dei som skriv om nynorsk stil, er at dei ofte trekkjer fram ordspråk som føredøme på god norsk måltone. Gjelsvik stiller i fremste rekkje blant dei. Den historiske og munnlege forankringa til ordspråka passar godt til nynorsk ideologi og stilideal; dei representerer ofte det vi på norsk gjerne omtalar som sunt bondevit, og både Aasen og mange målfolk etter han har sett ordspråka høgt (Rauset 2015, 192f). Aasen var ikkje berre oppteken av det demokratiske aspektet ved at folk skulle forstå og kunne ordleggje seg på eit språk, han var òg oppteken av den estetiske sida og at språket skulle verke på hjartet og kjenslene til folk. Han ønske seg eit språk som vaks naturleg fram og samla seg «en rig Skat af vakre Udtryk og værdfulde Prydelser, og denne Skat vilde være tilgjængelig for alle og ikke blot en liden Hob» (Aasen [1864] 1965, XI). Aasen skriv om ei «utallig Mængde af hjemlige Udtryk» som han ønskjer at folk må få høve til både å bruke sjølv og finne igjen i skrift, og i 1856 gav han ut *Norske Ordsprog*.

For Aasen var grammatikken og utforminga av landsmålet sekundære samanlikna med det leksikalske nivået. Det var arbeidet med ordtilfanget Aasen såg på som den eigentlege og store oppgåva si, og livsverket kom først med *Norsk Ordbok* (Venås

1987, 54). I *Prøver af Landsmaalet i Norge* skriv Aasen at han utforma ei mønsterform for bygdemåla for å kunne teikne ned ordspråk: «Imidlertid var det ogsaa min Hensigt at give en omtrentlig Prøve paa den Form, hvori jeg agtede at skrive en Samling av Norske Ordsprog, som jeg har tænkt at udgive. En saadan Samling hører nemlig til de Ting, hvortil et Slags Normalsprog er mest nødvendigt» (Aasen 1853, V). Han meiner at det ville ha vore «ubekvemt» å fordele ordspråka på fleire dialekter, det ville truleg vere betre å overføre dei til eitt enkelt bygdemål, men då ville det alltid vere noko som ikkje passa i den aktuelle dialekta slik at ein måtte lempe det til eller forandre det, og då ville det omtrent gå ut på det same som å skrive det på eit normalspråk (sst.).

Mange målfolk i Aasens kjølvatn har halde fram med å løfte fram dei gamle ordspråka. Liestøl beskriv korleis ein ved å bruke gammalt tradisjonsstoff folk kjennest ved frå faste vendingar, ordspråk o.l., kan halde på den norske tonen i kunstspråket:

I kunstdiktingi er den folkelege målføringi grunntonen, men diktaren set til yvertonar. Han kann då bruka det nye, som han skaper sjølv, eller nytta ut med kunst alt som gjev stilen god klang. Og han kann taka fram gamle ord og ordformer og ordlag, som no kjennest utelde og difor gjer stilen høgtidssam. (Liestøl 1927, 28f)

Hellevik nemner ikkje ordspråka særskilt, men underbygger det Liestøl skriv om kunstspråk, eller *høgprosa*, som Hellevik (1968, 194f) kallar det. Det skyr kvardagslege ord og vendingar, men kan elles ligge tett opp mot talemålet i syntaks og målføring. På den andre sida kan det i det stillaget bli brukt litterære vendingar og konstruksjonar som er meir sparsamt brukte i sakprosaen. Liestøl, på si side, verkar mest oppteken av ordspråka som kulturberarar:

Men vil me beint fram sjå samanhengen med den gamle tidi, må me venda oss frå den meir lause og frie folkediktingi til den formfaste, vers- og rytmebundne diktingi, ordtøke, gåtor, rim og visor. [...] Det som særmerkjer *ordtøki* er nettupp at dei gjev lærdomen ei råkande, fyndig og klangfull form, so han vert lett å minnst; og denne formi som han hev krystallisera seg i, held seg då frå ætt til ætt. (Liestøl 1927, 33)

Det at mange av ordspråka inneheld allitterasjon, hevdar Liestøl er eit teikn på at dei er gamle. Han meiner slike ordspråk må gå tilbake til gammalnorsk tid og har blitt overleverte frå generasjon til generasjon i hundreår «og berre laga seg um so mykje

som skifti i målbunaden kravde» (Liestøl 1927, 33). Han fører bevis for dette med å peike på ordspråk som er i bruk i dag, som er å finne i eddadiktinga, sogene og dei gamle lovtekstane.

Av nyare eksempel på at målfolk set ordspråka høgt, kan ein til dømes sjå på alle ordspråka som prydar marginen i *Praktisk nynorsk for lærarstudentar* av Olaf Almenningen og Aud Søyland (2012). Dessutan er ordspråk og herme dei to frasetypene Almenningen trekkjer særskilt fram i kapittelet om målføring og stilistiske særdrag i *Innføring i nynorsk for høgare utdanning* (2006, 52). Det er òg interessant at eg ikkje har funne nyare frasesamlingar på nynorsk som ikkje tek utgangspunkt i ordspråka. Når det er sagt, er det ikkje slik at alle ordspråk er rotnorske. Valerij Berkov (1997, 99) peikar på at mange ordspråk er av ein internasjonal karakter sidan dette laget av ordtilfanget har spesielt lett for å bli innlånt, av og til med små variasjonar. Som døme nemner han *nye koster feier best og ikke se skogen for bare trær*, med deira engelske, tyske og russiske ekvivalentar.

#### 4.2.3.2 Oppsummering om fraseideal i bokmål og nynorsk

Ideala i bokmål har endra seg over tid. På 1800-talet gjekk diskusjonen først og fremst på om ein skulle lausrive norsk frå dansk, og korleis ein eventuelt skulle gjere det. Seinare argumenterte Falk for nyomsetjingar av tyske frasar for å få betre samsvar mellom form og innhald, Bjerke for at ein må kunne låne fritt og freidig frå andre språk, medan Iversen ønskte ei meir talemålsbasert og norsk tilnærming. Til felles har mange av bokmålsstilistane at døma dei trekkjer fram på god og dårleg språkbruk, ofte er idiom.

Problemet med å skulle prøve å skildre nynorske stilideal er at folk delvis har ulike visjonar om kva nynorsk skal vere (Omdal og Vikør 1996, 121f):

1. Nynorsk er først og fremst ei skriftfesting av norsk folkeleg talemål, med vekt på variasjonen heller enn einskapen.
2. Nynorsk er eit «norrønt» språk på norsk grunn, der samanhengen med det gamle norrøne språket og med islandsk og færøysk skal stå sentralt.
3. Nynorsk er eit bruksspråk som først og fremst skal fungere i dagleglivet.

Det vil nødvendigvis resultere i at det er ulike syn på kva som bør vere stilideala. Dette kapittelet har vist at det historisk har vore delvis markert ulike tilnærmingar frå nynorskald og bokmålshald til kva som er god frasebruk, samstundes som det òg sprikjer innanfor målformene kva ein legg vekt på. Men korleis er dette i dag?

Ei folkeleg misoppfatning er at det berre er nynorsken som har bevega seg i retning av bokmålet. Når det gjeld ordtilfanget, er det nok noko i det, men det er ikkje heile bildet. Det er på felt som ordkunnskap, målføring og ordlegging at nynorsk og dialektene har hatt størst påverknad på den samla norske språkutviklinga, då vi ser at ideal som går på ein folkeleg og talemålsnær stil med bruk av heimlege ord, òg har fått eit visst gjennomslag i bokmål (Venås 1987, 60; Almenningen 2006, 39). Ruth Vatvedt Fjeld (2017b, 254) meiner at lausrivinga frå den tysk-danske kansellistilen i nynorsk òg har vore til vinning for bokmål, som har følgd etter. Likevel peikar ho på arvegods frå det danske embetsspråket, som substantivsjuke, overdriven passivbruk og mange gammaldagse ord og uttrykk, som område der moderne bokmål framleis har mykje å hente frå nynorsk. Ein hjørnestein i det nynorske stilidealet om folkeleg, enkel og munnleg syntaks er at setningsbyggnaden skal vere verbal, dvs. at hovudverbet i setninga ber det sentrale meiningsinnhaldet, ikkje eit substantiv. Substantivsjuken er ein «hovudfiende i kampen for eit enkelt og folkeleg byråkratispråk, både på bokmål og nynorsk» (Vikør [1980] 2011, 27). Og truleg er ikkje forskjellen mellom dei to målformene lenger så stor når det gjeld ordlegging og stil:

Nynorsken bygger tradisjonelt på folkemålet i stil og syntaks, mens bokmålet er framhaldet av eldre «kansellistisk» skrivestil med røter i dansk, tysk og i siste instans latin. Likevel er motsetninga mellom målformene på dette området truleg mindre enn det ofte blir framstilt som: Bokmålsyntaksen er generelt blitt kraftig forenkla og tilnærma talemålet, mens nynorsk på si side etter kvart må ta opp ein del såkalla «ufolkelege» stildrag for å fungere som fagspråk og mediespråk – verkemiddel som trengs, men som ikkje er blitt spontant utvikla i talemålet. På dette området har det foregått ei ustyrt «tilnærming» som kanskje har komme ein god del lenger enn den styrte i rettskrivinga. (Vikør 2007, 207)

I neste bolk skal vi sjå på korleis ulike normagentar i dei to målformene òg bidreg til ulike oppfatningar av kva som er akseptabelt og *innanfor* av språkbruk.

#### 4.2.4 Ulike normagentar i bokmål og nynorsk

Vi har tidlegare vore inne på korleis Språkrådet, rettskrivingskomitear og til dels leksikografar er med på å fastsetje normene, og i dette kapittelet er spørsmålet kva som påverkar dei internaliserte normene våre, kjensla av at noko er språkleg riktig. Denne delen skal handle om at det er ulikt i bokmål og nynorsk kven som er delaktige i å påverke dei internaliserte normene våre – og kor sterkt dei verkar.

2011-innstillinga drøftar at alle i samfunnet i prinsippet er *normagentar*: Vi er med på å påverke normene ved at vi tek imot inntrykk, tolkar dei, agerer eller lèt vere på grunnlag av dette. Men normeringsmakta er ulikt fordelt, og somme normagentar sit i ein posisjon der dei har større påverknadskraft enn andre, og dei kan bruke den fastsette norma på ein måte som påverkar språkbruken til mange (Innstilling 2011, 35). I dansk samanheng har Peder Skyum-Nielsen sett saman ei liste over samfunnsinstansar som er språkleg normgjevande, i stigande rekkefølge etter autoritet:


lægmand; arbejdspladsen (kontoret); tekstbehandling; takt og tone-bøger; sprogpolitiske interessegrupper; skolen; reklame, annonsering; forlag: journalister; diverse freelance-konsulenter; forskellige kommunikationskurser; Radioens Sprogudvalg; Statens Informationstjeneste; sprogbrevkasser; sprogbeskrivelsen (-videnskabens); terminologigrupper; Dansk Sprognævn. (Skyum-Nielsen 1979: 136f)

Berre dei to siste kan seiast å vere normerande i streng forstand, mens dei andre er med på å påverke premissane for normering og bidra til implementering av dei fastsette normene. I den andre enden finn vi den spontane, uformelle språkkrøtta som skjer gjennom direkte kontakt ved at ein sjølv blir retta på og rettar andre sin språkbruk ut frå eiga språkkjensle. Dess lenger ut i lista til Skyum-Nielsen ein kjem, dess meir einsretta er påverknaden: Nokon gjev råd og rettleiing, ev. forbod og påbod, mens andre tek imot. I alle land føregår implementeringa av normer heile tida, og dei allmenne, ikkje-språklege instansane er felles for alle språk, mens dei språklege er meir spesifikke for kvart einskildsamfunn (Omdal og Vikør 1996, 20f).

#### Normagentar i bokmål

Helge Sandøy meiner at ein forskjell mellom bokmål og nynorsk er at «Språkrådet truleg har meir styring over normene for nynorsk enn over normene for bokmål. Dei

private normeringsinstansane i bokmålsverda er sterkare enn det offentlege Språkrådet» (Sandøy 1998, 57). I 2003 gav han ut ein artikkel med ei oversikt over norske deltakarar i normdanningsprosessen og relasjonane mellom dei. I artikkelen argumenterer Sandøy mot å leggje for einsidig vekt på ususprinsippet som grunnlag for normering, ved å vise til at det ikkje er frie val som ligg bak kva former ein nyttar når ein skriv, men eit sett av førestillingar om kollektive forventningar til oss. Hovudpoenget til Sandøy er at deltakarane i normdanningsprosessen har ulike status, og at somme påverkar meir enn andre: «somme er sterke og andre føyelege, somme er premissleverandørar, mens andre er mottakarar, somme har makt, andre ikkje» (Sandøy 2003a, 265). Sandøy nyttar nemninga normagentar om samfunnsaktørane som gjev dei viktigaste dataa og premissane i normdanningsprosessen, og påstanden hans er at hegemoniet ligg hos ein svært avgrensa krets. Ulikskapane i status illustrerer Sandøy i det han kallar *den norske normeringssirkelen* i figur 4.2:



Figur 4.2 Den norske normeringssirkelen (Sandøy 2003a, 266)

Pilene mellom dei ulike aktørane viser kven som påverkar kven. Somme aktørar, som aviser og forlag, når ut til mange, det er dei som påverkar flest. Fleire av aktørane stadfestar kvarandre i ein sjølvforsterkande prosess, medan elevar og andre lesarar/folket berre blir påverka av andre. Dei største tekstprodusentane i Noreg er avisene, og skriftformene i dei avisene som blir rekna som mest seriøse og pålitelege, blir viktige for kva former lesarane møter ofte, og som dermed blir oppfatta som dei normale. Norsk Telegrambyrå (NTB), som er det nyhendebyrået dei fleste avis-redaksjonane brukar, har ein svært konservativ standard der mange folkemålsformer er utelatne, og i ei undersøking viste det seg at dei fleste bokmålsavisene publiserte NTB-meldingar utan å gjere språklege endringar (Lomheim 2003). Sandøy er særleg



oppteken av Aftenposten si rolle som normagent. Journalistane der kan ikkje sjølve velje kva former dei brukar, men må halde seg til ei norm fastsett av ein eigen språkkomité, som har utvikla den såkalla Aftenpost-normalen. «Utgangspunktet for denne normalen er *Riksmålsordlisten* – som er normert av ein privat redaksjon på tre-fire personar i Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur – utan offentleg innsyn i drøftingar og faglege grunngjevingar» (Sandøy 2003a, 267). Dette er eit døme på det som ofte blir omtala som *tildekt* eller *privat normfastsetjing*:

Når Kulturdepartementet vedtek ei norm, kan me kalla det ei *open normfastsetjing*. Nemnda som har laga framlegget, er offentleg oppnemnd, og publikum har hatt framlegget til høyring før norma blir endeleg fastsett. Men det skjer òg ei meir *tildekt* eller *privat normfastsetjing* mange stader, til dømes når leiinga på ein arbeidsplass bestemmer at dei tilsette berre skal bruka *visse* former innanfor den opne norma. (Innstilling 2011, 34)

Til og med innsendt materiale blir korrigert så det er i tråd med Aftenpost-normalen, og fram til 2018 slapp nynorsk heller ikkje til på redaksjonell plass, så trass i at norsk er kjenneteikna av uvanleg stor valfridom, møter lesarane av avisa svært sjeldan former som ligg utanfor den tronge husnormalen deira. Påstanden til Sandøy er at det får avgjerande verknad på resten av språkbruken i landet gjennom dei sjølvforsterkande prosessane som figur 4.2 viser til: «[E]nkeltvedtak i den private språkkomiteen får stor verknad. Først er dei fastsette normer i avisa, og så er det stor sjansje for at dei blir internaliserte normer i neste ledd i normeringssirkelen, altså i departementa, forlaga og skolen» (Sandøy 2003a, 268). Andre vurderer ikkje dette som eit problem: «Prisen vi må betale for relativt stabile skriftspråk med historisk dybde, er aksepten av sosiokulturelle maktsentra, i hvert fall i tidlige faser av skriftspråkets etablering (Dyvik 2009, 109). Dyvik meiner dessutan at nemninga *privat normering* er nedsetjande og uheldig, då *privat* fort blir forveksla med *personleg*. Det tykkjer han rimar dårleg med at det ofte er dei private eller *ikkje-offisielle* normene som er kjende, medan mange av dei offisielle normene aldri blir allment kjende blant språkbrukarane (Dyvik 2003).

Ingunn Indrebø Ims (2007, 22) slo i hovudoppgåva si fast at avisene driv med ei ikkje-offisiell, altså privat, språknormering. Ho er skjult på den måten at brukarane ikkje har innsikt i eller påverknad på normeringsprosessen, men desse språknormene

---

er meir offentleg synlege og tilgjengelege enn dei offisielle språknormene. Dette paradokset har mange peika på som eit stort problem for autoriteten Språkrådet har som normeringsorgan. I den samanhengen er det relevant at språkbruken i avisene tener som eit viktig grunnlagsmateriale for Språkrådet, leksikografar og andre som tolkar språkbruken og bruksfrekvensar i tekstkorpus, jf. prinsippet om at det vesentlege normeringsgrunnlaget for både bokmål og nynorsk framover skal vere språket slik det kan observerast i tekstar som blir vurderte som normdannande (Språkrådet 2015b, 10 og 12). Det forsterkar tendensen til at desse normene blir internaliserte i det samla kollektivet, som utgjer dei operative normene i Dyviks terminologi. Dyvik meiner altså at dei operative normene er sosialt forankra normer som definerer rett og gale utan å vere formulerte (jf. 4.1), og dreinga vi ser av bokmålsusus i retning normalen som Akademiet står bak, er ei ikkje-styrt utvikling i ein slik modell. Det er då også riksmålsrørsla som historisk har kjempa for at ususprinsippet må leggjast til grunn for normeringa. Vikør har peika på at riksmålsrørsla i seg sjølv både er liberalistisk og tradisjonalistisk; det er mogleg så lenge marknadskreftene favoriserer språknorma dei arbeider for. I argumentasjonen for usus er prestisje og estetiske omsyn viktige innslag, i kombinasjon med ønske om stabilitet, at ord får behalde si opprinnelege form, og at språket er så nyanserikt som mogleg, både omgrepsmessig og stilistisk (Vikør 2007, 197f og 234).

Fjeld átvarar mot å basere normering og ordbokredigering på eit for snevert utval skrifter: «Å bare bruke skrifter som allerede er normert, som grunnlag, gir en metodisk sirkel der resultatet kun kan bekrefte fordommer som at språket var bedre før, eller at språket til noen skribenter er mer verdifullt enn andres» (Fjeld 2004, 5). Det er eit prinsipielt viktig poeng Språkrådet må ha med seg når dei drøftar kva som er normdannande tekstar. Helset avviser kategorisk å inkludere SMS-språk og dialekt nær skrift på nettet som normgrunnlag med ein argumentasjon som illustrerer poenget til Fjeld veldig godt:

Dette vil nemleg føre til at tekstar produserte av språkbrukarar som kanskje ikkje kjenner til, og i desse samanhengane iallfall ikkje tek omsyn til, gjeldande norm, blir premisseleverandørar nettopp for den offisielle skriftspråksnorma. At destandardisert, dialekt nær skrivning i uformelle samanhengar kan ha visse identitetsskapande føremoner, vil

---

eg ikkje gå imot, men ikkje dess mindre har samfunnet behov for eit standardisert skriftspråk med klare og tydelege normer basert på dei operative normene som eksisterer i den etablerte skriftkulturen. (Helset 2017a, 39)

For ei utførleg drøfting av normgrunnlaget i norsk sjå elles Helset (2017a, 33–42). Mykje har endra seg når det gjeld kven som kan publisere, og kva type tekstar som er tilgjengelege for folk flest i kvardagen. Kjersti Wictorsen Kola har i masteroppgåva si nokre gode refleksjonar rundt andre lesarar/folket, som i normeringssirkelen i figur 4.2. ikkje har piler ut frå seg. Ho meiner at sjølv om denne gruppa ikkje har stor påverknadskraft, har den teknologiske utviklinga gjort denne gruppa til ein sterkare normagent. I modellen som Sandøy publiserte i 2003, er internett og sosiale medium fråverande i normeringssirkelen, men i dag har det blitt mykje enklare for mannen i gata å publisere tekstar og potensielt nå ut til millionar av lesarar:

Hvem som helst kan blogge, dele tankene sine på Facebook og i diskusjonsforum, eller publisere dikt, og hvem som helst kan lese disse tekstene. Statusen til slike tekstprodusenter er nok vanligvis lav i forhold til for eksempel aviser, men for mange språkbrukere utgjør slike tekster en stor del av den skriftspråklige innputten de får. Dermed kan språkbruken i tekstene fra denne gruppa få stor innvirkning på hva leserne oppfatter som vanlig og normalt. (Kola 2014, 26)

Eit døme på det er at dialektbasert skrift har blitt mykje vanlegare å støyte på i det offentlege rom etter at den vanlege skribent fekk lettare tilgang til ulike publiseringssflater, og i del 4.2.1 var vi inne på korleis det å skrive dialektnært har blitt det vanlege i sosiale medium når unge med nynorsk som hovudmål kommuniserer med kvarandre. Likevel er det eit ubesvart spørsmål om utviklinga med stadig meir ikkje-språkvaske tekst og auka nettpublisering utanfor tradisjonelle redaksjonar med tida fører til ei markant endring i maktforholda i den norske normeringssirkelen, som med fordel kunne vore kalla *normeringssirkelen i bokmål*.

### **Normeringsagentar i nynorsk**

Sandøys normeringssirkel er ikkje like gyldig for nynorsk som bokmål, noko mellom andre rettskrivingsnemnda for nynorsk indirekte var inne på. Dei skriv at den tildekte normfastsetjinga er ikkje like sterk i nynorsk som i bokmål, og at det heng saman med at nynorsken ikkje har eit sentralt organ som «alle» les. Det næraste ein kjem er NRK, som ein kan rekne med har ei viss påverknadskraft gjennom skrift og lyd i

---

nyhendesendingar og teksting (Innstilling 2011, 35). I tillegg har vi tidsskrift som *Syn og Segn* og avisa *Dag og Tid* som reine nynorskpublikasjonar, og nasjonale aviser som *Klassekampen*, *Nationen* og *Vårt Land* har ein del redaksjonelt stoff på nynorsk, men ut frå utbreiing og opplagstal er det vanskeleg å skulle tilskrive ein av desse aktørane avgjerande makt som normagent. Ut frå formval meiner Vikør (2003, 300) det er grunnlag for å snakke om ein prototypisk nynorsk eller hovudstadsnynorsk som ein finn i slike nasjonale aviser og i Samlaget. Nynorskavisene rapporterer sjølve at dei generelt er opne for valfridom innanfor målforma (Kringkastingsringen 1994, 8f), men ei undersøking av Åse Wetås frå 2001 viser at det i eit utval publiserte nynorsktekstar var meir einsretting enn mangfald i formbruken. Ho hadde venta å sjå større formvariasjon i avismaterialet, og at det særleg i lokalavisene kunne vere ein tendens til at dei la vekt på former som ligg tett på det lokale talemålet, men det var i liten grad tilfellet (Wetås 2001, 21).

Det er same tendens som Vikør (1995) fann i ei undersøking av korleis 29 nynorskforfattarar frå 1930-, 1950- og 1970-åra utnytta graden av valfridom i rettskrivinga. Vikør observerte ein tendens til konsolidering av formbruken innanfor bøyings- og lydverket rundt den såkalla *midtlinja*. Blant forfattarane på 1970-talet fann han at formvariasjonen var relativt avgrensa, klart mindre enn den aktuelle rettskrivinga av 1959 gav rom for, og det såg ut til at talemålsgrunnlaget stod svakare hos desse forfattarane enn dei tidlegare generasjonane (Vikør 1995, 58). Allereie frå ein innførte valfrie former i 1917-normalen var det meininga at språkbruken *skulle* konsolidere seg om enkelte former, og det ser vi har skjedd i begge målformer, også i nynorsk der det ikkje er like dominerande normtrykk frå aviser som normeringssirkelen har som føresetnad.

Endre Brunstad gjennomførte i 2007 ei spørjeundersøking blant det han kallar «framståande nynorskbrukarar» som alle har nynorsk sakprosa som arbeidsfelt. Dei som svara, var 1) personar innan nordiskfaget, ordbokverksemd, normering og språkkrøkt, 2) lærarutdannarar, 3) journalistar, 4) forlagsfolk og forfattarar, 5) nynorskakademikarar og 6) personar innan målrørsla. Desse respondentane har til felles at dei «utgjer normeringsagentar gjennom påverknadskrafta si» (Brunstad 2009,

---

96). Dessutan kan ein rekne staten som ein eigen normagent, m.a. gjennom språkrettleiinga ulike statlege språkrøktsorgan driv innanfor avgrensa felt som lovspråk, mediespråk, stadnamn og personnamn (Vikør 2007, 132f). Desse ulike normagentane i nynorsk har i grove trekk arbeidd i samsvar med det som har vore den offentlege språkpolitikken: «I nynorsktradisjonen har det alltid vore ein vilje til å styre, og det har vore ein ideologi (faktisk fleire ideologiar) om kva ein ønskjer å oppnå med språkstyringa» (Sandøy 1998, 57). Rettskrivingsnemnda var òg inne på korleis ideologiar som tilnærming til bokmål og nærleik til dialektene har sett preg. Valfridomen i nynorsknorma heng ikkje berre saman med samnorskpolitikken, men speglar òg den sterke talemålslinja i målrørsla og at idealet om ein dialektnær nynorsk har ført til at ein tok inn ei rekkje talemålsnære former i norma. Nemnda slår fast at bokmålsnorma har tilsvarande stor valfridom, «men mangfaldet og valfridommen i nynorsken har hatt større oppslutnad og har nok hatt ei viktigare symbolsk meining for nynorskbrukarar enn for bokmålsbrukarar (Innstilling 2011, 35).

Sjølv om undersøkingar gjennomførte av Berg (1999) og Selback (2001) viste at nynorskbrukarar var monaleg meir positive til variasjon enn bokmålsbrukarar generelt er, har dei fleste nynorskbrukarar likevel ei kjensle av kva som er markerte former, og kva som er meir umarkert. Staten har bidrege til å skape den språkkjensla, dvs. dei internaliserte normene, gjennom skiljet som var i tidlegare rettskrivingar mellom hovudformer og klammeformer, der eitt normsett kunne brukast i alle samanhengar, og eitt berre var for skuleelevar og privat bruk. Etter 2012-reforma kan alle former kombinerast fritt av alle som skriv nynorsk. Kva former ein vel i ulike samanhengar, kan på den måten vere eit uttrykk for identitet (Innstilling 2011, 35).

Samstundes hadde nynorsken som prosjekt frå starten eit demokratisk tilsnitt, og det kan det på mange måtar sjå ut til at målforma framleis har. Ein god illustrasjon på det er den involverande metodikken rettskrivingsnemnda for nynorsk la til grunn for arbeidet: Aldri tidlegare har brukarane i så stor grad fått innsikt i og sjølve kunna bidra med innspel i normprosessen (jf. Innstilling 2011, 28ff). Det er òg interessant at rettskrivingsnemnda i klare ordelag problematiserte det skriftlege normgrunnlaget sitt: Norsk Ordboks nynorskcorpus (NON) og andre skriftlege kjelder. Nemnda skriv

at dei er merksame på at alle publiserte tekstar er skrivne under eit visst normpress, men at eit så stort og breitt samansett korpus som NON gjev eit godt bilde av nynorsken folk flest møter i kvardagen. «Det er svært mange normaktørar for nynorsk, og det gjer bruken av slike tekstsamlingar mindre problematisk enn om tekstkorpuset var prega av nokre få, sentrale normaktørar» (Innstilling 2011, 40).

Nynorsken er eit robust språk som i dei fleste domene inneheld det tilfanget språkbrukarane treng, så når bokmålsord blir brukte i nynorsk, handlar det ofte om at nynorsken er såpass lite synleg samanlikna med bokmålet, at det er bokmålsorda og -vendingane som først kjem til ein. Dersom ein ønskjer at nynorsken framleis skal ha eit særmerkt ordtilfang, må ein vere merksam på kva som kan stå på spel om ein tek inn fleire bokmålsord i norma (og dermed ordbøkene), basert på at ein kan dokumentere dei i bruk i korpus:

Ei lita lemping som skal letta nynorskbruken på vanskelege område der ein ikkje kjenner emnet godt, kan i praksis vera utlemping av dei tradisjonelle meir eller mindre innarbeidde orda. Det som strengt teke trengst eller er nytta i fem eller femti prosent av tilfella, vil etter ei godkjenning lett esa ut og fylla nær hundre prosent av det potensielle råderommet sitt, som svarar til rommet i bokmål. Mektige aktørar, frå språkansvarlege i staten til forlagsfolk og lærarar ventar på at bokmålsord skal bli godkjende så dei kan nytta dei som i bokmål. I neste omgang er nokre av desse brukarane godt representerte i korpuset. Dette er ein sjølvforsterkande prosess. (Språkrådet 2014b, 10f)

Ein skal med andre ord ikkje gløyme at det finst viktige normagentar med ein språkpolitisk agenda i nynorsk òg, men dei er kanskje ikkje like lette å få auge på som normagentane i bokmål.

### 4.3 Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett på kva som påverkar dei internaliserte normene våre, det vi gjerne omtalar som språkkjensle, knytt opp til frasenivået. Kvifor er det slik at visse frasar blir oppfatta som korrekte i både bokmål og nynorsk, medan andre vert oppfatta som enten bokmålske eller nynorske? Eg har valt fire ulike tilnærmingar til spørsmålet. Først gjer eg greie for relasjonen mellom fastsette og internaliserte normer og litt om korleis dei blir utvikla. Vidare går eg inn på at styrkeforholdet

---

mellom bokmål og nynorsk og det faktumet at bokmål er dominerande på alle samfunnsområde, gjer at både bokmålsskrivande og nynorskskrivande møter dei faste frasane oftast i bokmålsform. Det gjer at det ikkje er urimeleg å tru at bokmålsforma av ein frase gjerne er den som renn ein i hug også når nynorskbrukarar skriv, medan det truleg vil vere eit meir perifert fenomen at bokmålsskribentar nyttar ein nynorskfrase.

Rettskrivingsreformene og den løpande normeringa det siste hundreåret har ført til at det har vore relativt store endringar i kva som har vore tillate og ikkje, og bruken av frasar utviklar seg på lik linje med andre typar språkbruk. Ei nokså vanleg oppfatning har vore at signalord og faste frasar lekamleggjer og uttrykkjer den kulturelle identiteten i ei målform, og ordbøkene og ordlistene har vore brukte som instrument for å halde visse språkelement ute, for å bevare den identiteten. I nyare fraseforskning er Ken Farø (2004a) blant dei som avviser ideen om idiom og faste frasar som kulturberarar, og sjølv om fleire nynorskskribentar trekkjer fram ordspråka som ei bru til den norrøne litteraturen og som førebiletlege uttrykk for norsk målføring, er det langt frå sikkert at nynorskbrukarar i dag faktisk brukar ordspråk oftare enn bokmålsbrukarar.

Ein kan sjå snev av ein utoverretta eller eksoglossisk purisme i bokmål, særleg knytt til Knud Knudsen. Dette er likevel eit perifert fenomen samanlikna mot dei nokså klare tendensane til innoverretta eller endoglossisk pursime i målforma. Vi har sett døme på nokså kraftig språkbruk med klare nedsetjande vurderingar av former som ikkje var ein del av riksmålet. Den purismen som har blitt forbunden med nynorsk, er den eksoglossiske, som i særleg sterk grad har vore retta mot enkelte orddannings-element som vi har lånt inn frå dansk og tysk. Når ein i nyare tid har argumentert for nynorsk som eit motstykke til bokmål, meiner eg at den moderne nynorskpurismen har dreia over til å bli endoglossisk – altså retta mot trekk ved eige språk.

Delen om stilideal stadfester at iallfall visse stemmer innanfor bokmåls- og riksmålsleiren har hatt vore nokså opne for utanlandske impulsar, der nynorsk-skribentane har lagt stor vekt på verdien av det norske munnlege frasetilfanget – men

---

at det er monaleg ulike haldingar og tilnærmingar både mellom einskildpersonar og gjennom historia her òg.

Den norske normeringssirkelen til Sandøy tek føre seg normagentar som påverkar dei internaliserte normene. Eit sentralt poeng hos Sandøy er å peike på hegemoniske strukturar. Kola har peika på at vanlege folk sin språkbruk i ein digital kvardag er meir synleg, og dessutan blir han i aukande grad studert og vurdert i normeringsarbeid, men så lenge Språkrådet har nedfelt at vekta skal liggje på normdannande tekstar, er det lite som tyder på at dette vil rokke ved normeringa i bokmål. I bokmål ser vi ei einsretting i språkbruken, og i dette kapittelet har vi sett på kor stor påverknad den endoglossiske purismen i riksmål har hatt for heile bokmålet. Nynorsk har ein meir ueinsarta språkbruk, der vi ser ei deling mellom konsensus om midtlinje-nynorsk og samstundes avvik frå norma gjennom dialektbruk.

Skilnaden, slik eg ser det, er at der sterke normagentar i bokmål gjennom generasjonar har sett klare og konsistente verdimesige vurderingar på enkeltformer, har normagentane i nynorsk oppmuntra elevar til å bruke dei formene som ligg nærast talemålet. Med fare for å overforenkle kan ein seie at dei dominerande bokmålsagentane har fremja einskap, medan nynorskagentane har fronta valfridom. Då er det ikkje overraskande at formvariasjonen er noko større i nynorsk enn bokmål. Nynorskbrukarar kjenner betre til valfridommen i målforma si enn bokmålsbrukarane, og nynorskbrukarar er meir opptekne av å setje sitt personlege preg på skrifta si enn å halde seg til kva andre har definert som korrekt. Dermed er nynorskbrukarane vande med å sjå eit større mangfald av former og stilartar på trykk enn bokmålsbrukarar. Det kan delvis henge saman med at det ikkje finst like sterke og dominerande private normagentar som på bokmålssida, men ikkje minst handlar det om dei rådande ideologiane i nynorskrørsla. I dette prosjektet kan ein tenkje seg at dei svakare korrektheitsideala i nynorsk fører til at brukarane i større grad enn bokmålsbrukarar kjenner seg frie til å bruke dei frasane dei ønskjer på tvers av normalane. Slike fraselån er tema i kap 5.6–5.7. I kapittel 6 skal vi sjå at ting kan tyde på at den fraseologiske utviklinga går meir parallelt i målformene no til dags enn dei ulike stilideala i målformene i tidlegare tider gav rom for.



## 5. Norm versus bruk i norsk fraseologi

### Ei breiddeundersøking av ordbokføringar og reell bruk av 54 frasar i bokmål og nynorsk

#### 5.1 Innleiing

I dette kapittelet skal eg undersøkje samanhengen mellom korleis ordbøkene framstiller fraseinventaret, og faktisk språkbruk dokumentert i korpus: Kor omfattande er dei fraseologiske målformskilnadane i ordbøkene, og kor godt speglar dei mest sentrale ordbøkene den faktiske bruken? Kva særmerkjer den autentiske frasebruken i bokmål og nynorsk i eit variasjonsperspektiv? Og er det forskjell på målformene med tanke på om brukarane held seg innanfor den fastsette norma når dei skriv frasar?

Brukarane av eit språk eller ei målform er i dei fleste samanhengar verken nøydd til, nødvendigvis i stand til eller treng ha noko ønske om å halde seg til dei fastsette normene: «I århundrer har myndigheter prøvd å innføre visse normer, med vekslende hell. Skoler har nidkjært gitt undervisning i «korrekt» språk, men bare de færreste elever har vært tilstrekkelig lydige eller ærgjerrige til å legge seg etter det» (Haugen 1969, 20). Ei jamføring av skriveevna til skuleelevar i Skandinavia har vist at berre få av avgangselevane i vidaregåande skule hadde feilfri rettskriving, uavhengig av om dei hadde relativt vide skriftnormalar (dei norske) eller relativt snevre skriftnormalar (dansk og svensk) å rette seg etter (Hoel 1995). I mange tilfelle er det heller ingen eintydige svar på kva som er riktig eller feil:

En [...] normal er en fast størrelse for såvidt som det er klare grenser mellom «riktig» og «galt» – eller rettere uttrykt: Mellom «innafor» og «utafor». Men for et levende bruksspråk har vi ikke slike skarpe grenser; der er det alltid ei «gråson» mellom det udiskutabelt riktige og det udiskutabelt gale. (Vikør 1986)

Desse gråsonene støyter ein ikkje minst på i dei faste frasane, då den offentlege normeringa ikkje omfattar det nivået av språket. Ein kan heller ikkje sjå vekk frå at det skjer fleire normbrot ved bruk av frasar enn elles – med ønske om å oppnå ein stilistisk effekt kan språkbrukarane ta i bruk vendingar som eigentleg ligg utanfor

---

norma. Som vi såg i kapittel 2, har fleire utfordra førestillinga om idiom som fikserte einingar, og tvert om blir det hevda at dei er særleg tilbøyelege for å endre form og innhald (sjå t.d. Burger 1998, 122ff; Farø 2004b, 59f).

Det er verken eit nytt eller eit norsk fenomen at mange skriv slik det passar dei, eller ut frå ferdigheitsnivå – det nye med vår digitale tid er at språkbruken til den gjengse språkbrukaren er blitt meir offentleg, og dermed lettare tilgjengeleg for lingvistisk observasjon, slik denne korpusundersøkinga skal nytte seg av. I norsk samanheng blir det hevda at nynorskbrukarane forhold seg særleg fritt til norma (jf. t.d. Walton 2015, 30), og i del 4.2.1 såg vi at forskinga eintydig peikar på at elevvar med nynorsk som hovudmål har sterkare tendens til å gjere ortografiske og morfologiske feil enn bokmålslevane. Basert på denne elevforskinga forventar eg at dette kapittelet kjem til å vise oss at nynorskbrukarar grunna talemåls- og bokmålspåverknaden delvis bryt med den fastsette norma i måten dei skriv og varierer frasar på. Formålet med undersøkinga mi er likevel ikkje å telje opp og gjere greie for normstridig frasebruk per se, men å sjå på korleis bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar kommuniserer ved å bruke ulike frasevariantar, både i tråd med og i strid med norma.

Den generelle trenden er at språksamfunn med få brukarar hentar meir inspirasjon og språkleg gods frå dei med fleire språkbrukarar enn omvendt. Til dømes er fraseologiske lån frå dansk til tysk få, om dei i det heile eksisterer, medan dansk har lånt inn mange idiom frå og gjennom tysk (Farø 2004b, 56). I norsk samanheng har bruken av nynorsk aldri nådd høgare enn 36 prosent, og ifølgje Sandøy (2004b) har bokmål alltid hatt eit visst kulturelt hegemoni i form av å vere fleirtalsform. Den generelle bokmålsdominansen gjer at det er rimeleg å tru at nynorskskrivande oftare brukar frasar vi berre finn i bokmålsordbøkene, enn bokmålsskrivande brukar frasar vi berre finn i nynorskordbøkene. Har ein frase fått ei stivna form i den eine målforma, er det ikkje alltid slik at ein kan tillempe ord og former til den andre målforma og rekne han som ein del av fraseinventaret i målforma. Til sjuande og sist handlar dette om institusjonalisering, altså om språkbrukarane aksepterer frasen ved å ta han i bruk.

---

I kapittel 4 kom det fram at purismeideologiane i bokmål og nynorsk har vore retta mot forskjellige språktrekk. I konservativt bokmål, som etter kvart har fått ein sterk posisjon i det ein kan rekne som normdannande tekstar (sjå t.d. Ims (2007); Kola (2014); Dyvik (2018)), har såkalla folkemålsformer med diftongar i staden for monoftongar (*bein* i staden for *ben*) og «den stygge *a-en*» (jf. Fjeld 2012) i hovudsak vore uønskte. Samstundes har bokmålet gradvis nærma seg dei norske talemåla (og nynorsk, sjølv om påverknaden er sterkare den andre vegen), og undersøkingar av Wangensteen (1998) og Fjeld (2002), som blei referert til i del 2.7.3, peikar i retning av at vi kan vente å finne ein del nynorsk- og talemålsinnslag i bokmålsfraseologien òg. I nynorsk har ein særleg vore opptekne av å halde ute lånorda frå dansk, tysk og i seinare tid bokmål, og purismen har delvis òg gjeve seg utslag i syntaktiske reglar.

I dette kapitlet ligg vekta på den eigentlege fraseologiske variasjonen, den som går på uttrykkssida av frasane. I avsnitt 2.7 sorterer eg den eigentlege variasjonen i dei fire kategoriane ortografi, morfologi, syntaks og leksikon, og i norsk gjer ofte variasjonar i fleire kategoriar seg gjeldande i ein og same frase. Kreativ modifikasjon, som gjev utslag i den innhaldsmessige variasjonen, er underordna i denne undersøkinga, men blir grundig handsama i kap. 6. Kortversjonen av kreativ modifikasjon er at enkeltkomponentar blir bytte ut med element som ikkje er synonyme, men som er motiverte av konteksten frasen opptrer i.

Frasane i denne norm og bruk-undersøkinga er valde ut fordi eg har grunn til å tru dei kan seie noko interessant enten om variasjon innanfor ei målform eller på tvers av målformene. Særleg vekt legg eg på frasar som utfordrar normene. Då fraseutvalet ikkje er tilfeldig, kan eg ikkje generalisere om kor omfattande variasjonen er i målformene, kva som er mest eller minst omfattande av leksikalsk, syntaktisk, ortografisk eller morfologisk variasjon, eller slå endeleg fast i kva målform det skjer flest fraseologiske normbrot. Det eg derimot håpar denne empiriske undersøkinga kan bidra til, er å peike på nokre språkspesifikke trekk ved den norske fraseologiske variasjonen og korleis ordbøkene handterer den.

## 5.1.1 Vegvisar

Hovudtyngda i kapittelet (avsnitt 5.2–5.7) ligg på jamføringa mellom korleis frasane er førte i fire ulike ordbøker og den observerte bruken i skriftspråkskorpus i begge målformer. For å unngå å dra vilkårlege konklusjonar baserte på enkeltfrasar, har eg valt å organisere den vidare undersøkinga av norm og bruk rundt grupper av faste frasar med same tematikk. Tabell 5.1 inneheld frasar som hovudsakleg er interessante ut frå eit bokmålsperspektiv, i tabell 5.2 er utvalet motivert ut frå problemstillingar i nynorsken.

### 1) Type variasjon som blir undersøkt med utgangspunkt i bokmål

Avsnitt 5.2: idiom med *ben* og *bein* (og *fot*) – ortografi (og delvis leksikon og syntaks)

Avsnitt 5.3: den stygge *a*-en: *a*-endingar i substantiv og verb – morfologi

Avsnitt 5.4: frasar med unormerte former i bokmål – ortografi og morfologi

Avsnitt 5.5: sitatord frå nynorsk: *vonbroten*, *noko(n)*, *sjå*, *hjarte*, *kvitauge* – leksikon og ortografi

1) Veksling mellom formene <i>ben</i> og <i>bein</i>	2) Frasekomponentar som kan ha <i>a</i> -bøying	3) Frasar med unormerte former i bm.	4) Sitatord frå nynorsk i bokmål
stå på egne ~ få ~ å gå på	fra ask~ til ilden lykk~ er bedre enn forstanden	være en av gutt~ for alle peng~	vere såra og vonbroten der ingen skulle tru at nokon kunne bu
sette sine ~ være mange/flere om ~et	som dugg for sol~ få noe inn med morsmelk~	h~l i h~ (høl i hue) b~nn i bøtta	skal vi sjå med hjartet på rette staden
ha ~ i nesa	en pølse i slaktetid~ ha det på tung~ gå rett i fell~ skvette vann på gås~ mannen i gat~ først til møll~ kjenne lus~ på gangen skue hunden på hå~ ligge i kort~ være lenk~ til seng~ le seg forderv~	være på fart~ være i hæl~ på eit~nde forbanna hår på br~stet	med noko attåt sjå i kvitauget

Tabell 5.1 34 frasar med ulike problemstillingar i bokmål

### 2) Type variasjon som blir undersøkt med utgangspunkt i nynorsk

Avsnitt 5.6: sitatord frå bokmål og/eller dansk: *intet*, *tyr*, *fold*, *brodne*, *edder* – leksikon, ortografi og morfologi

Avsnitt 5.7: genitivsfrasar – syntaks og morfologi

1) Sitatord frå bokmål i nynorsk	2) s-genitivsfrasar		
	s-genitiv til hankjønnsord	s-genitiv til inkjekjønnsord	s-genitiv til hokjønnsord
intet er nytt under solen	etter alle kunstens reglar	talrike som havets sand	sakas kjerne
ta tyren ved hornene	i kampens hete	kome til skjels år og alder	tidas tann
vere tilbake i folden	djevelens advokat	kjøtets lyst	vere si eiga lykkes smed
det finst brodne kar i alle land	bruke apostlanes hestar	ha livets rett	utakk er verdas lønn
spy edder og galle	stridens eple	mørkets fyrste	i rettferdas namn

Tabell 5.2 20 frasar med ulike problemstillingar i nynorsk

Temaa i heile denne norm og bruk-undersøkinga har blitt teoretisk drøfta i dei fire første kapitla i avhandlinga, og her blir dei undersøkte empirisk. Dei konkrete frasane som blir undersøkte, er i avsnitt 5.3, 5.6 og 5.7 henta frå mi eiga samling på 700 frasar, men er i avsnitt 5.2, 5.4 og 5.5 henta frå anna litteratur (det blir gjort greie for undervegs). Utvalsprosessen på dette stadiet var basert på skjønn. For det første måtte frasane illustrere problemstillingane på ein god måte, og for det andre prøvde eg å finne frasar som eg rekna med var såpass frekvente i korpus at dei kan fortelje oss noko om frasebruken i målformene.

Rekkefølga frasane blir undersøkte i i kapittelet, er den same som i tabellane 5.1–5.2. Kwart avsnitt blir innleia med ei oversikt over korleis dei utvalde frasane i frasegruppa er oppførte i dei to bokmålsordbøkene *Det Norske Akademis Ordbok* (NAOB) og *Bokmålsordboka* (BOB) og i dei to nynorskordbøkene *Nynorskordboka* (NOB) og *Norsk Ordbok* (NO). Så kjem ei ususundersøking i den målforma der den undersøkte variasjonen er mest aktuell, etterfølgd av ei jamførande og oftast mindre omfattande ususundersøking i den andre målforma. Om sjølve problemstillinga ikkje er så aktuell der, er det ofte meir relevant å sjå på kva andre typar variasjon ein kan observere i den frasen i korpus. Dermed er det ikkje alltid identisk kva som blir undersøkt i dei to målformene. Kvar bolk blir så avslutta av ei oppsummering og mi vurdering av tilhøvet mellom ordbokføringane og usus, slik han kan observerast i skriftspråkskorpus.

Merk at når eg i dette kapittelet tidvis diskuterer former som på den eine sida er i tråd med eller innanfor norma, og på den andre sida er i strid med eller utanfor norma, handlar det om dei fastsette reglane for ortografi og morfologi. Om forma på ein frase

---

ikkje er i tråd med konvensjonane i ei målform i leksikon og syntaks, er det per definisjon ikkje normstridig.

## 5.1.2 Utval av frasar til mi eiga frasesamling

Frasesamlinga som eg brukar i dette kapittelet, er bygd opp rundt 713 frasar og frasekomponentar som er henta frå den norske delen av *Islex* (islex.no), *Prikken over i-en og andre uttrykk* (Vannebo 2011) og *Ord og uttrykk på fire språk* (Erichsen 2011). Vidare er det registrert om og korleis dei står oppførte i BOB og NOB, og eg har teke med forklaringane dei har fått, for å vise at det er snakk om parallelle frasar sjølv om dei kan vere førte med ein eller fleire typar av eigentleg variasjon i dei to ordbøkene. Det er ei svært ueinsarta gruppe som blir rekna som faste frasar i ordbøkene og frasesamlingane, men dei eg har teke med i frasesamlinga mi, høyrer alle til det eg omtalar som idiomklyngja eller ordspråksklyngja i figur 2.2., og dei er i tråd med definisjonen av faste frasar i avsnitt 1.1. Den komplette frasesamlinga kan ein studere på <https://dataverse.no/dataverse/uib>, og vidare eg går difor ikkje inn på kva konkrete frasar som overlappar, berre kva lakuner som er i BOB og NOB i dei ulike gruppene. På denne måten kan ein danne seg eit inntrykk av korleis desse ordbøkene framstiller frasetilfanget i bokmål og nynorsk basert på eit større utval enn dei som spesifikt blir undersøkte i norm og bruk-undersøkinga i avsnitt 5.2–5.8.

### 5.1.2.1 Utvalskriterium i frasar baserte på semantisk felt i Islex

Eg starta med å hente ut norske ekvivalentar til islandske oppslagsord i det semantiske feltet *kroppsdel* i *Islex*. Det er ikkje synleg for brukarane av dei digitale *Islex*-ordbøkene, men alle lemmaa er tematisk tagga, og som tidlegare redaktør kan eg hente ut alle lemma og ekvivalentar som høyrer til ulike grupper. Det hadde vore enklare å berre lage ei liste over kroppsdelar ein kom på i farten, men eg kjenner for godt til kvar ein del av lakunene og problema i BOB og NOB finst til at det hadde blitt eit vilkårleg utval av frasekomponentar. Dei norske ekvivalentane i *Islex* startar ofte ikkje på same bokstav som dei islandske lemmaa, så dermed blei det ei akseptabel alfabetisk spreing på dei norske orda sjølv om eg starta på toppen av den alfabetiske lista over islandske oppslagsord: *ansikt/andlet, arm, bak, bakbein, barm,*

*be(i)n, blemme, bringe, bryst, fang, favn/famn, finger, fingerspiss, fjes, fot, galle, panne, rumpe, rygg, tryne, vom, ø(y)re og øye/auge.*

Vidare ekserperte eg 150 frasar frå BOB og NOB med desse frasekomponentane. Som regel tok eg med alle ordstrengar i dei aktuelle ordartiklane som på grunn av den overførte tydinga hadde fått forklaring i ei eller begge ordbøkene, men ordspråket *full vom gjev rak rygg* i NOB er døme på oppføring utan forklaring, som eg likevel tok med. Ved lakuner har eg brukt fritekstsøk for å fange opp (synonyme) frasar som var oppførte under andre artiklar.

I tabell 5.3 går det fram kor mange kroppsdeleksfrasar med komponent frå *Islex* som både er førte i BOB og NOB, kor mange lakuner det er i bokmålsmaterialet (frasen står berre i NOB) og kor mange lakuner det er i nynorskmaterialet (frasen er berre i BOB).

	Idiom		Ordspråk	
	N	%	N	%
<b>Felles</b>	102	69,4	1	33,3
<b>Berre i NOB</b>	18	12,2	2	66,7
<b>Berre i BOB</b>	27	18,4	0	0,0
<b>SUM</b>	147	100,0	3	100,0

Tabell 5.3 *Idiom og ordspråk med komponent frå Islex*

Dei *Islex*-baserte kroppsdeleksfrasane skil seg frå dei andre gruppene eg har undersøkt, ved at det er enkeltord som er utvalskriterium. Elles har eg teke utgangspunkt i frasesamlingar. Grunnen til at eg valde denne litt omstendelege metoden, er at eg ikkje har funne frasesamlingar på nynorsk som ikkje har eit uforholdsmessig stort fokus på ordspråk (jf. tabell 5.3 og kor få ordspråk det eigentleg er i ordbøkene). Når eg valde denne målformnøytrale tilnærminga der eg har ekserpert frasar basert på ekvivalentar på både bokmål og nynorsk (*Islex* inneheld begge), er det for å kompensere for at dei to andre frasesamlingane eg brukar, tek utgangspunkt i bokmål. Det er likevel eit svakt punkt i det innsamla materialet at nynorsk ikkje er sterkare framme på kjeldesida, og det er eit viktig poeng å ha med når ein ser at dei fraseologiske lakunene gjennomgåande er flest i NOB (altså at frasane berre står i BOB). Det kunne vore annleis om ein hadde hatt moderne nynorske fraseordbøker å ekserpere frasar frå.

Med tanke på at eg har brukt oppslagsord frå begge målformer, i tillegg til at komponentane er henta frå det semantiske feltet *kroppsdel* (kroppsmetaforar blir i den kognitive teorien i stor grad rekna som tverrlingvistiske, og det skulle ein tru hadde overføringsverdi til dei metaforiske uttrykka i bokmål og nynorsk òg), hadde eg rekna med å finne ein større overlappl mellom desse idiomata i BOB og NOB enn i underkant av 70 %. På den andre sida er det ikkje stor forskjell på om lakunene finst i BOB (nær 14 %) eller i NOB (vel 18 %).

Idioma som berre står oppførte i NOB (dvs. er lakuner i BOB), er: *gøyme andletet, laste på baken, ikkje beinet, skjere til beinet, ha famnen full, få fingrane i, telje på fingrane, (få) fast fot, hjelp/få på fote, ikkje vite kva fot ein skal stå på, leggje for føtene sine, på fallande fot, gjere tjukke øyre, ha godt øyre, ha øyra med seg, ha øyret til, han har ikkje øyre på den sida og late att auga.*

Dei 27 idiomata som berre står i BOB, og dermed er lakuner i NOB: *det onde øyet, få noe i fanget, gjøre en skikkelig blemme, ha begge beina på jorda, ha et godt øye til, ha øye for, ikke få øynene fra, ikke tro sine egne ører, ikke ørens lyd å få, kunne se en i øynene, nære en slange ved sin barm, oppdagelsen slo beina vekk under alle tidligere teorier, på svake føtter, sette ned foten, sitte på sin bak, sitte ved ens føtter, skyte seg en kule for pannen, snakke for døve ører, stå med det ene beinet i graven, stå med ett bein i hver leir, stå opp med det gale beinet først, trykke til sitt bryst, utøse sin galle, vise sitt sanne ansikt, være lutter øre, være så redd for noe som sin egen øyenstein og øye for øye, tann for tann.*

Ordtaka som berre står oppførte i NOB: *mot i barmen og makt i armen er godt følge og full vom gjev rak rygg.*

Når ein ser på dei konkrete lakunene, kan det vere grunn til å tru at dette kan handle om at det finst så mange frasar med kroppsdelskomponentar at det kan vere litt tilfeldig kva for nokre som har kome med i ordbøkene – heller enn at den låge graden av overlapping uttrykkjer at målformene verkeleg er svært ulike når det gjeld kroppsdelssfrasar.



### 5.1.2.2 *Utvalskriterium i Prikken over i-en og andre uttrykk*

Idiomordbøkene til Vannebo var vi inne på i avsnitt 4.2.3.1. *Prikken over i-en og andre uttrykk* (Vannebo 2011) er ei revidert og utvida samleutgåve av idiomordbøkene hans frå 2006 og 2009. Dette er den viktigaste kjelda i materialet mitt, og til saman er 332 frasar henta frå denne samlinga. Vannebo gjer greie for opphavet til dei fleste frasane, i alle fall så langt det lèt seg gjere, og på bakgrunn av det har eg sortert frasane herfrå i tre grupper: 1) frasar med ikkje-nordisk opphav, 2) frasar med nordisk, men ikkje moderne norsk opphav og 3) frasar med moderne norsk opphav. Med moderne meiner eg at dei er frå nynorsk tid, og ikkje har norrønt opphav. Håpet var at dei tre gruppene skulle få ein storleik som gjorde dei eigna til jamføring med gruppa med kroppsdelssfrasar.

I første runde tok eg med alle frasar frå samlinga ut frå desse tre kriteria:

- frasen må stå oppført i BOB og/eller NOB
- frasen må vere eit fleirordsuttrykk i BOB eller NOB: I denne idiomordboka står «*bli/være/ha en akilleshæl*» (Vannebo 2011, 10), men i BOB og NOB er *akilleshæl* oppført som lemma med forklaring, ikkje som frase (og han er difor ikkje med i materialet mitt)
- frasen kan ikkje ha ein kroppsdel som sentral komponent (for at eg seinare kunne sjå om det var forskjell på kroppsdelssfrasane knytte til *Islex* og andre frasar).

Det viste seg å vere ei krevjande oppgåve å skulle plassere frasane til Vannebo i dei tre ulike gruppene. Med alle feilkjeldene det inneber, brukte eg desse kriteria:

- eg reknar ikkje frasar til gruppe 1) dersom Vannebo gjev opp ein europeisk ekvivalent, men det ikkje er opplagt at frasane har same opphav eller har same ikonografi (jf. Farø 2004a)
- når Vannebo reknar opp fleire språk frasen blir brukt i, t.d. *gå fra konseptene*, som både blir brukt i engelsk, fransk og latin, registrerer eg det «fjernaste» språket (i tid eller rom) som opphav (medviten om at det geografiske aspektet kan innebere feilkjelder)
- eg inkluderer ikkje frasar i gruppe 1) om det berre er eitt ord som har ikkje-nordisk opphav og ikkje frasen med overført tyding, som i *i lange baner* (Vannebo 2011, 33) og *heile sulamitten* (417). Grensene for dette er ofte uklare, jf. *gi/kaste noe(n) på båten* (75f). Slike tvilstilfelle blei sjekka mot *Bevingede ord* (Gundersen og Evensberget 2006), men i mange tilfelle finn eg ikkje opphavsinformasjonen eg er på jakt etter, der heller. Fleire frasar som har opphav i ikkje-nordiske språk, hamnar etter denne sorteringa i nordisk-gruppa (2) hos meg
- om Vannebo ikkje nemner andre språk, men har med dansk og/eller svensk fullekvivalent, reknar eg det som ein nordisk frase

Det tredje punktet ovanfor kan kanskje verke litt ulogisk, men eg håpar frasen *stopp en hal* kan illustrere kvifor eg har valt å gjere det slik. Vannebo (2011, 409) hevdar at det byggjer direkte på engelske *stop and haul* (og for prinsippet sin del er det ikkje avgjerande om frasen heller burde vore ført tilbake til nederlandsk), men eg reknar det som eit nordisk uttrykk sidan ein på engelsk (og nederlandsk) berre brukar dette som eit sjøuttrykk, medan vi både i dansk og norsk brukar det i overført tyding om ‘vent no litt’:



Figur 5.1 Skjermdump av oppslaget hal i Stor norsk-engelsk ordbok på *ordnett.no*

Tabell 5.4 viser korleis frasane frå Vannebo fordeler seg på dei tre kategoriane frasar frå ikkje-nordiske land, frasar frå Norden og frasar frå Noreg i:

	ikkje-nordiske frasar		nordiske frasar		norske frasar	
	N	%	N	%	N	%
Felles	136	88,3	111	91,0	46	82,1
Berre i NOB	2	1,3	0	0,0	2	3,6
Berre i BOB	16	10,4	11	9,0	8	14,3

Tabell 5.4 Frasar frå Prikken over i-en

Dei to lakunene i BOB i kategorien ikkje-nordiske frasar: *alle veier fører til Rom* og *med/på hogg og belegg*.

Dei 16 lakunene i NOB i kategorien ikkje-nordiske frasar: *sette himmel og jord i bevegelse, sluke/svelge kameler, gå all kjødets gang, skille klinten fra hveten, gå (rett) hjem, gyte olje på opprørt hav, være tilbake i folden, stridens eple, djevelens advokat, gi sitt besyv med, på den grønne grein, broddent kar, gi noen kurven, holde noen stangen, holde stikk og late noen i stikken*.

Dei elleve lakunene i NOB i kategorien nordiske frasar (inkl. norrøne): *i arilds tid, det er ikke mitt bord, de skrå bredder, steike i sitt eget fett, ta noe til følge, gjøre sine hoser grønne, gå noen hardt på klingen, krake søker make, falle/ramle/ryke av pinnen, være en saga blott og gi noen/være et skudd for baugen.*

Dei to lakunene i BOB i kategorien norske frasar: *gå i ball og bort i staur og vegger.*

Dei åtte lakunene i NOB i kategorien norske frasar: *få bakoversveis, stinn brakke, brann i rosenes leir, hele kostebinderiet, som hakka møkk, få mye pepper, tale Roma midt imot og gi full spiker.*

Det er ikkje overraskande at det er fleire lakuner i NOB enn BOB så lenge kjeldegrunnlaget er ei idiomsamling for bokmål. Samanlikna med kroppsdelsfrasane kan ein her mistenkje at fleire av lakunene er der av ein grunn (enten fordi normative leksikografar ikkje tykkjer dei høyrer heime i nynorsk, eller fordi brukarane reelt ikkje har institusjonalisert frasane i begge målformer). Her er t.d. både leksikalsk inventar som valdar problem (*kjød, fold, besyv, broddent, kurv, krake, blott*) og fleire s-genitivsfrasar (*stridens eple, djevelens advokat, brann i rosenes leir*).

Inndelinga av Vannebo-materialet i dei tre gruppene opnar opp for å sjå på om det er ein forskjell i nynorsk i om ein har teke inn frasar med romansk versus germansk opphav (jf. avsnitt 4.2.2). Igjen må eg ta atterhald om at det i mange tilfelle var vanskeleg å avgjere kva nasjonalitet ein skulle sortere dei ulike frasane under, så tala i tabell 5.5 bør lesast meir som tendensar enn eksakt kjeldefesting.

	tysk		engelsk		latin		bibelsk		fransk		låg-tysk		gresk		ita-liensk		spansk		andre	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>Felles</b>	40	85	20	83	16	94	13	76	16	100	10	91	7	88	4	100	2	100	8	100
<b>Berre i NOB</b>	0	0	1	4	0	0	0	0	0	0	1	9	0	0	0		0		0	
<b>Berre i BOB</b>	7	15	3	13	1	6	4	24	0	0	0	0	1	12	0		0		0	
<b>SUM</b>	47		24		17		17		16		11		8		4		2		8	

Tabell 5.5 Frasar med ikkje-nordisk opphav i Prikken over i-en fordelt på språk

Frasar med opphav i latin og dei romanske språka (fransk, italiensk og spansk) har ei overlappingsgrad på mellom 94 og 100 % i bokmål og nynorsk. I gresk gjev ein

enkeltfrase eit relativt stort utslag, men sju av åtte greske frasar står både i BOB og NOB. Overlappinga i frasar med tysk, lågtysk og engelsk opphav er noko lågare, med høvesvis 85, 91 og 83 %, men det er likevel høge tal (jamført med at det berre var 70 % av kroppsdelsidioma som overlappa). Merk at kvar fjerde bibelfrase ikkje står oppført i NOB, det kjem vi tilbake til i avsnitt 5.5. Eg har ikkje gått Vannebo etter i saumane og sjekka om han har vore konsekvent i bruken av merkelappen *tysk*. Ofte blir det brukt om det høgtytske riksspråket, kontrastert mot lågtysk, og med ei slik forståing kan ein mistenkje at fleire frasar burde vore kategoriserte som *lågtysk* over. Uansett har tysk i sine ulike former utan tvil vore det språket utanfor Norden som har prega fraseologien i begge målformer mest. Kategorien *andre* er språk som berre er representerte med ein frase, og der eg ikkje har klart å identifisere kva språk frasen opphavleg blei brukt i.

### 5.1.2.3 *Utvalskriterium i Ord og uttrykk på fire språk*

I *Ord og uttrykk på fire språk* gjev Gerda Moter Erichsen (2011) opp ekvivalentar til ulike ord og frasar på norsk, engelsk, tysk og fransk. Det er påfallande at ho har få uttrykk med klassisk opphav, men på den andre sida har ho mange fleire samanlikningsuttrykk (som eg reknar som ein del av idiomklungja, men som det er få av hos Vannebo) og ordspråk, så denne boka og samlinga til Vannebo utfyller kvarandre godt. Som hovudregel henta eg ut den nedste frasen på kvar side, det gav i utgangspunktet 243 frasar. Til slutt blei det 233 frasar frå denne boka, basert på desse unntaka:

- dersom eg har frasen i materialet frå før (i kroppsdelsfrasane eller i Vannebo), tok eg uttrykket som stod over på sida
- dersom oppslaget berre består av eitt ord, tok eg frasen ovanfor
- eg stilte same krava til ikkje-komposisjonaltitet her som når eg ekserperte kroppsdelsfrasane frå BOB og NOB sjølv. På side 10 er nedste frasen *miste ansikt* – det har eg med frå før – og den nest siste er *annenhånds* – som etter førre regel difor ikkje skal vere med, og vidare reknar eg verken *benytte anledningen*, *kaste anker*, *det angår ikke meg* eller *på alvor* som fraseologiske einingar med overført tyding, så det er eit døme på ei side eg ikkje har med frase frå
- om frasen ikkje står oppført i BOB og NOB, tek eg heller frasen som står over han på sida

I referanselista går det fram at Erichsen ikkje har brukt BOB og NOB som kjelder, det einaste einspråklege norske referanseverket hennar er *Bevingede ord*, saman med fleire verk på dei andre aktuelle språka og tospråklege ordbøker mellom dei. I denne

undersøkinga er dette sjølvstendige kjeldegrunnlaget ein fordel, elles reproduserer mange frasesamlingar kvarandre innanfor eit språk.

Det er tydeleg at norsk vekslar mellom å vere kjelde- og målspråk i samlinga, og for den jamne brukar er det truleg ikkje eit stort problem. Eg er mest overraska over at ein del uidiomatiske frasar ikkje har blitt korrigererte i 3. utgåve av boka, som er «ny og revidert» (Erichsen 2011, 5). I ekserperinga viste det seg nemleg raskt at fraseutvalet i boka ikkje er heilt til å stole på. Frasar er sjeldan fullekivalente på tvers av språk, og litt av problemet til Erichsen er at ho delvis tøyser dei norske frasane i overkant langt for å gjere dei ekivalente med uttrykk på engelsk, tysk og fransk. Mykje tyder på at forfattaren ikkje har morsmålskompetanse i norsk: *gjøre noen til aprilsnarr* (etter engelsk *make an April fool of someone* og tysk *jemanden in den April schicken*), *ikke ha marg i bena* (tysk *keinen Mumm in den Knochen haben*), *henge ved noens lepper* (tysk *an jemens Lippen hängen*), *danse ut av rekken* (tysk *aus der Reihe tanzen*) er døme på frasar ho gjev opp som norske, men som nokre enkle korpusøk tyder på at det er lite grunnlag for å ha med. Det er klart at ein kan seie *spille på alle strenger*, men det vanlege er å seie at *nokon har mange/fleire strengar å spele på* eller *spele på mange strengar*. Ein kan sjølv sagt *svømme mot strømmen*, men det idiomatiske på norsk er å *gå mot* han. Og til slutt er det nok vanlegare at folk *eter som en hest*, heller enn å *spise* som han.

Tabell 5.6 viser korleis frasane frå Erichsen fordeler seg på dei to hovudkategoriane idiom (dvs. at dei høyrer til idiomklyngja) og ordspråk (dvs. at dei høyrer til ordspråksklyngja):

	idiom		ordspråk	
	N	%	N	%
<b>Felles</b>	175	93,1	31	72,1
<b>Berre i NOB</b>	0	0,0	1	2,3
<b>Berre i BOB</b>	13	6,9	11	25,6
<b>SUM</b>	188	100,0	43	100,0

Tabell 5.6 *Idiom og ordspråk henta frå Ord og uttrykk på fire språk*

Det er ingen idiomlakuner i BOB, medan desse 13 idioma ikkje står oppførte i NOB: *gi bakerens barn brød, et ubeskrevet blad, behandle som et råttent egg, vandre heden, spise som en hest, hevnen er søt, samle glødende kull på ens hode, ringen er sluttet, tallrik som sand i havet, offentlig skittentøyvask, i ditt ansikts sved, gå i taket og gi noen frie tøyler.*

Eitt ordspråk står ikkje oppført i BOB: *den som tier, samtykker*, og 11 står ikkje oppførte i NOB: *begeret er fullt, det er aldri så galt at det ikke er godt for noe, blind høne finner også korn, krukka går så lenge til vanns at den kommer hankeløs hjem, målet helliger middelet, nød lærer naken kvinne å spinne, enhver er sin egen lykkes smed, utakk er verdens lønn, veien til helvete er brolagt med gode forsetter, æres den som æres bør og øst, vest, hjemme best).*

I relative tal er det meir overlapping mellom BOB og NOB i idiomklyngja enn i ordspråksklyngja. Om det hadde vore hald i at ein i nynorsk verdset den folkelege visdommen i ordspråka særleg høgt, kunne ein venta at det var fleire ordspråkslakuner i BOB enn NOB, men det er altså tvert om. I utvalet mitt av frasar frå *Ord og uttrykk på fire språk*, er over ¼ av ordspråka Erichsen har med, ikkje å finne i NOB. Det handlar nok gjerne om at dei ikkje blir oppfatta som «norske» nok.

Berre i liten grad har eg kommentert lakunene og jamført resultatata frå ulike kjelder. Då utvalet i for stor grad er basert på bokmålskjelder, eignar ikkje materialsamlinga seg til å dra bastante konklusjonar, men lakunene har likevel vore avgjerande for kva problemstillingar eg har ønskt å sjå nærare på i den vidare korpusundersøkinga.

## 5.2 Idiom med *ben* og *bein* (og *fot*)

Somme radikale variantar er symbolsk viktige, og ein kan referere til dei som *faneord* (Kola 2014, 51). Striden om forma *bein* strekkjer seg tilbake til tidleg på 1830-talet, då Henrik Wergeland og andre språkreformatorar tok i bruk eit språk som var farga av norske dialektord og former frå by og bygd, i tillegg til norrøne og svenske ord og nydanningar dei komponerte sjølve (Vinje 1978, 88). P.A. Munch var sterkt kritisk til denne fornorskinga. Han meinte at somme av dei norske orda og formene som språk-

reformatorane bruktel, som *Bein*, *Stein* og *Hei*, ikkje kunne gjere noko godt inntrykk på danna lesarar, då dei berre var i bruk blant «den laveste Pøbel i de mere forðærvede Egne» (Munch [1832] 1970, 186).

I 1917-reforma blei diftongar i ord som *bein*, *stein*, *hawk*, *graut*, *øi* og *røis* innførte som valfrie former (Indstilling 1917, 26ff; Jahr 2015, 78). Med 1938-reforma fekk mange enkeltord i bokmål ei form som låg nærare nynorsk og/eller dei fleste dialektane (Torp og Vikør 2014, 268). Diftong blei påboden i ein del ord som *geit*, *stein* og i adjektivsamansetningar med *bein* (*beinhard*, *beinleies*), medan monoftong-former og diftongformer blei jamstilte dobbelformer i andre, som i substantiva *bein/ben* og *leik/lek* (Ny rettskrivning 1938, 12ff). I læreboknormalen av 1959 blei mange jamstilte hovudformer frå 1938 gjort til sideformer. Substantivet *bein* blei då den einaste hovudforma (Lundeby og Sørli 1959, 9), og det betyr at alle som måtte skrive innanfor den såkalla læreboknormalen (dvs. statstilsette og lærebokforfattarar) måtte bruke den forma, medan [*ben*] blei sideform, og dermed tillaten for elevar. I 1991 blei formene *ben* og *bein* igjen jamstilte (Språkrådet u.å.-b).

Riksmålsrørsla har hatt ein tradisjon for å skilje mellom variasjonar i ord- og bøyingsformer for å markere stillag, slik at austnorske dialektformer (t.d. *bein*) representerer lågprosa og tradisjonelle riksmålsformer (t.d. *ben*) representerer mellom- og høgprosa (Vikør 2007, 164). Bjerke ([1960] 1968b, 132) hevda at riksmålsformer ofte uttrykkjer ein abstrakt og figurleg nyanse, medan dei særnorske formene uttrykkjer det konkrete og bokstavlege. Når bokmålsususet, iallfall i publiserte tekstar, ser ut til å ha bevega seg i retning riksmålet, og riksmålet har nærma seg offisielt bokmål, er det då slik at dagens bokmålsbrukarar vel dei mest konservative formene i frasar? Ruth Vatvedt Fjeld (2015, 46) har sett på korleis valfridomen i norsk blir utnytta i fleiordseiningar, mellom anna i frasar med ortografisk variasjon i komponenten *ben/bein* i Leksikografisk bokmålskorpus (LBK), jf. tabell 5.7. Generelt peikar ho på at radikale og folkelege bokmålsformer gjerne blir brukte humoristisk, også av meir språkleg konservative språkbrukarar. Når det gjeld det spesifikke paret, fann Kjersti Wictorsen Kola (2014, 73) i masteroppgåva si at det i LBK totalt er 7 753 førekomstar (54 %) av den radikale

forma *bein* og 6 617 forekomstar (46 %) av den konservative forma *ben*, men at bruken av radikale former i andre ordpar varierer frå 0 til 94 % – så ein skal vere varsam med å generalisere om bruken av konservative og radikale variantar ut frå eit enkeltpar med former.

	ben	bein
stå på egne ~	140	99
få ~ å gå på	12	16
sette sine ~	10	2
ha ~ i nesen	4	2
mange/flere om ~et	2	10
ha ~ i nesa	2	18
<b>Sum</b>	170	147

Tabell 5.7 Fjelds (2015, 47) undersøking av *ben/bein* i idiomatiske frasar i LBK

Undersøkinga til Fjeld viser at i det mest frekvente idiomet for begge variantar, *stå på egne ben/bein* ('klare seg sjølv'), kan variasjonen mellom variantane seiast å vere fri, medan *være mange om benet/beinet* ('konkurrere om eit gode') har stor overvekt av diftongvarianten. Det siste meiner ho er overraskande. Føringa av frasen i NO, sjå tabell 5.8, gjer det klart kva for type *bein* vi har med å gjere i idioma *vere mange/fleire om beinet*: «*det er mange hundar om beinet*». Det er enkelt å sjå føre seg korleis hundane slåst om ein knoke med kjøtrestar på – og korleis menneske kan slåst om eit gode på tilsvarande måte. Spørsmålet er om frasen ikkje blir brukt litt nedsetjande, og at det difor ikkje burde overraske at diftongvarianten er mest frekvent.

*Sette sine ben/bein* ('besøkje eller opphalde seg på ein nemnd stad') har i tabell 5.7 ei overvekt av *ben*. Konklusjonane Fjeld dreg, er at ulike uttrykk har ulik fordeling, og at diftongforma oftare er kombinert med *a*-ending på substantivet (jf. *bein i nesa*): «Dette passer med at både *a*-former og diftonger er folkelige og mest brukt i talemål og stemmer også med klyngeteorien [til Dyvik] og stilistisk sammenheng. Likevel kan man ikke si at noen av kombinasjonene er ubrukelige, selv om de er stilmarkert» (Fjeld 2015, 47f). Undersøkinga til Fjeld viser at det er ein reell valfridom mellom *ben* og *bein* både i enkeltord, samansette ord og frasar, men dess meir konkret tydinga er, dess større tilbøyelegheit er det til å bruke radikale former, hevdar ho (48).



NAOB		BOB		NOB		NO	
lemma	Frase	lemma	Frase	lemma	frase	lemma	Frase
ben	<i>stå på egne ben</i> 'greie seg på egen hånd'	bein el. ben	<i>stå på egne bein</i> 'være (økonomisk) uavhengig'	bein	NA	bein	<i>(kunna) stå på egne bein</i> '(kunna) stå utan hjelp, (kunna) greia seg sjølv'
fot	NA	fot	NA	Fot	<i>stå på egne føter</i> 'greie seg sjølv'	fot	<i>stå på egne føter</i> '[...] (serl:) greia seg sjølv utan hjelp el støtte frå andre'
ben	<i>få ben å gå på</i> 'forsvinne i en fart'	bein el. ben	<i>få bein å gå på</i> 'penger, goder som forsvinner fort'	bein	NA	bein	<i>gjeva, få bein å gå på</i> 'øyda, øydast opp'
fot	<i>få føtter å gå på</i> 'få ben å gå på   se <u>ben</u> '	fot	NA	Fot	<i>kakene, pengane fekk føter å gå på</i> 'fekk avsetnad, gjekk unna'	fot	<i>få føter (til) å gå på</i> '(serl om pengar, midel o l) verta øydt, verta fort oppbrukt'
ben	<i>ikke sette sine ben (et bestemt sted)</i> 'ikke ville bevege seg til eller befinne seg på (et bestemt sted)'	bein el. ben	<i>der vil jeg ikke sette mine bein mer</i>	bein	NA		NA
fot	<i>sette sin fot (et sted)</i> ' <b>SÆRLIG I NEGATIVE UTTRYKK:</b> gå eller komme (et sted)'	fot	<i>jeg setter ikke min fot der i huset mer</i>	Fot	NA	fot	<i>setja (sin) fot (foten sin) ein stad</i> 'gå, koma ein stad (serl i nekt uttr)'
ben	<i>ha ben i nesen</i> 'ha sterk vilje, vite hva en vil og sette det igjennom'	bein el. ben	<i>ha bein i nesen</i> 'ha sterk vilje'	bein	<i>ha bein i nasen</i> 'vite kva ein vil, vere viljesterk'	bein	<i>ha bein i nasen</i> 'vera viljesterk, vita kva ein vil'
ben	<i>mange om beinet   benet</i> 'mange som konkurrerer om et gode'	bein el. ben	<i>være mange om beinet</i> 'ha hard konkurranse'	bein	<i>det er mange om beinet</i> 'mange som tevlar (om ei stilling o l)'	bein	<i>det er mange hundar om beinet</i> 'mange som tevlar om det (t d eit gode, ei stilling)'

Tabell 5.8 Oppføringer av idiom med bein/ben og fot i norske ordbøker

Å bruke *foot* om ‘gangleme’ (lår, legg og fotblad) er ifølgje *Norsk Ordbok* vanleg, utanom i flatbygdene på Austlandet. Ser ein nærare på kroppsdelefraseane i avsnitt 5.1.2, er det fleire fraseologiske lakuner i artikkelen *foot* i BOB, medan NOB har fleire lakuner i artikkelen *bein*. I tillegg var det fleire frasar som i den eine ordboka blei realisert med *bein*, der det i den andre blei brukt *foot*, difor tek eg med *foot* i tabell 5.9.

For å lette jamføringa lét eg fraseane i ordbokundersøkinga stå i same rekkjefølgje som hos Fjeld. Eg har gjennomgåande teke med forklaringane til alle fraseane for å vise at det er snakk om den same frasen sjølv om det kan vere ulike variasjonar av han på dei ulike nivåa.

Ingen av ordbøkene har med varianten *vere/være fle(i)re om be(i)net*, og difor er ikkje frasen med i ordbokundersøkinga i tabell 5.8. At det er vanleg i mange norske målføre å bruke *foot* om ‘gangleme’, kan til ei viss grad forklare kvifor to av fem frasar med *foot* ikkje er med i BOB, samstundes som tre av fem frasar med *bein* ikkje er med i NOB. Spørsmålet er om desse to ordbøkene gjer for mykje ut av dette tradisjonelle leksikalske målformskiljet, der nynorskbrukarar altså har brukt *foot* om ganglemmen i høgare grad enn bokmålsbrukarar. Det er iallfall påfallande at BOB og NOB som blei utforma parallelt og delvis byggjer på kvarandre, presenterer målformskilnadane som større enn om vi ser på dei meir omfattande ordbøkene NAOB og NO, som er utvikla heilt uavhengig av kvarandre.

I bokmålsordbøkene NAOB og BOB illustrerer fraseane med *ben/bein* korleis NAOB i redaksjonsspråket nyttar konservative former (som *ben* med monoftong), der BOB ofte brukar meir radikale former (*bein* med diftong). NAOB har med begge ortografiske former i frasen *mange om beinet|benet*, men elles brukar begge ordbøkene berre si «føretrekte» form. Variasjonen i undersøkinga til Fjeld kan tyde på at begge ordbøkene er meir styrte av redaksjonelle val enn å ha som mål å vere deskriptive.

Føringa i *Norsk Ordbok setja (sin) foot (foten sin) ein stad* er syntaktisk interessant, og det viser at ususundersøkingane må omfatte begge dei syntaktiske konstruksjonane.

### 5.2.1 Bokmålsførekomstar

Fjeld (2015, 48) er sjølv inne på at eit større materiale kunne gjeve sikrare tal (i tabell 5.7 ovanfor). Problemet er at faste frasar er så lågfrekvente i samanhengande tekst at mange korpus, sjølv med ein storleik på 100 millionar ord som LBK og NON, gjev relativt få førekomstar av kvar frase. Dei føretrekte variantane til enkeltpersonar som er representerte i korpuset, kan i slike tilfelle gje store utslag. Resultata av fraseologiske ususundersøkingar avheng difor ofte av kva korpus ein brukar, og korleis dei er sette saman. I eit slikt lys er det interessant å sjå på resultat til Fjeld, baserte på LBK med rundt 100 millionar ord i eit balansert korpus, opp mot eit korpus med nettpublikasjonar med nærare 1,2 milliardar ord: HaBiT.

	normerte bokmålsformer						nynorsk	
	ben			Bein			andre variantar	føter
	N	per mill.	%	N	per mill.	%	N	
(stå) på egne ~	1632	1,20	<b>61,6</b>	1015	0,74	38,4	føtter: 52	0
sette *ine ~	378	0,30	<b>58,0</b>	274	0,20	36,4	sette ben *in: 14 sette vår ben: 16 sette ben vår: 3 sette deres ben: 1 sette bein *in: 40 sette vår bein: 9 sette bein vår: 1 <u>sette deres bein: 1</u> sette *in fot: 740 sette fot *in: 99 sette vår fot: 25 sette fot vår: 7 sette deres fot: 6 sette fot deres: 2	0
(ha) ~ i nesen	37	0,03	30,8	83	0,06	<b>69,2</b>		0
(få) ~ å gå på	180	0,16	30,6	409	0,30	<b>69,4</b>	føtter: 64	0
(ha) ~ i nesa	64	0,05	11,3	502	0,40	<b>88,7</b>		0
flere om ~et	4	<0,01	8,5	43	0,03	<b>91,5</b>		0
mange om ~et	17	0,01	5,1	319	0,20	<b>94,9</b>		0
Sum	1997			2407			257	0

Tabell 5.9 Idiomatiske frasar med ben/bein i bokmålsdelen av HaBiT-korpuset

Det som står utanfor parentesane til venstre i usustabellane, er søkjeuttrykka eg har brukt i korpus. I bokmålsdelen av HaBiT søkjer ein på alle bøyingsformer om ein

brukar det enkle søket, så når ein t.d. søker på «sette \*in bein», får ein òg treff på *satt sine bein* osv. Søket «sette \*in fot» gjev treff både på *sette dine føtter* og *setter sin fot*. Det er søkjettrykka i første kolonne som ligg bak dei absolutte tala på førekomstar og frekvens per million løpeord i korpuset. Dei relative tala er fordelinga mellom diftong- og monoftongvariantane, og eg vel å rangere frasane etter desse. Kolonnen lengst til høgre er teken med for å vise om det er lån mellom målformene på ortografisk nivå.

Tendensane i tabell 5.9 er dei same som hos Fjeld, men dei blir tydelegare med eit større talmateriale. Det er dei same to frasane, *stå på egne ben* og *sette sine ben*, som har overvekt av konservative monoftongformer i dei to undersøkingane. I begge refererer *ben* til kroppsdelane vi står på og går med. Det var ingen treff på *sette benene \*ine* eller *sette beinene \*ine*, så varianten med typisk norsk bygnad i form av etterstilt possessiv og dobbel bestemming blir berre brukt saman med *a*-forma i bestemt form fleirtal av inkjekjønnsordet *be(i)n*. Legg òg merke til at når possessivet er etterstilt, er diftongforma mest brukt, der førestilt possessiv oftast førekjem med monoftong (som i dansk). I bokmål er det i alle variantar som er undersøkt, vanlegast med førestilt possessiv i denne frasen. Talet på formene *sette \*in(e) fot/føtter* og *sette foten/føttene \*in(e)* er høgt, men samstundes er det ein god del treff som ikkje er idiomet, som dette: «Den første greina jeg satte foten min på knakk, og fikk hjertet mitt til å slå et ekstra slag» (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: skriv.no), og eg har ikkje gått manuelt gjennom dei.

Eit nyttig aspekt ved å sjå på den leksikalske variasjonen mellom *be(i)n* og *fot* er at det tydeleggjer at somme av frasane handlar om ganglemmen (lår, legg og fotblad), mens det i dei andre frasane er snakk om ein knokkel. Den tredje frasen med komponenten brukt om ein ganglem er *få be(i)n å gå på*. Det som skil denne frå dei to andre ganglemfrasane, i tillegg til at han oftast blir realisert med diftong, er at det aldri er menneske som *får bein å gå på* i idiomatisk tyding. I dei første førekomstane i HaBiT<sub>BM</sub> er det *skrivetrangen*, *oljekroner*, *penger*, *de nye leilighetene* og *Kvikk Lunsj-Lua* som har fått *ben å gå på*. Monoftongrealiseringar av komponenten er i dette utvalet berre i overtal i idiom som refererer til ein menneskeleg ganglem i nokså konkret tyding.

Dei relative tala viser at variasjonen er mindre i frasar der det radikale *bein* (om knokkelen) dominerer. Særleg interessant er *ha ~ i nesen*. Fjeld peikar på at det ser ut til å vere ein tendens til at *a*-endingar blir brukte saman med diftong, men det vi ser her, er at sjølv om *nese* er brukt med hankjønnsbøyinga *-en*, er det diftongvarianten *bein* som er klart i fleirtal (med nær 70 %). *Bein* om knokkel ser i fraseutvalet mitt ut til å vere ein viktigare faktor enn om *nese* blir bøygd som hankjønn eller hokjønn. Det er ein friare variasjon mellom *bein* og *ben* i frasane som har overvekt av monoftongrealisering, i tillegg til at dei òg tek variasjon med *fot/føtter*.

Med atterhald om at bokmål ikkje er hovudmålet mitt, er det for meg ikkje intuitivt å knyte dei undersøkte frasane som blir realiserte med *ben* til noko meir poetisk eller høgverdig enn dei som blir realiserte med *bein*. Eg ser heller ikkje at det er gruppeskilnad mellom frasane som blir realiserte med *ben* versus *bein* på den måten at den eine har ei meir overført tyding enn den andre. Om noko, vil eg seie at *ben*-frasane kanskje er hakket meir komposisjonelle, noko som går heilt på tvers av tradisjonelle førestillingar av korleis det skal vere. Eit større utval trengst for å kunne slå fast om det er ein semantisk splitt (sjå avsnitt 2.7.1) mellom *ben* om menneskeleg ganglem og *bein* om knokkel, men dette utvalet kan tyde på det. Det kan ha samband med at *ben* 'ganglem' blir brukt i staden for *fot* i dei mest dansknære (og svensknære) dialektene og dermed får overrepresentasjon av monoftongforma i språkkjensla til folk, mens det ikkje er tilfelle med *bein* 'knokkel'. For idiom med diftong- og monoftongrealisering av *be(i)n* går det ikkje an å sjå tendensar til ei utvikling av bokmålet i konservativ lei.

### 5.2.2 Nynorskførekomstar

I nynorsk er *bein* eineform. Ordbøkene viste likevel at det kan vere ein interessant leksikalsk variasjon i nynorsk mellom *bein* og *fot*, der *fot*-varianten kanskje kan seiast å vere meir talemålsbasert. Skal ein tru *Nynorskordboka*, er *fot* ei meir brukande form enn *bein* i frasane der det er snakk om ganglemmen, men er det i tråd med *usus*?

I *setje beina* *\*ine/setje \*ine bein*, søkte eg på *beina \*ine*, *\*itt bein* og *\*ine bein* (og tilsvarande med *\*ine føter*, *\*in fot* og *føtene \*ine*) og talde manuelt kor mange som var

reelle førekomstar av frasen. Søk på *s\* beina/føtene våre*, *s\* våre føter/bein*, *s\*dykkar/dokkar føter/bein* og *s\* føtene/beina dykkar/dokkar* gav berre eitt relevant treff på *setje føtene våre* – så eg valde difor å ikkje sette inn desse lite relevante søkjestrengane i tabellen. Dessverre er nynorskdelen av HaBiT ikkje utstyrt med same søkefunksjonalitet som bokmålsdelen (som er ordklassetagg), og det gjer det meir krunglete å søkje. Det er ei uheldig nedprioritering av nynorskressursen.

	normerte former						bokmål			
	bein			fot			ben		føtter	
	N	per mill.	%	N	per mill.	%	N	per mill.	N	per mill.
(ha) ~ i 'nasa	13	0,20	100,0	0	NA	0,0	0	NA	0	NA
(ha) ~ i nasen	10	0,16	100,0	0	NA	0,0	0	NA	0	NA
fleire om ~	5	0,08	100,0	0	NA	0,0	0	NA	0	NA
mange om ~	2	0,03	100,0	0	NA	0,0	0	NA	0	NA
(stå) på egne ~	149	2,33	94,9	8	0,13	5,1	0	NA	0	NA
(få) ~ å gå på	43	0,66	82,7	9	0,14	17,3	0	NA	0	NA
s* *ine ~	18	0,33	80,0	5	0,09	20,0	0	NA	1	0,02
(setje) ~ *ine	2	0,03	28,6	5	0,09	71,4	0	NA	0	NA
s* *itt/*in [EINT.]	0	NA	0,0	24	0,44	100,0	0	NA	0	NA

Tabell 5.10 Idiomatiske frasar med ben/bein i nynorskdelen av HaBiT-korpuset

Den leksikalske eininga *fot* blir brukt i vendinga med possessiv + eintalsformene av *bein/fot*: *setje \*in fot* (jf. (5:1 a)), men det er ingen treff på *setje \*itt bein*. Dessutan blir *føtene* brukte når syntaksen er prototypisk nynorsk, med etterstilt possessiv og dobbel bestemming, sjå (5:1 b). I bokmål var det i tabell 5.9 ingen førekomstar som hadde nynorskortografi, og det var som venta. Men er det slik at nynorskbrukarar i stort mon dreg inn bokmålsformer i frasebruken sin? Tabell 5.10 tyder på at det ikkje er tilfelle. 283 førekomstar står med normerte former av *bein/føter*, og 1 har bokmålsortografi, jf. (5:1 c).

- (5:1) (a) NN Denne tysdagen er fyrste gong dei tre rektorkandidatane **set sin fot** i ein bowlinghall. (HaBiT<sub>NN</sub> 2005: old.studvest.no)
- (b) NN Det Knut ikkje visste var at det ikkje berre var Slappstad sine kjekke ungdomar som var informerte om den føreståande hendinga. Bølle-Leif og gjengen hans, Leiferne, som var dei verste utskudda som nokon gong hadde **sett føtene sine** i Slappstad, budde seg og, på deira spesielle måte. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å.: propaganda.net)

- (c) NN Etter det vi kjenner til, er det fyrste gong ein fotballpresident har **sett sine føtter** på Naustdal stadion. (HaBiT<sub>NN</sub> 2013: klubbinfo.no)

Den mest markante feilbruken i nynorsk i tabell 5.10 er at det er fleire som brukar unormert hokjønnsbøying (*nasa*) i staden for den normerte forma (*nasen*) i *nase* (m). Det er truleg eit utslag av at mange nynorskbrukarar kjenner *nase* som hokjønnsord i talemåla sine, og det kan ha samanheng med den dialektale hokjønnsforma *nos* (norrønt *nōs*, med same opphav som *nase*). I dette tilfellet er det ikkje godt å seie om det er bruken eller normeringa som er feil; det er mogeleg at Språkrådet ut frå bruksprinsippet og talemålsprinsippet burde omnormert leksemet til å vere både hankjønnsord og hokjønnsord. Det store bildet i tabell 5.10 er at nynorskbruken er innanfor den fastsette norma.

### 5.2.3 Oppsummering og vurdering

I bokmål er diftongvarianten den klart dominerande i alle frasane der *be(i)n* blir brukt om knokkel. Eg stiller meg tvilande til konklusjonen til Fjeld om at diftongvarianten blir meir frekvent dess meir konkret tydinga er, då eg har vanskeleg for å sjå at t.d. *ha bein i nesa/nesen* er meir konkret enn *sette sine ben*, jf. tydingane i tabell 5.9. Det er lite samsvar mellom usus og dei konservative NAOB-føringane *få ben å gå på* og *ha ben i nesen*. Med det er heller ikkje uproblematisk at BOB berre brukar diftongvarianten om ganglefrasane *sette sine bein* og *stå på egne bein*, som i over 60 % av førekomstane blir realiserte med monoftong. At ein i BOB dessutan har valt ei slags blandingsform med *bein i nesen*, er direkte i strid med den reelle bruken, for den mest frekvente varianten er *bein i nesa*. I fleirtalet av frasane er det grunn til å vise ordbokbrukarane at begge former er brukande. NAOB har med begge variantar i *mange om beinet* | *benet*, og ordboka gjev på den måten ein modell for korleis variasjonen kan synleggjerast. Spørsmålet er om ein (dersom ein tek mål av seg til å vere deskriptiv) treng vise fram monoftongforma når 95 % av førekomstane av denne spesifikke frasen har *bein*? Eg har ikkje teke mål av meg til å gje svar på korleis frasar burde presenterast i norske ordbøker, men det er enkelt å slå fast at variasjonen er omfattande, og at det fort bryt mot usus om ein berre følger ei redaksjonell linje.

Sjølv om  *fot*-variantane blir mindre brukte enn  *ben* i bokmålsfrasane som refererer til ganglemmen, er dei likevel nok brukte til at BOB trygt kunne hatt dei med i artikkel- en til  *fot*. Like lite samsvar med usus er det at NOB ikkje har med frasane ( *få*)  *bein å gå på* (som er mykje meir frekvent enn  *få føter å gå på*) og  *setje sine bein/setje sin fot/setje sine føter*. Målformskilnaden der nynorskfolk oftare brukte  *fot* om ganglemmen enn bokmålsfolk, ser ut til å ha endra seg, eventuelt er han sterkt overdriven i NOB. Begge standardordbøkene er med på å skape eit inntrykk at målformskilnadane er større enn dei reelt sett er i dei utvalde frasane, og overlappinga mellom dei to sjølvstendige verka NAOB og NO er større enn den mellom ordbøkene som byggjer på kvarandre.

### 5.3 Den stygge *a*-en

I bokmålsmorfologien er det særleg *a*-endinga som, iallfall frå språkkonservativ synsstad, fungerer som markør for dialektal og folkeleg lågstil. P.A. Munch ([1832] 1970, 186) skreiv at det var «utaaleligt» å sjå «det platte, aldeles pøbelagtige «*a*» som i den senere Tid har indsneget sig» i femininum og nøytrum, og striden om bøyingsmorfemet har gått varmt sidan.

I 1938-reforma blei hokjønnsendinga *-a* gjort obligatorisk i bestemt form eintal i over 1000 bokmålsord som  *bjørka, gata, høna, øksa*, der ein tidlegare hadde kunna velje mellom *-en* og *-a* (Wangensteen 1997). Dette gjaldt særleg ord frå kvardagslivet, norsk natur og bygdeliv, nedsetjande ord og ord med «særnorsk» lydform, som i praksis betydde at ho skilde seg frå den danna daglegtalet (Torp og Vikør 2014, 268). Ved sirka 130 ord, til dømes  *aske, jul, stund, slekt, tid* og  *uke*, var det framleis valfridom. Inkjekjønning i bestemt form fleirtal fekk obligatorisk *-a* i somme ord som  *barna, beina* eller  *bena, dyra, garna, nausta, spanna* og  *vatna*, i tillegg til i rundt 400 ord med særnorsk lydform:  *andleta, banda* ved sida av  *båndene, brotta* ved sida av  *bruddene, golva* ved sida av  *gulvene*. I verbbøyinga blei *-a* jamstilt med *-et* i preteritum og perfektum partisipp av verb i  *kaste*-klassa. I ein del ord med særnorsk lydform blei *-a* obligatorisk:  *bleikna, brotna, kviskra, mjukna, mjølka, vakna* (Wangensteen 1997).




Det viktigaste som skjedde i bokmålet i læreboknormalen av 1959, var at talet på jamstilte hovudformer blei redusert. Først og fremst var det tradisjonelle former som *dugg, trett, mel, sen* og *mave* som no blei sideformer (Torp og Vikør 2014, 270). Når det gjeld *a*-former i substantiv og verb, blei systemet frå 1938 i det store og heile ført vidare: konkrete hokjønnsord, som *bok*, skulle ha *-a* i bestemt form, medan abstrakte ord, som *sjel*, skulle ha valfri *-a* eller *-en*. Ein del hankjønnsendingar fekk rett nok status som sideformer. I 1981-reforma fekk alle hokjønnsord valfritt *-a* eller *-en*, med unntak av visse faste uttrykk, som *i blinda, blåmyra, så busta fyker, høy på pæra*. Alle inkjekjønnsord skulle etter 1981-reforma ha valfritt *-a* eller *-ene* i bestemt form fleirtal både i rettskrivinga og i læreboknormalen. Den tradisjonelle forma *-ene* blei i nokre få tilfelle sideform. Inkjekjønnsord på *-e* (*eple, stykke*) hadde før berre hatt *-ene*, og dette går mot den elles nokså reaksjonære hovudtendensen i 1981-normalen. Ved bøyning av svake verb skulle preteritum på *-a* og *-et* vere mest mogleg jamstilte (Wangensteen 1997). Etter 2005-reforma i bokmål er *-a* og *-en* jamstilte former i bestemt form eintal i alle substantiv som kan ha *-a*, òg i ord der *a*-forma er heilt dominerande i vanleg språkbruk (Torp og Vikør 2014, 274). Dermed er det i dag mogleg å velje maskulinumsendinga *-en* i fleire ord i det offentleg normerte bokmålet enn det er i riksmål, som har obligatoriske *a*-endingar i ord som *jenta, kua, bikkja, fylla* og *øya* (Riksmålsordlisten 2015).

Før vi går over til å sjå på ordbokføringar og usus i ein del frasar med komponentar som kan ta *-a* som bøyingsmorfem, kan det vere greitt å danne seg eit inntrykk av korleis språkbruken er i bokmål no. Helge Dyvik (2018) har undersøkt bruken av *-en* versus *-a* i vel 900 potensielle hokjønnsord i NorGramBank. Denne trebanken omfattar aviser, sakposa, barnebøker og romanar og er på sirka 45 millionar ord. Berre lemma som førekjem ti eller fleire gongar i bestemt form eintal i bokmålsdelen, er med. Undersøkinga er oppsummert i figur 5.2, som viser prosentdelen førekomstar i trebanken som har hankjønnsendinga *-en* når substantiva langs x-aksen er sortert frå maksimal til minimal del hankjøn.

Slik oppsummerer Dyvik sjølv grafen: «Kurven viser at 828 potensielle hankjønns-substantiver har *-en* i mer enn 50 % av tilfellene, det vil si 89,6 % av substantivene.

247 substantiver, eller 26,7 %, har bare *-en*» (Dyvik 2018). Blant orda som berre tek hankjønnsending finn vi *beslutning, evne, mulighet, omsorg, sannsynlighet* og *tillit*, men òg konkrete substantiv som *grønnsak, krokodille, løve* og *p-pille*.



Figur 5.2 Prosentdelar *-en* ved 924 potensielle hokjønnsord, frå Dyvik (2018)

I NorGramBank-tekstane er det altså berre 96 substantiv (10,4 %) som har *a*-ending i meir enn 50 % av tilfella. Blant desse er det, ikkje overraskande, ein god del heimlege fugle-, fiske- og dyrenemningar (*kråke, rype, sild, geit* og *gaupe*), nemningar for biologiske hokjønn (*jente, kjerring, kone, kokke, heks*), norske landskapsord (*vik, elv, øy, bukt, grøft, tue, gran, bjørk, li, myr*) og det klassiske dømet *bygd*. Det er berre i dei tre lemmaa *fitte, fyll* og *småjente* at 100 % av førekomstane har *a*-ending.

Korleis er det så med bruken av den pøbelaktige *a*-en i faste frasar? Frasane i tabell 5.11 er henta frå *Ord og uttrykk på fire språk* (Erichsen 2011). Eg gjekk gjennom dei 232 frasane derifrå i samlinga mi for å finne komponentar som både kan realiserast med ein radikal *-a* og ei konservativ form på bokmål. I dei første åtte frasane er det eit substantiv som enten kan få hankjønns-*en* eller hokjønns-*a* i bestemt form eintal, men eg har òg med to frasar med inkjekjønnsord i bestemt form fleirtal, som kan bli realiserte med endingane *-a* eller *-ene*. I dei to siste frasane er det snakk om supinumsformer av verb frå *kaste*-klassa (sjølv om NO rett nok ikkje bøyer det på den måten), som enten kan realiserast med *-a* eller *-et*.

NAOB		BOB		NOB		NO	
lemma	frase	lemma	frase	lemma	frase	lemma	frase
Aske	<i>fra asken til ilden</i> ‘fra en dårlig stilling til en enda verre’	aske	<i>fra asken til ilden</i> ‘fra en ubehagelig situasjon til en enda verre’	Eld	<i>frå oska til elden</i> ‘frå vondt til verre’	eld	<i>koma frå oska og fram i elden</i>
lykke	<i>lykken er bedre enn forstanden</i> ‘tross dumhet og uten egen fortjeneste er man heldig nok til å greie en vanskelig situasjon’	lykke	<i>lykken var bedre enn forstanden</i>	lukke el. Lykke	<i>lykka er betre enn forstanden, framferda, vitet</i>	lukke el. lykke	<i>lukka er betre enn forstanden, vitet, åtferda</i> ‘ha meir hell enn framferda skulle tilseia’
dugg	<i>forsvinne/bli borte som dugg (for solen)</i> ‘forsvinne hurtig og sporløst’	dugg	<i>forsvinne som dugg for sol(en)</i> ‘fort’	Dogg	<i>kverve som dogg for sol</i> ‘fort og sporlaust’	dogg	<i>kverva som dogg for sol (meir sj vind)</i> ‘kverva snøgt og sporlaust’
morsmelk	<i>få noe inn med morsmelken</i> ‘få del i noe, bli fortrolig med noe fra tidlig barndom’	morsmelk el. – mjølk	<i>få inn med morsmelka</i> ‘bli fortrolig med noe fra tidlig barndom’	morsmjølk	<i>få inn med morsmjølka</i> ‘bli fortruleg med (noko) frå tidleg barndom’	morsmjølk	<i>få inn noko med morsmjølka</i> ‘bli fortruleg med noko frå tidleg barndom’
pølse	<i>en pølse i slaktetiden</i> <b>BRUKT FOR Å UTTRYKKE AT ET ENKELT TILFELLE BLANT MANGE HAR LITEN BETYDNING, AT NOE ER EN BAGATELL I DEN STORE SAMMENHENG</b>	pølse	<i>en pølse i slaktetiden</i> ‘det er ikke så nøye med noe det er overflod av’	Pølse	<i>pølse i slaktetida</i> ‘ein bagatell i den store samanhengen’	pølse	<i>ei pølse i slaktetida</i> (el i <i>slaktinga</i> ) ‘noko som er lett å få tak i, ein bagatell i den store samanhengen’
tunge	<i>på tungen</i> ‘nær ved å bli ytret; i ferd med å bli ytret’	tunge	<i>ha på tunga</i> ‘nesten huske, være nær ved å si (noe)’	Tunge	<i>ha på tunga</i> ‘hugsar (noko) nesten, skulle til å seie (noko)’	tunge	<i>eg har det på tunga</i> ‘eg er nær ved å koma på det’
Felle	<i>gå/falle i _____fella</i> ‘gjøre en feil eller velge en dårlig løsning som ligger nær innenfor nevnte område’	felle	<i>gå rett i fella</i>	Felle	<i>gå i fella</i> ‘bli narra’	felle	<i>gå i fella</i>

Gås	<i>(det er som å) skvette vann på gåsa</i> ‘det er uten virkning, nytteløst’	gås	<i>som å skvette vann på gåsa</i> ‘aldeles nytteløst, bortkastet’	Gås	<i>som å skvette vatn på gåsa</i> ‘heilt fåfengt, bortkasta’	gås	<i>det er som å skvetta vatn på gåsa</i> ‘(Ålm; A. Ordspr [...]) det hjelper slett ikkje (sagt når noko er fåfengt)
Gate	<i>mannen i gaten   mannen fra gaten</i> ‘(etter engelsk <i>the man in the street</i> ) alminnelige mennesker; menigmann’	gate	<i>mannen i gata</i> ‘(etter engelsk) en typisk representant for folket, folk flest’	Gate	<i>mannen i gata</i> ‘etter engelsk: den vanlege mannen, folk flest’	gate	<i>mannen i (sj frå) gata</i> ‘(etter eng. <i>the man in the street</i> ) typisk representant for innbyggjarane, eit vanleg menneske, folk flest
mølle	<i>den som først kommer til møllen, får først malt</i> ‘den som er først (tidlig) ute, får først mulighet til å være med på noe, få del i noe e.l.’	mølle	<i>den som kommer først til mølla, får først male</i> ‘det har sine fordeler å være først ute’	Mølle	<i>den som kjem først til mølla, får først male</i> ‘det har føremoner å vere først ute’	mølle el. mylne	<i>den som fyrst kjem til mylna, fær fyrst mala</i> ‘(Litterær kjelde: A.Ordspr 105) det har føremoner å vera fyrst ute’
Lus	<i>kjenne lusa på gangen</i> ‘(av erfaring) kjenne de (tvilsomme) menneskene man har å gjøre med; kjenne sine pappenheimere’	gange	<i>kjenne lusa på gangen</i>	Lus	<i>kjenne lusa på gangen</i> ‘forstå slaget, kjenne sine pappenheimarar’	lus	<i>kjenna lusa på gonga</i> ‘vita kva ein kan venta av nokon, kjenna att ein viss mennesketype og måten dei er på, kjenna slaget’
hund	<i>man skal ikke skue hunden på hårene</i> ‘man skal ikke dømme noe bare etter dets (dårlige, lite tillitvekkende) ytre’	hund	<i>ikke skue hunden på hårene</i> ‘ikke dømme, vurderer noen bare etter et (dårlig) ytre’	Hund	<i>skode hunden på håra</i> ‘dømme nokon etter det ytre’: <i>ein skal ikkje skode hunden på håra</i>	hund	<i>ein skal ikkje skoda</i> (el <i>sjå, døma</i> ) <i>hunden på</i> (el <i>etter</i> ) <i>håra</i> [...] ‘ein skal ikkje døma nokon etter det (usle) ytre, nokon kan vera betre enn det ser ut for’

Kort	<i>ligge i kortene</i> (‘være avhengig av hva slags kort man får utdelt’)	kort	<i>ligge i kortene</i> (‘være underforstått, være klart’)		<i>liggje i korta</i> (‘vere underforstått, klart’)		<i>liggja i korta</i> (‘vera (meir eller mindre) føreseieleg’)
lenke	<i>[i fire måneder har han] været lenket til et smertefullt sykeleie</i>	lenke	<i>være lenket til sykesenga</i>	lenke el lenkje	<i>vere lenkja til sjukesenga</i>	lenkja	<i>vera lenkt til senga vera sjuk, sengeliggjande</i>
for- derve	<i>le seg fordervet</i>	for- derve	<i>le seg fordervet</i> le så mye at en får vondt	for- derve	<i>ete seg, fryse, le seg, slite seg forderva</i>	for- derva	<i>[...] le seg [...]forderva</i>

Tabell 5.11 Frasar med komponentar som kan bli realiserte med a-ending i bokmål

Ingen av i frasane i tabell 5.11 utfordrar norma verken i bokmål eller nynorsk, og vi ser her ein illustrasjon på at frasetilfanget i mange tilfelle er heilt overlappande i målformene, sjølv om realiseringane i ortografi og morfologi er litt ulike. Trass i at dette kapitlet er sett saman kring frasar som skal få fram variasjon og ulikskapar, skal vi ikkje gløyme at det normale er at frasar har parallellformer i begge målformer (men altså oftast med små skilnadar i skrivemåte og bøyning), slik særleg materialet frå Vannebo og Erichsen synte i avsnitt 5.1.2.

Somme av frasane i tabell 5.11 er førte som idiom (setningsfragment), medan andre står som ordspråk (fullstendige setningar med klar modalitet). Ser ein t.d. på *skode hunden på håra*, illustrerer det at ein og same frase kan vere ført som ulike frasetypar i ulike ordbøker. Det speglar ofte at frasen kan bli brukt både i fullt utbygd form og i idiomform (jf. avsnitt 6.4 om dynamisk variasjon). *Lukka er betre enn forstanden* blir normalt brukt som eit ordspråk, medan (*det er som å skvette vatn på gåsa*, (*den som kjem*) *først til mølla, får først male* og (*ein skal ikkje*) *skode hunden på håra* blir brukt både som idiom og ordspråk. Sist i avsnitt 5.3.2 skal eg handsame alle fire som ordspråk, vel vitande om at frasane i alle førekomstane ikkje er brukte som det, og sjå på om bruksfrekvensen er ulik i målformene. Aasen hadde med fleire av dei i ordspråksamlinga si, alle fire står oppførte både i NOB og NO, og det er ikkje noko med forma på frasane som skulle tilseie at dei ikkje blir oppfatta som «ekte» norske. Om ein i nynorsktradisjonen har verdsett den folkelege visdomen i slike ordspråk

spesielt høgt, kan ein kanskje vente at dei har høgare bruksfrekvens i nynorskkorpus enn i bokmålskorpus.

### 5.3.1 Bokmålsførekomstar

	konservativ			radikal			andre variantar
	N	per mill.	%	N	per mill.	%	variant: N
fra ask~ til ilden	69	0,05	<b>100,0</b>	0	NA	0,0	
(lykk~ er bedre) enn forstanden	35	0,03	<b>92,1</b>	3	< 0,01	7,9	hellet er bedre enn forstanden: 3
(som) dugg for sol~	544	0,40	<b>84,7</b>	98	0,07	15,3	dugg for sol: 17
(som) dogg for sol~	3	< 0,01	<b>60,0</b>	2	< 0,01	40,0	dogg for sol: 2
(få noe) inn med morsmelk~	193	0,14	<b>50,1</b>	192	0,14	49,9	inn med morsmjølken: 0 inn med morsmjølka: 6
en pølse i slaktetid~	12	0,01	41,4	17	0,01	<b>58,6</b>	
ei pølse i slaktetid~	2	< 0,01	25,0	6	0,01	<b>75,0</b>	
(ha) det på tung~	13	0,01	28,9	32	0,02	<b>71,1</b>	
(gå) rett i fell~	20	0,01	13,5	128	0,09	<b>86,5</b>	
(skvette) vann på gås~	8	0,01	6,3	120	0,09	<b>93,7</b>	vatn på gåsa: 1 vann på en gås: 2 vann på ei gås: 1
mann i gat~	96	0,07	6,1	1478	1,10	<b>93,9</b>	mannen på gata: 63
mann fra gat~	2?	< 0,01	40,0	3?	< 0,01	<b>60,0</b>	mannen på gaten: 17
først til møll~	25	0,02	2,8	857	0,60	<b>97,2</b>	førstemann til møllen: 25 førstemann til mølla: 1186
(kjenne) lus~ på gangen	2	< 0,01	1,7	116	0,09	<b>98,3</b>	
(skue) hunden på hår~	150	0,11	<b>99,3</b>	1	< 0,01	0,7	
ligg* i kort~	854	0,63	<b>97,2</b>	25	0,02	2,8	
lenk~ til *sengen	58	0,04	<b>100,0</b>	0	NA	0,0	
lenk~ til *senga	17	0,01	<b>85,0</b>	3	< 0,01	15,0	
(le osv.) *eg forderv~	132	0,10	<b>81,5</b>	30	0,02	18,5	le oss fordervet: 10 le oss forderva: 0
<b>Sum</b>	2228			3100			

Tabell 5.12 Førekomstar i HaBiT<sub>BM</sub> av komponentar med ulike endingar i bokmål

Det mest påfallande med tabell 5.12 er kor systematisk førekomstane fordeler seg. I det som eg meiner må kunne reknast som litterære høgstilsfrasar (*forsvinne som dugg for solen, fra asken til ilden og lykken er bedre enn forstanden*), blir dei aktuelle substantiva realiserte med hankjønnsbøying. Eit anna teikn på at *dugg for solen* er høgstil, er at *sol* kan stå som nake substantiv (*dugg for sol*), det ser vi ikkje i dei andre frasane. Fordelinga mellom radikale og konservative bøyingsmorfem er jamnare i dei

få tilfella brukarane vel den meir radikale ortografien *dogg*. I frasane som inneheld meir kvardagslege og heimlege komponentar som *skvette vann på gåsa* og *først til mølla* er derimot dei relative tala endå klarare i favør av dei radikale formene. Likevel skal ein vere svært varsam med generaliseringa, for her er unntak. *Få noe inn med morsmelken* har nøyaktig ein førekomst meir enn *få noe inn med morsmelka*, men ser ein det i samanheng med at den klart meir radikale, men like fullt normerte bokmålsforma *mjølka*, er det ei svak overvekt av radikale former. I praksis er fordelinga fri. Det same kan ein seie om *en pølse i slaktetida*. Denne frasen opplever eg som klar lågstil, noko som kan forklare overvekta av *a*-endingar, samstundes som *tid* ofte blir realisert med hankjønnsbøying i overført tyding, som kan vere ei mogleg forklaring på kvifor det likevel er såpass mange som over 40 % av førekomstane som har *slaktetiden*. Den same logikken kan moglegvis liggje bak når både NAOB og BOB har føringa *pølse i slaktetiden*, sjølv om den radikale *slaktetida* er litt meir frekvent, iallfall i HaBiT.

I dei to frasane med inkjekjønnsord i bestemt form fleirtal, som kan bli realiserte med endingane *-a* eller *-ene* (*ligge i kort~* og *skue hunden på hår~*), er *ene*-endingane nesten einerådande. I dei to siste frasane, *le seg forderv~* og *være lenk~ til senga*, er det snakk om to supinumsformer av verb frå *kaste*-klassa, som kan realiserast med enten *-a* eller *-et*. Også her er dominansen veldig klar i favør av dei meir konservative formene. Det hadde vore interessant å undersøkje eit større utval frasar for å sjå om *a*-en held meir stand som ending i bestemt form eintal femininum enn i dei andre posisjonane han kan bli realisert i. I dette vesle utvalet kan ein få inntrykk av det.

Ei litt pussig føring i NOAB er at dei har *mannen fra gaten* som ein variant. Det viser førekomstane i (5:2 a–b), som er det næraste eg kjem reelle førekomstar i HaBiT<sub>BM</sub>, at det er lite grunnlag for. Ingen har *mannen* (bestemt form eintal) *fra gaten*.

- (5:2) (a) <sub>BM</sub> Illustrasjonene i en av de siste bøkene om ham (Devlin 1996) viser en mann som skifter mellom å være fransk posør, Tom Jones-type med gullenke, og **en enkel mann fra gaten**. (HaBiT<sub>BM</sub> 1998: arkiv.vinduet.no)
- (b) <sub>BM</sub> Det må da finnes ên manager som er villig til å ta over et mid-table lag med en £150m våpenkiste foran neste sesong. Tror faktisk det hadde vært bedre med **en man**

**fra gata** som kunne k dde litt med laguttaket og lage litt utenomsporslig leven, enn det David Moyes har klart   prestere i  r. (HaBiT<sub>BM</sub> u. .: tomespensundby.no)

- (c) BM Det er g y   se at initiativet engasjerer alt fra stortingspolitikere til **mannen p  gata**. Her g r vi alle sammen om   gj re noe lite for noe stort [.]. (HaBiT<sub>BM</sub> 2014: infinitum.no)
- (d) BM Hvem inspirerer deg p  motefronten? Det kan v re alt fra venninner, **mannen p  gata**, bestemor, kjente designere til populære bloggere[.]. (HaBiT<sub>BM</sub> 2013: marenbore.com)
- (e) BM Det kan ogs  v re interessant med ekstern/ekstrem stimuli ang. sanser og personlighet, hvordan blir "**mannen p  gaten**" av sterke stimuli som roter i hittil ukjente omr der? (HaBiT<sub>BM</sub> 2009: kunstkritikk.com)

I staden viser (5:2 c–e) og s rleg dei mange f rekomstane med *mannen p  gata* (*mannen p  gaten* hadde fleire bokstavlege f rekomstar enn *mannen p  gata*) at ogs  i denne faste frasen held «universalpreposisjonen» *p * p    f  fotfeste.

### 5.3.2 Nynorskf rekomstar

Fram til 2012 hadde bestemt form av sterke hokj nnsord *-a* som hovudform og *[-i]* som klammeform: *bygda* [*bygdi*], men etter det har *-a* vore eineform. Dei same endingane hadde bestemt form fleirtal av inkjekj nnsord: *husa* [*husi*] (Innstilling 2011, 105f). Ser vi spor av det i moderne tekstkorpus for nynorsk? Der nynorskordb kene hadde med fleire variantar, set eg dei opp under «andre variantar», uansett om s ket f r treff eller ei. Dessutan ser eg i tabell 5.13 p  bokm lsp verknad og om usus kan seie noko om andre typar variasjon i nynorskvariantane av frasane.

Tabell 5.13 viser same tendens som vi s g i tabell 5.10, nemleg at nynorskbrukarane varierer forma p  frasane, men at variasjonen stort sett held seg innanfor norma. Dei f rraste av dei alternative oppf ringane i nynorskordb kene finst i bruk i HaBiT. Sidan *i*-formene lenge har vore sv rt l gfrekvente, er det ikkje overraskande at eg i HaBiT-s k ikkje fekk tilslag p  ei einaste av formene *sol*, *g si*, *slaktetidi*, *korti*, *h ri* og *sengi* i frasane over.



	normert -a		bokmåls-en/-et		andre variantar
	N	per mill.	N	per mill.	variant: N <i>unormerte former frå bokmål i kursiv</i>
m* i gat~	55	0,98	0	NA	den vanlege mann: 4
m* frå gat~	1	0,02	0	NA	mennesket: 3 mannen på gata: 3
først til møll~	37	0,56	0	NA	førstemann til mølla: 29
fyrst til møll~	2	0,03			fyrstemann til mølla: 11
(få noko) inn med morsmjølk~	20	0,31	0	NA	<i>morsmelka</i> : 2
(som) dogg for sol~	10	0,16	0	NA	dogg for sol: 2 dogg for vind: 0 <i>dugg for sola</i> : 4 <i>dugg for solen</i> : 4
(skvette) vatn på gås~	6	0,09	0	NA	
(gå) rett i fell~	4	0,06	0	NA	
(ha) det på tung~	2	0,03	0	NA	
(kjenne) lus~ på gangen	2	0,03	0	NA	lusa på gonga: 0
(ei) pølse i slaktetid~	2	0,03	0	NA	pølse i slaktinga: 0
(lukk~ er betre) enn forstanden	1	0,02	0	NA	
(lykk~ er betre) enn forstanden	1	0,02			
frå osk~ til elden	1	0,02	0	NA	oska og fram i elden: 0 <i>asken</i> : 0 <i>ilden</i> : 0
ligg* i kort~	14	0,22	0	NA	
(skode) hunden på hår~	5	0,08	0	NA	
(le, slå osv.) *eg forderv~	9	0,16	0	NA	
(vere) lenk~ til *senga	3	0,05	0	NA	lenkt: 0 <i>lenket</i> : 0
<b>Sum</b>					

Tabell 5.13 Førekomstar i HaBiT<sub>NN</sub> av komponentar med ulike endingar i bokmål

Som i bokmål kan *sol* stå som nake substantiv i *dogg for sol* (5:3 a), men i motsetning til i bokmål dukkar det i nynorskførekomstane opp ein del fraselån frå den andre målforma. Bokmålsforma *dugg* blir her brukt både saman med den normerte nynorskforma *sola* (5:3 b) og den normstridige forma *solen* (5:3 c), og det i førekomstar med elles ganske kurant rettskriving. Slike sitatlån kjem vi tilbake til i avsnitt 5.6.

- (5:3) (a) NN Det som fans av mat på gårdane svann **som dogg for sol** til denne store folkehopen. Fjøsa vart reinska for dyr, som vart slakta ned. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å.: kildenett.no)
- (b) NN Pus hatar nemlig lyden av vår 15 år gamle støvsugar! Når eg kjem med den forsvinn han som **dugg for sola**.... (HaBiT<sub>NN</sub>2010: emmelines.blogspot.no)

- (c) NN Skal seiast at eg først prøvde meg på muffinsvarianten og den forsvann som **dugg for solen** utan krem eller noko anna glasur og ungene bestilte straks meir. (HaBiT<sub>NN</sub> 2011: tonjesitt.blogspot.no)

Både NOB og NO har verbet *kverve* i *kverve som dogg for sol*. Det er ikkje i tråd med dagens bruk. I (5:3) er det brukt *svinne* og *forsvinne*, og i tillegg blir frasen realisert med *fordufte* og *var borte* i HaBiT<sub>NN</sub>. *Forsvinne* er det klart mest frekvente verbet i faktisk bruk.

*Mannen i gata* er den dominerande varianten, men somme brukar leksikalske innskot som *den vanlege mann i gata* (5:4 b). I nynorsk var det faktisk ein førekomst på *mannen* (i bestemt form) i kombinasjon med preposisjonen *frå* (5:4 c), men det er vel mest som ein lapsus å rekne (ev. kan det vere innverknad frå *hente nokon inn frå gata* ‘bruke nokon utan kompetanse’). Også i dei tre nynorskførekomstane med *mannen på gata*, t.d. (5:4 d), er frasen bruk i overført tyding. Det er likevel ein lite brukt skrivemåte samanlikna med den konvensjonelle forma *mannen i gata*.

- (5:4) (a) NN Framstegspartiet vil gjennomføre ein enorm skattelette i håp om at **mannen i gata** skal kunne bruke meir, og få liv i økonomien. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å.: propaganda.net)
- (b) NN Det var teologisk usemje, men som i dei fleste stridar før og etter dreia dette seg også om politikk og sosiale motsetningar. Munkane og **den vanlege mann i gata** kjempa for å behalda dei religiøse bileta sine. (HaBiT<sub>NN</sub> 2012: danefjell.blogspot.no)
- (c) NN Som spiss scora han mål med hofteheng. Til hausten kan det henge eit ordførarkjede om halsen. Bengt er **mannen frå gata** som samla Høgre. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å.: fylkesmagasinet.no)
- (d) NN Kva vil det så seia å vera norsk? Det er noko som skifter heile tida. Hadde du spurt ein av eidsvollsmennene ville du nok fått eit heilt anna svar enn om du spurde **mannen på gata** i dag. (HaBiT<sub>NN</sub> 2013: haaland.skaperkraft.no)

Avslutningsvis i denne bolken skal vi sjå på om det er tendensar i korpus som tyder på at det er ulike fraseideal i dei to målformene (sjå òg avsnitt 4.2.3). Tala er baserte på tabell 5.12 og 5.13. I tabell 5.14 har eg slått saman førekomstane med dei to vanlegaste realiseringane av ordspråka i bokmål og nynorsk. I dette svært avgrensa utvalet er det ingenting som tyder på at ordspråka skulle ha sterkast posisjon i nynorsk.

Ordspråk	bokmål		Nynorsk	
	N	per mill.	N	per mill.
lukka er bedre enn forstanden	38	0,03	2	0,03
det er som å skvette vatn på gåsa	128	0,11	6	0,09
den som kjem først til mølla, får først male	882	0,75	39	0,71
ein skal ikkje skode hunden på håra	151	0,13	5	0,08

Tabell 5.14 Bruksfrekvens for fire ordspråk i bokmålskorpus og nynorskkorpus

### 5.3.3 Oppsummering og vurdering

Både NOAB og BOB er i tråd med usus når dei brukar dei mest konservative formene i bestemt form fleirtal nøytrum (-ene og ikkje -a) og i supinumsformer av verb i *kaste*-klassa (-et og ikkje -a). Elles vekslar begge ordbøkene mellom å bruke *a*-ending og *en*-ending i substantiva som kan bøyast både som hokjønn og hankjønn, og det viser undersøkinga at det er god grunn til å gjere. NOAB har som nemnt med varianten *mannen fra gaten*, men ordboka har ikkje med *mannen i gata*, som er brukt i 93,9 % av førekomstane med *mannen i gat~*, jamfør tabell 5.7. Også føringa *den som kommer først til møllen, får først malt* er sterkt i strid med usus, då forma *møllen* berre er i bruk i under 3 % av førekomstane. Bruken av hankjønsending i *møllen* kan verke litt umotivert når NOAB, heilt i tråd med både riksmålstradisjonen og usus, har *a*-ending i *fella*, *gåsa* og *lusa*.

Konservative former : %	NOAB	BOB
fra ask~ til ilden	100,0	asken
(lykk~ er bedre) enn forstanden	92,1	lykken
(som) dugg for sol~	84,7	solen
(få noe) inn med morsmelk~	50,1	<b>morsmelken</b>
(en) pølse i slaktetid~	41,4	<b>slaktetiden</b>
(ha) det på tung~	28,9	<b>tungen</b>
(gå) rett i fell~	13,5	fella
(skvette) vann på gås~	6,3	gåsa
mannen i gat~	6,1	<b>gaten</b>
først til møll~	2,8	<b>møllen</b>
(kjenne) lus~ på gangen	1,7	lusa
(skue) hunden på hår~	99,3	hårene
ligg* i kort~	97,2	kortene
lenk~ til *sengen	100,0	lenket
lenk~ til *senga	85,0	lenket
(le osv.) *eg forderv~	81,5	fordervet

Tabell 5.15 Samsvar mellom ordbokføringar og usus om *a*-realiseringar

Først og fremst viser tabell 5.15 at ordbokredaksjonane har ein krevjande jobb dersom dei i kvart einaste tilfelle skal gjere omfattande søk for å vurdere korleis usus er. Det ser ut til å vere ein fruktbar veg å berre gje opp éi form når tendensane er så klare som i mange av førekomstane over (som *asken* og *gata*), men samstundes kan det vere ein idé å t.d. setje opp ei grense for når ein bør ha med begge former (som i *morsmelken* og *slaktetiden*), der vekslinga ser ut til å vere nokså fri. Formene i grøn skrift i tabell 5.15 er slike eg meiner kunne fått dobbeltføringar, medan formene i raud skrift er i strid med usus i denne undersøkinga av tekstmaterialet i HaBiT.

## 5.4 Frasar med unormerte former i bokmål

Boye Wangensteen har nokre interessante døme på tilsynelatande inkonsekvent bokmålsnormering. Frå 1938 til 1983 var det fem hankjønnsord som i bestemt form fleirtal kunne ta endinga *-a* (som sideform): *gampa*, *gutta*, *hesta*, *kara* og *tuppa* (på ski). Han spør seg kvifor akkurat desse orda blei valde ut blant alle hankjønnsord, og ein del hokjønnsord (t.d. *tenna* og *henda*) som har *-a* i bestemt form fleirtal i tale-målet på Austlandet: «Forklaringen ligger nok trolig i at disse formene ble sett på som ekstra frekvente og at også folk som ellers snakket «dannet», var fortrolige med dem» (Wangensteen 1998, 193). Samstundes var kompromisset så halvhjarta at formene delvis blei fortagde i ordlistene, og delvis berre å finne i fororda deira.

Alle frasane i tabell 5.16 er henta frå artikkelen til Wangensteen (1998, 185ff), som døme på uttrykk med dialektbaserte, men normstridige komponentar. I somme tilfelle er det normstridig morfologi (*gutta*, *penga*), og i andre tilfelle er det normstridig ortografi (*høl*, *brøst*). Eit fellestrekk ved frasane er at dei er i det munnlege og uformelle stilregisteret. Merk at *bånn i bøtta* var unormert då Wangensteen skreiv artikkelen i 1998, men at Språkrådet normerte både *bånn* og frasen *bånn i bøtta* i 1999 (Språkrådet u.å.-b). Dette er eitt av få døme i norsk samanheng på direkte normering av frasar. Dermed blir oppsettet i tabell 5.16 motsett av det som var vilkåret i 1998, at *bonn* i denne frasen var normert, medan *bånn* var unormert. Forma *høl* blei normert i 2021, men var unormert då eg gjennomførte denne undersøkinga, og ho er i teksten framleis omtalt som unormert, sjølv om det er utdatert.

NAOB		BOB		NOB		NO	
lemma	Frase	lemma	frase	Lemm a	Frase	lemma	frase
gutt	<i>være en av gutta</i> <b>MUNTLIG</b> 'tilhøre de barske (og toneangivende); ha innpass i gjengen'	Gut	NA, men: <i>de store gutta</i> 'de ledende på området'	Gut	NA	Gut	(i bf pl <i>gutta</i> ) [...] <i>gymnastikk-læraren ville vera ein av gutta</i>
penge	<i>for alle penga</i> <b>'I SETNING MED FORMELT SUBJEKT; BRUKT FOR Å UTTRYKKE HELHJERTET DELTAGELSE I NOE ELLER INTENS VIRKSOMHET'</b>	penge	<i>fest og moro for alle pengene</i> '(ofte i formen <i>pen-ga</i> ) bare fest og moro, fra først til sist'	Penge	<i>moro for alle pengane</i> 'frå først til sist'	penge	<i>for alle pengane</i> 'for heile formuen; i rik mon, utan atterhald'
hull	<i>hull i hodet   høl i hue</i> <b>'OVERFØRT, MUNTLIG</b> fullstendig idioti(sk), dumt, tåpelig	Hull	<i>hull i hodet</i> '(oftest i formen <i>høl i hue</i> ) vanvittig, bort i natta'	hol/ hovud	NA	Hol	<i>vera hol i hovudet</i> '(om tilhøve, utsegn, tiltal o l) heilt urimeleg, heilt vilt, bort i natta: <i>forslaget er høl i hauet</i> '
hår/ bryst	NA, berre eit døme på konkret bruk under <i>bryst</i>	hår/ bryst	NA, berre frasen i konkret bruk under <i>bryst</i>	hår/ bryst	NA, berre frasen i konkret bruk under <i>bryst</i>	Hår	<i>barske menn med hår på brystet</i>
eitrende	døme: <i>en kan bli så eitrande forbanna på alle disse vitsene om veivoktere</i>	eitrende	<i>eitrende sint</i>	Eitrande	<i>eitrande sur, sterk, hard, sint, arg, vond</i>	eitrande	serl i samb som <i>eitrande sinne</i>
hæl	( <i>følge/gå/være/komme</i> ) i <i>hælene på noen</i> 'like bak noen (som man forfølger, etterstreber e.l.)'	Hæl	<i>i hælene på</i> 'like bak'	Hæl	<i>i hælane på</i> 'like bak, tett etter (nokon)'	Hæl	<i>i hælane</i> 'like bak(etter), tett inntil bak'
fart	<i>være på farten</i> '(stadig) være i bevegelse (i større eller mindre omkrets); (stadig) være i aktivitet'	Fart	<i>være på farten</i> 'ha det travelt'	Fart	<i>vere på farten støtt</i>	Fart	<i>vera i farten</i> 'ha det annsamt; (ög:) vera forvirra, rådvill
bånn (subst)	<i>bånn i bøtta</i> 'absolutt lavmål; elendig'	bånn	slang <i>bunn: bånn i bøtta</i> 'det absolutte bunnivå'	botn/ bøtte	NA	botn/ bytte	NA

Tabell 5.16 Ordbokføringar av bokmålsfrasar med unormerte former

Både i BOB og NAOB står *bånn* som eige lemma med dei diasystematiske markeringane *slang* og *munnlig*, ikkje som ein variant av *bunn/botn*. *Bonn* kom inn som sideform i bokmålet i 1959 (Ny læreboknormal 1959, 8), men gjekk ut igjen av bokmålsrettskrivinga i 2005, medan *bunn* og *botn* står att (Rettskrivningsendringer 2005, 5). Det kan tenkjast at forma *bonn* likevel kan bli brukt og oppfatta som akseptabel av somme som har lært seg å skrive i perioden 1959–2005.

#### 5.4.1 Bokmålsførekomstar

	unormert			normert			unormert form	normert form
	N	per mill.	%	N	per mill.	%		
en av gutt~	222	0,19	<b>96,5</b>	8	0,01	3,5	gutta: 869	guttene: 821
for alle peng~	849	0,60	<b>71,1</b>	345	0,30	28,9	Penga	pengene
h~l i h~	310	0,26	<b>53,5</b>	269	0,23	46,5	høl i hue(t): 316	hull i hodet: 359
hår på br~stet	42	0,03	30,4	96	0,08	<b>69,6</b>	brøstet: 45	brystet: 193
eitr~nde forbanna	12	0,01	21,1	45	0,03	<b>78,9</b>	eitrande	eitrende
eitr~nde forbannet	5	< 0,01	13,5	32	0,02	<b>86,5</b>		
(være) i hæl~ på	37	0,03	9,1	369	0,30	<b>90,9</b>	Hæla	hælene
(være) på fart~	644	0,50	8,6	6878	5,00	<b>91,4</b>	Farta	farten
<b>bånn i bøtta</b>	6	< 0,01	3,8	153	0,11	<b>96,2</b>	bunn: 3 botn: 0 bonn: 3	bånn

Tabell 5.17 Frasar med unormerte former i bokmål i HaBiT<sub>BM</sub>

Der eg har sett at frasane i normert og unormert form blir brukt med ulike tydingar, har eg gått manuelt gjennom førekomstane og berre teke med dei som er i relevant bruk (i midtkolonnane). Tala som står i dei to kolonnane lengst til høgre, er talet på alle førekomstane av denne frasen med alle tydingar (før gjennomgang). I siste rad, *bånn i bøtta*, er *bunn* og *botn* ein del av dagens bokmålsnormal og *bonn* ei tidlegare normert form, men dei skal etter gjeldande normering ikkje brukast i denne frasen.

Fordelinga mellom den unormerte forma *gutta* og den normerte *guttene* ser i høgrekolonnane ganske lik ut i den øvste førekomstrada i tabell 5.17, men korpustreffa viste at den normerte forma *en av guttene* typisk blir brukt om ungar og ungdom av hankjønn utan noka spesiell semantisk eller stilistisk markering. Eg har trekt ut førekomstane av *en av gutt~* i kombinasjon med t.d. *være*, *bli* (*sett på som*), *som betegnes som*, *føler seg som*, *har sikret seg en plass som*, *bli behandlet som* – for å

finne dei tilfella der *gutta* blir brukt kollektivt om unge (5:5 a), halvaksne eller vaksne menn (5:5 b–c) som har noko felles ut over det å vere av hankjønn. *Gutta*-forma markerer ein uformell stil og kan ikkje reproduserast i eintal eller ubestemt form fleirtal (om ein ikkje skal sjå henne i samanheng med «Kom igjen, gutter» og «Han var en glad gutt») brukt om vaksne menn – i så fall kan ein kanskje snakke om to leksem *gutt?*). *Gutta på g\*lvet* om skikkelege arbeidsfolk har i HaBiT<sub>BM</sub> 112 førekomstar (med dei normerte formene *golvet* (10) og *gulvet* (31) og den unormerte forma *gølv* (71)), medan *guttene på g\*lvet* har 4 førekomstar, der 3 av dei handlar om smågutar som leikar på golvet, altså med bokstavleg tyding.

I 96,5 % av førekomstane der *en av gutt~* blir brukt uformelt om eit maskulint kollektiv som blir oppfatta som attraktivt å vere ein del av, blir frasen realisert i forma *en av gutta*. (5:5 a–c) viser prototypisk bruk av frasen, som forbausande ofte handlar om kvinner og jenter som tek del i eit mannsfelleskap, som i (5:5 b). (5:5 d) viser eit av mange tilfelle der *være + en av gutta* ikkje er førekomst av den aktuelle frasen, og han er dermed ikkje rekna med som ein reell førekomst i tråd med ordbokforklaringane.

- (5:5) (a) BM Mange ønsker å få anbefalt alternative spill som er mildere i formen. Men når utfordringen ligger i å ha innpass i gjengen og **være en av gutta**, så er ikke løsningen å komme med et annet spill som barnet heller kan få spille. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å: nettavis.net)
- (b) BM Sopranen Ane Carmen Roggen ønskes i 2010 tilbake til “Middelalderjul” for 9. gang. Quattro Stagioni har i alle år kunnet glede seg over å være Norges minste mannskor, og selv om kvartettens vedtekter ikke for øyeblikket vurderes endret på noen måte, må det sies at Ane har sikret seg en plass som **“en av gutta.”** (HaBiT<sub>BM</sub> 2010:gran.kirken.no)
- (c) BM For folk på gulvet er det Brustad og Ap-eliten i Oslo som fremstår som arrogante makt-mennesker - som har mistet kontakten med folket rundt omkring i bygd og by. For de mange ansatte i verftsindustrien på Vestlandet er Røkke mye mer **en av gutta** enn hva noen av “liksom-arbeiderne” i Ap noensinne har vært. (HaBiT<sub>BM</sub> 2009: evenshaug.blogspot.no)
- (d) BM Dave Lizewski (Aaron Johnson) er så normal (les: kjedelig nerd) som det kan gå an. Han **er en av gutta uten kvinnetekke**, men med stort mobbeofferpotensiale. Og det synes han selv er nokså normalt. Men om han liker det – er en annen sak. (HaBiT<sub>BM</sub> 2011: filmsnakk.no)

*En av gutta* må kunne reknast som eit tydeleg døme på det Fjeld kallar semantisk splitt (sjå 2.7.1) mellom to former. Den populære romanen *Gutten som ville være en av gutta* av Lars Saabye Christensen (1992) kan ha vore med på å sementere det skiljet. Dublettar med omtale av romanen er fjerna i dei 222 førekomstane som står att i tabell 5.18. Når det er sagt, er det nokre få personar som unngår den unormerte forma i skrift, jf. (5:6 b). Særleg spennande er (5:6 a), der det ser ut til at *en av gutt~* blir brukt om eit jentekollektiv som er kjenneteikna av det dei opplever som positive, maskuline verdjar.

- (5:6) (a) BM Jentene jeg har fulgt, snakker om jenter og jentejenter. Jentejentene er de jentene som de synes er veldig ensidig opptatt av klær og sminke, som baksnakker, smisker med lærerne og holder seg inne med de voksne. Som kontrast til dette snakker de om seg selv som jenter. De mener de selv er mer ukompliserte, at de er **en av guttene**, og de fremhever seg selv som mer moralsk gode personer. De mener det er reelt å ta en slåsskamp der og da og så bli ferdige med konflikter. (HaBiT<sub>BM</sub> 2009: forskning.no)
- (b) BM Vi fikk tidlig testet svømmekunnskapene på Hovsenga. Du var liksom ikke **en av guttene** før du hadde svømt over elva og sklidd i leirfallet. Den tida gikk det mye tømmer i elva. Ble du sliten, kunne du alltid hvile deg litt på en tømmerstokk på veien over. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: ringerikehistorielag.org)

Varianten *hull i hodet* blir for det første brukt om ein slags medisinsk tilstand (5:7 a), for det andre om at noko er fullstendig idiotisk, og for det tredje kan ein mase så fælt at ein *snakker hull i hodet på noen*. Forma *høl i hue* blir nesten berre brukt i dei to siste kontekstane (jf. 5:7 b–e). Det er noko overraskande at skribentane ofte legg til ein stum *-t* i til den svært uformelle forma *hue* (5:7 d–e), sjølv om det strukturelt er korrekt, sidan *hue(t)* vekslar med *hodet*. *Høl i hue* (slik det står i NOAB og BOB) har 168 førekomstar, medan *høl i huet* har 142 førekomstar.

- (5:7) (a) BM Yngstemann hadde sykkelhjelm på da han ikke sykla, men løp i terrenget. Han «tryna» skikkelig, og fikk **hull i hodet** til tross for hjelmen. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: bohemen.ipublish.no)
- (b) BM Måten Høyre vil finansiere vei og bane på, er **høl i hue**, mener FrP opprørt. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: friwiki.info)
- (c) BM For meg er det **høl i hue** å bruke så mye penger på noe som igjen bare vil skape støy og nedsnakk. (HaBiT<sub>BM</sub> 2003: ffsupporter.net)



- (d) BM Å legge for økte klimagassutslipp ved oppvarming av bygg er **høl i huet**, sier Lars Haltbrekken. (HaBiT<sub>BM</sub> 2009: naturvernforbundet.no)
- (e) BM Jeg skravler **høl i huet** på kjæresten min. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: yowwww.canis.no)

Ingen av ordbøkene har med forklaring på *hår på br~stet* i overført tyding, men det handlar om å ha eigenskapar som har vore rekna som mandige, som å vere sterk, tøff, djerv og handlekraftig. Førekomst (5:8 a) knyter det til *mot*, og det er illustrativt korleis han brukar begge formene, der den første er meir tvitydig enn den andre. I førekomstane med *hår på brystet* er det ei god blanding av konkret og overført tyding, medan bruken av dei unormerte *hår på brøstet* er meir eintydig overført:

- (5:8) (a) BM Mot blir forbundet med mannlige attributter. At man har baller og **hår på brystet**, det er skikkelig bra. Jeg har ikke spesielt lyst til å bli beskrevet som en med baller og **hår på brøstet**. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: marius.bokklubben.no)
- (b) BM Dette er sekkene for menn med **hår på brystet**. Her skal det bæres tungt, ofte over 40 kg. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: mxnett.no)
- (c) BM Siden 1980 har Roadrunner Records vært synonymt med brutal rock og som har gitt **hår på brystet** til både menn og kvinner. (HaBiT<sub>BM</sub> 2014: magazine.wimp.no)
- (d) BM Å bade fra kaiene på Hemnesberget har til alle tider vært en sport for de tøffe. Og gutter med **hår på brøstet** både hoppet og stupte fra kaikanten lenge før de fikk **hår på brøstet**. (HaBiT<sub>BM</sub> 2011: lokalavisa.no)
- (e) BM Svar til Stanley vedrørende Dølemotråkken: En utfordring for de med **hår på brøstet**. Artig ritt det også, 3 store bakker (Mykland, Lauvrak og oppe i enden av Tovdal) hvorav siste meget bratt før en fartsfylt sistestrek mot mål Tovdal. (HaBiT<sub>BM</sub> 2007: focc.no)

Eit problem ein slepp unna i nynorsk, men som ein må ta omsyn til i korpus med nettpublikasjonar for bokmål, er dei maskinomsette tekstane, som ikkje har noko i ususundersøkingar som denne å gjere. Eit døme med *hår på brystet* dukka opp under denne overskrifta, der *sjølvbruningskrem* har blitt til *selfgarver*.

- (5:9) BM? Hvordan bruke self-tanner [...] Gentleman u **hår på brystet** var greit da du var yngre. / U Når jeg begynner å gå grå, bør du vurdere å fjerne dem, nei, med mindre din partner har sympati for dem. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: daily-helper.com)

I bokmål er den mest frekvente realiseringa av *eitr~nde forbann~* den som inneber eit normbrot i *eitrande* + den radikale forma *forbanna* med 45 førekomstar. Den

konservative kombinasjonen *eitrende forbannet* har 32 førekomstar, medan stilbrotskombinasjonen nynorskform + konservativ bokmålsform *eitrande forbannet* har fem førekomstar i HaBiT<sub>BM</sub>-korpuset. Det er verdt å ha med seg at ein del folk skriv akkurat som det passar dei på bokmål òg.

#### 5.4.2 Nynorskførekomstar av frasane

Det er så få nynorskførekomstar at eg har gått manuelt gjennom alle og berre rekna med førekomstane som faktisk står i nynorskkontekst og er den aktuelle frasen.

	unormert		Normert		ortografi	
	N	%	N	%	unormert(e) form(er)	normert form
(vere/bli) e~ av gutt~	11	84,6	2	15,4	Gutta	gutane
for alle peng~	43	74,1	15	25,86	penga (41), pengan (2)	pengane
b~nn i b~tta	2	66,7	1	33,3	Bånn	botn og bømte/bytte
<b>h~l i h~</b>	12	46,2	<b>14</b>	53,8	hol i haude (4), hol i hove (1), hol i hovet (1), hol i håve (1), hull i hauet (1), hull i hodet (1), hål i haudet (1), hål i håve (1) og håll i hovvet (1)	<b>høl/hol i hovudet</b>
<b>hår på br~stet</b>	1	25,0	<b>3</b>	75,0	Brøstet	brystet
<b>(vere) i hæl~ på</b>	5	23,8	<b>16</b>	76,2	hælan (1), helane (4)	hælane
<b>(vere) på fart~</b>	44	23,2	<b>146</b>	76,8	Farta	farten
<b>eitr~nde forbanna</b>	0	0,0	<b>6</b>	100,0	eitrende (normert form til 2012)	eitrande
<b>Sum</b>	118		203			

Tabell 5.18 Frasar med unormerte former i bokmål i HaBiT<sub>NN</sub>

Det er dei same tre frasane som har overvekt av unormerte former i nynorsk som i bokmål. Også i nynorsk er fordelinga mellom dei oftast ganske klar, i dei fleste tilfella er det minst snakk om ei 30–70 % fordeling av førekomstane. Unntaket er der eg søkte på «h\* i h\*», der det berre er ei lita overvekt av normerte former, men der dialektfloraen verkeleg blomstrar i dei unormerte formene. Der har eg fjerna tre førekomstar av den konkrete tilstanden, alle dei tre var i normert form *hol i hovudet*. Når dei mykje brukte formene i bokmål *høl* og *hue* ikkje er i bruk i det heile i nynorskførekomstane, seier dette mykje om dialektgrunnlaget til skrivarane.

NO har ordbokføringa *vera i farten* med tilsvarende forklaring som dei andre har til *vere på farten* ('vere i rørslé; ha det travelt'), men søk i HaBiT<sub>NN</sub> viser klart at *i farten* er ein annan frase ('i augneblinken; i forbifarten') og saman med verbet *vere* er det helst i kombinasjonen *vere godt i farten* ('full, rusa'). Eg har difor valt å ikkje føre opp førekomstar av *vere i farten* verken i tabell 5.17 for bokmål eller 5.18 for nynorsk.

Korpustreffa tyder på at *gutta* må sjåast som eit separat lekseme med ei anna tyding enn *guttene/gutane* – særleg i nynorsk (noko tilsvarende «guta» finst ikkje, det er ikkje eit einaste treff på *av guta* i dei fire nynorskkorpusa eg brukar), men òg i bokmål. Ein kan gjerne kalle det eit lån frå søraustnorsk dialekt, som vi i (5:10 b) ser døme på kan bli brukt i halvformelle samanhengar i nynorsk. Førekomst (5:10 a) kan tyde på at det har blitt så vanleg at ei jente eller dame kan *vere ein av gutta* at frasen ikkje bryt saman sjølv om det blir brukt hokjønnsartikkel (*ei*).

- (5:10) (a) NN Dei har ei jente med seg som blir behandla som **ei av gutta**, og dei er stolt av ho. Gutane syns det er kjekt at ho lykkast, og får spela på kretslag og med Arna-Bjørnar (HaBiT<sub>NN</sub> 2014: aik.no)
- (b) NN Arnhild Skre melder boka for Aftenposten. Ho har valt einslags institusjons-sosiologisk eller kanskje heller -psykologisk innfallsvinkel og analyserer Bomann-Larsens problem med historikarlauget og tolkar heile kongeserien som ein strategi for å bli **ein av gutta**. Eg veit ikkje kva for kjelder ho byggjer på, men det er neppe boka. (HaBiT<sub>NN</sub> 2001: 2001-10.prosa.no)

I avsnitt 4.2.1 blei det gjort greie for fenomenet snakkeskriving, som ser ut til å vere meir utbreidd blant nynorskskrivande enn bokmålsskrivande. (5:11 a) er henta frå ein blogg der skribenten kombinerer den unormerte søraustnorske *gutta*-forma med vestlandsk dialektbruk og korrekt nynorsk i sitatet. Når folk blandar bokmål, nynorsk og dialekt er det somme gongar intendert, og i ein slik samanheng er det ikkje snakk om «fråvær av korrektheit, men om kontekstbundne korrektheitsnormer som er ulike dei standardspråklege» (Brunstad 2009, 95), andre gongar er det ubevisst blanding av dialekt og skriftspråk (Proba 2014, 35). Førekomst (5:10 a) ser ut til å vere produsert under kontekstbundne korrektheitsnormer.

På den andre kanten har vi nynorsklyrikaren Helge Rykkja, som har skrive eit dikt til kollegaen Eldrid Lunden. I (5:11 b) brukar han «ein av gutane» i tydinga ‘ein av det attraktive mannsfellesskapet’ i tillempa nynorsk form. Det er sjølvsgatt mogleg, men når den unormerte og markerte forma er brukt i 85 % av førekomstane med den tydinga av frasen, kan det tyde på at mange oppfattar den normerte forma som for stiv.

- (5:11) (a) NN Snakka også litt om Uganda på speidern en tirsdag før jul. Så dei 4 siste laurdagane he **en av gutta** som jenge der stått på Joker og solgt vafle, og på plakaten he der stått: "Til dei fattige barna i slummen i Uganda". Og han he fått inn 3-400 kvar gong! Fantastisk!! (HaBiT<sub>NN</sub> 2008: peroddivin.blogspot.no)
- (b) NN ikkje faen om du er! Du var **ein av gutane**  
Også vi gutane hadde vårt og var ikkje alle like  
Du var hard på same måte og morosam som nokon [...]  
men når eg er saman med deg, det er når som helst, er eg saman med  
**ein av gutane**, sjølv om du er kvinne og alt det der (HaBiT<sub>NN</sub> 2010: helgerykkja.com)

Også med variantane *for alle penga* (jf. (5:12 a)) og *for alle pengane* (jf. 5:12 b)) er det i HaBiT<sub>NN</sub> ei klar overvekt av den unormerte forma *penga* (75 %). I (5:12 c–d)) blir det praktisert snakkeskriving, men på to ulike måtar. I den første førekomsten får *pengane* dialektforma *pengan*, medan det i den siste førekomsten blir brukt dialektformer i konteksten (*vegå, noge*), medan sjøelve frasen er i normert form. Når folk snakkeskriv i meir uformelle fora, illustrerer (5:11 a)) og (5:12 c–d)) at det ikkje handlar om ei lydskriftnær skriftfesting av dialekta, men at visse særmerkte dialektformer blir gjeve att nokså dialektnært.

- (5:12) (a) NN Det er ikkje kvar dag at me får sjå rockarar som Sven Ommund her i forklede, men på juleverkstad med Jesusgruppa kan det utrulegaste skje. Der var det peppecakebaking **for alle penga**, og alle deltok ivrig. (HaBiT<sub>NN</sub> 2006: ingridmosevoll.blogspot.com)
- (b) NN Vi har felles samling fredag kveld, den 22.3. Då får deltakarane diverse utstyr, luer, drikkebelte, smørepakke og meir. Dagen etter er det skiaktivitet **for alle pengane!** Og eit smørekurs. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å.: tambarskjelvar.no)
- (c) NN På onsdagen flyg vi heim! Vi får ei ferieuke ilag på Fauske før Dan Håkon må på jobb. Så bi det julekos på mæ **for alle pengan**, før vi fer tilbake til båten 5. januar. (HaBiT<sub>NN</sub> 2011: jeanetteogdanhakon.blogspot.no)
- (d) NN Nå er det krim **for alle pengane**. Skal ta toget til Oslo i slutten av vegå så då må eg ha noge lesestoff:) (HaBiT<sub>NN</sub> 2010: serieavhengig.blogspot.no)

I tabell 5.16 såg vi at ingen av nynorskordbøkene har ført opp den unormerte forma *bånn i bøtta* – eller gjort noko forsøk på å gje frasen ei form i tråd med norma. Det kan enten bety at frasen ikkje har etablert seg i nynorsk skrift, eller det kan spegle at det er ein leksikografisk floke å bestemme korleis ein skulle ha ført han. I reell bruk er den unormerte forma med *bånn* meir frekvent HaBiT<sub>NN</sub> (jf. (5:13 b)) enn den normerte (jf. (5:13 a)). Her er det likevel så få førekomstar at resultatane er svært usikre (men likevel ikkje meir lågfrekvent enn mange andre frasar som har fått oppføring i NOB og NO). I bokmål har ein løyst dette ved å normere heile frasen *bånn i bøtta*, så kunne ein ha gjort det same i nynorsk? Meiniane er sikkert delte, men i denne konteksten opplever eg at den normerte varianten er den mest påfallande:

- (5:13) (a) NN Gymlæraren lyt vi kanskje og ta med, enda ein av desse som tvingar elevane til å hoppe over bukken anten dei får det til eller ikkje. "Eg kryssa av på "bestått" eller "sånn passeleg", ja, eller "håplaust, håplaust, **botn i bytta**" og "bare til å rista på hovudet og sjå ein annan veg og flira av". (HaBiT<sub>NN</sub> 2011: elislesebabbel.blogspot.no)
- (b) NN **Bånn i bøtta**. Morosam ide, ufatteleg dårleg gjennomført. Jason X er som ein dårleg kopi av Alien der romvesenet er erstatta med Jason, dårlege skodespelarar er noko ein ikkje bryr seg med i franchisen, men her blei det for vondt ...

10 av 44 førekomstar av den unormerte forma (*vere*) *på farta* i HaBiT<sub>NN</sub> er henta frå heimesida til idrettslaget Norborg på Sunnmøre – det er eit godt døme på det svært problematiske faktum at enkeltpersonar sine preferansar som kan gjere store utslag når korpusa ikkje er tilstrekkeleg store.

### 5.4.3 Oppsummering og vurdering

Unormerte former : %	NAOB	BOB
en av gutt~	96,2	gutta (de store gutta)
for alle peng~	71,1	penga pengene   penga
h~l i h~	53,5	hull i hodet   høl i hue hull i hodet   høl i hue
hår på br~stet	30,4	NA NA
eitr~nde forbanna	21,1	eitrende   eitrande eitrende
(være) i hæl~ på	9,1	hælene hælene
(være) på fart~	8,6	farten farten
<b>bånn i bøtta</b>	1,9	bånn i bøtta bånn i bøtta

Tabell 5.19 Usus og ordbokføringar av frasar med unormerte former

Med desse frasane, som ein kanskje kunne vente var litt vanskelege å handsame i bokmålsordbøker, er praksisen både i NAOB og BOB svært etterretteleg. I frasane med stor overvekt av unormerte former er det desse som står oppførte, og heilt korrekt med diasystematiske markørar om at dette er slang og munnleg språk. Der variasjonen er fri, som i *høl i hue*, meiner eg det er positivt at begge variantar er med i begge ordbøkene. Det er rett nok diskutabelt om den uformelle forma *hue* burde fått ein formelt korrekt *t* når ordet står i bestemt form i frasen, slik mange språkbrukarar gjer det. *Bånn i bøtta* er døme på at det av og til er heilt korrekt av Språkrådet å normere dialektformer og frasar der slike inngår. Det svake punktet i begge ordbøkene er at dei ikkje har med *hår på brystet* i tydinga ‘vere mandig, sterk og tøff’.

Undersøkinga av dei same frasane i nynorskdelen av HaBiT-korpuset viser at desse dialektale (søraustnorske) formene òg blir brukte av nynorskskrivande. NO har med *ein av gutta* og *høl i hauet* som sitat, men ingen av dei andre unormerte formene. I grunn handlar dette om sitatord i nynorsk frå bokmålsnære dialekter, og det er langt frå opplagt korleis slike skal handsamast, særleg i ei rettskrivingsordbok som NOB. Det kjem vi tilbake til i avsnitt 5.6.

## 5.5 Sitatord frå nynorsk i bokmål

I avsnitt 2.7.3 såg vi på korleis sitatord både blir brukt om direkte importerte morfem frå andre språk eller varietetar. Både i bokmål og nynorsk er det ikkje uvanleg at språkbrukarane meir eller mindre medvite trekkjer inn ord og frasar frå den andre målforma, utan å tilpasse dei. Det framande preget gjer at sitatordet skapar ein stilistisk effekt og gjev ekstra assosiasjonar.

Eit nynorsk sitatord som går igjen i to undersøkingar av Fjell (2002) og Wangensteen (1998) om folkemålsformer og nynorske sitatord i bokmål, er *vonbroten* og frasen *såra og vonbroten*. I tabell 5.20 skal vi sjå på denne og andre frasar som tradisjonelt har blitt brukt i nynorsk, men som òg bokmålsskrivande nyttar seg av. Dei fleste er henta frå dei to ovannemnde artiklane. Ein annan nynorskfrase som ofte blir brukt og leika med i begge målformer, er *der ingen skulle tru at nokon kunne bu*. Det er, på

linje med *Med hjartet på rette staden* og *Gåmåldans med nogo attåt*, tittel på ein tv-serie, men i motsetning til dei to sistnemnde, er det ingen av ordbøkene som har det med som ein frase. Frasen *med någe/nogo/noko attåt* ser i NAOB og NO ikkje ut til å bli assosiert med gammaldans og fjernsynsprogrammet, men med kaffi.

NAOB		BOB		NOB		NO	
Lemmas	frase	lemma	Fraser	lemma	frase	Lemmas	frase
von- brotene	sammensatt av <i>von</i> og nynorsk <i>brotene</i> [...] <b>DIALEKTALT, LITTERÆRT, MUNTLEG</b> skuffet; desillusjonert: Sitat: <i>vi [blir] vonbrotne og såret iblandt over at ingen syns at vi også er noe</i> (Ebba Haslund)	von- brotene	‘(fra nynorsk av <i>bryte</i> ; av I <i>von</i> ; <i>brotene</i> ) skuffet; uten <i>von</i> ’ <i>være djupt såra og vonbrotene</i>	von- brotene	‘utan <i>von</i> , <i>von-sviken</i> ’ <i>djupt såra og vonbrotene</i>	von- brote n	‘som ikkje har <i>von</i> (I,1); som kjenner seg <i>sviken</i> ; skuffa (I)’ [...] <i>Kjell Bondevik ... vart "djupt såra og vonbrotene" då tingingane om ei ny samlingsregjering hadde forlist</i>
hvit- øye	<i>se noe(n) i hvitøyet</i> (jf. svensk <i>se</i> (något) i <i>vitögat</i> ) [...] ‘stilles ansikt til ansikt med noe; konfronteres med’	hvit- el. kvit- øye	NA	kvit- auga el. – auge	<i>sjå nokon i kvit- auget</i>	kvit- auga	<i>sjå noko i kvitauga</i> [...] ‘erfara, innsjå eit (alvorleg og lagnadstungt) sakstilhøve’
sjå DIA- LEK- TALT   se <u>se</u>	NA	se	NA	me el. vi	‘ofte skjemtande’ <i>no skal vi sjå</i>	skulla	<i>skal vi sjå</i> ‘avbleikt, for å uttrykkja at ein vil tenkja seg om litt el raskt undersøkja noko’
Hjerte	<i>ha hjertet på rette sted</i> ‘1 ha manns mot; være fryktløs, modig 2 ha hjertelag; være edel, godhjertet	hjerte	<i>ha hjertet på rette sted</i> ‘være modig; være godhjertet’	hjerte	<i>ha hjartet på rette staden</i> vere godhjarta	hjarta el. hjarte	<i>ha hjarta på rette staden</i> ‘vera godhjarta, hjelpsam, snill
Attåt	<b>MEST DIALEKTALT</b> i tillegg til; til <i>kaffe med någe attåt</i> (Ebba Haslund)	attåt	NA	attåt		Attåt	<i>skogscaffi med noko attåt</i>

Tabell 5.20 Ordbokføringar med frasar med nynorske sitatord i bokmål

Det er stor grad av overlapping mellom korleis frasane er førte i dei ulike ordbøkene.

Eit trekk som kan relaterast til målformskilnader er at dei to bokmålsordbøkene

NAOB og BOB fører *ha hjertet på rette sted* med enkel bestemming, medan nynorsk-ordbøkene har bunden form av substantivet i *staden*.

### 5.5.1 Bokmålsførekostar

	nynorskform			bokmålsform			merknadar
	N	per mill.	%	N	per mill.	%	
(djupt såra og) vonbrot*	155	0,11	100,0	0	NA	0,0	<i>vonbru*</i> / <i>håpbru*</i> : 0 <i>vonbråten</i> : 48
(der) ingen skulle tru (at nokon kunne bu)	223	0,16	92,9	17	0,01	7,1	bokmålssøk: <i>der ingen skulle tro</i>
(skal/får) vi sjå	122	0,09		?			<i>vi får sjå</i> : 126 (0,09)
(skal/får) me sjå	22	0,02		?			<i>me får sjå</i> : 29 (0,02)
hjartet på (rette staden)	94	0,07	40,3	139	0,10	59,6	bokmålssøk: <i>hjertet på r*</i>
(med) noko attåt	110	0,08	34,5	209	0,15	65,5	unormerte former <i>no</i> : 3, <i>noge</i> : 8, <i>nogen</i> : 1, <i>noget</i> : 37, <i>noggo</i> : 10, <i>noggå</i> : 2, <i>nogo</i> : 133, <i>nogot</i> : 17, <i>nogå</i> : 3, <i>nogåt</i> : 2, <i>nokka</i> : 5, <i>nokko</i> : 2, <i>nokå</i> : 2, <i>nokå</i> : 2, <i>nå</i> : 1, <i>någe</i> : 3, <i>någet</i> : 7, <i>någgå</i> : 9, <i>någo</i> : 10, <i>något</i> : 13, <i>någå</i> : 6, <i>någåt</i> : 3, <i>nåkka</i> : 2, <i>nåkko</i> : 1, <i>nåko</i> : 8
(sjå i) kvitauget	3	<0,01	0,8	373	0,27	99,2	normert bokmålsform <i>kvitøyet</i> : 18 (0,01)
Sum							

Tabell 5.21 Førekostar i bokmåls-HaBiT av frasar med nynorske sitatord

#### 5.5.1.1 Såra og vonbroten

Substantivet *von* ('håp') er ei fellesform i bokmål og nynorsk, men har nok sterkast tradisjon i nynorsk. Sisteledet *-broten* er brukt i to lemma i BOB: I tillegg til *vonbroten* ('skuffet; uten von') er *verkbroten* og *verkbrudden* ('giktbrudden') valfrie former, medan *skipbrudden* ('som har lidd skipbrudd') berre har forma *-brudden*.

Det viser seg at språkbrukarane både er *skuffa*, *såra*, *dritsåret*, *sår*, *snurt*, *knust* og fleire andre variantar i kombinasjon med å vere *vonbroten*. Opphavsmannen til det bevinga ordet *vere såra og vonbroten* er KrF-politikaren Kjell Bondevik, som i 1971 fekk i oppdrag å danne ei ny firepartiregjering, men mislykkast. Dette er det gjort kort greie for i NO i tabell 5.19 (sjå òg Hove 2009). Bruken av sitatordet og frasen i



bokmål er så grundig dokumentert og drøfta i Fjell (2002) og Wangensteen (1998) at eg kort nøyer meg med å konstatere at bruken av sitatforma er dominerande. Den unormerte forma (både i bokmål og nynorsk) *vonbråten* er også ein del i bruk, men eg har ikkje funne døme på at nokon prøver å tilpasse sitatordet med hypotetiske former som *\*vonbrudden* eller *\*håpbrudden*. At det er eit bevinga ord, og at mange framleis kjenner den konkrete bakgrunnen, kan vere med på å forsterke tendensen til at den sitatforma *vonbroten* og den ortofone forma *vonbråten* er dei einaste brukte. Det kan ikkje vere tvil om at det er Bondevik åleine å takke at det finst som oppslagsord både i NAOB og BOB, utan at det betyr at alle som brukar frasen i dag, kjenner historia bak.

### 5.5.1.2 *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu*

Dette har i nyare tid blitt blant dei meir produktive nynorsk sitatfrasane i bokmål. Dei tre utslagsgjevande orda i frasen er *tru*, *nokon* og *bu*. Både *tro/tru* og *bo/bu* er rett nok normerte dobbeltformer i bokmål, men særleg *bu* er lite frekvent (søket *hun bur* får eitt treff i HaBiT<sub>BM</sub>, *hun bor* får 1940 treff). I førekomstane i tabell 5.22 har eg sjekka at *tru* blir brukt saman med *nokon*. I den nynorske folkevisa om Anne Knudsdotter heiter det: «Vi bur oppå ein plass der som ingen skulle tru at nokon kunne bu», og det har gjeve namn til eit tv-program som har rulla og gått på NRK sidan 2002, og som stadig har høge sjåartal, om ein skal tru Wikipedia (s.v. «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu», lesen 02.09.2017). Serien tek føre seg livet på gamle gardar i Utkant-Noreg, der livsvilkåra er så tronge at det nesten verkar umogeleg at det går an å livnære seg der. Sett på spissen kan seie at tv-serien personifiserer nynorsken (slik ein del oppfattar målforma, særleg om dei ikkje brukar henne sjølv) som den rurale, gammaldagse og tradisjonsbundne norsken (jf. Mæhlum 2007, 194, som gjer greie for ulike konnotasjonar knytt til bokmål og nynorsk). 96 av førekomstane i tabell 5.22 refererte ikkje direkte til serien, men blei brukt som ein sjølvstendig frase (som sjølv sagt alluderer til serien og/eller songen).

Førekomstane i (5:14) viser kor stilistisk markert frasen er i samanhengen, og komponenten *nokon* gjer at det ikkje kan vere tvil om at det er eit nynorsksitat:

- (5:14) (a) BM Vi snakker ikke om typer Lars Monsen eller Bjørn Gabrielsen som har valgt naturen fremfor byen som sitt bosted. Vi snakker heller ikke om plassen **der ingen skulle tru at nokon kunne bu**. Dette dreier seg om små samfunn med egne selvstendige språk, ritualer, en animistisk religion og kultur. (HaBiT<sub>BM</sub> 2009: wwv.no)
- (b) BM Siden 2002 har jeg besteget noen av verdens høyeste fjell utenfor Himalayas fjellkjede. Jeg har fått gleden av å besøke urbefolkninger, markedsplasser og fjellpass **der ingen skulle tru at nokon kunne bu**. Gleden av fjellvandring, se dyrene på savannen, besøke andre kulturer og presse egne grenser er overveldende. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: kirstenarnesen.com)

Eit anna trekk ved bruken av denne nynorskfrasen i bokmål er at han ofte blir brukt med modifikasjonar, dvs. at han blir brukt som ein del av ein tydeleg kreativ språkleik. I (5:15 a) blir den usannsynlege staden å bu brukt om plassering i det franske politiske systemet, og i (5:15 b–c) blir frasen modifisert ved at ein flettar inn ord som knyter frasen til ein spesifikk kontekst (sjå avsnitt 6.2.2 om korleis ein i ein modell basert på kognitiv metafor-teori kan sjå på dette som at ein trekkjer måldomenet inn i kjeldedomenet i metaforen).

- (5:15) (a) BM Til høyre for Le Pen, **der ingen skulle tru at nokon kunne bu**, residerer ultranasjonalisten, eurofoben og den uttalte rasisten Philippe de Villiers, som stadig snakker om Frankrike som en «vin-sivilisasjon». (HaBiT<sub>BM</sub> 2007: 7046.vgb.no)
- (b) BM Den musikalske stamvegen slynger seg rundt i regionen, og sørger for gode musikk-opplevelser **der ingen skulle tru at jazzfolk ville bu**. Men det gjør de, rundt i hele regionen er det små og store arrangører som jobber jevnt og trutt for å skape gode opplevelser. (HaBiT<sub>BM</sub> 2014: vestnorsk.jazzinorge.no)
- (c) BM Den var så sterk at den nesten var redd seg selv. I oppoverbakker bad den om å bli innkoblet til firehjulsdrift, og den harket seg oppover til bærmirene, og kom seg fram **der ingen skulle tru at nokon kunne snu**. Jeg malte den med grønn Drygolin utvendig, og Lady Interiør hvit innvendig. (HaBiT<sub>BM</sub> 2011: jakobarvola.com)
- (d) BM Uldottene under sofaen er så godt som utryddet, jeg har tørket støv på steder **der ingen skulle tru at nokon hybelkanin kunne bu**, middagen stod på bordet da den skulle og jeg har sett på TV(!) midt på dagen i desperasjon. (HaBiT<sub>BM</sub> 2010: mimounashobby.sprayblogg.no)

Somme går endå lenger og alluderer berre til frasen i form av ellipse (jf. (5:16)).

- (5:16) (a) BM Jo, noen kan tenke seg å **bu der ingen skulle tru**. Slik vil det alltid være. Selv bor jeg i en kommune der befolkninga kan få plass i et par blokker i Loddefjord. (HaBiT<sub>BM</sub> 2014: spindellett.net)

- (b) BM Bor på en plass "**der ingen skulle tru**" osv, men har med denne typen dekk alltid kommet meg hjem. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: nokiantyres.no)

Av dei undersøkte frasane med sitatord frå nynorsk, er det utan tvil *der ingen skulle tru* som har hatt størst gjennomslagskraft. I det ligg det ikkje berre at han er klart mest frekvent, og dei få bokmålsførekomstane er stort sett er hybridar mellom bokmål og nynorsk (som *der ingen skulle tro at nokon kunne bu*). Vel så viktig er det å sjå på den kreative modifikasjonen. Førekomstane i (5:15) og (5:16) seier mykje om kor etablert denne nynorskfrasen òg er i bokmål.

### 5.5.1.3 Ska me sjå

Pronomenet *me* og verbet *sjå* er former som berre er normerte i nynorsk. *Ska* ('skal') er unormert, men talemålsnær form i begge målformer. «En av de vanligste nynorsk-frasene i bokmål er *Ja, nå ska me sjå*», hevdar Fjeld (2002, 55). Det blir stadfesta i HaBiT-materialet, og særleg frekvent blir han dersom ein slår saman alle førekomstane med både *vi* og *me* som pronomen, *få* og *skal* som hjelpeverb og ulik syntaks (*me får sjå* og *så får me sjå*), jf. førekomstane i (5:17). At frasen er så fleksibel, men likevel held på tydinga (frå NO: «avbleikt, for å uttrykkja at ein vil tenkja seg om litt el raskt undersøkja noko»), tyder òg på at han er solid rotfesta i bokmål.

- (5:17) (a) BM Sånn, da **ska me sjå**. Ble litt forsinket av bleieskift og hundelufting. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: kammeret.no)
- (b) BM Trenger litt tid til å finne ut hva jeg vil, for det er neimen ikke enkelt! :p Men blir studier på meg også neste år.. så **får me sjå** hva :p (HaBiT<sub>BM</sub> 2008: vip.hundemarked.no)
- (c) BM Klør i fingrene etter å komme i gang! Planen er å lage rosa hjerter, som kanskje vil ende opp som små julegaver etterhvert. **Me får sjå**, først må jeg nok øve litt... Skulle selvsagt ha satt i gang med dette NÅ, men rekker ikke det i dag. (HaBiT<sub>BM</sub> 2010: rosaibyen.blogspot.no)
- (e) BM Uansett, gjengen bak udåden kaller seg "Xymotive Attack", og kanskje vi skal hylle disse teknisk kapable skrotingene med en liten singel? **Vi får sjå**. Uansett så blir det en liten release en gang i november, men hva den releasen vil inneholde får dere vente å se ;) (HaBiT<sub>BM</sub> 2011: dumps.no)

I tabell 5.21 er det ikkje gjeve opp frekvens i bokmål og relativ fordeling mellom målformene av den enkle grunn at det er svært mange førekomstar på *skal vi selfår vi se* osv. Eg vurderte det slik at det ville vere for omfattande å gå gjennom dei for å sortere ut førekomstane av rutineformelen med den avbleika tydinga. Dei andre tala gjev lite relevant informasjon, og tener ikkje som samanlikningsgrunnlag.

#### 5.5.1.4 *Med hjartet på rette staden*

Substantiva *hjarde* og *stad* er berre normerte former på nynorsk. *Med hjartet på rette staden* var den nynorske omsetjinga av tittelen til den britiske tv-serien *Heartbeat*, som gjekk på NRK i perioden 1997–2010, stort sett på laurdagskveldane, men òg i reprise i seinare år. Dette blir i (5:18) kommentert av ein indignert sjjår:

(5:18) BM Jeg har kastet harde gjenstander mot skjermen når Vidar Lønn, Tore Strømøy, Tande-P, Terje Dalby, **Med hjartet på rette staden** eller noe annet lisens-sløsende har dukket opp på tv. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: tennisbloggen.net)

Søket «med hjartet på» gjev 94 førekomstar i bokmåls-HaBiT, dvs. ein frekvens på 0,07 per million løpeord. Samanlikna med *der ingen skulle tru*, er det likevel relativt få som brukar frasen, utan at ein refererer til serien. Av dei 94 førekomstane handlar 82 om serien, som i (5:18), medan 12 (dvs. 12,8 %) er brukte som sitatfrasar (5:19):

- (5:19) (a) BM Jeg skjønner faktisk ingenting av menneskers skrekk for ting som er annerledes. Så lenge man ikke skader noen, og har **hjartet på rette staden**, så må det vel for helvete være greit å bedrive hva det enn er du driver med. (HaBiT<sub>BM</sub> 2013: sirikandersen.blogg.no)
- (b) BM Og godt gjort av denne politimannen å gå i gang og redde en hund som er erklært død. Det finnes vel folk innen politiet og som har "**hjartet på rette staden**", både over there, og kanskje også i Norge? (HaBiT<sub>BM</sub> 2003: zoosupply.nowwww.canis.no )
- (c) BM Innse at hvis du virkelig er så redd for at ditt kulturelitistiske rykte skal ryke i løpet av ti TV-sendte sanger Audun Vinger ikke har forhåndsgodkjent, så fortjener du å sitte i designer-stolen og se interne familieoppgjør **med hjartet på feil stad** på Skavlan. Velbekomme, sier vi. (HaBiT<sub>BM</sub> 2013: ohcherie.no)
- (d) BM Men det er liten sannsynlighet for at en hypokonder som jeg faktisk har **hjartet på gale staden**. (HaBiT<sub>BM</sub> 2011: grana.no)

Kanskje har den relativt sjeldne bruken av frasen i sitatform samanheng med at tittelen på tv-serien baserer seg på ein allereie veletablert frase i begge målformer, slik at bokmålsbrukarar like gjerne brukar bokmålsforma *ha hjertet på rette sted*. Ein annan ting som er verdt å merkje seg i (5:19) er at førekomstane vekslar mellom å ha enkel (5:19 c) og dobbel bestemming. Dei fleste vel dobbel bestemming når dei brukar den nynorske forma.

Ein kikk på bokmålsrealiseringane i (5:20) viser at brukarane vekslar mellom *rett*, *rette* og *riktig* og mellom nake substantiv og bøyingsuffixs:

- (5:20) (a) BM En by med føttene i sjøen, hodet i skyene og **hjertet på rett plass**, fullt av smittende Bergens-begeistring som mer enn gjerne deles med besøkende. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: vetlemyrane.no)
- (b) BM Hun er vittig og frekk, men alltid med **hjertet på riktig sted**. (HaBiT<sub>BM</sub> 2011: filmbloggen.net)
- (c) BM Poenget med denne historien er ikke å argumentere for et spesifikt evidensbasert tiltak som avgjørende for å utvikle en god praksis, men for å vise et eksempel fra en praksis der tenkende pedagoger med **hjertet på rette stedet** kan forholde seg lærende til evidensbasert kunnskap, og det uten at dette svekker det pedagogiske skjønnet. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å.: forebyggingepi.modulnet.com)

### 5.5.1.5 Med nogo attåt

*Nogo* ('noko') er ei unormert, men talemålsbasert form. *Attåt* ('i tillegg') er ei fellesform i bokmål og nynorsk, men kan nok oppfattast av somme som eit nynorsk-ord. Det er iallfall relativt mange (35 %) som kombinerer det med nynorskforma *noko* når dei skriv frasen. *Gåmåldans med nogo attåt* var på 1970-talet og tidleg på 1980-talet ein populær programserie. Tema var folkemusikk og gammaldans, og Børt Erik Thoresen var programleiar. Ordbokføringane av *med noko attåt* ser tilforlatelege ut, som at ein får noko saman med kaffien, noko å bite i. Usus er meir variert. Ofte er frasen kopla til alkohol (som med ei unormert form i 5:21 a), men også eit heilt spekter av ting som verken har med mat eller drikke å gjere. Det gjeld både nynorskforma *noko* (5:21 a–d), bokmålsforma *noe* (5:21 e), og den unormerte forma *nogo* (5:21 f):

- (5:21) (a) BM Vi nøt hver en bit; det smakte helt fortreffelig, med **“noget attåt”** til Nøve og meg (stakkars Gry var sjåfør,hm!). (HaBiT<sub>BM</sub> 2011: sissblogg.blogspot.no)

- (b) BM Møt opp i Klubben på Studentersamfundet i Trondhjem fra klokken 14:00, fredag 13. mars, og få med deg foredrag om flyktningehelse i Sør-Sudan, et likeverdig helsevesen, og psykologen som samfunnsaktør, i tillegg til somnofili, dollsex og nekrofilii ... og kanskje **noko attåt**? (HaBiT<sub>BM</sub> u.å: psykologidagene.no)
- (c) BM Her har de det jeg vil kalle for basisplagg **med noko attåt**. Altså ensfarga (ikke kjedelige!) plagg, men også mye crazy, hva med neonrosa lakkights? (HaBiT<sub>BM</sub> 2009: elisabetbet.blogg.no)
- (d) BM Gløgg med **noko attåt**. Og "attåt", det var pepperkaker, god stemning og to stand med fine håndarbeider. (HaBiT<sub>BM</sub> 2010: bergheimamfi.no)
- (e) BM AR er ikke det samme som Virtual Reality, hvor alt er kunstig. Augmented Reality er noe annet; brillene viser en sammenstilling av en virkelig og en virtuell verden: Virkeligheten med **noe attåt**. (HaBiT<sub>BM</sub> 2009: forskning.no)
- (f) BM Running tours finnes over hele verden: Sydney, Roma, London, Los Angeles, Praha for å nevne noen. Løpe i ferien skal du jo likevel, så dette er en mulighet til en spesiell løpetur **med nogo attåt**! (HaBiT<sub>BM</sub> 2014: runnersworld.no)

Når det er sagt, har svært mange forekomstane med både bokmålsforma *med noe attåt* og diverse dialektale former med ein liten matbit til kaffien å gjere, som i (5:22):

- (5:22) (a) BM Mange tema ble diskutert over en kaffekopp **med noe attåt**. (HaBiT<sub>BM</sub> u.å: namsos.rotary.no)
- (b) BM Dere har jo ikke fått kaffe og «**nokka attåt**»! (HaBiT<sub>BM</sub> 2014: bodonu.no)

Bokmålsvarianten *noe* er i kombinasjon med *attåt* den mest frekvente enkeltforma med sine 209 forekomstar. Varianten som blei brukt i tv-programmet, *nogo*, er den nest mest frekvente med 133 forekomstar, og så kjem den normerte nynorskforma *noko* på tredjeplass, med 110 forekomstar. Slår ein *nogo* saman med dei andre unormerte variantane i tabell 5.21, blir det dei mest brukte, med til saman 290 forekomstar. Dette ser ut til å delvis spegle dialektmangfaldet innan bokmålet, og delvis kan ein få inntrykk av at språkbrukarane meir eller mindre spontant konstruerer former av eit litt «rart» og framand ord. Tittelen på programmet må ha spelt ei avgjerande rolle for den store aksepten som bokmålsbrukarane har for å bruke dialektale former i akkurat denne frasen. Det hadde vore interessant å gå nærare inn på om dialektformene og nynorskforma i større grad enn den normerte bokmålsforma

blir brukt om andre ting enn ein liten matbit. Særleg om alkohol blir frasen som ein eufemisme å rekne.

### 5.5.1.6 *Sjå i kvitauget*

Det er på sin plass å spørje om *sjå i kvitauget* høyrer heime i denne undersøkinga. *Kvit* er ei normert, men lågfrekvent form i bokmål (kollokasjonen *kvitt hus* får 6 treff, medan *hvitt hus* frå 221 i HaBiT<sub>BM</sub>), *auge* er unormert i bokmål. Ein av grunnane til at eg ønskte å kikke nærare på *se i hvitøyet* er at frasen ikkje er med i BOB, og han er heller ikkje å finne i gamle NRO, så det kan tyde på at denne frasen ikkje alltid har blitt rekna som bokmålsinventar. Merk at frasen ifølgje NAOB òg blir brukt i svensk.

- (5:23) (a) BM Siden jeg skrev her sist har jeg nå snart fullført to runder med trenings-programmet RYP. 3 ganger i uken pumper jeg jern til jeg ser mannen med ljaen i **kvitauget**, tar situps med vekter jeg ikke trodde skulle være mulig før i gamledager, og er like svett og lite sjarmerende som tidligere på trening. (HaBiT<sub>BM</sub>2012: bluggu.blogspot.no)
- (b) BM Her er et menneske og en politiker som ser sannheten i **kvitøyet**. Dette er farlig. (HaBiT<sub>BM</sub>2008: hersketeknikker.no)

Når ein ser på den rimeleg høge frekvensen av bokmålsforma, og at nynorskforma berre er brukt i nokre heilt få tilfelle, er det berre å slå fast at det her ikkje er snakk om at frasen er eit lån frå nynorsk. Bruken av sitatordet *kvitauge* er minimal, og frasen blir brukt som ei kvar bokmålsfrase.

For frasane med sitatord frå nynorsk i bokmål og sitatord frå bokmål i nynorsk vel eg å ikkje gå inn på bruken i målforma der ein heller kan sjå på dei same orda som signalformer. Delvis er dette av plassomsyn, og delvis er det fordi funna ikkje gav så mykje ny informasjon.

## Oppsummering og vurdering

I litteraturen om ord med opphav i nynorsk og folkemålet som blir brukte i bokmål, blir det trekt fram at orda ofte blir brukte med negative konnotasjonar. Det gjeld truleg i større grad for dei andre kategoriane enn sitatorda, dvs. folkemålsformer, administrative termar, politisk språkbruk og språkrøktsord (jf. Fjeld 2002, 48ff). Sitatorda i avsnitt 5.5 har i stor grad vore brukte i titlar på populære fjernsyns-

program, og sjølv om somme av førekomstane kanskje har eit noko harselerande eller ironisk preg, er det ikkje eit gjennomgåande trekk. Eg har lyst å trekkje fram ei god drøfting av denne problematikken frå Boye Wangensteen, som mellom anna har arbeidd som redaktør for *Bokmålsordboka*:

[Ordbøkene bør] være varsomme med å prøve å presse mest mulig inn under normen. Faste uttrykk av typen *være en av gutta, hæla i taket og ha tenna på tørk*, der de unormerte formene *gutta, hæla og tenna* er så godt som enerådende, bør ordbøkene ta med og bruke de unormerte formene når de gir eksempler på bruken av orda *gutt, hæl* og *tann*. Ordboksbrukeren bør få se at i slike tilfeller er de unormerte formene å foretrekke. Men det bør gå klart fram hva som er i samsvar med normalen og hva som faller utenfor. [...] [N]år en gir eksempler på bruken av ordet, skal en ikke gjøre vold mot naturlig språk ved å presse alt inn under normen (*hælene i taket*), eller feie problemet under teppet (ikke nevne *være på tuppa*), men myke den opp ved å gjøre faktisk språkbruk synlig. (Wangensteen 1998, 196f)

Her skriv Wangensteen om folkemålsformer, men eg meiner det kan overførast direkte til sitatord frå den andre målforma. Det er enkelt å slutte seg til prinsippet, og det er gledeleg at bokmålsordbøkene NAOB og BOB delvis gjer det, men det kan tenkjast at det er meir problematisk i nynorsk, der fleire av språkbrukarane i utgangspunktet er noko mindre stø i den fastsette norma. Frasar med sitatord som blir brukt både i bokmål og nynorsk, seier òg noko om at fasane i stor grad er eit norsk fellesgods som i mange tilfelle står disponible på tvers av målformene, sjølv om det stundom bryt med normene.

## 5.6 Sitatord frå bokmål og/eller dansk i nynorsk

Resten av dette kapittelet skal ta utgangspunkt i ulike frasar der det er variasjonen i nynorsk som motiverer utvalet. Tabell 5.22 viser ordbokføringar av frasar med sitatord frå bokmål. Føringane er såpass sprikjande at eg i tre frasar (*det er ikkje noko nytt under sola, ta tyren ved horna* og *spy eiter og galle*) har teke med korleis frasen er ført opp under to ulike lemma. Det kan ved første augekast sjå underleg ut å rekne somme av frasane som sitatfrasar, då alle t.d. står oppførte i nynorsk form i NO, men gjennomgangen kjem til å vise korleis nynorskskrivande likevel brukar desse frasane med bokmålelement i leksikon, ortografi og morfologi.



NAOB		BOB		NOB		NO	
lem- ma	frase	lem- ma	Frase	lem- ma	frase	lem- ma	Frase
sol	<i>intet nytt under solen</i> '(etter Fork 1,9; jf. latin nihil sub sole novum, etter hebraisk) ikke noe forandrer seg; alt er slik det alltid har vært'	sol	<i>intet er nytt under solen</i> '(Fork 1,9) ingenting er nytt på jorden gjennom tidene'	sol	<i>det finst ingenting nytt under sola</i> 'på jorda gjennom tidene (Fork 1,9)' <i>det er ingenting nytt under sola</i>	sol	<i>d'er inkje nytt under soli</i> 'sjå IV <u>ny</u> (1b)'
sol	Sitat: «alle kombinasjoner er prøvd, alt er hendt, og det fins ikke nytt under solen» (Aksel Sandemose)	under	<i>intet nytt under solen</i>	under		ny	<i>d'er inkje nytt under soli</i> 'som ein ikkje kjenner til' Litterære kjelder: A.Ordspr 109, jfr Alm. Ordt
Tyr	<i>ta tyren ved hornene</i> 'se <u>horn</u> '	tyr	<i>ta tyren ved hornene</i> 'gå bestemt i gang med en vanskelig oppgave'	tyr	NA	tjor el. tyr	i uttr <i>Theodor bestemte seg for å ta tyren ved horna</i> '([...] E. Hoem [...] gå rett på vanskane; jfr <u>horn</u> (1a)'
Horn	<i>ta tyren ved hornene</i> 'OVERFØRT gå like løs på vanskeligheten(e)'	horn	<i>ta tyren ved hornene</i> 'se <u>tyr</u> '	horn	<i>ta oxen med horna</i> 'øg: gå beint på vanskane'	horn	<i>ta stuten i horna</i> 'gå laus på vanskane'
Fold	<i>være tilbake i folden vende, komme tilbake til folden</i> 'OVERFØRT gruppe (f.eks. menighet, parti) hvor man egentlig hører hjemme'	fold	<i>komme, være tilbake i folden</i> 'gruppe, menighet som en (egentlig) tilhører'	NA	NA	fold	<i>koma, vera tilbake i folden (att)</i> '(etter å ha broti ut) overf, lag, gruppe parti el l der ein høyrer heime'
Brodden	<i>(det er) brodne kar i alle land</i> [...] 'det er feil og skrøpeligheter overalt, hos alle'	brodden	<i>brodrent kar</i> 'moralsk angripegelig menneske'	broten	NA	bryta	<i>d'er brotne kjer (el kar) i alle land</i> '(A. Ordspr) det er allstad veiler og lyte'
Edder	<i>edder og galle</i> '(etter den eldre forestilling at overflod av galle forårsaket i bitterhet, ondskap o.l.)'	edder	<i>spy edder og galle</i> 'uttale seg surt og negativt'	eiter	<i>vere full av eiter og galle</i> 'argskap, ilske, vondskap'	eiter	<i>spy eiter og gall</i> '(Vo.Ty u gift) gje sterke uttrykk for argskap, hat o l'
Galle	<i>edder og galle</i> 'se <u>edder</u> '	galle	<i>spy edder og galle</i> 'se <u>edder</u> '	gall/galle	<i>spy gall</i> 'øg overf: tomme or seg allslags vondord'	galle	Sitat: «gammal eiter og galle kvar» (DT 1966)

Tabell 5.22 Ordbokføringar med frasar med bokmålske sitator d i nynorsk

Det er påfallande kor ulike ordbokføringane av den første frasen i tabell 5.23 er. Han står som idiom i NAOB og BOB, men som ordspråk i NOB og NO, og ofte tyder det på at vi har med ein ordspråksliknande frase å gjere, som kan bli realisert som begge typar. Dessutan er frasen ført med og utan verb, ulike verb (*finnes/finnast* og *være/vere*) og det er leksikalsk variasjon mellom *intet, ikke, ingenting* og *inkje*. I nynorskføringane er det i tillegg variasjon i det svake hokjønns substantivet *sol* mellom eldre rettskriving *soli* i NO og dagens normerte form *sola* i NOB.

Alle fire føringane av *ta tyren ved hornene* i NAOB og BOB er identiske, noko som kan tyde på ein ganske homogen bruk av frasen i bokmål. I nynorsk er det derimot brukt både *okse, stut* og *tyr* i det semantiske temaleddet, og både *med, ved* og *i* blir brukte som preposisjonar.

NAOB har forma *tilbake til folden* der BOB og NO har *tilbake i folden*, og NOB har verken med denne eller det bevinga ordet *det er brotne kar i alle land*. Skal vi tru BOB, blir *broddent kar* brukt i eintal. Den danske forma *edder* er berre brukt i frasar på bokmål, elles brukar ein på norsk forma *eiter*.

## 5.6.1 Nynorskførekomst

### 5.6.1.1 *Intet er nytt under solen*

Avsnitt 5.5 viste korleis fraselån skjer både ved at enkeltstående sitatord gjer at heile frasen blir markert, og i somme tilfelle importerer brukarane heile frasar som samla einingar frå den andre målforma. I romanen *Innsirkling 3* av Carl Frode Tiller finst det eit godt døme på den siste typen:

(5:24) Ingenting oppstod i eit vakuum, og det å vere original hadde aldri vore noko anna enn å sette saman gamle ting på nye måtar, sa du og heldt deretter eit langt og engasjert foredrag som tok utgangspunkt i Saussure sine refleksjonar rundt at vi fødest inn i eit språk som er der frå før av, og enda opp med ein uforbeholden hyllest til Aphex Twin og måten han brukte sampling på, og Tarantino og hans bruk av b-film frå 70-talet, og Lars von Trier og hans leik med såpeoperasjangeren i det du omtalte som tidenes beste fjernsynsserie, *Riket*. **Intet er nytt under solen**, sa du, heller ikkje den setninga eg nettopp sa. (Tiller 2014, 214)

Ytringane til den aktuelle romanfiguren er elles refererte på normert nynorsk. Her brukar ein profilert nynorskforfattar frasen i ei konservativ bokmålsform utan noka

form for markering av lån: ordforma *intet* (NN *inkje*) og bøyingsendinga *solen* (NN *sola*) ligg begge utanfor nynorsknormalen. Kva kan det kome av når frasen er eit bibelsitat, og vi har hatt bibelomsetjingar til nynorsk i over 100 år? I dei tre siste omsetjingane av Bibelen på bokmål (5:25 a–c) og nynorsk (5:25 d–f) står sitatet frå Forkynnaren i slik:

- (5:25) (a) BM Det som har skjedd, skal atter skje, og det som ble gjort, skal gjerres på nytt. **Intet er nytt under solen.** (Bibelen 2011 på bibelen.no: Fork 1,9)
- (b) BM Det som var, skal alltid være, og det som skjedde, skal atter skje. **Det fins ikke noe nytt under solen.** (Bibelen 1978/1985 på bibelen.no: Fork 1,9)
- (c) BM Det som har vært, er det som skal bli, og det som har hendt, er det som skal hende, og **det er intet nytt under solen.** (Bibelen 1930 på bibelen.no: Fork 1,9)
- (d) NN Det som har hendt, skal henda igjen, og det som vart gjort, skal gjerast på nytt. **Ingen ting er nytt under sola.** (Bibelen 2011 på bibelen.no: Fork 1,9)
- (e) NN Det som var, skal alltid vera, og det som hende, skal atter henda. **Det finst ingenting nytt under sola.** (Bibelen 1978/1985 på bibelen.no: Fork 1,9)
- (f) NN Det som hev vore, er det som skal vera, og det som hev hendt, er det som skal henda; **det finst inkje nytt under soli.** (Bibelen 1938 på bibelen.no: Fork 1,9)


At ordbokføringane sprikjer, høver godt med at omsetjingane i Bibelen har variert ein god del gjennom tidene. I bokmål kan vi leggje merke til at ein har gått tilbake til ei meir konservativ form i 2011-omsetjinga, medan vi ser tre ulike variantar i dei tre nynorskomsetjingane. Forma *d'er inkje nytt under soli* i *Norsk Ordbok* har under adjektivet *ny* referanse til Aasens *Norske Ordsprog* (1856) og Almenningens *Norske ordtak* (1999), heller enn å vise til at det er eit bibelord. Det skulle borge for at frasen har vore institusjonalisert i nynorsk og i dialektene lenge.

Då nynorskkorpusa samla sett er små samanlikna med bokmålskorpusa, i kombinasjon med at eg undersøker lågfrekvente frasar, er det ikkje nok å berre bruke eitt korpus, slik eg har gjort med bokmålsfrasane i første del av dette kapittelet. Førkomstane under er difor henta frå alle dei fire største nynorskkorpusa (sjå avsnitt 3.3.3). Det gjer òg at eg i denne siste delen av kapittelet viser til talmateriale undervegs, og ikkje samla for alle frasane med same tematikk, som i første del. Eg har søkt

på den einaste forma som er tillaten i 2012-normalen «under sola», den gamle forma «under soli» (bestemt form *solli* gjekk ut av rettskrivinga i 2012) og bokmålsforma «under solen», og treffa er i tabell 5.23 organiserte etter synonyma til *inkje*.

	ikkje noko			Intet			lite			inkje			Ingenting		
	sola	Soli	solen	sola	solli	Solen	sola	solli	solen	sola	solli	solen	sola	solli	solen
Habit <sub>NN</sub>	3	2				4	3						1		
NAK <sub>NN</sub>							1								
NON	5	1				1					2		1		
Oslo <sub>NN</sub>	1														
SUM	9	3				5	4				2		2		

Tabell 5.23 Ulike variantar av ikkje noko nytt under sola i fire nynorskkorpus



Figur 5.3 Dei ulike realiseringane av ikkje noko nytt under sola på tvers av korpus

NOB har brukt forma *ingenting* i begge føringane av frasen, og det er i tråd med dei to siste bibelomsetjingane. I korpus er det likevel berre (5:26 a) som er ein reell førekomst, då (5:26 b) viser til frasesamlinga til Olaf Almenningen.<sup>27</sup>

(5:26) (a) <sub>NN</sub> Det er slått fast før: Det finst **ingenting nytt under sola**. (HaBiT<sub>NN</sub> 2010: blixblog.blogspot.no)

<sup>27</sup> Det illustrerer det problematiske ved å basere ususundersøkingar på det same grunnlagsmaterialet (NON-korpuset) som ei ordbok (NO) ein ønskjer å kontrollere frasebruken til. Når korpusituasjonen er som han er i nynorsk, er det likevel ikkje til å unngå.

- (b) NN Det er **ingenting nytt under sola** (NON 1999: Alm.Ordt 1999)

Ein variant som ikkje var venta ut frå ordbokføringane og bibelomsetjingane, har adjektivet *lite*, jf. (5:27). Merk at (5:27 b) meir alluderer til frasen enn at han er ein eigentleg førekomst av han. Som med *ingenting*, blir også *lite*-varianten berre kombinert med forma *sola*.

- (5:27) (a) NN Det er **lite som er nytt under sola**, seier ei gammal bok. (HaBiT<sub>NN</sub> 2006: blixblog.blogspot.no)

- (b) NN Det minner meg på noko nokon sa om **lite nytt under sola**. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å.: interessant.tumblr.com)

Når frasen står i ordspråksform, som ei fullstendig setning innleia av *det er/finst*, er det ofte med varianten *ikkje noko*, jf. (5:28 c og d). (5:28 a) viser at verbet ikkje alltid er med, utan at idiomet bryt saman av den grunn. Legg òg merke til den syntaktiske variasjonen i førekomstane. Førekomst (5:28 d og e), frå 1915 og 1895, viser at ein òg i den nokså tidlege nynorsken brukte *ikkje noko* (i tillegg til *inkje*), og då saman med den gjeldande rettskrivingsforma *solli*. I (5:28 f) ser vi dessutan at bruk at hermeteikn som metaforisering ikkje er noko nytt fenomen, òg når det er former som er innanfor norma på det aktuelle tidspunktet.

- (5:28) (a) NN Så skulle ein jo tru at alt var oppfunne, og **ikkje noko nytt under sola**. Men i 1981 dukka ei 18 år gammal sveitserdama opp og vann VM-gull med noko heimesnikra vanvittig noko (NON 2002: DT 2002)
- (b) NN Slikt er **ikkje nytt under sola** det heller, men det fungerer sabla fint i orkesterverka hans – på plate, på øret i skauen, eller – kanskje aller helst, men berre kanskje – i konsertsalen. (HaBiT<sub>NN</sub> 2014: lydskrift.no)
- (c) NN Det eg ofte saknar, er at folk spør om kva som er skrive tidlegare om eit emne. Når noko nytt kjem ut, stemmer ofte ordtaket om at **det ikkje er noko nytt under sola**. (NON 2002: DT 2002, 22–24)
- (d) NN Det som hev vore, er det som skal vera, og det som hev hendt, er det som skal henda; **det finst ikkje noko nytt under soli**. Skulde dei segja um noko: Sjaa, dette er nytt! - so hev det longe vore til i fordoms tider som var fyre oss. (HaBiT<sub>NN</sub> 1915: poesifestivalen.no)
- (e) NN Helder **ikkje** i æventyrriket **er det**, for so vidt, «**noko nytt under soli**,» so mykje sersynt og uhøyrte som det elles hev aa bjoda paa. (HaBiT<sub>NN</sub> 1895: no.m.wikisource.org)

Nynorskforma som er mest ekvivalent med *intet* i bokmål, er *inkje*. Kanskje litt overraskande var det berre to førekomstar med *inkje* i dei fire korpusa, sjå (5:29), der den eine er frå 1895 og den andre frå 1911. Frasevarianten med *inkje* ser ikkje ut til å vere eit alternativ for moderne nynorskbrukarar, og forma har heller ikkje vore i bruk i nynorskoversetjing av Bibelen etter 1938-utgåva.

- (5:29) (a) NN Det er **inkje nytt under soli**, sa vismannen; desse nymodes buksedamune er helder ikkje noko nytt; i Wallis i Sveits hev kvinfolka fraa gamalt brukt som ei brok naar dei skulde uppi fjelli og gjæte smalen. (NON 1911: Den17Mai 1911:39)
- (b) NN **inkje nytt under soli**. Naar dansk-norske kulturgrunnleggjarar fortêl oss, at me maalmenn ikkje er norske nok, so høyrst det rart; men naar me rett skal tenkja oss um, - so er det ikkje noko nytt, det helder (NON 1895: Den17Mai 1895:066)

Innleiingsvis såg vi korleis nynorskforfattaren Carl Frode Tiller brukte denne frasen som eit bokmålssitat, og det viser seg at han ikkje er åleine om det. Heile fem førekomstar står med bokmålsforma *intet nytt under solen* i nynorsktekstar i korpusa, og (5:30) viser to av dei. Som ofte når ein lånar fraseformer frå den andre målforma, set brukarane frasen i hermeteikn.:

- (5:30) (a) NN "**Intet nytt under solen**" - heile tida blir nye menneskeborn født inn i verda. Slik har det vore sidan det første skrik! (HaBiT<sub>NN</sub> 2012: karisorheim.no)
- (b) NN Har nettopp lese om korleis Oxford English Dictionary vart laga, og fundamentet var crowdsourcing så godt som noko. «**Intet nytt under solen**» med andre ord. Mange av fenomenene me likar å tru er heilt nye og eksklusive for nettet, finn altså sine parallellar i historien. (HaBiT<sub>NN</sub> 2007: tversover.com)

At det til saman berre er 25 førekomstar av frasen i fire korpus, vil seie at vi har med ein nokså lågfrekvent frase å gjere (0,15 førekomstar per million løpeord i dei fire korpusa sett under eitt). Det er så få at det dessverre ikkje går an å feste lit til resultat, men nokre tendensar er likevel klare. Nærare halvparten av førekomstane har ein variant av *ikkje noko*, medan kvar femte førekomst står som eit bokmålssitat med *intet* og bokmålsmorfologi. Merk at ingen nynorskbrukarar kombinerer «under sola» eller «under soli» med bokmålsnektinga *intet*, og dei to førekomstane med *inkje* inneheld òg *soli*. Så sjølv om variasjonen er stor, er det eit visst system i kombinasjonane. Desse er dessutan i tråd med Dyviks klyngjemodell (2012) og forventningar om språkleg konsekvens.

---

Ser ein berre på førekomstane som faktisk er skrivne på nynorsk, er frekvensen i nynorskkorpusa 0,12 per million ord, og til samanlikning ligg bokmålsfrekvensen i HaBiT<sub>BM</sub> på 0,37 reelle førekomstar per million ord. I nynorsk er det dei ulike formene med *sola* som dominerer (med 15 førekomstar), medan den forelda forma *soli* og bokmålsforma *solen* har fem førekomstar kvar. *Soli* er rett nok berre å finne i tekstar frå rundt inngangen til 1900-talet, medan sitatførekomstane med *solen* er av nyare dato. Sjølv om frasen har vore internalisert i nynorsk sidan 1800-talet, kan det sjå ut til at *intet er nytt under solen* er eitt av desse uttrykka som somme av ein eller annan grunn reknar som ein bokmålsfrase. Ein kan ikkje sjå vekk frå Åse Klevelands bidrag til Eurovision Song Contest i 1966 har vore ein popkulturell påverknad til at akkurat den forma er den som melder seg først i tanken – eller som brukarane oppfattar som den «riktige».

Frasen er ein av fleire med bibelsk opphav som framleis blir brukte i ei forelda bokmåls-/riksmålsform i begge målformer (jf. Rauset 2010a). Ei nærliggjande forklaring er at bibelhistoria er lengre på bokmål i forlenginga av dansk, og at frasane blei fikserte i den tidlege forma. Faste frasar med bibelsk og anna litterært opphav er noko av det som knyter mange språk i Europa saman: «En af de vigtigste kilder til idiomfællesskab mellem dansk og tysk er oversættelser af Bibelen og af anden fælleseuropæisk eller global klassisk litteratur» (Farø 2004b, 55). Denne typiske skriftspråkstradisjonen med omsetjing av sentral religiøs og klassisk litteratur gjer at vi kan finne parallellformer til danske høgstilsidiom i bokmål, men at dei ikkje nødvendigvis har festa seg i nynorsk på same måte, då nynorsken har det munnlege språket som opphav og ideal (Rauset 2010b).

Når ein både i bokmål og nynorsk ser at mange brukar den noko gammalmodige forma *intet*, som for dei aller fleste høyrer til eit anna stillag enn dei elles brukar, må det vere for å vise at det kjem noko spesielt. Forma viser at ein er medviten om at det er ein frase, ho har ein viss ornamentaleffekt, og det kan vere eit signal om at innhaldet ikkje skal tolkast bokstaveleg. Eg har ikkje undersøkt talemålskorpus, men det er rimeleg å tru at nynorskbrukarane uttaler frasen på same måte som dei skriv han. I riksmålstradisjonen meiner ein at høgstil (som *intet* utan tvil høyrer til) fører til meir

omhyggjeleg artikulasjon og ein uttale som er meir bunden av skriftbildet enn det som er vanleg:

Også i dagligtale kan vi merke sammenhengen mellom høytliggende emne og dansk-norsk form. Ofte uavhengig av moderne riksmålsortografi følger riksmålsuttalen dansk bokstavering i sentrale kulturord, som *videnskabelig* – altså selv om vi skriver *vitenskapelig*. Det samme gjelder høflige vendinger: *takk i lige måde*; *om forladelse*. Det er ikke tilfeldig at vi uttrykker høflighet ved å benytte en ellers «foreldet» uttaleform; det gir vendingen et preg av seremoni. Selv nynorsken synes, forsmedelig nok, å være påvirket av dansk-norsk uttaletradisjon i det høyere stilskikt. (Bjerke 1967, 101)

Bruksundersøkinga kan tolkast dit at forma *intet* har behalde statusen som høgstil, medan den tilsvarande nynorskforma *inkje* berre har blitt gammaldags og utdatert. På den andre sida er *ingenting* uformelt, så på sett og vis er dette eit tomrom i språket som språkbrukarane fyller på ulike vis. I eit slikt lys er det ikkje så underleg at somme nynorskskrivande brukar dei formene som har blitt ståande som representantar for eit «høgt stilplan» når dei skal bruke denne bibelfrasen. Logikken blir då at om ein brukar ein frase frå ein høgare sfære som religion eller klassisk litteratur, grip ein i norsk til riksmålsformene: Respekten for «begrepets verdighet», kjensla av at noko høyrer heime på eit høgt stilplan, gjer at ein vel dansk-norske former, meinte Bjerke (1967, 102). Han viser til at det er mange døme på at eit ord knytt til kulturlivet (religion, filosofi, poesi osv.) held på den gamle dansk-norske forma, lenge etter at ordet er blitt demokratisert av språkpolitikken (103). Bjerke skriv rett nok om korleis dette fungerte i riksmålet på hans tid, men eg trur det må vere nokon av dei same mekanismane som ligg bak når brukarar av begge målformene nyttar den konservative bokmålsforma *intet er nytt under solen* i dag. Det er sjølv sagt inga naturlov som seier at høgstil alltid krev konservative riksmålsformer, trass alt er den mest frekvente nynorskvarianten heilt i tråd med nynorsknormalen, men å bruke dansk-norske former kan i begge målformer vere eit effektivt verkemiddel om ein ønskjer eit ekstra tydeleg språkornament.

### 5.6.1.2 *Ta tyren ved horna*

Når NOB ikkje har med frasen under *tyr*, sjølv om det er oppslagsord, og ein kan finne tre andre variantar andre stader i nynorskordbøkene, er det ikkje mykje hjelp å få for folk som lurar på korleis frasen blir skriven på nynorsk. Generelt meiner eg det



er eit problem at ordbøkene viser for lite fram av dei fraseologiske variasjonsmoglegheitene, men er det verkeleg grunnlag for så vidt ulike føringar i nynorsk som NOB og NO presenterer? *Tyr* er innanfor den fastsette nynorsknorma, men tydelegvis er det ei ordform som mange vegrar seg for å bruke – kanskje fordi ordet kling dansk-bokmålsk. Etymologien er uklar, men Bjorvand og Lindeman (2007, 1211) slår fast at «**tyr** m. '(gra)okse, stut' stammer i denne formen fra dansk, jf. den heimlege formen nno. *tjor* < norr. *þjórr*». Her verkar det ganske opplagt at det er den gamle eksoglossiske purismen i nynorsk, spesifikt retta mot tyske og danske ord, som gjer seg gjeldande, for i ordbøkene ser det ut til å vere maktpåliggande å unngå storfehannen *tyr*, som i norske målføre oftast blir omtala som ein *stut* eller ein *okse*. I begge målformer er det eit stilistisk markert ord som stort sett berre blir brukt om stjerneteknet og i frasen *ta tyren ved horna*.


I ordbøkene stod *tyr* fram til 2012 som dobbelform til den «norskare» varianten *tjor*, men då forsvann *tjoren* ut av nynorskrettskrivinga. På grunnlag av ordbokføringane har eg i alle dei fire nynorskorpusa søkt på «ved|med|i horna|hornene» og «oksen ved|med|i», «stuten ved|med|i», «tyren ved|med|i» og «tjoren ved|med|i». Det var ikkje førekomstar i korpus av NOB-forma «med horna», eller med bokmåls morfologi «ved hornene», så dei er ikkje med i tabell 5.24:

	ved horna					i horna				
	oksen	stuten	tjoren	tyren	[måldom. -] tyren	[måldo- meneord]	oksen	stuten	tjoren	tyren
HaBi <sub>NN</sub>	1	1		1						
NAK <sub>NN</sub>					2					
NON				7		2		1		
Oslo <sub>NN</sub>						1				
SUM	1	1		8	2	3		1		

Tabell 5.24 Føreskomstar av *ta tyren ved horna* i fire nynorskorpuser

Figur 5.4 er noko forenkla, då eg ikkje har spesifisert når det er brukt verbet *ta* og når det er brukt *gripe*, men elles viser han den relative fordelinga mellom dei ulike

førekomstane av *ta tyren ved horna* i dei fire nynorskkorpusa:



Figur 5.4 Dei ulike realiseringane av *ta tyren ved horna* på tvers av korpus

Komponenten *tyren* er den heilt klart dominerande i bruk, og alltid i kombinasjon med *ved horna*, som i (5:31). I sju av åtte førekomstar med *ved horna* er verbet *ta*, men (5:31 c) viser at nærsynonymet *gripe* fungerer utan å bli markert:

- (5:31) (a) NN Det var mot denne oppfatninga filosofar som Jean-Jacques Rousseau (1712-1778) gjorde opprør. Han formulerte eit alternativt menneskesyn, der han **tok tyren ved horna** og snudde det gamle klassiske menneskesynet på hovudet. (NON 2004: Borg.NKB 2004 149,2)
- (b) NN Også avsløringane av moglege samrøre mellom personlege jaktinteresser og fagleg ansvar blant tilsette i DN og NINA provoserte rettighetshaverar og jegerar. Men DN-leiinga **tok tyren ved horna**. DN-direktør Janne Solli la seg paddeflat for kritikken. (NON 2003: Hallingd 2003)
- (c) NN – Ein må ikkje vente for lenge. Ein må **gripe tyren ved horna**. Dess tidlegare ein kjem i gang, jo betre, er rådet frå Inger Johanne Rygg til andre som slit med angst. (HaBiT u.å.: haukeland.no)

Søket på «i horna» i alle dei fire korpusa gjev berre eitt treff, jf. (5:32 a), og det finst i NON. Dette eine resultatet frå Kristofer Uppdal (1878–1961) er truleg det som har motivert oppføringa i band 5 i NO. Uppdal har dessutan brukt varianten *stuten* og ikkje *tyren*. Det finst andre døme i korpus på bruk av både *stut* og *okse*, jf. (5:32 b–c), men då i kombinasjon med *ved horna*:

- (5:32) (a) NN No skuld du **gríp stuten i horna**. Og du tok te å rundfårá umkverven din. Og synt grundigskap og umtarki Du gjekk og kika, og yvirsjåg valdet ditt. (NON 1947: Up.Ku\_II 1947)
- (b) NN Mangel på fagfolk var heilt klart eit trugsmål mot Stålverket. Men direktøren **tok stuten så å seia ved horna**. Sjølv om «svenskehatet» knapt hadde lagt seg, 1905 låg trass alt ikkje så langt attende, orienterte Poulsson seg nettopp mot dette nabolandet. (HaBiT 2012: strandhistorie.no)
- (c) Kanskje er løysinga så enkel. **Gripe oxen ved horna** og fortelje alle menneske ein møter i løpet av ein arbeidsdag: Det er deg det er noko gale med. Mane til ettertanke og sjølvrefleksjon. (HaBiT<sub>NN</sub> 2009: 2001-10.prosa.no)

Kreativ modifikasjon kan ein oppnå ved å blande inn element frå måldomenet, jamfør kapittel 6. Førekost (5:33 a) er ein illustrasjon på det som i figur 5.4 er ført som *ta* [måldomene-] *tyren ved horna*. Tyren spelar i fleire tilfelle med, sjølv når det er snakk om kreativ modifikasjon. I (5:33 b) står *tyr* med artikkel, altså *ein tyr*, som inneber ei kvantifisering av frasekomponenten. Her fører det til ein kombinasjon eller *blend* av måldomenet og kjeldedomenet, ved at skribenten spelar både på den bokstavlege og overførte tydinga til frasen. Dessutan er det eit godt døme på at konteksten modifierer ein enkeltkomponent i frasen, noko som ikkje skal vere mogeleg om idiom per definisjon er fikserte einingar (jf. drøfting i avsnitt 2.5). Førekostane (5:33 c–e) illustrerer konstruksjonen *ta* [måldomeneord] *ved horna*. (5:33 c) er eit ordspel som spelar på at referenten til subjektet i setninga heiter Tyra. I (5:33 e) dukkar det opp eit anna dyr med horn, så den bildeskapande effekten til idiomet bryt ikkje saman, men komponenten er henta frå måldomenet.

- (5:33) (a) NN Å vera medskuldige i oppblåsing av ei mogleg bustadboble er likevel så alvorleg at tida er overmoden for å **ta skattetyren ved horna**. Så godt som alle økonomar er overtyste om at skjerpa skattlegging av eigeom både er økonomisk fornuftig og skaper større rettferd. (NAK<sub>NN</sub> 2006: BT060302)
- (b) NN Viser ikkje Stoltenberg vilje til meir statleg styring, får han ikkje styring over partiet. Han kan kanskje **ta ein tyr ved horna**, men ikkje ein heil bølging. (NAK<sub>NN</sub> 2006: DA060602)
- (c) NN Me ønsjer å vera udøyelege. Teatret er genuint levande. Det er, med store ord, som livet, seier Tønnessen. Ho heiter Tyra og **tek norsk teater ved horna**. (NON 2002: DT 2002)

- (d) NN Her finst ingen vilje til å **ta norsk asylopolitikk ved horna** og tenkja framtid. Det finst inga tru på ei fargerik framtid i Suldal. (NON 2000: DT 2000)
- (e) NN Toler reinen sauelukt, eller toler han det ikkje? Dette er eit av spørsmåla forskarar på Biologisk Institutt ved Universitetet i Oslo skal finna ut av. [...] Sauealslaget bestemte seg for å **ta væren ved horna** då reinsjegrar la skulda på aukande sauehald då jaktlykka svikta på Hardangervidda. (Oslo-korpuset<sub>NN</sub> 1994: AV/BT9X/01)

Ein slik type kreativ leik og modifisering av frasen meiner eg må vere eit tydeleg signal om at frasen er institusjonalisert i nynorsk. At det ikkje var eit einaste treff på bokmålsforma «ved hornene», støttar opp under det.

I *intet er nytt under solen* og *ta tyren ved horna* har eg gått ganske djupt inn i problematikken med sitatord frå bokmål og/eller dansk i nynorsk. Sidan talmaterialet er så avgrensa, går det ikkje an å trekkje empiriske slutningar, så eg har heller gått litt djupare inn i materialet for å sjå på kva type variasjon vi har med å gjere. Tre andre frasar er med for å skaffe litt meir breiddeoversikt over fenomenet, men gjennomgangen av dei blir av plassomsyn meir overflatisk.

### 5.6.1.3 Tilbake i folden

*Fold* er ikkje oppslagsord i NOB. NO opplyser om at ordet finst i dansk i forma *fold* og i svensk i forma *fålla*, og at det er eit synonym til *kve* ('inngjerding for krøter'). Forma *fold* blir i moderne norsk berre brukt i frasen som blir undersøkt her.

	sitatord		folkeetymologi	
	i folden	til folden	i falden	til falden
HaBiT <sub>NN</sub>	4	0	3	0
NAK <sub>NN</sub>	5	0	1	0
NON	3	1	7	0
SUM	12	1	11	0

Tabell 5.25 Ulike variantar av tilbake i folden i tre nynorsk korpus

Først søkte eg på «i|til folden|falden i dei fire korpusa HaBiT<sub>NN</sub>, NAK<sub>NN</sub>, NON og Oslo-korpuset. Det var ingen treff i Oslo-korpuset. Eg har dessutan søkt på dei unormerte formene *i falda*, *i folda*, *til falda* og *til folda*, men det gav ingen resultat.

*Fold* er eit sjeldan ord i norsk, og som vi skal sjå, viser førekomstane at språkbrukarane ikkje har eit forhold til kva enkeltkomponentane i frasen tyder; frasen er

leksikalisert. Det kan forklare kvifor såpass mange nynorskskrivande tolkar ordet om til *fald* ('bølgjeforma brett') og skriv *i falden*. Det er analogt med frasen *legge ansiktet i de rette folder* i BOB blir skrivne *leggje ansiktet i dei rette faldane* i NOB (legg elles merke til skilnaden i enkel og dobbel bestemming i føringane). (5:34 a–c) viser etter tur førekomstar i sitatforma *i folden* (som må vere den «korrekte» i etymologisk forstand), den folkeetymologiske omtolkinga *i falden* og det einslege dømet på at nokon brukar *til falden* (slik NAOB hadde ført frasen for bokmål):

- (5:34) (a) NN Utsettingsframlegget fall, og deretter kom dei to representantane **inn i folden** att. Vedtaket om nedlegging vart samrøystes, rett nok med ei protokolltilføring frå dei to tilsette-representantane. (NON 2007: SoA 2007)
- (b) NN Eg tykkjer likevel ikkje det er for mykje forlangt at den norske regjeringa er årvåken og tek tydeleg avstand. Me får vona at Erna Solberg i det minste nyttar høvet når alle er piska fint på plass **i falden**. (HaBIT<sub>NN</sub> 2013: benjaminlarsen.net)
- (c) Då kan det vere vanskeleg å tenkje seg at endringane vi har sett siste halvåret er noko anna enn krusingar på overflata; at dei villfarne nok vil finne attende **til folden** når valdagen kjem om eit år. (NON 2000: Firda 2000)

Nynorskbrukarar møter mykje bokmål i kvardagen, og for mange er det nok bokmåls-variantane av frasar som ofte dukkar først opp i tanken. I slike samanhengar er ein vande med å vri og vende litt på dei for at dei skal passe til dei nynorske konvensjonane, både dei føreskrivne reglane for ortografi og morfologi, men òg med tanke på leksikon og syntaks. I *tilbake til folden* kan ein sjå døme på at justeringa til eiga målform, på grunn av at frasen er formørka, kan gå for langt.

#### 5.6.1.4 Brotne kar

Denne frasen er eit bevinga ord i bokmål. I NOAB står dette om opphavet: «(*det er brodne kar i alle land* (etter diktet «Brodne Potter i alle Lande» (1783) av Johan Herman Wessel (1742–85), med opprinnelse i et ordspråk)» (NAOB s.v. *brodden*). På Wessels tid skreiv alle nordmenn dansk. Korleis løyser nynorskbrukarane det i dag? I tillegg til sitatforma *brudden* opp mot NN *broten*, søkte eg på eintal versus fleirtal og *kjer* versus *kar*. I korpus fekk eg berre treff på *brodne kar* og *brotne kar*, og det var ingen førekomstar i Oslo-korpuset, jf. tabell 5.26.

	sitatord	nynorsk
	brodne kar	brotne kar
Habit <sub>NN</sub>	1	3
NAK <sub>NN</sub>		2
NON	1	4
SUM	2	9

Tabell 5.26 Ulike variantar av brotne kar i tre nynorskkorpus

Igjjen må ein vere svært varsam med å trekkje konklusjonar med så tynt talmateriale (sjølv om det er nynorskleksikografens svepe å stadig måtte gjere det). Det kan vere grunn til å tru at nynorskskrivande ikkje ser på frasen som eit bevinga ord, men at det er ein internalisert frase i nynorsk, som hovudsakleg blir brukt i tråd med dei nynorske konvensjonane.

(5:35 a) er skrive av den kjende nynorskskribenten Andreas Hompland. Det er ei nesten imponerande oppramsing av veldig mange frasar (*det finst brotne kar i alle land, ha svin på skogen, i dei beste familiar, gå fort i svingane og makt korrumperer*). Når den eine frasen på denne måten avløyser den andre som utdjuingar og utbyggingar, kallar eg det idiomlenkjer (Rauset 2018). Som fenomen er det noko anna enn kontaminasjon, som førekomst (5:34 b) kan vere døme på, der *det finst brotne kar i alle land* moglegvis er blanda saman med *familiens svarte får*, jf. avsnitt 6.9.2.

- (5:35) (a) NN **BRODNE KAR finnest i alle parti**, saman med svin på skogen. Også i dei beste politiske familiar kan det trøse feil. Det kan gå litt for fort i dei politiske svingane, og makt kan korrumpere. (HaBiT<sub>NN</sub> 2012: tadel.no)
- (b) NN For etter den store moralske appellen blei det avdekka at mange av statsrådene hans slett ikkje var særleg trufaste. I alle høve ikkje mot ektefeller og kristne og konservative famileverdiar som dei talte så varmt for. **Brotne kar finst i alle familiar**. Ronald Reagan hadde så avgjort eit problem med sin nymoralisme, han også, dottera framstod i "Playboy" som avkledd og utbretta midtsidejente. (HaBiT<sub>NN</sub> 1996: oevrebotten.com)

### 5.6.1.5 Spy eiter og galle

Forma *edder* har òg kome inn i norsk via dansk. I bokmål er det ei forelda form som i dag berre blir brukt i frasen *edder og galle*, medan NOB og NO hadde ført frasen etter normert nynorskkortografi: *eiter og galle*.

Eg søkte på «og galle|gall»og «s\* gall|galle». Denne gongen var det ikkje eit einaste treff på bokmålsforma.

	nynorsk	nynorsk	folkeetymologi	
	eiter og galle	spy galle	eder og galle	Andre
Habit <sub>NN</sub>	1		2	
NAK <sub>NN</sub>				sende skjellsord og galle: 1
NON	1	1	2	sprute eld og galle: 1
Oslo-korpuset <sub>NN</sub>	1			
SUM	3	1	4	2

Tabell 5.27 Ulike variantar av eiter og galle i fire nynorskorpuser

Det finst altså nokre få døme i korpus på at nynorskskrivande brukar den «korrekte» forma *eiter og galle*, men det er like vanleg med ei folkeetymologisk omtolking, slik at dei skriv *eder og galle*. Til jamføring er det i bokmålsdelen av HaBiT-korpuset 303 treff på *eder og galle*, mot 3 på *edder og galle*, så i det lyset må ein kunne rekne nynorskbruken i tabell 5.28 og i (5:36 a–b) som svært normlojal. Denne type *ed* som er brukt i (5:36 c–d) må vi rekne med svarer til nynorsk *eid* (‘kraftuttrykk, bannord’). I (5:36 e–f) omgår skribentane heile problemet med å kutte den problematiske *eiter*-komponenten eller erstatte han med eit synonym til den folkeetymologiske tydinga (*kraftuttrykk* vs. *skjellsord*).

- (5:36) (a) NN Styggast i framandfrykt-koret er Kommentarfelttrollen. Det gøymer seg i mørke skuggar medan det trommar hatefullt og vregjer ut **eiter og galle** frå sin kunnskaps-lause buk. Det kling nesten som sjølve Sanninga, tykkjer Kommentarfelttrollen. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å: nynorskavissenter.no)
- (b) NN Dei auste ut oppkokt **eiter og galle** over harde senger, kaldt varmtvatn, imbesille tilsette, hardkokte egg – som var blautkokte – og blautkokte kelnerar – som var hardkokte. (NON 2000: DT 2000:25)
- (c) NN Gudfaren som var med å starta Stand-Up Bergen, klubben som dei siste åra har blitt rekna som den mest progressive standupscenen i Noreg. I tillegg er han ein av dei mest morosame, og **spyr eder og galle** på alt og alle som fortener det. (HaBiT<sub>NN</sub> 2012: midtsiden.no)
- (d) NN Eg ser i VN frå sist laurdag at Hans Golten **sprer eder og galle** over det meste av politisk og administrativ verksemd i kommunen. (NON 2005: VestNytt 2005)
- (e) NN Han **spydde galle** utover dei norske borgarpolitikarane så salen vreid seg i latter. (NON 1978: E.HoemGBH 1978)

- 
- (f) NN Vi andre må kanskje tenkje oss om før vi sender moralisme, **skjellsord og galle** over jentene. (NAKnn 2001: NL 20010514)

## 5.6.2 Oppsummering og vurdering

Det ser ut til å vere eit ønske om å unngå ordet *tyr* både i NOB (som først kom ut i 1986) og band 5 av NO (kom ut i 2005). Om ein samanliknar med oppføringane i BOB og NAOB, kan dei tolkast slik at forma er meir fiksert i bokmål enn nynorsk. Korpusundersøkingane tyder på at *tyr* også på nynorsk er det mest brukte synonymet, men at brukarane òg set inn *stut* og *okse*. Om det er fordi dei har ei internalisert norm der *tyr* blir oppfatta som eit uønskt framandelement, eller om det er fordi dei har slått opp i ordbøker som indirekte fortel at *tyr* ikkje er brukande i frasen, er uvisst.

Det som ofte skjer i frasar med sitatord frå bokmål og/eller dansk, er at dei brått blir veldig konkrete på nynorsk, mens bokmålsvariantane i større grad berre er ordkombinasjonar der ein ikkje reflekterer over kva dei enkelte komponentane tyder. Nynorskvariantane gjev litt andre konnotasjonar enn bokmålsversjonane fordi dei er uvande, og fordi brukarane då gjerne tenkjer meir over kva dei eigentleg betyr.

Frasane *tilbake i folden* og *eiter og galle* viser korleis folkeetymologien skapar ny mening i leksikaliserte frasar. *Fold* ‘kve, innhegning’ og *edder* ‘gift’ er former vi har lånt inn frå dansk, og mange ser ikkje ut til å ha noko oppfatning av kva dei tyder. I relative tal er det langt fleire bokmålsførekomstar som er i strid med den konvensjonelle bokmålsforma (*edder og galle*) enn nynorskførekomstar som bryt med nynorskforma (*eiter og galle*) – vel og merke med alle feilkjelder som ligg i eit så tynt nynorskmateriale. Det er kanskje ikkje så rart når vi veit at nynorskbrukarar ofte må gå ein ekstra mental runde for å medvite velje kva form dei skal bruke, og det tvingar kanskje fram at dei meir må forholde seg til den komposisjonelle tydinga til frasar for å finne riktig nynorskform. I somme tilfelle blir den nynorske varianten for konkret for enkelte, og då kan det vere eit alternativ for dei å importere heile frasen, slik vi såg med *intet er nytt under solen*.



## 5.7 Frasar med ulike genitivsløysingar

I staden for å sjå på målformene kvar for seg, deler eg denne bolken i tre, der eg ser på genitivsfrasar i dei tre kjønna separat, men med undersøkingar av ordbøker og i begge målformer under eitt.

### 5.7.1 S-genitiv i maskulinum

NAOB		BOB		NOB		NO	
lem- ma	frase	lem- ma	frase	lem- ma	frase	lem- ma	frase
Kunst	<i>etter alle kunstens regler</i> [...] 'nøyaktig etter de regler som gjelder (for en profesjon i et felt); svært grundig (ofte uten at det er påkrevet)'	kunst	<i>etter alle kunstens regler</i> 'nøyaktig etter forskriftene, svært grundig'	kunst	<i>etter alle kunstens regler</i> 'etter god skikk for det som skal gjerast; svært grundig'	kunst	<i>etter alle kunstens regler</i> 'nøyaktig etter føresegnene; svært grundig (ofte utan at det er påkravd eller naudsynt)'
Hete	<i>i kampens/stridens hete</i> 'under kampens, stridens voldsomhet eller opphisselse'	strid	<i>i stridens hete</i>	hete, kamp, strid	NA	hete, kamp, strid	NA
Advokat	<i>djevelens advokat</i> [...] 'forsvarer av en dårlig sak; nå ofte: person som peker på, fremhever de negative sidene ved en sak'	advokat	<i>djevelens advokat</i> [...] forsvarer av en dårlig sak; nå ofte: person som peker på, framhever de negative sidene ved en sak'	advokat, djevel	NA	advokat, djevel	NA
Apostel	<i>bruke apostlenes hester</i> 'gå til fots'	apostel	<i>bruke apostlenes hester</i> 'bruke beina, gå'	apostelhest	<i>bruke apostelhestane</i> 'bruke føtene, gå'	hest	<i>nytt apostlane sine hestar</i> 'gå til fots'
Eple	<i>stridens eple</i> 'gjenstand eller emne som man er i (hissig) uenighet om; den sak striden dreier seg om'	strid	<i>stridens eple</i> 'gjenstand, emne som en er uenig om'	eple, strid, stridseple	NA	apostel-hest	<i>bruka apostelhestane</i> 'gå til fots (i mots t rida, køyra o l)'
						eple	<i>stridens eple</i> 'årsak til strid; noko det er strid om, stridsspørsmål'

Tabell 5.28 Føringar av frasar med s-genitiv ved maskulinum i norske ordbøker

For det første er det påfallande kor like oppføringane i dei to separate verka NAOB og BOB er. Det kan tyde på at frasane har ei meir etablert prototypisk form i bokmål enn på nynorsk. I NOB er berre ein av fem frasar i dette utvalet ført opp med *s*-genitiv (*kunstens reglar*), ein frase står oppført som ei samansetning (*bruke apostelhestane*), men tre av fem frasar har ein valt å ikkje ha med i NOB. Fleire av frasane over har kjerneord frå første del av alfabetet (t.d. *advokat, apostel, eple, djevel, hest, hete*), og for NO sin del betyr det at frasane «høyrer heime» i bokband som kom ut medan ordbokverket framleis hadde klare normative trekk. Det kan godt hende at Åse Wetås hadde eit poeng i at den normative praksisen i dei første banda (jf. avsnitt 3.2.2.3) kan vere noko av grunnen til at t.d. *apostlenes hester* har blitt ført med *sin*-genitiv og samanskriving, men ikkje *s*-genitiv i NO. Samstundes såg vi i avsnitt 2.7.4 at det tradisjonelt ikkje har vore strenge restriksjonar mot bruk av *s*-genitiv til han-kjøn i eintal i faste frasar, i fleirtalsformer har det derimot ikkje blitt rekna som godt. Sjølv om ein i ein ordbokredaksjon følgjer tradisjonen etter Aasen, burde dermed konstruksjonar med *s*-genitiv vere uproblematisk i resten av frasane i tabell 5.29.

Legg elles merke til bruken av *fot* og *bein* i forklaringane til *bruke apostlenes hester* og *bruke apostelhestane* i BOB og NOB, denne bruken representerer det tradisjonelle målformskiljet som blei tematisert i 5.2.

### 5.7.1.1 Nynorskusus

	kunstens reglar		kampens hete		djevelens advokat		apostlanes hestar		stridens eple	
	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
Habit <sub>NN</sub>	38	0,60	15	0,24	6	0,09	6	0,09	3	0,05
NAK <sub>NN</sub>	5	0,31	5	0,31	2	0,12	0	NA	0	NA
NON	40	0,39	39	0,38	10	0,10	7	0,07	10	0,10
Oslo-korpuset <sub>NN</sub>	1	0,26	2	0,53	1	0,26	0	NA	0	NA
SUM	84		61		19		13		13	

Tabell 5.29 Førekomstar av frasar med *s*-genitiv ved maskulinum i nynorskcorpuser

I NON var det svært mange dubletter i *kampens hete*, ikkje minst på grunn av ein amerikansk actionserie ved det namnet, så dei 39 førekomstane i tabell 5.29 er dei som står att etter manuell gjennomgang. Søk på *kampheten* gav ingen treff i HaBiT<sub>NN</sub>

eller dei andre nynorskorpusa. Samanlikna med mange andre nynorske frasevariantar i dette kapittelet, er desse *s*-genitivsfrasane med hankjønnsord ganske frekvente. At dei er internaliserte i nynorsk, er udiskutabelt, sjølv om fleire av dei altså ikkje er med i dei undersøkte nynorskordbøkene. Den syntaktiske konstruksjonen kan fungere som eit signal om at frasen ikkje først blei ytra i eit norsk dalføre eller inst i ein fjord, men at det er innlånt tilfang. Purismen i nynorsk har tradisjonelt vore retta mot dansk og tysk, ikkje mot dei klassiske og romanske språka, og så langt har denne undersøkinga peika mot at det gjeld frasene òg (jf. tabell 5.5). Sjølv om det slett ikkje var eit utvalskriterium, viser det seg at alle frasane i tabell 5.30 har ei lang historie:

*etter alle kunstens regler*: (jf. latin *lege artis, secundum artem* 'i henhold til kunstens lov; (alt) etter kunsten') (NAOB s.v. *kunst*)

*kampens hete* er i bruk i mange europeiske språk, noko som kan tyde på opphav i eit klassisk språk: engelsk *in the heat of the battle*, tysk *in der Hitze des Gefecht*, fransk *dans le feu de l'action*, spansk *al calor de la batalla* og italiensk *nel fervore della battaglia* (ordnett.no s.v. *kampens hete*)

*djevelens advokat*: «etter latin *advocatus diaboli* 'den som under skinnplassen forut for kanonisering anfører alt som taler imot vedkommende', til forskjell fra *advocatus dei* 'Guds advokat'» (NAOB s.v. *advokat*)

*apostlenes hester*: «Uttrykket er kjent i den latinske formen «per pedes apostolum» og f.eks. fra tysk «auf dem Apostelpferde reiten» og nederlandsk «op zijn apostels-paarden gaan/komen» (Vannebo 2011, 17)

*stridens eple*: «etter det greske sagnet om det gylne eplet fra gudinnen Eris med påskriften «til den skjønneste», som fremkalte trette mellom gudinnene Hera, Pallas Athene og Afrodite og til slutt ble årsak til den trojanske krig» (NAOB s.v. *eple*)

Litt ironisk er det kanskje at det er dei samansette formene som er brukte i tysk og nederlandsk, som har mest til felles med oppføringa i NOB: *bruke apostelhestane*. Motviljen mot *s*-genitiven ser ut til å vere meir avgjerande enn kva form frasen har i tysk. Truleg ligg forklaringa til at ein har brukt ei samansetning i at *s*-genitiv til fleirtalsformer av alle grammatiske kjønn har vore rekna som noko ein bør unngå i nynorsk. NO har løyst denne floken med å bruke *sin*-genitiv, som eg på generelt grunnlag konkluderte med i avsnitt 2.7.4 er lite brukande i idiomatiske uttrykk. I

tabell 5.30 ser vi på korleis skribentane i den nynorske delen av HaBiT-korpuset skriv frasen.

Korpus	NOB-form		NO-form		med s-genitiv		bokmål	
	<i>Apostelhestane</i>		<i>apostlane sine hestar</i>		<i>apostlanes hestar</i>		<i>apostlenes hester</i>	
	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
<b>Habit<sub>NN</sub></b>	2	0,03	1	0,02	6	0,09	4	0,06
<b>NAK<sub>NN</sub></b>	0	NA	0	NA	0	NA	0	NA
<b>NON</b>	3	0,03	4	0,04	7	0,07	2	0,02
<b>Oslo<sub>NN</sub></b>	0	NA	2	0,53	0	NA	0	NA
<b>SUM</b>	5		7		13		6	

Tabell 5.30 Førekomstar av bruke apostlanes hestar i ulike nynorsk korpus

For det første viser det seg at det er ein monaleg variasjon i korleis nynorskbrukarar skriv denne frasen. Det er interessant med den relativt høge frekvensen av bokmåls-morfologi i HaBiT<sub>NN</sub> og NON. Tabell 5.30 viser at det er fleire førekomstar av den unormerte bokmålsvarianten enn den samansette varianten som NOB gjev opp. Igjen er tala så små at dei ikkje er eigna for generalisering, men dei viser iallfall at somme nynorskbrukarar i møte med ein frase som truleg blir oppfatta som noko bokmålsk, vel å importere både syntaksen og morfologien frå bokmål til nynorsk. (5:37) er alle førekomstane med bokmålsform, slik dei står i dei to korpusa:

- (5:37) (a) <sub>NN</sub> For den som verkeleg vil utforske dette vakre og spanande heiområdet er ryggsekken og "**apostlenes hester**" einaste utvegen. (HaBiT<sub>NN</sub> 2013: nn.sciencegraph.net)
- (b) <sub>NN</sub> Det var mange som hadde møtt opp, både store og små og stemninga var høg! Vi kørde så langt vegen gjekk og tok så **apostlenes hester** fatt. Opp og fram, litt bratt og litt slakt. (HaBiT<sub>NN</sub> 2009: ivaraasen.custompublish.com)
- (c) <sub>NN</sub> I dag var me bestemt på å bruka **apostlenes hester** meir enn nokon gong, men me gjorde avtale om at me kunne ringja han dersom me blei litt lost. (HaBiT<sub>NN</sub> 2014: gunvornessa.blogspot.no)
- (d) <sub>NN</sub> Me fekk parkeringsbot i Ein Bokek, første gong me parkerte bilen, så det fekk halde for denne gongen. Sjølv sagt valde me "**apostlenes hester**" på returen, 2 mil i følgje Bjørn. (HaBiT<sub>NN</sub> 2014: gunvornessa.blogspot.no)
- (e) <sub>NN</sub> Møllebakken er jo faktisk også kyrkjeveg for dei få som framleis brukar "**apostlenes hester**", og fin turveg både for fastbuande og turistar. (NON 2005: Hallingd 2005)

- (f) NN Laurdag den 16. september var det ei familiesamling på Hornnesstølen i den nye fine hytta hans Norleiv Erdal. Dei spreke kom seg opp på «**apostlenes hester**» og dei eldre kom seg opp med moderne farkostar. (NON 2000: Firda 2000)

For det første ser vi at bloggaren Gunvor Nessa har brukt frasen to gongar, i to ulike blogginnlegg (jf. 5:37 c–d). Det illustrerer igjen kor sårbare slike ususundersøkingar er når korpusa ikkje er større, då preferansane til enkeltpersonar kan gje store utslag på dei relative tala. Fire av dei fem personane som har brukt bokmålsvarianten på nynorsk i HaBiT<sub>NN</sub>, har brukt hermeteikn rundt frasen (5:37 a og d–f). Det kan markere at dei er medvitne om at det er eit normbrot å skrive frasen på denne måten, men samstundes brukar ein del hermeteikn på frasar (med overført tyding) med heilt korrekt skrivemåte, som denne bokmålsbrukaren:

- (5:38) BM Men vi er dårlige til å bruke kroppen når vi reiser til og fra jobben eller på besøk og ferier. Da tar vi gjerne heller bilen fatt enn «apostlenes hester». (NON 2009: Firda 2009)

Ein kan dermed ikkje seie sikkert kva hermeteikna skal bety, utover at det må vere eit signal til lesaren om at det er noko særskilt med språkbruken. Forekomstane i (5:37) må ikkje tolkast som at nynorskbrukarane ikkje bryr seg om den fastsette norma, for frasane er stort sett omgjevne av språkleg korrekte kontekstar. I avsnitt 5.7 var det det leksikalske nivået som var styrande for at visse frasar frå bokmål og dansk blir brukte som sitatfrasar i nynorsk, men dømet med *apostlenes hester* kan tyde på at også den syntaktiske s-genitivskonstruksjonen kan føre til at brukarar vel å importere frasen som ei samla eining.

### 5.7.1.2 Bokmålsusus til samanlikning

Som ei jamføring undersøkte eg om det er ulike variantar av frasen *bruke apostlenes hester* som kan observerast i faktisk bruk i bokmålskorpuser, jf. tabell 5.31. I dei fire bokmålskorpuser er det ingen treff på «apostelhestene» eller «apostlene sine hester». Likevel ser vi at dei relative tala for NN *apostlanes hestar* (0,07 og 0,09 forekomstar per million ord i HaBiT<sub>NN</sub> og NON i tabell 5.31) ikkje er noko særleg lågare enn BM *apostlenes hester* (som ligg mellom 0,07 og 0,14 i dei ulike korpuser i tabell 5.32), ein har berre i tillegg dei andre variantane i nynorsk. Det er somme nynorskbrukarar som

ser ut til å ha ei internalisert norm som gjer at dei unngår *s*-genitiv til fleirtalsformer, der bokmålsbrukarane ikkje ser ut til å ha det.

Korpus	NAOB/BOB-form		<i>sin</i> -genitiv		samanskriving		nynorsk	
	<i>apostlenes hester</i>		<i>apostlene sine hester</i>		<i>apostelhestene</i>		<i>apostlanes hestar</i>	
	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
Habit <sub>BM</sub>	194	0,14	0	NA	0	NA	0	NA
LBK	13	0,13	0	NA	0	NA	0	NA
NAK <sub>BM</sub>	109	0,07	0	NA	0	NA	0	NA
noWaC	61	0,09	0	NA	0	NA	0	NA
SUM	377		0		0		0	

Tabell 5.31 Førekomstar av bruke *apostlenes hester* i ulike bokmålskorpus

Tabellane over viser at i korpusa, som fortel mykje om det norske språksamfunnet, er bokmålsversjonane i absolutte tal dei mest frekvente (med til saman 31 nynorskførekomstar versus 377 bokmålsførekomstar av *apostlanes hestar*). Dei fleste nordmenn, uavhengig av kva målform dei sjølve skriv på, møter mest bokmålstekst i løpet av kvardagen. Dermed blir det gjerne bokmålsforma som er lettast tilgjengeleg i minnet når ein skal bruke ein frase. Om ein språkbrukar er usikker på om hen kan skrive *apostlanes hestar*, men gjer seg flid og slår opp både i NOB og NO og finn at dei «korrekte» nynorske alternativa er enten *apostelhestane* eller *apostlane sine hestar*, kan eg nesten forstå om hen heller vel å skrive bokmål med hermeteikn rundt.

### 5.7.1.3 Oppsummering og vurdering

Hadde redaksjonen til *Nynorskordboka* følgd reglane etter Aasen, skulle ein i det minste rekne med at dei kunne teke med frasar der *s*-genitiven er knytt til hankjønn bestemt form eintal, jf. avsnitt 2.7.4, sjølvsagt under føresetnad at frasen er dokumentert i bruk i målforma. Dette tykkjer eg er så opplagt at eg i denne delen har fokusert på ein frase med komponent som står i fleirtal, som gjer det meir komplisert. Tabell 5.30 viser at nynorskskribentar brukar frasar med *s*-genitiv i hankjønnsord, men ein kan ikkje sjå vekk frå at dei helst låge frekvensane er eit resultat av ein streng eksoglossisk purisme som også har sett tydelege spor i nynorskordbøkene. Når ein ser på frekvenstala i heile dette kapittelet, er det eit gjennomgåande trekk at dei er låge i begge målformer. Det er eit generelt trekk ved leksikalske fleirordseiningar at

dei er lågfrekvente, og det kan godt hende at den norske situasjonen med så stor grad av valfridom, som gjer at bruken spreier seg over mange variantar, gjer at dei norske frekvenstala blir endå lågare enn i språk med trongare normalar. Eg er skeptisk til at låg frekvens i seg sjølv skal vere det einaste kriteriet for at frasar ikkje skal vere med i ordbøker. Til dømes ser vi at *stridens eple* har ein frekvens på 0,10 førekomstar per million ord i NON. Det er lågt, men frasen er likevel med i NO, som verkar rimleg.

## 5.7.2 S-genitiv ved nøytrum

Frasane i tabell 5.32 er delvis litt perifere i begge målformer, men det er svært få frasar med inkjekjønnsord i materialet eg byggjer denne undersøkinga på.

NAOB		BOB		NOB		NO	
lem- ma	Frase	lem- ma	frase	lem- ma	frase	lem- ma	frase
tallruk	<i>tallrike som havets sand</i> '(etter 1 Mos 32,12 og andre steder) i svært stort antall'	Sand	<i>tallrik som sand i havet</i> 1. Mos 32,12	hav, sand, tallrik	NA	hav	<i>havsens sand</i> [...] <i>Josef hauga opp korn som havsens sand</i> (1. Mos. 41,49)
skjell	<i>komme til skjells år og alder</i> 'bli voksen (og fornuftig)'	Skjell	<i>komme til skjells år og alder</i> 'bli voksen (og fornuftig)'	skil	<i>come til skils år og alder</i> 'lære å skilje (mellom godt og ringt el. gale), bli skikkeleg vaksen'	skils (adj.)	<i>skils år og alder</i> 'avgjerande tidspunkt mellom ungdoms- og vaksenlivet; vendepunkt, overgang i voksterlivet'
kjød	<i>kjødets lyst</i> 'sanselig (erotisk, seksuell) lyst'	Kjødslyst	<i>kjødslyst</i> 'sanselig lyst, drift'	kjø(t)stlyst	<i>kjøtslyst</i>   <i>kjøtslyst</i> 'kroppssleg lyst, trå'	kjøtt	<i>kjøtsens lyst</i> 'sanskeleg, erotisk lyst'
kjødslyst	<i>kjødslyst</i> kroppssleg, 'sanselig lyst, drift; erotisk, seksuelt begjær'		<i>ha livets rett</i> 'ha eksistensberettigelse'		liv, rett, livsrett	NA	liv
fyrste	<i>mørkets fyrste</i> '1 djevelen 2 underverdenens hersker'	Fyrste	<i>mørkets fyrste</i> 'djevelen'	fyrste, mørker	NA	fyrste, mørker	NA

Tabell 5.32 Føringar av frasar med s-genitiv ved nøytrum i norske ordbøker

### 5.7.2.1 Nynorskusus


I frasane der *s*-genitiv blei brukt saman med eit hankjønnsord, var konstruksjonen såpass utbreidd at det var mogleg å sjå dei i samanheng i ein tabell, men med nøytrumsorda er det så mange alternativ at eg ser på dei ein og ein. For å lette lesinga jamfører eg delvis mot bokmål (der eg meiner at det tilfører framstillinga viktige poeng) og vurderer usus opp mot ordbokføringane etter kvart.

I avsnitt 2.7.4 gjekk det fram at det i den eldste nynorsktradisjonen berre var ved hankjønnsord det blei rekna som akseptabelt med *s*-genitiv i bestemt form eintal. I dag held somme framleis på at det ikkje er «god nynorsk» med *s*-genitiv til inkjekjønn i bestemt form, medan andre meiner at det må vere greitt både til hankjønnsord og inkjekjønnsord i bestemt form eintal, særleg i faste frasar og høgtidleg språk. Kva brukarane faktisk gjer, skal vi prøve å danne oss eit bilde av i tabell 5.33.

	NO-form		tenkt form		tenkt form		tenkt form	
	<i>havsens sand</i>		<i>havets sand</i>		<i>sand i havet</i>		<i>sanden i havet</i>	
NN-korpus	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
Habit <sub>NN</sub>	2	0,03	0	NA	0	NA	1	0,02
NAK <sub>NN</sub>	0	NA	0	NA	0	NA	0	NA
NON	13	0,13	0	NA	0	NA	1	0,01
Oslo-korpuset <sub>NN</sub>	0	NA	0	NA	0	NA	0	NA
SUM	15		0		0		2	

Tabell 5.33 Førekomstar av *havsens sand* i ulike nynorskkorpus

Somme frasar med bibelsk opphav er ikkje til å ta feil av som bibelske på grunn av dei arkaiske formene dei har stivna i, som *havsens sand*. Tabell 5.33 viser at skal



Figur 5.5 Variantar av *havsens sand* i ulike nynorskkorpus

slike frasar vere med i ordbøkene, så er det i dei gamle formene dei må stå. *Sens*-genitiven i nynorsk står sterkare i leksikalske fleirordseiningar enn ein kanskje skulle tru. Litt overraskande var det kanskje at det ikkje var ein einaste førekomst med *havets sand* i nynorskcorpusera, men truleg har dette med det arkaiske bibelspråket å gjere.




Frasen manglar i NOB, men er med i NO i den arkaiske forma som òg er mest frekvent i bruk. *Skils år og alder* er ein annan frase med helst gammalmodig preg. Dei ulike formene i tabell 5.34 fann eg fram til ved å søke på «år og alder» i korpusa.

	NOB og NO		unormert NN		unormert NN		unormert (BM)	
	<i>skils år og alder</i>		<i>skjels år og alder</i>		<i>sjels år og alder</i>		<i>skjells år og alder</i>	
NN-korpus	N	per mill.	N	per mill.			N	per mill.
Habit <sub>NN</sub>	0	NA	3	0,05	1	0,02	2	0,04
NAK <sub>NN</sub>	0	NA	0	NA	0	NA	1	0,06
NON	5	0,05	0	NA	0	NA	0	NA
Oslo-korpuset	1	0,26	0	NA	0	NA	0	NA
SUM	6		3		1		3	

Tabell 5.34 Førekomstar av *skils år og alder* i ulike nynorskkorpus

### NN *skils år og alder*



Figur 5.6 Variantar av *skils år og alder* i nynorskkorpus


Når det gjeld *skils år og alder*, kan ein kanskje bli litt forskrekka når ein ser at tre av fire variantar som blir brukte i nynorskkorpusa, ligg utanfor den fastsette norma. Den mest frekvente varianten *skils år og alder*, med 46 %, er den einaste som er innanfor gjeldande rettskriving.

Her vel eg å jamføre med bokmålsusus for å betre forstå kva som skjer, jf. tabell 5.35:

	NAOB og BOB		unormert BM		unormert BM		unormert (NN)	
	<i>skjells år og alder</i>		<i>skjels år og alder</i>		<i>sjels år og alder</i>		<i>skils år og alder</i>	
BM-korpus	N	per mill.	N	per mill.			N	per mill.
Habit <sub>BM</sub>	19	0,01	13	0,01	14	0,01	0	NA
LBK	4	0,04	3	0,03	1	0,01	0	NA
NAK <sub>BM</sub>	13	0,01	10	0,01	9	0,01	0	NA
noWaC	4	0,01	10	0,01	2	<0,01	0	NA
SUM	40		36		26		0	

Tabell 5.35 Førekomstar av *skjells år og alder* i ulike bokmålskorpus

### BM skjells år og alder



Figur 5.7 Variantar av skjells år og alder i bokmålskorpus

Det viser seg å vere endå færre bokmålsbrukarar som har den riktige ortografien av *skjells*, og det er dermed berre 39 % av bokmålsførekomstane som er innanfor bokmålsnormalen. Jamføringa viser vel først og fremst at BM *skjell* og NN *skil* ('evne til å skjelne; skjønn; forstand') er ord som er framande og ugjennomsiktige for mange, og dermed blir det òg vanskeleg å gisse seg til riktig skrivemåte. Når somme blandar *sjela* inn i dette, er det vel eit uttrykk for at dei prøver å skape mening i ein frase dei ikkje heilt forstår, eit fenomen vi gjerne omtalar som *folkeetymologi*. Ugjennomsiktige og sjeldne komponentar kan på den måten føre til ein uventa variasjon fordi brukarane feiltolkar ordet (her som *sjel*) eller ikkje kjenner til riktig stavemåte (*skjel(l)*).


Med utgangspunkt i avsnitt 4.2.1 om tilhøvet mellom målformene, er det ein ting som ikkje overraskar i tabell 5.34 og 5.35. Det er at somme nynorskbrukarar blingsar og skriv bokmålsforma, men at ingen bokmålsbrukarar brukar nynorskforma når dei skriv feil: 23 % av nynorskførekomstane har den normerte bokmålsvarianten *skjells år og alder*, men ingen bokmålsbrukarar har skrive *skils år og alder*. Tidlegare har vi sett bokmålspåverknad i nynorsk leksikon og morfologi (og i syntaks, om ein aksepterer at *s*-genitiv i fleirtalsord berre er brukande i bokmål), men her er det det på det ortografiske planet feilen oppstår når bokmålet viser igjen i nynorsk.

Formene *lyst|kjødslyst|kjøtslyst|kjøttlyst* søkte eg på med asterisk, og ein del av førekomstane stod i bestemt form – som somme altså meiner ikkje er god språkbruk på nynorsk. I NO er dette løyst med å bruke den gamle genitivsforma *-sens*, noko som for så vidt passar til denne gammalmodige bibelske frasen, men som nesten ikkje er i bruk i korpus, jf. tabell 5.36.

NN-korpus	NOB-form		NO-form		tenkt form		bokmålsform		bokmålsform	
	<i>kjøtslyst~</i>		<i>kjøtsens lyst~</i>		<i>kjøtets lyst~</i>		<i>kjødets lyst~</i>		<i>kjødslyst~</i>	
	kjød	kjøtt	kjød	kjøtt	kjød	kjøtt	N	per mill.	N	per mill.
HaBiT <sub>NN</sub>	0	0	0	0	2	0	1	0,02	0	NA
NAK <sub>NN</sub>	0	0	0	0	0	0	1	0,06	0	NA
NON	10	0	1	0	3	0	5	0,05	0	NA
Oslo-korpuset	0	0	0	0	1	0	0	NA	0	NA
SUM	10	0	1	0	6	0	7		0	

Tabell 5.36 Førekomstar av kjøtets lyst i ulike nynorskkorpus

### NN kjøtslyst



Figur 5.8 Variantar av kjøtslyst i nynorskkorpus

ei samansetning i tidlegare tider enn det er i dag. Førekomsten med *sens*-genitiv er heller ikkje av nyare dato, jf. (5:39 b) frå 1921.

25 % av førekomstane har den ortografisk riktige, men likevel moglegvis ikkje heilt gode forma *kjøtets lyst* (5:39 c), medan nærare 30 % av førekomstane har den riksmåls-danske forma med *kjød* (5:39 d–e). Der dei eldste førekomstane oftast er å finne i tekstar om tru og religion, har frasen fått eit nytt liv i erotisk litteratur (eventuelt kan det hende at forma alltid har vore brukt i slike kontekstar, men at den typen tekstar av eldre dato ikkje lagt inn i korpuser). Der dukkar mange av bokmåls-variantane *kjødets lyst~* opp i nynorsktekstar. (5:39 d) er eit ganske anstendig døme på det. Som vanleg må eg ta atterhald om at det er få førekomstar i nynorsk materialet, så ein skal ikkje leggje stor vekt på den relative fordelinga.

- (5:39) (a) NN Rett nok stod det ikkje noko serleg om dansen i Bibelen. Ikkje det han hadde funne. Men det var no likevel ovmodet og fåfengda og **kjøtslysta** som rådde! Paulus

Den samansette forma *kjøtslysta* har ein del førekomstar i NON, jf. (5:39 a), og det gjer den til den mest frekvente forma av dei undersøkte. Det er likevel eit poeng at det eldste belegget med denne forma i NON er frå 1895, og det yngste er frå 1947. Det kan tyde på at det var meir utbreidd å forme om denne frasen til

ville ikkje ha vore i tvil om det, dersom han hadde sett korleis vetig folk bar seg åt. Og Paulus hadde vel aldri dansa heller. (NON 1946: Setr.DSM 1946, 51)

- (b) NN Men eg segjer: Ferdast i Anden, so skal de ikkje fullføra **kjøtsens lyst!** NON 1921: Gal 1921 5,16)
- (c) NN Det er ein gammal strid om godt og vondt, om kjøp og sal, **kjøtets lyst** og den strenge tukt som dei gamle fedrane har sett opp for sine born. (Oslo-korpuset 2001: SK/SaRo/01)
- (d) NN Etterpå låg Bjørn Blakke mellom Poldy og Gretl i den store hotellsenga, med høgt ettermiddagslys gjennom gardinenes rim av kniplingar, med frostrøyk over Donau, tynn is på pyttane i Augarten, og med **kjødets lyst** og drifter utløyste i kroppsvæsker og sekret. (NON 1991: FløgstadKS 1991, 168)
- (e) NN Naturen eller gudane har ikkje gjeve mennesket noko meir verdfullt enn forstanden, men denne gudegåva har ingen farligere fiende enn **«kjødets lyst»**. I vellysten sitt rike fins det ingen plass for dygd. (NAK<sub>NN</sub> 2011: SA110405)

Der det i bokmål og ikkje minst i riksmål er eit stilistisk skilje mellom *kjød* (biletleg) og *kjøtt* (konkret), viser det seg at det òg i nynorsk er knytt restriksjonar til ortografien. Ikkje i nokon av førekomstane blir det brukt dobbel konsonant (*kjøtt*) i den biletlege bruken. Den danske forma *kjød* viser seg å bli brukt som sitatord både i bokmål og nynorsk.


Den neste frasen, *livets rett*, er mykje meir frekvent i nynorskkorpus enn dei vi har sett på til no. Forma *livets rett* står i NO, men eg har søkt på andre moglege former som folk kan tenkjast å bruke i eit forsøk på å unngå s-genitiv til bestemt form av eit inkjekjønnsord: *rett|retten til livet*, *livsens rett* og *livet sin rett*.

	NO-form		tenkt form		tenkt form		tenkt form	
	<i>livets rett</i>		<i>rett(en) til livet</i>		<i>livsens rett</i>		<i>livet sin rett</i>	
NN-korpus	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
Habit <sub>NN</sub>	7	0,11	3	0,05	4	0,06	1	0,02
NAK <sub>NN</sub>	22	1,37	0	NA	0	NA	0	NA
NON	117	1,14	1	0,01	10	0,01	0	NA
Oslo-korpuset <sub>NN</sub>	0	NA	1	0,26	0	NA	0	NA
SUM	146		5		14		1	

Tabell 5.37 Førekomstar av *livets rett* i ulike nynorskkorpus

Bruken av denne frasen er i nærare 90 % av førekomstane samla i ein s-genitivskonstruksjon, jf. figur 5.12, medan den arkaiske *sens*-genitiven er brukt i ein del

## NN livets rett



Figur 5.9 Variantar av livets rett i nynorskkorpus


ser ikkje ut til å bli oppfatta som særleg brukande. At NOB ikkje har med *livets rett*, er for meg uforståeleg ut frå bruksfrekvensen av frasen.

Denne siste frasen med inkjekjønnsord, *mørkrets fyrste*, illustrerer eit poeng som vi så langt ikkje har vore innom. Verken NOB eller NO har med frasen, jf. tabell 5.32, så dei to «tenkte formene» i tabell 5.38 er dei som er moglege innanfor dagens nynorsknorm, i tillegg til at eg har undersøkt ei form som tidlegare var innanfor den fastsette norma.

	tenkt form		tenkt form		tenkt fraseform med tidlegare normert form	
	<i>mørkets fyrst</i> ~		<i>mørkerets fyrst</i> ~		<i>mørkrets fyrst</i> ~	
NN-korpus	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
Habit <sub>NN</sub>	1	0,02	0	NA	1	0,02
NAK <sub>NN</sub>	1	0,06	0	NA	0	NA
NON	2	0,02	0	NA	4	0,04
Oslo-korpuset <sub>NN</sub>	0	NA	0	NA	0	NA
SUM	4		0		5	

Tabell 5.38 Førekomstar av mørkrets fyrste i ulike nynorskkorpus

## NN mørkrets fyrste



Figur 5.10 Variantar av mørkrets fyrste i nynorskkorpus

førekomstar. 10 av 14 belegg av varianten er frå NON (frå 1902, 1911 x 2, 1922, 1937, 1956, 1965, 1999, 2001 og 2002–2003), så den forma er mest interessant i ei dokumentarisk ordbok. Det går ikkje fram av tabell 5.37, men fire av fem førekomstar med *rett(en) til livet* har etterstilt artikkel. Varianten med *sin*-genitiv

I 2012-reforma gjekk bøyingsforma *mørkret* (bestemt form eintal) ut av nynorskrettskrivinga, så no er bøyinga av *mørker* utan valfridom: *mørker* – *mørkeret* – *mørker* – *mørkera* (parallelt med forma *mørke* – *mørket* – *mørke* – *mørka*).

Rettskrivingsnemnda gjorde framlegg om eit systemvedtak der dei fleste trykklette inkjekjønnsord som sluttar på *-er*, gjekk frå å ha valfri samandraging til obligatorisk full form, f.eks. *mylder*, *mørker*, *senter* og orda på *-meter*, f.eks. *barometer*. Saman med nokre andre endringar, blei dette framlegget kommentert slik: «Det kan rett nok innvendast mot dei at dei går på tvers av det som synest å vera allmenn bøying av enkelte ord, fyrst og fremst eintalsform-ene *teatret* og *mørkret*, og samandregne fleirtalsformer av enkelte ord på *-er* (*teatra*, *sentra*)» (Innstilling 2011, 122). I ein del undersøkingar (sjå t.d. Fiskerstrand (2008)) blir det blir hevda at den norske valfridomen er eit problem, og at det hadde vore ei pedagogisk føremon med ein strammare normal, sjølv om resultatata ikkje eintydig viser at det nødvendigvis er slik. Når ein snevvar inn den fastsette norma som i tilfellet med *mørker*, kan ein få slike resultat som i *mørk(r)ets fyrste*, der den nye og innsnevra norma av systemomsyn går på tvers av ususen. Det denne fraseundersøkinga viser, er at breidda i nynorsknorma i stor grad blir utnytta, og ein norminnsnevring kan skape nye normbrot, iallfall i ein periode.

Førekomst (5:40 a) er i tråd med gjeldande norm, medan (5: 40 b) etter 2012 er ei forelda form: Andre stader i dette kapittelet har vi observert at slike forelda former kan ha ein sterk posisjon i faste frasar, så framtida vil vise om forma *mørkets fyrste* blir den vanlegaste, eller om folk held fram å også skrive *mørkrets fyrste*.

- (5:40) (a) REDERIFORBUNDET veit, som strategisk historiefortellar, å ta vare på si ære og makt, også i Sørkinahavet. Derfor måtte dei kvitta seg med **mørkets fyrstar** i First House, for feiarane der skitna til dei kvite segla. (NAK 2014: DB140606)
- (b) Ei av følgjene av at klassekampen nå har implodert, både nasjonalt og internasjonalt, er at frå å vera eit moderne, politisk proletariat, prøvar makthavarane på ny å støyta under-klassen ut av moderniteten og skapa den om til ein postmoderne, plebeisk, rå og forblinda almuge, som ravar rundt i eit massemedialt ideologisk mørkre, i den svartaste politiske Gronatta, med Hagen som **mørkrets fyrste** .

### 5.7.2.2 Bokmålsusus til samanlikning

Om det er ein del av den internaliserte norma til den gjengse nynorskskribent at det ikkje kling godt med *s*-genitiv til inkjekjønnsord i bestemt form, medan det ikkje finst tilsvarande restriksjonar i bokmål, kan det tenkjast at frasar med *s*-genitiv til

inkjekjønnsord viser tendensar til å bli meir brukte i bokmål. Ein slik konklusjon er det vanskeleg å dra på grunnlag av tabell 5.39. Dei låge tala på nynorskførekomstar gjer materiala for dei to målformene heller ikkje eigna for jamføring.

BM-korpus	havets sand		sand* i havet		skjells år og alder		kjødets lyst*		kjøds- lyst*		livets rett		mørkets fyrste	
	N	per mill	N	per mill	N	per mill	N	per mill	N	per mill	N	per mill	N	per mill
Habit <sub>BM</sub>	53	0,04	5	<0,01	19	0,01	115	0,08	8	0,01	1644	1,20	292	0,21
LBK	13	0,13	0	NA	4	0,04	20	0,20	1	0,01	87	0,87	44	0,44
NAK <sub>BM</sub>	5	<0,01	3	<0,01	13	0,01	52	0,03	0	NA	1527	1,01	84	0,06
noWaC	5	0,01	0	NA	4	0,01	44	0,06	8	0,01	1094	1,56	62	0,09
SUM	76		8		40		231		17		4352		482	

Tabell 5.39 Førekomstar av frasar med s-genitiv ved nøytrumsord i bokmålskorpus

Det er svakt grunnlag i dei undersøkte korpusa for løysinga i BOB, der ein har ført opp *kjødslyst* og ikkje det arkaiske *kjødets lyst(er)*. Denne undersøkinga tyder på at det er den siste varianten som faktisk blir brukt. Det finst nokre forsvinnande få førekomstar av *kjøttets lyst~* på bokmål, som (5:41) er eit døme på, men posisjonen til forma *kjød* ser ut til å halde seg stabil:

- (5:41) Hva uttrykket "Guds barn" inneholder blir nærmere definert i v. 13. Her blir det konkret beskrevet en tilblivelse som ikke skjer gjennom en kjønnsakt, ikke gjennom blod (= sæd, sperma), ikke gjennom kjøttets vilje (seksuell lyst) og heller ikke ved manns vilje. Det er ikke en nedvurdering av **kjøttets lyster**, men en forklaring på barnekåret hos Gud. (HaBIT<sub>BM</sub> u.å.: prekenhjelp.net)

På same måte er det den poetiske vendinga *havets sand* som dominerer over det meir kvardagslege preposisjonsuttrykket *sand(en) i havet*, og det er gjerne ikkje så underleg med tanke på at både *havets sand* og *kjødets lyst* er bibeluttrykk. *Havsens sand* finn eg ikkje belegg på dei fire bokmålskorpusa, som er stikk motsett av i nynorsk-korpusa, der nesten 90 % av førekomstane hadde *sens*-genitiv i den frasen.

### 5.7.3 S-genitiv i femininum

Dei fleste frasane i tabell 5.40 er substantiv som berre kan få hokjønnsendingar i nynorsk, men som etter bokmålsnorma både kan bøyast som hokjønn (-a) og hankjønn (-en): *sak*, *tid*, *lykke* og *gate*. På bokmål er *verd* m. og f., men *verden* berre m.

NAOB		BOB		NOB		NO	
lem	frase	lem	Frase	lem	frase	lem-	frase
-ma		-ma		-ma		ma	
kjerne	<i>sakens kjerne</i> ‘det vesentlige, egentlige, essensielle (i, ved noe); kvintessens’	kjerne	<i>sakens kjerne</i>	kjerne	<i>kjernen i det som er sagt</i> ‘i overført tyding: eigenlege innhald; djupare meining’	Kjerne	<i>kjernen i saka</i> ‘overført tyding: inste, beste el mest sentrale del av noko; eigenleg innhald, djupare meining, essens’
tid, tann	NA	tann	<i>tidens tann</i> ‘tidens langsomme, ubønnhørlige, oppløsende kraft; forvitring’	tann, tid	NA	Tann	<i>tidas tann</i> ‘slitasje på noko over lang tid’
lykke	<i>enhver er sin egen lykkes smed</i> ‘det kommer an på en selv om man blir til noe i livet; man former selv sin egen skjebne’	smed	<i>være sin egen lykkes smed</i> ‘opphavsmann’	lykke/lykke, lukkesmed, smed	NA	lukke/lykke	<i>vera si eiga lukkes smed</i> ‘det kjem an på ein sjølv om ein vert til noko i livet; jfr <u>lukkesmed</u> ’
						Lukkesmed	<i>lukkesmed</i> ‘person som tek ansvar for og skaper sin eigen framgang i livet’
						Smesd	<i>vera smed for si eiga lukke</i> ; jfr <u>lukke</u>
utakk	<i>utakk er verdens lønn</i> ‘ORDTAK en god gjerning blir ofte møtt med liten takknemlighet’	utakk	<i>utakk er verdens lønn</i> ‘ordtak’	lønn, verd, utakk	NA	løn/lønn	iron., ordtak: <i>utakk er verdens løn</i> ‘gode gjerningar blir ofte ikkje (nok) verdsette’
						u-takk	ordtak: <i>utakk er verdas løn</i>



parlament	<i>gatens parlament</i> 'virksomhet hvor folk øver press på myndighetene i utenomparlamentariske metoder som gatedemonstrasjoner e.l.'	Parlament	<i>gatas parlament</i> 'det at folk øver press på myndighetene ved gatedemonstrasjoner og lignende, utenomparlamentarisk virksomhet'	gateparlament	'samla folkemengd som krev å få avgjere ei politisk sak; massen som lovlaus maktutøvar'	gateparlament	'samla (revolusjonær) folkemengd som krev å få avgjere politiske spørsmål: (òg) borgarar som aksjonerer i ei sak (oftast med fredelege, men utanomparlamentariske metodar)'
	gate	<i>gatens parlament</i> se <u>parlament</u>			parlament	<i>gatas parlament</i> utanomparlamentarisk verksemd der ein freistar å pressa fram sitt syn i omstridde saker	

Tabell 5.40 Føringar av frasar med *s*-genitiv ved femininum i norske ordbøker

I NAOB er ikkje *tidens tann* eige oppslag under verken *tid* eller *tann*, men frasen er likevel brukt i den oppgjevne forma i tabell 5.40 i seks andre artiklar. Legg merke til at *gatas* og *gatens* begge blir brukte i BOB. NOB unngår *s*-genitiv til hokjønnsord i alle dei fem frasane, men vel omskriving og samansetning, eller å ikkje føre noko i det heile. NO har oftast med frasen med *s*-genitiv til hokjønnsord, men også ein eller fleire alternative skrivemåtar.


### 5.7.3.1 Nynorskusus

Vi startar med frasen som i NOB har fått forma *kjernen i det som er sagt*. Den tenkte forma *sakas kjerne* er av typen som skurrar for ein del nynorskbrukarar med god innsikt i tradisjonen, dvs. *s*-genitiv til ord som sluttar på vokal/hokjønnsord.

	NOB-form		NO-form		tenkt form		bokmålsform	
	<i>kjernen i det som ~</i>		<i>kjernen i saka</i>		<i>sakas kjerne</i>		<i>sakens kjerne</i>	
NN-korpus	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
HaBi <sub>NN</sub>	0	NA	3	0,05	2	0,03	4	0,06
NAK <sub>NN</sub>	0	NA	1	0,06	1	0,06	0	NA
NON	0	NA	17	0,17	3	0,03	2	0,02
Oslo-korpuset	0	NA	1	0,26	0	NA	0	NA
SUM	0		22		6		6	

Tabell 5.41 Førekomstar av kjernen i saka i ulike nynorskkorpus

## NN kjernen i saka



Figur 5.11 Variantar av kjernen i saka i nynorsk corpus


Det er ingen treff i noko korpus på det direkte sitatet frå NOB *kjernen i det som er sagt* (ev. med andre verb eller verb-tider). Det er omskrivinga *kjernen i saka* som er mest frekvent (ikkje minst på grunn av tekstane i det mest normdannande korpuset, NON), men vi kan òg merkje oss at i førekomstane av den potensielle nynorskforma *sakas kjerne* ikkje meir frekvent enn førekomstane med hankjønnsbøying av *sak* (f.).

I denne første frasen er det eit klart mønster i at dei fleste nynorskbrukarane (65 %) i dei utvalde korpusera vel ei omskriving med preposisjonsuttrykk. NO-føringa *kjernen i saka* er dermed i godt samsvar med usus. I NOB står «kjernen i det som er sagt» som eit bruksdøme med den overførte tydinga av *kjerne*, og er ikkje oppført som ein fast frase, men det er likevel verd å merke seg at det ikkje er belegg for dømet i dei fire korpusera eg har undersøkt.

*Tidas tann* er ein av frasane som blei nemnd i avsnitt 2.7.4 som døme på uheldig språkbruk i nynorsk. Tabell 5.42 viser likevel at varianten *tidas tann* er blant dei mest frekvente nynorske *s*-genitivsuttrykka vi har sett på i denne undersøkinga.

	NO-form I		NO-form II		tenkt form		bokmålsform	
	<i>tidas tann</i>		<i>tida si tann</i>		<i>tidstanna</i>		<i>tidens tann</i>	
NN-korpus	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
HaBi <sub>NN</sub>	13	0,20	0	NA	0	NA	12	0,19
NAK <sub>NN</sub>	2	0,12	0	NA	0	NA	0	
NON	23	0,22	1	0,01	2	0,02	7	0,07
Oslo-korpuset	0	NA	0	NA	0	NA	0	NA
SUM	38		1		2		19	

Tabell 5.42 Førekomstar av *tidas tann* i ulike nynorsk corpus



Figur 5.12 Variantar av *tidas tann* i nynorskkorpus

Tre ulike variantar av frasen *tidas tann* er innanfor norma. 63 % av førekomstane står i *s*-genitivsform, medan variantane med *sin*-genitiv og samanskriving berre blir marginalt brukte. 32 % av førekomstane ligg utanfor norma ved at *tid* er bøygd som hankjønn.

I tabell 5.42 er det berre førekomstar der bokmålsvarianten *tidens tann* blir brukt i nynorskkontekst, som i (5:42 a–b). Litt poetisk blir òg samanskrivinga *tidstanna* i dette tilfellet (jf. (5:42 c–d)) og *sin*-genitiven i (5:42 e), men det er mest som adhocløysingar å rekne så lenge det ikkje er fleire som har teke desse i bruk.

- (5:42) (a) NN Noko av det eg synest er mest interessant, er den enorme interessa for psykologi som pregar litteraturen frå den tida (boka kom ut i 1947). Det er dessutan interessant at gode bøker toler "**tidens tann**", sjølv om særleg språket vert noko forelda. Absolutt verd å lese! (HaBiT<sub>NN</sub> 2010: arieldog.blogspot.no)
- (b) NN Fedje Arbeiderparti vil understreka at Regjeringa i si vurdering av saka ikkje berre må ta med dei reint tekniske risikomomenta. Ei tildekking vil innebera tvil og uro for at tiltaket ikkje vil tåla **tidens tann**. Det ligg i saka at tvilen ikkje vert mindre med åra. Metoden som vert vald må og vera slik at det internasjonale samfunnet har ein absolutt tillit til at det held mål. (HaBiT<sub>NN</sub> u.å.: hev-u864.com)
- (c) NN Henny Lies verk viser fram dei fysiske, konkrete verknadene av dette - korrosjonen i jernflatene som sår, eller som salte bitemerke etter **tidstanna**. (NON 2009: P\_Lars\_LienNF 2009, 286)
- (d) NN Det er vel mest fordi dei er gamle og har fått ein patina, **tidstanna** har gnege på dei, sa Leif. Men Asbjørn såg det altså annleis. (NON 2004: Bild.AE 2004, 100)
- (e) NN Ho er noko tært av **tida si tann**, men har eldest med verdigheit. Den innvendige grinda er prektig, stor og kraftig. Vert nokre taklekkasjar tetta og ein del bordkledning fornya, kan bygninga stå lenge, lenge. (NON 2007: Vikebl 2007)


NOB har inga oppføring av frasen, men ut frå frekvenstala burde frasen ha vore med i standardordboka i forma *tidas tann*. NO har ført opp både *tidas tann* og *tida si tann*, men det spørst om den siste ikkje er overflødig.

I staden for å gje opp frekvens i korpus i tabell 5.43, har eg i undersøkinga av *vere sin eigen lykkesmed* valt å sjå på variasjonen i dei ortografiske variantane *lukke* og *lykke*, som begge er innanfor nynorsknorma. I tillegg til formene som står oppførte i tabellen, har eg heller ikkje funne den litt usannsynlege omskrivingsvarianten *smed for sin eigen lukke/lykke* i noko korpus. Førekomstane som faktisk er i nynorsk-korpus av den reine bokmålsforma *sin egen lykkes smed*, står i bokmålstekstar (som eigentleg ikkje burde vere der), så dei har eg ikkje teke med i tabell 5.43.

	NO-form I		NO-form II		NO-form III		bokmåls- form		feil deter- minativ	
	<i>si eiga lukkes/ lykkes smed</i>		<i>sin eigen lukkesmed</i>		<i>smed for si eiga lukke</i>		<i>sin egen lykkes smed</i>		<i>sin eigen lukkes/lykkes smed</i>	
NN-korpus	lukke	lykke	lukke	lykke	lukke	lykke	lykke	Lukke	lukke	lykke
HaBi <sub>NN</sub>	0	3	0	5	1	0	0	0	2	6
NAK <sub>NN</sub>	0	1	1	2	0	0	0	0	0	2
NON	2	9	4	9	0	0	0	0	2	7
Oslo- korpuset	0	1	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	2	14	5	16	1	0	0	0	4	15

Tabell 5.43 Førekomstar av *vere sin eigen lykkesmed* i ulike nynorskkorpus

### NN *vere sin eigen lykkesmed*



Figur 5.13 Variantar av *vere sin eigen lykkesmed* i nynorskkorpus

Det er altså ingen nynorskskribentar som brukar den reine bokmålsvarianten av frasen, men bokmålsinterferensen dukkar likevel opp i den omfattande bruken av hankjønns-

determinativet *eigen* saman med *lukke/lykke* (f). Det skjer oftast i kombinasjon med den mest bokmålsnære forma *lykke*, men sjølv i førekomstar med den særnynorske forma *lukke* dukkar *eigen* opp, som i (5:43 a). Det er også verd å leggje merke til at meir enn kvar fjerde førekomst (t.d. 5:43 b) har forma som ein del sikkert meiner ein

bør unngå, nemleg *vere si eiga lykkes|lukkes smed*, der *s*-genitiven kjem etter ein vokal.

- (5:43) (a) Vi er **vår eigen lukkes smed**, og kan sjølv avgjere kva vi skal gjere neste år. Og kanskje må vi vente heilt til siste kamp på søndag før vi får avgjera, seier ein spent førdetrenar. (NON 2001: Firda 2001)
- (b) Heilt rett og fint: No var ikkje lenger Keynes og den aktive staten den rette økonomiske læra, men Milton Friedman og eit samfunn der alt hadde sin pris og ein kvar var **si eiga lukkes smed**. Den sosialdemokratiske ordenen som hadde prega etterkrigs-Norge stod for fall. (NON 1996: GroveHeiretISO 1996, 193)
- (c) Oppfatninga om sjølvstende inneber at kvar einskild først og fremst er **ansvarleg for si eiga lykke**. For å kunne realisere oss sjølve som lykkelege menneske, må vi vite kva vi har krav på, og vi må kunne setje grenser for kva andre kan krevje.

Det er ikkje grunnlag i NON (som altså er korpuset NO delvis byggjer på) for NO-føringa *smed for si eiga lukke*. Det næraste vi kjem er førekomst (5:43 c), som ikkje inneheld *smed*-komponenten. Det vil seie at sjølv ikkje i siste alfabetstrekket kan ein stole på at redaktørane i NO ikkje har valt ut eller konstruert normative frasevariantar.

Ein kunne ha tenkt seg at det var ein samanheng mellom den tradisjonelle nynorsk-forma *lukke* og ein meir typisk nynorsksyntaks med enten samanskriving (*sin eigen lukkesmed*) eller omskriving (*vere smed for si eiga lukke*), medan *lykke* berre blei brukt saman med *s*-genitiven. Slik er det ikkje, samforma *lykke* er den dominerande uavhengig av syntaks (den eine førekomsten på *smed for si eiga lukke* kan ikkje seie noko om tendens). Det støttar opp under inntrykket at ortografiske former ikkje har same verdiladde konnotasjonar i nynorsk som i bokmål. Dette kan igjen ha noko med dei ulike typane purisme som har vore dominerande i dei to målfornene.


Heile fem variantar av frasen er i bruk innanfor norma, og samansetningane *lukkesmed* og *lykkesmed* er dei mest frekvente med til saman 37 % av førekomstane. Her er det likevel grunn til å trekkje fram at til saman 13 av 21 førekomstar med samansetning er henta frå NON. Til saman 33 % av førekomstane ligg utanfor norma. NOB har inga oppføring, medan NO har med både *vera si eiga lukkes smed*, *lukkesmed* og *vera smed for si eiga lukke*. Det er godt grunnlag for å ha med dei første to, men å skrive om frasar til «betre» nynorsksyntaks (i *smed for si eiga lukke*),

er det i denne undersøkinga svært avgrensa grunnlag for. Når det er så mange moglege former innanfor norma som er i bruk, er det uheldig om ordbøkene på toppen fører opp frasevariantar som ikkje ser ut til å vere i bruk.

Neste frase ut er ordspråket *utakk er verdas løn*. NOB har ikkje frasen med i det heile, og NO har ført opp ein variant med *sens*-genitiv og ein med *s*-genitiv til *verd* (f). Dessutan finst det (som med *lukke* og *lykke*) to ortografiske former, *løn* og *lønn*, i gjeldande rettskriving. I tabell 5.44 er førekomstane med dei to variantane gjevne opp i absolutte tal.

	NO-form I		NO-form II		tenkt form		Bokmål	
	<i>verdsens løn</i>		<i>verdás løn</i>		<i>verda si løn</i>		<i>verdens løn</i>	
NN-korpus	<i>løn</i>	<i>Lønn</i>	<i>løn</i>	<i>lønn</i>	<i>løn</i>	<i>lønn</i>	<i>løn</i>	<i>lønn</i>
HaBiT <sub>NN</sub>	0	0	1	0	0	0	0	1
NAK <sub>NN</sub>	0	0	2	1	0	0	0	0
NON	1	0	5	4	0	1	1	2
Oslo-korpuset	0	0	0	0	0	0	0	0
SUM	1	0	8	5	0	1	1	3

Tabell 5.44 Førekomstar av utakk er verdas løn i ulike nynorsk-korpus



Figur 5.14 Variantar av verdás løn i nynorsk-korpus

Det er få førekomstar av frasen i alle nynorsk-korpusa, men i undersøkinga av bokmåls-usus under, i tabell 5.46, ser vi at dette er ein helst lågfrekvent frase i bokmål òg.

Grunnlaget for å ha med den gamle *sens*-genitiven i NO er så tynt som det kan vere, då det berre er ein enkeltførekomst på konstruksjonen i korpuset ordboka byggjer på, og det kan moglegvis tolkast som nynorskleksikografens forsøk på å unngå *s*-genitiv til hokjønnsord. Elles kan vi leggje merke til at det er den tradisjonelle nynorskforma *løn* som har flest førekomstar i *s*-genitivkonstruksjonen. Ho står faktisk så sterkt at ho i ein førekomst til og med blir kombinert med hankjønnsbøyinga *verdens*, som vi kjenner frå bokmål. Når nokre få nynorsk-skrivarar brukar varianten *verdens lønn*, er

det såpass markert at det kan vere grunnlag for å sjå på det som eit sitat frå bokmål. Viss ein først låner ei eining med ein syntaks som truleg blir oppfatta som litt bokmålsk, følgjer morfologien ofte med som ein del av den prefabrikkerte pakken. Mest sannsynleg speglar skriftspråksbruken utanfor dei fastsette skriftspråksnormene at det er slik frasen blir brukt i spontan tale, som førekomst (5:44) kan tyde på – der bloggaren ledig vekslar mellom normert skrift, dialektbruk i sitat og fraseologisk lånegods.


(5:44) Eg har siste åra vore velsigna med hjelpsame besteforeldre og ein barnefar som kan jobbe heimanfrå. Sjølv fekk eg kommentaren "e du aldri sjuke, du?" frå ein elev som gjerne kunne ha tenkt seg fleire fritimar. **Utakk er verdens lønn** ... (HaBiT<sub>NN</sub> 2010: anlenblogg.blogspot.no)

Fire variantar av frasen ligg innanfor norma, og av desse er *verdás løn* og *verdás lønn* klart i fleirtal, med nærare 70 % av førekomstane. 21 % av førekomstane ligg utanfor den fastsette nynorsknorma.

Til slutt i denne delundersøkinga av bruk av *s*-genitiv til hokjønnsord skal vi sjå på *gatas parlament*. Det var ein frase eg forventa kom til å få ein del treff i korpus, men tabell 5.45 stadfestar i staden at magekjensla ikkje er til å stole på.

	NOB-form		NO-form		tenkt form		Bokmål	
	<i>gateparlament</i> ~		<i>gatas parlament</i>		<i>gata sitt parlament</i>		<i>gatens parlament</i>	
NN-korpus	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.	N	per mill.
HaBiT <sub>NN</sub>	0	NA	10	0,16	1	0,02	0	NA
NAK <sub>NN</sub>	0	NA	0	NA	0	NA	0	NA
NON	0	NA	2	0,02	0	NA	0	NA
Oslo-korpuset	0	NA	0	NA	0	NA	0	NA
SUM	0		12		1		0	

Tabell 5.45 Førekomstar av *gatas parlament* i ulike nynorskkorpus



Figur 5.15: Variantar av *gatas parlament* i nynorskkorpus

Alle ti førekomstane i HaBiT<sub>NN</sub> er omtalar av den venstreradikale rap-gruppa Gatas Parlament. Samansetninga *gateparlament* får ingen treff i NON, men har to kjelder i føringa i NO (BergVMRN 206; SøreboTJ 48). Det er ei nyttig påminning om at NON ikkje er

heile kjeldegrunnlaget til NO, og at det kan vere dekning for fleire frasevariantar i dei andre kjeldedokumenta som ligg til grunn for redigeringa av ordboksverket enn dei eg får fram i denne undersøkinga. Førekost (5:45) er eit av få reelle treff på frasen i eit nynorskkorpus:

(5:45) Det eg er redd for er korleis presedensen vil verta når **gatas parlament** kan finna på å ta seg til rette i forhold til framtidige bygg, så dette er ein prinsippdiskusjon me må ta, sa han.  
(NON 2009: SoA 2009)

Med så få førekomstar er *gatas parlament* ikkje eigna for å seie noko om fraseologisk variasjon. Det einaste ein kan slå fast, er at av dei reelle nynorskførekomstane som ikkje har med rap-gruppa å gjere, er det berre to førekomstar med *gatas parlament* og ein med *gata sitt parlament*. Ingen av førekomstane ligg utanfor norma. Føringa *gateparlament*, som både står i NOB og NO, har eg ikkje funne i noko nynorskkorpus. NO har i tillegg med *gatas parlament*, som det altså finst eit svakt grunnlag for. Når eg likevel har valt å bruke frasen som ein del av undersøkinga, seier det sitt om at eg ikkje kunne velje og vrake mellom frasar med *s*-genitiv som står til hokjønnsord. Fenomenet er sjeldan, uavhengig av om ein tek utgangspunkt i bokmål eller nynorsk.

### 5.7.3.2 Bokmålsusus til samanlikning

Oppsettet i tabell 5.46 viser førekomstar av dei aktuelle frasane i ulike bokmålskorpus. I tabellen er det gjeve opp absolutte tal på førekomstar med hankjønnsbøying eller hankjønnsdeterminativ i frasen, og dei relative tala står for prosentdelen av korpus-førekomstane der frasekomponentane *sak*, *tid*, *egen*, *verd* og *gate* fekk hankjønnsbøying.

	<i>sakens/sakas</i> <i>kjerne</i>		<i>tidens/tidas</i> <i>tann</i>		<i>egen/eiga</i> <i>lykkes smed</i>		<i>verdens/</i> <i>verdas lønn</i>		<i>gatens/gatas</i> <i>parlament</i>	
	<i>-en</i>	% m	<i>-en</i>	% m	<i>egen</i>	% <i>egen</i>	<i>-en</i>	% m	<i>-en</i>	% m
<b>BM-korpus</b>										
Habit <sub>BM</sub>	876	99,6	1151	99,6	299	100	87	100	9	2,3
LBK	8	100	71	89,9	34	100	8	100	7	26,9
NAK <sub>BM</sub>	656	99,9	649	93,9	239	100	78	100	32	56,1
noWaC	580	99,5	493	98,8	178	100	79	97,5	21	1,7
<b>SUM</b>	2120		2364		680		252		69	

Tabell 5.46 Hankjønnsrealisering saman med *s*-genitiv ved potensielle hokjønnsord i bokmålskorpus



Samanlikna med dei absolutte tala i nøytrumsundersøkinga er frasane i tabell 5.46 rimeleg frekvente. Det mest slåande er kor gjennomgåande substantiva blir realiserte med hankjønnsbøying jamført med frasane i avsnitt 5.3 (om den stygge *a-en*). I *sakens kjerne, tidens tann, egen lykkjes smed* og *verdens lønn* dominerer dei konservative formene med (nesten utan unntak) over 90 % av førekomstane i alle dei fire korpusa. Det ser ut til å vere ein klar samanheng mellom bruk av *s*-genitiven og bruk av hankjønnsbøying i ord som i bokmål kan vere både han- og hokjønn. Unntaket er *gatas parlament*. Ein kunne tenkje seg ei semantisk forklaring om at ein forbind gateparlament-aktiviteten med noko radikalt, men det viser seg at varianten *gatas parlament* dominerer på grunn av omtalar av rap-gruppa. Særleg i det to nettkorpusa HaBiT<sub>BM</sub> og noWaC handlar mange av førekomstane om Gatas Parlament. Det er likevel påfallande korleis dei relative tala i undersøkinga av akkurat denne frasen sprikjer, og det viser seg at gruppa ikkje er omtala i ein einaste avistekst i NAK<sub>BM</sub> – og dermed er den meir konservative varianten *gatens parlament* i overtal i det korpuset.

Dei to førekomstane i noWaC av *verdars lønn* refererer til same debattmøte med tittelen «Tusen takk er verdars lønn – om å leve av folkemusikk og -dans». Av konteksten kan ein lese seg til at dette er ein nynorsktittel, sjølv om omtalen av arrangementet er skriven på bokmål i korpuset. I praksis er det dermed ingen førekomstar med hokjønnsbøying i denne frasen i nokon av korpusa.

Tendensen i bokmålskorpusa tykkjest klar i retning av ein konsentrasjon om hankjønnsendingar i substantiv som kan vere både ho- og hankjønn, når dei blir kombinerte med *s*-genitiv. I NOAB og BOB var føringane av desse frasane like, der er det gjennomført brukt hankjønnsendingar, med unntak av dobbelføringa av både *gatas* og *gatens parlament* i BOB. Det er i godt samsvar med bruken eg har registrert i korpus.

## 5.8 Oppsummering

I dette kapitlet har eg undersøkt samanhengen mellom korleis ordbøkene framstiller fraseinventaret og faktisk språkbruk dokumentert i korpus. Med utgangspunkt i

---

problematikk i bokmål har vi sett på ortografisk og leksikalsk variasjon i idiom med *ben*, *bein* og *foot* (5.2). Der kan det vere semantisk motivert om bokmålsbrukarane vel *ben* eller *bein*, men det trengst eit større utval av frasar enn dei seks eg har sett på, for å kunne slå det fast. Ordbøkene presenterer i dei aktuelle frasane forskjellane mellom målformene som større enn moderne språkbruk i korpus støttar opp under. Det er likevel ein svak tendens til at det er fleire nynorskførekomstar med *foot* i frasar som på bokmål blir realiserte med *ben*.

I delen om morfologisk variasjon og bruk av *a*-former i bokmål var fordelinga heilt etter læreboka. Høgstilsfrasar får hankjønnsbøying, medan meir kvardagslege frasar får hokjønnsbøying (5.3). Bokmålsordbøkene speglar usus i korpus ganske godt, men undersøkinga viser likevel kor vanskeleg det er i praksis å skulle gjere greie for morfologisk variasjon i frasar. Desse frasane er ikkje spesielt interessante på nynorsk, der blir alle dei aktuelle frasekomponentane realisert med *-a*, men det som kan vere greitt å ta med, er at førekomstane minner om at det slett ikkje er slik at nynorskbrukarane skriv normstridig over alt og heile tida.

Ein del nynorske frasar blir bruke som sitatord i bokmål (5.5). Mange bokmålsbrukarar møter ikkje nødvendigvis så mykje nynorsk i kvardagen, så det er kanskje ikkje så rart at fleire av frasane har opphav i titlar frå tv-seriar sende på NRK (som er forplikta til ha ein viss del tekst på målforma). Somme av nynorskfrasane viser tydelege teikn på å vere så institusjonaliserte i bokmål at dei gjerne blir brukte med kreativ modifikasjon. Bokmålsordbøkene har stort sett med desse frasane – med diasystematiske markeringar som fortel at dei har opphav i nynorsk. Sitatordfrasane kunne godt ha vore undersøkte i begge målformer, men eg valde av plassomsyn å ikkje gjere det her.

Det blir litt annleis med sitatord frå dansk og bokmål i nynorsk. Slike dukkar opp i nynorskførekomstar fleire stader i denne undersøkinga, ikkje berre i bolken der dette er tema (5.6). Når ein ser på dei absolutte tala i 5.2–5.7, blir det òg klart kor mykje oftare brukarane av begge målformer møter på bokmålsvarianten i skrift, og det er truleg ei av forklaringane på at det er den varianten som melder seg først i tanken.

---

Når vi veit at nynorske ordlister og ordbøker har vore brukte i kampen for å halde ute ord med tysk og dansk opphav (jf. avsnitt 3.2), er det inga overrasking at den nokså normative NOB fører frasar i si nynorske form, medan den dokumentariske NO har med fleire døme på bokmålslån.

Litt skjematisk kan ein seie at lån frå nynorsk til bokmål er leksikalske. Korpusførekommstane viser bokmålsbrukarane kan låne heile einingar som *ska me sjå*, men elles er det lite spor av t.d. nynorsk morfologi i bokmål. Lån frå bokmål til nynorsk er på fleire nivå – både leksikalske, ortografiske og morfologiske. Reknar ein *s*-genitiv til inkjekjønns- og hokjønnsord som eit bokmålstrekk, kan ein seie at korpus også viser syntaktiske lån frå bokmål til nynorsk. Ein kan stille spørsmål ved om det er riktig nemningsbruk å snakke om *sitatord* frå bokmål og/eller dansk i nynorsk når ein ser på den reelle bruken. Truleg er det meir presist å seie at det er markerte sitatord når bokmålsbrukarar nyttar ein nynorskfrase, men at den generelle bokmålspåverknaden er så omfattande at nynorskbrukarar både medvite og umedvite *lånar* bokmålsfrasar når dei skriv nynorsk.

Nynorskskribentar brukar *s*-genitiv saman med hokjønnsord, men ulike omskrivingar førekjem også – i *kjernen i saka* og *vere sin eigen lykkesmed* er dei faktisk dei mest frekvente i dei undersøkte korpusa. Feilprosenten ligg høgt i fleire av genitivsfrasane med hokjønnsord, og i alle tilfella kan det udiskutabelt koplast mot bokmålsinterferens. På dette feltet ser den bokmålske frasebruken ut til å vere meir homogen enn den nynorske, men det er ikkje overraskande når det i 150 år har blitt hevda at hokjønnsord i nynorsk ikkje tek *s*-genitiv, slik at ein må skrive om dersom ein ønskjer å skrive «god nynorsk». Ein slik regel kan førast tilbake til Ivar Aasens skildring av eit svinnande kasussystem på midten av 1800-talet, men denne undersøkinga tyder på at mange nynorskbrukarar ikkje har noka internalisert norm som hindrar bruk av *s*-genitiv saman med hokjønnsord i faste frasar. *S*-genitiv ser vi helst saman med abstrakte substantiv, og slike er i hovudsak hankjønns- og inkjekjønnsord, så dette med *-s* etter vokal gjeld ikkje eit stort antal fraser i norsk. Spørsmålet om *s*-genitiv til bestemt form av inkjekjønnsord gjer seg gjeldande i fleire frasar. Der tyder usus i nynorskkorpus på at konstruksjonen i mange tilfelle er veletablert.

---

Eg meiner det er grunnlag for å stille spørsmål ved somme av ordbokføringane, eller mangel på slike, i frasar som kan ta *s*-genitiv i nynorsk. Særleg gjeld det *Nynorsk-ordboka*. Poenget mitt er slett ikkje at ordbøkene skal slutte å vise fram alle dei andre måtane ein uttrykkjer eigedomstilhøve og tilknytning på, særleg i kollokasjonar og frie konstruksjonar, men denne undersøkinga tyder ikkje på at brukarane skil skarpt mellom ulike grammatiske kjønn og bestemming når dei avgjer om dei skal bruke *s*-genitiv i ein fast frase. Frasar følgjer ofte sine egne lover, og eg ser ikkje at det er grunnlag i den faktiske nynorskbruken for å setje strenge restriksjonar for *s*-genitiv i idiom og ordspråk. Skriv nynorskbrukarane *tidas tann*, må det stå i ordbøkene. Når eg går lenger i dei konkrete vurderingane i spørsmålet om *s*-genitiv enn om andre språktrekk som er diskuterte i kapittelet, er det fordi det er her NOB i minst grad er i tråd med usus.

Denne undersøkinga viser at det sjeldan er grunnlag for å seie at ei form av ein frase er den einaste riktige. Når vi i norsk ofte har fleire ortografiske og morfologiske former å velje mellom både i bokmål og nynorsk, i tillegg til at dialektene har ein så sterk posisjon at det for mange er naturleg å snakkeskrive, og ein kan låne enten frasekomponentar eller heile frasar frå den andre målforma, er det naturleg at det fører til mykje variasjon på frasenivået òg. Det er ei kjelde til stilistisk rikdom å veksle mellom former og kunne låne både frå dialektene og den andre målforma – om det så er for å skape høgstil eller lågstil. På den andre sida blir det leksikografen si hovudpine å skulle presentere all denne fraseologiske variasjonen på ein formåls-tenleg måte for brukarane.

## 6. «Blås i babyen – ut med badevannet!»

### Ei leksikografisk og korpuslingvistisk undersøking av potensialet for variasjon i ein fast frase<sup>28</sup>

*Kastar, slår, heller eller tappar ein barnet ut med badevatnet? Og er det barnet, babyen eller ungen som ryk ut med bade-, vaske- eller skyljevatnet?* Dette kapittelet er ei djupneundersøking av bruken av den ordspråksliknande frasen *kaste barnet ut med badevatnet* ('å øydeleggje det som er bra eller viktig i ein situasjon ved ein feil medan ein prøver å endre eller forbetre han'), hovudsakleg på norsk, men òg med sideblikk til andre språk. Ved å undersøkje korleis frasen er ført i ordbøker og brukt i autentiske tekstar, ser eg på kva potensial han har for variasjon. Kor fleksibel kan ein frase vere, men framleis bli oppfatta som fast? Kva er det som gjer det mogleg å kjenne igjen 1) variantar, 2) modifikasjonar og 3) avartar av ein frase når ingen leksikalske ord ligg fast og morfologien og syntaksen òg er variabel? Og er det forskjell på korleis og kva ein varierer i bokmål og nynorsk? Teori og ordbokføringar dannar bakteppe for hypotesar som eg testar empirisk i delen om den eigentlege variasjonen, mens eg i hovudsak går meir kvalitativt til verks i analysen av den kreative modifikasjonen og avvikande bruken. Undersøkinga går, som resten av avhandlinga, langs to spor: variasjon mellom ordbøkene og autentisk bruk og variasjon i og mellom målformene.

I dag ser det langt på veg ut til å vere konsensus i det fraseologiske fagmiljøet om at somme frasar tillèt mykje variasjon på uttrykkssida, andre mindre og somme svært lite, jf. del 2.5 og 2.6. Eit vilkår for at eit djupdykk i fraseologisk variasjon i ein enkeltfrase skal gje interessante funn, er at den valde frasen faktisk er leksikogrammatisk fleksibel. Til grunn for at valet fall akkurat på *kaste barnet ut med badevatnet* låg ein observasjon av at frasen har fleire ledd som ser ut til å kunne

<sup>28</sup> Torodd Kinn tok i si tid initiativ til at vi skulle undersøkje korleis denne frasen blir brukt med variasjonar, og på MONS 2015 heldt vi innlegget «På kva måtar kan barnet kastast ut med badevatnet?» saman. Dette kapittelet er ei vidareutvikling av det. Kinn har bidrege til delen om metaforiske tilordningar (6.2.2) og med ein del av søka i bokmålskorpusa. Eg har gått gjennom alle treffa, ekserpert døme, bearbeidd materialet og skrivt resten. Både det empiriske grunnlaget og kva som blir undersøkt er vesentleg meir omfattande enn ved MONS, og eg har åleine stått for det.

varierast utan at det endrar på denotasjon og konnotasjonar, og at frasen ofte blir brukt med kreativ modifikasjon. Kapittel 5 tydeleggjer dei problematiske sidene ved korpusundersøkingar der materialet delvis er for lite, og i dette kapitlet har eg kompensert for det med å byggje eit stort kjeldemateriale, men som då ikkje gjev svar på anna enn variasjonen i og på tvers av målformene i den eine frasen eg har valt ut. Ei djupneundersøking av den typen tek ikkje mål av seg til å gje generaliserbar kunnskap om fraseologisk variasjon i norsk generelt, men gjev ein historisk dimensjon og dreg fram andre perspektiv enn breiddeundersøkinga i kapittel 5 kan. Tek vi utgangspunkt i konklusjonen i idiomstudien til Sköldberg (2004, 289) om at ein type uttrykksmessig variasjon ofte impliserer variasjon av ein annan type, og at gruppa med dei minst fikserte idioma kan variere på dei fleste punkt, er det likevel ingen grunn til å tru at variasjonen i *kaste barnet ut med badevatnet* på nokon måte er eksepsjonell, men at han illustrerer kor fleksibel dei fleksible frasane kan vere.

## 6.1 Innleiing

Det tradisjonelle synet på idiom og andre fraseologiske einingar er at dei er delar av eit frose eller fiksert språk, slik det blir signalisert i nemninga *faste frasar*. I det ligg det at ein ikkje kan endre på forma til idioma i særleg grad; eit avgjerande aspekt som skil idioma frå frie konstruksjonar, er at dei førstnemnde er underlagde ei rekkje meir spesifikke leksikalske og grammatiske restriksjonar. Fikseringa er noko av det som særmerker idioma, og av dei aller fleste blir ho sett på som eit nødvendig kriterium for at ein frase skal bli plassert i idiomklyngja (jf. avsnitt 2.2.4). Ordspråka er ein frasekategori som blir rekna som endå fastare i forma enn idioma og dermed tillèt mindre leksikalsk og grammatisk variasjon, i tillegg til at ordspråka vanlegvis er fullstendige setningar.

Sjølv om ein i den internasjonale fraselitteraturen lenge har vore medviten om at fikseringa ikkje er absolutt, kan ein til og med i nyare norsk litteratur på feltet finne døme på at somme reknar idiom blant «de «forutbestemte» fraser der ingen variasjoner er tillatt» (Horvati 2005, 13). Faktisk blir det i denne masteroppgåva hevda at idiom ikkje eingong tillèt tempusvariasjon utan at dei mister den biletlege tydinga (40). I ei anna masteroppgåva frå UiO kan vi lese at «[i]diomer er faste

uttrykk og man kan ikke endre deres form. Det er en påstand alle er enige i» (Prušková 2013, 5) Eit tilsvarande syn på idiomatisk variasjon finn vi òg hos tidlegare journalist Per Egil Hegge i den nye idiomordboka hans:

Et idiomatisk uttrykk ligger fast, og hvis man flikker på det, enten ut fra så overdreven selvtillit at man vil forbedre det, eller fordi man rett og slett husker feil – blir belønningen gjerne det motsatte av applaus; det blir hoderysting og til dels uhøflig latter. [...] Med sikte på en komisk virkning kan man vrenge litt på noen av dem.[.] (Hegge 2015, 15)

Denne tilnærminga speglar seg i at Hegge berre fører 5 av 556 idiom i boka med valfrie komponentar. Rett nok skriv han at ordboka ikkje er ei fagbok, men Hegge er uansett med på å sementere ei forenkla og forelda oppfatning om at så godt som alle idiom er heilt fikserte einingar. At det er overmot å variere den kanoniske forma, altså med det vesle unntaket at det av og til går an dersom ein ønskjer ein humoristisk vri, skal vi i dette kapitlet sjå er ei situasjonsbeskriving som ligg svært langt frå røynda. I kapittel 2 gjekk det fram korleis synet på frasar som fikserte einingar har blitt kraftig utfordra i seinare tid, ikkje minst som eit resultat av korpusundersøkingar. I dag er det vanleg å sjå på fikseringa som relativ: Somme frasar taklar mykje variasjon utan at det endrar tydinga, andre er meir stivna, og nokre er fullstendig fikserte.

Metodedelen i dette kapitlet er todelt mellom ein presentasjon av materialet på 460 bokmålsdøme og 373 nynorskdøme og korleis dei blei samla inn (6.2.1), og ein gjennomgang av den omgrepsmetafor-teoretiske modellen som analysen av variasjonen i materialet baserer seg på, og då særleg den kreative modifikasjonen (6.2.2). I del 6.3 blir det peika på ein del teoretiske aspekt med relevans for variasjonen i *kaste barnet ut med badevatnet*. Det er gjerne den kreative bruken av frasar som er mest iaugefallande, men det er ikkje alle variasjonar som har til hensikt å ha ein stilistisk effekt. Om ein fokuserer for mykje på dei markerte avvika frå den kanoniske forma, som kunstnariske forvrengingar eller ordspel, bagatelliserer ein kor utbreitt og viktig fenomenet variasjon er (Moon 1998, 120). I tråd med tradisjonen blir det difor i dette kapitlet skilt mellom *variasjon* og *modifikasjon*.

Variasjon ligg føre om det finst minst to alternative former for å uttrykkje det same, og begge formene er registrerte og kjende for dei fleste språkbrukarane. I dette

kapittelet omtalar eg variasjonar i den konvensjonelle forma til frasen som **variasjon i mønsterfrasen** (6.4–6.7). For ein grundigare definisjon, sjå del 6.2.2. Med nemninga *variasjon i mønsterfrasen* skil eg mellom den eigentlege variasjonen i den konvensjonelle forma og *variasjon* som eit vagare overomgrep for alle typar endringar i og lek med frasen. For å finne ut kva som kan reknast som komponentar i mønsterfrasen, ser eg på korleis han har blitt ført i (dansk-)norske ordbøker. Dette samanliknar eg med døme frå korpus og nettet for å sjå på korleis mønsterfrasen i faktisk språkbruk blir brukt med **dynamisk variasjon**, det vil seie både som syntaktisk fullstendig setning (ordspråk) og som setningsfragment (idiom) i del 6.4. I norsk samanheng er det interessant å undersøkje om variasjonen i mønsterfrasen kan ha med ulikskapane mellom målformene bokmål (BM) og nynorsk (NN) å gjere, t.d. om det kan vere ulike preferansar for ordstilling og visse leksikalske element, slik ordbokføringane kan tyde på. Der er målformene førte med ulike verb i *kaste*-leddet og har ulik partikkelplassering. Difor ser eg som regel på målformene kvar for seg når undersøkinga handlar om variasjon i mønsterfrasen, som i tillegg til den dynamiske òg omfattar **leksikalsk variasjon** (6.5), **morfologisk variasjon** (6.6) og **syntaktisk variasjon** (6.7).

Modifikasjon gjev variantar av frasen som vi normalt ikkje finn i ordbøkene; dei er for det meste unike og forståelege berre i ein kontekst. Det kan m.a. vere snakk om tillegg (å føye til eitt eller fleire element til frasen) og substitusjon (ei endring i ein eller fleire komponentar), som inneber språkleik og modifisering av tydinga til frasen. Her blir slike endringar kalla **kreativ modifikasjon** (6.8). I tillegg har eg ein eigen kategori eg har kalla **avvikande bruk** (6.9). Det vil ikkje seie at eg nødvendigvis reknar språkbruken som feil eller dårleg, men komponentane er ofte referentsvake. Det kan vere snakk om kontaminasjon (samanblanding av frasar), ellipse (forkortingar som ikkje nødvendigvis kan reknast som variasjon eller modifikasjon av frasen, då dei delvis berre vagt alluderer til han) og bruk av frasen i dikt.

Dei viktigaste funna er at *kaste barnet ut med badevatnet* tillèt svært mykje variasjon innanfor mønsterfrasen: Rimeleg fritt kan ein skifte ut komponentane med synonym og utføre dei fleste syntaktiske transformasjonar utan at det endrar på tydinga, og eg



---

argumenterer for at det hovudsakleg har å gjere med at enkeltkomponentane bidreg med separat tyding til tydinga av frasen som heilskap. Denne variasjonen i mønsterfrasen har sidan 1990 gått prosentvis ned på kostnad av ein markant auka bruk av kreativ modifikasjon, der ein trekkjer inn ord frå måldomenet og spelar på den doble tydinga til frasen ved å kombinere kjelde- og måldomene. Dette er nemningar frå den kognitive metafor-teorien som kjem til å bli utdjupa seinare i kapittelet, men eit døme frå materialet på slike kombinasjonar er «Så la oss ikke kaste ut demokrati-babyen med badevannet til Bush». Stikk imot det mange ser ut til å tru, er det derimot ikkje slik at det med alle dei nye plattformene folk flest har fått til å ytre seg på, og stadig minkande ressursar brukt til språkvask, relativt sett har blitt meir avvikande bruk av frasen i same tidsperiode. Grensegangen mellom kreativ modifikasjon og avvikande bruk er uklar, men uansett er det ein svir å lese kor mykje språkglede og leik det går an å få til med utgangspunkt i ein gammal frase, sjølv om ikkje alt er like vellykka.

## 6.2 Metode

### 6.2.1 Materiale og metodiske avvegingar

Somme oppføringar i norske ordbøker (sjå del 6.4.1) kan tyde på at det er litt ulike leksikogrammatisk preferansar i bokmål og nynorsk med tanke på korleis ein skriv *kaste barnet ut med badevatnet* (som eg brukar som ei samnorsk form i metateksten), og det kan vere ein indikasjon på at noko av uttrykksvariasjonen i den norske bruken er knytt til målformene. Det er ei problemstilling eg særleg vier merksemd i gjennomgangen av variasjonen i mønsterfraseførekommstane (del 6.4–6.7). Ordbokføringane, saman med teoretiske innsikter, brukar eg til å utvikle hypotesar som eg testar ut på materialet. Det har vore eit mål å samle eit datasett med førekomstar frå autentisk språkbruk som både er stort nok og balansert med tanke på sjanger og alder på belegga, slik at det går an å vurdere om ordbøkene speglar ein reell skilnad mellom korleis bokmåls- og nynorskbrukarar skriv frasen. Talespråk inngår med andre ord ikkje i studien, som er ei korpusbasert kvantitativ undersøking av dei største norske skriftspråklege korpusa tilgjengelege i 2015/2016 og tre digitale tekstsamlingar. Av bokmålsressursar brukte eg Leksikografisk bokmålskorpus (LBK), bokmålsdelen av

---

Norsk aviskorpus (NAK<sub>BM</sub>) og Norwegian Web as Corpus (noWaC). For nynorsk brukte eg nynorskdelene av Norsk aviskorpus (NAK<sub>NN</sub>), Norsk Ordboks nynorskkorpus (NON) og nynorskdelene av Oslo-korpuset av tagga norske tekstar (Oslo-korpuset). Dei andre digitale tekstsamlingane eg brukte, var Atekst Retrifer, internett via søkjemotoren Google og nettbiblioteket til Nasjonalbiblioteket (nb.no), også kalla Bokhylla. Sjå avsnitt 3.3.3 for meir informasjon om dei ulike korpusa og ei vurdering av dei.

Profesjonelle skribentar, som journalistane representerte i NAK og Atekst og skjønn- og saklitterære forfattarar i NBs nettbibliotek, har gjerne ein språkbruk som er strengare redigert og oftare språkvaska enn materialet ein kan vente å finne på nett. Det kan dermed ha ein eigenverdi å supplere korpusmaterialet med nettreff frå noWaC og Google, som moglegvis representerer eit større sjangermangfald og ligg tettare på det munnlege språket og spontane uttrykk enn trykt tekst (jf. Wetås og Karlsen 2010, 525). Dei profesjonelle skribentane er ikkje representative for ei heil befolkning, og det er ei viktig årsak til at internettsøk også blir viktigare i fraseologi og ordspråksstudiar, sjølv om belegg frå denne empiriske kjelda må granskast nøye og tolkast med varsemnd (Steyer 2015, 208). Undersøkingar har vist at det ikkje er signifikante forskjellar mellom kor fleksibelt frasar er brukte i sjangrane romanar, saklitteratur, aviser/tidsskrift og brosjyrar (Barkema 1996a, 80). Dermed kan vi rekne med at sjangertype blant dei profesjonelle skribentane ikkje er utslagsgjevande for om *kaste barnet ut med badevatnet* er brukt i mønsterfrasevariant, med kreativ modifikasjon eller har formelle eller semantiske trekk som tydeleg vik av frå mønsterfrasen. Vidare opnar det for at ein, så lenge forfattarane er profesjonelle, kan ha litt ulikt samansett kjeldegrunnlag i målformene utan at det spelar inn på kva slags type variasjon ein finn.

Materialinnsamlinga gav eit datasett som består av 833 førekomstar av *kaste barnet ut med badevatnet* i alle korpusa og tekstsamlingane nemnde ovanfor, jf. tabell 6.1. Heile settet ligg tilgjengeleg på <https://dataverse.no/dataverse/uiib>. Over 90 % av bokmålsførekomstane er frå vårt hundreår. Det er ein konsekvens av at eg og Torodd Kinn brukte korpus i materialinnsamlinga, og at særleg Norsk aviskorpus (NAK<sub>BM</sub>),

som vi fekk svært mange døme frå, berre inneheld tekstar frå etter 1998. Av dei 61 førekomstane av *kaste barnet ut med badevatnet* med kjent opphavsår i noWaC, er berre to frå førre hundreår. Det er nokre få bokmålsførekomstar som er mykje eldre enn dei andre, og dei dukka i stor grad opp i søk etter nynorskdøme med søkjeorda «badevatnet» og «vaskevatnet» i Atekst og NBs nettbibliotek (nb.no), men der formene var brukte i bokmålstekstar.

BOKMÅLSKORPUS			NYNORSKKORPUS			ANDRE DIGITALE TEKSTSAMLINGAR			sum		
LBK	NAK BM	noWaC	NAK NN	NON	Oslo- korpus	Atekst	google .no	nb.no	N	%	
BM	29	265	101	0	1	0	4	50	10	460	55,2
NN	0	0	2	10	21	1	154	60	125	373	44,8

Tabell 6.1 Fordelinga av førekomstane etter kjelde og målform

Atekst inneheld digitaliserte artiklar frå norske papiraviser så langt tilbake som til 1945, men dei fleste treffa er likevel frå dei seinare åra, og difor viste Atekst seg å vere ei god kjelde for å vege opp mot alle bokmålstreffa i Norsk aviskorpus. Dei 60 nynorsktreffa frå google.no er samtlege førekomstar søkjemotoren gav på bruken av den aktuelle frasen ut frå søkjeorda «badevatnet» og «vaskevatnet», og alderen på desse er ikkje så ulike førekomstane frå Atekst. Det er treffa frå nb.no som i størst grad skil seg frå dei andre, og det heng saman med alderen på kjeldene. Den eldste førekomsten derifrå er frå 1898, og den yngste er frå 1996.

Når eg samanliknar førekomstane på bokmål og nynorsk, er det viktig å ha med seg at særleg nettbibliotektreffa gjer at store delar av nynorsk materialet er av eldre dato enn bokmåls materialet. Skeivfordelinga i alder blir forsterka av at dei to leksikografiske korpuser er ulikt sette saman, sjølv om dei er like store og representerer kvar si målform på ein balansert måte. Den eldste teksten i Leksikografisk bokmålskorpus er frå 1985, medan den eldste i Nynorskkorpuset til Norsk Ordbok er frå 1866. Det er ikkje ideelt at det er så pass stor aldersskilnad på kjeldegrunlaget i dei to målformene; om det fanst store, nyare nynorsksamlingar, hadde eg brukt dei, men på den andre sida gjev det samla materialet oss høve til å sjå på den historiske utviklinga av bruken, om enn med ubalanse mellom målformene i dei ulike periodane.

Som eg var inne på i del 3.3.1, er hovudproblemet med å bruke Atekst, google.no og nb.no er at dei ikkje opnar opp for smarte søk slik tilrettelagde korpus gjer. På grunn av avgrensa korpusressursar på nynorsk har vi altså fleire førekomstar på nynorsk enn bokmål baserte på enkle søk, og det er ikkje optimalt i ein jamførande studie – i tillegg til at det var svært tidkrevjande. Eit innlysande problem med å basere nynorsksøka på formene *badevatnet* og *vaskevatnet* er at det gjer det umogleg å fange opp leikande variasjon med andre typar \*vatn i desse ressursane. Når det er sagt, er det viktig å ha i mente at alle korpussøk er deterministiske: Dei gjev svar på det vi søker etter, ikkje det vi kunne eller burde søkt etter (Moon 1998, 49) – og når ein må nytte seg av databasar som ikkje opnar for avanserte søk, får ein treff på ein del uventa syntaktiske konstruksjonar som korpussøka blokkerer for, og dei er interessante med tanke på kva slags syntaktiske krumspring som er moglege å gjennomføre utan at frasen bryt saman.

Ser vi på førekomstane av *kaste barnet ut med badevatnet* i bokmålskorpusa Leksikografisk bokmålskorpus (LBK), Norsk aviskorpus, bokmål (NAK<sub>BM</sub>) og Norwegian Web as Corpus (noWaC) i tabell 6.2, er det eit snitt på 0,2 førekomstar per million ord, mens vi får eit snitt på 0,36 i Norsk aviskorpus, nynorsk (NAK<sub>NN</sub>), nynorskkorpuset til Norsk Ordbok (NON) og nynorskdelen Oslo-korpuset av tagga norske tekstar (Oslo-korpuset). Samla tal på ord i korpusa står under namna. Bokmålsslengaren i eit nynorskkorpus og nynorskslengaren i eit bokmålskorpus gjev ikkje nokon informasjon av verdi og er difor ikkje med i utrekningane per million ord.

BOKMÅLSKORPUS						NYNORSKKORPUS					
LBK		NAK <sub>BM</sub>		noWaC		NON		NAK <sub>NN</sub>		Oslo-korpus	
100 000 000		1 517 106 226		700 000 000		102 468 113		16 070 002		3 800 000	
N	pr mill	N	pr mill	N	pr mill	N	pr mill	N	pr mill	N	pr mill
BM	29 0,29	265 0,18	101 0,14	1	NA	0	NA	0	NA	0	NA
NN	0 NA	0 NA	1 NA	21	0,21	10	0,62	1	0,26		

Tabell 6.2 Førekomsten av frasen i absolute tal og per million ord i korpus

Betyr ulikskapen i frekvens mellom målformene at nynorskbrukarar brukar frasen flittigare enn bokmålsbrukarane, eller er det andre ting som ligg bak? Det er ikkje uvanleg å rekne avistekstar som særleg velegna til å studere idiom, for ein har sett at idiom er hyppig brukte der (t.d. Sköldberg 2004; With 2007; Steen 2011), men i bokmåls materialet er det fleire førekomstar av frasen per million ord i det balanserte leksikografiske korpuset LBK enn i aviskorpuset NAK<sub>BM</sub>. Det er eit funn som utfordrar den gjengse oppfatninga av journalistisk overforbruk av frasar. Om journalistar verkeleg brukar idiom oftare enn andre skribentar, kunne det ha vore ei mogleg forklaring på at frekvensen er så høg i nynorskdelen av NAK, men samstundes er talet på førekomstar så lågt at vi ikkje skal leggje for mykje i dette. Det mest relevante er å sjå på frekvensane i dei to mest samanliknbare korpusa, nemleg Leksikografisk bokmålskorpus (LBK) og nynorskkorpuset til Norsk Ordbok (NON), og då ser vi at frekvensane i bokmål (0,29) og nynorsk (0,21) er ganske like.

Snittalet i begge målformer er uansett lågt, men i ei korpusundersøking av Rosamund Moon (1998, 59f, sjå meir i del 2.5) førekjem 70 % av typane med frekvens under 1 per million ord, så *kaste barnet ut med badevatnet* høyrer til den store majoriteten av frasar på den måten. Førekomstar på mellom 2 og 50 per million ord reknar Moon som middels frekvente, medan ein må opp i tal frå 50 til over 100 per million ord for å rekne med høg frekvens. Etter Moons kriterium kan vi slå fast at *kaste barnet ut med badevatnet* er ein lågfrekvent frase, og skulle det vise seg at frasen likevel ofte førekjem med variasjon, viser tabell 6.2 at det ikkje har med at han er høgfrekvent i bruk å gjere.

### 6.2.2 Analysemodell

Idiomatisk variasjon kan finnast på ulike leksikalske og grammatiske nivå, og i denne studien skal vi sjå på tre hovudtypar: 1) **variasjon i mønsterfrasen** (med underkategoriane dynamisk, leksikalsk, morfologisk og syntaktisk variasjon), 2) **kreativ modifikasjon** og 3) **avvikande bruk**. Nemningane og strukturen er i stor grad baserte på ein leksikografisk fundert idiommodell av Clausén og Lyly (Clausén 1993; Clausén og Lyly 1994; 1995), som eg gjorde greie for avsnitt 2.2.3, i kombinasjon

---

med Farøs tre nivå av idiomatisk variasjon (Farø 2004b, 58ff). Ein *mønsterfrase* er eit uttrykk som berre består av dei leksikalske einingane som er avgjerande for den spesifikke tydinga, og som har den enklaste morfosyntaktiske komponentstrukturen uttrykket kan ha (jf. Barkema 1996a, 71 og hans def. av *base form*), typisk den forma ein finn i ei ordbok. Andre kallar det (meir eller mindre) same fenomenet den konvensjonaliserte frasen, den kanoniske forma, standardforma, grunnforma o.l.

I studien av *barnet og badevatnet* brukar eg nettopp ordbokføringar til å finne fram til mønsterfrasane på bokmål og nynorsk for å få ein standard å måle variasjonen opp mot. Variasjonen i mønsterfrasen blir utforska ved hjelp av hypotetisk-deduktiv metode. For kvar av typane dynamisk (dvs. vekslende form som idiom og ordspråk), leksikalsk, morfologisk og syntaktisk variasjon set eg opp hypotesar som eg testar på det innsamla materialet.

Ei slik tilnærming er lite eigna til å analysere den kreative modifikasjonen, så i den delen baserer eg meg på ein modell om metaforiske tilordningar som Torodd Kinn utvikla for denne studien. Ein bakanforliggende premiss er at det varierer i kva grad ein kan tillegge enkeltkomponentane i frasar biletleig tyding i den idiomatiske ko(n)teksten. Frasen *ta rotta på*, som i *Jan tok rotta på Jon*, kan analyserast slik at subjektet *Jan* står for ein agens og leddet *på Jon* står for ein patiens, og komplekset *tok rotta* står for ei handling ('ta knekken på'; 'ta innersvingen på'). Så langt er uttrykket analyserbart, men det er knapt mogleg å seie kva høvesvis *tok* og *rotta* viser til.

*Kaste barnet ut med badevatnet* er eit **kombinatorisk idiom** (jf. Nunberg, Sag og Wasow 1994, 496), som blei gjort greie for i kapittel 2. Eit kjenneteikn ved desse idiomata er at ein kan identifisere delar av den idiomatiske tydinga i enkeltkomponentane dei består av, og det er eit viktig poeng at dei meiner at det gjeld dei fleste idiom. *Kaste barnet ut med badevatnet* har (minst) to meiningsberande element, slik kriteriet er, der *barnet* representerer det som er bra og verdifullt, medan *badevatnet* representerer det som ikkje har nokon verdi, og som vi difor ønskjer å kvitte oss med. *Barnet og badevatnet* har altså separate tydingar; komponentane er ikkje

semantisk tomme sjølv om ein ikkje nødvendigvis kan forklare kvifor komponentane har fått den tydinga dei har. Fordelinga av den idiomatiske tydinga på dei ulike komponentane er likevel styrt av konvensjonar. Undersøkingar har vist at dersom idiom har individuelle semantiske komponentar med identifiserbar tyding som bidreg til den fullstendige figurative meininga, opnar det opp for variasjon, og dei blir vurderte som meir syntaktisk fleksible og produktive enn ikkje-komposisjonelle frasar (Gibbs og Nayak 1989, 100; Nunberg, Sag og Wasow 1994, 503).

Dobrovol'skij, Kühn og Norrick (2007) skriv om den engelske ekvivalenten *throw the baby out with the bath water*, og det er rimeleg å tru at den same analysen gjeld for den norske:

In this case we are dealing a kind of homomorphism between the structure of the actual meaning and the structure of the actual and the structure of the underlying metaphor. Homomorphism of this kind is cognitively real, it means that the speakers who know this idiom are able to associate its constituent part with the corresponding parts of its actual meaning. This leads to the analyzability or decomposability of such expressions including the impact on their discursive behavior; cf. possible syntactic transformations such as *that was the baby that was thrown out with the bath water*. Certain freedom in the discursive behaviour of idioms, including modifications of their lexical and syntactic structure is typically considered to be the main argument in favour of their semantic analyzability, i.e. semantic autonomy of their constituent parts; compare, e.g., Wasow/Sag/Nunberg (1983, 108): "In order to modify part of the meaning of an idiom, it is necessary that the part of the idiom have a meaning which is part of the meaning of the idiom." (Dobrovol'skij, Kühn og Norrick 2007, 807)

Frasen *kaste barnet ut med badevatnet* lèt seg bryte ned nokså langt:

1. ei handling (der nokon flyttar noko)
2. agens: ein som flyttar noko
3. tema: noko som blir flytta
4. kjelde: utgangspunktet for flyttinga
5. mål: retning for flyttinga
6. komitativ: noko som er saman med temaet

I denne studien er det handlings-/hendingsleddet, temaleddet og komitativleddet som blir vigde mest merksemd, og det kan vere greitt med ei kort avklaring av dei ulike semantiske rollene i denne spesifikke frasen. Ved ei **handling** (*kaste*) er det eit levande vesen som set i gang det som skjer, medan ei **hending** (*forsvinne*) er ein situasjon der det inntreffer noko slik at det skjer ei endring utan at det er forårsaka av

at nokon gjer noko som vedkomande har kontroll over. Uttrykket for **agens** (noko, vanlegvis eit menneske, som medvite forårsakar ein type situasjon, typisk utfører ei handling) står utanfor verbfrasen *kaste barnet ut med badevatnet*, og **kjelde** og **målet** er normalt implisitt, altså ikkje sette ord på. Temaledet kan ha ulike roller, men i *kaste barnet ut med badevatnet* er **tema** (*barnet*) ein deltakar som får endra plassering, som det direkte objektet til eit forflyttingsverb. **Komitativen** (*badevatnet*) er ein deltakar i ein type situasjon saman med ein annan, meir sentral deltakar (Luraghi og Parodi 2008, 168f; Kulbrandstad og Kinn 2016, 298f).

KJELDEDOMENE	TILORDNING	MÅLDOMENE
handling: kaste	➔	handling: fjerne, avskaffe
agens: den som kastar	➔	agens: den som fjernar, avskaffar
tema: barnet	➔	tema: noko ein ønskjer å ha
kjelde: frå badebaljen	➔	kjelde: frå bruk/eksistens
mål: ut (dit spillvatn går)	➔	mål: til ikkje-bruk/ikkje-eksistens
komitativ: (saman) med badevatnet	➔	komitativ: noko ein ikkje ønskjer å ha

Figur 6.1 Tilordningar frå kjelde- til måldomenet ved handling

Analysen av idiomet kan illustrerast som i figur 6.1, der formuleringane på målsida nødvendigvis må vere heller generelle. Omgrepa 'kjeldedomene', 'måldomene' og 'tilordning' er henta frå omgrepsmetafor-teorien, jf. Lakoff og Johnson (1980), Kövecses (2010) m.fl. Sjå òg del 1.5.1 for ein kort gjennomgang.

I materialet er det ein del eksempel på at verbalet står i passiv (t.d. *barnet blir kasta*), og på at verbalet er intransitivt (t.d. *barnet forsvinn*). Dette inneber at situasjonen blir framstilt som ei hending og ikkje som ei handling; ved passiv er agens gjord til ei perifer rolle, og ved intransitivt verb er der ingen agens. Tilordningane blir då som i figur 6.2, der agensrolla er utelaten.

KJELDEDOMENE	TILORDNING	MÅLDOMENE
hending: bli spilt	➔	hending: bli fjerna, avskaffa
tema: barnet	➔	tema: noko ein ønskjer å ha
kjelde: frå badebaljen	➔	kjelde: frå bruk/eksistens
mål: ut (dit spillvatn går)	➔	mål: til ikkje-bruk/ikkje-eksistens
komitativ: (saman) med badevatnet	➔	komitativ: noko ein ikkje ønskjer å ha

Figur 6.2 Tilordning ved passive og intransitive verb



I eit konkret døme vil det vere klarare kva elementa i måldomenet er, sjølv om det kan vere vanskeleg å setje ord på dei. Men ein treng alltid ein viss ko(n)tekst for å føreta tolkinga. I førekomst (6:1) er tydinga forholdsvis klar:

- (6:1) BM Konserndirektør[en] anslår at selskapet nedbemannet rundt 100 ansatte i 2010. Fellesfunksjoner er slått sammen. Regnskapsavdelingen i Bergen er flyttet til Kristiansand. Kontoret i Ålesund er nedlagt. [...] – Men vi har beholdt ingeniørane. **Vi vil ikke kaste ut barnet med badevannet**, sier [han]. (NAK 2011: BT110224: idv)<sup>29</sup>

Konsernet har hatt økonomiske problem og behov for sparing. Ein har gjort innstramningar på den administrative sida, der einingar som ein kan klare seg utan, er fjerna. Men ingeniørane ønskjer dei ikkje å seie opp, for utan dei kan ikkje konsernet fungere. Dette kan setjast opp som i figur 6.3, der *vi vil ikke* står utanfor sjølve metaforen og er uttrykk frå måldomenet:

KJELDEDOMENE	TILORDNING	MÅLDOMENE
handling: <i>kaste</i>	➔	handling: <i>vil ikke</i> 'kvitte oss'
agens: —	➔	agens: <i>vi</i> (konsernleiinga)
tema: <i>barnet</i>	➔	tema: 'ingeniørane'
kjelde: —	➔	kjelde: 'frå konsernet'
mål: <i>ut</i>	➔	mål: 'ikkje i konsernet'
komitativ: med badevannet	➔	komitativ: 'saman med administrativt tilsette'

Figur 6.3 Metaforisk analyse av førekomst (6:1)

I førekomst (6:1) er det ikkje noko innslag av måldomenet inne i sjølve idiomet. Men subjektet *vi*, som står utanfor idiomet, har måldomenetyding og viser til konsernleiinga. Dette er berre eit døme på det meir generelle fenomenet at idiom som brukar kjeldedomeneord, inngår i tekstar der ein vesentleg del av uttrykka er bokstavlege og viser til måldomenet. Her går uttrykksskiljet mellom idiomet, med kjeldedomeneord, og konteksten av måldomeneord.

Nemningane i denne analysemodellen kjem til å bli brukte i resten av kapittelet, og sjølve modellen ligg til grunn for analysen av den kreative modifikasjonen i del 6.8.

<sup>29</sup> Sjå vedlegg B for oversikt over dei ulike kjeldeforkortingane og korleis referansane er førte.

### 6.3 Frasetype, kjenneteikn og forventa variasjon

*Kaste barnet ut med barnevatnet* er ein fast frase, men det er ikkje heilt opplagt om han skal reknast som eit idiom eller eit ordspråk – og kva har det å seie for kor mykje variasjon ein kan vente å finne? På den eine sida har eg slått fast at frasen har viktige kjenneteikn frå dei kombinatoriske idioma ved at enkeltkomponentar har sjølvstendig tyding, og at det i seg sjølv legg til rette for monaleg variasjon, men samstundes blir frasen jamleg bygd ut, slik at han blir brukt som ordspråk. Frå korpusundersøkingar veit vi at idiom er relativt sjeldne i løpande tekst, slik vi òg har sett er tilfellet med denne frasen, men når dei blir brukte, er det ofte i ei variert form (Clausén 1993, 47). Ordspråk derimot tillèt oftast i mindre grad enn idioma variasjon i bruken:


Some frozen expressions are called proverbs or sayings. These differ from ordinary idioms in several ways. Occasionally, their meaning can be literal or nearly literal: *an apple a day keeps the doctor away*. However, the essential difference is that they convey folk wisdom or an alleged general truth: *a bird in the hand is worth two in the bush, he who hesitates is lost, a stitch in time saves nine*, etc. Consequently, proverbs are usually complete sentences; idioms often represent part of sentences. Lastly, proverbs are usually more frozen than idioms. (Benson 1986, 253)

Leksikografen Bo Svensén legg òg vekt på den høge fikseringsgraden til ordspråk. Han skriv at ordspråka er «nestan helt stelnade». Dette fører til at ikkje eingong tempuset til eit eventuelt verb kan varierast, då denne typen generaliserte påstandar som har som funksjon å formidle vurderingar av allmenmenneskeleg art, normalt har verb i presens. Han hevdar også at leksikalsk variasjon i ordspråk berre førekjem i einskildtilfelle (Svensén 2004, 244).

Clausén og Lyly har ein frasetypologi (jf. 2.2.2) som er særleg oppklarande når ein prøver å sjå *kaste barnet ut med badevatnet* i ein større samanheng med fraseologisk variasjon. Modellen deira til analyse av faste frasar opererer med tre frasekategoriar – samanlikningsuttrykk, idiom og faste vendingar – med mange språklege og funksjonelle likskapstrekk innanfor ei større **idiomklyngje** (figur 6.4). Felles for frasane i idiomklyngja er at dei i større eller mindre grad er metaforiserte: «en semantisk process som innebär att betydelsen hos ett eller flera ord glidit över i en annan betydelse» (Clausén og Lyly 1995, 26). Ofte er det ei bokstavleg tyding som

har glide over i ei abstrakt. Frasane er også karakteriserte ved at dei er leksikalsk og syntaktisk fikserte, men fikseringsgraden varierer i dei ulike kategoriane.

### IDIOMKLYNGJA AV FASTE FRASAR



I denne studien er det dei snevrare undergruppene *idiom* og *faste vendingar*<sup>30</sup> som er av interesse. Den avgrensa idiomgruppa er kjenneteikna ved at alle delane i frasen er metaforiserte; ingen delar står att med opphavleg tyding. Dei faste vendingane er frasar som enten er eller har opphav i ordspråk eller sitat (Clausén og Lyly 1994). Dei skil seg frå idioma ved syntaktisk form (vendingane er formaliserte som fullstendige setningar), og dei har lågare grad av metaforisering. I den faste vendinga *morgonstund har gull i munn* er det den semantisk tunge delen *gull i munn* som er metaforisert, *morgonstunda* har si bokstavlege tyding, og i *ein skal ikkje skode hunden på håra* har subjektet *ein*, det modale hjelpeverbet *skal* og negasjonen *ikkje* framleis den opphavlege tydinga.

Clausén og Lyly brukar *kasta ut barnet med badvattnet* som døme på ein eigen idiomtype (nr. 5 i figur 6.4), som med sin *dynamiske variasjon* blir brukt både som idiom og fast vending: «[i] många idiom ligger nämligen ofta innebörden av något modalt: ‘man bör/bör inte, ‘man får/får inte’ etc, och denna betydelse uttrycks gärna explicit, varvid idiommet varieras som ett talesätt» (Clausén og Lyly 1995, 29). Av dette kan ein trekkje slutninga at dei meiner at frasen toler ein del syntaktisk variasjon. Eit anna trekk ved dei ordspråksliknande frasane i kategori 5 er at dei manglar ein bokstavleg parallell, og dermed alltid blir brukte i overført tyding (28).

<sup>30</sup> Clausén og Lyly brukar termen *talesätt* for det eg her kallar faste vendingar, men som Sköldbberg (2001, 20) viser, blir nemninga *talesätt* brukt om ulike storleikar i svensk fraseologi, så det interessante her er i og for seg ikkje nemninga, men at dei brukar henne som ei samlenemning for ulike frasar med låg metaforiseringsgrad.

Barbro Ose (1967, 45) har plassert *å slå barnet ut med badevatnet* under overskrifta «Munnhell og talemåtar» i frasesamlinga si (jf. førekomst 6:6 d), og ho viser til oppsettet i Aasens *Norske Ordsprog* frå 1881: «Ivar Aasen definerer [munnhell og talemåtar] som talemåtar som ikkje gir full meining åleine, men som må knytast til ein bestemt situasjon. [...] Det er lett å gjere desse om til sjølvstendige ordtak, og det vert også ofte gjort» (9). Eg kunne valt å følgje Aasen og Ose og kalla frasetype 5 over for *munnhell* eller *talemåte*, men eg meiner termen **ordspråksliknande frase** er meir sjølvforklarande og presis, sidan frasen manifesterer seg både som idiom og ordspråk.

Mellomposisjonen mellom dei strengt ikkje-komposisjonelle frasane og dei meir komposisjonelle ordspråka i idiomklyngjemodellen svarer godt til analysemodellen vår, som er basert på at komponentane i frasen er knytt til separate tydingar. Både hos Nunberg, Sag og Wasow (1994) og Clausén og Lyly (1995) er variasjon noko som kjenneteiknar idiomgruppa som *kaste barnet ut med badevatnet* høyrer til, og som det viser seg gjeld for frasen i alle språk som blir trekte inn i den vidare gjennomgangen.

I det eldste belegget vi kjenner til av *kaste barnet ut med barnevatnet*, i den satiriske diktsamlinga *Narrenbeschwörung* av tyske Thomas Murner ([1512] 1926, 397 [81]), står frasen (*Das kindt mit dem bad vß schitten*) i overskrifta (6:2 a) som ei ufullstendig setning, altså som eit idiom, og han blir gjenteken to gongar med små variasjonar i sjølve diktet, som førekomst (6:2 b–c) viser, og som står oppført i full kontekst i vedlegg A. Variasjon har altså vore eit kjenneteikn frå første stund.

- (6:2) (a) TY Das kindt mit dem bad vß schitten  
 (b) TY Das kindt vß schitten mit dem bad  
 (c) TY Und schit das kindt vß mit dem bad

Det har blitt peika på at frasen i dette diktet fungerer som eit folkloristisk leiemotiv<sup>31</sup> (Mieder 1991, 361), noko som på sett og vis spelar på lag med det modale ord-

<sup>31</sup> Leiemotiv er eit tilbakevendande element (motiv) som kan leie ein på sporet av temaet i eit verk. Det er på same tid eit bileteleg/poetisk og forteljande element (Andersen 2007). Dikt med *leimotif* kan ha ein tendens til å bli noko didaktiske i tonen (Sobieski og Mieder 2005, xiii).



Figur 6.5 Tresnittillustrasjon hos Murner

språkspreget. I tillegg til gjentakningane har diktet ein tresnittillustrasjon (figur 6.5) av ei kvinne kledd som narr; ho tømmer heilt konkret vatn og eit barn ut av ein badebalje. Frasen har frå og med dette første kjente belegget vore kopla til ei tolking om at det er toskete åtfærd når nokon blir så overivrige i forsøket på å kvitte seg med noko uønskt og av liten verdi at dei samstundes øydelegg det som er bra.

Murner brukte frasen fleire gongar i seinare arbeid, men det er ikkje vanleg å rekne han som opphavsmann – og med det å rekne frasen som eit bevinga ord. Tvert om kan den relativt frekvente bruken til Murner vere ein indikasjon på at frasen allereie var i munnleg bruk i Tyskland mot slutten av 1400-talet (Mieder 1991, 362). Om det stemmer, kan vi ikkje skråsikkert slå fast at frasen aldri har blitt brukt bokstavleg, men det verkar ikkje særleg sannsynleg at han har det (Rauset 2017). Uavhengig av om frasen har ein ikkje-metaforisk parallell, kan vi slå fast at *barn* og *badevatn* i dei fleste tilfelle ikkje har logisk samanheng med orda rundt i målbasert kontekst, og dei gjev lita mening dersom den idiomatiske tydinga ikkje er aktivert: «As with other metaphors, if we interpret idioms literally, the meanings that we arrive at would be false, inappropriate, or impossible in the context» (Knowles og Moon 2006, 20f).

Ein annan som bidrog til å gjere frasen kjent, var Martin Luther i eit føredrag om kong Salomo i 1526. Merk at Luther i (6:3) held fram den fleksible bruken ved å nytte eit anna tysk verb, *gießen* 'helle', enn Murner, som brukte *schütten*.<sup>32</sup>

<sup>32</sup> I Fredrik Voss' *Tysk-norsk ordbok* (1933) er frasen ført under fire ulike lemma: *Das Kind mit dem Bade ausgiessen* 'slå ut barnet saman med badevatnet' (s.v. *ausgiessen*), *Das Kind mit dem Bade ausschütten* 'slå ut barnet saman med badevatnet' (s.v. *ausschütten*), *Das Kind mit dem Bade ausschütten* 'skvetta ut barnet med vaskevatnet' (s.v. *Bad*), og *Das Kind mit dem Bade verschütten* 'slå ut barnet saman med badevatnet' (s.v. *verschütten*). Verbvariasjonen ser dermed ut til å

(6:3) TY Man sol das kind nicht mit dem bad ausgiessen (Luther 1898, 160)

Archer Taylor brukar Luther og sitatet i (6:3) som døme på korleis ein ved å leggje til ordspråksformularet «Man soll (nicht)» kan gjere om ein ordspråksliknande frase til eit adhocordspråk: «the formula [Man soll] was used to make nonce-proverbs out of proverbial phrases» (Taylor [1930] 1975, 104). Men også Luther føretrekte ved fleire høve å bruke verbfraseforma, som tillét han å bruke metaforen med polemisk formål heller enn den didaktiske visdomen ordspråket uttrykkjer (Mieder 1991, 363).

Ekvivalentar til ordspråksformularet «Man soll (nicht)» dokumenterer Taylor (1975, 103) brukt i forskjellige historiske og moderne nordgermanske språk; om norsk skriv han at vi har ei rekkje ordspråk med *en* (eller *han*) *skal*, men at det ikkje ser ut til at norsk har like mange slike konstruksjonar med ubestemt pronomen som dei har i tysk, nederlandsk, dansk og engelsk. Det hadde vore interessant å teste ut Taylors påstand ved å samanlikne materialet i denne undersøkinga med dei andre språka han nemner – kanskje har dei fleire treff i sine korpus på ordspråksvarianten av frasen (med ekvivalentar til *ein skal ikkje*) der vi brukar idiomforma, men det er det ikkje rom for her.

Om ein frase får fotfeste, som *kaste barnet ut med badevatnet* utan tvil har gjort, heng ofte saman med om han er *umiddelbar*, det vil seie at han formidlar ei meining på ein enkel og tilgjengeleg måte. Gode uttrykk er påfallande ofte av ein art som gjer at ein lett kan sjå dei for seg, og ein vellykka metafor gjer at ein ser ei hending, ein gjenstand eller ein person med meir djupne enn ved ei nøytral beskriving, som igjen fører til fleire assosiasjonar og tankar om det som blir fortalt om (Kjøll 2017, 93). Det kan tenkjast at det umiddelbare bildespråket i *kaste barnet ut med badevatnet* gjer at språkbrukarar kan stole på at andre ser føre seg og forstår allusjonar til frasen sjølv ved kreativ språkleik og sprell. Dessutan er den groteske overflatesemantikken blitt hevda å vere noko av det som får folk til å bruke frasen i ein moderne kontekst:

[T]his proverbial expression [...] is indeed an effective metaphor for the modern world despite its antiquated image. But most likely it is exactly the grotesque picture of a naked

---

ha halde fram i tysk – og Voss brukar ulike norske variantar som ekvivalentar. I tillegg til førekomsten over har eg to andre nynorskførekomstar (av 833) i materialet med verbet *skvette*, så grunnlaget for å ha varianten med i ei ordbok er tynt.

baby being thrown out with soapy and dirty water which attracts people to use it in a world of sophisticated, technological communication. The proverbial metaphor can drive an argument home as no bureaucratic jargon or cut and dry rationale could ever hope to do[.] (Mieder 1991, 377)

Mieder (1991, 395) hevdar at den stadig auka internasjonaliseringa av denne ordspråksliknande frasen er mogleg fordi han med ein lett forståeleg metafor uttrykkjer ei berre altfor menneskeleg tilbøyelegheit til ekstreme reaksjonar. Alle gjer vi oss av og til skuldige i å «kaste barnet ut med badevatnet», og det treng ein ikkje kjenne til opphavet til frasen for å forstå.

Med utgangspunkt i modellen til Clausén og Lyly kan vi slå fast at *kaste barnet ut med badevatnet* er eit idiom, men det er av typen idiom som har fellestrekk med og kan brukast som ei fast vending. Eg kallar det difor ein *ordspråksliknande frase*. Dermed kan ein vente at han i stor grad viser dynamisk variasjon, slik vi allereie har sett at frasen i hundreår både har blitt brukt som idiom (6:2) og som ordspråk (6:3). Idiomklyngjemodellen rommar òg aspektet om at kategoriane er vanskelege å skilje frå kvarandre, slik Taylor la vekt på at ordspråka ofte er vanskelege å skilje frå maksimar (levereglar), og slik også andre korpusundersøkingar har vist:

Corpus empirical evidence shows that speakers consciously recall fixed phrases and use them for their special communicative function of condensing complex messages. At the same time, the limitless number and variance of introductory (sic) formulas in the corpus is evidence that speakers do not make a fine distinction between proverb, saying, slogan and motto, but that only the concept sentence as message is important. (Steyer 2015, 233)

Truleg kan funna i denne studien vere relevante for ei større gruppe frasar – både andre ordspråksliknande frasar som blir bygde ut ved hjelp av ulike formularar, og ordspråk som blir brukte elliptisk, alt etter om ein ønskjer ein didaktisk eller polemisk effekt. Sidan komponentane i *kaste barnet ut med badevatnet* har identifiserbar tyding, opnar det opp for meir variasjon enn om frasen semantisk ikkje var nedbrytbar (jf. Nunberg, Sag og Wasow 1994, 503), og det gjer at vi òg kan vente variasjon på felt som ikkje har med den dynamiske variasjonen å gjere, men som går på leksikogrammatiske forhold.

## 6.4 Dynamisk variasjon: frasen brukt som idiom og ordspråk

### 6.4.1 Bakgrunn og hypotesar

For å definere dei norske mønsterfrasane, den prototypiske utgåva på bokmål og nynorsk, tek eg utgangspunkt i måten frasen er ført på i danske og norske ordbøker, og dei leksikografiske førekomstane blir saman med gjennomgått teori brukte til å utforme hypotesar om variasjonen i mønsterfrasen – eller *den eigentlege variasjonen*, som Farø (2004b, 60) kallar slik ikkje-kreativ modifikasjon.<sup>33</sup> Når vi snakkar om dei ulike typane av variasjon i mønsterfrasen, det vere seg frasen brukt som idiom vs. ordspråk eller leksikalsk, morfologisk og syntaktisk variasjon, er det mindre variasjonar i forma som ikkje har nokon konsekvens for tydinga til frasen ('vrake det verdifulle saman med det verdilause'). For at ein førekomst skal bli rekna som ein variant av mønsterfrasen, krevst det at komponentane er nærsynonym til komponentane i mønsterfrasen. Har førekomsten uttrykk som ikkje er henta frå kjeldedomenet, kategoriserer eg han som enten kreativ modifikasjon eller avvikande bruk (jf. vedlegg C).

*Kaste barnet ut med badevatnet* har ei lang historie i dansk-norsk samanheng, og som ordbokføring (6:4 a–d og f) viser, var det vanlege i dansk heilt fram til førre hundreår å bruke substantivet *Løv* for *bad/badevand*: «Af det gamle laug kom det senere Danske Löv, hvoraf Ordsproget: man skal ikke slaae Barnet ud med Löven» (Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab 1838, 562f).<sup>34</sup> Tidlegare har vi sett i (6:2) og (6:3) at *Bad* var det vanlege i tysk, slik det òg var i nederlandsk, som historisk har hatt svært sterk påverknad på det norske ordtilfanget, tidleg i førre hundreår (*Men zal 't kind niet met 't bad uyt-schudden* 'Ein skal ikkje kaste (bokst. riste) ut barnet med badet' (Stoett 1923–1925, 1143). *Badevatnet* med ekvivalentar kom seinare i alle språk.

<sup>33</sup> Sidan dansk var det offisielle skriftspråket i Noreg meir eller mindre fram mot slutten av 1800-talet, er danske oppføringar brua mellom dei moderne norske føringane og det tyske opphavet.

<sup>34</sup> Det kan sjå ut til at *Løv* etter kvart har blitt så ugjennomsiktig at det er behov for å forklare det i ordbøkene. På norsk manglar vi ei nemning for frasar som inneheld minst eitt fossilt ord som ikkje blir brukt utanfor frasen. Språkrådet har rett nok kome med framlegg om *mulmord* (modellert over i *nattas mulm og mørke*) (Språkrådet u.å.-a), men *mulmfrase* ville kanskje vore betre.



- 
- (6:4) (a) DA *Kast ikke barnet ud med løven* (ɔ: badet.) (Syv 1682, 53)
- (b) DA *At kaste Barnet ud med Löven*. (Bade-vandet.) (Meyer, Fursmann og Desroches de Parthenay 1757, 49, s.v. BARNET)
- (c) DA *KAST ikke Barnet ud med Löven*, (Badet.) (Meyer, Fursmann og Desroches de Parthenay 1757, 333, s.v. KAST)
- (d) DA *Kast ikke Barnet ud med Løven* (ɔ: Badet eller Badevandet, hvori Barnet er toet). [...]. (forkast ikke det Gode med det Slette, fordi enhver Ting har sine Mangler, som man vel skal have Øje for) (Mau 1879, 45, s.v. Barn, Børn, Barndom)
- (e) DA talem. *at kaste barnet ud* (ell. *bort*) *med badevandet*, ødelægge noget værdifuldt sammen med noget betydningsløst (jf. ty. *das kind mit dem badewasser ausschütten*) (ODS 1918, 1009, s.v. badevand)
- (f) DA ordspr.: *kast ikke barnet ud med løven* (jf. u. Badevand) (ODS 1932, 629, s.v. løv)
- (g) DA *smide/kaste barnet ud med badevandet* OVERFØRT ødelægge noget værdifuldt idet man forkaster eller ændrer noget andet (DDO 2003, s.v. badevand og s.v. barn)

Dei danske ordbøkene stadfestar at frasen blir brukt med dynamisk variasjon. I føring (6:4 a, c, d og f) har frasen form av ordspråk med verb i imperativ; det er berre i sitatet frå Oldskriftselskabet ovanfor at ordspråksformularet «man skal ikke» er brukt, elles står frasen i idiomform. Merk at i *Ordbog over det danske Sprog* (ODS) står frasen kategorisert som *talemåde* i idiomvarianten med infinitivsmerke (6:4 e) og *ordsprog* når imperativsvarianten er brukt (6:4 f), det svarer godt til kategoriseringa i denne studien. Står verbet i imperativ, slik det er gjort i 4 av 8 føringar, er det gjennomført i kombinasjon med nekting; noko anna hadde endra på meiningsinnhaldet. Den leksikalske variasjonen er liten, og alle orda er henta frå kjeldedomenet. Dei identiske føringane under dei to lemmaa *badevand* og *barn* i *Den Danske Ordbog* (DDO) (6:4 g) peikar i retning av at *løv* er erstatta av *badevand* i moderne dansk. Både verbet *kaste* og temalet *barnet* er konsekvent ført som einaste alternativ, med unntak av (6:4 g), der både *smide* og *kaste* er førte opp i handlingsleddet. Partikkelen *ud* er òg gjennomgåande brukt, bortsett frå *bort* som valfri variant i (6:4 e), og i alle oppføringane står *barnet* framom partikkelen. I det danske verbalgruppe-systemet finn ikkje partikkelskifte stad: Objektet står før partikkelen både ved tunge og lette objekt (Sandøy 1996, 128; Svenonius 1996, 12), og det er ingen syntaktisk variasjon i (6:4).

Ivar Aasen hadde ikkje med *kaste barnet ut med badevatnet* i dei to utgåvene sine av *Norske Ordsprog* frå 1856 og 1881, men seinare ordbøker på begge målformene har med frasen under fleire oppslagsord (6:5).<sup>35</sup>

- (6:5) (a) BM ordtak, *kaste barnet ut med badevannet* slå vrak på, bryte staven over det verdifulle ved siden av det verdiløse (NRO 1937, 176, s.v. badevann)
- (b) BM ordtak: [...] *kaste barnet ut med badevannet (vaskevannet)*, se badevann (NRO 1937, 207, s.v. barn)
- (c) BM i uttr. *kaste, helle barnet ut med vaskevannet* kaste barnet ut med badevannet (se badevann): hvor usigelig let det er at kaste barnet ud med vaskevandet (Kiell., *Sne*, 120) (NRO 1957, 3651, s.v. vaskevann)
- (d) BM ORDTAK *kaste, slå barnet ut med badevannet* kaste vrak på det verdifulle ved noe sammen med det verdiløse (NAOB 2016, s.v. badevann)
- (e) BM *kaste barnet ut med badevannet* se badevann (NAOB 2016, s.v. barn)
- (f) BM *helle, kaste, slå barnet ut med b-et* vrake det verdifulle sammen med det verdiløse (BOB 2016, s.v. badevann/badevatn)
- (g) NN *slå ut barnet med badevatnet* vraka det verdfulle saman med det verdlause (NO 1966, 362, s.v. badevatn)
- (h) NN *slå ut barnet med vaskevatnet el badevatnet* vraka det verdfulle saman med det verdlause (NO 1966, 426, s.v. barn)
- (i) NN *slå ut barnet med vaskevatnet*; sjå barn (4a) (NO 2016, 646, s.v. vaskevatn)
- (j) NN i overført tyding *slå ut barnet med badevatnet* vrake det verdifulle saman med det verdilause (NOB 2016, s.v. badevatn)
- (k) NN *slå ut barnet med vaskevatnet el. badevatnet*; sjå badevatn (NOB 2016, s.v. barn)
- (l) NN i uttrykk *kaste barnet ut med vaskevatn*; sjå badevatn (NOB 2016, s.v. vaskevatn)

Førekomstane i (6:5) viser det same fenomenet i norske ordbøker som Sköldbberg har påvist i svenske, nemleg at det er vanleg at leksikografar delvis brukar ulike strategiar

<sup>35</sup> *Bokmålsordboka* (BOB) har berre med frasen under lemmaet *badevann/badevatn*, ikkje under *barn* og *vaskevann/vaskevatn*. For å få like stort utval i dei to målformene har eg difor teke med føringane både i *Norsk Riksmålsordbok* (NRO) og *Det Norske Akademis Ordbok* (NAOB). Redaksjonen ved Øystein Eek viste stor velvilje og lét meg få innsyn i korleis artikkane *barn* og *badevann* såg ut per 28.06.16, og det er artikkane på det tidspunkt som ligg bak føringane (6:5 d–e). NAOB-artikkelen *vaskevann* var ikkje redigert i juni 2016, men frasen har seinare òg kome med der i forma *kaste/helle barnet ut med vaskevannet*, med tilvising til *kaste/slå barnet ut med badevannet* (merk dei ulike verba i føringane).

når dei presenterer idiom, og at det påverkar resultatet, m.a. i form av ulike føringar (Sköldberg 2006, 361). Ei feilkjelde når ein arbeider med ulike ordbøker for same språk som normkjelder, er at ein ikkje veit sikkert i kva grad dei byggjer på kvarandre eller på sjølvstendig kjeldemateriale. Difor tek eg med tre oppføringar på kvar målform henta frå det vi kan rekne som frittstående frasesamlingar i (6:6).

- (6:6) (a) BM *helle (kaste) barnet ut med badevannet* [...] Alt i 1541 forklarar Sebastian Franck (på ty.) uttrykket slik: «Når man samtidig opphever rett bruk og misbruk og en hån av det.» (Kilde: Röhrich) (Gundersen og Evensberget 2006, 38 s.v. barnet)
- (b) BM *kaste barnet ut med badevannet* (Erichsen 2011, 13 s.v. badevannet)
- (c) BM *slå barnet ut med badevannet* [...] det kan brukes av mennesker i alle politiske leire når de vil advare mot tiltak eller forholdsregler som er nytteløse eller skadelige for de personer eller det formål det skulle gagne. (Hegge 2015, 25)
- (d) NN *Å slå barnet ut med badevatnet*. (Ose 1967, 45 under Munnhell og talemåtar)
- (e) NN *Tøm ikkje barnet ut med badevatnet* (Ørjasæter 1991, 57 s.v. tøm under Norske ordtak)
- (f) NN *slå ikkje barnet ut med badevatnet* (Almenningen 1999, 89 s.v. slå under Visdom og levevis)

Som i dansk er alle orda i alle dei norske ordbokføringane henta frå kjelddomenet. La oss oppsummere dei norske ordbokføringane i (6:5) og (6:6) delt på førekomstane på bokmål og nynorsk. Tabell 6.3 viser korleis verba fordeler seg i målformene:

VERB	slå				kaste				helle				tømme				sum		
	inf.		imp.		inf.		imp.		inf.		imp.		inf.		imp.		inf.	imp.	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	N	%
BM	3	25,0			6	50,0			3	25,0							12		100,0
NN	6	66,7	1	11,1	1	11,1							1	11,1			7	2	100,0

Tabell 6.3 Handlingsleddet i norske ordbøker og frasesamlingar

Verbet *kaste*, som var det klart dominerande i dei danske oppføringane, ser ut til å ha ein sterkare posisjon i bokmål/riksmål, der det er brukt i halvparten av føringane, enn i nynorsk, der det er brukt i 11,1 %. Det verkar ganske opplagt at frasen har kome inn i norsk via dansk, og i det lyset er det interessant om det likevel er eit anna verb enn

det «danske» som har etablert seg i folkemåla, som nynorsken skal basere seg på. I nynorsk er det berre eitt verb per oppføring, og *slå* er det klart mest frekvente av verba som er brukte (77,8 % mot 25 % i bokmål/riksmål). På same måte ser det litt meir forsiktige *helle* ut til å ha etablert seg i bokmål/riksmål, men ikkje i nynorsk. I bokmålsføringane blir det i sum gjeve opp fleire verb enn i nynorskføringane, og det vil vise seg i undersøkinga av den faktiske språkbruken om det reflekterer at bokmålsbrukarar varierer mellom fleire verb enn nynorskbrukarane.

Tabell 6.3 seier også noko om den dynamiske variasjonen, då infinitiv betyr at frasen står som idiom og imperativ at han har form som ordspråk. Alle nynorsk-førekomstane i (6:6) er henta frå samlingar med *ordtak* i tittelen; eg har ikkje funne nyare frasesamlingar på nynorsk som ikkje fokuserer på den frasetypen. Ein kan ikkje sjå vekk frå at det er ei medverkande årsak til at to av tre førekomstar der (6:6 e–f) er førte i ordspråksform, eventuelt kan det vere ein målformskilnad her, sjølv om det ikkje er nokon signifikant forskjell ( $p > 0,05$ ) mellom bokmål og nynorsk på om frasen er ført som idiom eller ordspråk i ordbøkene (målformskilnaden er målt med khikvadratstest med Yates' korreksjon, med kode frå statistikkprogrammet R: `chisq.test(cbind(c(9, 7), c(0, 2)))`,  $\chi^2 = 0,56$  og p-verdi = 0,45).

Når berre 2 av 18 førekomstar totalt sett i dei norske ordbøkene står i ordspråksform, tyder det på at den norske mønsterfrasen er eit verbfraseidiom, men gjennom (6:6: e–f) har vi fått døme på korleis mønsterfrasen kan byggjast ut og varierast som eit ordspråk. I dansk, der halvparten av føringane står i idiomform og halvparten i ordspråksform med imperativ og nekting, er det større dynamisk variasjon i ordbokføringane enn i norsk, men det kan like godt seie noko om alderen på kjeldene som reelle forskjellar mellom språka, og i så fall kan det hende at den ordspråksliknande frasen oftare manifesterer seg som ordspråk i dei eldre norske kjeldene enn kjelder som ligg nærare oss i tid. På den andre sida skal vi sjå at norsk har litt meir leksikalsk og syntaktisk variasjon i ordbokføringane enn dansk.

Tabell 6.4 viser at, som i dansk, er det ingen leksikalsk eller morfologisk variasjon i temaledet verken i bokmål eller nynorsk i ordbøkene og frasesamlingane: *barnet* er

konsekvent brukt i bestemt form eintal i temaleddet i begge målformer. Det er dermed grunn til å tru at det skulle halde seg relativt stabilt i faktisk språkbruk òg.

TEMA	Barn				sum	
	ub.f.sg.		b.f.sg.		N	%
	N	%	N	%		
BM			9	100	9	100,0
NN			9	100	9	100,0

Tabell 6.4 Temaledde brukt i frasen i norske ordbøker og frasesamlingar

Tabell 6.5 viser at *badevann/badevatn* er det mest brukte nominalet i komitativleddet både på bokmål og nynorsk.

KOMITATIV	Badevatn				Vaskevatn				Sum	
	ub.f.sg.		b.f.sg.		ub.f.pl.		b.f.pl.		N	%
	N	%	N	%	N	%	N	%		
BM			8	80,0			2	20,0	10	100,0
NN			7	63,6	1	9,1	3	27,3	11	100,0

Tabell 6.5 Komitativledd brukt i frasen i norske ordbøker og frasesamlingar

*Vaskevann/-vatn* er nye former etter at norsk skilde lag med dansk, men er samstundes heilt fråverande som komitativnominal i begge målformer i frasesamlingane i (6:6). Totalt er *badevann* brukt i 80 % av føringane i bokmål og *vaskevann* i 20 %, medan vekslinga mellom dei to er større i nynorsk med *badevatn* brukt i 63,6 % av føringane og *vaskevatn* i 36,4 %. Kanskje vil vi sjå at det er litt fleire nynorsk- enn bokmålsbrukarar som skriv *vaskevatn* i reell språkbruk, men det er ingen signifikant skilnad på målformene i bruken av *badevatn* vs. *vaskevatn* som nominal i komitativleddet i ordbokføringane (målformskilnad målt med khikva-dratstest med korreksjon: (cbind(c(8,7), c(2,4))),  $\chi^2 = 0,12$  og p-verdi = 0,73). Sjølv om det ikkje går fram av tabellen, er komitativmarkøren *med* inkludert i alle ordbokføringane. Det kan mest sjå ut som ein inkurie at *vaskevatn* står i ubestemt form i (6:5 l), eventuelt kan det hende at ein òg kan finne morfologisk variasjon i komitativleddet i norsk. Det er større leksikalsk variasjon i komitativleddet enn temaleddet i dei norske ordbokføringane.

I alle bokmålsoppføringane i (6:6) står objektet før partikkelen, som i dansk, medan partikkelen står framom objektet i fem av seks nynorskoppføringar. Det mest

overraskande for nynorsken sin del i frasesamlingane i (6:6) er at partikkelplasseringa er annleis; i (6:6 d–f) er objektet før partikkelen, som i bokmålskjeldene. Tabell 6.6 viser at det skjer oftare i nynorskføringane at partikkelen kjem før objektet.

PARTIKKEL	parO		Opar		sum (%)	
	N	%	N	%	N	%
BM	0		9	100,0	9	100
NN	5	55,6	4	44,4	9	100

Tabell 6.6 Partikkelplassering i frasen i norske ordbøker og frasesamlingar

Det er ein signifikant skilnad ( $p < 0,05$ ) mellom målformene slik dei er presenterte i norske ordbøker og frasesamlingar med tanke på om partikkelen kjem framfor objektet eller om-vendt (målformskilnad målt med khikvadratstest med korreksjon: (cbind (c(9, 4), c(0, 5)),  $\chi^2 = 4,4$  og p-verdi = 0,035). På den andre sida er dei absolutte verdiane så låge at vi ikkje skal leggje stor vekt på resultatet. Sjølv om partikkelplasseringa ikkje er så konsekvent med partikkel før objekt som nynorskordbøkene i (6:5) vil ha det til, kan vi uansett rekne med meir variasjon i partikkelplasseringa på nynorsk enn bokmål.

Mønsterfrasen har vi slått fast er eit verbfraseidiom på norsk. Basert på frekvens i føringane i (6:5) og (6:6) får vi ulike mønsterfrasar i dei to målformene: *kaste barnet ut med badevannet* på bokmål og *slå ut barnet med badevatnet* på nynorsk. Speglar ordbøkene den reelle språkbruken, er målformskilnadane både av leksikalsk og syntaktisk art, sjølv om forskjellen mellom bokmål og nynorsk i ordbøkene berre er signifikant når det gjeld partikkelplasseringa. Om det er samsvar mellom ordbokføringane og autentisk språkbruk, er eit gjennomgåande tema i del 6.4–6.8, som alle handlar om ulike variasjonar i mønsterfrasen: dynamisk, leksikalsk, morfologisk og syntaktisk. Basert på føringane i norske ordbøker og den fraseologiske teorien som seier at ein kan rekne med svært liten leksikalsk og grammatisk variasjon når frasen blir brukt som ordspråk, samanlikna med når han er brukt som idiom, har eg sett opp desse hypotesane som eg skal teste på materialet med autentisk språkbruk:

**Hypotese 1 om dynamisk variasjon:** *Kaste barnet ut med badevatnet* utviser dynamisk variasjon ved at frasen både blir brukt som idiom og ordspråk i mønsterfraseførekomstane.

**Hypotese 2 om dynamisk variasjon:** Frasen er meir fiksert i mønsterfraseførekomstar der han blir brukt som ordspråk, enn der han har form som idiom.

**Hypotese 3 om dynamisk variasjon:** Frasen manifesterer seg relativt oftare som ordspråk i dei eldre førekomstane av mønsterfrasen jamført med nyare førekomstar.

## 6.4.2 Dynamisk variasjon i materialet

Ein *mønsterfrase* er, som tidlegare nemnt, eit uttrykk som berre består av dei leksikalske einingane som er avgjerande for den spesifikke tydinga, og som har den enklaste morfosyntaktiske komponentstrukturen uttrykket kan ha. Mønsterfrasen i denne studien er på bakgrunn av ordbokføringane definert som to verbfraseidiom:

- (6:7) (a) BM *kaste barnet ut med badevatnet*  
 (b) NN *slå ut barnet med badevatnet*

I dynamisk variasjon ligg det at mønsterfrasen kan bli bygd ut til å bli eit ordspråk, definert som ei syntaktisk fullstendig eining som målber folkeleg visdom, har eit allmenngyldig preg og ein oppmodande og formanande bodskap (jf. Widbäck 2015, 17) – eller som Mieder (1991, 363) ordlegg seg: Ordspråka uttrykkjer didaktisk visdom. Førekomstane i materialet blir rekna som ordspråk om dei er fullt utbygde variantar med eitt av tre formular presenterte i tabell 6.7.

	Formel	Illustrasjon
<b>Ordspråksformular 1:</b>	[ubestemt pronomen] [modalt	ein skal ikkje kaste (barnet
<b>modalt hjelpeverb</b>	hjelpeverb <sub>presens</sub> ] [nekting] [verb]	ut med badevatnet)
<b>Ordspråksformular 2:</b>	[ubestemt pronomen] [verb <sub>presens</sub> ]	ein kastar ikkje (barnet ut
<b>presensform</b>	[nekting]	med badevatnet)
<b>Ordspråksformular 3:</b>	[verb <sub>imperativ</sub> ] [nekting]	kast ikkje (barnet ut med
<b>imperativform</b>		badevatnet)

Tabell 6.7 Dei tre måtane mønsterfrasen kan byggjast ut til *ad hoc*ordspråk på

Formuleringane har eg basert på ordbokføringane og teori om at verbet i ordspråk normalt står i presens for å signalisere det allmenngyldige. Førekomstane av mønsterfrasar med slike ordspråksformular er det Tyler ([1930] 1975, 104) kalla *adhocordspråk*, men som eg i det vidare også kallar *ordspråk*. Truleg vil desse tre formulara ha overføringsverdi til andre norske frasar med dynamisk variasjon.

**Uttesting av hypotese 1 om dynamisk variasjon:** *Kaste barnet ut med badevatnet* utviser dynamisk variasjon ved at frasen både blir brukt som idiom og ordspråk i mønsterfraseførekomstane.

Vi skal først sjå døme på bruk av mønsterfraseidiomet i (6:8 a–b), og så to døme på korleis det er bygd ut til ordspråk i dei to målformene. Førekomst (6:8 c) har ordspråksformular 1, og i (6:8 d) blir *adhocordspråket* danna med ordspråksformular 3:

- (6:8) (a) BM Når nå Regjeringen vil sidestille Cinemateket i Oslo med de seks andre og avvikle Filmens Hus, er det å sette saken på hodet, **kaste barnet ut med badevatnet** og forenkle en viktig, sentral, men komplisert sak ut ifra ren uvitenhet [...]. (NAK 2010: AP150610: idm)<sup>36</sup>
- (b) NN Men akkurat som demokratiet, lækjevitskapen og husbyggingsverksemd ikkje utan vidare vert meiningslaust fordi politikarar, legar og snikkarar gjer feil, vert heller ikkje jussen det. Dette er viktig å ha i minne for ikkje å **slå ut barnet med badevatnet**. For like farleg som sjølv gode og arrogante juristar er hovudlause kritikarar. (Atekst 2011: DT110610:34: idm)
- (c) BM Lærdommen man må trekke – og det gjelder også datamodeller anvendt i andre sektorer – er at man aldri kan stole fullt og helt på en modell. Hvis man ikke fullt ut forstår en modell, skal man være skeptisk til det den sier. Modeller kan være produktive, og **man skal ikke helle barnet ut med badevatnet**. De må brukes, men det må skje disiplinert. (noWaC 2009: 20137537: osv)
- (d) NN **Kast ikkje barnet ut med badevatnet** | Psykiske lidningar har ikkje ei einskild forklaring, pasientane er ikkje tente med at ein einssidig samlar seg om eitt perspektiv. Det er ved å nytte fleire perspektiv at ein kjem fram til resultat. (NAK 1999: OD990503: osv)

<sup>36</sup> Kategoriseringsforkortingar: *idm* = idiom i mønsterfrase, *idv* = (mønsterfrase)idiom med variasjon, *osm* = ordspråk i mønsterfrase og *osv* = (mønsterfrase)ordspråk med variasjon.



Førekomst (6:8 c–d) har allereie avkrefta ein nullhypotese om at det ikkje er nokon dynamisk variasjon i mønsterfrasen. Ser vi på idioma med variasjonar og adhocordspråka med variasjonar under eitt, er forholdet mellom dei som vist i tabell 6.8, som ikkje berre tek føre seg variasjonen i mønsterfrasen, men òg viser storleiken på mønsterfrasegruppene sett opp mot den kreative variasjonen og den avvikande bruken.

Idiom	mønsterfrasar				kreativ variasjon		avvikande bruk		Sum	
	ordspråk		ordspråk		N	%	N	%	N	%
	N	%	N	%						
BM	244	53,0	34	7,4	158	34,4	24	5,2	460	100,0
NN	204	54,7	42	11,3	89	23,9	38	10,2	373	100,1

Tabell 6.8 Fordeling av førekomstane mellom mønsterfrase, kreativ variasjon og avvikande bruk

Prosentdelen av førekomstar i ordspråksform er større i nynorsk enn bokmål, og det var å forvente ut frå ordbokføringane og drøftingar andre stadar i denne avhandlinga om at ordspråk er ei føretrekt fraseform i nynorsk – sjølv om forskjellen rett nok ikkje var signifikant i ordbokføringane. Det er heller ingen signifikant skilnad mellom målformene på om mønsterfraseførekomstane blir realiserte som ordspråk eller idiom ( $p > 0,05$  i khikvadratstest med Yates' korreksjon:  $\text{cbind}(c(34, 42), c(244, 205))$ ,  $\chi^2 = 2,0$  og  $p = 0,154$ ). Tabellen viser òg at den vanlegaste realiseringa i begge målformer er idiomforma, men at det førekjem at frasen blir bygd ut til adhocordspråk.

Materialet støttar opp under at det er rett å kalle *kaste barnet ut med badevatnet* for ein ordspråksliknande frase, og hypotese 1 om at frasen utviser dynamisk variasjon, er bekrefta.

**Uttesting av hypotese 2 om dynamisk variasjon:** Frasen er meir fiksert i mønsterfraseførekomstar der han blir brukt som ordspråk, enn der han har form som idiom.

Ein ting er å slå fast at denne frasen har dynamisk variasjon, men fører utbygginga til adhocordspråk med seg meir eller mindre av andre typar variasjon? Det kan i så fall vere teikn på nokon meir generelle trekk ved ulike typar faste frasar.

### Variasjon i mønsterfraseidiomet

Ut frå det vi veit om leksikalsk variasjon i idiom, er det vanleg at enkeltkomponentar blir substituerte med nærsynonym utan at det går ut over tydinga. Dersom det er brukt synonym med nokolunde lik denotasjon og konnotasjon som komponentane i mønsterfrasen (6:7), reknar eg det som **mønsterfraseidiomet brukt med variasjon**. Alle kjerneorda må vere henta frå kjeldedokumentet: Inngår *ungen* som synonym til *barnet*, er det innanfor, men er *skrikarungen* brukt, er det ei utbygging med så markert valør at eg reknar det som kreativ modifikasjon. Morfosyntaktisk variasjon og nokre mindre endringar, som tillegg av adverb, blir òg registrerte som variasjon i mønsterfraseidiomet så lenge innskota ikkje kan koplast til måldomenet og dei ikkje fører til endringar i tydinga, jf. Svenséns (2004, 241) observasjon om at det stundom, men ikkje alltid fører til tydingsendring at idiom kan varierast ved at ein tek vekk eller legg til ord.

(6:9) består av førekomstar eg reknar som mønsterfraseidiomet med variasjon. Fordi kategoriseringa er basert på om kjerneorda i hendings-/handlings-, tema- og komitativleddet er henta frå kjeldedomenet eller ei, er alt av den vidare konteksten fjerna. I (6:9 a) er *kaste* erstatta med det intransitive verbet *forsvinne* og *barn* har blitt til *baby*. Det kan diskuterast om ein måldomenebasert agens, som *FrP* i førekomst (6:9 b), er ein del av ein mønsterfraseførekomst med variasjon, eller om dette er kreativ modifikasjon. Uttrykket for agens er ikkje ein del av sjølv verbfrasen *kaste barnet ut med badevatnet*, og her kjem agens etter verbet på grunn av ordstillingsreglar i norsk som seier at verbet skal vere på andre plass, ikkje fordi agens eigentleg er ein del av frasen. I (6:9 c) ligg variasjonen i at ordstillinga ikkje er partikkel før objekt, og at *helle* blir brukt i staden for *slå*, slik det er i den nynorske mønsterfrasen.

- (6:9) (a) BM Men **babyen forsvant** ut med badevannet. (noWaC 2008: 16214324: idv)
- (b) BM Dessuten kaster **Frp** barnet ut med badevannet, når de nå går til angrep på dagens norske kulturelite ved å kutte bevilgningene til norsk kulturliv og massemedier. (noWac 2009: 28172616: idv)
- (c) NN Det liberale artistholet måtte tettast utan å **hella** barnet **ut** med badevatnet - underforstått at kristelige småkapitalistar er barnet og Karl & co det skitne badevatnet. (Atekst 1999: DB991023:3: idv)

- (d) NN Men ein må heller ikkje forenkla så mykje at ein tek bort essensielle aspekt ved problemet («**kaste bort babyen** med badevatnet»). (google.no 2012: www.nt.ntnu.no: idv)

(6:9 c–d) viser dessutan korleis skribentar med ulike strategiar presiserer korleis frasen skal tolkast i samanhengen. Det skjer ikkje så reint sjeldan. I (6:9 c) blir ledda i frasen forklarte, og i (6:9 d) blir frasen brukt som støtte for argumentet som er sett fram.

### *Variasjon i adhocordspråka*

På same måte må ein skilje mellom førekomstar av adhocordspråka med og utan variasjon. Sidan eg har opna opp for at ulike formular kan bli brukte i ordspråka (jf. tabell 6.7), er det berre det leksikalske tilfanget i hendings-/handlings-, tema- og komitativleddet som avgjer om det er ordspråk utan variasjon eller med variasjon; ulike morfosyntaktiske realiseringar spelar ikkje inn. (6:10) er førekomstar av adhocordspråk utan variasjon, der er kjerneorda dei same som i mønsterfrasen (6:7), og (6:11) er ordspråk med variasjon.

- (6:10) (a) NN Ein må ikkje slå barnet ut med badevatnet. (nb.no 1920: NO-TrBIB (990003453184702202): osm: formular 1)
- (b) BM Man kaster ikke barnet ut med badevannet. (NAK 2013: DA131205: osm: formular 2)
- (c) BM Kast ikke barnet ut med badevannet (NAK 2009: NL090126: osm: formular 3)
- (6:11) (a) BM **Hell** ikke barnet ut med badevannet (google.no 1997: kommunal-rapport.no: osv)
- (b) BM Men man kan ikke kaste **babyen** ut med badevannet for det. (NAK 2010: DA101015: osv)
- (c) NN skal ein ikkje slå **ungen** ut med badevatnet (Atekst 2007: FD071102:8: osv)
- (d) NN **Du** må ikkje slå ut barnet **saman** med **vaskevatnet!** (Atekst 2009: SP090227:7: osv)

Av alle førekomstane med ordspråksformular med modale hjelpeverb har 25 *måtte*, 22 *skulle*, 5 *burde* og 2 *kunne*, og i 53 av desse 54 førekomstane står verbet i presens. Ordbokføringane tyder på at utbygginga til ordspråk på dansk og norsk skjer ved at

ein brukar imperativforma av verbet saman med nekting, som i (6:10 c) og (6:11 a), men det er ikkje i tråd med slik førekomstane i praksis fordeler seg, jf. tabell 6.9. Det kan ha med skrift og tale å gjere: Mottakaren er sjeldnare «til stades» ved skrift.

ordspråksformular	formel	bokmål		Nynorsk	
		N	%	N	%
1: modalt hjelpeverb	[pronomen] [modalt hjelpeverb <sub>presens</sub> ] [nekting] [verb]	23	67,7	31	73,8
2: presensform	[pronomen] [verb <sub>presens</sub> ] [nekting]	4	11,8	2	4,8
3: imperativform	[verb <sub>imperativ</sub> ] [nekting]	7	20,6	9	21,4
Sum		34	100,1	42	100,0

Tabell 6.9 Realiseringa av dei ulike ordspråksformulara i materialet på bokmål og nynorsk

Skal ein i ordbøker ha med døme på korleis verbfrasen kan byggjast ut til adhoc-ordspråk, bør ein altså bruke formularet med modalt hjelpeverb heller enn imperativ-formularet.

### *Førekomstar med eksplisitt uttrykt modalitet, men som likevel er idiom*

Det kan argumenterast for å rekne førekomstar med vendingar med same modale funksjon som ordspråksformulara blant ordspråka. (6:12) viser førekomstar som er tydeleg modale og kanskje kan «opplevast» som ordspråk, men som fell utanfor kriteria for korleis adhocordspråka blir danna (jf. tabell 6.7):

- (6:12) (a) BM Hvis man ikke klarer å holde disse fra hverandre, **risikerer man å** «helle barnet ut med badevannet». (NAK 2003: DN030305: idv)
- (b) NN Pressestøtta er moden for endringar, men **det er viktig å ikkje hiva** barnet ut med badevatnet. (Atekst 2013: SA130802: idv)

Det er vanleg å bruke ladde ord og vendingar som tydeleg signaliserer at å vrake det gode med det verdilause er noko ein bør prøve å unngå: I materialet finst, i tillegg til vendingane i (6:12), «risikoen for å slå barnet ut», «men det gjelder å ikke slå», «advare mot å kaste», «den store tragedien vil være viss barnet kastes», «ser faren for at vi slår», «komme i skade for å kaste», «helles dessverre barnet», «[d]et er som kjent uheldig å kaste», «vi skal være forsiktige med å skylle», «det er om å gjøre ikke

å kaste» osv. Disse vendingane illustrerer at også idiom er sterkt modale teikn, og at det ikkje er enkelt å skilje kategoriane skarpt frå kvarandre.

I (6:12 a) blir det signalisert metaforisk bruk ved at ein set frasen i hermeteikn. Andre poengterer eksplisitt at det er eit ordspråk, eller brukar ein metaspråkleg markør som viser i retning av faste frasar – eit velkjent grep for å tillegge frasen endå meir tyngde og truverde (Mieder 1991, 379), slik ein ser i (6:13 b-d).

- (6:13) (a) BM Men et vedtak om avkorting på høstjakten og ikke avkorting på tiden for snarefangst er å syne den samme uforstand som **kjærringa som slo ungen ut med vaskevatnet**. – Og litt mer forstand burde en kunne vente av et kongelig departement. (Atekst 1950: VG500724:2: idv)
- (b) BM Jeg vil påstå at selv om kvinnefrigjøringen i seg selv var en positiv ting, så har vi nok her **slått barnet ut med badevannet – som det sies**. (noWaC u.å.: 28387061)
- (c) NN **eller som det heiter i ordtaket** - kasta barnet ut med badevatnet. (nb.no 1959: NO-TrBIB (999706968414702202): idv)
- (d) NN **Eit gamalt ord** nemner noko um å slå barnet ut med vaskevatnet. (google.no 1985: <http://www.ivaraasen.no/>: idv)

I (6:13 a) er frasen gjord om til eit slags ordspråk ved at ein har lagt til den folkloristiske *kjerringa*. Vi kjenner hermesteva med formularet «sa kjerringa», dei er kjende som parodiar på og leik med ordspråka, og effekten blir i same leia her, då det uforstandige blir kraftig poengtert. (6:12) og (6:13) viser at mange variantar av idiommet med ulike strategiar skribentane tek i bruk, kan få eit ordspråkspreg, utan at dei nødvendigvis er å rekne som det. Det er dermed langt fleire førekomstar som ligg svært tett opp mot ordspråka enn det som går fram av tabell 6.10, som tek føre seg dei ulike realiseringane av mønsterfrasen.

	idiom		idiom m/		ordspråk		ordspråk m/		Sum	
	mønsterfrase		variasjon		mønsterfrase		variasjon			
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
BM	52	18,7	192	69,1	8	2,9	26	9,4	278	100,0
NN	4	1,6	200	81,3	3	1,2	39	15,9	246	100,0

Tabell 6.10 Førekomstar av mønsterfrasen i ulike realiseringar i bokmål og nynorsk

Er det skilnad på om frasen blir brukt med eller utan variasjon alt etter om han har form som ordspråk eller idiom, målt med khikvadratstest med Yates' korreksjon?

Bokmål:     cbind(c(192, 26), c(52,8))      $\chi^2 = 0,005$  og  $p = 0,943$

Nynorsk:    cbind(c(200, 39), c(4, 3))      $\chi^2 = 1,77$  og  $p = 0,184$

Det er tilsynelatande ingen samanheng verken i bokmål eller nynorsk mellom om *kaste barnet ut med badevatnet* er i mønsterforma eller har variasjon, og om frasen blir brukt som idiom eller ordspråk, og det er overraskande. Teorien tilseier at det skulle vere mindre variasjon i førekomstane som er realiserte som ordspråk enn idiom; som vi har sett, har det vore hevda at ordspråk er nesten heilt fikserte einingar der tempus ikkje blir variert, det står normalt i presens, og at leksikalsk variasjon berre førekjem i einskildtilfelle (Svensén 2004, 244). Eg hadde venta at det skulle vere fleire førekomstar i mønsterordspråksform og færre i ordspråk med variasjon, men førekomstane i (6:10) og (6:11) og tabell 6.8 avkreftar at frasen er heilt fiksert når han er brukt som ordspråk.

Spørsmålet er om eg med utgangspunkt i tabell 6.10 måler det eg ønskjer å måle, og det viser ei problematisk side ved å la undersøkinga ta utgangspunkt i ein mønsterfrase basert på føringar i ordbøker. Eg mistenkjer at tala som kjem fram i tabell 6.10, eigentleg fortel mest om kor treffsikre ordbokføringane som ligg bak mønsterfrasen, er. Legg særleg merke til kor få førekomstar det er både av idiomforma og adhocordspråksvarianten av mønsterfrasen i nynorsk. Når ein ser kor mange fleire førekomstar det er med variasjon på nynorsk, som altså inneheld nærsynonym til orda i mønsterfrasen, betyr det at ordbokføringane på nynorsk i (6:5) og (6:6) i liten grad stemmer overeins med bruken i målforma. Då treffer føringane i bokmålsordbøkene betre den reelle bruken i den målforma. Misforholdet mellom ordbokføringane og reell bruk kjem vi tilbake til under leksikalsk og syntaktisk variasjon.

Det blir stadfesta at presensforma er den dominerande når frasen blir brukt som ordspråk, men at det berre er unntaksvis at andre former blir brukte, ser ikkje ut til å gjelde for frasar med dynamisk variasjon, då rundt 20 % av førekomstane med ordspråksformular i dette datasettet har verb i imperativ. På den andre sida kan det

hende at ordspråk som berre blir brukte som ordspråk, er meir morfologisk og leksikalsk fikserte enn dynamiske frasar, som vekslar mellom å bli brukte som idiom og adhocordspråk. Hypotese 2 om at frasen er meir fiksert når han blir brukt som ordspråk enn som idiom, stemmer ikkje for *kaste barnet ut med badevatnet*, men med metodiske atterhald.

**Hypotese 3 om dynamisk variasjon:** Frasen manifesterer seg relativt oftare som ordspråk i dei eldre førekomstane av mønsterfrasen jamført med nyare førekomstar.

Diskusjonar som kretsar rundt om ordspråk spelar noka rolle i vår tid, eller om dei er på veg til å bli utrydda i moderne samfunn, dukkar opp med jamne mellomrom (Hrisztova-Gotthardt og Varga 2015, 1). Anders Widbäck (2015, 142) undersøker i doktorgradsavhandlinga si bruken av ordspråk i dramadiolog frå 1700-, 1800- og 1900-talet, og han kjem fram til at talet på ordspråk per 10 000 ord går markant ned over tid, frå gjennomsnittleg 3,6 i dei eldste kjeldene til 0,9 i dei nyaste. Eg kjenner ikkje til at liknande studiar har blitt gjorde i Noreg, men på nett er det ikkje vanskeleg å finne folkelingvistiske observasjonar om at ordspråka blei flittigare brukte av tidlegare generasjonar, at statusen deira ikkje er som før, og at dei unge ikkje forstår og/eller er interesserte i ordspråka (t.d. Berg 2012; Knotmerr 2014). Det kan sjå ut til at ordspråka har blitt spådd ein sikker død i Tyskland òg, men at bildet bør nyanserast:

Entgegen kultur- und sprachpessimistischen Prognosen sind Sprichwörter keineswegs ein zum Aussterben verdammtes Sprachphänomen, sondern sie spielen auch in der heutigen Sprachverwendung eine – wenn auch gegenüber früher gewandelte – wichtige Rolle. Empirische Erhebungen deuten daraufhin, daß immer noch eine bedeutende Zahl von Sprichwörtern den Sprechern des Deutschen geläufig ist. (Burger 1998, 114)

Det karakteristiske for dagens bruk av ordspråk er ein leikande behandlingsmåte som gjennom modifikasjon pressar tradisjonelle bruksmønster i bakgrunnen, og då spelar fikseringa av språkmaterialet og ofte også metaforisiteten ei sentral rolle (Burger 1998, 116). I ei ny og omfattande introduksjonsbok til ordspråksstudiar blir det slått fast at undersøkingar i korpus med notidstekstar viser ein «relatively high frequency of occurrence of proverbs, and we are witnessing the fixedness and productivity of

proverbs in modern languages» (Hrisztova-Gotthardt og Varga 2015, 1) – altså at ordspråka i dag både blir brukte i kjente og i meir eksperimentelle former.

Mange av førekomstane i materialet er henta frå aviser, og internasjonale undersøkingar viser at både gamle og moderne (hjá Konstantinova rekna som nyare enn frå 1990) ordspråk dukkar hyppig opp i massemedia: «Let it be once again stressed that modern media texts are permeated with proverbs (Konstantinova 2015, 277) – sjølv om vi i tabell 6.2 ikkje kunne sjå ein eintydig tendens til at *kaste barnet ut med badevatnet* blei meir frekvent brukt i norske aviskorpus enn andre tekstsamlingar. Ordspråk i typisk ordbokform førekjem i moderne medietekstar, men langt frå så frekvent som i dei transformerte variantane. Konstantinova meiner det viser at bruken i massemedia er svært innovativ og kreativ, ei slags øving i sitering, med mål om å fange merksemd, uttrykkje evalueringar og haldningar og å skape stilistiske effektar. Av og til resulterer det i oppsiktsvekkjande modifikasjonar som kan by på nye synsmåtar og annleis tolkingar. Ordspråksmodifikasjonar har blitt observerte som eit aukande fenomen i dei seinare tiåra både i russiske og engelskspråklege massemedium, og prosessen har også blitt studert i mange andre europeiske land. Påstanden er at den auka bruken av modifiserte former heng saman med medieutviklinga:

The dynamic development which the mass media has gone through at the turn of the twenty-first century has dramatically triggered the aforementioned phenomenon of proverb modification. The modern media can virtually reach vast audiences in all corners of the world, in no time, with messages intended to communicate new cognitive content and, thus, encapsulating new, i.e. non-standard, approaches and views. On the whole, such creative transformations broaden the linguistic boundaries of a given culture, demonstrate novel ways of thinking, and, more importantly, introduce new directions for action. (Konstantinova 2015, 281)

Datasettet i denne studien er velegna til å vise om *kaste barnet ut med badevatnet* i dei tidlegare førekomstane oftare enn nyare faktisk er forma som ordspråk, mens bruken av verbfraseidiomet har auka, jf. tabell 6.11. I bokmål har eg berre 7 førekomstar frå før 1990, så difor ser eg her, og alle andre stader eg tek føre meg den historiske utviklinga, på målformene samla. 52 førekomstar i bokmålsmaterialet og 10 nynorskførekomstar er udaterte, og dei er ikkje inkluderte i delundersøkingane som koplar førekomstane mot årstal.



	idiom mønsterfr.		idiom m/ variasjon		ordspråk mønsterfr.		ordspråk m/ variasjon		sum idiom BM og NN samla	sum ord- språk BM og NN samla
	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN		
T.O.M 1989	2	0	5	66	0	1	0	9	73	10
F.O.M 1990	42	4	161	135	6	2	24	28	342	60

Tabell 6.11 Mønsterfrasen med og utan variasjon før og etter 1990 i absolutte tal

I materialet er det ikkje dokumentert at denne ordspråksliknande frasen relativt sett blei signifikant oftare brukt i ordspråksform enn som idiom før 1990 enn etter, målt med khikvadrattest (cbind(c(10, 60), c(73, 342)))  $\chi^2 = 0,26$  og  $p = 0,612$ ). Med tanke på at vi innleiingsvis såg på korleis frasen har blitt brukt både som idiom og ordspråk i hundreår, er det kanskje ikkje så overraskande, men tvert om stadfestar det at frasen både i tidlegare og nyare bruk er kjenneteikna av dynamisk variasjon. Hypotese 3 om at frasen manifesterer seg relativt oftare som ordspråk i dei eldre kjeldene samanlikna med nyare kjelder, er avkrefta. Innsiktene frå den internasjonale ordspråksforskinga peikar i retning av at det er bruken av mønsterfrasen totalt sett opp mot den kreative bruken som kan ha endra seg over tid, og det kjem vi tilbake til i delen om kreativ modifikasjon og avvikande bruk av frasen i 6.8 og 6.9.

## 6.5 Leksikalsk variasjon i mønsterfrasen

### 6.5.1 Bakgrunn og hypotesar

Grunnlaget for leksikalsk variasjon ved eit idiom er synonymi, dvs. at tydinga til heile uttrykket i prinsippet skal vere uendra sjølv om somme av delane blir varierte (Svensén 2004, 240). Det er òg kravet eg har sett til at ein førekomst kan reknast som mønsterfrasen med og utan tillegg og variasjon – det er framleis berre førekomstar med ord frå kjeldedomenet som blir studerte i denne delen. Det er ikkje uvanleg å byte ut eitt eller fleire ord i eit idiom med ord innan same semantiske felt, eventuelt at ein kuttar ut ord. Då er sjølve kjernen i frasen fast, medan orda i utkanten av frasen kan varierast, og som oftast er det verbet som varierer (Clausén og Lyly 1995, 29f). I

idiomet *smile i skjegget* ‘smile lurt, underfundig’ kan ein på norsk byte ut *smile* med t.d. *humre*, *glise* og *le*. Idiomet *kalde føter* kan ein på norsk hovudsakleg *få*, men av og til *gje* og ein sjeldan gong *ha*. Det er sjeldnare å sjå variasjon i substantiva, og dermed kan vi forvente at *barnet* og *badevatnet/vaskevatnet* er meir stabile komponentar enn verbet. Ofte er det substantiva som held nøkkelen til metaforane, slår Moon (1998, 201) fast.

*Kollokabiliteten* (eng. *collocability*) til ein frase avheng av i kva grad det er mogleg å erstatte leksikalske element frå dei opne klassene i ein konstruksjon med (nær-)synonym eller antonyme einingar frå den same klassa (Barkema 1996a, 77). Somme frasar har *lukka kollokabilitet*, det vil seie at ingen av komponentane lèt seg skifte ut med synonym eller antonym. I ein frase med *avgrensa kollokabilitet* kan minst eitt av dei leksikalske elementa frå dei opne klassene bli erstatta, og i ein frase med *open kollokabilitet* kan alle element frå opne klasser bli erstatta med (nær-)synonym eller antonym frå den same klassa. Ifølgje ordbøkene kan både handlings-/hendingsleddet og komitativleddet i *kaste barnet ut med badevatnet* varierast, så frasen har *avgrensa kollokabilitet* dersom det viser seg at temaleddet er stabilt, men *open kollokabilitet* dersom det viser seg at både *kaste*, *barn* og *badevatn* kan erstattast med nærsynonym.

### **Handlings-/hendingsleddet**

Inntrykket ein ordbokbrukar kan danne seg av å sjå på utvalet av føringar i norske ordbøker, jf. tabell 6.3, er at det er vanleg å variere mellom fleire verb i bokmål enn i nynorsk. I halvparten av bokmålsoppføringane er det ført fleire valfrie, synonyme verb, mens det ikkje er tilfellet i ei einaste nynorskføring.

Mønsterfrasen har eit handlingsledd, som inneber eit aktivt verb. I Sköldbergs undersøking av svenske idiom blei 1/3 av dei 36 idioma ho undersøkte, passiviserte, og ein av konklusjonane hennar er at «som regel framstår passiveringarna som mindre prototypiska konstruktioner än de aktiva» (Sköldberg 2004, 255). Eg argumenterer likevel for at passive transitive verb og intransitive verba kan reknast blant førekomstane av denne mønsterfrasen med variasjon, vel å merke så lenge verba er henta frå kjeldedomenet og ikkje fører til eit markert stilistisk brot. Det heng saman

med at agens sjeldan er uttrykt i *kaste barnet ut med badevatnet* (jf. del 6.2.2), og dermed har det ikkje nokon påfallande effekt om verbet er aktivt eller passivt/intransitivt. Om «barnet helles ut med badevannet», er det ikkje noko særskilt kreativt med den språkbruken. Sidan det er restriksjonar mot bruk av passivformer på nynorsk, er det grunn til å tru at det forsterkar bildet av større variasjon i bokmål enn nynorsk i handlings-/hendingsleddet.

### Temaledet

*Barnet* er konsekvent ført som det einaste moglege temaledet i begge målformer i alle dei norske ordbøkene i undersøkinga, det er difor rimeleg å tru at *barn* er innhaldsordet med minst variasjon også i korpus.

Frase (6:14 a) har først i nyare tid har etablert seg i fransk. Mieder (1991, 392) spekulerer på om det kan bety at fransk har lånt inn frasen med *bébé* ('baby') via den engelske varianten (6:14 b) i staden for den tyske originalen (6:14 c), då ein i den tyske frasen brukar *Kind* ('barn') og ikkje *Baby* ('baby'). Hadde fransk hatt eit direktelån frå tysk, slik vi har det i dei skandinaviske språka, er det ikkje urimeleg å tru at dei på fransk ville brukt *enfant* ('barn').

- (6:14) (a) FR Il ne faut pas jeter le bébé avec l'eau du bain  
 (b) ENG Don't throw the baby out with the bath water  
 (c) TY Man soll das Kind nicht mit dem Bad ausschütten

Den potensielle innverknaden på leksikalske val i andre språk kan ikkje tilskrivast at frasen har lang tradisjon i engelsk. Første gong frasen blei brukt i det språket, var så seint som i 1849, i eit helst mislykka omsetjingslån av britiske Thomas Carlyle i eit essay med tittelen «The Nigger Question», som ein del av ein argumentasjon om at kvite slaveeigarar må behandle slavane sine ordentleg, men ikkje gje dei fridom: «Try against the dirty water, with an eye to save the baby» (Mieder 1991, 364). Basert på Mieders kjelder er det først i siste halvdel av 1900-talet at varianten med *baby* er etablert og allment kjent i engelsk språkbruk (366ff), sjølv om det er indikasjonar på at frasen har etablert seg blant britiske intellektuelle på 1920-talet (376). Slik oppsummerer Mieder den leksikalske variasjonen og utviklinga i engelsk:

[E]arlier variants that included the noun "child" have been replaced by the more appropriate "baby" that is being washed in a portable tub. For all general purposes the verbs "to empty" and "to pour" have given way to the commonly used "to throw," and there is a definite preference for the use of "bath water" rather than the less precise though shorter "bath." Only the position of the preposition "out" appears to be somewhat arbitrary either directly following the verb or the noun "baby." We thus have today the standard form of the proverbial expression "To throw the baby out with the bath water," while the proverb is usually cited as "Don't throw the baby out with the bath water". (Mieder 1991, 372)

Dersom det finst *babyar* i staden for *barn* i det norske materialet, er det ikkje urimeleg å tru at det heng saman med den massive påverknaden frå angloamerikansk kultur òg i vår del av verda. Det vil vere ein interessant observasjon om den engelskspråklege påverknaden på norsk ikkje berre fører til at vi får nye anglifiserte frasar, men òg at det kan endre det leksikalske innhaldet i allereie etablerte frasar. Svaret vil avhenge av om vi ser ein tendens i kor gamle tekstane med *baby* er.

### Komitativleddet

Det kan sjå ut som ein lang tradisjon å veksle mellom å bruke *badevatn* og *vaskevatn* både på nynorsk og bokmål, og i ordbokføringane i (6:5) er *vaskevatn* einaste eller valfrie variant i komitativleddet i 6 av føringane, medan det tilsvarende talet for *badevatn* er 9. I dei ulike artiklane viser *vaskevatn* delvis til *badevatn*, men aldri omvendt, og det kan vere eit signal om at redaktørane reknar badevassvarianten som den mest gjengse. Kanskje kan det vere slik at det var vanlegare med veksling mellom dei to tidlegare, men at utviklinga har gått mot ein preferanse for *badevatn*? *Vaskevann* er ikkje nemnt verken i artikkelen *badevann* (6:5 d) eller *barn* (6:5 e) i det nyaste verket, NAOB, sjølv om verket det er ei modernisering av, NRO, har *vaskevann* med i parentes i førekomst (6:5 b) under lemmaet *barn*.

Ein annan grunn til at det kan vere rimeleg å tru at det var meir veksling mellom *vaskevatn* og *badevatn* i eldre norske kjelder, er at vi kan finne ei tilsvarende veksling i eldre kjelder i andre språk, som nederlandsk. Tidlegare brukte ein både *waschwater*<sup>37</sup> (6:16 a) og *badwater* (6:15 b), men også der har retninga i bruk gått i

<sup>37</sup> Tidlegare rettskrivingsform for *waswater* 'vaskevatn'.

mot *badwater*, om vi skal tru ei nyare ordbok (sjå 6:15 c–d) som ikkje har med frasen under lemmaet *waswater* (Van Dale 1961, 2341):

- (6:15) (a) NL Door tot die opheffing over te gaan, en zich slechts tot het aankweken van Militie-officieren te bepalen, zou men **het kind met het waschwater wegwerpen** '[...] då hadde ein kasta barnet vekk med vaskevatnet'<sup>38</sup> (Stoett 1923–1925 1143 (Handelsbl. 16 Des. 1913, p. 5 k.3))
- (b) NL Maar op het oogenblik is het socialisme toch het eenige houdbare levens-systeem en ik vind men moet **het kind niet met het badwater wegwerpen** '[...] ein må ikkje kaste barnet vekk med badevatnet' (Stoett 1923–1925, 1143 (Amsterdammer, 15 Febr. 1914, p. 2 k.2))
- (c) NL – **het kind met het badwater weggooien, wegwerpen**, het goede tegelijk met het slechte wegwerpen; te ver gaan met zuivering (Van Dale 1961, 957, s.v. kind)
- (d) NL (spr.) **het kind met het badwater weggooien**, in zijn ijver om het verkeerde in een zaak aan te tonen of weg te nemen, de gehele zaak afkeuren, afschaffen of bederven (Van Dale 1961, 181, s.v. badwater)

I dansk hugsar vi frå (6:4) at substantivet i komitativleddet har gått frå *løv* til *badevand*, og i engelsk har vi sett at *bath water* (med ulike skrivemåtar) har etablert seg i mønsterfrasen på kostnad av *bath*.

På bakgrunn av variasjonane i korleis frasen er ført i dei ulike ordbøkene vi har sett på, tek korpusundersøkinga utgangspunkt i dei leksikalske hypotesane under, som alle handlar om variasjonen i mønsterfraseførekomstar med ord frå kjelddomenet:

**Hypotese 1 om leksikalsk variasjon:** I nynorsk er *slå* det mest brukte verbet i frasen *slå ut barnet med badevatnet*, medan ein i bokmål har følgd det danske mønsteret og har *kaste* som føretrekt verb i mønsterfraseførekomstane.

**Hypotese 2 om leksikalsk variasjon:** Det er større variasjon i handlings-/hendingsleddet i mønsterfraseførekomstane på bokmål enn nynorsk.

**Hypotese 3 om leksikalsk variasjon:** *Barn* er det føretrekte temaleddsuttrykket i mønsterfraseførekomstar i begge målformer.

<sup>38</sup> Takk til Koenraad De Smedt for omsetjingane frå nederlandsk i (6:15 a–b) og i samband med (6:4).


**Hypotese 4 om leksikalsk variasjon:** Det er vanlegare å bruke variantar med *baby* i nyare enn eldre mønsterfraseförekomstlar på norsk.

**Hypotese 5 om leksikalsk variasjon:** Det er vanlegare å bruke variantar med *vaskevann* i eldre enn nyare mønsterfraseförekomstlar på norsk.

## 6.5.2 Leksikalsk variasjon i materialet

### Variasjon i handlings-/hendingsleddet

**Uttesting av hypotese 1 om leksikalsk variasjon:** I nynorsk er *slå* det mest brukte verbet i frasen *slå ut barnet med badevatnet*, medan ein i bokmål har følgd det danske mønsteret og har *kaste* som føretrekt verb i mønsterfraseförekomstane.



Figur 6.6 Handlings-/hendingsleddet i mønsterfraseförekomstane i bokmål og nynorsk

		forsvinne	helle	hive	kaste	miste	ryke	skylle	slenge	slippe	slå	tømme	sum
BM	N	3	39	9	159	1	1	19	1	4	38	4	278
	%	1,1	14,0	3,2	57,2	0,4	0,4	6,8	0,4	1,4	13,7	1,4	100,0
NN	N		18	13	135			11	1		63	5	246
	%		7,3	5,3	54,9			4,5	0,4		25,6	2,0	100,0

Tabell 6.12 Handlings-/hendingsleddet i mønsterfraseförekomstane i bokmål og nynorsk

Det mest slående i figur 6.6 og tabell 6.12 (som er basert på dei same tala) er kor liten forskjell det er på bruken av verbet *kaste* i bokmåls- og nynorskförekomstane av

mønsterfrasen. Dei nynorske ordbokføringane i (6:5) og (6:6) stemmer dårleg overens med den faktiske bruken når dei gjev opp *slå* som einaste verb i 7 av 9 tilfelle. Når det er sagt, er det signifikant fleire nynorskførekomstar med *slå* enn det er bokmålsførekomstar (målt med khikvadratstest med korreksjon:  $cbind(c(38, 240), c(63, 183))$ ,  $\chi^2 = 11,2$  og  $p = 0,0008$ ), og det er ikkje tvil om at begge verba burde ha vore med i dei nynorske ordbokføringane. Oppføringane i dei ulike bokmålsordbøkene treffer betre både med at *kaste* går igjen i alle oppføringane, og at fleire av dei gjev opp fleire moglege verb. Særleg godt reflekterte *Bokmålsordboka* den reelle bruken med føring (6:5 f), slik kunne det med fordel vore gjort i andre ordbøker òg:

(6:5 f) BM *helle, kaste, slå barnet ut med b-et* vrake det verdifulle sammen med det verdiløse (BOB 2016: s.v. badevann/badevatn)<sup>39</sup>

	1900-1929		1930-1959		1960-1989		1990-2016		Sum	
	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	N	%
<b>kaste</b>		4	2	16	2	16	132	95	267	74,2
<b>slå</b>		3	2	7	1	17	27	36	93	25,8

Tabell 6.13 Førekomstar i absolutte tal med *kaste* og *slå* i bokmål og nynorsk i ulike tidsbolkar

Tabell 6.13 viser den historiske utviklinga av dei to mest sentrale verba. Det er færre førekomstar her enn i tabell 6.12 fordi det ikkje har vore råd å finne ut når alle blei skrivne. I nynorsk har 27 førekomstar *slå* i handlings-/hendingsleddet i dei eldre førekomstane (frå før 1990), medan 36 har *kaste*, så det er ikkje noko nytt fenomen at *kaste* er det mest frekvent brukte verbet òg i den målforma. Det er ein svak signifikant skilnad på om det er *kaste* eller *slå* som er brukt som verb i nynorsk før og etter 1990 ( $cbind(c(27, 36), c(36, 96))$ ,  $\chi^2 = 4,1$  og  $p = 0,048$ ), og det er bruken av *slå* som relativt sett har gått ned i dei nyaste førekomstane. Men kvifor det?

Eit søk på kollokasjonen *kaste ut* i bokmålsdelen av Aviskorpuset gjev 3071 treff. Blant dei 100 første førekomstane er det berre i sju at kollokasjonen blir brukt bokstavleg om å kaste ut (fiske)snøret og lina, kornsekkar/naudhjelp frå fly, ei bøye eller

<sup>39</sup> Det er difor beklageleg at standardordbøkene i seinare tid viser mindre potensiell variasjon i frasane enn tidlegare, og at BOB-oppslaget 20.03.18 ser slik ut: «*slå barnet ut med badevannet* vrake det verdifulle sammen med det verdiløse». Eg meiner det er feil veg å gå når all fraseforskning peikar i retning av det vanlege er at faste frasar slett ikkje er så faste.

eit tau til ein som treng hjelp i vatnet o.l. I dei resterande 93 førekomstane handlar det om å kaste ut russiske prostituerte frå Finnmark; den i FrP som helte brus over Åse Kleveland, må ekskluderast frå partiet; jugoslaviske troppar, politistyrkar og paramilitære bandar må ut av Kosovo; inntrengjarar, dei som kler seg usexy i den lett-kledde sandvolleyballsporten, asylsøkjjarar og fulle festdeltakarar er alle uønskte element av dei som vil kvitte seg med dei, som *badevatnet* i frasen. Kollokasjonen spelar godt på lag med tydinga i frasen, og det kan forklare kvifor han er føretrekt i begge målformer.

Sidan bruken av *kaste ut* ser ut å vere såpass knytt til ei overført tyding, kan ein tenkje seg at ein i talemåla nyttar *slå ut* heller enn *kaste ut* om ein t.d. tømmer ei vaskebytte, og at det kan vere forklaringa på kvifor det har vore og framleis er ein målformskilnad her (17 % av dei moderne førekomstane i bokmål har *slå*, vs. 27,5 % i nynorsk) – ved at ein i bokmål brukar ein litterær kollokasjon der ein i nynorsk i større grad brukar ein med bokstavleg tyding, basert på kva ein seier. Det verkar rimeleg at bruken i dansk spelar inn her: Ordbokartikkelen til *slå* i *Den danske ordbog* viser at *slå ud* ikkje blir brukt på same måte på dansk som i norsk, og ein dansk leksikograf stadfestar at ho ikkje kjenner til at *slå* blir brukt i forbindelse med *barnet ud med badevandet* (Aldís Sigurðardóttir, personleg kommunikasjon i e-post 29. august 2017). Ho viser til at KorpusDK 29.08.17 gjev 22 treff på fritekstsøket «barnet ud med badevandet», og 21 er relevante førekomstar: 11 har verbet *smide*; 4 *hælde*; 2 *skylle*; og *løbe* (denne førekomsten alluderer berre svakt til frasen), *kaste*, *flyde* og *ryge* har ein førekomst kvar. Brukar ein *slå* i frasen på norsk, tek ein på same tid utgangspunkt i det talemålsnære og markerer avstand til det bokmålsk-danske, og begge delar er noko mange nynorskskribentar set pris på (i den grad språkbrukarar er merksame på slike val).

Ved å nytte *kaste ut* kan det dessutan sjå ut til at ein legg større vekt på eit objekt i fast form, enn om ein brukar *slå*, *helle*, *tømme* osv., som står i ein tydelegare relasjon til vatn. Brukar ein *kaste ut* i frasen, som det blir gjort i godt over halvparten av førekomstane i begge målformer, rettar ein dermed fokus mot objektet – sjølv om det, mot normalt, er noko verdifullt og ønskt i *kaste barnet ut med badevatnet*. I dette



tilsynelatande paradokset ligg det moglegvis noko modalt – ei implisitt vurdering av at det er noko ein ikkje burde gjere.

Hypotese 1 er delvis avvist, det stemmer ikkje at *slå* er det føretrekte verbet i nynorsk, tvert om er *kaste* det mest frekvente verbet i begge målformer. Det kan ha samanheng med at kollokasjonen *kaste ut* i all hovudsak blir brukt overført, og at det høver godt saman med innhaldet i frasen. Bruken av det konkrete og moglegvis meir talemålsnære *slå* har gått ned i nynorsk.


**Uttesting av hypotese 2 om leksikalsk variasjon:** Det er større variasjon i handlings-/hendingsleddet i mønsterfraseførekomstane på bokmål enn nynorsk.

Tabell 6.12 viste at det ikkje er store forskjellar i verbbruken i dei to målformene. Rett nok ser vi signifikante forskjellar mellom bokmål og nynorsk i to verb: *helle* (målt med khikvadrattest: (cbind(c(39, 18), c(239, 228))),  $\chi^2 = 5,39$  og  $p = 0,02$ ), som er mest brukt i bokmål, og *slå* (cbind(c(38, 63), c(240, 183))),  $\chi^2 = 11,2$  og  $p = 0,0008$ ), som er mest brukt i nynorsk, men  $p > 0,05$  for dei resterande verba. Bruken av *slå* er allereie drøfta, og ei logisk forklaring på kvifor *helle* er eit meir nærliggjande verb å ty til i frasen for bokmåls- enn nynorskbrukarar, er arven frå dansk, jf. førekomstane i KorpusDK referert i førre bolc. Eventuelt kan det ha samanheng med dei fire verba *miste*, *slippe*, *ryke* og *forsvinne*, som er i bruk i bokmåls-, men ikkje i nynorskføre-komstar av mønsterfrasen. *Helle* og *slå* opplever eg som nokså parallelle, men *helle* representerer ei meir varsam handling enn *kaste*, og felles for *miste* og *slippe* er at ein har bevega seg frå det prototypiske overivrige til det meir klønete eller uheldige, og med *forsvinne* og *ryke* er vi over i dei intransitive verba. Agens er i stadig minkande grad aktivt handlande, og til slutt er han fråverande, i desse verba som nynorskbruk-arane i stor grad styrer unna, men som blir brukte i bokmål. Målformskilnadane i handlings-/hendingsleddet blir tydelegare om vi ser på dei aktive, passive og transitive formene for seg.

I figur 6.7 er det vanskeleg å sjå markant andre tendensar enn i det samla mønsterfrasematerialet i figur 6.6, men så har dei aller fleste mønsterførekomstane aktive transitive verb: Av alle dei 278 mønsterfraseførekomstane på bokmål i tabell

6.13 finn vi igjen 249 her, og tilsvarende 225 av 246 nynorskforekomstar.

Målformskilnaden er framleis signifikant i *slå* (cbind(c(37,59), c(212,166)),  $\chi^2 = 8,8$  og  $p = 0,003$ ), men ikkje i *helle* (cbind(c(32,17), c(217,208)),  $\chi^2 = 3$  og  $p = 0,08$ ), så det er liten skilnad på målformene når verba er aktive.




Figur 6.7 Aktive transitive verb i begge målformer i mønsterfraseforekomstane

Det er eit generelt råd i norsk stilistikk mot bruk av passiv, men det ser ut til å vere strengare restriksjonar mot bruk av passiv i nynorsk enn bokmål: «I nynorsk vil vi gjerne bruka mest mogleg aktive setningar» (Fretland og Søyland 2013, 53), og det blir kalla ein gyllen regel å skrive om passivsetningar til aktiv om det er mogleg. I bokmål er det vanleg med *s*-passiv, men dei korresponderande nynorske konstruksjonane blir i mange samanhengar ikkje rekna for god nynorsk: I ei undersøking blant 67 såkalla «framstående nynorskbrukarar» hamnar den lett ironiske formuleringa «passiv bør unngåast» som nest viktigaste språktrekk som etter respondentane sitt syn indikerer god nynorsk (etter «substantivsjuke er ikkje bra») (Brunstad 2009, 103). Om ein ikkje veit kven den handlande er eller vil leggje mest vekt på resultatet, kan ein i nynorsk likevel uttrykkje passiv ved å bruke *vere*, *bli* eller *verte* + perfektum partisipp, eller med modalt hjelpeverb + hovudverb + *-ast* (Hellevik 1968, 86).

Spørsmålet er om dette stilidealet om aktiv skrivemåte er så internalisert blant nynorskbrukarane at dei i mindre grad enn bokmålsbrukarar nyttar passive transitive og intransitive verbkonstruksjonar i *kaste barnet ut med badevatnet* òg. Figur 6.8 viser at det gjennomgåande er fleire bokmåls- enn nynorskforekomstar (32 vs. 21)

med verb som blir brukt i passiv, men det er ikkje ein signifikant forskjell mellom målformene på om mønsterfraseførestane realiserer seg med passive transitive verb eller ikkje (cbind(c(32,21), c(246,225))  $\chi^2 = 0,96$  og p-verdi = 0,33).




Figur 6.8 Passive transitive verb i begge målformer i mønsterfraseførestane

Det var uventa, og ein kunne tenkje seg at det hang saman med at det er relativt få av passivførestane som blir rekna som mønsterfrase; ofte er passivering knytt til kreativ variasjon av frasen. Ser ein på det totale bokmåls materialet opp mot det totale nynorskmaterialet, er det 86 av 460 på bokmål og 55 av 373 nynorskførestar som har verb i passiv, og det er då framleis ingen signifikant skilnad mellom bokmål og nynorsk på om det er brukt verb i passiv i handlings-/hendingsleddet i frasen (cbind(c(86, 55), c(374, 318))  $\chi^2 = 2$  og p-verdi = 0,156).

Legg merke til at 7 av *helle*-førestane på bokmål står i passiv, det forsterkar inntrykket av at dette verbet er velegna om ein ikkje ønskjer å rette søkjelyset på ein aktivt handlande agens.

Dei intransitive verba er i stor grad å finne i kategorien kreativ bruk, jf. tabell 6.14, men dei fire som blir rekna som variantar av mønsterfrasen, er alle på bokmål, jf. figur 6.9 og førestane (6:16), der alle står i kontekst. Sjølv om både dei passive transitive verba og dei intransitive verba er mindre prototypiske realiseringar av handlings-/hendingsleddet, er det i visse tilfelle mogleg å bruke dei i mønsterfrasen.



Figur 6.9 Intransitive verb i begge målformer i mønsterfraseforekomstane

Eg meiner verbbruken i (6:16) ikkje fører til eit markant stilbrot, men forekomstane er i grenseland til den kreative språkbruken, og truleg vil somme sjå på dette som avvikande bruk av frasen.

- (6:16) (a) BM Oligarkenes makt ble brutt, og fellesskapets eller statens interesser fikk større betydning. Men **babyen forsvant ut med badevannet**. (noWaC 2008: 16214324: idv)
- (b) BM I undervisning og forskning hvor det er menneskene det gjelder, risikerer derimot **barnet å forsvinne med badevannet**. (NAK 2005: AP050627: idv)
- (c) BM Mange tror også de vil få det bedre på et disiplinært fakultet. Om **barnet skulle forsvinne med badevannet**, får heller være. (NAK 2008: NL080519: idv)
- (d) BM Det åpnes for generelle unntak når det gjelder beskyttelse av helse, miljø, sosial sikkerhet og «offentlig interesse». Liberale kritikere mener **barnet ryker ut med badevannet**. (NAK 2006: DN060210: idv)

Det er lite meining i å drøfte fire forekomstar som dessutan er heilt i grenseland av kategoriseringa, og difor inkluderer eg forekomstar med kreativ variasjon og avvikande bruk for å få eit litt meir utfyllande bilde av korleis desse verba blir brukte. I det samla datasettet har 46 forekomstar, 33 på bokmål og 13 på nynorsk, intransitive verb eller verb som blir brukte intransitivt i forekomsten, som då utgjer ei hending, jf. tabell 6.14. Det er ein signifikant forskjell på om intransitive verb er brukte i bokmåls- og nynorskforekomstane (cbind(c(33, 13), c(427, 360)),  $\chi^2 = 4,7$  og  $p = 0,03$ ).

Med så få forekomstar med intransitive verb totalt har eg valt å sjå på målformene samla i tabell 6.14. Det mest frekvente intransitive verbet *forsvinne* har i 22 av totalt 26 forekomstar temaledd frå måldomenet, dvs. 85 %, og det viser at verbet oftast blir

brukt i kombinasjon med annan språkleik. Variasjonen både i tempus og val av uttrykk i tema- og komitativledd er større enn elles i materialet når ein ser på dei intransitive verba samla. Vanlegvis er komitativleddet rimeleg stabilt og kjeldebasert, det kjem vi tilbake til fleire gongar, men når verbet er intransitivt, er uttrykket i komitativleddet frå måldomenet, eller så manglar heile komitativleddet, i 7 av 26, dvs. 27 %, av førekomstane. Tabell 6.14 viser at dersom ein først brukar eit lite prototypisk verb, heng det svært ofte saman med modifisering og avvikande bruk.

Frasetype			Tempus					Tema-ledd		Komitativledd		
Mønsterfrase	Kreativ bruk	Avvik. bruk	Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perf.	Pret. futurum	Kjeldebasert	Målbasert	Kjeldebasert	Målbasert	Manglar
flyge		1		1				1		1		
forsvinne	3	23	4	9	11	1	1	4	22	24	2	
gå		4		5				2	3	4		1
gå tapt								1				1
renne		6		5	1	2		1	6	5	2	1
ryke	1	2		1	2			1	2	3	0	
skulle		1		1					1	1		
slippe		1		1					1	1		

Tabell 6.14 Fordeling av alle dei intransitive verba på ulike kategoriar i målformene samla


Hypotese 2 om at det er større variasjon i handlings-/hendingsleddet på bokmål enn nynorsk, er stadfesta på den måten at det er fleire ulike verb som blir brukte i bokmålsførekomstane av mønsterfrasen enn på nynorsk. Ein forventa samanheng var at bokmålsbrukarar i større grad enn nynorskbrukarar brukar frasen i konstruksjonar der verbet står i passiv eller er intransitivt. Det er rett nok ein tendens til meir passivering i bokmålsførekomstane av mønsterfrasen, men målformforskjellen er ikkje signifikant. Det illustrerer godt det teoretiske perspektivet frå kapittel 3 om at generelle stilreglar i målformene ikkje alltid slår inn på frasenivå. Eventuelt kan det vere ein indikasjon på at dei kompetente nynorskbrukarane ikkje er heilt på linje med den jamne nynorskbrukaren om kor viktig det er med aktiv uttrykksmåte.

Bruken av intransitive verb i det samla materialet er signifikant meir frekvent i bokmål enn i nynorsk, men når ein ser den tette relasjonen mellom den verbbruken og variasjon av andre typar, kan ein stille spørsmål ved om dette er ein reell målformskilnad eller om det vel så mykje er eit resultat av at bokmålskjeldene er av nyare dato og vi av den grunn kan vente meir av den leikande modifikasjonen der. I bokmål er alle dei 33 førekomstane med intransitive verb frå perioden 1990–2016, mens 97,6 % av alle førekomstane med kjent opphavsår i bokmål er frå same periode. I nynorsk er to av dei 13 førekomstane med intransitive verb frå 1988, mens dei andre 11 (84,6 %) er frå perioden 1990–2016. Av det totale materialet med kjent opphavsår er 72,9 % av førekomstane frå same periode. Intransitive verb i *kaste barnet ut med badevatnet* er eit fenomen som i dette datasettet altså ikkje er registrert før i 1988. Bruken av intransitive former har gått opp i begge målformer sidan 1990, og det er liten grunn til å tru at det kjem til å bli eit typisk bokmålsfenomen i framtida.

### Variasjon i temaleddet

**Uttesting av hypotese 3 om leksikalsk variasjon:** *Barn* er det føretrekte temaleddsuttrykket i mønsterfraseførekomstar i begge målformer.


Er *barn* eit like stabilt uttrykk i temaleddet som ordbokføringane i (6:5) og (6:6) kan tyde på? Figur 6.10 viser kva ord som blir brukte i temaleddet i dei to målformene.



Figur 6.10 Temaleddet i mønsterfraseførekomstane i bokmål og nynorsk

Figuren stadfester at i mønsterfraseforekomstane sett under eitt er *barn* det i særklasse mest frekvent brukte. Etterleddet i *spedbarn* gjer at det i resten av kapitlet blir rekna som *barn*. Førsteintrykket er at det ikkje er markante målformskilnadar i temaledet, med unntak av ei overvekt av bokmålsforekomstar med *baby*, som vi kjem tilbake til.

Tabell 6.15 gjer greie for fordelinga mellom forekomstane av mønsterfraseordet *barn* og nærsynonyma *unge* og *baby* i trettiårsbolkar, og figur 6.11 viser det same grafisk. Dataetikettane i figur 6.11 viser absolutte tal på forekomstar, og fargane i søylene viser den relative fordelinga mellom forekomstane i dei ulike 30-årsbolkan.



Figur 6.11 Temaledet i mønsterfraseforekomstar i trettiårsbolkar i målformene samla

	før 1900		1900-1929		1930-1959		1960-1989		1990-2016		Sum	
	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	N	%
baby									36	18	54	11,1
barn	1		9		3	27	3	37	186	132	398	82,1
unge					1		1		17	16	33	6,9


Tabell 6.15 Temaledet i bokmål og nynorsk i mønsterfraseforekomstar i trettiårsbolkar

I mønsterfraseforekomstane var *barn* det klart dominerande substantivet fram til 1989, men tabell 6.15 viser at det skjer ei påfallande endring med tanke på variasjon i det som i dette kapitlet er rekna som nyare forekomstar, frå og med 1990. Denne siste tidsbolken skal vi undersøkje nærare under hypotese 4 om leksikalsk variasjon.

Sjølv om både *unge* og *baby* blir brukte som nærsynonym i ein del førekomstar, er det likevel ikkje tvil på grunnlag av mønsterfraseførekomstane, der over 80 % har *barn* i temaleddet, at det har vore riktig å gje opp *barn* som temaledd i *kaste barnet ut med badevatnet* i ordbøker på begge målformer. Hypotese 3 om at *barn* er det føretrekte substantivet i temaleddet i begge målformer, er stadfesta, men det kan endre seg i framtida om utviklinga i den siste tidsbolken held fram.

**Uttesting av hypotese 4 om leksikalsk variasjon:** Det er vanlegare å bruke variantar med *baby* i nyare enn eldre mønsterfraseførekomstar på norsk.

Tabell 6.15 har allereie stadfesta hypotesen om at *baby* er meir frekvent brukt i nyare enn eldre norske kjelder, for det er først i dei moderne førekomstane (etter 1990) at *baby* dukkar opp i mønsterfrasen. Fordi datasettet inneheld såpass få førekomstar frå før 1990, går det ikkje an å slå skråsikkert fast at *baby* ikkje har vore brukt i denne frasen i norsk før i 1981, då har vi den første kjeldefestinga i dette materialet.<sup>40</sup> Variasjonen med *ungen* starta mykje tidlegare, men med få dokumenterte førekomstar. Figur 6.12 og tabell 6.16 viser utvikling og fordeling av temaleddsuttrykka i dei nyare mønsterfraseførekomstane.



Figur 6.12 Temaleddet i dei nyare mønsterfraseførekomstane i målformene samla

<sup>40</sup> Den spesifikke førekomsten har kreativ modifikasjon, og difor er han ikkje rekna med i tab. 6.15 og fig. 6.13.



	1990-1995		1996-2001		2002-2006		2007-2011		2012-2016		SUM	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
baby			3	6,4	13	16,0	21	16,9	17	13,8	54	11,1
barn	28	93,3	43	91,5	63	77,8	87	70,2	97	78,9	318	81,7
unge	2	6,7	1	2,1	5	6,2	16	12,9	9	7,3	33	7,2
<b>SUM</b>	30	100,0	47	100,0	81	100,0	124	100,0	123	100,0	405	100,0


Tabell 6.16 Temaledet i dei nyare mønsterfraseførekostane i målformene samla

Bruken av *barn* i temaledet går jamt ned i målformene sett under eitt, fram til han får eit oppsving i perioden 2012–2016, mest på kostnad av *unge*. *Baby* har på kort tid etablert seg som den nest mest brukte temastrykket, framfor det meir tradisjonelle norske ordet *unge*. Om det skuldast engelskpåverknad eller anna, går det ikkje an å slå fast på bakgrunn av materialet, men vi kan konstatere at bruken av *baby* iallfall aukar svært raskt i ein periode der det generelt blir hevda at engelskinterferensen i norsk gjer seg stadig meir gjeldande (jf. t.d. Sunde 2016, 134).

Det finst ei førestilling om at nynorsk generelt er meir puristisk enn bokmål, og eg har tidlegare hevda at det òg omfattar frasenivået om frasane er av dansk og tysk opphav. Om det er noko i at den auka bruken av *baby* kan knytast opp mot auka engelskinterferens, kunne ein tenkje seg – dersom nynorsk generelt er meir puristisk – at det relativt sett er fleire førekomstar av *baby* i dei nyare førekomstane på bokmål enn på nynorsk, men det viser seg å ikkje vere ein signifikant målformforskjell på om *baby* er brukt i temaledet (målt med khikvadrattest (cbind (c(36, 18), c(203, 148))),  $\chi^2 = 1,2$  og  $p = 0,28$ ), basert på tal frå tabell 6.16. Den reelle nynorske språkbruken er ikkje så puristisk som mange tykkjest tru, og førekomstane av denne frasen kan tyde på at purismen retta mot dansk og tysk i nynorsk ikkje blir overført til engelsk – sjølv om ein langt frå kan slå det sikkert fast basert på eit så lite talmateriale og ein enkeltfrase. På den andre sida verkar det slett ikkje urimeleg å tru at den auka bruken av *baby* i nyare tid heng saman med stadig auka engelskpåverknad på begge målformer, og at vi her ser at det òg spelar inn på val av komponentar i frasar.

### Variasjon i komitativleddet


**Uttesting av hypotese 5 om leksikalsk variasjon:** Det er vanlegare å bruke variantar med *vaskevatt* i eldre enn nyare mønsterfraseførekomstar på norsk



Figur 6.13 Komitativleddet i mønsterfraseførekomstane i bokmål og nynorsk

Mange av nynorsksøka i dei ulike tekstsamlingane var baserte på dei to komitativsubstantiva *badevatn* og *vaskevatt*. Eg meiner at det likevel er mogleg å samanlikne resultatet av desse søka frå Atekst, google.no og nb.no med regulære korpussøk på bokmål, for det viser seg at *badevann* og *vaskevann* er dei i særklasse mest frekvente komitativuttrykka i korpus. I søket i noWaC, som potensielt opnar for all mogleg slags kreativ variasjon i komitativleddet i frasen, er det berre 2 av 101 treff som ikkje inneheld *badevannet* eller *vaskevannet*. Som det gjekk fram av tabell 6.1, er bokmålsdøma i stor grad henta frå korpus, men likevel er det berre 16 av 460 (3,5 %) som ikkje inneheldt *badevannet* og *vaskevannet*, så sjølv om dette er interessante døme vi gjerne skulle fanga opp tilsvarande av på nynorsk, utgjer det i tal ikkje store forskjellen. Det er tydelegvis ikkje i komitativleddet den største variasjonen ligg.

Tabell 6.17, som er visualisert i figur 6.14, viser korleis bruken av dei to mest sentrale komitativsubstantiva har utvikla seg over tid.



Figur 6.14 Komitativleddet i mønsterfraseforekomstar i trettiårsbolkar i målformene samla

	før 1900		1900-1929		1930-1959		1960-1989		1990-2016		Sum	
	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	BM	NN	N	%
badevatn			5	2	14	2	23	224	148	418	86,9	
vaskevatn	1		4	2	13	1	15	9	18	63	13,1	

Tabell 6.17 Komitativleddet i mønsterfraseforekomstar i bm og nn i trettiårsbolkar

Hypotesen om at det var vanlegare med *vaskevatn* i dei eldre forekomstane av *kaste barnet ut med badevatnet*, stemmer i høgste grad. Bruken vekslar mellom *bade-* og *vaskevatn* i begge målformer i dei eldre kjeldene (t.o.m. 1989), og tydelegast er det i nynorsk. Det er ein signifikant skilnad på forekomsten av *vaskevatn* i dei eldre sett opp mot dei yngre forekomstane (etter 1990) når ein ser på målformene samla (cbind(c(36, 27), c(46, 372)),  $\chi^2 = 79,2$  og  $p < 2.2e-16$ ). Det er ikkje så rart, for først og fremst speglar resultatet at bokmålsforekomstane (der *vaskevatn* truleg alltid har vore mindre brukt) er i så stort overtal i siste bolk. Då er det meir interessant å sjå på forskjellen mellom bokmål og nynorsk i nyare tid. 3,9 % av bokmålsforekomstane i den siste perioden har *vaskevann* i komitativleddet, mot 10,84 % av nynorskforekomstane frå same periode, og det er ein signifikant målformforskjell i bruken av *vaskevatn* i perioden 1990–2016 (cbind(c(9, 18), c(224, 148)),  $\chi^2 = 6,4$  og  $p = 0,011$ ). Trass i at resultatet er basert på få forekomstar og difor ikkje er så robust, verkar det som at vi kan sjå ein tendens her i og med at signifikansen er så klar.

Det kan sjå ut til at *vaskevatn* har hatt og framleis har sterkast posisjon i nynorsk, slik også ordbøkene tydde på, men det eldre bokmåls materialet er så tynt at ein skal vere varsam med å dra bastante konklusjonar. Ein mogleg målformskilnad i komitativleddet kan på same måte som med verbparet *kaste/slå* dreie seg om at *vaskevatn* er ei meir talemålsnær form enn *badevatn* for vatnet ein brukar når ein vaskar seg. Knud Knudsen (1881b, 43) skriv *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning* at det danske verbet *bade* har ekvivalentane *bade* og *lauge* i norske talemål. *Lauga* er det gammalnorske. Det fortel oss at dette *bade*-ordet nok har hatt ein litt framand klang i ein del samanhengar. Når *badevatn* blir brukt i bokstavleg tyding i korpusa og dei ulike tekstsamlingane i dag, handlar det nesten utelukkande om vatn i tjørn eller sjø. Veldig mange av korpustreffa som blei fjerna frå materialet, handla om badetemperaturar og vasskvalitet ute i naturen. Også i komitativleddet har ein altså gått frå det talemålsnære til det meir litterære over tid. Det var ein kritikk mot nynorsken i tidlegare tider at han på grunn av talemålsgrunnlaget var for konkret og difor lite eigna til høgverdig litteratur (til dømes blei det hevda at Bibelselskapets motvilje mot å stå bak ei landsmålsomsetjing av Bibelen lett kunne tolkast som at landsmålet ikkje var eit heilagt språk som eigna seg til å vere berar for Guds ord (Holter 1966, 448)). Eg ser ikkje vekk frå at komponentvalet seier oss noko om at talemålsgrunnlaget i målforma er i endring.

### *Jamføring av den leksikalske variasjonen i dei ulike ledda*

Ut frå ordbokføringane kunne ein tru det var meir variasjon i handlings-/hendingsleddet og komitativleddet enn i temaleddet, men i mønsterfraseførekostane i dette materialet er det er meir variasjon i temaleddet, med dei tre nærsynonyma *barn*, *baby* og *unge*, enn i komitativleddet med *badevatn* og *vaskevatn*. I temaleddet går utviklinga mot meir leksikalsk variasjon i førekostane etter 1990, medan det har gått mot ei konsolidering rundt *badevatnet* i norsk i same periode. Det er omfattande variasjon i handlings-/hendingsleddet, og det er ein tendens til at bokmålsskrivarar noko oftare brukar passive verb enn nynorskbrukarane gjer – ein målformforskjell basert på ulike stilideal knytt til aktiv skrivemåte, som vi ser spor av i nynorskførekostane, men utan at det er nokon signifikant forskjell mellom bokmål og nynorsk i bruk av passive

verb. Bruk av intransitive verb i *kaste barnet ut med badevannet* er eit moderne fenomen. Det er ein signifikant målformskilnad på kor mange førekomstar det er med intransitive verb, men det er grunn til å tru at det kan ha meir med alderen på førekomstane enn sjølve målformene og stilideal å gjere.

### Variasjon i dei grammatiske orda

	bort	bort-	fullsten -dig ut	ut	ut-	ut og inn	Vekk	NA	sum
BM	1			447				12	460
NN	3	1	1	345	1	1	3	18	373

Tabell 6.18 Retningsadverb i det samla materialet på bokmål og nynorsk

Ser vi på alle typar førekomstar (inkludert den kreative modifikasjonen og avvikande bruken av frasen), er *ut* det heilt dominerande retningsadverbet. Det handlar ikkje berre om at *ut* og *med* var med i mange av dei komplekse søkjstrengane, for det er same tendensen i nynorsk som hadde fleire enkle søk på «badevatnet» osv. Likevel ligg ganske sikkert hovudforklaringa på det noko større spekteret av adverb i nynorsk enn bokmål i dei ulike søkjemåtane. Det mest overraskande i tabell 6.18 er at dei to retningsadverba som er brukte som forledd i samansette partisipp, dukkar opp i nynorskførekomstar, jf. (6:17).

- (6:17) (a) NN Ved desse tider gjekk det ei rein svida yver folket i mange bygder: dei vende seg mot alt dei aatte, i trege og sut, og saag ikkje annna enn vondskap i det. Soleis var det med fela og langeleiken, soleis var det med folkesongen, soleis var det med eventyr og segner. Skal me døma rettvist um so syrgjeleg ei misferd, lyt me hugsa at det hadde fylgt mangt med som ikkje var godt og reint. Og det gjekk som det ofte gaar: naar aalvor og umtanke vaknar, **vert barnet utkasta med vaskevatnet**. (nb.no 1915: NO-TrBIB (998441734524702202): idv)
- (b) NN Denne grundtvigske kirketanke får Eskeland til - i avsnittet «Truene og trui» - å omtale den historiske reformasjonen med en bevissthet om tap i kirkelig forstand: «Soleis er **den kyrkjetanken som vart burttskyld med vaskevatnet** i reformasjonen atter funnen paa protestantisk grunn, og atter kann me vita og skyna noko av kva det vil segja at me i aposteltrui har leden um den heilage aalmennelege kyrkja. (nb.no 1954: NO-OsNB (999211582544702202): kr)

I nynorsk er det strengare restriksjonar mot verbsamansetjingar enn i bokmål, men i perfektum partisipp er derimot fast samansetjing vanleg og i mange tilfelle obliga-

torisk også i nynorsk – kanskje til og med vanlegare enn på bokmål? Førekostane i (6:17) kan forklarast med at vi her har med partisipp i predikativ stilling å gjere:

Skiftet mellom laus samansetjing og usamansett verb med adverbial er heller uregelrett. Samansetjing har vi helst der partisippet er predikativ, t.d. «han er ikkje heimflutt enno» [...] og det er alltid samansetjing i attributiv stode, t.d. bortkomne sauer. (Beito 1986: 146)

At berre 2 av 833 førekomstar har adverbet som forledd i ei verbsamansetjing, seier sitt om at det ikkje er vanleg å sjonglere mellom usamansett verb med adverbial og laus samansetjing i denne frasen. På den andre sida opna heller ikkje korpussøka opp for samansetjingar av denne typen, så særleg på bokmål kan det ha gjort eit utslag. At vi har fått dokumentert fenomenet i (6:17), kan reknast som ein uventa positiv effekt av manglande korpusressursar på nynorsk, jf. Moons observasjon om deterministiske korpussøk. Det er elles verdt å leggje merke til den leksikalske og syntaktiske variasjonen i desse to eldre førekomstane, som begge har alvorlege tema. Dei stadfestar heilt klart at fenomenet med å vri og vende på frasen langt frå er av ny dato.

Preposisjonen i komitativleddet tillèt endå mindre variasjon. Delvis heng det saman med at det i nokre førekomstar er brukt preposisjonen *i* og konjunksjonen *og*, som gjer at sjølv om dei står saman med uttrykka *bade-* eller *vaskevatn*, har dei ikkje lenger den semantiske rolla komitativ. *Og* sidestiller dei to komponentane og får ikkje fram at komitativleddet er saman med ein annan, meir sentral deltakar (jf. gjennomgangen av dei ulike semantiske rollene i 6.2.2). Slike førekomstar kjem vi tilbake til under avvikande bruk i del 6.9., og i tabell 6.19 er dei å finne i kategorien NA.

	i lag med	med	sammen/ saman med	NA	sum
BM		444	7	9	460
NN	2	332	15	24	373

Tabell 6.19 Preposisjon i komitativleddet i det samla materialet på bokmål og nynorsk

*Med*, *i lag med* og *saman/saman med* er brukt i 98 % av alle bokmålsførekomstane og i 93,6 % av nynorskførekomstane. Søkjestrengane i korpus forklarar delvis den høge prosenten i bokmål, men det er likevel verdt å merke seg kor høg prosenten er i nynorskmaterialet, som i større grad byggjer på søk utan *ut* og *med*.

*Kaste barnet ut med badevatnet* har ein open kollokabilitet (jf. Barkema i 6.5.1), då vi ser at alle leksikalske element frå dei opne klassene kan skiftast ut med nærsynonym. Retningsadverbet og preposisjonen i komitativleddet er meir stabile, og det er grunn til å tru at dei kan vere med på å halde oppe tilknytninga til den metaforiske frasen når dei andre ledda blir varierte.

## 6.6 Morfologisk variasjon i mønsterfrasen

### 6.6.1 Bakgrunn og hypotesar

Om ein t.d. kan variere bestemming og numerus i substantiv, gradbøye adjektiv eller tempusvarierte verb i ein frase, er eit gammalt stridstema i fraseologien, og ikkje minst har mange vore opptekne av å kartleggje dei fraseologiske restriksjonane: Anward og Linell hevda at dei fraseologiske avgrensingane typisk rår **ytre bøyning** (t.d. numerus og bestemming) som uttrykkjer relasjonane einskildkomponentane har til eventuelle referentar og andre komponentar i setninga utanfor den leksikaliserte frasen. Det er vanlegare å seie til «barna leikar hauk og due» enn «barna leikar hauk(ar) og duer». Anward og Linell (1976, 102) kallar dei leksikaliserte frasane «øyer» med delar som er avskorne frå ytre bøyingsforbindelsar, og påstanden er at desse «øyene» ikkje kan innehalde konstituentar som (åleine) er korrelat for pronominalisering, relativisering og liknande prosessar. Konstituentane kan heller ikkje sjølv pronominaliserast.<sup>41</sup> Dei hevdar at i den grad ytre bøyning førekjem, gjeld det frasen som heilskap, og bøyingssuffikset hamnar ofte på hovudordet. På den andre sida viser leksikaliserte frasar ei viss **indre bøyning**, dvs. kongruensbøyning og kasusstyring, som uttrykkjer dependensrelasjonar internt i frasen (88f).

Analysen i dette kapitlet baserer seg på ei heilt anna tilnærming. Nunberg, Sag og Wasow (1994) legg vekt på at delane av eit idiom må tolkast for seg ut frå bidraga deira til tolkinga av idiommet som heilskap, og dei brukar modifikasjon til å argumen-

<sup>41</sup> Dei leksikaliserte frasane Anward og Linell drøftar i artikkelen, som *i alle fall*, har fellestrekk med, men overlappar ikkje fullstendig med idiom; det er vanleg å rekne idioma som endå meir fikserte. Det gjeldande datasettet utfordrar konklusjonane deira; 17 av 833 førekomstar av *kaste barnet ut med badevatnet* (2 %) har pronominalisering av ein konstituent.

tere for det. Den **eksterne modifikasjonen** modifierer heile frasen, ikkje berre enkeltdelane, og dei hevdar at det i praksis skjer oftare enn ein først kan få inntrykk av: «In particular, adjectives that delimit the domain in which the metaphor is to be understood may at first glance appear to be internal, but should in fact be regarded as external» (1994, 500). **Intern modifikasjon** vil seie at einskildkomponentar i frasen blir modifiserte, t.d. ved eit adjektivinnskot eller ei relativsetning, koordinering, kvantifisering og i sjeldne tilfelle topikaliserings, og det viser at det ikkje stemmer at enkeltkomponentane i frasen er semantisk tomme, og at tydinga berre er knytt til frasen som heilskap (501).

Det er likevel éin ting at ein kan sjonglere med morfologiske trekk om ein medvite leikar med frasen ved kreativ modifikasjon, men finst det morfologisk variasjon i *kaste barnet ut med badevatnet* når han blir brukt som mønsterfrase med og utan variasjonar? Forsking har vist at dersom ein frase berre tillèt mindre variasjon, dreier det seg ofte om morfologisk eller syntaktisk variasjon som ikkje endrar tydinga til frasen (Clausén og Lyly 1995, 29f). Det kan t.d. gjelde numerusvariasjon: *strø salt i såret* eller *strø salt i såra* ('gjere vondt verre'), medan det andre gongar er variasjon i ordstillinga: *ikkje vite på kva bein ein skal stå* eller *ikkje vite kva bein ein skal stå på* ('ikkje vite korleis ein skal te seg'). Ifølgje Sköldbberg (2004, 200) opptrer idiom med større grammatisk enn leksikalsk variasjon: «Den uttrycksmässiga variation som idiomerna oftast är utsatta för är den grammatiska», og då trekkjer ho fram numerus, bestemming, komparasjon av adjektiv og adverb og tempusbøying av verb – alle morfologiske trekk. Alt dette skulle borge for at vi kjem til sjå meir variasjon i denne bolken og den om syntaktisk variasjon enn vi gjorde i delen om leksikalsk variasjon.

Den siste oppføringa i dei nynorske ordbøkene (6:5 l), *kaste barnet ut med vaskevatn*, merkjer seg ut med at *vaskevatn* står i ubestemt form. Det ser vi ikkje i nokon av dei 17 andre norske ordbokføringane, jf. tabell 6.5. *Barn* står i bestemt form eintal i alle ordbokoppføringane. Føringa i (6:5 l) kan sjå ut som ein inkurie, men finn vi døme i korpus på at den morfologiske vekslinga for tema- og komitativuttrykka mellom bestemt og ubestemt form, eintal og fleirtal, er vanlegare i praksis enn ordbokføringane tyder på? Kva type variasjon kan ein finne handlings-/hendingsleddet i mønster-



fraseforekomstane, der 16 av 18 (88,9 %) ordbokføringar hadde aktive verb i presens og 2 aktive verb i imperativ (11,1 %), jf. tabell 6.3? Og er det fleire forekomstar med adhocordspråksformular på nynorsk enn bokmål i reell språkbruk?

**Hypotese 1 om morfologisk variasjon:** Det er større morfologisk variasjon i den faktiske bruken av mønsterfrasen enn i ordbokføringane.

## 6.6.2 Morfologisk variasjon i materialet

**Uttesting av hypotese 1 om morfologisk variasjon:** Det er større morfologisk variasjon i den faktiske bruken av mønsterfrasen enn i ordbokføringane.

### Variasjon i handlings-/hendingsleddet

	Infinitiv		presens		pret.		presens perf.		pret. perf.		futurum		imp.		sum
	id.	os.	id.	os.	id.	os.	id.	os.	id.	os.	id.	os.	id.	os.	
BM	131		77	26	16	1	18				2			7	278
NN	97		74	33	17		14		1		1			9	246

Tabell 6.20 Handlings-/hendingsleddet i mønsterfrasen fordelt på tempus og modus i bm og nn

Ordbokkonvensjonen er å skrive verbfrasar i infinitiv, og det er heilt som forventa at det er ei spreiding over fleire verbtider i den reelle språkbruken enn i ordbokføringane. Rundt halvparten av forekomstane i idiomform har verb i infinitiv (113 bokmålsforekomstar har verb i infinitiv, 111 er i andre verbtider, og for nynorsk er tala 98 versus 106). At ordspråksforekomstane har mindre tempusvariasjon enn idioma, er i tråd med teorien. Den eine forekomsten i ordspråksform i preteritum, gjeven att i (6:18), viser at kategoriseringa av materialet ikkje blokkerte for det, men språkbrukarane held seg i praksis til presens og imperativ når dei brukar frasen som ordspråk.

- (6:18) BM Harald Schjelderup, bestyrer ved Psykologisk institutt, uttalte at testene var et hjelpemiddel for vitenskapen som skulle utføres av folk med spesiell kompetanse, og at resultatene måtte holdes ukjente for lærerne. Man **måtte imidlertid ikke «kaste barnet ut med badevannet»**, da testingen var «et meget viktig forskningsinstrument» (LBK 2005: SA01HeKi01.1565: osv)

Grunnen til at førekomst (6:18) står i preteritum, er at det er indirekte tale, der alt er plassert i fortid.

Verbet er i utkanten av frasen *kaste barnet ut med badevatnet*, og i tillegg til tempus-variasjonen i tabell 6.20 har vi i del 6.5.2 om leksikalsk variasjon i handlings-/hendingsleddet sett korleis språkbrukarane i mønsterfrasen i hovudsak brukar aktive, transitive verb, men òg nyttar seg av særleg passive transitive og til ei viss grad intransitive verb eller verb som blir brukte intransitivt. Det er meir variasjon i ein ordspråksliknande frase som denne enn eit reint ordspråk fordi han både tek verb i presens og imperativ, og idiomforma toler svært omfattande og ulik variasjon i handlings-/hendingsleddet utan at det går ut over tydinga eller fører til markante stilistiske brot. På den andre sida er det somme verb som har vore så påfallande og underlege i konteksten at dei har vore avgjerande for at førekomsten har hamna i avvikande bruk, jf. del 6.9, så det finst grenser for kva verb som kan stå i dette leddet.

### *Variasjon i temaleddet*

Førekomstane i (6:19) viser at det ikkje er sjølvstg for språkbrukarane at ein alltid skal ha temaleddet i den grammatiske forma som i ordbøkene er einerådande, nemleg bestemt form eintal:

- (6:19) (a) BM Børsene i USA reiste seg igjen etter børs-kollapsen tirsdag. Investorenes appetitt for billige aksjer ledet oppturen. | – Vi ser en oppgang i energiselskapene ettersom de er oversolgte, og vi ser en oppgang i det bredere markedet fordi det er oversolgt. Det er som å **kaste en baby ut med badevannet**, sier sjefmarkedsstrateg Art Hogan hos Jefferies & Co., ifølge MarketWatch. (noWaC 2008: 8430364: av)
- (b) NN Science fiction? Kanskje, men så snart målrørsla **har slått sitt siste barn ut med badevatnet**, og det kan ikkje vera lenge til, døyr i alle fall den gamle målstriden. Og ein ny kan ta til, ein strid mellom skriftlærde og nettnærde, mellom filologane og folket. Aldri kan dei to einast. (NO 2000: DT2000: kr)
- (c) BM Uansett er det viktig at vi ikke **kaster noen babyer ut med badevannet** og at vi som medier ikke lukker øynene for muligheten, av frykt for å få skit på hendene. (noWaC u.å.: 23375630: av)
- (d) NN Eg tvilar ikkje på at mangt var skeivt og gale på dei tidlegare institusjonane. Men det var vel ei utvikling til det bedre på gang? Var det naudsynt å **kasta alle borna ut med badevatnet**? Kvifor køyrde dei ikkje eit forsøk, t.d. i eitt fylke, for å hausta erfaring, før dei omkalfatra alt? (Atekst 2012: HA120919:35: kr)

Sjølv om temaleddet er kjeldebasert, viser førekomstane (6:19) at han kan stå i (a) ubestemt form eintal, (b) bestemt form eintal, men ved bruk av possessiv i staden for med etterhengd artikkel, (c) ubestemt form fleirtal og (d) i bestemt form fleirtal. Felles for desse førekomstane er at modifikasjonane gjennom kvantifiserande innskot fører til ei tilknytning til måldomenet; innskot som «mange unger» og «hvilke barn» fortel at det er fleire ting av verdi som står på spel. Om temaleddet inneheld ein kombinasjon eller *blend* av kjelde- og måldomene, blir det rekna som kreativ modifikasjon, ikkje som ein mønsterfraseførekomst.

	Eintal				fleirtal				NA		sum	
	ubest. form		best. form		ubest. form		best. form					
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>BN</b>	8	1,7	353	76,7	25	5,4	16	3,5	58	12,6	460	99,9
<b>NN</b>	3	0,8	301	80,7	13	3,5	12	3,2	44	11,8	373	100,0

Tabell 6.21 Numerus og bestemming i temaleddet i det samla materialet i bokmål og nynorsk

I mønsterfraseførekomstane står 100 % av substantiva i bestemt form eintal i begge målformer, men bildet blir kraftig nyansert om ein reknar inn førekomstane med kreativ modifikasjon og avvikande bruk (tabell 6.21). Bak kategorien NA skjuler det seg temaledd med meir enn eitt nominal, pronomer, namn og andre ord som ikkje blir bøygd som substantiv. Det er også som venta at det er litt færre førekomstar i standardvarianten bestemt form eintal i bokmål enn nynorsk, og at det er tilsvarende fleire førekomstar fordelt på dei andre bøyingsformene. Vi såg under dynamisk og leksikalsk variasjon at den kreative bruken har auka etter 1990, og den morfologiske variasjonen i tabell 6.21 gjenspeglar truleg det same ved at bokmålsførekomstane i større grad er frå den tidsbolken, medan nynorskførekomstane er av eldre dato. Ein kan òg lese ut frå tabellen at den prototypiske morfologiske forma til kjelddomene-substantivet ikkje er obligatorisk for å halde oppe tilknyttinga til den metaforiske frasen om ein skifter det ut med eit uttrykk frå måldomenet. Eit tradisjonelt ord frå kjelddomenet gjev mindre morfologisk variasjon enn om ordet er frå måldomenet.

Hypotesen om at den morfologiske variasjonen i temaleddet er større i mønsterfrasane i materialet vårt enn i ordbøkene (der 100 % av føringane hadde *barn* i bestemt

form eintal), er avkrefta. Ein slik modifikasjon som vi såg døme på i (6:19) spelar både på kjelde- og måldomene, og slike kombinasjonar eller *blend* fell under den kreative modifikasjonen av frasen – eller avvikande bruken, om det direkte skurrar eller ikkje er mogleg å identifisere kva som er av stor og liten verdi. Brukar ein reine måldomeneuttrykk, står ein ganske fritt i kva morfologisk form ein vel. Morfologisk fiksering er viktig i mønsterfraserealiseringane av *kaste barnet ut med badevatnet*, og med ein gong ein endrar på bøyingsforma til temaleddet, får det ein avgjerande stilistisk konsekvens. Det kan ha samanheng med at bestemt form eintal, her *barnet*, kan bli brukt for å snakke om såkalla *generiske storleikar*, som språkbrukarar ikkje treng å vere kjende med eller introdusert for tidlegare for å kunne tolke uttrykk (Kjøll 2017, 225), medan dei andre formene *eit barn*, *barn* og *barna* fører til kvantifisering og peikar utover kjeldedomenet.

#### Variasjon i komitativleddet

	bestemt form eintal						Sum	
	badevatn/-vatn		skyllevann		vaskevann/-vatn		N	%
	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>BN</b>	265	95,3	1	0,4	12	4,3	278	100,0
<b>NN</b>	192	78,0			54	22,0	246	100,0

Tabell 6.22 Morfologisk variasjon i komitativleddet i mønsterfrasen i bokmål og nynorsk

Som i temaleddet står 100 % av komitativsubstantiva i mønsterfraseførekostane på begge målformer i bestemt form eintal, så hypotesen om at det er meir morfologisk variasjon i komitativleddet i den reelle språkbruken enn i ordbokføringane, er avvist. Den morfologiske variasjonen i komitativen er oppsiktsvekkjande låg også om ein inkluderer den kreative modifikasjonen og avvikande bruken, jf. tabell 6.23.

	eintal				Fleirtal				NA		Sum	
	ubest. form		best. form		ubest. form		best. form		N	%	N	%
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>BN</b>			451	98,0			1	0,2	8	1,7	460	99,9
<b>NN</b>	1	0,3	348	93,3					24	6,4	373	100,0

Tabell 6.23 Morfologisk variasjon i komitativleddet i det samla materialet i bokmål og nynorsk

Om ein samanliknar den morfologiske variasjonen i temaleddet og komitativleddet, basert på tal frå tabell 6.21 og 6.23, ser ein eit tydeleg mønster i det samla materialet med både mønsterfraseførekomstar, kreativ modifikasjon og avvikande bruk sett under eitt. Det er klare signifikante forskjellar i begge målformer mellom tema- og komitativleddet på om førekomstane står i mønsterfrasevarianten med bestemt form eintal. I temaleddet er den morfologiske variasjonen stor i det samla materialet, og i komitativleddet er han liten:

Bokmål: cbind(c(353, 451), c(107, 9)),  $\chi^2 = 92,8$  og  $p < 2.2e-16$

Nynorsk: cbind(c(301, 348), c(72, 25)),  $\chi^2 = 25,1$  og  $p = 5,515e-07$


### Morfologisk variasjon og domene

Avslutningsvis i denne delen skal vi sjå på samanhengen mellom den morfologiske variasjonen og kva domene uttrykka er frå i det samla materialet, først i bokmål (figur 6.15) og så i nynorsk (figur 6.16). Både i bokmål og nynorsk er det klare signifikante forskjellar mellom temaleddet og komitativleddet på om substantiva er kjeldebaserte når ein ser på mønsterfrasen, kreativ modifikasjon og avvikande bruk under eitt:


Bokmål: cbind(c(297, 430), c(163, 30)),  $\chi^2 = 114,2$  og  $p < 2,2e-16$

Nynorsk: cbind(c(278, 333), c(95, 40)),  $\chi^2 = 26,4$  og  $p = 2.815e-07$

Figur 6.15 tek føre seg førekomstar i bokmål der temaleddet og komitativleddet er kjeldebasert, ein kombinasjon av kjelde- og måldomenet (blend) eller målbasert, medan figur 6.16 viser det same for nynorsk.



Figur 6.15 Temaledde og komitativleddet fordelt på domene i det samla bokmålsmaterialet



Figur 6.16 Temaledet og komitativledet fordelt på domene i det samla nynorsk materialet

I 34,6 % av bokmålsførekomstane i det samla materialet er temaledet enten målbasert eller ein kombinasjon av kjelde- og måldomenet (blend), medan 4,4 % av uttrykka er målbaserte eller ein kombinasjon i komitativledet. I nynorskførekomstane er 22,5 % av temaledda målbaserte eller blend, medan berre 4,6 % har målbasert substantiv eller blend i komitativledet.

Kva betyr det at 92,7 % av bokmålsførekomstane og 89,3 % av nynorskførekomstane har kjeldebasert komitativledd, sett opp mot at den morfologiske variasjonen òg er minimal i komitativledet? Sjølv om andre typar variasjon er gjennomført større i bokmålsførekomstane fordi dei totalt sett er av nyare dato enn nynorskførekomstane, representerer komitativledet ein stabil faktor både leksikalsk og morfologisk i begge målformer; dess meir ein leikar med handlings-/hendingsledet og temaledet, dess viktigare blir det at komitativledet held oppe relasjonen til frasen, kan det sjå ut til.

## 6.7 Syntaktisk variasjon i mønsterfrasen

### 6.7.1 Bakgrunn og hypotesar

Syntaktiske transformasjonar er eit felt som særleg har interessert meir generativt orienterte fraseforskarar. Anward og Linell (1976, 93) konkluderer med at dei mest «utpråglade idiomene» er dei som i størst grad motset seg syntaktiske transformasjonar. Fraser (1970, 35) hevdar i ein ofte sitert artikkel om idiom i transformasjons-

grammatikken at somme syntaktiske transformasjonar førekjem ofte, medan andre i mange tilfelle er uakseptable (jf. avsnitt 2.6.2).

TRANSFORMASJONAR DET ER	TRANSFORMASJONAR SOM I MANGE
ENKELT Å FINNE DØME PÅ	TILFELLE ER UAKSEPTABLE
plassering av partikkel	Topikalisering
Nominalisering	setje verbet i imperativ
innsetjing av adverb	bruke idiomet i ja/nei-spørsmål
	bruke negasjonar

Tabell 6.24 Ulike syntaktiske transformasjonar i idiom (bygd på Fraser (1970))

Rett nok skriv Fraser om kva som er enkelt å finne døme på og kva som ofte er uakseptabelt i idiom generelt, men eg tykkjer likevel oversikta som byggjer på artikkelen hans, er eit ryddig utgangspunkt for å undersøkje kva som er mogleg av syntaktiske transformasjonar også i ein enkeltfrase. Samstundes betyr det at funna mine ikkje kan utfordre konklusjonane hans om den store idiompopulasjonen, og difor går eg ikkje like systematisk til verks i handsaminga av den syntaktiske hypotesen som dei tidlegare. I staden for å kvantifisere dei ulike transformasjonane, nøyer eg meg med å sjå om eg finn mange eller få av dei ulike i materialet, og om det er nokre fellestrekk ved førekomstane som inneheld dei ulike transformasjonane.

Gjennom undersøkinga av den dynamiske variasjonen i mønsterfrasen er det allereie slått fast at ein i *kaste barnet ut med badevatnet* kan setje verbet i imperativ, jf. (6:8 d), og bruke negasjonar, jf. (6.10)–(6.11). Begge delar er karakteristiske for ein ord-språkliknande frase med dynamisk variasjon, så det er ikkje til å undrast over at akkurat desse syntaktiske transformasjonane førekjem regelmessig i datamaterialet, sjølv om det i andre typar idiom er mindre vanleg. Då står det att å sjå på plassering av partikkelen, nominalisering og innsetjing av adverb som transformasjonar ein, om Frasers resultat er direkte overførbare til ein enkeltfrase, kan vente å finne mange av i materialet, og bruk av idiomet i ja/nei-spørsmål og topikalisering i mønsterfrasen, som det i teorien skal vere sterkare restriksjonar mot. Det er framleis viktig å ha klart for seg distinksjonen mellom mønsterfrasevariasjon på den eine sida og kreativ modifikasjon (og ev. avvikande bruk) på den andre. At ein kan gjere syntaktiske krum-

spring med kreativt siktemål er ein ting, men det er meir interessant om førekomstane tillèt syntaktiske transformasjonar innanfor rammene av variasjon i mønsterfrasen.

I dei norske ordbokføringane (6:5) og (6:6) av *kaste barnet ut med badevatnet* er det ein signifikant syntaktisk forskjell mellom bokmål og nynorsk når det gjeld kvar partikkelen er plassert, slik det er oppsummert i tabell 6.6, som gjorde at eg konkluderte med at vi kan rekne med meir variasjon i partikkelplasseringa på nynorsk enn bokmål.

**Syntaktisk hypotese 1:** Syntaktiske transformasjonar som vekslande plassering av partikkelen, nominalisering og innsetjing av adverb førekjem oftare i mønsterfraseførekomstar av *kaste barnet ut med badevatnet* enn topikalisering og bruk av idiomet i ja/nei-spørsmål.

## 6.7.2 Syntaktisk variasjon i materialet

**Uttesting av syntaktisk hypotese 1:** Syntaktiske transformasjonar som ulik plassering av partikkelen, nominalisering og innsetjing av adverb førekjem ofte i mønsterfraseførekomstar av *kaste barnet ut med badevatnet*.

### *Plassering av partikkel*

Det finst ikkje éin regel ein må halde seg til når det gjeld partikkelplassering i norsk, men ulike omsyn kan styre kva ordstilling ein vel. I dei norske ordbokoppføringane i (6:5) har partikkelplasseringa *kaste barnet ut* vs. *kaste ut barnet* samanheng med målform. Basert på ordbøkene kan ein i nynorsk forvente større variasjon i om objektet eller partikkelen står lengst til venstre, enn i bokmål, som ser ut til å vere meir fiksert i forma vi kjenner frå dansk, med objekt før partikkel. Empirien i tabell 6.25 avviser at det er ein reell målformskilnad i partikkelplasseringa, men stadfestar tvert om at det er lett å finne veksling i partikkelplasseringa i begge målformer.



	V-Par-O		V-O-Par		NA		sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%
BM	57	20,5	188	67,6	33	11,9	278	100,0
NN	58	23,6	164	66,7	24	9,7	246	100,0

Tabell 6.25 Partikkelplassering i mønsterfraseførekostane i bokmål og nynorsk

Hovudmønsteret i både bokmål og nynorsk er at objektet står før partikkelen, og det er langt frå å vere nokon statistisk signifikant forskjell i bokmål og nynorsk på om partikkelen står før objektet i dei førekostane som enten har objekt rett før partikkel eller partikkel rett før objektet (cbind(c(57, 58), c(188, 164)),  $\chi^2 = 0,4$  og  $p = 0,54$ ). Bak den ganske store kategorien NA er førekostar med verb i passiv, intransitive verb og andre konstruksjonar som ikkje gjer det relevant å snakke om partikkelplassering i høve til eit objekt.

	før 1900		1900-1929		1930-1959		1960-1989		1990-2016		Sum
	Par-O	O-par	Par-O	O-par	Par-O	O-par	Par-O	O-par	Par-O	O-par	
BM					2	2	3		42	163	212
NN	1		1	7	10	16	9	28	37	108	217

Tabell 6.26 Plassering av partikkelen i aktuelle mønsterfraseførekostar delt i trettiårsbolkar i bokmål og nynorsk

*Nynorskordboka* og *Norsk Ordbok* treffer ikkje godt når dei konsekvent gjev opp venstrestilt partikkel som mønsterfrase i (6:5), men det kunne tenkjast at dei speglar ein tidlegare bruk i nynorsk som har endra seg. Tabell 6.26 viser at det ikkje er tilfellet: Det har alltid vore ei veksling mellom om partikkelen eller objektet står lengst til venstre, men hovudmønsteret har vore objektet først.

Men korleis har det seg at ein i norsk, som i engelsk, ikkje har fast plassering av partikkelen i *kaste [ut] barnet [ut] med badevatnet*, jf. «Only the position of the preposition "out" appears to be somewhat arbitrary either directly following the verb or the noun "baby."» (Mieder 1991, 372)? Det vanlege i norske dialekter er at partikkelen står framom trykk tungt objekt (V-Par-O<sub>tung</sub>), som i (6:19 a), men er objektet eit trykklett pronomen, kjem objektet først (V-O<sub>lett</sub>-Par), som i (6:19 b) (Aasen [1864] 1965, 297 [§334]; Lie 1977, 38; Sandøy 1996, 128,):

- (6:19) (a) dei tok inn sykkelen  
 (b) dei tok han inn

Samstundes er det danske systemet, jf. ordbokføringane i (6:4), med obligatorisk V-O-Par, mogleg som ein valfri variant for svært mange nordmenn (Lie 1977, 39). I svensk og somme dialekter i Trøndelag og på det austlege Austlandet som følgjer det svenske systemet, er mønsteret at partikkelen alltid står framom objektet (V-Par-O), jf. denne ordbokføringa på svensk:

- (6:20) i det ordspråkslika talesettet *kasta ut barnet med badvatnet*, (visa stor brist på urskillning gm att) förkasta det goda med det dåliga. (SAOB 2010, s.v. badvatten)

Det gjev følgjande hovudmønster i dansk, norsk og svensk:

<b>dansk</b>	V-O <sub>tungt</sub> -Par	V-O <sub>lett</sub> -Par
<b>norsk</b>	V-Par-O <sub>tungt</sub>	V-O <sub>lett</sub> -Par
<b>svensk</b>	V-Par-O <sub>tungt</sub>	V-Par-O <sub>lett</sub>

Tabell 6.27 Partikkelplassering i ulike konstruksjonar i dei skandinaviske språka

Med andre ord vekslar dei fleste nordmenn mellom å ha partikkelen og objektet lengst til venstre i setninga alt etter om objektet er tungt eller lett, mange har både dansk og norsk system tilgjengeleg, og somme følgjer svensk system. Det skulle tilseie at *kaste ut barnet med badevatnet* (V-Par-O<sub>tungt</sub>) var den føretrekte ordstillinga for dei fleste nordmenn, slik det er i dei nynorske ordbokføringane (6:5 g–k), men at objektet rykkjer framom partikkelen (V- O<sub>lett</sub>-Par) om *barnet* blir bytt ut med eit pronomen, som det finst nokre døme på i materialet:

- (6:21) (a) BM Vaske hus mens barnet sov. Bade barnet om kvelden, uten å **slå det ut** med badevannet. Være mannen som steller hjemme alene, en kveld, en uke, to måneder, når mamma ikke var der. (LBK 1997: SA02LiAr01.44: kr)
- (b) NN Sidemålsstilen var i si tid ein siger. Nå har han lenge vore eit smertens barn. Kan henda det er på tide å **hiva han ut** med badevatnet? (nb.no 1999: NO-OsNB (990001965844702202): av)

Helge Sandøy viser til eit aspekt som kan forklare at den føretrekte ordstillinga i *kaste barnet ut med badevatnet* er V-O<sub>tungt</sub>-Par både i bokmål og nynorsk. Poenget hans ligg i skjeringspunktet mellom semantikk og syntaks og handlar om kva type

partikkel vi har med å gjere. Han brukar *ut* som døme på ein verbalpartikkel som har eit klart retningsinnhald, og som kan flytte i forhold til objektet: «det [er] helst retninga som blir understreka når vi plasserer verbalpartikkelen etter dei tunge objekta» (Sandøy 1976, 108). Om partikkelen har dette retningsaspektet intakt, kan testast ut ved om det finst ein kontrasterande partikkel som kan brukast saman med eit spesifikt verb. Vi kan både *kaste ut* og *kaste inn*, og det tilseier difor etterstilt plassering (*kaste barnet ut*), medan *lese opp* ikkje kan kontrasterast med *lese ned*, og difor er det ikkje vanleg på norsk med *lese diktet opp*.<sup>42</sup> Intuitivt har heller ikkje *opp* noko retningsaspekt i denne kollokasjonen.

Det kan vere litt tilfeldig at ordbokføringane i nynorsk nesten konsekvent har annleis ordstilling enn bokmålsføringane. Delvis heng det saman med at somme av ordbøkene byggjer på dei same kjeldene, og delvis kan det vere at ordbokredaktørar skriv av den forma ein tidlegare redaktør i eit anna verk på same målform har gått for i ei prekorputid. I nynorskordbøkene ser det ut til at ein har valt å følgje hovudmønsteret for partikkelplassering i norsk, utan å ta omsyn til at språkbrukarane oftast har ei anna ordstilling i den aktuelle frasen. Undersøkinga viser eintydig at i *kaste barnet ut med badevatnet* er det ingen samanheng mellom partikkelplassering og målformene, men at ulike semantiske og syntaktiske forhold gjer at både bokmåls- og nynorskbrukarar vekslar mellom å plassere objektet og partikkelen lengst til venstre.

### *Innsetjing av adverb*

I beskrivinga av idiomatisk fiksering har det vore hevda at idiomkonstituentane ikkje fritt kan ta leksikalske beskrivarar (jf. t.d. Cruse 1986, 36), men korpusundersøkingar viser at slike ikkje er uvanlege. I ei undersøking av leksikaliserte frasar var *tillegg* (eng. *addition*, definert som introduksjon av ein ekstra syntaktisk funksjon til base-mønsteret av frasen) den utan samanlikning mest frekvente variasjonen (Barkema 1996a, 72). Blant dei 76,5 % av dei leksikaliserte frasane som der hadde variasjon, tok majoriteten (90,7 %) tillegg, og tilsvarande tal på førekomstnivå var 72,3 %. Det kan verke litt underleg å skulle fokusere einsidig på innskotne adverb når **leksikalske**

<sup>42</sup> Eit søk på "les.\*" "opp" "dikt.\*" i Norsk aviskorpus (bokmål) 21.06.16 gav 36 treff, medan "les.\*" "dikt.\*" "opp" gav 0 treff. På google.no same dag var forholdet 106 for «lese opp diktet» vs. 7 på «lese diktet opp».

**innskot** eller *tillegg* kan høyre til fleire ulike ordklasser. Ein variant av *skape vondt blod* kan vere *skape ein del vondt blod*, der «ein del» er ei **kvantifisering** av nominaldelen i uttrykket (Sköldberg 2004, 6). Konsekvensen av ein slik beskrivar er at ein del av tydinga til uttrykket blir presisert, slik det blei illustrert av fleirtalsformene av *barn* i del 6.6.2. Ei anna form for variasjon modifierer tydinga til idiomat gjennom eit **adjektivattributt** (Clausén og Lyly 1995, 29f). På den måten kan idiomat *sitje med skjegget i postkassa* bli til *sitje med skjegget i den berømte postkassa*. På same måte kan eit idiom bli tilpassa ein spesiell situasjon gjennom ei **samansetning**, t.d. at noko kan *henge* ikkje berre *i ein tynn tråd*, men *i ein syltynn tråd*. Finnøy har sett på korleis **adverb** blir brukte til å modifierere: «Jeg merker meg at de aller fleste av mine utvalgte idiomter tåler tillegg av ord fra ordklassen adverb. [...] Denne variasjonen modifierer betydningen, men skader ikke det idiomatiske» (Finnøy 2012, 16). Kva er det med adverbinnskot som gjer at Fraser (1970) trekkjer fram dei spesielt?

For det første kan vi slå fast – i tråd med hypotesen – at fenomenet med innsetjing av adverb er svært utbreidd, ikkje minst ved at frasen ofte blir brukt med nekting (6:23 a), men òg andre typar adverb i dei ulike realiseringane av mønsterfrasen (6:23 b–f).

- (6:23) (a) BM Man kaster **ikke** barnet ut med badevannet. (NAK 2013: DA131205: osm)
- (b) BM Politikerne ser her dessverre ut til å ville skylle ut barnet **sammen** med badevannet, sier Sulland. (NAK 2015: AP150513: idv)
- (c) BM Men man kaster **samtidig** barnet ut med badevannet, nemlig selve den primært forstyrrede selvopplevelsen (svekket subjektivitet) som til daglig har en enorm innvirkning på et menneskes liv. (google.no 2010: www.tekniskmuseum.no: idv)
- (d) NN Lagar ein motsetnader mellom dialektar og nynorsken, hiv ein ikkje **berre** ut barnet med badevatnet, ein hiv både mor og barn. (Atekst 2015: D T150703:19: idv)
- (e) NN Hoem frigjer romanpersonane frå den deterministiske tvangstrøya han sette dei fast i gjennom første bandet, men med dette slår han **også** barnet ut med badevatnet; historia og samfunnet vert redusert til ei formell ramme. (nb.no 1984: NO-TrBIB (998440556464702202): idv)
- (f) Men vi skal **sjølv** ikkje kaste ut barnet med badevatnet. (nb.no 1997: NO-OsNB (999617664334702202): osv)

På norsk har setningsadverb si grammatisk bestemte plassering som gjer at dei vil kome etter det finitte verbet i heilsetningar. Adverba som vi finn i (6:23), er typisk epistemiske adverb, som i liten grad knyter seg til dei referensielle forholda. Dei viser verken til kjelde- eller måldomene, og det kan diskuteras om dei i (6:23) i det heile ein del av frasen. Eg kan heller ikkje sjå at adverba i (6:23) modifierer tydinga til frasen. Innsetjing av adverb er med andre ord ikkje eit særleg veileigna kriterium for å vurdere semantisk fleksibilitet på norsk.

Det som viser seg, er at forskjellen på å setje inn adverb, som *over*, og adjektiv, som i (6:24 a–b) *under*, er at adverba ikkje ser ut til å fjerne frasen frå kjelddomenet, medan adjektivinnskot iallfall i dette datasettet modifierer frasen ved at han enten spelar på måldomenet eller at adjektivet står til eit måldomeneuttrykk. Det same gjeld samansetningar, som i (6:24 c). Adjektiva og samansetningane tilfører noko anna og meir enn adverba – og blir i denne undersøkinga dermed rekna som kreativ modifikasjon, på linje med kvantifisering (jf. (6:24 d) og del 6.6.2), mens adverba kan bli sette inn utan at det får påfallande stilistisk verknad.

- (6:24) (a) NN Men det som ikkje bør godtakast, er at vedkomande land skal få passiv støtte eller indirekte fullmakt til å kunne slå ut **det demokratiske barnet** på Taiwan med badevatnet. (Atekst 1997: AP Morgen 971211:19: kr)
- (b) NN Kast ikkje ut spedbarnet med **det skitne vaskevatnet** (google.no u.å: oaks.nvg.org: kr)
- (c) BM Før var det budskapet som rørte oss. Nå er det lengsel etter den gode, gamle julehyggen som rører oss. **Jesusbarnet** holder på å bli skylt ut med badevannet. (NAK 2013: SA131221: kr)
- (d) BM Jeg er veldig skeptisk til det regimet som gjelder nå for HD-fotografering og -avlesing, og tror vi «skyller ut **mange barn** med badevannet». (noWaC u.å.: 30668738: kr)

### *Nominalisering*

Ein type nominalisering skjer ved at komponentar blir gjorde om til ei adhoc-samansetning: «Some semi-clausal idioms can be transformed into compounds, e.g. *lick sb's boots* → *boot-licker*; *break the ice* → *icebreaker*» (Fernando 1996, 41). Hypotetisk kunne vi tenkje oss variantar som *barne(ut)kastar*, *baby(ut)kasting*,

*badevass(ut)kastar* eller andre variantar med mønsterfrasekomponentar, men dette er ein type transformasjon eg ikkje har funne verken på bokmål eller nynorsk, i datamaterialet eller på nett.

Førekomst (6:25) illustrerer korleis dette derimot blir gjort med kreativ variasjon i ei overskrift som i svært knapp og kreativ form spelar på idiomet som skal kome.

Tilknytninga til idiomet er her så svak at ein må sjå det opp mot frasen som kjem seinare i teksten for å vere sikker på at det er den aktuelle frasen overskrifta spelar på:

(6.25) BM **Babyberging** | Dette rektorvalget kommer hverken til å minne om en søndagsskole eller en missekåring. Ellers saklige professorer kan bli hektisk viltslående når det stunder til rektorvalg. Men nettopp denne skånselløse tonen skaper håp. Valgkampen blir en gylden anledning til å **finne barn som er kastet ut med reformvannet**, og redde dem før det er for sent. (NAK 2005: AP050527: kr)

Eg har ikkje registert døme på verken *kasting*, *slåing*, *helling*, *tømming* eller nokon av dei andre inngåande verba i mønsterfrasen i materialet, men så var heller ikkje søkje-strengane brukt i datainnsamlinga utforma for å fange opp slike.

For å oppsummere venstresida i tabell 6.24, ser vi at dei semantiske transformasjonane vekslande partikkelplassering og innsetjing av adverb er vanlege i mønsterfraseførekomstar av *kaste barnet ut med badevatnet*. Nominalisering førekjem, men ikkje i mønsterfrasen, og det ser heller ikkje ut til å vere eit utbreidd fenomen i den kreative modifikasjonen. Vidare står dei forventa sjeldne transformasjonar for tur.

### *Ja-/nei-spørsmål*

(6:26) viser førekomstar der frasen blir brukt i ja-/nei-spørsmål innleia med finitt verb. Leksikalsk er det små avvik frå mønsterfrasane, og alle kjerneorda er frå kjelddomenet. Denne spesifikke frasen kan utan problem brukast i ja-/nei-spørsmål utan at det fører til stilistiske brot. Fenomenet er ikkje særskilt knytt til kreativ språkbruk, men blir like gjerne gjort med variasjon i mønsterfrasen (6:26 a–d):

(6:26) (a) BM «**Kaster du ikke ut barnet med badevannet** nå? Teorien er jo dessuten oppfunnet av Marx, og ikke Stalin. Klart at den helt sikkert kunne blitt praktisert bedre. (noWaC 2008: 9487264: idv)

- (b) BM Men **kaster de ikke ut ungen med badevannet** hvis redaksjonene kutter så hardt i kulturstoffet i avisene? (NAK 2015: AP150801)
- (c) NN Men av og til burde vi kan hende stogge opp i kritikken og ironiseringa og tenkje etter. Alt nytt treng ikkje vere godt. Ingvar Moe er nådelaus i sin ironi. **Slår han barnet ut med badevatnet?** (nb.no 1982: NO-TrBIB (998540733964702202))
- (d) NN Kva var det vi sloss om på 1990-talet? ( ... og **helte vi då barnet ut med vaskevatnet?**) ... ein fagleg debatt ....? .... eller ein maktkamp ? (google.no 2014: www.slideserve.com)

### Topikalisering

Topikalisering betyr i germanske språk at ein flyttar eit setningsledd fram for å gjere det til det pragmatiske hovudtemaet i setninga. Fraser hevdar at ingen av delane i eit idiom bidreg til den semantiske tolkinga av uttrykket, og av det følgjer det at å topikalisere ein del av eit idiom, er å «impute to the [...] phrase some semantic integrity which it does not have» (Fraser 1970, 33), men det viser *kaste barnet ut med badevatnet* ikkje kan stemme. Det er rett nok få døme på topikalisering i materialet, og fenomenet er oftast knytt til språkleg leik, sjølv om (6:27 e) viser at det òg kan knytast til variasjon i mønsterfrasen. (6:27 a–d) illustrerer at det skjer at badevassleddet er plassert før det finitte verbet i setninga, uavhengig av om temaleddet er frå kjelde- eller måldomenet.

- (6:27) (a) BM I utgangspunktet kanskje en fordel, men samme hvor slitsomme man måtte mene bandet var tidligere – de kler enda dårligere å tone ned galskapen. **Ut med badevannet forsvinner også mye av originaliteten og appellen de måtte ha i underskogen av glam-glade fans verden over.** (NAK 2008: AA080408)
- (b) BM Dersom Munch/Stenersenmuseet, Deichmanske bibliotek og Kulturhistorisk Museum legges til Bjørvika sammen med Operaen, har byrådet oppnådd sin drøm om tydelige geografiske kulturakser. Men **ut med badevannet kastes alternative og eksisterende kulturtilbud.** (NAK 2010: AP100909)
- (c) BM En følelse av tomhet i Egypt | Egypterne er blitt kvitt en diktator. Men **ut med badevannet forsvant også turistene.** Det kan komme til å koste landet dyrt. (NAK 2011: AP110220)
- (d) NN Parallell: Korleis skal ein spela god fotball når ein manglar «svolten», «tigerglimtet i auga», «den verkelege iveren» etter å vinna? Både Brann og KrF har eitkvart å henta i det resonnementet. Brann betaler for å halda seg på toppen og det gjer KrF òg. Ved å ofra hjartelaget. Og **når badevatnet vert søge ut gjennom**

**sluken, følger til tider barnet med også.** I KrF sitt tilfelle er barnet sunt bondevit(k). (Atekst 2003: KK Morgen 031021)

- (e) NN Fylkesordfører Olav Bratland (H) var svært oppglødd over det han fekk høyre. – **Denne babyen må vi ikkje slå ut med badevatnet.** Fylket må bidra til at dette kan verte ein realitet. Kva barnet skal heite, er ikkje det viktigaste, sa fylkesordføraren etter at direktøren ved Høgskolen i Molde, Paul Steinar Valle, hadde gitt ei grundig orientering om kor langt arbeidet har kome. (Atekst 2009: SP091027:14: idv)

(6:27 a–c) er døme på at *ut med badevatnet* er oppfatta som eitt ledd. At vi finn ein del slike førekomstar, kan bidra til å forklare tendensen til partikkelplasseringa i *kaste barnet ut* der ein kunne vente *kaste ut barnet* om det ikkje var andre forhold som spelte inn.

FREKVENT TRANS- FORMASJON	Mønster- frasen	Kreativ variasjon	SJELDAN TRANS- FORMASJON	Mønster- frasen	Kreativ variasjon
flytting av partikkel	+	+	topikalisering	+	+
nominalisering	–	+	setje verbet i imperativ	+	+
innsetjing av adverb	+	+	bruke idiomet i ja/nei-spm.	+	+
			innsetjing av negasjon	+	+

Tabell 6.28 Dei ulike syntaktiske transformasjonane i datasettet til *kaste barnet ut med badevatnet*

Oppsettet i tabell 6.28 er basert på kva transformasjonar Fraser (1970) hevda var vanlege å finne, til venstre i tabellen, og kva transformasjonar det ofte er knytt strengare idiomatiske restriksjonar til, til høgre. At språkbrukarar kan vri og vrenge på ordstillinga om ein ønskjer ein stilistisk effekt, er ikkje overraskande. Men at mønsterfrasen med variasjonar, slike som ikkje har som hensikt å skape ein stilistisk effekt og der alle orda er knytte til kjeldedomenet, er så syntaktisk fleksibel, er meir uventa. Tabell 6.28 tilbakeviser den syntaktiske hypotesen. Eg kan ikkje seie noko om oversikta gjeld for den samla frasepopulasjonen. Alle transformasjonane som ofte er uakseptable (til høgre), lét seg gjere med denne frasen, men både nominalisering og topikalisering er nært knytt til språkleg medvitne val om å endre på frasen slik at ein oppnår ein stilistisk effekt. Det er den typen kreativ modifikasjon som skal undersøkjast i neste del.



## 6.8 Kreativ modifikasjon

### 6.8.1 Bakgrunn og hypotesar

Somme skribentar vrir og vender på frasar og skapar såleis ei rekkje litterære effektar:

Established norms of fixity are always liable to be set aside by creative language users. Once the basic models are in existence, it is perfectly feasible that such utterances could be produced as ‘There’ll be no *bucket-kicking* (=dying) around here yet’ (violating syntactic fixity) or ‘Never *darken my patio* again’ (perhaps said to unwelcome barbecue guests; replacing the expected *door* with *patio* and thus violating compositional fixity). (Ayto 2006, 519)

Modifikasjon er definert som «okkasionelle, bevidste endringar, som kreative sprogbrugere foretager ved idiommer af den ene eller anden grund» (Farø 2004b, 60). Modifiseringa forankrar idiommet i ein kontekst, bidreg ofte til presisering og kan seie noko om storleik eller omfang. Som dei ulike typane variasjon i mønsterfrasen har vist, kan den konvensjonelle forma bli endra på måtar som ofte blir rekna som modifikasjonar, men som ikkje nødvendigvis er å rekne som kreative i alle frasar, som at verbet blir passivert (jf. del 6.5.2) og innskot av adverb (jf. del 6.7.2). Den som brukar ein frase med kreativ modifikasjon, har ein intensjon om å oppnå ein spesiell stilistisk effekt. Slike endringar i grunnforma til frasen er assosierte med leik med den bokstavlege og overførte tydinga, og er uløyseleg knytte til ein spesifikk tekstleg situasjon der det stilistiske potensialet blir realisert (Gläser 1998, 130). I kategoriseringsarbeidet har eg teke utgangspunkt i at kreativ frasemodifisering er ein medviten språklegeik som fører til eit stilistisk brot utan at det går ut over grunntydinga til frasen.

Det er heilt vanleg at språkbrukarar kombinerer det hittil ukjende og det veletablerte når dei produserer tekst: «When language-users produce discourse, they usually combine the novel and the conventional in varying degrees» (Fernando 1996, 2). Dei to formuleringane «It was a simple *bread and butter* issue» og «I examined my *bread* very closely to see where it was *battered*» formidlar begge den idiomatiske tydinga («Taken as a type of every day food; the means of living; hence *attrib.* in many elliptical and allusive expressions», ifølgje oed.com) til frasen, men den andre,

---

modifikasjonen av idiomet, spelar også på den bokstavlege tydinga. At ein spelar på både den bokstavlege og biletlege tydinga på ei og same tid, er ein vanleg måte å drive med ordspel på (Baker 2011, 84).

Mange av førekomstane i denne studien er henta frå avistekst. I massemedia og særleg i den trykte pressa må informasjonen som går ut til mottakarane, ikkje berre vere av interesse for dei, men òg presentert på ein måte som appellerer og gjer at han blir lagd merke til:

The authors of media texts use language freely, creatively, even boldly sometimes. It comes as no surprise that in modern media discourse proverbs are one of the preferred tools for conveying a myriad of attitudes, opinions, beliefs, and such. (Konstantinova 2015, 276f)

Men det er slett ikkje berre journalistar som driv med kreativ modifikasjon av frasar; slikt finst det mengder av i alle korpusa og digitale tekstsamlingar som datasettet bak dette kapittelet er henta frå, som vi skal sjå døme på under.

Dei mest sentrale tydingselementa i idiomet er *barnet* ‘noko ein ønskjer å ha’ og *badevatnet* ‘noko ein ikkje ønskjer å ha’ – dei står i motsetning til kvarandre, og det er avgjerande at ein handsamar dei ulikt. Men uttrykket blir brukt i samanhengar der det ofte kan vere nokså komplekse og abstrakte fenomen som er omtalte. Det er då mogleg – og gjerne opplevd som nødvendig – å utstyre idiomet med tilleggsuttrykk eller erstatningsuttrykk som klargjer kva som er kva. Det gjer ein oftast ved å trekkje inn ord som refererer til måldomenet, altså slik at ein får eit uttrykk som blandar kjelde og mål. På den måten signaliserer ein at ein har å gjere med ein metafor. Metafor- og idiomteoretikarar som diskuterer kjelde–mål-blanding, er t.d. Goatly (2011), som har eit kapittel kalla «The signalling of metaphor», Deignan (2005) og Langlotz (2006). Slike fenomen er teorien om omgrepsblending (Fauconnier og Turner 2002) godt eigna til å analysere. Det omfattande omgrepsapparatet derifrå blir ikkje teke i bruk her, då eg held meg til enkel omgrepsmetaforteori.

Det vi skal vende oss mot no, gjeld innfletting av måldomeneord mellom kjelde- domeneorda i idiomet. Det er dels tale om at éin av idiomkomponentane blir skifta ut med ord frå måldomenet, dels om at ord frå kjelde- og måldomenet blir kombinerte i

éin og same idiomkomponent. Også denne delen blir innleia av ei empirisk utforsking av materialet for å få ei oversikt over omfang og utvikling. Er det hald i den utbreidde oppfatninga at det er meir kreativ modifikasjon i dag enn det var tidlegare, jf. del 6.4.2? Og kva innsikter kan ein analysemodell basert på kognitiv metafor-teori gje oss om den kreative bruken av frasen?

**Hypotese 1 om kreativ variasjon:** Det er vanlegare med kreativ variasjon i *kaste barnet ut med badevatnet* i dei nyare (f.o.m. 1990) enn dei eldre (t.o.m. 1989) førekomstane.

## 6.8.2 Kreativ variasjon i materialet

**Uttesting av hypotese 1 om kreativ variasjon:** Det er vanlegare med kreativ variasjon i *kaste barnet ut med badevatnet* i dei nyare (f.o.m. 1990) enn dei eldre (t.o.m. 1989) førekomstane.



Figur 6.17 Fordeling av førekomstane på frasetypar og alder i det samla materialet


Sidan det er så få tidlege førekomstar, er målformene slått saman i figur 6.17 og tabell 6.29. Forkortingane i tabellen er skrivne i fulltekst i figuren.

	Mønsterfrasevariantar								kreativ variasjon		avvikande bruk		sum	
	Idm		idv		osm		Osv		N	%	N	%	N	%
	N	%	N	%	N	%	N	%						
<b>t.o.m 1989</b>	2	2,0	70	69,3	1	1,0	9	8,9	13	12,9	6	5,9	101	100,0
<b>f.o.m 1990</b>	46	6,8	293	43,4	8	1,2	52	7,7	220	32,6	56	8,3	675	100,0

Tabell 6.29 Fordeling av alle førekomstane på frasetypar og alder i absolutte og relative tal

Ein khikvadrattest med korreksjon viser at det er ein markant signifikant forskjell på førekomstar med kreativ variasjon i det eldre og nyare materialet (cbind(c(13, 220), c(88, 455)),  $\chi^2 = 15,3$  og  $p = 8,989e-05$ ). Det skjer parallelt med at den relative bruken av idiomforma med variasjon går signifikant ned (cbind(c(70, 293), c(31, 382)),  $\chi^2 = 22,6$  og  $p = 1,952e-06$ ). Etter 1990 har det vore ein tydeleg tendens til at dei norske språkbrukarane har gått frå i all hovudsak å veksle mellom orda i mønsterfrasen og nærsynonym som ikkje endrar på tydinga, til å bli markant mykje dristigare i ordval i kreative variantar av frasen. Bruken av frasen med ordspråksformular held seg stabil over tid, og det er heller ikkje store endringar i den avvikande bruken. Totalsummen av frasar i tabell 6.29 er lågare enn totalsummen i datasettet på grunn av dei 57 førekomstane med ukjent opphavsår.

I del 6.5.2 kom det fram at *barn*, *baby* og *unge* er temauttrykka som går igjen i dei ulike realiseringane av mønsterfrasen, og at variasjonen mellom desse auka monaleg i dei nyare førekomstane. Ser ein på mønsterfrasen saman med den kreative modifikasjonen og avvikande bruken, er det framleis tydeleg at *barn* er det dominerande uttrykket i temaleddet, men figur 6.18 og tabell 6.30 viser at temaleddet i det samla materialet er gjenstand for ein stor variasjon som berre i avgrensa grad handlar om nærsynonyma *baby* og *unge*.



Figur 6.18 Temaledde i bokmål og nynorsk i det samla datamaterialet

	baby		barn		unge		NAMN		PRO-NOMEN		ANNA		MANG-LAR		Sum	
	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%	N	%
<b>BM</b>	39	8,5	254	55,2	123	26,7	4	0,9	5	1,1	11	2,4	24	5,2	460	100,0
<b>NN</b>	24	6,4	237	63,5	72	19,3	10	2,7	2	0,5	6	1,6	22	5,9	373	100,0

Tabell 6.30 Temaledde i bokmål og nynorsk i det samla datamaterialet i absolutte og relative tal

*Barn* er det mest frekvente temaledssubstantivet med over halvparten av bokmålsforekomstane og over 60 % av dei samla nynorskforekomstane både i mønsterfrasen, kreativ modifikasjon og avvikande bruk. Det er ein signifikant forskjell på om *barn* er temaledde i bokmål og nynorsk i det samla materialet (cbind(c(254, 237), c(206, 136)),  $\chi^2 = 5,6$  og  $p = 0,018$ ), men igjen er det truleg kopla til alderen på forekomstane, ikkje minst fordi ein samstundes ser at delen av bokmålsforekomstar i kategorien ANNA er signifikant større enn nynorskdelen (cbind(c(123, 72), c(337, 301)),  $\chi^2 = 5,9$  og  $p = 0,015$ ). Kvar fjerde bokmålsforekomst har temaledde frå måldomenet (kategorien ANNA), og i tillegg kjem alle som er kombinasjonar eller blend av kjelde- og måldomene, noko som indikerer at modifikasjonen i temaledde er betrakteleg i kreativ og avvikande bruk. Den komande delen tek føre seg dei ulike måtane dette blir gjort på gjennom metaforsignalisering.


## Metaforsignalisering

I mange av førekomstane er det ein tydeleg språkleik mellom den konkrete og den overførte tydinga. Først ut er førekomstar der enten heile temaledet (*barnet*) eller heile den nominale delen av komitativledet (*badevatnet*) er bytt ut med eit uttrykk frå måldomenet.

### Måldomeneuttrykk i temaledet

I (6:20) er det referert direkte til temareferentar i måldomenet, og *barnet* er utelate. Utbygde frasar kan fungere fint som overskrifter, også med leksikalsk kreativitet i form av måldomeneuttrykk i temaledet (6:20 b). Legg òg merke til den store variasjonen i handlings-/hendingsleddet i desse førekomstane:

- (6:20) (a) BM Men slutningen å trekke er neppe å **helle alle sjefer ut med badevannet**, selv om det unektelig kan fortone seg fristende. (NAK 2014: DN140120: kr)
- (b) NN **Ikkje kast bøkene ut med badevatnet** | Barnelitteratur | Erle Stokke | Oslo | «Eg meiner at ein berre bør tilby borna litteratur som er fem år eller yngre», proklamerte Ine Marit Torsvik Bertelsen i forkant av barnebokkonferansen Mangfold 2008. (Atekst 2008: DT080207:27: kr)
- (c) NN **Dei beste institusjonane stod i fare for å bli skylte ut med badevatnet** som følge av HVPU-reforma, i eitt tilfelle fordi det ikkje fanst «normale sportsbuer». (NAK 2009: BT090121: kr)
- (d) NN I BT-tekstane sine står Førde fram som ein konsekvent reform-liberalar. Det var vel også derfor han makta å omskape NRK til ei moderne og konkurransedyktig medieverksemd utan at **allmennkringkastaren forsvann ut med badevatnet**. (Atekst 2004: BT Morgen 041016: 33: kr)



Figur 6.19 Domene i tema- og komitativleddet i den kreative variasjonen i bokmål og nynorsk

Som figur 6.19 viser, har 55 % av nynorsk- og 70 % av bokmålsførekomstane måldomenebasert temaledd når dei er kjenneteikna av kreativ modifikasjon, og berre unntaksvis er dei kjeldebaserte. I komitativleddet er det kjelledomenet som dominerer også i dei kreative førekomstane.

### Måldomeneuttrykk i komitativleddet

I (6:21) er *badevatnet* skifta ut med måldomeneord for komitativen.

- (6:21) (a) BM Eller med Mark Twains forholdsvis forslitte sitat: «Det finnes tre former for løgn; Løgn, forbannet løgn og statistikk». Hvilket ikke betyr at man bare bør **helle ut barnet med aftenavisen**. Bondevik-regjeringen ble etterhvert glad i «benchmarking». (NAK 2000: DN000701: kr)
- (b) NN Faren for å slå **«barnet» ut med mjølka** (NO 2000: DT2000:02: kr)
- (c) BM The Dying Gaul kunne vært mange hakk bedre om flere hadde vært involvert i sluttproduktet, tror jeg. **Den gode første timen blir skylt ut med den siste halvtimen** som overhodet ikke står i stil. (noWaC u.å.: 29482807: kr)

(6:21 a) er ikkje enkelt å tolke sjølv med meir kontekst, men det handlar om at avisene publiserer rankinglister over alt mogleg, og forfattaren av kommentaren kritiserer måten mange av dei blir utarbeidde på. Samstundes åtvarar skribenten mot å avvise alle rankingar sjølv om ein forkastar mange av samanlikningane mellom land, institusjonar osv. som det står om i «aftenavisen». (6:21 b) er ei avisoverskrift, og NON gjev ikkje meir kontekst som kan forklare kva «*barnet*» viser til (legg merke til metaforsignaliseringa med hermeteikn), men saka gjeld truleg mjølkeproduksjon i landbruket.

Nøyaktig kor grensene for idiomet går i den kreative språkbruken, er ikkje alltid greitt å avgjere. (6:21 c), som handlar om filmen *The Dying Gaul* frå 2005, er eit tvilstillefelle då det ikkje er opplagt at det er *kaste barnet ut med badevatnet* det blir spela på. Her er både tema- og komitativleddet målbaserte, men *ut*, *med* og eit væskerelatert hendingsledd er med. Førekomsten er kategorisert som kreativ modifikasjon fordi det så tydeleg er noko av verdi som forsvinn saman med noko av lågare verdi.

Tilknyttinga til idiomet blir klart meir svekt når komitativen er måldomenebasert i førekomstane i (6:21), enn når det er temaleddet som er måldomenebasert i (6:20). I

datasettet er det mykje vanlegare at (delar av) temaleddet er uttrykk med ord frå måldomenet, enn at (delar av) komitativleddet er det, slik det tydeleg går fram av figur 6.21. Dette reflekterer truleg at den som brukar idiomet, er oppteken av å berge tema-referenten; heile poenget med idiomet er jo nettopp å setje søkjelyset på noko som står i fare for å forsvinne.

### Mål- og kjelddomeneblend i temaleddet

Vi skal vidare sjå på nokre døme der enten tema- eller komitativleddet kombinerer uttrykk frå mål- og kjelddomenet. I ein del tilfelle skjer det i form av samansetningar: I (6:22 a) viser temaleddet til alt som lèt seg rekne på i samfunnsøkonomifaget og i (6:22 b) viser det til velferdsstaten, begge frå måldomenet, og så er uttrykka kombinerte med kjeldeorda *babyen* og *barnet* som etterledd i samansetningane.

- (6:22) (a) BM Jeg kritiserer også faget (som helhet, som i «samfunnsøkonomifaget») for å generelt vektlegge det beregnbare foran alle andre måter å forstå samfunnets økonomiske strukturer på. Jeg mener selvsagt ikke at vi skal **kaste ut hele matematikkbabyen med badevannet**: det er bare så lite igjen av det andre. (noWaC 2009: 6245363: kr)
- (b) BM I den globaliserte økonomien er de rike bare gjester i vårt hus. De kan når som helst reise seg, ta pengene sine og gå. Derfor er det muligens ikke noen god idé å «flå dem» så hardt at **det norske velferdsbarnet slås ut med vaskevannet**. (NAK 2008: AP080629: kr)

I (6:23 a) blir den viktigaste verdien for musikkanalen MTV formulert som *gullungen*, som på linje med *matematikkbabyen* og *velferdsbarnet* blandar kjelde- og måldomene, samstundes som måldomeneordet *musikk* blir lagt til som forklaring. I (6:23 b–d) er blenden uttrykt ved at det kjeldebaserte temaleddet gjennom leksikalske innskot og grafiske teikn blir forklart eller presisert med måldomeneuttrykk. Igjen ser vi korleis språkbrukarane føler seg frie til å ta i bruk eit heilt spekter av ulike verb:

- (6:23) (a) BM MTV har samtidig **sluppet gullungen – musikken – ut med badevannet**. Fordi seerne ønsker seg mer musikk, har Norges største TV-distributør, Canal Digital, valgt å la The Voice TV overta kanalens posisjon i deres grunnpakke. (NAK 2005: AP050701: kr)



- (b) BM En av FN-systemets største utfordringer i vår tid blir derfor å tilpasse seg til dette nye konfliktbildet uten å **kaste barnet, mellomstatlig fred, ut med badevannet**. (NAK 1999: DB990222: kr)
- (c) NN J. Richard Eiser har kalla sitt tilskot «Prologomena to a More Applied Social Psychology : towards a Critical Pragmatism». Han ønskjer seg ein meir matnyttig sosialpsykologi, men utan å gå i same fella som mange andre med same ønskemål, som **tømer babyen (teoritilfanget) ut med badevatnet**. (nb.no 1981: [http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb\\_digitidsskrift\\_2013071181297\\_001](http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digitidsskrift_2013071181297_001): kr)
- (d) NN På den andre sida kan ein kanskje ha ei kjensle av at **psykoanalysens «barn» - det særeigne perspektivet på menneskeleg åtferd som ein funksjon av det umedvitne - her er i ferd med å forsvinne saman med badevatnet**. La oss difor sjå litt på det eg kalla den andre hovudretningen innanfor psykoanalysens kreativitetsteori. (nb.no 1988: NO-TrBIB (998842091054702202): kr)

I (6:24 a) er temaleddet kvantifisert på ein måte som ikkje er mogleg med eit konkret barn (jf. også *hele matematikkbabyen* over), og uttrykket spelar på den måten på den metaforiske tydinga i måldomenet. Fleirtalsforma *barn* i komitativleddet i (6:24 b) er motivert av at ho kombinerer mål- og kjeldedomene ved at det handlar om konkrete barn og familiane deira.

- (6:24) (a) NN Arbeidarpartiet tok oppgjer med gamle dogme på 80-talet, og "moderniseringa" av partiet har Thorbjørn Jagland fått mykje av æra for. Men på slutten av 90-talet er det grunn til å spørja **kor mykje av barnet som vart kasta ut i lag med badevatnet**. Jagland hentar no ideologisk inspirasjon frå "New Labour" og Tony Blair, men då kan han fort oppdaga at han er hamna på same politiske plattform som Jan Petersen. (Atekst 1999: BT Morgen 990918:46: kr)
- (b) BM Mens Norge går som det suser, for å bruke regjeringspartiens (sic!) honnørord om økonomisk vekst, lavere rente og bedre råd for alle, **slås barn og familier ut med badevannet**. I beste fall dras de opp ved hver valgkamp. (NAK 2005: NL050825: kr)

### Mål- og kjeldedomeneblend i komitativleddet

Sjeldnare finn ein samansetningskombinasjonar i komitativleddet, og ingen av førekomstane i materialet inneheld blend i eit samansett komitativledd i kombinasjon med eit reint kjeldebasert temaledd. (6:25) viser nokre blanda samansetningar i komitativleddet, men der temaleddet er (delvis) uttrykt i ord frå måldomenet. I (6:25 a) er «borna» sånt som er råka av overdriven reformering i universitetssektoren, og temaleddet er ein blend fordi det kvantifiserer at det er snakk om fleire område, på

same måte som i (6:25 d). Førekost (6:25 a) har vi òg vore inne på tidlegare i samband med nominalisering i del 6.7.2. Felles for alle førekostane i (6:25) er at dei har eit temaledd som representerer noko av verdi, som er i ferd med å forsvinne saman med ei eller anna væske. Orda *ut*, *med* og etterleddet *-vatnet* knyter formuleringane til idiomet, og i nokon grad gjer verba det òg, sidan vi har sett at alle desse har blitt brukt i andre førekostar.

- (6:25) (a) BM Valgkampen blir en gylden anledning til å **finne barn som er kastet ut med reformvannet**, og redde dem før det er for sent. (NAK 2005: AP050527: kr)
- (b) BM Likeledes entrer «Quoof» det litterære livet som en bastard av foreningen i Yeats' «Leda and the Swan», men **forgjengerens klassiske allusjoner og politiske referanser har blitt skylt ut med fostervannet**. (LBK 2002: SA11Vi0207.86: kr)
- (c) BM Første halvdel av oppsetningen på Central har realistisk og morsomt driv. [...] Men halvveis stopper selve historien opp. **Poengene forsvinner ut med blandevannet**, og det som både skremte og underholdt av fordommer og misforståelser i første del, går i stå. (NAK 2000: DB000204: kr)
- (d) BM Blyghet er en del av det følelsesmessige immun-systemet. Ikke Vesten en gang vil godta råneprofitt på intim-romantikk i all evighet, og reaksjonen kan komme til å **hive mange livskraftige barn ut med bassengvannet**. Noen kommer til å bli skikkelig sure til slutt. Og det er lov å bli sur. (NAK 2002: SA020806: kr)
- (e) BM Scenejakt | Som følge av at **Vaskeriet presterte å kaste seg selv ut med skyllevannet** har Quartfestivalen de siste månedene jaktet på en ny scene. Aladdin har lenge vært aktuell, men utfordringene er for mange. (NAK2003: FV030306: kr)

Kanskje vil somme dra i tvil at (6:25) er førekostar av *kaste barnet ut med badevatnet* i det heile, og utan tvil er fleire av dei i grenseland. Verken (6:25 b) *foster-* eller (6:25 e) *skyllevann* kan reknast som synonym til *badevatn* og dermed høyre til kjeldedomenet; ein må berre anta at dei er motiverte av noko i konteksten, sjølv om det ikkje direkte går fram av tekstutdraga. Særleg problematisk er (6:25 c), fordi *blandevatn* i eit festleg lag vil vere noko ein ønskjer, men i denne førekosten kan det bli tolka som metonymisk for 'uheldig drikking'. Førekostane (6:25) krev mykje godvilje og tolking for å gje meining, sjølv med meir kontekst enn vist her, og dei viser at det idiomatiske verkeleg blir utfordra når både tema- og komitativleddet berre vagt refererer til kjeldedomenet og handlings-/hendingsleddet ikkje inneheld prototypiske verb for frasen.

I (6:26) er komitativen blanda ved at kjeldedomeneuttrykket har fått eit leksikalsk innskot frå måldomenet. I (6:26 a) kan det argumenterast for at temaleddet *jesusbarnet* utelukkande kjem frå måldomenet, der det i sin tur er metonymisk for ‘kristen tru’ – men etterleddet *barnet* lét her kjeldedomenet klinge med. Den same språkleiken der *barn* både peikar mot kjelde- og måldomene, ser vi i (6:26 c), som spelar på rettane og behova barn har til ein forelder av kvart kjønn, sett opp mot homofiles ønske om å få barn. Her understrekar den morfologiske variasjonen, med *ungene* i fleirtal, den doble botnen.

- (6:26) (a) NN For revolusjonen **slo jesusbarnet ut med badevatnet til tyrannen Batista** i 1959. (NO 2000: DT2000:48: kr)
- (b) BM Sist helg mot Polen, og mot Hviterussland i går, ble **Drillos mest ekstreme, taktiske tanker skyllet ut med Sembs vaskevann**. (NAK 2001: FV010329: kr)
- (c) BM Bruker vi barna som våpen? Kastet Arbeiderpartiet **ungene ut med badevannet** da vedtaket om homofiles forhold til adopsjon ble fattet? Eller forurenses vannet av en debatt hvor **ungene** blir brukt som politiske våpen? [...] [N]å har Ap ifølge Valgerd Svarstad Haugland og alle andre kritikere gitt barnas beste på båten, satt intet mindre enn selve skaperverket til side, **kastet ungene ut med det homofilbefengte badevannet** og tatt mer hensyn til voksne homofiles behov. (NAK 1998: NL981124: kr)
- (d) NN Utfordringa til den framtidige jordbrukspolitikken må bli å hindre at **politiske verkemiddel som har gitt oss eit multifunksjonelt landbruk over heile landet, blir skylt bort med det krisepolitiske badevatnet**. (Atekst 2008: NA080526:17: kr)
- (e) NN Det er sjølvstendig viktig at digitale arkiv blir tatt forsvarleg vare på. Men Riksarkivaren må ikkje **hive den arkivfaglege kompetansen ut med det digitale badevatnet**. (Atekst 2015: BT151221:47: kr)
- (f) NN Det finst gode argument for at fastlegar ikkje skulle reservere seg mot å samtale med abortsøkjande kvinner. Men det finst ikkje gode argument for å **kaste samvitnet ut med eit opprørt politisk badevatn**. I striden om reservasjon blei statslønna individ gjorde til reine reiskapar for statens vilje i eitt og alt, og det synet står fast i spiralstriden. (Atekst 2014: VL140709:2–3: kr)

Som vi ser, er utbyggingane i komitativleddet av ulikt slag, både konstruksjonar som uttrykkjer eigedomsforhold (6:26 a–b) og enkle modifierande adjektivinnskot (6:26 c–f); komitativleddet toler godt å vere ein kombinasjon av kjelde- og målbasert så lenge kjerneordet *badevatn* er med. Vi har tidlegare sett at bruken av substantivet

*vaskevatn* har gått ned, og det er ikkje like frekvent i denne typen variasjon som *badevatn*.

Hypotese 1 om kreativ språkbruk blei tydeleg stadfesta: Kreativ bruk av frasen har blitt mykje vanlegare etter 1990. Der språkbrukarane tidlegare i stor grad heldt seg til å variere kjerneord med nærsynonym, har det blitt vanlegare med frasemodifisering i form av metafortilordning på fire ulike måtar: 1) måldomeneuttrykk i temaleddet, 2) måldomeneuttrykk i komitativleddet, 3) blend av kjelde- og måldomene i temaleddet og 4) blend av kjelde- og måldomene i komitativleddet. Det ser ut til å vere bortimot grenselaust kva ein kan setje inn i temaleddet, så lenge det semantisk står for noko verdifullt ein ønskjer å setje søkjelys på står i fare for å forsvinne. Komitativledd som er ein blend av kjelde- og måldomene, fungerer betre når dei blir modifiserte av leksikalske innskot (jf. 6:26) enn når dei står i samansetningar (jf. 6:52 med *skyllevann*, *fostervann* osv.), eller komitativen er reint måldomenebasert, som i (6:21) med *aftenavisen* og *mjølka*).

## 6.9 Avvikande bruk av frasen

### 6.9.1 Bakgrunn og hypotesar

«Kontaminasjon er navnet på en særlig fruktbar paddeart: krysning av beslektede uttrykk. I dagligtale vil man hyppig høre vendingen: «bite seg merke i»; det er en kontaminasjon av «bite merke i» og «merke seg»» (Bjerke 1966, 46). Farø reknar *kontaminasjon* som ein tredje type idiomatisk variasjon saman med (*eigntleg*) *variasjon* (som i denne artikkelen blir kalla variasjon i mønsterfrasen) og *modifikasjon* (her kalla kreativ modifikasjon). Kontaminasjon er ei ubevisst samanblanding av fleire forskjellige idiom ved at bitar av idiomatiske uttrykk blir bytte ut med tematisk eller lydleg relaterte bitar frå andre språkkonstruksjonar, og det er ein feilanalyse av forma til idiomet som ligg bak (Farø 2004b; 60, Kjøll 2017). Samansmeltinga gjev oss ei kompromissform som ofte får noko (ufrivillig) komisk over seg (Falk 1895, 33; Iversen [1929] 1946, 13f). Under Vinter-OL i Sotsji 2014 uttrykte skiløparen Heidi Weng at «det er bare å bøye seg i hatten» for andre nasjonar som gjorde det betre enn

Noreg på stafetten, og vendinga har i etterkant blitt ein norsk folkefavoritt. Det er ei samanblanding av *bøye seg i støvet for* ('syne audmjukskap, vørndnad eller liknande for (noko(n))') og *ta hatten av for* ('uttrykkje vørndnad for, respektere (noko(n))'). Det er snakk om to nærsynonyme idiom, slik tilfellet ofte er ved kontaminasjon (jf. Ayto 2006, 519).

Kontaminasjon utgjer likevel berre ein liten del av den bruken som kan karakteriserast som avvikande. I denne delen skal vi også sjå på formelle og semantiske forvrengingar av frasen, korleis han blir brukt elliptisk i overskrifter og metaspråkleg, og avslutningsvis korleis frasen blir brukt i poesi. Avvikande vil ikkje seie at eg meiner det er dårleg eller feilaktig språkbruk, men at det er trekk ved førekomsten som tydeleg vik av frå mønsterfrasen. Det er heller ikkje opplagt at alle døma i 6.9 er førekomstar av frasen i det heile; mange av døma vi skal sjå på i denne delen, er ikkje variasjonar eller modifikasjonar av frasen, men frittståande ordspel som føreset ei felles internalisering av frasen. Eit kriterium for å fastslå avvikande bruk er å sjå på om det blir uklart kva tema- og komitativledda viser til – at det ikkje lenger er klart kva som er bra, og kva som ikkje er bra. På same måte er det avvikande språkbruk om tema- og/eller komitativledd manglar eller det er meir enn eitt av kvar i førekomsten. Eit fellestrekk ved førekomstane kategoriserte som avvikande bruk er at dei er referentsvake, og tilknytninga til frasen nærmar seg å gå i oppløysing. Det er viktig å hugse på at idiom, meir enn dei fleste andre aspekt ved språket, varierer mykje frå person til person (Fraser 1970, 23). Det eg i det følgjande kjem til å kalle avvikande bruk, kan bli oppfatta som heilt kurant av andre, og det eg har karakterisert som kreativ modifikasjon, kan av andre bli oppfatta som dårleg språk.

Georg Kjøl (2017, 13f) kallar avvik frå korleis det store fleirtalet av språkbrukarar brukar eit idiom, og som bryt med det som blir oppfatta som språkleg norm, for *ikkje-etablerte uttrykk*, og han koplar det til «språklege blemmer» og knot. Han hevdar at vi i dag møter på fleire språklege normbrot og sær eigenheiter enn tilfellet var for 30 år sidan, fordi det er meir spontan språkbruk og eit mykje større mangfald i kven som slepper til i gamle og nye media: «Å samle på forvrengningar (forwengningar?), kreative avarter og språklige pinligheter har dermed blitt en riktig så takknemlig

oppgave» (17). Ny teknologi og særleg internett har ført til at mengda av tekst er mangedobla, og ifølgje Kjøll er det dermed også langt fleire høve til å gjere feil. Rett nok har folks utdanningsnivå aldri vore høgare, og dei fleste får mykje meir skrive- og lesetrening enn nokon gong tidlegare, men samstundes har avstanden mellom tanke og skrift minka parallelt med at mengda av plattformer å ytre seg på har auka, og blant dei profesjonelle skribentane har auka tempo i avisredaksjonane ført til at det har blitt færre auge som ser på kvar tekst før publisering (20f).

Før den meir kvalitative gjennomgangen av kva som kjenneteiknar den avvikande bruken av frasen, er det nokre tal og påstandar vi har vore innom tidlegare, som er det viktige å få avklart først. Hypotese 2 baserer seg på avsnitt 4.2.1 der eg hevdar at det er rimeleg å tru at mange nynorskbrukarar av ulike grunnar i mindre grad enn bokmålsbrukarar held seg til dei fastsette normene i målforma, og at det kan spele inn på at dei også har relativt meir avvikande frasebruk enn bokmålsksribentar.

Hypotese 1 om avvikande bruk: Den avvikande bruken har auka etter 1990.

Hypotese 2 om avvikande bruk: Det er meir avvikande bruk i nynorskførekomstane enn i bokmålsførekomstane.

## 6.9.2 Kontaminasjon og avvikande bruk i materialet

**Uttesting av hypotese 1 om avvikande bruk:** Den avvikande bruken har auka etter 1990.

Tabell 6.29 viser at det ikkje utan vidare stemmer at det er fleire språklege normbrot i dag enn i tidlegare tider. Ja, den kreative modifikasjonen av *kaste barnet ut med badevatnet* har relativt sett auka signifikant, men det har ikkje den avvikande bruken. Av førekomstane til og med 1989 hamna 5,9 % i kategorien avvikande bruk, medan etter 1990 er tilsvarende tal 8,3, og den forskjellen er langt frå å vere signifikant målt med khikvadratstest med korreksjon (cbind(c(6, 56), c(93, 619)),  $\chi^2 = 0,3$  og p-verdi = 0,57). Som elles i dette kapitlet er målformene sett under eitt når det gjeld den historiske utviklinga.

**Uttesting av hypotese 2 om avvikande bruk:** Det er meir avvikande bruk i nynorskførekomstane enn i bokmålsførekomstane.

Tabell 6.9 viser ein klar forskjell mellom bokmål og nynorsk i kategorien *avvikande bruk*. 24 av 460 bokmålsførekomstar (5,22 %) er kategoriserte som avvikande bruk, medan tilsvarande tal for nynorsk er 38 av 373 (10,19 %). Målt med khikvadratstest med korreksjon er forskjellen mellom målformene på kor mange førekomstar som har avvikande bruk av frasen, signifikant:  $cbind(c(24, 38), c(382, 335)) \chi^2 = 4,3$  og p-verdi = 0,038. Når ein studerer førekomstane i denne kategorien, blir det likevel tydeleg at dette ikkje handlar om at nynorskbrukarar er meir lemfeldige i omgangen med målforma si enn bokmålsbrukarar, og det er eit viktig sjølvstendig poeng. Om ein berre ser på problematiske frasar, kan ein lett få inntrykk av at nynorskbrukarane ofte, bevisst eller ubevisst, bryt dei fastsette normene, men denne djupneundersøkinga kan vere med på å nyansere det inntrykket. Dei fleste frasar har uproblematisk, parallell form i bokmål og nynorsk, og iallfall i *kaste barnet ut med badevatnet* er det ikkje slik at nynorskbrukarane skriv og brukar frasen meir feilaktig enn bokmålsbrukarane.

Fleire avvikande førekomstar i nynorsk enn bokmål i denne undersøkinga kan tilskrivast ulik søkjemetodikk i dei to målformene i materialinnsamlinga. Dei heilt opne nynorsksøka gav fleire førekomstar med spreiske syntaktiske konstruksjonar og forvrengingar som blei kategoriserte som avvikande i materialet (t.d. splitting av frasen i to setningar med to sjølvstendige verb), enn søka i bokmålskorpus opna for. Det er i seg sjølv interessant å sjå på korleis det går føre seg. Først ser vi på nokre førekomstar der *bade-/vaskevatnet* har rykt til venstre og ikkje kan reknast som komitativledd, då det ikkje lenger har den semantiske rolla «saman med» :

- (6:27) (a) NN Hr. H. P. Farsund lovar oss at me skal faa foredraget: «Frå tru til kunnskap» på prent. Som aahøyrrar vil eg segja: «Gjer det ikkje. Det var daa berre halvferdig, eller som han sa sjølv: **Det var berre vaskevatnet. Barnet hadde han ikkje fått stunder til å tenkja paa.** Naar hr. Farsund har stode ved den brennande klunger-run, og kjennt elden paa den heilage staden, naar hans sjæl har vorte gjennomstrøymd av Ijoset fraa livsordet, og han har teke «skorne» av, naar han har «faat barnet», daa kan han koma, gjerne straalande, og tala med oss, so skal me nok verta einige um vaskevatnet. (nb.no 1919: <http://urn.nb.no>: av)

- (b) NN Basars standpunkt er at skal vi få reint vatn i litteraturbaljen, er det ikkje nok å **slå ut det skitne badevatnet, den gamle, skitne ungen må også ut.** (nb.no 1982: NO-TrBIB (998340247724702202): av)
- (c) NN «Dette blir ikkje ei forenkling. Det blir berre mykje meir styr med administrasjon til bli distraheret av. Regjeringa prøver å gå inn for at den enkelte borgaren kan finne sin plattform for moralsk og religiøs erfaring, - og fridomen skal stimulere til personleg erkjenning og utvikling. Ein makelaus visjon, absolutt, men eg trur det heller blir ein straum av utmattande rundskriv og endelause paneldebattar i fjernsynet. Mange vil dette av lasset. **Vaskevatnet kan berre tømast ut, det finst ganske enkelt ikkje noko barn i stampen.**» (google.no 2011: www.hugen.no: av)
- (d) NN Svara hans er kontroversielle. Men han tar iallfall det bryet som fleire burde umaka seg med: **Finna ut kva som var badevatnet, og kva som var barnet.** Først når me har funne ut av det, kan me føra ein skikkeleg dialog med muslimar. Og kvarandre. (Atekst 2009: HA090606:2: av)

I del 6.7.2 konkluderte eg med at *kaste barnet ut med badevatnet* toler røkingar i ordstillinga både av typen som er vanlege, og dei som førekjem sjeldnare blant idiomata, med andre ord er frasen syntaktisk sett svært fleksibel. Det er ikkje tvil om at førekomstane over alluderer til mønsterfrasen, men likevel bevegar dei seg i grenseland for kva som er mogleg utan at innhaldet blir tåkete. Kvifor det? I (6:27 a–c) ser vi at eit resultat av at badevassleddet er flytta lenger fram i setninga, er at det blir uklart kva som er av verdi, og kva som er verdilaust i frasen. At *ungen* i (6:27 b) er både gammal (ei sjølvmotseiing som nødvendigvis må referere til noko i måldomenet) og skitten, og også av den grunn må ut, gjer at vi må lure på kor stor verdi han eigentleg har. I desse førekomstane kan vi slå fast at både morfosyntaksen og semantikken er avvikande.

I somme tilfelle er ikkje *badevatnet* del av eit komitativledd, sjølv om det syntaktisk har si prototypiske plassering i frasen, slik som i (6:28). Dessutan har førekomstane to verb, og begge desse faktorane er avvikande frå mønsterfrasen.

- (6:28) (a) NN For Jens Stoltenberg er det ei mager trøst at den nye svenske regjeringa har fått til meir skrik og skråll på ei veke enn den raudgrøne regjeringa har gjort på eitt år. I Sverige har Fredrik Reinfeldt vorte tvungen til å **kaste ut to av statsrådene allereie før han har tappa i badevatnet.** I Norge har dei raudgrøne i det minste komme godt i gong med å fylle vatn i tørrlagte kommunale badebasseng. (Atekst 2006: DA061018: 2: av)



- (b) BM [...] finne ut hvordan en på en sosialt og kulturelt inkluderende måte kan tilpasse det uformelle samtidig som en bøtter på negative sider. Med andre ord **hvordan beholde barnet og bli kvitt badevatnet**» (NAK 2005: DB050419: av)

Sjølv om semantikken i bokmålsførekomsten (6:28 b) er relativt stabil, er forma sterkt avvikande.

At barnet ('det gode') forsvinn med badevatnet ('det uønskte'), blir av dei aller fleste rekna som negativt, men det finst nokre døme som iallfall er diskutabile:

- (6:29) (a) NN **Kast barnet ut med badevatnet!** Er du av dei som har så god hukommelse at du hugsar korleis folk reagerte i fjor, då terroren ramma? Me slo ring om kvarandre, tok vare på kvarandre, og gjorde statsministerens ord til våre: Me skal svara på terroren med meir demokrati, meir openhet, men ikkje med naivitet. No har 22. juli-kommisjonen levert sin rapport. Kva seier media? Korsfest, korsfest! Nokon må gå! Jens Stoltenberg må gå, politidirektøren må gå, politimeisteren i Nordre Buskerud må gå, me vil sjå blod! Media vil ha syndebukkar. Slik kan dei effektivt forhindra at me lærer noko som helst av rapporten frå 22. juli-kommisjonen. [...] Men når me grev oss ned i alle feila, kan me fort gløyma alt det fornuftige som også blei gjort. I fjor var eg stolt over at Norge hadde vist korleis samfunnet kan takla ei terrorhandling, ein slåande kontrast til hysteriet som ramma USA og Vesten etter 11. september 2001. I dag er visst dette gløymt. (Atekst 2012: KK120816:Del:1: av)
- (b) NN Og vi må fjerne alle kampmåtar som kan leie til ei slik oppheving, som til dømes revolusjon. For å unngå totalitarismen må vi utrydde alle praktiske framandgjorte middel som vi kan bruke for å nå kommunismen. **Vi må kaste ungen ut og ta vare på badevatnet. Men resten av arven frå Marx (badevatnet altså) meiner han er verdifull og må vernast.** Med dette er vi framme ved ein filosofi som legitimerer ein sosialreformistisk politikk eller om du vil ein verdikonservativ politikk. (google.no 1997: www.tvalen.no: av)
- (c) NN Men Senterpartiet meiner det er muleg å kombinere statleg ansvar for likestilling med familien si omsorg for barn. Det er ikkje å forlange både i pose og sekk, men å **redde både barn og badevatn.** Likestilling krev aktive politiske grep og verkemiddel og det er diverre langt att enno. (Atekst 2009: AV090820:6: av)

Ein treng store mengder kontekst for å tolke førekomst (6:29 a), der det er uklart om det er den konvensjonelle tydinga som ligg til grunn med noko godt og noko utan verdi. Ved første augekast ser det ut til at forfattaren oppmodar oss til å bli kvitt barnet, sidan imperativforma ikkje er kombinert med ei nekting. Mot slutten av utdraget kjem det fram at noko har verdi – samhaldet og måten det norske folket takla 22. juli-terroren på – men at han er redd for at dette gode skal forsvinne i

sjølvransakingas vaskevatn. Er det her snarare slik at vi kan ane ein ironisk undertone, og at han brukar den konvensjonelle tydinga av idiomet til å formidle at han meiner det som skjer, ikkje er så klokt?

(6:29 b–c) har ulik tilnærming ved at enten må ein ta vare på både barn og badevatn, eller så må ein kvitte seg med begge. Sjølv om det ikkje er tvil om at det er den etablerte frasen det blir spelt på, blir det vanskeleg å parafrasere kva som er meint med frasen i konteksten. (6:29) er døme på at idiomet kan bli veldig referentsvakt. I slike referentsvake førekomstar der det ikkje er råd å gjenkjenne barnet som det verdifulle og badevatnet som det verdilause, er det meir aspektet toskeskap som slår inn. Ved å bruke frasen på denne måten, ønskjer ein å signalisere at ein tykkjer at noko som skjer er dumt og ukløkt.

Det sit langt inne å karakterisere noko som feilaktig eller dårleg språkbruk. Likevel skal det godt gjerast å finne andre treffande nemningar for førekomstane i (6:30).

(6:30) (a) NN For passa på at absolutt alle kan delta i symjetimane måtte det beste vel vera å gå over til turrtrening. Her kan me læra mykje av korleis Kristendomsfaget vart til KRL-fag og sidan til RLE-fag. Stutt sagt: **BÅDE bejbien OG badevatnet!** (google.no 2013: [www.document.no/](http://www.document.no/): av)

(b) NN I 2002 innførte Tromsø kommune 2-nivåmodellen. Dei la ned pleie- og omsorgskontoret (pluss skulekontoret og liknande), og delte opp i resultatene. Den samla faglege kompetansen og erfaringa i Tromsø var sa (sic) at «**barnet som rann ut med badevatnet**», og fokus på bedriftsøkonomiske budsjett vart enno sterkare. (google.no 2009: [marxisme.no/](http://marxisme.no/): av)

(6:30 a) er ein kommentar til ei sak om at Utvalet for kultur og oppvekst i Sandnes ønskjer at dei føresette til muslimske barn skal få sjansen til å søkje om fritak for svømmeundervisning dersom dei sjølv tek ansvar for at barna blir svømmedyktige. Ei mogleg tolking er at skribenten meiner at både det som var bra (kristendomsfaget), og det med lågare/ingen verdi (kristendom, religion- og livssynsfaget) blei skrota då religion, livssyn og etikkfaget blei til, men det må store mengder godvilje til for å få presse ei fornuftig meining ut av dette. Både tema- og komitativledd er uklare, det einaste som er nokolunde klart når skribenten spelar på frasen på denne måten, er at han meiner at noko er dumt, og at noko har gått tapt. Begge førekomstane i (6:30) er

døme på at det krev stor, kanskje for stor, velvilje og tolkingsiver hos lesaren for at dette skal gje meining, sjølv om det ikkje er tvil om at dei alluderer til *kaste barnet ut med badevatnet*.

### *Kontaminasjon*

I datamaterialet finst det svært få tilfelle eg vil rekne som kontaminasjon, altså samanblanding av to frasar. Det går ikkje an å sjå vekk frå at det kan ha vore fleire slike blant treffa i korpus og på nett, men at dei ikkje blei tekne inn i materialet som førekomst av *kaste barnet ut med badevatnet*. I (6:31 a) er det snakk om å spele ball. *Spelar ein ballen over til nokon*, forklarar NO det med ‘gje (noko) vidare (t.d. ansvar, oppgåver)’. Eventuelt kan det ha å gjere med å *spele noko(n) utover sidelinja* (‘setje (noko(n), seg sjølv) ut av spel, gjere makteslaus’, forklarar NOB). Eller er det kanskje ein anglisisme, *play ball*, (hverdagslig, spesielt amer.) 'samarbeide, stille opp, delta, være med (på leken)' jf. *Stor engelsk-norsk ordbok* på ordnett.no, som har snike seg inn – og at meininga kan vere kopla til at det er eit samarbeid som står på spel? Uansett er formuleringa både rar og krevjande å skulle dra noka meining ut av.

(6:31 b) har gjeve namn til dette kapittelet, sjølv om førekomsten er langt frå prototypisk. Språkleiken i denne overskrifta til ei nyhendesak om korleis pedofile oppnår kontakt med mindreårige på nett, verken gjenspeglar alvoret eller er enkel å knyte til den konvensjonelle tydinga (det er med andre ord vanskeleg å tolke kva som er meint), og det er fordi vi eigentleg har med to separate, men her samankopla idiom å gjere. «Blås i babyen» kan parafraserast med at ein skal gje blaffen i eller ikkje bry seg om babyen, medan «ut med badevatnet» er ein ellipse eller eit brotstykke av den fulle frasen.

- (6:31) (a) BM Høyres Olemic Thommesen vil likevel ikke gi opp tanken på en indirekte statsstøtte til Store Norske [Leksikon], på lik linje med det som gis til kulturinstitusjoner og universiteter. Thommesen måtte vedgå at det selv for garvede stortingspolitikere kan være vanskelig å holde tritt med utviklingen. - Det er veldig fort gjort at vi kan **spille ballen ut med badevannet**, rett og slett fordi samfunnsutviklingen går forttere enn det det politiske miljøet klarer å håndtere, sa Thommesen (sic). (NAK 2010: DA100602: av)
- (b) BM **Blås i babyen - ut med badevannet** | tenåringer er på Internett. Pedofile vil ha tenåringer. Ja, kan vi få gjort nok? | [...] VG slår i dag opp at jenter under 16 år søker

etter sex på Spraydate og andre nettsted. Nettstedets redaktør Odd Harald Hauge innrømmer at dette er fæle greier, og sier at en aldersgrense på 16 kanskje ville være en god ide. (NAK 2001: DB011203: av)

I (6:32) kan ein kanskje snakke om ein ikkje-intendert, intern kontaminasjon av tema- og komitativledd. Om (6:32 b) er intendert og er meint å spele på måldomenet fordi det er snakk om fødsler og barn, tykkjer eg ikkje det er særleg vellykka.

- (6:32) (a) BM **Slår vi ikke barnet ut med barnevannet** dersom vi godtar at de nye og unektelig svært lovende digitale muligheter skal begrenses av innholdsleverandørers og publiseringsselskapers krav om fortjenestemotivert eksemplarkontroll? (noWaC u.å.: 8414381: av)
- (b) BM Løsningen på dette er verken å legge ned fødeavdelinger eller hele sykehus, men å jobbe med utvikling og kvalitetssikring. Det er som kjent uheldig å kaste barnet ut med **barnevannet!** Sentralisering av fullverdige fødetilbud er ingen farbar vei å gå. (NAK 2008: NL080219: av)

*Barnevatn* i (6:32) er døme på eit fenomen som på engelsk har etablert seg med termen *eggcorn* – opprinneleg ein avart av det etablerte *acorn*, som på norsk svarer til det vi kallar eikenøtt eller åkorn. Eit «eggcorn» er ifølgje Oxford English Dictionary og Merriam-Webster ei omdanning av eit ord eller ein frase som resultat av at ein har høyrte feil eller tolka eitt eller fleire element som eit lydleg liknande ord, og det blir feilaktig brukt på ein tilsynelatande logisk eller plausibel måte. Kjøll argumenterer for at det trengst ei norsk nemning for fenomenet, og han slår eit slag for «'sado-maskinisme', som den fra nå av korrekte oversettelsen for 'eggcorn', altså et ord hvor én eller flere lyder har blitt endret, med et nytt meningsinnhold som resultat» (Kjøll 2017, 161). *Barnevatnet* ser og høyrest tilforlateleg ut, det er klare lydlege likskapar mellom *barne-* og *bade-*, men ordet gjev lita meining i kontekstane.

At det ikkje er fleire førekomstar med kontaminasjon, kan ha samanheng med at ingen av orda i *kaste barnet ut med badevatnet* er sjeldne eller ukjende for folk flest, og komponentane har heller ikkje berre subtile forskjellar med andre, meir frekvente ord i språket, som er faktorar som lett kan føre til samanblanding av frasar (226).

### 6.9.3 Ellipse

Delar av idiom kan bli utelatne i elliptiske konstruksjonar. Harald Burger reknar ellipse som ein formell modifikasjon (dvs. at han endrar den ytre forma til frasen) som stort sett ikkje fører til semantisk modifikasjon: «Eine formale Modifikation, die (meist) keine semantischen Konsequenzen hat, ist die Verkürzung (Ellipse), wie sie sich häufig in Schlagzeilen, besonders in kommentierenden Texten, findet» (Burger 1998, 153). Nunberg slo allereie i 1970 fast at det er brei semje om at fenomen som verbfraseellipse av natur er fundamentalt semantiske: Ord som er erstatta med substitutt og dei manglande elementa i ellipsar, må svare til semantiske einingar, og det vil seie at desse delane av idiomet må ha ei slags sjølvstendig tolking (Nunberg, Sag og Wasow 1994, 501).

#### 6.1.1.1 Overskrifter og underoverskrifter

Ordspråk eller delar av dei har gjennom historia fungert som inspirasjon for boktitlar og i overskrifter og ikkje minst underoverskrifter i massemedietekstar – av og til berre som allusjonar, slik vi t.d. såg med «babyberging» i førekomst (6:25), andre gongar i sitatform. Ellipsar kan bli brukte i overskrifter av plassomsyn eller ein desk som med vitende og vilje søker å forvirre folk for å halde på merksemda deira (Kjøll 2017: 191). Ordspråk i framskotne posisjonar som overskrifter gjev korte, konsise og ekspressive introduksjonar til eit tema:

They are supposed to establish contact with the reader, facilitate and possibly evoke their attention, and provide an incentive for reading (all in the function to emotionalise), while establishing coherence with the content of the respective text at the same time (Jesenšek 2015, 154)

I overskrifter skal metaforen med barnet og badevatnet tiltrekkje seg merksemda til lesarane samstundes som dei blir kjenslemessig førebudde på ei kontroversiell sak – utan direkte referanse til kva nyhendesak overskrifta gjeld. Slike overskrifter skal i vår samanheng signalisere at nokon har eller er i ferd med å overreagere ved å kaste barnet, kva som det no er, ut saman med badevatnet (Mieder 1991, 384).

Berre unntaksvis blir heile frasen *kaste barnet ut med badevatnet* brukt i fullt utbygd variant, slik vi såg det i førekomst (6:20) med «Ikkje kast bøkene ut med badevatnet»

og (6:33 a). Då er det sjølvsagt ikkje snakk om ein ellipse elle noko avvikande ved den bruken. I overskrifter og underoverskrifter er det vanlegare at skribentane brukar ellipsar enn fullt utbygde variantar. Ein relativt trygg måte å drive avkorting på er å ha med både tema- og komitativledd i kombinasjon med dei stabile grammatiske orda *ut* og *med*. I førekomst (6:33 b–c) er det berre verbet som blir kutta, og som eg har vore inne på tidlegare, er verbalet det mest ustabile ordet i utkanten av denne og mange andre frasar; kjernen i *kaste barnet ut med badevatnet* er *barnet ut med badevatnet*. Her seier retningsadverbet implisitt noko om bevegelse og at barnet blir utsett for ei hending eller handling, og eg reknar difor førekomstane som kreativ modifisering. Det er dermed ikkje slik at alle ellipsar er avvikande språkbruk.

- (6:33) (a) NN [...] klårt at medisinane til dømes vart gitt eit for dårleg omdømme slik at pasientar som verkeleg trengte det, vart skremde frå å bruka dei. | **Kast ikkje barnet ut med badevatnet** | Psykiske lidningar har ikkje ei einskild forklaring, pasientane er ikkje tente med at ein einssidig samlar seg om eitt perspektiv. (NAK 1999: OD990503: osv)
- (b) NN **Babyen ut med vaskevatnet** | Kvinnene og mennene som er på utstillinga opplever nok gjerne budskapet ulikt. Men kva med barna då? Er det noko å hente for dei? Dei som var til stades same dag som meg, let seg i alle fall fengje kraftig av vaskemaskina «Evalet». - Eg har bada i ei slik, fortel Sommerseth Jacobsen til nokre forbløffta barneansikt. Ho oppnar (sic) lokket på den toppmata maskina og syner korleis mor hennar fylte maskina med vatn og bada babyen sin oppi. (google.no 2006: www.abcnyheter.no: kr)
- (c) BM Offentlige anskaffelser – **barnet ut med badevannet?** Frokosmøte (sic) i regi av LCC Forum og NBEF | 10. juni kom Forenklingsutvalget med sitt forslag til nytt nasjonalt regelverk for offentlige anskaffelser [...] Vi ber om dine synspunkter og spør bl.a. om fjerning av såkalt «ikke anskaffelsesfaglige hensyn» utgjør en fare for kvaliteten på anskaffelsene. (google.no 2014: www.lccforum.no: kr)

I (6:33 b) avslører den siste setninga i avsnittet at både tema- og komitativleddet i overskrifta også spelar på måldomenet, og dermed er denne førekomsten blant dei i materialet som i størst grad nærmar seg ein bokstavleg parallell til den overførte frasen.

I førekomstane (6:34 a– b) blir ikkje barnet utsett for ei handling eller hending, og det har såleis ikkje ei semantisk temarolle. I (6:34 b) har skribenten endra preposisjonen i den forkorta utgåva i overskrifta til *i*, og dermed kan *badevatn* ikkje lenger koplast til

ei komitativrolle; det er berre ordformene *barn* og *badevatn* som peikar mot frasen. Når eit eller fleire av uttrykka i underoverskriftene ikkje har ei semantisk rolle som kan reknast som temaledd eller komitativledd, hamnar førekomstane i kategorien avvikande bruk, sjølv om det ikkje kan vere tvil i nokon av førekomstane under at det er det aktuelle frasen det blir alludert til. Det heng òg saman med at frasen oftast kjem i fullt utbygd variant i sjølve teksten når ein elliptisk variant blir brukt i ei underoverskrift, slik (6:34) gjev nokre døme på. I (6:34 a) kan det sjå ut til at enten skribenten eller intervjuobjektet har late seg rive med i språkleiken og byggjer ut metaforen til han blir overtydeleg og på grensa til banal, i eit elles seriøst intervju om eit alvorleg tema:

- (6:34) (a) BM For direktør Bente Nyland i Oljedirektoratet er Statoil-kuttene dårlig nytt. Hun er svært skeptisk hvis oljeselskapet kutter for mye, for hardt. | **Barnet med badevannet** | - Vi må ikke kutte i framtidige muligheter på grunn av kortsiktige kostnadskutt. Andre løsninger må søkes først, før vi hiver ut barnet med badevannet, sier Nyland. Barnet har flere navn. Oljedirektøren nevner både interesse for oljebransjen blant unge og økt utvinning av olje og gass som to eksempler på hva hun frykter kan bli skylt ned i sluket. (NAK 2014: SA140211: av og idv, dei to siste er ikkje registrerte som førekomst av frasen)
- (b) BM [...] - Sjokkerende. Norge er for seint på banen. Norge bør trekke seg ut, sier ekspertene. | **Barnet i badevannet** | SV-toppene Heidi Sørensen og Kristin Halvorsen er imidlertid redde for å slippe barnet ut med badevannet når kritikken hagler mot prosjektene i «Clean Development Mechanism» (NAK 2008: SA080523: av og idv)
- (c) NN Det har ført til eit opprør blant mange kommunestyrerepresentantar i Etne der dei ikkje berre stiller spørsmål ved lokalisering, men om avtalen er akseptabel. | **Ut med badevatnet** | [...] Fleire åtvara mot eit for drastisk vedtak i og med at det er lokaliseringa som har skapt misnøya med PPT-samarbeidet, og ikkje avtalen. Det kan bli som å kaste barnet ut med badevatnet sidan avstanden til Tysvær eller Kvinnerød ikkje er noko kortare. (google.no 2009: grannar.no: av og idv)
- (d) NN Ja, eg meiner det, her må ein inn og skilja mellom produkta, ein må sjå på kva som er opplagt skadeleg og kva som er naturleg sukra produkt, det må ein grenseoppgang til her, ingen kan vera usamde i det. | **Badevatnet** | Tor Bremer søv heller ikkje i timen når det gjeld å slå tilbake sukkerskatten. Han seier det er meningslaust å gå i strupen på alt som er sukkerhaldig, all den tid det ikkje blir skilt mellom kunstig og naturleg sukker. – Me risikerer til slutt å slå babyen ut med badevatnet, seier han, og etterlyser snarleg fornuft i systemet. (Atekst 2012: SO121113:4: overskrifta er ikkje registrert som eigen førekomst og idv)

Svært mange av førekomstane der *ut* og *med* ikkje er med, og det hugsar vi frå del 6.5.2 berre skjer unntaksvis, er å finne i elliptiske overskrifter. Det blir også tydelegare at ein alluderer til ei tyding, heller enn å gjere overskriftene altfor eksplisitte når ein skifter ut dei stabile grammatiske orda. Temaledet *barn* er kutta i (6:34 c–d), og truleg er *badevatn* så pass lågfrekvent og markert i konteksten at det på eiga hand sørgjer for å styre tankane våre i retning av idiomet.<sup>43</sup> Når den ordspråksliknande frasen kjem til slutt i ein tekst, som i (6:34 d), har han oftast som funksjon å summere opp moralen i det som har blitt skrive, og i denne førekomsten understrekar overskrifta at skribenten spelar både på det fysiske og det overførte vatnet.

I førekomstane (6:35) er det den målbaserte konteksten som held oppe tilknyttinga til frasen ved at det viser oss at noko av verdi er truga og kan forsvinne:

- (6:35) (a) NN I tillegg vil ho ha prøveforelesing torsdag 13. september same stad: Kl 17:15 Sjølvvalgt emne: **Handskriftlæring i barneskolen. Barnet i badevatnet?** | Kl 18:15 Tildelt emne: Pedagogiske konsekvensar av nyare innsikt i staveutvikling. (google.no 2007: www.uis.no: av)
- (b) NN **Barnet og badevatnet** | [...] Institusjonsleiarane sin bodskap er at «Arkivverket må moderniseres», mens historikarane åtvarar om at «Arkivreform trugar historieforskninga». Etter å ha lese innlegga, kan eg slutte meg til hovudsynpunktta i begge. Det er openbart at bevaring – og forsvarleg skaping – av digitale arkiv er oppgåver som krev at Arkivverket satsar på ein annan måte enn til no, både ressursmessig og organisatorisk. Samtidig er det stor fare for at fjerninga av det regionale leiarnivået, vil føre til fagleg fragmentering og svekka institusjonskompetanse på dei nye regionale «arbeidsstadane». (google 2015: <https://depotdrenge.wordpress.com>: av)

### 6.1.1.2 Metaspråkleg variasjon

Vi finn òg mange døme på at frasen er så veletablert at skribentar kan bruke han i dramatisk mykje meir avkorta form enn den typiske bruken. I døma under er det meir korrekt å seie at skribentane berre refererer til frasen, men likevel kan dei vere trygge på at semantikken i frasen skin gjennom:

<sup>43</sup> I ei liste over dei 100 000 mest frekvente orda i norsk basert på 14,6 million ord på <http://clu.uni.no/nta/> har *badevannet* 13 eksemplar (dvs. 0,9 førekomstar per million ord) på linje med dei omliggjande formene *azorene*, *b-laget*, *babylon*, *bakkes*, *baksmell* og *bakspiller*. Mindre enn ¼ av orda på lista har fleire enn 5 eksemplar, så med sine 13 er det ikkje heilt presist å kalle *badevannet* eit direkte lågfrekvent ord. *Barnet* er i same liste registrert med 1013 eksemplar, dvs. 69,4 førekomstar per million ord, og *barn* har 6065 eksemplar.



- 
- (6:36) (a) BM Teoritrøtt ungdom må få tilbud om en utdanning de kan utstå, **men det er noe med barnet og badevannet**. (NAK 2014: DB141030)
- (b) NN Om ein ikkje kjem lenger enn til den verbale og visuelle slagmark, er det fare for at **ordtaket om barnet og vaskevatnet** kan passe på mediedekning av barnevernssaker. (nb.no 1989: NO-TrBIB (999005958414702202))
- (c) NN Det er vel og bra, men **her er det også eit spørsmål om barnet og badevatnet**.
- (d) NN **Det er dette med barnet og badevatnet**. (google.no 2013: www.nkrf.no/)
- (e) NN **Det er den gamle historia med barnet og badevatnet**. (nb.no 1995: NO-OsNB (999522309684702202))

Det er opplagt at slike ekstreme avkortingar som i (6:36) ikkje ville vere kommunikative om frasen ikkje var velkjent for eit breiare publikum. I den innleiande teoridelen (2.2) skreiv vi om variasjon knytt til frasetype og Clausén og Lyly som hevda at eit kjenneteikn ved ordspråksliknande frasar som *kaste barnet ut med badevatnet* er at dei ikkje har eit ikkje-metaforisert motstykke. Det kan vere med på å kaste eit forklarande lys på kvifor det er nok å berre referere til frasen, slik det er gjort i desse døma. Kombinasjonen av komponentane *barn* og *badevatn* gjev tydelege assosiasjonar til frasen, og brukarane skjønar difor at dette skal tolkast metaforisk, og vi koplar det med faren for å miste det verdifulle saman med det verdilause.

### 6.9.4 Barn og badevatn i poesi

Det er ikkje overraskande at medan *kaste barnet ut med badevatnet* blir brukt i mønsterforma og utan kreative element t.d. i stortingsdokument, kan det ta seg annleis ut når poetar og andre skjønnlitterære forfattarar strategisk tek det i bruk. Det blir hevda at dagens poetar kjenner like stor trong for å ta føre seg visdomen i ordspråk og metaforane i ordspråksliknande frasar som poetar før dei har gjort med same fasinasjon (Sobieski og Mieder 2005, xi). Somme dikt med ordspråksreferansar er tydeleg intenderte reaksjonar på den alltid tilstadeverande folkelege visdomen; somme er fargerike samlingar av folkelege metaforar, medan andre avslører poeten si kritiske haldning til verdien av tradisjonell visdom i den moderne tid. Ordspråkspoesien er basert på samspelet mellom tradisjon og innovasjon, og som slik inneheld han folkelege metaforar om menneskelege vilkår i ei poetisk form (xiv).

Eg trekkjer særskilt fram bruken av frasen i poesi fordi det illustrerer på best mogleg måte at sjølv om eg reknar førekomstane (6:37)–(6:38) som avvikande, er det sjølv-sagt ikkje dårleg språkbruk. Førekomst (6:37) er Eldrid Lundens dikt «Inn og ut av Odas skinn» frå samlinga *Noen må ha vore her før* frå 1990:

(6:37) NN Albertine er ramma i slektsgalleriet  
 som blei borte før veggen blei  
 reist. Albertine er den usynlege folden  
 i Odas kjole. Albertine er **barnet i**  
**vaskevatnet** når Dagny **slår håret ut** i  
 ein eller annan revolusjon. Albertine  
 står bak eit tre i hagen når Oda stirer  
 melankolsk inn i elden, kvelden og kviskrar:  
 Først når eg er trygg, kan eg hoppe på djupet  
 (nb.no 1990: NO-OsNB (999009596814702202): av)

Frasen er i denne førekomsten svært referentsvak og transformert, men likevel uttrykkjer metaforen at verdien av Albertine er truga. Ho risikerer å forsvinne eller iallfall ikkje bli sett.

(6:38) er eit dikt av Miroslav Holub, «Skyhjuringen til Hans Arp» («Oblačný pastýr»), gjendikta av Arvid Torgeir Lie, frå samlinga *Den forsvinnande lungas syndrom (Syndrom mizející plíce)* frå 1990:<sup>44</sup>

(6:38) NN Fødd ved eit keisarsnitt (medan andre blei kasta ut og inn i verda med badevatnet), utelaten frå antologiar som likna på ovnane ein brukte under julebaksten, (nb.no 1994: NO-OsNB (999404175104702202): av)	Narozen cisařským řezem /zatímco druhé vylili na svět i s vaničkou/, nepojat do antologu podobných troubám na vánoční cukroví,
---	--

Det er den same *kaste barnet ut med badevatn*-frasen det blir sjonglert med i den tsjekkiske utgåva (*vylit/vylévat dítě i s vaničkou* er den konvensjonelle tsjekkiske forma), og direkte omsett er første del av strofa omtrent slik: fødd ved keisarsnitt, mens dei andre kom til verda ved at dei blei kasta ut med badevatnet. Vi ser altså både at frasen blir brukt i tsjekkisk, og at han på same kreative måte som vi kjenner,

<sup>44</sup> Takk til Martin Humpal og Helene Gulbrandsen ved Univerzita Karlova v Praze i Praha som i 2016 fekk tak i den tsjekkiske utgåva av diktet og ei ordbokføring av frasen, i tillegg til å bidra med den direkte omsetjinga.

kan modifierast. Ei liknande undersøking som dette kapittelet representerer, kunne sikkert blitt gjort på mange språk med utgangspunkt i same frasen.

### 6.9.5 Formuleringar som ikkje er førekomstar av frasen

Avslutningsvis skal vi sjå på to formuleringar som var blant korpustreffa, men som ikkje blei ein del av undersøkinga av *kaste barnet ut med badevatnet*.

- (6:39) (a) BM Høybråten åpner nå slusene for fullt og **partiets verdigrunnlag skylles ut med strømmen**. (noWaC 2005: 11342637: ikkje i datasettet)
- (b) NN [...] vi kvinner er endå flinkare enn mennene til å **leggje att fjøslukta heime og skylle henne ned med badevatnet**. Det er ikkje noko vi tek med oss på møte og i lag. I dag har alle høve til å vaske seg og byte (Oslo-korpuset 2001: AV/Loka/01: ikkje i datasettet)

Vel å merke kan *skylles ut* i (6:39 a) peike mot idiomet, og temaleddet står for noko som er ønskt, men *strømmen* viser ikkje til noko som ein vil bli kvitt. Saman med omtalen av sluser fører det tankane i retning av elvar og kanalar. Det er altså ikkje ein agens som kastar ut «barnet», men krafta i ei fossande elv. *Skylt ut* kan også i (6:39 b) peike mot idiomet. Lukt er ikkje noko ein kan leggje igjen nokon stad, så skribenten signaliserer med det at ho leikar med orda. *Badevatnet* er truleg meint bokstavleg, og temaleddet er i dette tilfellet ikkje noko av verdi; fjøslukta er tvert om ønskjeleg å bli kvitt. Forskjellen på (6:39) og den avvikande bruken er at eg ikkje reknar det som truleg at skribentane prøver å referere til frasen, ei vurdering som inneber skjønn.

### 6.10 Oppsummering

Målet i dette kapittelet var å undersøkje bruken av *kaste barnet ut med badevatnet*, hovudsakleg på norsk, men òg med små sideblikk til andre språk, og bruke undersøkingar av ordbøker, i korpus og på nettet til å drøfte potensialet for variasjon i faste frasar i lys av variasjonen i dette. Håpet var å kome fram til nokre innsikter som kan belyse desse meir generelle forskingsspørsmåla: Kor fleksibel kan ein frase vere, men framleis bli oppfatta som fast? Kva er det som gjer det mogleg å kjenne igjen variantar, modifikasjonar og avartar av ein frase når ingen leksikalske ord ligg fast og

---

morfologien og syntaksen òg er variabel? Og er det forskjell på korleis og kva ein varierer i bokmål og nynorsk?

Ei djupneundersøking av eitt uttrykk kan aldri gje innsikt i kva variasjon som kan finne stad i alle typar frasar. I innleiinga såg vi døme på korleis førestillinga om idiomatisk fiksering kan brukast til å fortelje lesarar at det berre finst éin variant av dei ulike idioma, og sanninga om kva den forma er, er det akkurat denne forfattaren, Per Egil Hegge, som sit på. Både denne undersøkinga og alle dei andre undersøkingane ho byggjer på, viser at bildet er svært mykje meir komplekst enn som så. Somme frasar toler mykje variasjon, andre mindre, og somme er heilt fikserte.

Felles for alle frasar er at fikseringa er eit grunnvilkår og ein nødvendig føresetnad for at vi kan registrere og måle variasjon i det heile – og dermed også for denne studien. Idiom og andre frasar har ei prototypisk leksikalsk og morfosyntaktisk form, og i denne studien dannar ordbokføringar bakgrunnen for kva vi reknar som mønsterfrasevariantane på bokmål og nynorsk. Analysedelen blei innleia med ulike typar variasjon i mønsterfrasen, altså at komponentane i den prototypiske grunnforma blir variert med nærsynonym frå kjeldedomenet. Først såg vi på den **dynamiske variasjonen**, der datasettet stadfestar hypotesen om at *kaste barnet ut med badevatnet* både blir brukt som idiom og ved tre ulike ordspråksformular blir bygd ut til adhocord-språk. To andre hypotesar blei derimot avkrefta. Det stemmer ikkje for denne ordspråksliknande frasen at han er meir fiksert når han blir brukt som ordspråk enn som mønsterfraseidiom: Verken i bokmål eller nynorsk var det signifikante utslag på om førekomstane blei brukte med eller utan variasjon avhengig av om frasen var realisert som verbfrase eller i utbygd ordspråksvariant. Og til slutt i bolken om dynamisk variasjon var det heller ikkje utslag på om frasen relativt sett manifesterer seg oftare som ordspråk i dei eldre kjeldene samanlikna med nyare kjelder. Det vil seie at tendensen, som rett nok ikkje er ein signifikant forskjell, til at det er fleire førekomstar på nynorsk enn bokmål der frasen har form av eit ordspråk, ikkje kan forklarast med at nynorskmaterialet totalt sett er av eldre dato enn bokmålsmaterialet. Ingenting tyder på at nynorskbrukarar per se likar ordspråksvarianten av frasen betre enn bokmålsbrukarane.

Undersøkinga av den **leksikalske variasjonen** i mønsterfrasen viser at det ikkje er store forskjellar på korleis frasen blir brukt på bokmål og nynorsk. Det ser ut til at den generelle tilnærminga mellom dei norske målformene, der nynorsken har nærma seg bokmål meir enn omvendt, òg viser igjen på frasenivå. Ordbokføringane på nynorsk speglar at det tidlegare ikkje var uvanleg at ein i nynorsk hadde *slå* i handlingsleddet og *vaskevatn* i komitativleddet, medan bruken i dag er meir parallell i dei to målformene med ein verbkollokasjon, *kaste ut*, som i all hovudsak blir brukt med overført tyding i norsk, og *badevatn* i komitativen, som i dei svenske, danske, engelske og nederlandske ekvivalentane til frasen. Ein kan tenkje seg at ein i nynorsk har brukt desse to variantane fordi dei er meir bokstavlege og ligg nærare den måten ein munnleg snakkar på om den konkrete handlinga å tømme ein balje med vatn og det vatnet ein brukar til å vaske seg i.

I bokmålsførekomstane av mønsterfrasen blir det variert mellom litt fleire verb enn i nynorskførekomstane. Ein kan sjå ein (ikkje signifikant) tendens til at bokmålskribentar brukar passive verb oftare enn nynorskbrukarar, men eit generelt stilideal om aktive verb i nynorsk hindrar ikkje nynorskbrukarar i å passivisere frasen om dei ønskjer det. Som slått fast fleire stader i denne avhandlinga gjer ikkje nødvendigvis allmenne stilideal for ei målform seg gjeldande i frasar. Bruken av intransitive verb er eit nytt fenomen i *kaste barnet ut med badevatnet*, i datasettet er første førekomst frå 1988. Dette er ein verbbruk som er svært tett kopla mot andre typar variasjon i frasen, og det at det er signifikant forskjell på at antal førekomstar med intransitive verb (fleire i bokmål enn i nynorsk), må sjåast i samanheng med alderen på kjeldene. *Barn* er det klart mest brukte uttrykket i temaleddet, men frå og med 1990 har variasjonen i temaleddet auka markant. Tidlegare såg ein at ein del veksla mellom *barn* og *unge*, men etter den første kjeldefestinga av *baby* i 1999, har det uttrykket etablert seg som det nest mest brukte i temaleddet – og nynorskbrukarane er ikkje meir tilbakehaldne og puristiske i bruken av *baby*. Det er interessant at vi her mest truleg ser døme på korleis engelskpåverknaden på norsk òg spelar inn på val av ord i frasar. I ein periode med kraftig vekst i særleg den kreative variasjonen, og der det er grunn til å tru at språkbrukarane i begge målformer lét seg inspirere og influ-ere av ordtilfanget i

---

engelsk, er det kanskje ikkje like relevant for språkbrukarane å utnytte potensialet for variasjon som ligg i målformene.

Utviklinga har altså gått mot meir variasjon i temaleddet etter 1990, medan *badevatnet* har fått styrkt posisjonen sin i komitativleddet i same periode. Dei grammatiske orda *ut* og *med* er dei utan tvil mest stabile i frasen i begge målformer.

Den **morfologiske variasjonen** i mønsterfrasen er liten i tema- og komitativleddet. I temaleddet er han knytt til kreativ variasjon og avvikande bruk; leikar ein seg med blendar eller måldomeneuttrykk, kan dei stå i den numerus og bestemming konteksten legg opp til – eit godt døme på ytre modifikasjon av enkeltkomponentar i frasen – noko somme har hevdet ikkje er mogleg. Komitativ-leddet held seg svært stabilt i bestemt form eintal i alle realiseringar av frasen. Som forventa har ordspråksførekomstane mindre tempusvariasjon enn idioma: Ordspråka står i presens og imperativ, og rundt halvparten av idiomførekomstane står i infinitiv. Idiomforma toler svært mykje variasjon både med tanke på tempus og bruk av aktive, passive og delvis intransitive former utan at det går ut over tydinga eller fører til markante stilistiske brot.

Den **syntaktiske variasjonen** i mønsterfrasen er den som har overraska mest. Med ein så stor leksikalsk variasjon som korpusundersøkinga viser, rekna eg med at syntaktisk fastheit var nødvendig for at vi likevel skal kjenne igjen frasen, men det viser seg at *kaste barnet ut med badevatnet* i høg grad er syntaktisk fleksibel. Partikkel-plasseringa er, trass i at ordbøkene fortel ei anna historie, uavhengig av målform, og i både bokmål og nynorsk står partikkelen til venstre for objektet i godt og vel 1 av 5 førekomstar. Adverb skil seg ut frå andre typar leksikalske modifikasjonar av frasen på den måten at han ikkje rokkar ved mønsterfrasen ved at han peikar utover kjelddomenet, slik ein kan sjå at adjektivinnskot, samansetningar og kvantifisering gjer. Nominalisering er ein syntaktisk transformasjon ein generelt kan finne i mange frasar, men det finst få av dei i dette materialet – og det er umogleg at mønsterfrasen kan ta opp i seg eit slikt fenomen, som av natur er kreativt.

Av syntaktiske transformasjonar som fleire frasar har restriksjonar mot, er det derimot fritt fram i *kaste barnet ut med badevatnet* å variere mønsterfrasen som eit ja–nei-spørsmål i begge målformer, og førekomstane viser at frasen kan setjast i imperativ og innehalde nekting. Topikalisering førekjem helst ved kreativ språkbruk, men det lét seg også gjere i mønsterfraseførekomstar. Den totale mengda av moglege transformasjonar var uventa, og ikkje minst braut det med forventingane at ein kunne finne så mange syntaktiske omformingar i mønsterfrasevariantar, altså utan at det fører til eit stilistisk brot. Der variasjonar i morfologien i tema- og komitativleddet peikar mot måldomenet, er *kaste barnet ut med badevatnet* meir ope for syntaktiske variasjonar av mønsterfrasen.

Materialet gav eintydige svar på at den kreative modifikasjonen har auka signifikant, samstundes som bruken av mønsterfraseidiomet med variasjonar har gått ned etter 1990. Der språkbrukarane tidlegare varierte frasen med å bruke nærsynonym til uttykka i mønsterfrasen, er det no blitt mykje vanlegare å enten erstatte dei med uttrykk frå måldomenet eller bruke kombinasjonar (blend) av kjelde- og måldomenet. Særleg utbreidd er dette i temaleddet: 55 % av nynorskførekomstane og 70 % av bokmålsførekomstane har måldomenebasert temaledd når dei er kjenneteikna av kreativ modifikasjon, medan det berre unntaksvis skjer at komitativleddet er målbasert. I frasen er det temaleddet som er viktig å rette søkjelys mot. Det er det som har verdi, men som står i fare for å forsvinne om ein ikkje legg band på seg. Kva dette er, varierer ofte med konteksten, men *badevatnet* held seg stabilt som substantiv i komitativleddet, som ikkje har nokon verdi. Det ser ut til at komitativleddet (saman med dei grammatiske orda *ut* og *med*) både leksikalsk og morfologisk verkar stabiliserande i ein frase der ein elles kan variere det meste.

I dei tilfella komponentane blir svært referentsvake, slik at det er vanskeleg å tolke kva som er av liten og høg verdi, ser vi at det kan vere ei dreining mot å bruke frasen meir lausleg om å gjere noko som skribenten meiner er mindre klokt. Sjølv om dette er ein avvikande bruk sett opp mot mønsterfrasen, er det likevel eit aspekt ved frasen som vi kan spore heilt tilbake til den første kjente førekomsten, i det satiriske diktverket *Narrenbeschwörung* av tyske Thomas Murner ([1512] 1926, 397 [81]).

---

Dessutan ser vi at mange brukar frasen i elliptisk form, og han kan finnast i heilt forvrengde utgåver i poesi. Då har ikkje uttrykka lenger sine vanlege semantiske roller, og morfologien er gjerne også avvikande, men det er likevel ikkje vanskeleg å gjenkjenne førekomstane som allusjonar til frasen. Det er også eit viktig funn at det relativt sett ikkje er meir avvikande bruk i førekomstane etter 1990 enn før. Studien viser ingen samanheng mellom at fleire grupper av språkbrukarar får sleppe til i skriftlege medium no enn tidlegare, og meir avvikande bruk av frasen. At det i materialet relativt sett er fleire førekomstar med avvikande bruk i nynorsk enn bokmål heng ikkje saman med brot mot fastsette normer i nynorsk, men ulik søkjemetode i undersøkinga.

Kva svar gjev bruken av *kaste barnet ut med badevatnet* på kor fleksibel ein frase kan vere, men framleis bli oppfatta som fast? Kva er det som gjer det mogleg å kjenne igjen variantar, modifikasjonar og avartar av ein frase når ingen leksikalske ord ligg fast og morfologien og syntaksen òg er variabel? I dette kapittelet har eg argumentert for at noko av det enorme variasjonspotensialet delvis har med frasetypen å gjere, og merk at eg her brukar variasjon i den vide tydinga som omfattar alle desse endringane vi har observert i frasen, ikkje den eigentlege variasjonen i mønsterfrasen. Clausén og Lyly brukte *kaste barnet ut med badevatnet* som døme på ein ordspråksliknande frase som er særleg open for variasjon. Gjennom den dynamiske variasjonen er brukarane vande med at frasen både blir realisert i verbfraseform, og med ordspråksformular som adhocordspråk, og det er ikkje urimeleg å tru at det fører til at ein lettare kan variere mønsterfrasen med nærsynonym.

Frasen viser stor uttrykksmessig variasjon, men er i høg grad semantisk einskapleg, dvs. at tydinga er nokså fastlagd. Metaforen med sitt sterke og tydelege bildespråk er umiddelbar, og han lét seg lett bryte ned i komponentar som bidreg med kvar sin del av tydinga av frasen. Modifikasjon, kvantifisering, topikalisering, ellipse og anaforisk referanse er ifølgje Nunberg, Sag og Wasow (1994: 503) solide bevis på at delar av mange idiom har identifiserbare tydingar som påverkar kvarandre semantisk. Og *kaste barnet ut med badevatnet* toler alle desse syntaktiske transformasjonane; sjølv om berre topikalisering er mogleg med mønsterfrasen, så er modifikasjon, kvanti-



---

fisering og anaforisk referanse moglege ved kreativ bruk, og ellipse blir i denne studien rekna som avvikande bruk frå mønsterfrasen. Idiom med denne typen med meiningsberande element utviser i stor grad variasjon, og det verkar rimeleg at den semantiske stabiliteten i kombinasjon med omfattande variasjon på alle plan kan tilskrivast dette.

Den opphavlege magekjensla mi var at *badevatn* er eit helst lågfrekvent ord i norsk og om det var rett, kunne ein argumentere med at vi så sjeldan møter ordet i tekst, at det av den grunn stikk seg ut og peikar mot idiomet. Men så viser det seg at *badevannet* ikkje er spesielt lågfrekvent. At badevassleddet fungerer som den stabiliserande faktoren i frasen, som gjer at dei andre elementa kan varierast såpass fritt, heng truleg meir saman med at ordet *badevatn* i idiomatisk bruk i dei fleste tilfelle så tydeleg ikkje har noko med dei andre orda i konteksten å gjere (jf. Fernando og Flavell 1981, 6) – for dess vanskelegare eit uttrykk er å forstå, og dess mindre meaning det gjev i konteksten, dess enklare er det å kjenne igjen som eit idiom (Baker 2011, 69). Som med andre metaforar skil vi ordet ut som overdrive eller ikkje-bokstavleg, og vi tolkar det deretter (Knowles og Moon 2006, 3). Når særleg *badevatn*, men delvis *barn* òg, er heilt avvikande i konteksten, er det det som gjer at ordet fungerer som eit signalflagg til lesaren om at vi her truleg har med eit idiomatisk uttrykk å gjere, og dermed beheld frasen den idiomatiske tydinga sjølv om det blir aldri så mykje snudd på hovudet og leika med. Erfaringa eg sit igjen med etter å ha gått gjennom mange tital tusen korpustreff, er at det var enkelt å identifisere denne frasen i bruk. Det hadde vore meir krevjande med ord som blir brukte i fleire samanhengar.

*Kaste barnet ut med badevatnet* blir i stort omfang blir brukt med variasjonar, men ein kan i utgangspunktet ikkje rekne med at andre frasar ein undersøker, vil vere like fleksible.

---

## 7. Avslutning

**Hypotesen som ligg til grunn for denne avhandlinga, er at bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien på uttrykksida skil seg frå kvarandre både i norm og bruk.** For å undersøkje om det er nokre reelle fraseologiske uttrykksmessige forskjellar i dei to målformene, sjølv om dei representerer eitt og same språk, har eg fokusert på dei fire språknivåa ortografi, morfologi, syntaks og ordtilfang.<sup>45</sup> Avhandlinga har teke utgangspunkt i to problemstillingar:

- 1) Kvifor har to varietetar av det same språket delvis ulik fraseologi?
- 2) Kva karakteriserer forskjellane mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien i norm og bruk?

Den første delen av avhandlinga (kapittel 1–4) svarer teoretisk på korleis det har seg at normene i målformene er ulike, og korleis dei kan tenkjast å ha påverka frasebruken. Andre del av avhandlinga (kapittel 5–6) inneheld to empiriske undersøkingar, ei som famnar breitt, og ei som går djupt, for å gjere greie for korleis ordbøkene framstiller norma, og korleis den reelle frasebruken er i korpus og digitale tekstsamlingar for dei to målformene. I dette avslutningskapittelet oppsummerer eg først kva eg har gjort og funne i dei ulike kapitla som kan svare på problemstillingane, før eg mot slutten avklarar om hypotesen er bekrefta eller avkrefta.

**Kapittel 1** eit innleiingskapittel der eg gjer greie for prosjektet med hypotese, problemstillingar, mål og avgrensingar. Eg set prosjektet inn i ein kontekst og forklarar kvifor eg meiner temaet norm og bruk i norsk fraseologi fortener å bli utforska i eit doktorgradsprosjekt. Avhandlinga knyter seg til tre nærskyldte disiplinær: leksikografien, fraseologien og fraseografien. Desse blir presenterte, og eg seier noko om korleis dei byggjer på og forhold seg til kvarandre. Til slutt gjev eg ei innføring i kognitiv metafor-teori og andre teoretiske rammeverk som avhandlinga byggjer på.

---

<sup>45</sup> I språklova som tek til å gjelde frå årsskiftet 2021/2022 blir bokmål og nynorsk omtala som *skriftspråk*. I del 1.2 gjer eg greie for kvifor eg i denne avhandlinga har valt å halde meg til den tradisjonelle nemninga *målform*.

---

I **kapittel 2** er fraseologisk fiksering og variasjon tema. Den internasjonale forskingslitteraturen på området er svært omfattande, og eg har berre skrapa litt i overflata på aspekt som eg meiner kan vere relevante for mine egne empiriske undersøkingar.

Det var vanleg å rekne idiom som frosne eller fikserte einingar som berre tillèt variasjon innanfor heilt snevne grenser. Nyare forskning, ikkje minst med opphav i korpuslingvistikk, har vist at denne fikseringa er relativ. Det vil seie at det er nokre gjentakande trekk som gjer at vi i det heile kan snakke om variasjon ut frå ein mønsterfrase. Somme frasar toler mykje variasjon, somme mindre, og andre er faktisk heilt fikserte. Frasane der tydinga er fordelt på enkeltkomponentane, er blant dei som ser ut til å tole mykje variasjon. Det stemmer godt med andre undersøkingar som slår fast at idiom som er baserte på metaforar, toler meir variasjon enn andre. Dette er eit teoretisk viktig bakteppe for kapittel 6.

Siste del av kapittel 2 tek føre seg sær eigen norsk frasevariasjon knytt til at norsk har to offentlege skriftnormalar, som begge er vide. Etter å ha samanlikna ein god del ordbokføringar av frasar (jf. samlinga med over 700 frasar som ligg til grunn for kapittel 5) har eg kome fram til at forskjellane mellom frasane i bokmål og nynorsk lèt seg summere opp i dei fire kategoriane ortografisk, morfologisk, leksikalsk og syntaktisk variasjon. Somme frasar kan ein bli i tvil om er akseptable fordi dei prototypisk har ei form som kan vere i strid med generelle råd om korleis ein bør ordleggje seg i ei målform. Når dobbel bestemt form blir framheva som eit adelsmerke for norsk og særleg nynorsk språk, kan ein *få sitt pass påskrive* på nynorsk, eller er det betre med *få passet sitt påskrive*? Denne delen av kapittelet er særleg viktig for undersøkinga i kapittel 5.

**Kapittel 3** er metodiske drøftingar av bruken av ordbøker og korpus som kjelder i fraseundersøkingar. Andre nordiske undersøkingar har vist at ordbøkene ikkje gjer særskilt godt greie for den moderne frasebruken, men gjerne speglar gamle stilideal og gamle kjelder, då dei ikkje brukar nyare korpus i tilstrekkeleg grad. Også det vesle som er gjort av norske studiar, tyder på at frasenivået i norske ordbøker ikkje har vore arbeidd systematisk og godt nok med. Vidare presenterer eg dei fire mest sentrale

---

ordbokkjeldene mine, *Bokmålsordboka*, *Nynorskordboka*, *Det Norske Akademis ordbok* og *Norsk Ordbok*, og ser på korleis dei forhold seg til dei offisielle normene. I denne delen om ordbøker som kjelder drøftar eg òg Språkrådet si aktive rolle i den norske språknormeringa. På vegner av staten bestemmer dette offentlege organet korleis ord skal skrivast og bøyast på norsk, og det er lang tradisjon i Noreg for å bruke ordlister for å informere språkbrukarane om kva som er gjeldande rettskrivingsnormal. Parallelt ser eg på leksikografane si rolle. Frasenivået ligg formelt sett utanfor ansvarsområdet til Språkrådet, men med utgangspunkt i frasen *til besvær* viser eg korleis det nettopp er ei ordtilfangssak som sorterer under Språkrådet, om han skal vere i tråd med den fastsette norma eller ei. Det er nemleg slik at Språkrådet ikkje normerer ordtilfanget i bokmål, men i nynorsk er det statleg normering av ord med tysk og dansk opphav. Grunnen ligg i historia, som blir gjennomgått i grove trekk.

Eg definerer ordbøker som sekundærkjelder i dei empiriske undersøkingane, ein storleik som representerer norma og noko å undersøkje bruken ut frå, medan skriftspråskorpus er primærkjelda der eg kan observere den faktiske språkbruken. I del 2 av kapittel 3 gjev eg ein introduksjon til korpuslingvistikk og kva korpus som eignar seg i fraseundersøkingar. Til slutt presenterer eg dei korpusa som er nytta i denne avhandlinga, og diskuterer sterke og svake sider ved dei. Ein sentral tematikk er dei metodiske problema knytte til at korpusressursane i bokmål og nynorsk er så ulike.

I **kapittel 4** prøver eg med ulike innfallsvinklar å finne svar på problemformulering 1 om kvifor to varietetar av det same språket har delvis ulik fraseologi. Tilnærminga mi her var å sjå på kva som påverkar dei internaliserte normene, og som dermed styrer kva vi reknar som disponibelt frasetilfang i ei målform: Kven og kva er det som avgjer om ein frase er god eller iallfall gangbar i bokmål og nynorsk?

Innleiingsvis avklarar eg forskjellen på fastsette og internaliserte normer og kva som påverkar dei. Som ein del av forklaringa på kvifor særleg nynorskbrukarane skriv som dei gjer, skriv eg òg om posisjonen til nynorsk som den minst brukte av dei to

---

målformene, og om kva utfordringar nyare forskning har avdekt på at unge nynorskskrivande har.

I denne avhandlinga har eg lagt stor vekt på ulike typar av purisme som forklaringsmodell for kva frasar som blir rekna som gode og aksepterte. Eg reknar med at mange intuitivt ikkje vil akseptere at det som eg har skildra som endoglossisk purisme innan bokmål, i hovudsak retta mot ortografi og morfologi, bør reknast som purisme i det heile. Den tradisjonelle forståingsramma er at purisme er noko ein har halde på med i nynorskleiren. Eg argumenterer derimot for at ein i bokmål ser ein innoverretta endoglossisk purisme retta mot folkelege språktrekk i eige språk, som diftongar og *a*-endingar. Denne har gjort seg stadig meir gjeldande, til vi i dag ser tendensar til konsentrasjon rundt dei konservative formene. Særleg gjeld dette i redigerte og publiserte tekstar, som gjerne blir omtala som dei normdannande tekstane – som er dei ein reknar med er viktige for korleis bokmålnorma blir oppfatta. Om dette endrar seg i takt med at mange brukar mykje tid på sosiale medium og får det meste av språklege innputt frå andre kjelder enn dei tradisjonelle publiserte tekstane, blir interessant å følgje med på framover.

Den utoverretta eksoglossiske purismen i nynorsk har i særleg grad vore retta mot ord med tysk og dansk opphav. At vi har såpass tydelege puristiske straumdrag i begge målformer kan både førast tilbake til dei ulike opphava til bokmål og nynorsk og valfridomen vi fekk som resultat av forsøket på å få dei to til å smelte saman til eitt språk. Litteraturen tyder på at den eksoglossiske purismen har blitt svakare i nynorsk, og dermed skriv folk både meir bokmålsnært og dialektprega. På den andre sida har ein endoglossisk purisme retta mot bokmålsdrag gjort seg gjeldande blant somme nynorskskrivande. Det blir argumentert for at den mindre brukte målforma må halde ute trekk både frå talemåla og bokmål om nynorsken som skriftspråk skal behalde særtrekka sine – og dermed eksistensgrunnlaget sitt.

I tillegg ser eg på om det kan vere ulike frasepreferansar i dei to målformene. Her har eg valt å leggje vekt på dei historiske linjene tilbake til 1800- og 1900-talet i eit forsøk på å gjere forskjellane så tydelege som råd. Dei som skriv om bokmål og

---

særleg den bokmålske subvarietetet riksmål, trekkjer gjerne fram rikdommen i å ha tilgang til ord, former og frasar som peikar utanfor landegrensene, medan ein i nynorsk har lagt større vekt på å trekkje fram ord og vendingar folk kjenner frå talemåla og eigen kultur. Samstundes er bildet meir nyansert enn som så, og ein ser frå bokmålshald folk argumentere for at tanken blir klarast formulert i eit språk ein beherskar, og at ein i nynorskleiren har blitt mindre opptekne av å halde det framande ute.

Kapittelet blir avslutta med ein del om kva normagentar som påverkar folks internaliserte normer. Sandøy har peika på at Språkrådet truleg har meir styring over dei fastsette normene for nynorsk enn bokmål, men i bokmålsverda er dei private normeringsinstansane sterkare enn det offentlege Språkrådet (Sandøy 1998, 57). Normagentane i bokmål, og då særleg språkkonservative aviser, som igjen i stor grad baserer seg på ordlister frå Det Norske Akademi for Språk og Litteratur, har vist seg å ha sterk påverknadskraft på usus.

Det overordna spørsmålet eg søkjer å finne svar på i dei to empiriske undersøkingane i kapittel 5 og 6, er problemformulering nr. 2: Kva karakteriserer forskjellane mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien i norm og bruk?

Breiddeundersøkinga i **kapittel 5** tek føre seg i kva grad bokmål og nynorsk inneheld parallelt fraseinventar og i kva grad fraseinventaret i målformene skil seg frå kvarandre. Fire grupper med frasar blir undersøkte med analyseretning bokmål til nynorsk, og fire andre frasegrupper blir undersøkte med analyseretning nynorsk til bokmål. Fraseutvalet er styrt av det overordna målformperspektivet, som gjer at eg fokuserer på dei fire språkstrukturnivåa ortografi, morfologi, leksikon og syntaks. Gjennom empiriske undersøkingar av ordbøker og usus undersøker eg kor store forskjellar det er mellom bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien på desse fire nivåa – men den særeigne norske valfridomen gjer det umogeleg å ikkje studere variasjon internt i målformene samstundes.

Her spør eg om samanhengen mellom fraseinventaret i ordbøkene og faktisk språkbruk dokumentert i korpus. Kan vi seie at norske ordbøker speglar den faktiske

bruken i målformene? På 1700-talet la leksikografane, til liks med dei klassiske academia, vekt på å utarbeide ordbøker som samlar «tillatne» ord og tener som eit slags sosialt register over «pene» uttrykk (Haugen 1969, 9). I nynorsktradisjonen ser det ut til at dei uttrykka som har blitt vurderte som «pene», ofte har talemålspreg, dei er berarar av folkeleg visdom, kanskje har dei rim og rytme, og somme legg vekt på om Aasen hadde dei i samlingane sine. Det tykkjest vere ein klar samanheng mellom den restriktive linja ein særleg i tidlegare tider hadde mot leksikalske lån frå tysk og dansk i nynorsken, og mange av tomromma ein framleis kan finne i nynorske ordbøker. Det same gjeld det syntaktiske trekket *s*-genitiv, som også har blitt forbunde med dansk-tysk skriftstil. At det har vore ein sterkare eksoglossisk purisme i nynorsk enn i bokmål, viser igjen i utvalet av frasar i *Nynorskordboka*. Dette heng truleg saman med ei forståing av frasetilfang som språkspesifikt:

Det er grunn til å rekna med at typiske drag ved det fraseologiske inventaret i ulike språk kan vera språkspesifikke, og at dei mellom anna er knytte til dei ordlagingsmekanismane og dei (munnlege og ortografiske) konvensjonane som gjeld for kvart språk. Dei særeigne litterære tradisjonane må også reknast med. (Grønvik 2010, 118)

Mange har ei kjensle av ei eksisterande nynorsk stilnorm og at alt tilfang ikkje er like brukande på nynorsk (Sandøy 1998, 68; Vikør 2001, 435). Det er høg grad av skjønn og få eintydige formelle reglar når ein skal avgjere kva som er akseptabelt og ikkje på frasenivå. Å ta inn frasar i ordbøkene som tradisjonelt ikkje har vore rekna som «gode» i ei målform, sjølv om dei fanst i autentisk språk, kan ha bli sett på som ekstra problematisk i den tida det var meir legitimt for leksikografane med normative vurderingar av kva tilfang ein tok med. Det er interessant at dei aller fleste av frasane eg registrerer som lakuner i *Nynorskordboka*, er å finne i *Norsk Ordbok*. Det er sjølvsagt ikkje rart at eit mykje større ordbokverk har med fleire frasar, men vel så viktig meiner eg det er at *Norsk Ordbok* ikkje har eit normativt føremål, men er ei dokumentasjonsordbok. Det vil seie at frasane som manglar i *Nynorskordboka*, i stor utstrekning er dokumenterte i bruk i nynorsk i *Norsk Ordbok*.

Det er også stor grad av overlapping mellom kva frasar *Bokmålsordboka* og *Det Norske Akademis ordbok* (NAOB) har med. Det er likevel ein forskjell i redaksjons-språk som òg viser igjen i frasetilfanget. NAOB har definert det *moderate bokmålet*

---

(som eg elles omtalar som *konservativt bokmål*) som subvarieteteten ho dekkjer.

*Bokmålsordboka* skal dekkje heile det offisielle bokmålet. I undersøkinga i kapittel 5 er det fleire tilfelle der NAOB vel konservative former, at BOB fører frasane med radikale former. Det slår begge vegar kva som er mest i tråd med usus. Det ser ut til å delvis vere nokså intrikate mønster i fordelinga av former i bokmål, og dersom ei ordbok verkeleg tek mål av seg å vere deskriptiv på frasenivå, krev det omfattande og tidkrevjande ususundersøkingar i kvart enkelttilfelle.

Ein av farane ved å samanlikne målformene slik eg gjer i prosjektet mitt, er at det er fort gjort å rekne bokmål som den nøytrale målforma fordi ho er den dominerande. Skriftbilda i bokmålet har ei veldig påverknadskraft på språkbruken til alle i landet vårt, og det er i lengda ikkje mogleg å motstå denne krafta der ho fell saman med talemålskjensla og talemålssystemet til folk (Vikør 2007, 212). Nynorskbrukarane låner tilfang frå bokmål på alle nivå, medan undersøkinga mi tyder på at lån frå nynorsk til bokmål i form av sitatord førekjem, men i ein monaleg mindre skala.

Eit sjølvstendig funn i kapittel 5 er at dei norske og særleg dei nynorske korpusa i undersøkingsperioden ikkje er eigna til å gje leksikografar og andre språkforskarar empiriske svar ein fullt ut kan stole på, og det motiverer ei anna metodisk tilnærming i den andre empiriske undersøkinga. Materialet som er tilgjengeleg i norske korpus, viser kor mykje oftare det norskesande publikummet møter bokmålsvariantane av frasar i kvardagen enn nynorskvariantane, som er eit sjølvstendig poeng for å forklare kvifor bokmålsinterferensen er større på nynorsk enn omvendt. I eit språkpolitisk lys tydeleggjer kapittel 5 at det trengst eit krafttak for å betre korpussituasjonen for nynorsk. Faste frasar er svært ofte lågfrekvente, og når vi ser kor omfattande variasjon mange av dei har, trengst det fleire førekomstar for å kunne danne seg eit godt bilde av etablerte mønster i bruken – om dei finst. At målforma er så svakt dokumentert, kan gjere det mindre interessant å forske på nynorsk, og det gjer det vanskeleg, som kapittelet dokumenterer, å drive jamførande studiar av bokmål og nynorsk. Det er alvorleg.



---

I **kapittel 6** var det ein viktig premiss å byggje opp eit materiale som var stort nok til at det verkeleg går an å trekkje slutningar om ulik bruk i målformene. Samlinga inneheld 460 førekomstar av *kaste barnet ut med badevatnet*, som hovudsakleg er henta ut frå tre bokmålskorpus. 373 førekomstar er henta frå tre nynorskkorpus og andre digitale tekstsamlingar. Desse ville eg bruke til å undersøkje kor fleksibel ein frase kan vere, men framleis bli oppfatta som fast. I innsamlinga blei det fort klart at ingen av dei leksikalske frasekomponentane låg fast, og at morfologien og syntaksen òg var fleksibel, så kva er det som gjer at ein likevel kan kjenne igjen variantar og avartar av frasen? Ordbokperspektivet er også med i denne studien.

Undersøkinga har tre hovuddelar. I den første ser eg på variasjon i mønsterfrasen, eller den eigentlege variasjonen, som han også bli kalla. I avsnitt 6.4 t.o.m. 6.7 ser eg på fire underaspekt: dynamisk, leksikalsk, morfologisk og syntaktisk variasjon. Frasen kan bli brukt både som idiom og ordspråk, og det første eg ser på, er korleis han med dynamisk variasjon blir realisert som begge. Dessutan blir den leksikalske, morfologiske og syntaktiske variasjonen i mønsterfrasen undersøkt. Den kreative modifiseringa av frasar er gjerne den mest iaugefallande, men *kaste barnet ut med badevatnet* viser klart at ein ikkje skal undervurdere kor omfattande og interessant variasjonen i mønsterfrasen òg kan vere. Dei leksikalske variasjonen speglar den generelle tendensen til at bruken i dei to målformene er likare kvarandre i dag enn han var. Nynorskbrukarane er heller ikkje noko meir tilbakehaldne enn bokmålsbrukarane med å ta i bruk den nye frasekomponenten *baby*, som vi har lånt inn frå engelsk i nyare tid. Det mest overraskande var likevel kor syntaktisk fleksibel frasen er. Dei to andre hovuddelane er kreativ bruk (6.8) og avvikande bruk (6.9) av frasen. I delen om kreativ bruk nyttar eg meg av ein analysemodell som byggjer på kognitiv metafor-teori. Det viser seg at parallelt med at den kreative bruken av frasen har auka markant, og det finst døme på det meste av syntaktiske transformasjonar, har badevassleddet fått ein stabiliserande funksjon. Til slutt i undersøkinga ser eg på ulike typar av avvikande bruk i frasen. Meir nøyaktig ser eg på korleis frasen blir blanda saman med andre, korleis han blir brukt elliptisk og i poesi.

---

## Er så hypotesen om at bokmålsfraseologien og nynorskfraseologien på uttrykksida skil seg frå kvarandre både i norm og bruk, avkrefta eller bekrefta?

I denne avhandlinga har eg brukt ordbøker som representantar for norma, og legg ein standardordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* – som delvis byggjer på kvarandre - til grunn, er det ein god del som skil fraseologien i bokmål og nynorsk. Første del av kapittel 5 viste døme på lakuner i begge ordbøkene av frasar som er rekna som norske i andre frasesamlingar. Det er likevel eit viktig funn at fleirtalet av frasar er å finne i begge ordbøkene. Endå mindre forskjellar ser ein på bokmål og nynorsk om ein samanliknar fraseutvalet i dei dokumenterande ordbøkene NAOB og *Norsk Ordbok*.

Med atterhald om at det kan ha med fraseutvalet mitt å gjere, er det lite grunnlag for å snakke om ein spesifikk bokmålsfraseologi på den eine sida og ein nynorskfraseologi på den andre når vi ser på faktisk språkbruk. Alle dei 54 frasane i kapittel 5 blir både brukte og varierte i bokmål og nynorsk. Somme er rett nok meir frekvente i den eine målforma enn den andre, men samstundes er det på det jamne så få førekomstar i dei relativt små nynorskcorpusera at materialet ikkje eignar seg for jamføring på eit slikt nivå. Verken i dette kapittelet eller i kapittel 6 kan vi sjå at nynorskbrukarane faktisk har ein preferanse for ordspråk, sjølv om fleire stille normererar i nynorsk yndar å trekkje dei fram som førebilde på god, norsk målføring.

Då eg byrja arbeidet med denne avhandlinga, hadde eg som mål å finne kriterium for skiljet mellom fraseologien på bokmål og nynorsk. Forsøket på inventering av skiljeliner har vist at det er svært krevjande. Truleg er ei form for gradering meir fruktbar: I staden for ei klassifisering mellom bokmålske og nynorske uttrykk er det meir dekkjande med ei gradering av uttrykk der dei fleste kan brukast på tvers av målformskiljet. Samstundes finst det frasar som gjennom leksem og former tydeleg er knytt til berre éi målform. Tendensen i bruk er at mange nynorskskrivande låner ord og bøyingsformer frå bokmål ganske fritt når dei skriv frasar i nynorsktokst, der det skjer sjeldnare og er meir markert at bokmålsbrukarar nyttar sitatord frå nynorsk.

---

I breiddeundersøkinga i kapittel 5 viste det seg at den store generelle valfridomen i norsk òg blir utnytta i frasene. Det at vi i norsk har mange former å velje mellom innanfor dei fastsette normene, gjer den fraseologiske variasjonen omfattande. Når ein på toppen kan låne frå den andre målforma og det iallfall i nynorsk er nokså akseptert med talemålsinnslag, blir det mange ting ein kunne ha sett på. I dei fleste tilfella vil det truleg vere andre aspekt som kunne vore kommenterte eller undersøkte, enn dei eg har valt. Kapitlet slår fast at det ofte er lang avstand mellom fraseføringane i ordbøkene og den autentiske språkbruken. Ved å rette eit kritisk blikk på dette kan ein både håpe at den leksikografiske behandlinga av fraseinventaret i bokmål og nynorsk blir intensivert, og samstundes at ordbokbrukarar blir oppmerksame på kor lite pålitelege kjelder dagens norske ordbøker er til samtidsidiomatikken. Elevar og lærarar lener seg kanskje i for stor grad på ikkje heilt oppdaterte ordbøker når dei skriv og evaluerer tekstar, ikkje minst sidemålstekstar. Det er fint om denne avhandlinga kan auke medvitet om at det greitt å bruke frasar, sjølv om dei ikkje står i ordbøkene, men at ein bør vurdere kor mykje ein ev. må lempe på forma for at dei ikkje skal direkte bryte med dei fastsette normene – og at frasar følgjer sine eigne reglar, delvis på tvers av stilideal i målformene.

Vi ser både i breiddeundersøkinga i kapittel 5 og djupneundersøkinga av *kaste barnet ut med badevatnet* i kapittel 6 at dei norske variantane i stort omfang blir brukte med variasjonar, så hovudtendensen er at dei faste frasane i norsk er fleksible, men at det òg finst frasar som tek mindre og ingen variasjon. Den norske språksituasjonen gjev meir rom for variasjon enn stramme rettskrivingar, og det nyttar dei norske språkbrukarane seg av – det gjeld dei som skriv bokmål, og ikkje minst dei som skriv nynorsk.

## 8. Litteratur

### Ordbøker

- Almenningen, Olaf. 1999. *Norske ordtak*. 2 opplag. Bjørnemyr: Frifant forlag.
- Bergenholtz, Henning, Ilse Cantell, Ruth Vatvedt Fjeld, Dag Gundersen, Jón Hilmar Jónsson og Bo Svensén. 1997. *Nordisk leksikografisk ordbok*. Oslo: Nordisk forening for leksikografi.
- Bjorvand, Harald og Fredrik Otto Lindeman. 2007. *Våre arveord : Etymologisk ordbok*. Revidert og utvidet utgave. Oslo: Novus forlag.
- BOB = *Bokmålsordboka*. Språkrådet og Universitetet i Bergen. <http://ordbokene.no>
- DDO = *Den Danske ordbog*. Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. [www.ordnet.dk](http://www.ordnet.dk).
- Erichsen, Gerda Moter. 2011. *Ord og uttrykk på fire språk*. Oslo: Cappelen Damm akademisk.
- Gjelsvik, Nikolaus. 1929. *Juridisk ordliste : Med ei utgreiding um den juridiske stilen*. Oslo: Nikolai Olsen.
- Hegge, Per Egil. 2015. *Perler for svin og 555 andre norske idiommer*. Oslo: Kagge.
- Hellevik, Alf. 1996. *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hellevik, Alf, Margunn Rauset og Aud Søyland. 2012. *Nynorsk ordliste*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hovdenak, Marit o.a. 1986. *Nynorskordboka : Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Norsk språkråd og Universitetet i Oslo. Oslo: Samlaget.
- Islex = *islex.no*. Árni Magnússon-instituttet for islandske studiar i Reykjavík og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen. <http://islex.no>.
- Jónsson, Jón Hilmar. 2005. *Stóra orðabókin um íslenska málnotkun*. Reykjavík: JPV útgáfa.
- Knudsen, Knud. 1881b. *Unorsk og norsk eller fremmedords avløsning*. Kristiania: Alb. Cammermeyer.
- Kulbrandstad, Lars Anders, Olav Veka og Bjarne Øygarden. 2012. *Sidemålsordlista*. 2. utg. Bergen: Fagbokforlaget
- Landfald, Aagot og Kjell M. Paulsen. 2006. *Norsk ordbok (bokmål)*. Oslo: Cappelen.
- Landrø, Marit Ingebjørg og Boye Wangensteen. 1986. *Bokmålsordboka : Definisjons- og rettskrivningsordbok*. Norsk Språkråd og Unversitetet i Oslo. Bergen: Universitetsforlaget
- Lundeby, Einar og Einar Sørli. 1959. *Norsk ordliste : Etter læreboknormalen av 1959 : Bokmål*. Oslo: Fabritius & sønners forlag.
- Mau, E. 1879. *Dansk Ordsprogs-Skat, eller Ordsprog, Skjæmtesprog, Rimsprog, Mundheld, Talemaader, Tankesprog, samt et lille Udvalg af Bibelsteder: Efter trykte og utrykte Kilder samlede og ordnede, tillige med nogle Varianter, Oplysninger og Henvisninger: 2: M-Ø*. Vol. 2. København: Gad.
- Meyer, Johan, Gotthardt Fursmann og Jean Baptiste Desroches de Parthenay. 1757. *Ord-bog over danske Ordsprog : paa fransk oversatte = Dictionnaire des proverbes danois, Dictionnaire des proverbes danois*. Kjøbenhavn: L. H. Lillie.
- NAOB = *Det Norske Akademis ordbok*. Det Norske Akademi for Språk og Litteratur. [www.naob.no](http://www.naob.no)
- NO = *Norsk Ordbok: Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*. Oslo: Det Norske Samlaget. <http://no2012.uib.no>
- NOB = *Nynorskordboka*. Språkrådet og Universitetet i Bergen. <http://ordbokene.no>
- NRO = *Norsk riksmålsordbok*. Riksmålsvernet. Oslo: Aschehoug.
- ODS = *Ordbog over det danske sprog : Grundlagt af Verner Dahlerup*. Det Danske Sprog- og Litteraturselskab. [www.ordnet.dk](http://www.ordnet.dk)
- Ose, Barbro. 1967. *Godt ord igjen : Ordtak, herme og talemåtar*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Riksmålsordlisten*, 2015, <https://www.riksmalsforbundet.no/riksmalsordlisten-na-pa-nett/>.
- Rommetveit, Magne. 2007. *Med andre ord : Den store synonymordboka med omsetjingar til nynorsk*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- SAOB = *Svenska Akademiens ordbok*. Svenska Akademien. <http://svenska.se>
- Svenska språknämnden. 2003. *Svenskt språkbruk : Ordbok över konstruktioner och fraser*. Stockholm: Norstedts Ordbok.
- Stoett, F.A. 1923–1925. *Nederlandse spreekwoorden, spreekwijzen, uitdrukkingen en gezegden*. Zutphen: W.J. Thieme & Cie.
- Stor norsk-engelsk ordbok. Engelsk–norsk / norsk–engelsk*. Gyldendal Norsk forlag. [www.ordnett.no](http://www.ordnett.no)
- Syv, Peder. 1682. *Aldmindelige Danske Ordsproge og korte Lærdomme med Foregaaende Underviisning om dennem : Samt Efterfølgende Tilhæng af nogle sære, som fordum have været oc endeel endnu ere brugelige underskedeligen i disse Tre Nordiske Riger. Saa og Et Register paa Titlerne og et andet paa de Gamle og sielden forekommende Ord*. Kjøbenhavn.
- Van Dale, Johan Hendrik. 1961. *Groot woordenboek der Nederlandse taal*. 8., geheel opnieuw bewerkte en zeer verm. druk. 7. opl. door C. Kruyskamp. utg. 's-Gravenhage.
- Vannebo, Kjell Ivar. 2006. *Katta i sekken og andre uttrykk*. Oslo: Cappelen.
- Vannebo, Kjell Ivar. 2009. *Et Columbi egg og andre uttrykk*. Oslo: Cappelen Damm.
- Vannebo, Kjell Ivar. 2011. *Prikken over i-en og andre uttrykk: bruk, bakgrunn, betydning*. Oslo: Cappelen Damm.
- Voss, J. Fredrik. 1933. *Tysk-norsk ordbok*. Oslo: Noregs boklag.
- Ørjasæter, Alvhild Kvamme. 1991. *Ordtak*. Stryn: Utgjeve på eige forlag.
- Aasen, Ivar. 1856. *Norske Ordsprog*. Christiania: Werner.
- Aasen, Ivar. 1850. *Ordbog over det norske Folkesprog*. Kristiania: Feilberg & Landmark.
- Aasen, Ivar. [1873] 1977. *Norsk Ordbog med dansk Forklaring*. Omarb. og forøgt. Udg. af en ældre «Ordbog over det norske folkesprog». utg. Christiania: Mallings Boghandel.

## Korpusressursar og andre digitale tekstsamlingar

- Atekst: Atekst retriever. <<https://web.retriever-info.com/services/archive.html?>>
- HaBiT<sub>BM</sub>: HaBiT Norwegian Web Corpus 2015 (Bokmål). Masarykova Univerzita, Brno, Tsjekia, Tekstlaboratoriet ved UiO og NTNU.  
<[https://corpora.fi.muni.cz/habit/run.cgi/first?corpname=notenten15\\_4\\_bokmal](https://corpora.fi.muni.cz/habit/run.cgi/first?corpname=notenten15_4_bokmal)>
- HaBiT<sub>NN</sub>: HaBiT Norwegian Web Corpus 2015 (Nynorsk). Masarykova Univerzita, Brno, Tsjekia, Tekstlaboratoriet ved UiO og NTNU.  
<[https://corpora.fi.muni.cz/habit/run.cgi/first?corpname=notenten15\\_4\\_nynorsk](https://corpora.fi.muni.cz/habit/run.cgi/first?corpname=notenten15_4_nynorsk)>
- KorpusDK: KorpusDK. Sproget i bruk. Det Danske Sprog- og Litteraturselskab.  
<[ordnet.dk/korpusdk](http://ordnet.dk/korpusdk)>
- LBK: Leksikografisk bokmålskorpus. Institutt for lingvistiske og nordiske studier, UiO.  
<[http://tekstlab.uio.no/glossa/html/index\\_dev.php?corpus=bokmal](http://tekstlab.uio.no/glossa/html/index_dev.php?corpus=bokmal)>
- NAK<sub>BM</sub>: Norwegian Newspaper Corpus Bokmål. Created by *Norsk aviskorpus*. Distributed by the CLARINO UiB. Portal: hdl:11495/D9B5-0349-4330-0
- NAK<sub>NN</sub>: Norwegian Newspaper Corpus Nynorsk. Created by *Norsk aviskorpus*. Distributed by the CLARINO UiB Portal: hdl:11495/D9F7-42A1-ED26-0
- nb.no: Nasjonalbibliotekets nettbibliotek. <nb.no>
- NON: Norsk Ordboks nynorsk korpus. Institutt for lingvistiske og nordiske studier, UiO.:  
<[no2014.uib.no/korpuset](http://no2014.uib.no/korpuset)>
- noWaC: Norwegian Web as Corpus. Institutt for lingvistikk og nordiske studier, UiO.  
<[http://hf-tekstlab.uio.no/glossa2/?corpus=nowac\\_1\\_1](http://hf-tekstlab.uio.no/glossa2/?corpus=nowac_1_1)>
- Oslo<sub>NN</sub>: Oslo-korpuset av taggede norske tekster (nynorsk delen). Tekstlaboratoriet ved ILN, UiO. <<http://www.tekstlab.uio.no/norsk/nynorsk/index.html>>

## Annan litteratur

- Abel, Georges. 1962. *Skikk og bruk i dagligtalen : riksmål*. Oslo: Dreyer.
- Adamska-Safaciak, Arleta. 2019. «Lexicography and Theory: Clearing the Ground.» *International Journal of Lexicography* 32 (1):1–19. <https://doi.org/10.1093/ijl/icy017>
- Almenningen, Olaf. 2006. *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf og Aud Søyland. 2012. *Praktisk nynorsk for lærarstudentar*. Oslo: Samlaget.
- Andersen, Elin. 2007. «Ledemotiv.» *Gyldendals Teaterleksikon*, redigert av Alette Scavenius, Gyldendal, lese 6. mai 2016, <http://denstoredanske.dk/index.php?sideId=428923>.
- Andersen, Gisle. 2011. «Evaluation of alternative association measures for extraction of terminology based on a large Norwegian corpus». *SYNAPS – A Journal of Professional Communication* 26/2011, 62–68.
- Andersen, Gisle. 2013. «Korpusleksikografi i Norge: fra mønsterkorpus til monsterkorpus». I *En samlet ordbokpolitikk etter 2014. Rapport fra et seminar 20. mars 2013*, redigert av Språkrådet, 21–23. [http://www.sprakradet.no/upload/Vedlegg\\_Rapport%20fra%20seminar%20om%20en%20samlet%20ordbokpolitikk.pdf](http://www.sprakradet.no/upload/Vedlegg_Rapport%20fra%20seminar%20om%20en%20samlet%20ordbokpolitikk.pdf)
- Andersen, Gisle. 2020. «Phraseology in a cross-linguistic perspective: A diachronic and corpus-based account.» *Corpus Linguistics and Linguistic Theory* 2020. doi: <https://doi.org/10.1515/cllt-2019-0057>.
- Andersen, Gisle. 2012. «Korpuslingvistikk.» *Store norske leksikon*, lese 13. oktober 2016, <https://snl.no/korpuslingvistikk>
- Andersen, Gisle og Knut Hofland. 2012. «Building a large monitor corpus based on newspapers on the web.» I *Exploring Newspaper Language - Using the web to create and investigate a large corpus of modern Norwegian*, redigert av Gisle Andersen, 1–30. Amsterdam: John Benjamins.
- Anward, Jan og Per Linell. 1976. «Om lexikaliserade fraser i svenskan.» *Nysvenska studier. Tidsskrift för svensk stil- och språkforskning* 55./56, 77–119.
- Asbjørnsen, P. Chr. 1845. *Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn : Samling 1*. Christiania: Trykt hos W.C. Fabritius.
- Asbjørnsen, P. Chr. 1848. *Norske Huldre-Eventyr og Folkesagn : Samling 2*. Christiania: Forlagt af C.A. Dybwad.
- Asbjørnsen, P. Chr. og Jørgen Moe. 1841–1844. *Norske Folke-Eventyr*. Christiania: I Kommission hos Jac. Dybwad.
- Atkins, B. T. Sue og Michael Rundell. 2008. *The Oxford guide to practical lexicography*. Oxford: Oxford University Press.
- Austlid, Andreas. 1926. *Salt fraa folkehøgskulen*. Oslo: Norli.
- Ayto, John. 2006. «Idioms.» *Encyclopedia of Language & Linguistics*, redigert av Keith Brown, 518–521. Oxford: Elsevier.
- Bae, Øystein Espe. 2012. «Eliten pyntar seg med nynorsk.» *Framtida.no*.
- Baker, Mona. 2011. *In Other Words. A Coursebook On Translation*. 2. utg. London: Routledge.
- Barkema, Henk. 1996a. «The effect of inherent and contextual factors on the grammatical flexibility of idioms.» *Synchronic corpus linguistics: Papers from the sixteenth International Conference on English Language Research on Computerized Corpora (ICAME 16), Toronto 1995*, redigert av Carol E. Percy, Charles F. Meyer og Ian Lancashire, 69–83. Amsterdam: Rodopi.
- Barkema, Henk. 1996b. «Idiomaticity and terminology : a multi-dimensional descriptive model.» *Studia Linguistica* 50 (2):125–160.
- Beito, Olav T. 1986. *Nynorsk grammatikk : lyd- og ordlære*. Oslo: Samlaget.
- Béjoint, Henri 2010. *The Lexicography of English*. Oxford: Oxford University Press.

- Benson, Morton. 1986. *Lexicographic description of English, Studies in language companion series 14*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Berg-Olsen, Sturla og Daniel Gusfre Ims. 2016. «Dansk og norsk i norske ordbøker.» I *Nordiske Studier i Leksikografi 13*, redigert av Asgerd Gudiksen og Henrik Hovmark, 277–290. København: Nordisk Forening for Leksikografi.
- Berg, Børre. 2012. *Eksempelets makt*. [https://issuu.com/tollblad/docs/utgivelse\\_nr\\_04-12\\_-\\_issuu/18](https://issuu.com/tollblad/docs/utgivelse_nr_04-12_-_issuu/18)
- Berg, Celia Maria. 1999. ««La oss skrive slik det er naturlig og behagelig» : Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule.» Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen
- Bergenholtz, Henning og Sven-Göran Malmgren. 2009. «Ordförbindelser i nordiska ordböcker.» I *LexicoNordica 16*, redigert av Henning Bergenholtz og Sven-Göran Malmgren, 1–4. Oslo: Nordisk forening for leksikografi.
- Berkov, Valerij Pavlovitsj. 1997. *Norsk ordlære*. Oslo: Universitetsforl.
- Bjerke, André. 1966. *Dannet talesprog*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Bjerke, André. 1967. *Hva er godt riksmål? Spørsmål og svar*. 2. rev. utg. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Bjerke, André. [1960] 1968a. «Hva er riksmål? (Tale på Riksmålsforbundets landsmøte i Stavanger 1960).» I *Hårdt mot hårdt*, 33–41. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Bjerke, André. [1960] 1968b. «Nervesammenbrudd i Dagbladet.» I *Hårdt mot hårdt*, 127–135. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Bjerke, André. [1960] 1968c. «Om dannet og vulgær tale (Arbeiderbladet 26/1-60).» I *Hårdt mot hårdt*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Bjerke, André. [1961] 1964. «Sprogpolitisk historieforfalskning.» I *Sproget som ikke vil dø : Rapporter fra riksmålets krigshistorie*, 29–41. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Bjerke, André. [1961] 1968. «Riksmål og samnorsk (Sarpn 12/10–61).» I *Hårdt mot hårdt*. Oslo: Riksmålsforbundet.
- Brunstad, Endre. 1997. «Purisme og nasjonalisme.» I *Purisme på norsk?*, redigert av Dag Finn Simonsen, 17–24. Oslo: Norsk språkråd.
- Brunstad, Endre. 2001. «Det reine språket: om purisme i dansk, svensk, færøysk og norsk.» Doktogradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Brunstad, Endre. 2003a. «Det reine språket.» I *Purt og reint : Om purisme i dei nordiske språka*, redigert av Helge Sandøy, Randi Brodersen og Endre Brunstad, 7–17. Volda: Høgskulen i Volda.
- Brunstad, Endre. 2003b. «Purismeomgrepet gjennom to tusen år.» I *Purt og reint : Om purisme i dei nordiske språka*, redigert av Helge Sandøy, Randi Brodersen og Endre Brunstad, 37–64. Volda: Høgskulen i Volda.
- Brunstad, Endre. 2009. «Kva er god nynorsk språkføring?» I *Språknormering – i tide og utide?*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 91–108. Oslo: Novus forlag.
- Bull, Tove. 2009a. «Hjalmar Falk.» *Norsk biografisk leksikon*, lesedato 06.12.2016, [https://nbl.snl.no/Hjalmar\\_Falk](https://nbl.snl.no/Hjalmar_Falk).
- Bull, Tove. 2009b. Ragnvald Iversen. *Norsk biografisk leksikon*, lesedato 09.12.2016, [https://nbl.snl.no/Ragnvald\\_Iversen](https://nbl.snl.no/Ragnvald_Iversen).
- Burger, Harald. 1998. *Phraseologie : Eine Einführung am Beispiel des Deutschen, Grundlagen der Germanistik 36*. Berlin: Erich Schmidt.
- Cacciari, Cristina. 1993. «The Place of Idioms in a Literal and Metaphorical World.» I *Idioms : processing, structure, and interpretation*, redigert av Cristina Cacciari og Patrizia Tabossi, 27–55. Hillsdale, N.J.: Lawrence Erlbaum Ass.
- Čermák, František. 1994. «On the Nature of Universality in Phraseology and Idiomatics.» I *Z problémů frazeologii polskiej i slowianskiej VI*, 15–19. Warszawa: Polska Akademia nauk Instytut slawistyki
- Čermák, František. 2001. «Substance of Idioms: Perennial Problems, Lack of Data or Theory?» *International Journal of Lexicography* 14 (1): 1–20.

- Chomsky, Noam. 1980. *Rules and representations*. Oxford: Basil Blackwell.
- Chomsky, Noam. 1981. *Lectures on government and binding*. Band 9 av *Studies in generative grammar*. Dordrecht: Foris.
- Chrystal, Judith-Ann. 1988. *Engelskan i svensk dagspress, Skrifter utgivna av Svenska språknämnden* 74. Stockholm: Esselte Studium.
- Clausén, Ulla. 1993. «Idiom och variation.» *Nordiske Studier i Leksikografi* 2, redigert av Anna Garde og Pia Jarvad, 47–52. Oslo: Nordisk Forening for Leksikografi.
- Clausén, Ulla. 1996. «Idiom i bruk.» I *Språket lever! Festskrift till Margareta Westman den 27 mars 1996*, redigert av Margareta Westman, 36–42. Stockholm: Norstedt.
- Clausén, Ulla og Erika Lyly. 1994. «Criteria for identifying and representing idioms in a phraseological dictionary.» I *Euralex 1994 Proceedings : Papers submitted to the 6th EURALEX International Congress on Lexicography in Amsterdam, the Netherlands*, redigert av Willy Martin, W. Meijs, M. Moerland, E. ten Pas, P. van Sterkenburg og P. Vossen, 258–262. Amsterdam: VU University Amsterdam.
- Clausén, Ulla og Erika Lyly. 1995. «Idiom och leksikografi.» *Språkvård* 1/95: 23–30.
- Collett, Camilla. 1844. «En Vandring og et Eventyr.» *Den Constitutionelle* 17–18/1844.
- Corpas Pastor, Gloria. 1996. *Manual de fraseología española*. Band 76 av *Biblioteca románica hispánica*. Madrid: Gredos.
- Cowie, Antony P. 2008. «Phraseology.» I *Practical lexicography. A reader*, redigert av Thierry Fontenelle. Oxford: Oxford University Press.
- Cruse, D. Alan. 1986. *Lexical semantics*. Cambridge textbooks in linguistics. Cambridge: Cambridge University Press.
- Cruse, D. Alan. 2000. *Meaning in Language : An Introduction to Semantics and Pragmatics*. Oxford: Oxford University Press.
- Cutler, Anne. 1982. «Idioms: The Colder the Older.» *Linguistic inquiry* 13 (2): 317–320.
- de Saussure, Ferdinand. [1916] 2011. *Course in General Linguistics*. Omsett av Wade Baskin. New York: Columbia University Press.
- De Smedt, Koenraad. 2020. «Smittsomme koronaord.» I *Bauta : Janne Bondi Johannessen in memoriam*, redigert av Kristin Hagen, Arnstein Hjelde, Karine Stjernholm og Øystein A. Vangsnes, 59–73. Oslo Studies in Language.
- De Smedt, Koenraad. u.å. *Korpus: noen definisjoner*. Lese 13. oktober 2021, <https://lingkurs.h.uib.no/webroot/index.php?page=korpus/korpusdef&lang=nn&course=da-sp107>.
- Deignan, Alice. 2005. *Metaphor and corpus linguistics*. Amsterdam: J. Benjamins Pub.
- Det kongelige Nordiske Oldskriftselskab. 1838. *Grönlands historiske mindesmærker*, band 2. Kjøbenhavn: <s.n.>.
- Dobrovolskij, D., P. Kühn og N.R. Norrick. 2007. «Cognitive approaches to idiom analysis.» I *Phraseology: an international handbook of contemporary research*, 789–818. Berlin: Walter de Gruyter.
- Dobrovolskij, Dmitrij. 2006. «Idiom Dictionaries.» I *Encyclopedia of Language & Linguistics*, redigert av Keith Brown, 514–518. Oxford: Elsevier.
- Dyvik, Helge. 1993. «Normbegreper, systembegreper og individueringen av norske skriftspråk.» I *Standardspråk og dialekt: seminarer i Oslo 1991 og 1992*, redigert av Knud Blaaug og Helge Nordahl, 159–174. Bergen og Oslo: Bergens riksmålsforening og Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur.
- Dyvik, Helge. 2003. «Offisiell og ikke-offisiell språknormering - nyttig eller skadelig motsetning?» I *Krefter og motkrefter i språknormeringa : Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 25–40. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Dyvik, Helge. 2009. «Normering i den post-samnorske æra.» I *Språknormering – i tide og utide?*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 109–121. Oslo: Novus forlag.



- Dyvik, Helge. 2012. «Norm clusters in written Norwegian.» I *Exploring Newspaper Language : Using the Web to Create and Investigate a Large Corpus of Modern Norwegian*, redigert av Gisle Andersen, 193–219. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Dyvik, Helge. 2018. 'jorda' eller 'jorden'? Lese 26. februar 2018, <https://nogramtall.w.uib.no/2018/02/05/hunkjonn-i-bokmal/>.
- Dyvik, Helge. 2018–2020. *Nogram-tall. Data om norsk fra NorGramBank*. Lese 30. november 2021. <https://nogramtall.w.uib.no/>
- Dziurewicz, Elzbieta. 2015. «Idiomer som står mitt hjerte nær. En korpusbasert analyse av utvalgte idiomer med komponent *hjerte* i norsk.» *Folia Scandinavica Posnaniensia* 18 (1): 4–16. DOI:[10.1515/fsp-2015-00015](https://doi.org/10.1515/fsp-2015-00015)
- Eiksund, Hjalmar. 2015. «Mellom borken og veden. Ungdom på jakt etter ein nynorsk identitet.» I *Nye røyster i nynorskforskinga*, redigert av Hjalmar Eiksund og Jan Olav Fretland, 36–47. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Eiksund, Hjalmar. 2017. «Eitt språk – to kompetansar : Føresetnader for sidemål ved inngangen til ungdomstrinnet.» I *Norsk som reiskaps- og danningfag*, redigert av Birgitte Fondevik og Pål Hamre, 258–283. Oslo: Samlaget.
- Eiksund, Hjalmar og Jan Olav Fretland (red.). 2015. *Nye røyster i nynorskforskinga*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Eskeland, Severin. [1904] 1940. *Reglar og rettleiingar i norsk målbruk*. 4. opplaget. Oslo: Fonna.
- Evans, Vyvyan og Melanie Green. 2006. *Cognitive Linguistics : An Introduction*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Falk, Hjalmar. 1894. *Vanskabninger i det norske sprog : Populære foredrag af dr. Hjalmar Falk*. Kristiania: Centraltrykkeriet.
- Falk, Hjalmar. 1895. *Spragets visne blomster : Fortsættelse af «Vanskabninger i det norske sprog»*. Kristiania: J. W. Cappelens forlag.
- Farø, Ken. 2000. *Dansk-tysk idiomatik. En empirisk baseret konfrontation af det moderne danske og tyske idiominventar*. Upubliceret kandidatspeciale, Københavns Universitet.
- Farø, Ken. 2003. «Ordsprog i nutidsdansk : funktioner og problemer.» I *Danske Studier 2003*, redigert av Merete K. Jørgensen og Flemming Lundgreen-Nielsen, 38–64. København: C.A. Reitzels Forlag.
- Farø, Ken. 2004a. «Hvornår går man over åen efter vand? Idiomaticke ækvivalensproblemer i leksikografi og leksikologi. Med dansk og tysk som eksempel.» *LexicoNordica* 11: 85–109.
- Farø, Ken. 2004b. «Omkring det grønne bord. Dansk-tysk idiomatik og sprogforandring.» I *Studier i Nordisk 2002–2003*, 51–75. København: Selskab for Nordisk Filologi.
- Farø, Ken. 2006. *Idiomtizität - Ikonizität - Arbitrarität : Beitrag zu einer funktionalistischen Theorie der Idiomäquivalenz*. Doktorgradsavhandling, Københavns Universitet.
- Farø, Ken. 2016. «Inventariografi og andre nyere tilgange til leksikografi.» I *Nordiske Studier i Leksikografi* 13, redigert av Asgerd Gudiksen og Henrik Hovmark, 301–311. København: Nordisk Forening for Leksikografi.
- Farø, Ken og Henrik Lorentzen. 2009. «De oversete og mishandlede ordforbindelser - hvilke, hvor og hvorfor?» I *LexicoNordica* 16: 75–102.
- Fauconnier, Gilles og Mark Turner. 2002. *The Way We Think. Conceptual Blending and the Mind's Hidden Complexities*. New York: Basic Books.
- Fernando, Chitra. 1996. *Idioms and idiomaticity, Describing English language*. Oxford: Oxford University Press.
- Fernando, Chitra og Roger Flavell. 1981. *On Idiom: Critical Views and Perspectives*. Band 5 av *Exeter Linguistic Studies*. Exeter: University of Exeter.
- Finnøy, Kathrine F. 2012. «'Man kan ikke se gjennom fingrene uten UV-stråling'. En kvantitativ forskningsstudie av idiomforståelsen hos ungdommer med norsk som morsmål.» Masteroppgåve, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Fiskerstrand, Pernille 2008. «Den internaliserte nynorsknormalen : Om oppfatta nynorsk hos eit utval nynorskelevar.» Masteroppgåve, Universitetet i Agder.

- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2002. «'Hyggelig forretningsmann søker husmor til kjærleik og sex'. Om folkemålsformer og nynorske ord i bokmål.» *Ord om ord* no. 2002: 44–55.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2004. «Behovet for et større ordboksverk.» *Språknytt* 1/2004: 1–6.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2009. «Leksikografisk dokumentasjon av flerordsenheter i norsk.» I *LexicoNordica* 16: 103–118.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2012. «Den stygge a-en! Om radikalt eller konservativt bokmål i skrift og tale.» *Språklig samling. Årbok* 2012: 77–86.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2015. «Språklige varieteter eller språklige rarieteter? Om bruk av valgfrie former i norsk bokmål.» I *Sproglige varieteter i nordiske ordbogresurser*, redigert av Henrik Lorentzen og Emma Sköldbberg, 35–56. Danmark: Nordisk forening for leksikografi.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2017a. «En undersøkelse av bruk og brukere av Lexins svenska lexikon.» *LexicoNordica* 24: 197–206.
- Fjeld, Ruth Vatvedt. 2017b. *Skriv godt og riktig på jobben*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fjeld, Ruth Vatvedt, Anders Nøklestad og Kristin Hagen. 2020. «Leksikografisk bokmålskorpus (LBK) – bakgrunn og bruk.» I *Leksikografi og korpus. En hyllest til Ruth Vatvedt Fjeld*, redigert av Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen, 47–59. Oslo Studies in Language.
- Fjeld, Ruth Vatvedt og Lars S. Vikør. 2008. *Ord og ordbøker: ei innføring i leksikologi og leksikografi*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Fløgstad, Kjartan. 2012. «Eit sant mirakel.» *Aftenposten*, <https://www.aftenposten.no/kultur/i/RRQw2/eit-sant-mirakel>
- Foseide, Ole Trygve. 2015. *Grenselaut språk*, <https://www.trollheimsporten.no/grenselaut-spraak.5763323-137312.html>.
- Fraser, Bruce 1970. «Idioms within a Transformational Grammar.» *Foundations of Language : International Journal of Language and Philosophy* 6 (1): 22–42.
- Fretland, Jan Olav, Magne Rommetveit, Arnulf Sudmann og Lars S. Vikør. 1986. *På godt norsk. Ei handbok i nynorsk målbruk*: NKS-forlaget.
- Fretland, Jan Olav og Aud Søyland. 2013. *Rett og godt: handbok i nynorskundervisning*. Oslo: Samlaget.
- Fridtun, Kristin. 2013. *Nynorsk for dumskillar*. Oslo: Samlaget.
- Faarlund, Jan Terje. 1999. «Nye retningslinjer for ordtilfanget i nynorsk.» *Språknytt* 2/1999: 5–7.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 1997. *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Garborg, Arne. 1879. «Bokstilen og Talestilen.» *Fedraheimen : Eit Blad aat det norske Folket* 35, 07.05.1879.
- Garthus, Karen Marie Kvåle. 2012. *Årsaker til språkskifte. Ei gransking ved Valdres vidaregåande skule*. Målstreken.
- Gibbs, Raymond W. 1993. «Why Idioms Are Not Dead Metaphors.» I *Idioms : Processing, Structure, and Interpretation*, redigert av Cristina Cacciari og Patrizia Tabossi, 57–77. New Jersey: Lawrence Erlbaum Associates.
- Gibbs, Raymond W. 1994. *The poetics of mind : Figurative thought, language, and understanding*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Gibbs, Raymond W. 2007. «Idioms and Formulaic Language.» I *The Oxford handbook of cognitive linguistics*, redigert av Dirk Geeraerts og Hubert Cuyckens. Oxford: Oxford University Press. DOI: 10.1093/oxfordhb/9780199738632.013.0027
- Gibbs, Raymond W. og Herbert L. Colston. 2007. «Psycholinguistic aspects of phraseology : American tradition.» I *Phraseology : An International Handbook of Contemporary Research*, redigert av Harald Burger, Dmitrij Dobrovolskij, Peter Kühn og Neal R. Norrick, 819–835. Berlin, New York: Walter de Gruyter.
- Gibbs, Raymond W. og Nandini P. Nayak. 1989. «Psycholinguistic Studies on the Syntactic Behavior of Idioms.» *Cognitive Psychology* 21 (1): 100–138. doi: 10.1016/0010-0285(89)90004-2.
- Gjelsvik, Nikolaus. 1938. *Von og veg : Norsk målføring : Norsk eller latinsk stilgrunnlag : Nokre ord til ettertanke for målfolk og bokmålsfolk*. Bergen: Norsk bokreidingslag.

- Gläser, Rosemarie. 1998. «The Stylistic Potential of Phraseological Units in the Light of Genre Analysis.» I *Phraseology: Theory, Analysis, and Applications*, redigert av A. P. Cowie, 125–144. Oxford: Clarendon Press.
- Goatly, Andrew. 2011. *The language of metaphors*. London: Routledge.
- Golden, Anne. 2005. «Å gripe poenget : Forståelse av metaforiske uttrykk fra lærebøker i samfunnskunnskap hos minoritets elever i ungdomsskolen.» Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Granger, Sylviane og Fanny Meunier. 2008. *Phraseology: an interdisciplinary perspective*. Amsterdam: John Benjamins Pub.
- Grepstad, Ottar. 2012. «Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012.» Nynorsk kultursentrum. Lesedato 18.03.2017: [http://www.aasentunet.no/filestore/PDF/SprakfaktaSognogFjordane\\_reduseretstr.pdf](http://www.aasentunet.no/filestore/PDF/SprakfaktaSognogFjordane_reduseretstr.pdf)
- Grepstad, Ottar. 2015. «Språkfakta 2015 : Ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar.» Nynorsk kultursentrum. Lesedato 02.02.2017 [http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta\\_2015/](http://www.aasentunet.no/iaa/no/sprakfakta_2015/)
- Grov, Astrid Marie. 2016. «Ordsamlingar med politisk sprengkraft.» *Språknytt* 4/2016: 18–22. Grunnskolen Informasjonssystem. 2021. <https://gsi.udir.no/informasjon/apne/>
- Grønvik, Oddrun. 2010. «Leksikaliserte ordsamband i norsk.» I *Nordiska studier i leksikografi* 10, redigert av Harry Lönnroth og Kristina Nikula, 118–129. Tammerfors: Tammerfors universitet och Språkrådet i Norge.
- Grønvik, Oddrun og Christian-Emil Smith Ore. 2014. «Samvirket mellom ordbank og ordbok.» I *Nordiske studier i leksikografi* 12, redigert av Ruth Vatvedt Fjeld og Marit Hovdenak, 139–158. Oslo: Novus forlag.
- Grønvik, Oddrun og Christian-Emil Smith Ore. 2021. Nynorsk korpuset – historikk og status. Innlegg på Korpusseminaret 03.02.2021. Høgskulen i Volda og Universitetet i Bergen: [https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innlegg\\_gronvik\\_og\\_smith\\_ore.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/innlegg_gronvik_og_smith_ore.pdf).
- Guevara, Emiliano Raul. 2010. «NoWaC: a large web-based corpus for Norwegian.» I *Proceedings of the NAACL HLT 2010 Sixth Web as Corpus Workshop*, 1–7. Los Angeles: Association for Computational Linguistics.
- Gundersen, Bjarne Riiser. 2013. «Det nye elitespråket : Er Ivar Aasens folkemål i ferd med å bli et språk for eliten?» *Morgenbladet* 15.05.2013, <https://www.morgenbladet.no/kultur/2013/05/15/det-nye-elitespraket/>
- Gundersen, Dag, Jan Engh, Ruth Vatvedt Fjeld og Elin Anita Frysjøenden. 2001. *Språkvett: skriveregler, grammatikk og språklige råd fra a til å*. Oslo: Kunnskapsforlaget. Øg tilgjengeleg via <https://www.ordnett.no/sprakverket/sprakvett>
- Gundersen, Dag og Snorre Evensberget. 2006. *Bevingede ord : Ordtak, sitater og deres opprinnelse*. Oslo: Kunnskapsforlaget
- Gundersen, Kjetil. 2018. *Språkspalta*, lesedato 24.01.18, <https://www.facebook.com/groups/spalta>.
- Guttu, Tor. 2005. *Norsk ordbok med 1000 illustrasjoner*. Kunnskapsforlaget.
- Guttu, Tor. 2018. «Rettskrivingsordbok?» *Klassekampen* 03.02.2018: 46.
- Hallsteinsdóttir, Erla. 2006. «Multilingual elektronisk idiomordbok.» I *Nordiske Studier i leksikografi* 8, redigert av Henrik Lorentzen og Lars Trap-Jensen, 171–179. København: Nordisk Forening for Leksikografi.
- Hannesdóttir, Anna, Jón Hilmar Jónsson og Sofia Tingsell. 2010. «Mot en begreppsbasert isländsk och svensk fraseologisk ordbok. Refleksjoner kring pragmatiska idiom.» I *Nordiska studier i leksikografi* 10, redigert av Harry Lönnroth og Kristina Nikula, 140–149. Tammerfors: Tammerfors universitet och Språkrådet i Norge.
- Haugen, Einar. 1969. *Riksspråk og folkemål: norsk språkpolitikk i det 20. århundre*. Omsett av Dag Gundersen. Oslo: Universitetsforlaget.
- Haugen, Einar. 1990. *Babels forbrødring: om tospråklighet og språkplanlegging*. Translated by Dag Gundersen. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hegna, Hallvard. 2017. «Korrekt moderne nynorsk.» *Dag og Tid* 06.10.2017: 41.

- Hellevik, Alf. 1968. *Norsk på ny*. Oslo: Samlaget.
- Hellevik, Alf. 1970. *Det rette ordet : Ord og ordlegging i skrift og tale*. Oslo: Samlaget.
- Hellevik, Alf. 1971. «Om påverknad på norsk frå andre nordiske språk.» *Sprog i Norden 1971*: 37–47
- Hellevik, Alf. [1950] 1966. «Innleiing.» I *Norsk Ordbok : Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet*, redigert av Olav T. Beito, Nils Halland, Alf Hellevik og Gunnar Pedersen, V–XVI. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Helset, Stig J. 2017a. «Norm og røyndom : Ein statistisk studie av operative normer i det nynorske skriftspråket.» Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Helset, Stig J. 2017b. «Språknormer og danning.» I *Norsk som danningfag*, redigert av Birgitte Fondevik og Pål Hamre, 134–149. Oslo: Samlaget.
- Hoel, Oddmund Løkensgard. 1998. «Marcus Jacob Monrad som målpolitikar.» I *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*, redigert av Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangensteen, 43–58. Oslo: Nordisk forening for leksikografi/Kunnskapsforlaget.
- Hoel, Trude. 1995. «Rettskrivingsnormaler – til hjelp eller til besvær? En vurdering av «vide» og «snevre» rettskrivingsssystem i skandinaviske språk.» Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo/Høgskolen i Agder.
- Holter, Åge. 1966. *Det norske bibelselskap gjennom 150 år : Band 1 : 1816–1904*. Oslo: Grøndahl.
- Horbowicz, Paulina. 2009. «Varmt hjerte og kaldt blod. En kontrastiv analyse av uttrykk for følelser basert på indre organer og kroppsvæsker i polsk og norsk.» *Folia Scandinavica Posnaniensia* 10: 169–180.
- Horinová, Barbora. 2013. «Kroppsidiomer i kulturhistorisk sammenheng. En sammenligning mellom norsk og tsjekkisk.» Masteroppgåve, Masarykova univerzita.
- Horvati, Eszter. 2005. «Automatisk gjenkjenning av norske kollokasjoner.» Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.
- Hovdenak, Marit. 1992. «Norske skuleordlister.» I *Nordiske studier i leksikografi*, redigert av Ruth Vatvedt Fjeld, 53–64. Oslo: Nordisk forening for leksikografi
- Hovdenak, Marit. 2013. Bokmålsordboka og Nynorskordboka – tvillingar på 27. Innlegg på *Konferanse om leksikografi i Norden i Oslo 2013*: Språkrådet: <https://www.sprakradet.no/upload/Leksikografi%20i%20Norden/Presentasjoner%202013/20%20MaritHovdenak.pdf>
- Hovdenak, Marit. 2014. «Bokmålsordboka og Nynorskordboka gjennom ein generasjon.» I *Nordiske studier i leksikografi 12*, redigert av Ruth Vatvedt Fjeld og Marit Hovdenak, 229–246. Oslo: Novus forlag.
- Hove, Odd Sverre. 2009. «Kjell Bondevik.» I *Norsk biografisk leksikon*. Lesedato 28.01.2018, [https://nbl.snl.no/Kjell\\_Bondevik](https://nbl.snl.no/Kjell_Bondevik).
- Howarth, Peter. 1998. «The Phraseology of Learners' Academic Writing.» I *Phraseology : Theory, analysis, and applications*, redigert av A.P. Cowie. Oxford: Oxford University Press.
- Hristova-Gotthardt, Hristzalina og Melita Aleksa Varga (red.). 2015. *Introduction to Paremiology : A Comprehensive Guide to Proverb Studies*. Walter De Gruyter: Open Access eBooks
- Hult, Ann-Kristin. 2010. «Kort och gott : Om idiomens språkprov i Svensk ordbok utgiven av Svenska Akademien (2009).» I *Nordiska studier i leksikografi 10*, redigert av Harry Lönnroth og Kristina Nikula, 209–223. Tammerfors: Nordiska föreningen för leksikografi.
- Hult, Ann-Kristin. 2017. «Ordboksanvändning på nätet. En undersökning av användningen av Lexins svenska lexikon.» Doktorgradsavhandling, Göteborgs universitet.
- Ildøe, Thea. 2016. «Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? : Ei undersökning av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelt område i Hordaland.» Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Ims, Ingunn Indrebø. 2007. «'Det er vi som bestemmer åssen folk snakker og skriver : En undersökelse av norske avisers språknormative prinsipp og praksis.» Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Ims, Ingunn Indrebø. 2018. «Ei ordbok for folket?» Kronikk i *Klassekampen* 1. februar 2018: 22.
- Indrebø, Gustav. 1932. *Nynorsk og bokmål*. Bjørgvin: Lunde.

- Indstilling. 1917. *Indstilling fra Retskrivningskomiteen*. Oslo: Kirke- og Undervisningsdepartementet.
- Innstilling. 1966. *Innstilling om språksaken*. Oslo: Kirke- og undervisningsdepartementet.
- Innstilling. 2011. *Ny rettskriving for 2000-talet : Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet*. Oslo: Retskrivningsnemnda for nynorsk og Språkrådet.  
<http://www.sprakradet.no/upload/rettskrivningsnemnda/innstilling%20nynorsk.pdf>
- Iversen, Ragnvald. 1939. *Rett – greitt – norsk : Skriftlig målføring : Råd og regler*. Oslo: Aschehoug.
- Iversen, Ragnvald. [1929] 1946. *Norsk stillære i grunndrag : For realskolen, gymnasiet, lærerskolen og andre ungdomsskoler*. 3. utg. Oslo: Aschehoug.
- Jahr, Ernst Håkon 2015. *Språkplanlegging og språkstrid : Utsyn over norsk språkhistorie etter 1814*. Oslo: Novus forlag.
- Jesenšek, Vida. 2015. «Pragmatic and Stylistic Aspects of Proverbs.» I *Introduction to Paremiology : A Comprehensive Guide to Proverb Studies*, redigert av Hrisztalina Hrisztova-Gotthardt og Melita Aleksa Varga, 133–161. Walter De Gruyter: Open Access eBooks.
- Johannessen, Janne Bondi og Anders Nøklestad. 2000. «Oslo-korpuset av taggedde, norske tekster.» *Nordlyd: Working papers on Language & Linguistics* 28: 164–176.
- Johansson, Stig. 1998. «On the role of corpora in cross-linguistic research.» I *Corpora and cross-linguistic research: Theory, method, and case studies*, redigert av Stig Johansson og Signe Oksefjell, 3–24. Amsterdam and Atlanta: Brill | Rodopi.
- Johnson, Mark. 1987. *The Body in the Mind : The Bodily Basis of Meaning, Imagination, and Reason*. Chicago: University of Chicago Press.
- Jónsson, Jón Hilmar. 2009. «Ordforbindelser : Grunnelementer i ordboken?» I *LexicoNordica* 16: 161–197. Oslo: Nordisk forening for leksikografi.
- Jónsson, Jón Hilmar. 2017. *Bundið í orð. Greinasafn gefið út í tilefni af sjötugsafmæli hans 2. janúar 2017*. Band 98 av *Rit (Stofnun Árna Magnússonar á Íslandi)*. Reykjavik: Stofnun Árna Magnússonar í íslenskum fræðum.
- Julien, Marit. 2017. «Om språk og normer.» *Syn og segn* 3/2017: 98–105.
- Juuhl, Gudrun Kløve. 2014. «I det mykje skrivne : Ei undersøking av ungdoms digitale tekstar i skule og fritid som situerte, retoriske handlingar.» Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Kjelsvik, Bjørghild. 2017. «Samansetningar i norsk og leddeling i ordbøkene.» I *Målreising og mormålsdokumentasjon : Heidersskrift til Oddrun Grønvik ved 70-årsleitet*, redigert av Bjørghild Kjelsvik, Christian-Emil Smith Ore, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren, 145–172. Oslo: Novus forlag.
- Kjelaas, Irmelin. 2017. «De sier vulgært, jeg sier talemålsnært.» *Forskerforum*.
- Kjøll, Georg. 2017. *Alle nonner drar : Språk på ville veier*. Oslo: Cappelens Damm.
- Kleggetveit, Ingunn. 2013. «Eg eller jeg? Ein studie av forhold som kan påverke valet mellom nynorsk og bokmål hos ungdom i Indre-Agder.» Masteroppgåve, Universitetet i Agder.
- Knotmerr. 2014. *Blinde høner finner også korn!*, lesedato 03.02.2017,  
[http://knotmerr.blogg.no/1405408230\\_blinde\\_hner\\_finner\\_og.html](http://knotmerr.blogg.no/1405408230_blinde_hner_finner_og.html).
- Knowles, Murray og Rosamund Moon. 2006. *Introducing metaphor*. London: Routledge.
- Knudsen, Knud. 1881a. *Skolen og fremmedordene : med efterskrift til "Unorsk og norsk"*. Kristiania: A. Cammermeyer.
- Knudsen, Rune Lain og Ruth Vatvedt Fjeld. 2013. «LBK2013: A balanced; annotated national corpus for Norwegian Bokmål.» I *Proceedings of the workshop on lexical semantic resources for NLP at NODALIDA 2013; NEALT Proceedings Series 19*, redigert av Lars Borin, Ruth Vatvedt Fjeld, Markus Forsberg, Sanni Nimb, Pierre Nugues og Bolette Sandford Pedersen, 12–20. Linköpings universitet: Linköping University Electronic Press.
- Kola, Kjersti Wictorsen. 2014. «Bokmålsbruk – hvorledes/hvordan/åssen og hvorfor? Om bruken av morfologiske og ortografiske varianter i bokmålsnormalen.» Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.
- Konstantinova, Anna. 2015. «Proverbs in Mass Media.» I *Introduction to Paremiology : A Comprehensive Guide to Proverb Studies*, redigert av Hrisztalina Hrisztova-Gotthardt og Melita Aleksa Varga, 276–293. Walter De Gruyter: Open Access eBooks.

- Kozak-Opsahl, Katarzyna. 2010. «Polish idioms and their equivalents in Norwegian: a cross-linguistic analysis.» Doktorgradsavhandling, University of Oslo
- Kringkastingsringen. 1994. *Er det plass til nynorsk? Om språket i norske aviser*. Upublisert rapport frå Kringkastingsringen, i samarbeid med Noregs Mållag.
- Kulbrandstad, Lars Anders. 1976. «Norsk handordbok.» *Språknytt* 2/1976: 7–8.
- Kulbrandstad, Lars Anders og Torodd Kinn. 2016. *Språkets mønstre : Norsk språklære med øvingsoppgaver*. 4. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kulturdepartementet. 2017. «Vedtekter for Språkrådet.» <https://www.sprakradet.no/Vi-og-vart/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet/>
- Kulturdepartementet. «Prop. 108 L (2019–2020). Lov om språk (språkløva).» <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/?ch=1>. Oslo: Kulturdepartementet, 2020.
- Kultur- og kyrkjedepartementet. «Mål og mening : Ein heilskapleg norsk språkpolitikk.» St.meld. nr. 35 (2007–2008). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-35-2007-2008-/id519923/>. Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet, 2008.
- Kultur- og kyrkjedepartementet. «Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Kortversjon av St.meld. nr. 35 (2007–2008).» <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mal-og-mening---ein-heilskapleg-norsk-s/id545896/2008>. Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet, 2009.
- Kövecses, Zoltán. 2010. *Metaphor: a practical introduction*. 2. utg. New York: Oxford University Press.
- Lakoff, George. 1986. «The Meanings of Literal.» *Metaphor and Symbolic Activity* 1 (4): 291–296.
- Lakoff, George og Mark Johnson. 1980. *Metaphors we live by*. Chicago: University of Chicago Press.
- Langlotz, Andreas. 2006. *Idiomatic creativity : A cognitive-linguistic model of idiom-representation and idiom-variation in English*. Amsterdam: J. Benjamins.
- Leder. 04.11.2007. «Elitespråket nynorsk.» *Bergens Tidende*. <https://www.bt.no/btmeninger/leder/i/z0AL9/elitespraaket-nynorsk>
- Leder. 05.01.2007. «Nynorskens skjebne.» *Bergens Tidende*. <https://www.bt.no/btmeninger/leder/i/0vX3o/nynorskens-skjebne>
- Lie, Svein. 1977. *Innføring i norsk syntaks*. 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Liestøl, Knut. 1927. *Måltreising*. Oslo: Norli.
- Lilleholt, Kåre. 1997. «'... man skal eie en ordliste' – litt om rettsgrunnlaget for normering av norsk språk.» I *Ånd og rett : Festskrift til Birger Stuevold Lassen på 70-årsdagen 19. august 1997*, redigert av Viggo Hagstrøm, Peter Lødrup og Magnus Aarbakke, 649–658. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ljung, Magnus. 1988. *Skinheads, hackers & lama ankor: Engelskan i 80-talets svenska*. Stockholm: BokförlagetTrevi.
- Lomheim, Sylfest. 2003. «NTB – grå eminense i norsk språkpolitikk.» I *Krefter og motkrefter i språknormeringa : Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 195–207. Kristiansand,: Høyskoleforlaget,.
- Luraghi, Silvia og Claudia Parodi. 2008. *Key terms in syntax and syntactic theory*. London: Continuum.
- Luther, Martin. 1898. *D. Martin Luthers Werke : Kritische Gesamtausgabe (Weimarer Ausgabe)*. Band 20. Weimar: Hermann Böhlau.
- Lyly, Erika. 1994. «Halvfasta fraser - ett lexikografiskt problem.» I *Nordiske Studier i Leksikografi 2*, redigert av Anna Garde og Pia Jarvad, 173–178. København: Nordisk forening for leksikografi
- Lyse, Gunn Inger. 2020. «Ut med adamslekt og inn med arveprinsesse? Leksikografiske metodar i revisjonen av Bokmålsordboka og Nynorskordboka» I *Nordiska studier i lexikografi 15*, redigert av Caroline Sandström, Ulla-Maija Forsberg, Charlotta af Hällström-Reijonen, Maria Lehtonen og Klaas Ruppel, 215–224. Helsingfors: Nordiska föreningen for lexikografi.



- Lyse, Gunn Inger og Gisle Andersen. 2012. «Collocations and Statistical Analysis of N-Grams : Multiword Expressions in Newspaper Text.» I *Exploring Newspaper Language : Using the Web to Create and Investigate a Large Corpus of Modern Norwegian*, redigert av Gisle Andersen, 79–109. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company.
- Løland, Rasmus. [1907] 1942. «Ei røda um bøker og andre ting.» *Syn og Segn 1907*: 129–149. Trykt om igjen i 1942 i *Skrifter i samling : Forteljingar og skildringar 4 bandet: Umskifte; På skuggesida; Hundrad år; Dikt; Utgreiingar og bladstykke*: 310–326. Oslo: Samlaget.
- Malmgren, Sven-Göran. 2000. «Korpusar i ordboksarbeite och grammatikforskning.» I *Korpusar i forskning och undervisning. Rapport från ASLA:s höstsymposium, Växjö, 11–12 november 1999*, redigert av Gunilla Byrman, Hans Lindquist og Magnus Levi, 192–207. Uppsala: ASLA.
- Mannsåker, Helga. 2010. «'Inn i noko endå djupare'. Metaforbruk om sinnet og stemningslidingar.» Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Mannsåker, Helga. 2017. «Schizofrene symptom og splitta sinn : Kritiske metonymi- og metaforanalyser av fagtermar knytte til diagnosen schizofreni i skandinaviske lærebøker i psykiatri.» Doktorgradsavhandling, Universitetet i Bergen.
- Mieder, Wolfgang. 1991. «'(Don't) Throw The Baby out with the Bath Water': The Americanization of a German Proverb and Proverbial Expression.» *Western folklore*: 361–400.
- Moon, Rosamund. 1997. «Vocabulary connections: Multi-word items in English.» I *Vocabulary: Description, acquisition and pedagogy*, Red av Norbert Schmitt and Michael McCarthy, 40–63. Cambridge: Cambridge University Press.
- Moon, Rosamund. 1998. *Fixed expressions and idioms in English: a corpus-based approach*. Oxford: Clarendon Press.
- Munch, Peter Andreas. [1832] 1970. «Norsk Sprogreformation.» I *Fra norsk språkhistorie : En antologi*, redigert av Eskil Hanssen, 119–130. Oslo: Universitetsforlaget.
- Murner, Thomas. [1512] 1926. *Narrenbeschwörung: mit einem Briefe Murners in Handschriftendruck*: Walter de Gruyter.
- Myklebust, Hege. 2015. «'Nynorsk er jo heilt konge då, men [...] ' Identitetshandlingar i argumenterande tekstar på vidaregåande skule.» I *Nye røyster i nynorskforskninga*, redigert av Hjalmar Eiksund og Jan Olav Fretland, 62–76. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner : Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- NAOB. 2018a. «Om NAOB,» lesedato 25.01.2018, [www.naob.no/om](http://www.naob.no/om).
- NAOB. 2018b «Om språket som beskrives,» lesedato 25.01.2018, [www.naob.no/om/spraket-som-beskrives/](http://www.naob.no/om/spraket-som-beskrives/).
- NAOB. 2018c. «Uttrykk,» lesedato 01.03.2018, <https://www.naob.no/veiledning/uttrykk/>.
- Natural Language Processing Centre. 2017. *HaBiT - Harvesting big text data for under-resourced languages*. <https://habit-project.eu/>.
- Nesse, Agnete. 1998. «Mellom lån og hjemlig utvikling. Den såkalte garpegenitiven som språkkontaktresultat.» I *Språkkontakt i Norden i middelalderen, særlig i hansatida*, redigert av Ernst Håkon Jahr. København: Nordisk Ministerråd.
- Nilstun, Carina. 2016. «NAOB: På vei mot en nasjonalordbok for bokmålet : Nyordsprosjektet «2014 nynord i 2014.» I *Nordiske Studier i Leksikografi 13*, redigert av Asgerd Gudiksen og Henrik Hovmark, 395–403. København: Nordisk Forskningsinstitut og Københavns Universitet.
- NO. 2014. *Brukarretteiing for digital utgave*, lesedato 12.09.2019, <http://no2014.uib.no/eNo/tekst/retteiing.html>
- NOB-redaksjonen. 1983. *Redigeringsreglar for Norsk handordbok : Gjeld frå feb 1983*. Upublisert.
- Nordbø, Børge. 2018. «Det Norske Akademis Ordbok.» I *Store norske leksikon*, lesedato 16.01.2018, [https://snl.no/Det\\_Norske\\_Akademis\\_ordbok](https://snl.no/Det_Norske_Akademis_ordbok).
- Nordstoga, Sveinung. 2013. «Minne, mediering, meining : Teksttransformasjon som pedagogisk fenomen i Andreas Austliids *Lesebok for folkeskulen* (1902–06).» *Sakprosa* no. 5 (1 Art. 3): 13.
- NORKOG og Språkrådet. 2016. «Kognitiv lingvistikk,» lesedato 02.04.2018, [http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Kategori:Kognitiv\\_lingvistikk](http://www.termwiki.sprakradet.no/wiki/Kategori:Kognitiv_lingvistikk).

- Norsk språkråd. 1999. *Retningslinjer : Opptak av tyske og danske importord i nynorske ordbøker og ordlister*.  
<http://www.sprakradet.no/sprakhjelp/Skriverad/Ordlister/Ordtilfanget/Retningslinjer/>
- Nunberg, Geoffrey, Ivan A. Sag og Thomas Wasow. 1994. «Idioms.» *Language* 70 (3): 491–538.
- Ny læreboknormal. 1959. *Ny læreboknormal*. Kirke- og undervisningsdepartementet. Oslo: Olaf Nordlis forlag.
- Ny rettskrivning. 1938. *Ny rettskrivning 1938 : Bokmål : Regler og ordliste*. Kirke- og undervisningsdepartementet. Oslo: Olaf Nordlis forlag.
- Næs, Olav. 1972. *Norsk grammatikk. Elementære strukturer og syntaks*. 3. utg. Oslo: Fabritius forlag.
- Olsen, Tone Rudi. 2001. «Leksikografisk behandling av fraser med overført betydning.» Hovedfagsoppgåve, Universitetet i Oslo.
- Omdal, Helge. 1996. *Språknormering og språkbrukar : Artiklar frå seminar ved Universitetet i Bergen*. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Omdal, Helge. 2003. «Lærernes rolle i implementering av norske språknormer.» I *Krefter og motkrefter i språknormeringa : Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røstad, 221–238. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Omdal, Helge og Lars S. Vikør. 1996. *Språknormer i Norge : Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Opsahl, Toril. 2018. «NAOB - velskapt fra halsen og ned.» *LexicoNordica* 25: 293–311.
- Ore, Christian-Emil Smith. 2017. «Norsk Ordbok digital.» I *Målreising og morsmålsdokumentasjon : Heidersskrift til Oddrun Grønvik ved 70-årsleitet*, redigert av Bjørghild Kjelsvik, Christian-Emil Smith Ore, Lars S. Vikør, Åse Wetås og Dagfinn Worren, 85–95. Oslo: Novus forlag.
- Papazian, Eric. 1986. «Bokmål – hva er det?» *Språklig samling* 2/1986: 18–19.
- Papazian, Eric. 1991. «Norsk språknormering i dag : En analyse av Norsk språkråds normering av bokmål det siste tiåret.» I *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*, redigert av Helge Sandøy, Arne Torp, Kjell Ivar Vannebo og Lars S. Vikor, 86–109. Nordisk institutt: Universitetet i Bergen.
- Proba samfunnsanalyse. 2014. *Undersøkelse av nynorsk som hovedmål*. Oslo: Utarbeidet for Utdanningsdirektoratet. <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Probarapport-2014-07.pdf>
- Prušková, Jana. 2013. «Kroppslige idiomer i russisk, norsk og tsjekkisk: Med varmt hjerte og kaldt hode.» Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.
- Rauset, Margunn. 2010a. «Sorte får og svarte sauer. Ekvivalensproblematikk og målformskilnader ved ordsamband i den islandsk-norske delen av ordboka ISLEX.» Masteroppgåve, Universitetet i Bergen.
- Rauset, Margunn. 2010b. «Utfordringar med to norske målformer i ISLEX.» I *Nordiska studier i lexikografi 10*, redigert av Harry Lönnroth og Kristina Nikula, 446–454. Tammerfors: Nordiska föreningen för lexikografi.
- Rauset, Margunn. 2015. «Kvar ligg den nynorske hunden nedgraven? Om stilideal og norm i norsk fraseologi.» I *Nye røyster i nynorskforskinga*, redigert av Hjalmar Eiksund og Jan Olav Fretland, 188–203. Oslo: Samlaget.
- Rauset, Margunn. 2017. «Bokstavleg babyutkasting.» Språkprat, <https://sprakprat.no/2017/11/09/bokstavleg-babyutkasting/>
- Rauset, Margunn. 2018. «Idiomenker.» I *Fraseologi – genveje og omveje. Festskrift til Torben Arboe i anledning af hans 70-årsdag den 8. september 2018*, redigert av Inger Schoonderbeek Hansen, Kirsten Lyshøj og Viggo Sørensen, 159–164. Aarhus Universitet: Peter Skautrup Centret for Jysk Dialektforskning.
- Rauset, Margunn. 2019. «Bokmålsordboka og Nynorskordboka – einægga, toægga eller siamesiske tvillingar?» *LexicoNordica* 26: 155–175.
- Rauset, Margunn. under publisering. «Merkelappar brukte på bokmål, nynorsk og subvarietetar av desse.» I *Han Johan og dei. Veneskrift til Johan Myking ved syttiårsleitet*, redigert av Randi Neteland og Torodd Kinn. Bergen. Forventa publiseringdato: 05.03.2022.



- Ressursgruppe for nynorsk som hovudmål. 2013. *Sluttrapport*. Oslo: Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/KD/RapportNynorskHovudmaal.pdf>
- Rettskrivningsendringer. 2005. *Rettskrivningsendringer fra 1. juli 2005*. Kultur- og kirkedepartementet. <http://www.sprakradet.no/globalassets/sprakavare/norsk/rettskriving2005.pdf>.
- Revisjonsprosjektet. 2020. *Revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka*. <http://revisjonsprosjektet.no>.
- Ridings, Daniel og Oddrun Grønvik. 2012. «A corpus based method for a diachronic study of the central vocabulary of New Norwegian.» I *Nordiska Studier i Lexikografi 11*, redigert av Birgit Eaker, Lennart Larsson og Anki Mattisson, 524–533. Lund.
- Riksmålsforbundet. 2020. *Hele historien om suksessordboken naob.no*, lesedato 07.01.2020, <https://www.riksmalsforbundet.no/hele-historien-om-suksessordboken-naob-no/>.
- Rommetveit, Magne. 1983. «Merknader til tilrådinga om ordtilfanget i nynorsk (dissens).» I *Heit strid om nynorsk : Dokument og meiningar 1980-83*, redigert av Arne Lauvhjell, 44-49. Oslo: Novus Forlag.
- Rotevatn, Audhild Gregoriusdotter. 2015. *Språk i spagaten : Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar*, Høgskulen i Volda, Volda.
- Rødningen, Dagfinn. 2000. «Nærskylde skriftspråk i kontakt. Interferensproblem og normering i norsk, sett i lys av ei undersøking om språkskifte i Ottadalen.» *Maal og Minne* 1/2000: 65–84.
- Sandøy, Helge. 1976. *Laust samansette verb i vestnordisk : Ein samanliknande leddstillingsanalyse for islandsk, færøysk og romsdalsmål*, Oslo.
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. 2. utg. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 1998. «Normering av ordforrådet : Om opptak av gamle importord i nynorsk.» *Nordica Bergensia* 19: 50–100.
- Sandøy, Helge. 2003a. «Den norske normeringssirkelen.» I *Krefter og motkrefter i språknormeringa : Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røstad, 259–271. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Sandøy, Helge. 2003b. «Språkomgrepet, språkhaldningar og purisme.» I *Purt og reint : Om purisme i dei nordiske språka*, redigert av Helge Sandøy, Randi Brodersen og Endre Brunstad, 19–36. Volda: Høgskulen i Volda.
- Sandøy, Helge. 2004a. «Norvagerisering og fornorsking.» I «*Det främmande*» i *nordisk språkpolitikk : Om normering av utländska ord*, redigert av Helge Sandøy og Jan-Ola Östman, 107–141. Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, Helge. 2004b. *Språkstyring og språkendring i Noreg. Politikk eller kulturelt hegemoni?* [http://folk.uib.no/hnohs/Publikasjonar/Sandoy,%200962%20 Sprakstyring%20-%20hegemoni.pdf](http://folk.uib.no/hnohs/Publikasjonar/Sandoy,%200962%20Sprakstyring%20-%20hegemoni.pdf)
- Sandøy, Helge. 2007. «Avissspråket i Norden – ei jamføring.» I *Fire dagar i nordiske aviser. Ei jamføring av påverknaden i ordforrådet i sju språksamfunn*, redigert av Bente Selback og Helge Sandøy, 127–155. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2009. «Sju nordiske språkkulturar. Korleis? Og korfor?» *Språk i Norden 2009 : Språkpolitikk og språkkattityder*: 153–172.
- Sandøy, Helge og Jan-Ola Östman. 2004. «Språkpåverkan och ansvar inom språkpolitikk i Norden.» I «*Det främmande*» i *nordisk språkpolitikk : Om normering av utländska ord*, redigert av Helge Sandøy og Jan-Ola Östman, 7–29. Oslo: Novus forlag.
- Schanche, Angélique. 1979. *Mors mål : Kunnskap og skapande aktivitet : Retningslinjer for eit hovudfag i 9 år*. 3. utg. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Scholze-Stubenrecht, Werner. 1995. «Äquivalenzprobleme im zweisprachigen Wörterbuch. Ein Erfahrungsbericht.» I *Studien zur zweisprachigen Lexikographie mit Deutsch II: Germanistische Linguistik 127-128*, redigert av Herbert Ernst Wiegand, 1-16. Hildesheim/New York: Georg Olms.
- Seip, Didrik Arup. 1920. *Norsk sproghistorie*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

- Selback, Bente. 2001. «'Det er heilt naturleg' : Ei gransking av skriftspråkhaldningar.» Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Bergen.
- SIL u.å.-a. *Individual languages/Macrolanguages*, lesedato 05.05.2020, <https://iso639-3.sil.org/about/scope>.
- SIL u.å.-b. *ISO 639-3 Macrolanguage Mappings*, lesedato 05.05.2020, <http://www-01.sil.org/iso639-3/macrolanguages.asp>.
- Sinclair, John. 1991. *Corpus, concordance, collocation, Describing English language*. Oxford: Oxford University Press.
- Sinclair, John M. 1984. «Lexicography as an academic subject.» I *LEXeter '83 Proceedings*, redigert av R.R.K. Hartmann, 3–12. Tübingen: Niemeyer.
- Sinclair, John M. 2008. «Preface.» I *Phraseology. An interdisciplinary perspective*, redigert av Sylviane Granger og Fanny Meunier, XV–XVIII. Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Skyum-Nielsen, Peder. 1979. «Et overblik over de instanser der (i Danmark) utfører sproglig normgivning.» I *Sprognormer i Norden : Indleg ved et fællesnordisk symposium i København, oktober 1978*, redigert av Erik Hansen og Peder Skyum-Nielsen, 136–154. København: Akademisk forlag.
- Sköldberg, Emma. 2001. «Lever idiomen i svenska ordböcker sitt eget liv?» I *Nordiska studier i lexikografi 5*, redigert av Martin Gellerstam, Kristinn Jóhannesson, Bo Ralph og Lena Rogström, 344–356. Göteborg: Mejerbergs arkiv for svensk ordforskning
- Sköldberg, Emma. 2004. «Korten på bordet :Innehålls- och uttrycks-mässig variation hos svenska idiom.» Doktorgradsavhandling, Göteborgs universitet.
- Sköldberg, Emma. 2006. «Idiom och semantisk variation – i autentiskt bruk och i ordböcker.» I *Nordiske Studier i Leksikografi 8*, redigert av Henrik Lorentzen og Lars Trap-Jensen, 359–371. København: Nordisk Forening for Leksikografi.
- Sköldberg, Emma, Linnéa Bäckström, Lars Borin, Markus Forsberg, Benjamin Lyngfelt, Leif-Jöran Olsson, Julia Prentice, Rudolf Rydstedt, Sofia Tingsell og Jonatan Uppström. 2013. «Between Grammars and Dictionaries : A Swedish Constructicon.» I *Proceedings of eLex 2013, 17-19 October 2013*, redigert av I. Kosem, J. Kallas, P. Gantar, S. Krek, M. Langemets og M. Tuulik, 310–327. Tallinn, Estonia: Ljubljana/Tallinn: Trojina, Institute for Applied Slovene Studies/Eesti Keele Instituut.
- Sobieski, Janet og Wolfgang Mieder. 2005. *'So Many Heads, So Many Wits': An Anthology of English Proverb Poetry*. Band 18 av *Supplement Series of Proverbium*. Burlington, VT: Burlington, VT: University of Vermont.
- Språkrådet. 2008. «Når kan vi bruke s-genitiv i nynorsk?» I: *Språktips. Informasjon frå språktenesta for statsorgan*. Nr. 4/2008: 1 [www.spraakradet.no/upload/11238/Språktips%204\\_2008.pdf](http://www.spraakradet.no/upload/11238/Språktips%204_2008.pdf).
- Språkrådet. 2014a. *Norsk ordbokpolitikk*. Notat fra Språkrådet til Kulturdepartementet 3. mars 2014. <https://www.spraakradet.no/upload/Aktuelt/Brev%20om%20ordbokpolitikk.pdf>
- Språkrådet. 2014b. Stedfortreder i nynorsk? Utgreiing til sak 25/14 i fagråd 3 om *stadfortredar, rettighet og valdgift*. Upublisert.
- Språkrådet. 2015a. *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk. Bokmålsversjon*. <http://www.spraakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-bokmalsversjon.pdf>
- Språkrådet. 2015b. *Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk. Nynorskversjon*. <http://www.spraakradet.no/globalassets/spraka-vare/norsk/retningslinjer-for-normering-nynorskversjon.pdf>.
- Språkrådet. 2016. «F3 19/16 Framlegg til opptak av ein del ord i nynorske ordlister og ordbøker.» Upublisert.
- Språkrådet. 2017a. Språkstatus 2017. <http://www.spraakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2017.pdf>.
- Språkrådet. 2017b. *Vedlegg til Språkrådets budsjettsøknad 2018 : Prosjektsøknad – revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka*. Upublisert.

- Språkrådet. 2018. Referat frå møte i fagråd 3 24. januar 2018. Upublisert.
- Språkrådet. u.å.-a. *Mulm og mørke, brask og bram og liknande*  
<http://www.sprakradet.no/svardatabase/sporsmal-og-svar/mulm-og-morke-brask-og-bram-og-liknande/>.
- Språkrådet. u.å.-b. *Rettskrivingsvedtak*.  
<https://www.sprakradet.no/Spraka-vare/Norsk/normering/Rettskrivingsvedtak/>
- Steen, Oxana. 2011. «Idiommer af bibelsk oprindelse i moderne russisk og dansk avissprog. Kriterier for en videnskabelig, bilingval og produktionsorienteret idiomordbog.»  
 Doktorgradsavhandling, Københavns Universitet.
- Stemshaug, Ane. 2015. *Å vere nynorskelev i ei bokmålsverd : Ein kvalitativ kasusstudie av nynorskelevar sitt forhold til eige hovudmål*. Masteroppgåve, Høgskulen i Sør-Trøndelag.
- Steyer, Kathrin. 2015. «Proverbs from a Corpus Linguistic Point of View.» I *Introduction to Paremiology : A Comprehensive Guide to Proverb Studies*, redigert av Hrisztalina Hrisztova-Gotthardt og Melita Aleksa Varga, 206–228. Walter De Gruyter: Open Access eBooks
- Strässler, Jürg. 1982. *Idioms in English : A pragmatic analysis*. Band 183 av *Tübingen Beiträge zur Linguistik*. Tübingen: Narr.
- Sunde, Anne Mette. 2016. «'Inspect kniven i inventoryen min.' Språklig praksis i et nytt domene.» *Norsk Lingvistisk tidsskrift* 34 (2): 133–160.
- Svenonius, Peter. 1996. *The Verb-Particle Alternation in the Scandinavian Languages*.  
[www.ling.auf.net/lingbuzz/000046/current.pdf](http://www.ling.auf.net/lingbuzz/000046/current.pdf).
- Svensén, Bo. 2001. «Markeringsangivelser i ordböcker : Några strukturella aspekter.» I *Nordiska Studier i Lexikografi* 5, redigert av Martin Gellerstam, Kristinn Jóhannesson, Bo Ralph og Lena Rogström, 357–375. Göteborg: Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning
- Svensén, Bo. 2004. *Handbok i lexikografi: ordböcker och ordboksarbete i teori och praktik*. Stockholm: Norstedt.
- Søyland, Aud. 2001. Typar feil i nynorsk. Språkrådet.  
<http://www.sprakradet.no/localfiles/nyno02aso.pdf>.
- Tarp, Sven. 2006. *Leksikografien i grænselandet mellem viden og ikke-viden. Generel leksikografisk teori med særlig henblik på lærerleksikografi*. Doktorgradsavhandling, Handelshøjskolen i Århus.
- Tarp, Sven. 2008. *Lexicography in the Borderland Between Knowledge and Non-Knowledge : General Lexicographical Theory with Particular Focus on Learner's Lexicography*. Band 134 av *Lexicographica. Series Maior*. Tübingen: Max Niemeyer Verlag/De Gruyter, Inc.
- Taylor, Archer. [1930] 1975. «The Proverbial Formula 'Man soll...'. » *Zeitschrift für Volkskunde* 2: 152–56. Trykt på ny i 1975 i *Selected Writings on Proverbs by Archer Taylor*, redigert av Wolfgang Mieder, 101–105. Helsinki: Suomalinen Tiedeakatemia.
- Tekstlaboratoriet. *HaBiT: Corpora collaboration with Czech university* 2017  
<https://www.hf.uio.no/iln/om/organisasjon/tekstlab/prosjekter/habit/habit.html>.
- Thomas, George. 1991. *Linguistic purism, Studies in language and linguistics*. London: Longman.
- Tiller, Carl Frode. 2014. *Innsirkling* 3. Vol. 3. Oslo: Aschehoug.
- Tognini-Bonelli, Elena. 2001. *Corpus linguistics at work*. Band 6 av *Studies in corpus linguistics*. Amsterdam: Benjamins.
- Torp, Arne. 1988. «Garpegenitiven – framgangsrik vestlending med kontinentale anar.» *Språknytt* 4/1988: 8–9.
- Torp, Arne. 1994. *Nynorsk ordtilfang*. Innlegg på arbeidsmøte i nynorskseksjonen i Språkrådet. 11.–12. oktober 1994 på Gran på Hadeland.  
[www.hf.uio.no/iln/personer/vit/arnet/nynorskurs/dokument/nynorsk-ordtilf.doc](http://www.hf.uio.no/iln/personer/vit/arnet/nynorskurs/dokument/nynorsk-ordtilf.doc)
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 2014. *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. 4. utg., 2. opplag. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Vannebo, Kjell Ivar. 1980. «Om språkvitenskapens normbegrep.» *Tijdschrift voor skandinavistiek* 1/1980: 3–23.
- Venås, Kjell. 1985. «Ordlaging på heimleg grunn.» *Sprog i Norden* 1985: 26–45.

- Venås, Kjell. 1987. «Korleis bør nynorske ord sjå ut? Om stilen og ordfanget i nynorsk.» I *Fornying og tradisjon*, redigert av Leif Mæhle, Einar Lundebey og Oddrun Grønvik, 50–66. Oslo: Norsk språkråd/J.W. Cappelens Forlag.
- Venås, Kjell. 1997. «Purisme - historiske omsyn.» I *Purisme på norsk?*, redigert av Dag Finn Simonsen, 9–16. Oslo: Norsk språkråd.
- Venås, Kjell, Andreas Bjørkum, Alf Hellevik, Lars S. Vikør og Dagfinn Worren. 1983. «Tilråding om ordtilfanget i nynorsk.» I *Heit strid om nynorsk : Dokument og meiningar 1980–83*, redigert av Arne Lauvhjell, 15–44. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 1986. «Svar til Papazian.» *Språklig samling* 2/1986: 19.
- Vikør, Lars S. 1994a. «Innleiing.» I *Norsk Ordbok : Brukarrettleiing*, redigert av Oddrun Grønvik, Helge Gundersen, Arnbjörg Hageberg, Gudmund Harildstad, Laurits Killingbergtrø og Lars S. Vikør, 7–9. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vikør, Lars S. 1994b. «Korfor fekk vi språkstrid? Forklaringsmodellar i nyare norsk språkhistorie.» I *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen*, redigert av Johan Myking, Helge Sandøy og Ivar Utne, 217–224. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Vikør, Lars S. 1995. «Rettskriving hos nynorskforfattarar.» *Norsk språkråds skrifter* no. 3/1995.
- Vikør, Lars S. 2001. «Purisme på hell? Nye tendensar i nynorsk ordforrådsnormering.» I *Nordiska Studier i Lexikografi* 5, redigert av Martin Gellerstam, Kristinn Jóhannesson, Bo Ralph og Lena Rogström, 42–436. Göteborg: Meijerbergs arkiv för svensk ordforskning.
- Vikør, Lars S. 2002. «Utviklinga i nynorsk 1950–2000.» *Språknytt* 3–4/2002: 6–9.
- Vikør, Lars S. 2003. «Statleg og privat normering i nynorsk.» I *Krefter og motkrefter i språknormeringa : Om språknormer i teori og praksis*, redigert av Helge Omdal og Rune Røsstad, 295–305. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Vikør, Lars S. 2006. «Dei diakrone aspekta ved *Norsk Riksmålsordbok* og *NorskOrdbok*.» *LexicoNordica* 13: 7–23.
- Vikør, Lars S. 2007. *Språkplanlegging: prinsipp og praksis*. Oslo: Novus.
- Vikør, Lars S. 2008. «Behandling av fraseologi i Norsk Ordbok.» I *Nordiske Studier i Leksikografi* 9, redigert av Ásta Svavarsdóttir, Guðrún Kvaran, Gunnlaugur Ingólfsson og Jón Hilmar Jónsson, 465–476. Reykjavík: Nordisk Forening for Leksikografi.
- Vikør, Lars S. 2009. «Behandling av ordsamband i norske einspråklege eittbandsordbøker.» I *LexicoNordica* 16: 241–253.
- Vikør, Lars S. [1980] 2011. «Nynorsk for folket?» I *Språk og samfunn - heime og ute. Festskrift til Lars S. Vikør 65 år*, redigert av Olaf Almenningen, Marit Hovdenak og Dagfinn Worren, 20–34. Oslo: Novus forlag.
- Vikør, Lars S. [1995] 2011. «Problem kring ordutvalet i Norsk Ordbok.» I *Språk og samfunn - heime og ute. Festskrift til Lars S. Vikør 65 år*, redigert av Olaf Almenningen, Marit Hovdenak og Dagfinn Worren, 153–164. Oslo: Novus forlag.
- Vikør, Lars S. [2005] 2011. «Språk og verd i Norsk Ordbok.» I *Språk og samfunn – heime og ute*, redigert av Olaf Almenningen, Marit Hovdenak og Dagfinn Worren, 181–190. Oslo: Novus forlag.
- Vikør, Lars S. [2007] 2011. «Kva er nynorsk eigentleg?» I *Språk og samfunn – heime og ute*, redigert av Olaf Almenningen, Marit Hovdenak og Dagfinn Worren, 9–12. Oslo: Novus forlag.
- Vikør, Lars S. 2017. «Er nynorsk eit språk eller ei målform?» I *I teneste for nynorsken : Heidersskrift til Olaf Almenningen 70 år*, redigert av Knut E. Karlsen, Dagfinn Rødningen og Håvard Tangen, 181–188. Oslo: Novus Forlag.
- Vikør, Lars S. 2018. *Inn i Norsk Ordbok. Brukarrettleiing og dokumentasjon*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vikør, Lars S. 2020. «Frå ordbok til korpus – og tilbake? Bjørnetjeneste og forfordele.» I *Leksikografi og korpus. En hyllest til Ruth Vatvedt Fjeld*, redigert av Janne Bondi Johannessen og Kristin Hagen, Oslo Studies in Language 11(1): 457–468.
- Vikør, Lars S. og Åse Wetås. 2016. «Norsk Ordbok: om folket – av folket – for folket : Historia om ordboksverket fram til i dag.» I *Livet er æve, og evig er ordet : Festskrift til Norsk Ordbok*

- 1930–2016, redigert av Helene Urdland Karlsen, Lars S. Vikør og Åse Wetås, 15–39. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Vinje, Finn-Erik. 1978. *Et språk i utvikling : Noen hovedlinjer i norsk språkhistorie fra reformasjonen til våre dager*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)
- Vinje, Finn-Erik. 2004. *Kommentar til Helge Sandøy: «Språkstyring og språkendring i Noreg. Politikk eller kulturelt hegemoni?»*, <http://www.sprakradet.no/localfiles/vinje.pdf>.
- Vulchanova, Mila, Valentin Vulchanov og Margarita Stankova. 2011. «Idiom comprehension in the first language: a developmental study.» *Vigo International Journal of Applied Linguistics* 8: 206–234.
- Walton, Stephen. 2015. «Kva er nynorsken?» I *Nye røyster i nynorskforskinga*, redigert av Hjalmar Eiksund og Jan Olav Fretland, 16–33. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Wangensteen, Boye. 1997. «Utviklingen av bokmålet fra 1938 til i dag.» *Språknytt* 1/1997: 14–17.
- Wangensteen, Boye. 1998. «Når normen blir for trang : Talemålsinnslag i norsk avisspråk.» I *Normer og regler : Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*, redigert av Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangensteen, 182–197. Oslo: Nordisk forening for leksikografi.
- Wergeland, Henrik. 1835. «Om norsk Sprogreformation." *Bondevennen*, 132–167.
- Westberg, Maya Veel. 2015. *NAOB: En skattkiste av en ordbok*. <https://www.riksmallsforbundet.no/naob-en-skattkiste-av-en-ordbok/>.
- Wetås, Åse. 2001. *Undersøking av formbruken i ulike typar publisert materiale på nynorsk*. <http://www.sprakradet.no/localfiles/nyno02awe2.pdf>.
- Wetås, Åse. 2017. «Oddrun og Språkrådet - kryssande vegar gjennom eit heilt yrkesliv.» I *Målreising og morsmålsdokumentasjon : Heidersskrift til Oddrun Grønvik ved 70-årsleitet*, redigert av Bjørghild Kjelsvik, Christian-Emil Smith Ore, Lars S. Vikør, Åse Wetås og Dagfinn Worren, 29–36. Oslo: Novus forlag.
- Wetås, Åse og Knut E. Karlsen. 2010. «Internettpublikasjonar som kjelde i dokumentasjonsordbøker : Status og bruk.» I *Nordiska studier i lexicografi 10*, redigert av Harry Lönnroth og Kristina Nikula, 522–529. Tammerfors: Tammerfors universitet og Språkrådet i Norge.
- Wetås, Åse og Leiv Inge Aa. 2017. «Museale betraktningar av eit moderne ordbokverk - tilsvar til John Ole Askeland si melding av *Norsk Ordbok*.» *LexicoNordica* 24: 289–300.
- Widbäck, Anders. 2015. «Ordspråk i bruk: Användning av ordspråk i dramadialog.» Doktorgradsavhandling, Uppsala Universitet.
- Wiggen, Geirr. 1992. *Rettskrivings-studier. Kvalitativ og kvantitativ analyse av rettskrivingsavvik hos østnorske barneskolelever*, Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Oslo.
- Wikipedia, s.v. «Der ingen skulle tru at nokon kunne bu,» lesedato 02.09.2017, [https://nn.wikipedia.org/wiki/Der\\_ingen\\_skulle\\_tru\\_at\\_nokon\\_kunne\\_bu](https://nn.wikipedia.org/wiki/Der_ingen_skulle_tru_at_nokon_kunne_bu)
- With, Louise. 2007. «Idiomer under lupen: en teoretisk-empirisk studie av idiomske uttrykk i norsk.» Masteroppgåve, Universitetet i Oslo.
- Worren, Dagfinn. 1998. «Om å avgrense eit ordtilfang – saga om målføreorda i *Nynorskordboka*.» I *Normer og regler. Festskrift til Dag Gundersen 15. januar 1998*, redigert av Ruth Vatvedt Fjeld og Boye Wangensteen, 59–70. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Zgusta, Ladislav, V. Černý og Z. Hermanova. 1971. *Manual of lexicography*. The Hague: Mouton.
- Øvrelid, Iselin Nevstad. 2014. «Språkskifte ved tre vidaregåande skular i Møre og Romsdal : Påverknad og haldningar.» Masteroppgåve, Høgskulen i Volda,
- Øyslebø, Olaf. 1978. *Stil- og språkbruksanalyse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Aa, Leiv Inge. 2014. «Ord som finst og ikkje finst.» *Språknytt* 1/2014: 25–27.
- Aa, Leiv Inge. 2018. «Ordbok med fotlenke." *Klassekampen* 07.02.2018: 20.
- Aasen, Ivar. 1853. *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Christiania: Werner.
- Aasen, Ivar. [1864] 1965. *Norsk Grammatik*. Oppattprenta utan brigde etter fyrsteutgåva frå 1864 utg. Oslo: Norsk Måldyrkingslag.
- Aasen, Iver Andreas. [1836] 1996. «Om vort Skriftsprog.» I *Mellom tradisjon og innovasjon : Utgangspunkta for Ivar Aasens tidlege målstrev*, redigert av Arne Apelsest, 4–5.



## Vedlegg

Vedlegg A: Det første kjende belegget av frasen



Faksimile av Murner (1512): Public Domain,

<https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=689179>. Opptrykket som eg refererer frå i kapittel 6 (Murner [1512] 1926: 397), har eit litt annleis grafisk oppsett.

*Latinsk transkribering***Das kindt mit dem bad vß schitten.**

Ein narr der meint es sy nit schad

Das kindt vß schitten mit dem bad

Und sy so gût in die hell gesprungen

Als mit rütschen dryn gerungen

Das ist in aller welt gemein

Das kein vnsal kumpt allein

Er bringt mit im vnglücks genûg

Das mancher narr nie wardt so clûg

5 Wie er sich sol vß vnfal ringen

Wa man in wolt von sym gûtt bringen

Und felt im zû ein widermût

Den im ein narr vff erden thût

So henckt er sich dann selbs darzû

10 Und schlecht das kalb vß mit der kû

Und schit das kindt vß mit dem bad

Zû vnsal macht im selber schad

Takk til Torodd Kinn og Jens Eike Schnall for hjelp med avskrifta.

## Vedlegg B: Forkortingar brukte i referansane

### *Alle døma er refererte over same malen*

(korpus/tekstsamling |årstal|korpusid/nettside| sidetal (der det er gjeve opp)| frasekategori)

### *Dei ulike korpusa og tekstsamlingane med forkortingar*

Atekst Retriever	Atekst
Google.no (stilt inn på treff berre på norske sider)	google.no
Leksikografisk bokmålskorpus	LBK
Norsk aviskorpus, bokmålsdelen	NAK <sub>BM</sub>
Norsk aviskorpus, nynorskdelen	NAK <sub>NN</sub>
Nasjonalbibliotekets Bokhylla	nb.no
Norsk Ordboks nynorskkorpus	NON
Norwegian Web as Corpus	noWaC
Oslo-korpuset av tagga norske tekstar, nynorskdelen	Oslo-korpuset

### *Forkortingar av namn på avisene i korpusa og tekstsamlingane*

Adresseavisen	AA
Aftenposten	AP
(Avisa) Valdres	AV
(Avisa) Nordland	AN
Bergens Tidende	BT
Dagsavisen	DA
Dagbladet	DB
Dagens Næringsliv	DN
Dag og Tid	DT
Dagen	DG
Fanaposten	FP
Finnmark Dagblad	FD



---

Fædrelandsvennen	FV
Haugesunds Avis	HA
Jærbladet	JB
Klassekampen	KK
Morgenbladet	MB
Nationen	NA
Nordlys	NL
ODIN (off.info)	OD
Os & Fusaposten	OF
Stavanger Aftenblad	SA
Sogn avis	SO
Sunnmørsposten	SP
Verdens Gang	VG
Vestnytt	VN
Vårt Land	VL

## Vedlegg C: Klassifiseringskriterium i kapittel 6

### Mønsterfrasen

1. førekomsten er ein verbfrase som inneheld nøyaktig desse orda i den forma og i denne rekkjefølgja:

BM [hendings-/handlingsledd:]*kaste* [temaledd:]*barnet* [partikkel:]*ut*

[komitativledd:]*med badevannet*

NN [hendings-/handlingsledd:]*slå* [partikkel:]*ut* [temaledd:]*barnet*

[komitativledd:]*med badevatnet*

### Mønsterfrase med variasjon

1. førekomsten har hendings-/handlings-, tema- og komitativledd frå kjeldedomenet, og dei er synonyme med orda i mønsterfrasen
2. førekomsten kan ha annleis morfosyntaktisk oppbygging enn mønsterfrasen (inkl. andre verbtider)
3. inneheld førekomsten modifierande innskot, kan det ikkje vere frå måldomenet (om det ikkje er mogleg å avgjere ut frå konteksten om innskotet er frå måldomenet, reknar eg det som kreativ variasjon)
4. førekomsten kan ha ein måldomeneagens i verbfrasen.

### Mønsterfrase utbygd til adhocordspråk

1. førekomsten må innehalde eitt av desse tre formulara:

	Formel	Illustrasjon
<b>Ordspråksformular 1: modale hjelpeverb</b>	[ubestemt pronomen] [modalt hjelpeverb <sub>presens</sub> ] [nektning] [verb]	ein skal ikkje slå (ut barnet med badevatnet)
<b>Ordspråksformular 2: Presensform</b>	[ubestemt pronomen] [verb <sub>presens</sub> ] [nektning]	ein slår ikkje (ut barnet med badevatnet)
<b>Ordspråksformular 3: Imperativform</b>	[verb <sub>imperativ</sub> ] [nektning]	slå ikkje (ut barnet med badevatnet)

2. førekomsten må innehalde dei same leksikalske komponentane i hendings-/handlings-, tema- og komitativleddet som mønsterfrasen i målforma

- 
3. dei ulike formlane fører til ulik ordstilling, så det er berre dei leksikalske komponentane som avgjer om eg reknar ein førekomst som adhocordspråk
  4. førekomsten må ha eit allmenngyldig preg og ein oppmodande og formanande budskap

### *Adhocordspråk med variasjon*

1. førekomsten har ord i formularar, tema- og komitativledd som er synonyme med orda i adhocordspråket og er henta frå kjeldedomenet
2. førekomsten kan ha personleg pronomen i staden for upersonleg, men berre om frasen i konteksten har eit allmenngyldig preg og ein oppmodande og formanande budskap
3. inneheld førekomsten modifierande innskot, kan det ikkje vere frå måldomenet (om det ikkje er mogleg å avgjere ut frå konteksten om innskotet er frå måldomenet, reknar eg det som kreativ variasjon)

### *Kreativ modifikasjon*

1. førekomsten har temaledd og/eller komitativledd som er henta frå måldomenet eller er blend mellom kjelde- og måldomene.
2. førekomsten kan mangle handlings-/hendingsleddet dersom retningsadverbialet *ut* er med
3. semantisk må førekomsten ha eit temaledd som uttykkjer noko av verdi, medan komitativleddet er noko med lågare verdi og/eller noko ein ønskjer å kvitte seg med

### *Avvikande bruk*

1. det er uklart eller ikkje lenger mogleg å kople temaleddet til noko av verdi og komitativleddet til det med lågare verdi
2. førekomsten kan ha eit verbal som blokkerer for ei semantisk temarolle
3. førekomsten kan mangle eller ha fleire enn eitt av ein type ledd



Graphic design: Kommunikasjonsevidlingen, UIB / Trykk: Skjerve Kommunikasjon AS



[uib.no](http://uib.no)

9788230854143 (print)

9788230866634 (PDF)